

Ot. prp. nr. 59.
(1972—73)

**Om lov om odelsretten
og åsetesretten**

INNHALD

	Side
Hovudinnhaldet i proposisjonen	3
I. Bakgrunnen for departementet sitt lovutkast	4
1. Sivillovbokutvalet	4
2. Oversyn over hovudinnhaldet i Rådsegn 10	4
3. Fråsegner om Rådsegn 10	4
II. Hovudspørsmål i Rådsegn 10, og departementet sitt standpunkt til desse og nokre andre spørsmål	5
1. Om odelsretten og åseterretten bør haldast oppe	5
2. Kva for eigedomar odelsretten bør gjelde for	7
3. Odelskrinsen og odelsrekkefølgja	11
a. Odelskrinsen	11
b. Odelsrekkefølgja	15
c. Særleg om odelsrett for barn utanom ekteskap	18
d. Særleg om odelsrett for adoptivbarn	20
4. Avgrensingar i løysingsretten	21
5. Om bu- og driveplikt	25
6. Om verdsetjing ved odelstakst og om hefte på odelsjord	32
a. Om verdsetjinga ved odelstakst	32
b. Om hefte som kviler på odelsjord	35
7. Misbruk av odels- og åseterrett	38
8. Om fritak for konsesjonsplikt, og om forkjopsrett bør kunne nyttast mot odelsrettshayar	41
9. Særskilt om odelsretten i Finnmark	46
10. Spørsmål om utsetjing med ikraftsetjinga av visse endringar	49
11. Om revisjon av odelsprosessen	51
III. Merknader til dei einskilde paragrafane i departementet sitt lovutkast ...	51
Utkast til lov om odelsretten og åsetesretten	65
Vedlegg:	
Illustrasjon (i to faser) om tilhøvet mellom odelskrinsen etter lovutkastet og grensa for forkjopsrett etter jordlova § 11	73

Ot. prp. nr. 59.

(1972—73)

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet 13 april 1973,
godkjend ved kongeleg resolusjon same dag.*

(Målboren av statsråd Ola Skjåk Bræk).

Hovudinnhaldet i proposisjonen.

Proposisjonen inneheld framlegg til ny lov om odels- og åsetesretten. Lovframlegget vil først og fremst avløyse odelslova frå 1821, men også mange andre, til dels nokså gamle lovreglar om odelsretten eller åsetesretten. Det vert dessutan gjort framlegg om viktige nye lovreglar, jfr. nærare nedanfor.

Til grunn for proposisjonen ligg ei tilråding frå Sivillovbokutvalet om odelsretten og åsetesretten, dagsett april 1973 (Rådsegn 10).

Etter lovutkastet § 1 kan det vinnast odelsrett til fast eigedom som kan nyttast til landbruksdrift når eigedomen har ein viss storleik. Eigedom som går inn under denne karakteristikken, kan odlast sjølv om området ligg i bykommune. Eigedom som det kan hevdast odelsrett til, er i lova kalla odlingsjord. Arealkravet, som er fastsett i § 2, er knytt til omgrepa jordbruksareal og produktiv skog. For jordbruksareal er minstekravet for at eigedomen i det heile skal kunne vere eller bli odelseigedom, sett til 10 dekar og for produktiv skog 200 dekar. Dersom ein eigedom har eit jordbruksareal over 20 dekar, er den alltid odelseigedom eller kan bli det (dvs. at arealet er odlingsjord). Eigedom som har mellom 10 og 20 dekar jordbruksareal, er ikkje odlingsjord med mindre det høyrer så mykje anna areal, rettar og lunnende til at eigedomen sin produksjonsmessige verdi tilsvarar 20 dekar jordbruksareal.

Etter § 7 vert odelshevdstida framleis 20 år. Utanom odlaren, dvs. han som eig odlingsjord når odelshevdstida går ut, får etter § 8 også etterkomarane hans odelsrett, men ein etterkomar får berre odelsrett dersom nokon

av foreldra, besteforeldra eller sysken av foreldra har ått eigedomen med odel. Dette er ei sterk nedskjering av odelskrinsen samanlikna med gjeldande rett, der alle etterkomarane til odlaren får odelsrett. Paragraf 9 fastset at også barn fødte utanom ekteskap og adoptivbarn no vil få odelsrett. Når det gjeld prioritet eller odelsrekkefølgja, seier § 12 at eldre sysken går føre yngre med seg og si line. Dermed vert det gjennomført kjønnsjamstelling i odelsretten. Viktige reglar når det gjeld odelsrekkefølgja er dessutan §§ 20 og 21. I medhald av desse paragrafane kan det gjerast avvik frå reglane i den fastsette prioritetsrekkefølgja. Paragraf 20 gjev foreldre som vil avhende odelsjord til eit yngre barn, eit middel til å ordne eigedomsovergangen slik at det ikkje skal bli tvist mellom barna. Etter § 21 kan retten nekte odelsløyving mot ein eigar som sjølv har odelsrett, når løyving ville vere klårt urimeleg. Denne siste regelen kan brukast både der «interpellasjon» etter § 20 ikkje har ført fram, og elles når ein odelsrettshavar går til løyvingssak mot ein annan odelsretts-havar.

Kapittel VII, som inneheld reglar om bu- og driveplikt (§§ 27—29), er nye reglar samanlikna med gjeldande rett. Paragraf 27, jfr. § 50, fastset bu- og driveplikt i 10 år for den som tar over fast eigedom i medhald av odels- eller åsetesrett, dvs. ved odelsløyving eller ved bruk av odelsrett eller åsetesrett på offentleg skifte. Bu- og driveplikt i andre høve fell utanom odelslova, men det er gjort framlegg om reglar om dette i proposisjonen om ny konsepsjonslov (Ot. prp. nr. 6 for 1972—73). Land-

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

bruksdepartementet kan etter søknad fritta for kravet om bu- og driveplikt, eventuelt lempe på vilkåra.

I §§ 28 og 29 er det gjeve nærare reglar om verknaden av at bu- og/eller driveplikta ikkje vert oppfylt. Mishaldet fører til at andre odelsrettshavarar kan løyse eigedomen så lenge 10 års fristen ikkje er ute. Dessutan kan Kongen, dersom ikkje nokon av odelsretts-havarane reagerer på mishaldet, gje eigaren ein frist til å søkje konsesjon.

Lovutkastet har i §§ 30—32 reglar om odelsfrigjering, og i §§ 33—38 om attlevande ektemakes rett til å bruke odelseigedomen. Etter § 39 er preskripsjonsfristen (odelsløy-singsfristen) korta ned til 2 år. I dag er fristen

3 år. Paragrafene 48 og 49 har reglar om verd-setjinga ved odelsstakst og om hefte som kviler på odelsjord. Verdsetjingsregelen går ut på at odelsstaksten skal gjerast på grunnlag av den bruk av eigedomen som er naturleg og på-rekneleg etter tilhøva på staden, og som kan sameinast med at eigedomen hovudsakleg vert nytta til landbruksfremål. Paragrafene 50—55 har reglar om åsetesretten, som i hovud-saka svarar til gjeldande rett. Paragraf 56 har reglar om etteroppgjær dersom nokon som har tatt over jord i medhald av åsetesrett eller ved odelsløy-sing, innan 10 år avhender den med monaleg vinst. Desse reglane er nye saman-likna med gjeldande rett.

I. Bakgrunnen for departementet sitt lovutkast.

1. Sivillovbokutvalet.

Sivillovbokutvalet fekk ved kgl. resolusjon 10 april 1953 til arbeidsoppgåve å gjere fram-legg til kodifikasjonslover for tingsretten og panteretten, og framlegg til nye lovføresegner om odels- og åsetesretten. Utvalet skulle sam-rå seg med departementet m. a. om i kva rekkefølge dei ulike emne skulle takast opp.

Om dei emne som etter kvart er godkjende av departementet, og om dei tilrådingar som er lagt fram av Utvalet, viser ein til det over-synet som er gjeve i Ot. prp. nr. 13 for 1964—65 om lov om sameige s. 4 og i Ot. prp. nr. 30 for 1967—68 s. 4. I tillegg til dei tilrådingar som der er nemnt, har utvalet lagt fram til-råding om pant (Rådsegn 8), om tomtefeste (Rådsegn 9) og altså den tilrådinga om odels-retten og åsetesretten (Rådsegn 10) som ligg til grunn for denne proposisjonen.

Arbeidet med odels- og åsetesretten, som av departementet vart godkjent tatt opp i brev 15 august 1963, kunne Utvalet først ta til med for alvor etter at Utvalet i januar 1971 la fram Rådsegn 9 om tomtefeste. Etter avtale med departementet er arbeidet med revisjonen av odels- og åsetesretten delt slik at Rådsegn 10 gjeld dei materielle reglane. Sivillovbok-utvalet vil seinare leggje fram ei ny rådsegn (tilleggsrådsegn) om odelsprosessen.

Under arbeidet med dette emnet har dei faste medlemene vore:

Høgsterettsdomar Karsten Gaarder,
formann,
forskningsstipendiat Mons Nygard,
professor Olav Lid og
sorenskrivar Halvor Husaas.

I tillegg til dei faste medlemene har desse

vore med i arbeidet med odels- og åsetesretten etter særskilt oppnemning:

Ekspedisjonssjef Henry Nærstad,
høgsterettsadvokat Signe Marie
Stray Ryssdal og
fylkeslandbrukssjef Oskar Øksnes.

2. Oversyn over hovudinnhaldet i Rådsegn 10.

Tilrådinga tar til med eit oversyn over gjel-dande rett (s. 7—22) og framand rett (s. 22—27). Utvalet legg så fram sine allmenne merknader (s. 27—43), sine merknader til lovframlegget (s. 43—98) og sjølve lovfram-legget (s. 98—106).

Departementet går i avsnitt II nærare inn på nokre hovudspørsmål som denne lovsaka reiser. I denne samanhengen er det også gjort utførleg greie for Utvalet sitt standpunkt til desse hovudspørsmåla. På denne bakgrunn finn departementet det praktisk å gje eit over-syn over hovudinnhaldet i utgreiinga frå Sivillovbokutvalet i avsnitt II samstundes med at det vert gjort greie for høyringsinstansane og departementet sitt syn på dei same spørsmåla.

3. Fråsegner om Rådsegn 10.

Ved brev 7 juli 1972 vart tilrådinga frå Sivillovbokutvalet, saman med eit notat frå Justisdepartementet om nokre av hovudspørsmåla i Rådsegna, lagt fram for følgjande de-partement, institusjonar og organisasjonar m. m.:

Alle departementa.
Regjeringsadvokaten.
Direktoratet for statens skoger.
Alle fylkesmennene.

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

Landbruksselskapa i alle fylka (fylkeslandbrukssjefane).
 Fylkesskogråda i alle fylka (fylkesskogsjefane).
 Norske Kommuners Sentralforbund, (tidl. Norges Byforbund/Norges Herredsforbund).
 Norges Bondelag.
 Norsk Bonde- og Småbrukarlag.
 Selskapet for Norges Vel.
 Norges Skogeierforbund.
 Skogbruksforeningen av 1950.
 Det Norske Skogselskap.
 Norges Grunneierforbund.
 Norsk Landbruksakademikerforbund.
 Norges Jordskiftedommer- og Landmåler-samband.
 Den Norske Advokatforening.
 Den norske Dommerforening.
 Foreningen Adopsjonsopplysning.
 Den Norske Bankforening.
 Sparebankforeningen i Norge.
 Norges Eiendomsmeglerforbund.
 Norges Kreditforening for Land og Skogbruk.
 Norske Kvinners Nasjonalråd.
 Norsk Kvinnesaksforening.
 Norges Bygdeungdomslag.
 Norges Bondekvinnelag.

Det er kome inn fråsegner frå samtlege, bortsett frå følgjande:

Finansdepartementet, Miljøverndepartementet, fylkesmennene i Hedmark, Oppland, Møre og Romsdal og Troms, Selskapet for Norges Vel, Norges Grunneierforbund, fylkesskogråda i Hedmark, Oppland og Finnmark, Norges Eiendomsmeglerforbund og Kreditforeningen for Land- og Skogbruk.

Følgjande har meldt at dei ikkje gjev uttalelse:

Dommerforeningen, Den Norske Bankforening og Sparebankforeningen. Frå Den Norske Advokatforening er fråsegna gjeve av eit utval.

I samband med gjennomgåinga av hovudspørsmåla i Rådsegn 10 under avsnitt II, og i merknadene til einskilte paragrafar, kjem ein inn på innhaldet i dei fråsegner som er gjeve om Utvalet sine tilrådingar. Allment kan ein seie at fråsegnene frå høyringsinstansane i det store og heile sluttar seg til Utvalet sine standpunkt når det gjeld hovudspørsmåla i tilrådinga. Der det er avvikande syn eller tvil om Utvalet sine standpunkt, er spørsmåla drøfta nærare under avsnitt II eller i særmerknadene til dei einskilte paragrafane.

II. Hovudspørsmål i rådsegn 10, og departementet sitt standpunkt til desse og nokre andre spørsmål.

1. Om odelsretten og åsetesretten bør haldast oppe.

Sivillovbokutvalet har i Rådsegna s. 27—29 drøfta spørsmålet om odels- og åsetesretten bør haldast oppe. I denne samanhengen har Utvalet nemnt moment både for og mot odelsretten. Som argument for å halde oppe odelsretten er særleg halde fram dei reint kjenslevorne faktorane, den aktuelle eigar er først og fremst forvaltar av slektsgodset. Moralsk høyrer garden slekta og etterkomarane til. Vidare er nemnt at odelsretten både praktisk, økonomisk og sosialt er av stor verdi. Bonden tek lettare på seg langsiktige kostnader når han veit dei vil kome slekta til gode. Av di odelsrettshavarane har løysingsrett, motverkar odelsretten også at jordbruksjord vert handelsvare og spekulasjonsobjekt. Odelsretten vil dessutan ha ein prisdempande effekt. Endeleg er nemnt at odelsretten også kan ha sitt å seie før den tilknytning ungdomen kjenner til jordbruksnæringa.

Utvalet har forma denne konklusjonen på drøftinga (s. 29):

«Utvalet har kome til at ei sterk overvekt av grunnar talar for å halde oppe odelsretten. Hovudinnhaldet i odelskipnaden — innløysingsretten for slekta — har sterk forankring i norsk tradisjon og allmenn rettskjensle, og retten fyller etter utvalet sitt syn framleis viktige funksjonar som ikkje lett kan stettast på fullnøyande vis gjennom lovgjevinga elles. Ret nok kan det visast til verknader av odelsretten som alle vil vere samde om er uheldige. Dette er for det første ikkje noko som gjeld berre odelsretten eller den særskilt, — tilsvarende kan ein finne også i mange andre større lovverk. Dernest må det seiast at dei motsegnene som har vore gjort gjeldande på dette grunnlaget ikkje råkar sjølve grunn tanken med odelsinstituttet, men rettar seg mot visse sider ved utforminga av reglane i gjeldande lov: odelsretten let seg alt for lett misbruka, odelsreglane er eit hinder i arbeidet med å skape meir rasjonelle driftseiningar i jordbruket, — for å nemne eit par av dei viktigaste innvendingane mot odelsretten. Utvalet meiner det let seg gjere å forme ut reglar som både gjev betre samsvar mellom odelsretten og dei grunnutnyttingslovene vi har, og som kan hindre at retten vert brukt til å fremje føremål som ligg på sida av intensjonane bak odelskipnaden. Dette kan gjerast samstundes som ein tek vare på det mest verd-

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

fulle ved denne særmerkte retten. Å kome fram til løysingar som på beste måte sameinar desse omsyna har utvalet sett som hovudoppgåva si i samband med dette lovarbeidet.»

Om høyringsinstansane sitt syn på dette spørsmålet er å seia allment at dei går alle, inn for at både odels- og åsetesretten vert halden oppe. Som døme skal ein nemne desse merknader:

Norges Bondelag uttalar:

«Eier-, eiendoms- og kapitalforholdene i landbruket har nær sammenheng med de særnorske rettsinstitusjoner, odels- og åsetesrett. Odels- og åsetesretten har motvirket at jordbruksjord er blitt handelsvare og/eller spekulasjonsobjekt. Åsetesretten er videre et vern for den som overtar gjennom prinsippet om «billig takst», og mot at eiendommene er blitt unødig oppdelt. Et viktig siktepunkt ved odelsloven har vært og er prinsippet om selveierretten. I en næring med så langsiktige perspektiver som landbruket, hvor oppbygging av en landbrukseiendom er generasjoners arbeid og innsats, er disse forhold av sentral betydning.»

Norges Bondelag vil understreke at odelsretten og åsetesretten fortsatt har sentral virkning og at endringer i lovverket må ta sikte på å styrke disse forholdene.

Når det gjelder spørsmålet om endringer i odelsloven, er det viktig å være klar over at prinsippet i odels- og åsetesretten — å bevare garden som en enhet gjennom selveie og uavhengig av generasjonsskiftene — aldri har vært endret, selv om odelsloven har vært revidert flere ganger. Det er heller ikke i dag grunnlag for endring av disse prinsippene. Som *Norges Bondelag* tidligere har gitt uttrykk for, er det ønskelig med enkelte justeringer i noen av de gjeldende bestemmelser i odelsloven. *Norges Bondelag* er på de fleste områder enig i Sivillovbokutvalgets forslag til endringer, men har et noe avvikende syn på enkelte av forslagene.»

*Norges Bondekvinne*lag har denne merknaden:

«Odelsretten har sterke tradisjoner og blir verdsatt meget høyt blant våre bønder. Den har bidratt til å opprettholde en fri og selveiende bondestand samtidig som vi har unngått jordoppsamling i noen særlig grad. Det er en viktig side ved odelsretten at den fremmer innsatsviljen i en næring som må arbeide på lang sikt og *Norges Bondekvinne*lag mener at odels- og åsetesretten bidrar vesentlig til å knytte ungdom til landbruket. *Norges Bondekvinne*lag vil også understreke det vern som odelsretten er for hus og heim. Det er vel særlig i økonomisk vanskelige tider at flere av disse virkninger kommer særlig frem. Erfaringen fra kriseårene viser dette tydelig.»

*Norges Bondekvinne*lag vil sterkt understreke at odels- og åsetesretten må bevares, og rettens grunnlovsbeskyttede stilling ikke svekkes.»

Norske Kommuners Sentralforbund uttalar:

«Et flertall på 7 av styrets medlemmer deler Sivillovbokutvalets oppfatning om at odels- og åsetesretten bør opprettholdes. Odelsretten er et godt redskap til å hindre at jordbrukseiendommer blir handelsvare og spekulasjonsobjekt. Dog er det nødvendig med endringer i odelsretten for at denne skal komme i bedre harmoni med samfunnsutviklingen.»

Mindretallet på 6 foreslår følgende:

1. Odels- og åsetesretten oppheves.
2. Det innarbeides i jordloven bestemmelser som i prinsippet sikrer jord og skog for landbrukets yrkesutøvere og hvor slektninger av selgeren har fortrinnsrett til å overta landbrukseiendom, dersom de er i nær slekt med selgeren.»

Vestfold fylkeslandbruksstyre seier seg samd i at ein framleis bør halde på odelsinstituttet,

«men vil understreke at formålet med odelsretten og åsetesretten ikke bare må være å holde odelsgården i ætta. Like viktig — eller vel så viktig er det at eiendomsretten til landbruksområdene blir hos de som har yrket sitt i jord- og skogbruk, og at odelslova ikke står ivegen for den strukturrasjonalisering som er nødvendig. Riktig utformet bør dette rettsinstituttet — sammen med jordlov og konsesjonslov — kunne medvirke til en positiv utvikling på dette felt.»

Skogbruksforeningen av 1950 legg

«avgjørende vekt på at Rådsegn 10 fra Sivillovbokutvalget sees i nøye sammenheng med Landbruksdepartementets forslag til ny konsesjonslov (Ot. prp. nr. 6/72—73). Delvis griper disse lovforslag direkte inn i hverandre. Vi finner det meget uheldig at ett departement fremmer proposisjon om ny konsesjonslov for bl. a. jord og skog, endog med bestemmelser som umiddelbart berører odelsretten, samtidig som et annet departement arbeider med en lovrevisjon som tildels har nøye sammenheng med konsesjonslovgivningen. Vedlegg 1 og 2 til Rådsegn 10 er forsåvidt illustrerende.»

Sør-Varanger kommune «er av den oppfatning at odels- og åsetesretten har aktualitet også i *Sør-Varanger*». I tilrådinga frå heradsagronomen, som ligg til grunn for utsegna frå *Sør-Varanger kommune*, er opplyst:

«Det er ukjent om odelsloven har vært anvendt i Finnmark, men den antas å være aktuell og gjeldende også for denne del av landet. Det er mange tilfeller i *Sør-Varanger* hvor det er odelsberettigede og bruk av odelsloven kan bli aktuell.»

Med henhold til åseteloven praktiseres dens intensjoner adskillig ved eiendomsoverdragelser. Det samme har for en del vært tilfelle for odelsretten.»

Som det går fram av det som er nemnt framfor, har Utvalet samrøystes tilrådd at odelsretten vert halden oppe. Det same standpunktet har altså høyringsinstansane samrøystes gjeve uttrykk for.

Departementet kan heller ikkje sjå nokon grunn til no å avskipe odelsretten, som

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

har lang tradisjon og tvillaust framleis har sterk forankring i norsk rettskjensle, særleg på landsbygda. Departementet er difor einig i at odelsretten vert halden oppe. Men departementet er også samd i at det er trong for revisjon av odelsretten, slik at den ikkje vert til hinder for rasjonell landbruksdrift eller gjev høve til misbruk. Ein er såleis samd i at det vert gjeve ei ny lov om odelsretten og åsetesretten til avløyning av dei no gjeldande reglane. Meininga er at den nye lova skal bøte på dei innvendingane som har vore gjort og som kan tenkjast gjort gjeldande mot innhaldet i odels- og åsetesretten.

Når det særskilt gjeld åsetesretten, som er ein arverett som berre gjeld på skifte mellom livsarvingar etter siste eigaren av eiendomen, er det ikkje reist spørsmål om å oppheve eller endre hovudinnhaldet i dette rettsinstituttet. Departementet er etter dette samd i at åsetesretten vert halden oppe.

Om odelsretten i Finnmark viser ein til avsnitt II punkt 9.

2. Kva for eigedomar odelsretten bør gjelde for.

I det notatet om denne lovsaka som er nemnt på s. 4 framanfor, heiter det om dette spørsmålet:

«Etter odelsloven § 1 er det bare «Jord paa Landet» som er gjenstand for odelsrett. Etter utkastet vil odelsrett kunne hevdes også til fast eiendom som er bygrunn. Bakgrunnen er at store jordbruksområder i de senere år er overført til bykommuner, se nærmere s. 96—98.

Etter gjeldende odelsrett kan eiendommer helt ned til 3—4 dekar etter forholdene bli reknet som objekt for odels- og åsetesrett. Et flertall i Utvalet foreslår at det ikke bør være adgang til å erverve odelsrett for eiendom med under 15 dekar dyrket jord. Vilåret om minst 15 dekar dyrket jord er ikke absolutt, se nærmere utkastets § 2. Et mindretall foreslår en absolutt minstepørrelse på 10 dekar dyrket jord for at eiendommen skal være gjenstand for odelsrett. Rene skogeiendommer vil etter mindretallsforslaget falle utenfor reglene om odels- og åsetesrett.

Man viser ellers til Rådsegna s. 30—38, særleg s. 36—38 og s. 43—46.»

Det er allmenn tilslutning til framlegget om å oppheve det odelsrettslege skiljet mellom «jord på landet» og eigedomar som ligg i ein bykommune, og i staden la det vere avgjerande om eiendomen er skikka til landbruksdrift. Bortsett frå at eit mindretal på 5 av 12 medlemmer i styret for *Norske Kommuners Sentralforbund*, som meiner at det ikkje bør kunne hevdast ny odel til grunn i byområde, er det ikkje kome motsegner mot utvalsframlegget på dette punktet. Når det derimot gjeld dei nærare vilkår for at ein eigedom skal rek-

nast som odels- og odlingsjord, er det — som ein kunne vente — kome fram ulike synsmåtar.

Når det gjeld hovudspørsmålet om ei minste arealgrense for dyrka jord, står desse framlegget frå fleirtalet i utvalet:

Norges Bondelag, Norges Skogeierforbund, Skogbruksforeningen av 1950, Den Norske Advokatforening, fylkeslandbruksstyra i Buskerud, Aust-Agder og Møre og Romsdal, fylkesskogråda i Oslo og Akershus, Buskerud, Vestfold, Telemark, Aust-Agder, Rogaland og Hordaland, fylkesmennene i Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag, Hordaland og Aust-Agder.

Desse står framlegget frå mindretalet i utvalet:

Fylkeslandbruksstyra i Finnmark, Troms, Nordland, Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Vest-Agder, Akershus, Østfold, Vestfold (under tvil) og Telemark (fleirtalet, 3 av 5), Fylkesmannen i Telemark og Sør-Varanger kommune.

Av grunngevinga for dei ulike synspunkt på spørsmålet om arealgrense for dyrka jord, gjev ein att nokre synsmåtar frå begge sider:

Norges Skogeierforbund:

«Når det gjelder størrelsen av eiendommer som kan odles, må det skje en avveining mellom hensyn til gammel tradisjon og tenkemåte på den ene side, og det forhold at på eiendommer som for en generasjon siden kunne danne grunnlag for landbruksdrift, er det idag nærmest utenkelig å drive landbruk. Det kan diskuteres om det er i samsvar med odelsrettens grunntanke å opprettholde adgang til odling av eiendommer hvor de naturgitte ressurser for landbruk er så små at landbruksdrift bare kan utgjøre en ubetydelig del av en families inntekter, eiendommer som i stigende grad blir fraflyttet, men hvor bygningene kan være av interesse for ferieformål. Adgang til odling av små landbrukseiendommer kan muligens virke bremsende på en ønsket ytre rasjonalisering i landbruket. Men dette er hensyn som først og fremst bør ivaretas ved konsesjons- og jordlovgivning.»

Skogbruksforeningen av 1950:

«Vi er ubetinget enig i at det bør settes en grense nedad for den eiendom som skal være odlingsjord, men vi hadde gjerne sett grensen satt betraktelig høyere. Vi er imidlertid klar over fordelene ved å ha en noenlunde fast regel, og skal denne gjelde for hele landet med de sterkt vekslende jordbruksforhold, kan ikke grensen settes for høyt. Iallfall vil den store mengde ganske små bruk som idag dominerer statistikken falle utenfor odelsretten og den foreslåtte regel vil dermed bidra til en strukturasjonalisering.»

Aust-Agder fylkesskogråd:

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

«Alternativ II er ikke brukbart slik forholdene er her i fylket med lite innmark men ofte med relativt mye skog til gårdene.

Fylkesskogrådet slutter seg derfor til utvalgets forslag alternativ I.»

Fylkesmannen i Telemark:

«Bestemmelsen i § 2 — flertallets forslag — setter som hovedregel grensen for odlingsjord til 15 dekar dyrka jord. I flere fylker, bl. a. i Telemark, vil vel mange bruk komme under denne grensen. Dette gjelder også bruk som en antar bygdefolk i distriktet synes det er naturlig å la odelsretten gjelde for. For mange bruk som faller under 15 dekarers grensen vil det trolig kunne oppstå tvil om de på grunn av andre forhold likevel skal anses som odlingsjord idet så store eiendommer etter vanlig syn i egnen ofte vil ha karakter av jordbruk. Dette kan føre til tvister. Settes minstegrensen i flertallets forslag til 10 dekar antar en at de sjeldnere vil ligge an for slike tvister idet en da vil ha med bruk å gjøre som sannsynligvis bare i få tilfelle har klar karakter av jordbruk.»

Fylkesmannen i Aust-Agder:

«Fylkesmannen vil i det vesentligste slutte seg til flertallets syn, men vil tilføye at de særmerknader som er gjort av medlemmet Nygard har krav på atskillig oppmerksomhet. Fylkesmannen vil trekke konsekvensen av de betenkeligheter Nygard gir uttrykk for m. h. t. arealnormen, og foreslår at arealet i § 2 første ledd endres til 10 dekar.

Også prosessøkonomiske hensyn synes å tale for at normen settes til 10 dekar. Settes normen til 15 dekar vil det, på bakgrunn av den praksis som foreligger etter gjeldende rett, være grunn til å regne med et stort antall prosesser hvor det dyrkede areal ligger mellom 10 og 15 dekar. For bruk mellom 10 og 15 dekar vil tradisjonen ofte gå i retning av at eiendommen er en jordbrukseiendom. Dette må en vente at domstolene vil tillegge stor vekt når det i den konkrete sak skal avgjøres om eiendommen «klårt får karakter av eit jordbruk». En norm på 10 i stedet for 15 dekar vil følgelig kunne være til langt større veiledning for domstolene, og vil lettere kunne føre til en konsekvent og alminnelig akseptabel praksis.

I avgjørelsen av om eiendommen «klårt får karakter av eit jordbruk» skal det etter § 2 annet ledd bl. a. legges vekt på «tidlegare og noverande bruk og vilkåra for landbruksdrift i framtida». — Det bør overveies om ordene «og noverande» bør utgå av lovteksten. Nåværende bruk vil være avhengig av brukerens innsats, og synes mer å vise til en vurdering av brukeren enn av eiendommen. «Tidlegare bruk» omfatter fjern og nær fortid, og vil sammen med en vurdering av «vilkåra for landbruksdrift i framtida» gi de aktuelle momenter for vurdering av eiendommens karakter av jordbruk.»

Frå nokre instansar har det kome framlegg og synsmåtar som skil seg både frå fleirtals- og mindretalsframlegga i rådsegna:

Norsk Bonde- og Småbrukarlag átvarar mot å svekkje det vernet odelslova gjev dei små bruka. Det vert peika på at desse, både i pro-

duksjons- og busetnadssamanheng enno i lang tid framover vil vere ein viktig faktor i norsk jordbruk. Det heiter vidare:

«Ut frå disse synsmåter kan vår organisasjon ikke gå inn for at eiendommen i regelen skal være minst 15 dekar for å bli odlingsjord, men vil tilrå en lavere arealgrense. Norsk Bonde- og Småbrukarlag vil på dette punkt fremme forslag om at en eiendom over 10 dekar alltid skal regnes som odlingsjord. En eiendom som er mellom 5 og 10 dekar skal også regnes som odlingsjord, når det hører med så mange andre ressurser til eiendommen, at den samlet gir en produksjonsverdi som tilsvarer 10 dekar dyrket jord. En slik utforming av loven skaper trygghet også for de små bruksenheter. Det vil komme de til nytte som har valgt den livsform drift av et jordbruk nå en gang er, enten det er stort eller lite, samtidig som det ikke vil hindre utviklingen mot mer rasjonelle bruksenheter. Det ligger også nær å anta at en lovregel som denne vil medvirke til å innskrenke tallet på tvistesporsmål som kan oppstå.»

Norske Kommuners Sentralforbund peikar på at det er viktig å få ei så vidt mogeleg fast grense m. o. t. kva for eigedomar som går inn under lova, slik at uvisse og tvistar om dette kan hindrast. Det heiter så vidare:

«Etter forbundets mening oppfyller hverken flertallets eller mindretallets forslag disse målsettinger godt nok. Ved henholdsvis å innføre unntak fra arealgrensen for bruk under 15 da og for bruk mellom 10 og 20 da når det høyrer til «mykje anna areal, rettar og lunnene», åpnes det fortsatt for en rekke tvils-spørsmål. Forbundet foreslår derfor at loven utformes slik at eiendommer med dyrket areal under 15 da ikke er odelsjord, mens eiendommer over denne grense er odelsjord. En slik firkantet regel kan undertiden virke uheldig. Denne ulempen oppveies imidlertid klart av fordelene ved å redusere mulighetene for uenigheter og rettsvister.»

Hedmark fylkeslandbruksstyre uttalar:

«En er stort sett enig i flertallsforslaget, men mener at det i første punktum i § 2 bør hete «... under 10 dekar dyrket jord». Begrunnelsen for dette er at mange av de jordbrukspolitiske virkemidler omfatter bruk ned til 10 dekar dyrket jord. En finner det rimelig at det er samsvar mellom bruksdefinisjonen i odelsloven og i reglene for bruk av økonomiske virkemidler. En anser det riktig at rene skogeiendommer omfattes av lovens bestemmelser.»

I fråsegna frå *Sør-Trøndelag fylkesskogråd* heiter det om dette spørsmålet at odelsretten ikkje bør omfatte eigedomar under 25 dekar, så fram dei ikkje har nemnande skog eller anna utmark.

Sogn og Fjordane fylkesskogråd uttalar:

«Som norm bør eiendommen vere på minst 30 dekar dyrka jord, eller 300 dekar produktiv skog — eller kombinasjon dyrka jord/skog. Dette vilkåret bør ikkje vera absolutt, men tilpassast dei aktuelle driftsformer.»

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

Fylkesmannen i Rogaland uttalar:

«Til § 2. Etter tradisjonelt syn er odels- og åsetesretten ment som et vern om bonden og hans yrke. Den bør dog, så gammelt instituttet enn er, ved en lovrevisjon søkes ført i harmoni med den øvrige samfunnsutvikling. Bl. a. mekanisering og krav om større areal for at en jordeiendom skal kunne gi levebrød for den som driver gården/bruket synes å tilsi at det bør settes et absolutt minstekrav til størrelsen av odlingsjord. Den arealstørrelse som er tatt inn i lovforslaget (såvel av flertall som mindretall) er i hvert fall ikke for stort. Videre antar en at utvidelsen av rekkevidden av loven til også å gjelde jord i bykommuner tilsier et absolutt minimumskrav til arealets størrelse. Det bør eventuelt kunne overveies en samordning av flertallets og mindretallets forslag til § 2:

1. ledd som alt. II's 1. ledd.

2. ledd som alt. I's 1. ledd men med 20 dekar i stedet for 15 dekar. Den vurderingsadgang som gis skulle sikre reelle bondeinteresser for bruk på 10—20 dekar.

3. ledd som alt. I's 2. ledd.»

Vest-Agder fylkesskogråd uttalar:

«Fylkesskogrådet vil rå til at alt. 2 legges til grunn — stort sett. En mener imidlertid at grunnlaget for vurderingen av om en eiendom er odlingsjord er sett for ensidig ut fra eiendommens bruk av arealene i øyeblikket. Arealbruken på en eiendom kan skifte fra tid til annen. — Ut fra dette mener en at dyrkingsjord bør regnes likeverdig med dyrket jord. En mener videre at minstekravet om 10 da. dyrket jord bør falle bort.

En mener at uttrykket «dyrka jord» vil vise seg å være tøyelig og upresist i praksis, og at en her vil oppnå en innsnevring av mulighetene for tøyning av begrepet ved å gå over til uttrykket «fulldyrka jord».

Etter vår mening skulle det la seg gjøre å ta inn i lovteksten faste regler for arealenes vekt i forhold til hverandre ved vurderingen.

Fylkesskogrådets syn på § 2 kan formes omtrønet slik:

«Ein eigeendom er ikkje odlingsjord med mindre det høyrer til så mykje dyrka jord, dyrkingsjord, skog, anna areal, rettar og lunnende at eigedommen sin produksjonsmessige verdi samla tilsvarar minst 20 da. fulldyrka jord.

I arealvurderinga reknast areal skikka for fulldyrking likeverdig med areal fulldyrka jord, og areal produktiv skog til 1/10 av areal fulldyrka jord.»

Også andre instansar har knytta merknader til forståinga av omgrepet «dyrka jord» i § 2. Såleis heiter det i fråsegna frå *fylkeslandbruksstyret i Rogaland* om dette:

«Nemninga «dyrka jord» kan kanskje valda vanskar i framtida. Når vi tillet oss å nemna dette er det fordi vi i dag nyttar nemninga «dyrka jord» etter tre ulike definisjonar. Det er den reine jordbruksfaglege definisjonen, den definisjonen vi har i jordkonsesjonsloven av 10. des. 1920 og den noko uklåre «dyrka

jord»-nemninga som vi har i jordlova av 18. mars 1955 — jfr. Jordbrukets Produksjons- og rasjonaliseringskomité's innstilling av 12. mars 1949 s. 147, Innstilling om lov om erverv av fast eiendom av 21. des. 1966 s. 18 og Henry Nærstads kommentar til jordloven (2. utgåve) s. 106 og 107.

Dersom ein under det vidare arbeidet med lovframlegget kjem til at nemninga «dyrka jord» kan valda tvil, bør ein definera dette ordet — under alle omstende bør det gå fram av lovmotiva kva som er meint.»

Tilsvarande synsmåtar er haldne fram av *fylkeslandbruksstyret i Vest-Agder*.

Fylkesskogrådet i Hordaland uttalar:

«I vårt fylke som elles i landet blir den dyrka jorda på mange bruk etter kvart tilplanta.

Det gjeld særleg små bruk og bruk med bratt og tungdrive dyrka areal. Fylkesskogrådet meiner at slike bruk også etter tilplanting bør vera odlingsjord. I mange tilfelle bur familien framleis på bruket og tilknyttingen til bruket er den same som på bruk med dyrka jord.

Med moderne dyrkingsmetodar — og på andre sida tilplanting med stort statstilskott, kan utnyttinga av innmarka på bruka endra seg så raskt at ein er i tvil om det er rett å knytta odelsretten omlag berre til omgrepet *d y r k a m a r k*.»

I fråsegna frå *Landbruksdepartementet* er det sagt om dette spørsmålet:

«Begrepet «dyrka jord» er ikke entydig og tilstanden ikke konstant. De kriterier som etter Sivilløvbokutvalets forslag skal være avgjørende for om en eiendom skal kunne være gjenstand for odelshevd (odlingsjord) er til dels av tidsbestemt og subjektiv karakter og synes så usikre og tøyelige at en tviler på om de lar seg praktisere med rimelig entydighet og konsekvens og vil gi den enkelte borger grunnlag for å forstå sin egen og en aktuell eiendoms odelsrettslig situasjon.

Etter departementets mening bør formuleringen av kravet til en eiendoms størrelse som vilkår for odelshevd være mer presis. Etter overveielse er en kommet til at arealkravet bør knyttes til begrepet *j o r d b r u k s a r e a l* og/eller *p r o d u k t i v s k o g*. For jordbruksareal finner departementet å kunne støtte mindretallets arealgrense på 10 dekar. For rene skogeiendommer vil departementet i samsvar med utvalgets flertall tilrå at grensen settes til 200 dekar.»

Når det gjeld spørsmålet om det bør kunne hevdast odel til ein rein skogeiendom, står dei aller fleste fråsegnene framlegget frå fleirtalet i Sivilløvbokutvalet.

Dette gjeld såleis *Norges Bondelag, Skogbruksforeningen av 1950, Den Norske Advokatforening, fylkeslandbruksstyra i Nord-Trøndelag, Oppland, Buskerud, Aust-Agder* (som vil ha 150 dekar som arealgrense), *Sør-Trøndelag, Telemark* (fleirtalet 3 av 5), *fylkesskogråda i Oslo og Akershus og Hordaland, fylkesmennene i Rogaland og Aust-Ag-*

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

der (som meiner 200 dekar kanskje er noko lågt som arealgrense).

I fråsegnen frå *Fylkeslandbruksstyret i Nord-Trøndelag* heiter det om dette spørsmålet:

«Nord-Trøndelag fylkeslandbruksstyre ser ingen grunn til at rene skogseiendommer ikke skal omfattes av odelsretten, og er uenig i mindretallets syn. Innen jord og skog skifter driftsforholdene ofte. Det som i en periode kan være ren skogsmark, kan i neste periode være kombinert jord- og skogsmark eller ren jordbruksmark. Tilplanting av skog på tidligere jordbruksseiendommer er ingen sjeldenheter. Nord-Trøndelag fylkeslandbruksstyre mener det vil medføre unødige vanskeligheter og tolkningsbestemmelser m. m. i fremtiden om rene skogseiendommer skal holdes utenfor. Hensynet til boplikten bør ikke være noen grunnelse for unntak. I likhet med at unntak for boplikt kan gjøres for jordeiendommer etter at fylkeslandbruksstyre har uttalt seg, må det samme også kunne gjøres for skogseiendommer evt. etter at også fylkesskogerådet har uttalt seg.»

Fylkesmannen i Aust-Agder uttalar:

«Etter mindretallets forslag skal rene skogseiendommer ikke kunne være odlingsjord. Forslaget innebærer at det ikke kan vinnes odel på en skogseiendom på 5 000 dekar, mens en tilsvarende skogseiendom vil være odlingsjord dersom den i tillegg har et dyrket areal på 10 dekar. Dette forhold kan i og for seg være vel begrunnet. Men å gjøre biting til hovedting på denne måte vil lett kunne føre til forståelige reaksjoner. — Også rene skogseiendommer bør kunne odles. Flertallet har gått inn for en norm på 200 dekar. Det kan være grunn til å overveie om normen burde settes noe høyere.»

Skogbruksforeningen av 1950 uttalar:

«Mindretallets forslag om at rene skogseiendommer ikke skal kunne odles kan vi ikke se berettigelsen av. Tvertimot, den stadig bredere plass skogbruket har fått i landbruksøkonomien skulle nettopp tilsi at også skog uten tilknyttet jordbruk er odlingsjord.

Derimot er vi enig i flertallets forslag (§ 2, 3) om at rene skogseiendommer på under 200 da. i regelen faller utenfor.»

Mindretalsframlegget frå *Sivillovbokutvalet* om at det ikkje bør kunne hevdast odel til ein rein skogeiendom, har fått støtte frå *Norske Kommuners Sentralforbund, fylkeslandbruksstyra i Østfold og Vestfold* (under tvil). I fråsegnen frå *fylkeslandbruksstyret i Østfold* er det sagt om dette:

«Fylkeslandbruksstyret vil bemerke at bestemmelsene om bo og driveplikt for odelsløseren selvsagt ikke kan gjelde ved løsning av en ren skogseiendom. Dette må antas i praksis å ville føre til at skogseiendommer i større grad vil kunne bli ervervet av personer uten yrkesmessig tilknytning til jordbruksnæringen, men som har odelsrett til skogseiendommer.

Det vil også begrense muligheten etter jordloven for å skaffe tillegg til skogløse bruk.

Fylkeslandbruksstyret vil derfor fraråde at rene skogseiendommer skal være odlingsjord.»

Fylkesskogerådet i Oslo og Akershus, som stør fleirtalsframlegget når det gjeld odelsrett for rene skogeiendomar, meiner at arealgrensa på 200 dekar

«bør ikke være kategorisk. Avgjørende bør være hvilken verdi og produksjon skogen har eller vil få som næringsgrunnlag eller del av næringsgrunnlag. Bonitet, beliggenhet og framtidsmuligheter er da også i bildet.»

Departementet er samd med Utvalet i at odelsrett bør kunne hevdast også til grunn som ligg i byområde. Slik stoda er i dag, vil store landbruksområde kunne ligge i ein bykommune. Særleg på grunn av reguleringane av kommunegrensane i dei seinaste åra kan det også vere noko tilfeldig om eit jordbruksområde ligg utanfor grensa til ein by eller om området høyrer til byen.

Om området ligg innanfor eller utanfor grensa til ein by, bør difor ikkje ha noko å seie for odelsretten. Usmakleg spekulasjon og misbruk av odelsretten kan nok skje i utbyggingsområde nær ein by utan omsyn til om området høyrer byen til. Ein peikar her også på at for nokre byar kan avstanden frå sentrum av byen og til bygrensa vere kort, i andre byar ligg store jordbruksområde innanfor bygrensa. Som døme nemner ein her Skien by, som etter det opplyste er største jordbrukskommunen i Telemark fylke, og at den nye Ringerike kommune, som femner om sær store landbruksområde, no har status som bykommune. Dette viser klårt at det gamle skiljet mellom jord på landet og bygrunn ikkje lenger er brukande som avgrensing med omsyn til kva for eiendommar odelsretten bør femne om.

Dei innkomne fråsegnene stør framlegget frå Utvalet om at odel også må kunne hevdast til bygrunn.

Dette at det vil kvile odel på jordbruksområde i nærleiken av tettstader og byar, gjer det naudsynleg med reglar som hindrar misbruk av odelsretten. Dette skal ein kome attende til nedanfor.

Når det gjeld spørsmålet om kva minste storleik jordbrukseiendomar bør ha for at dei skal kome inn under odelsreglane, går det fram av dei innkomne fråsegnene at reinningane er nokså eintydige i den lei at odelsretten bør takast bort for dei minste eiendomane (sjå likevel merknad frå Norsk Bonde- og Småbrukarlag framanfor). Men fråsegnene gjev som ein vil sjå uttrykk for ulike syn på kvar denne grensa bør gå.

Departementet har kome til at ein bør setje ei absolutt nedre grense for storleiken av eiendommar som kan odlast. Når det gjeld vanleg

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

jordbruksjord, meiner departementet, som mindretalet i Utvalet, at grensa bør setjast ved 10 dekar. Men i samsvar med dei synsmåtane som m. a. Landbruksdepartementet har halde fram, bør avgrensinga knyttast til nemninga «jordbruksareal» i staden for til «dyrka jord». Den fyrste nemninga går noko vidare enn den siste, i det den og omfattar udyrka eller delvis dyrka jord som er skikka til jordbruksproduksjon, jfr. nærare dei særskilde merknadene til § 2. Dersom eigedomen ikkje har minst 10 dekar jordbruksareal, vil den altså falle utanom odelsretten etter utkastet.

Ein er vidare samd med mindretalet i at eigedomar med meir enn 20 dekar jordbruksareal alltid skal reknast for å vere odels- eller odlingsjord. Når det gjeld eigedomar med frå 10 til 20 dekar jordbruksareal, bør desse reknast som odels- eller odlingsjord så framti den produksjonsmessige verdien av eigedomen — medrekna anna areal, rettar og lunnende — svarar til minst 20 dekar jordbruksareal, — elles ikkje.

Når det gjeld spørsmålet om ein rein skog-eigedom over ein viss storleik bør reknast som odels- eller odlingsjord, er departementet samd med fleirtalet i Utvalet, som også dei aller fleste av høyringsinstansane har slutta seg til. Også når det gjeld arealgrensa for ein slik eigedom, har departementet fylgt fleirtalet i Utvalet, som gjorde framlegg om å setje denne ved 200 dekar. Men etter framlegg frå Landbruksdepartementet har ein funne å burde knyte arealgrensa her til den produktive skogvidda. Om grunngevinga for dette viser ein til dei særskilde merknadene til § 2. Etter framlegget frå departementet vert ein rein skog-eigedom med mindre produktivt areal enn 200 dekar aldri rekna som odels- eller odlingsjord. Om ein rein skog-eigedom over 200 dekar produktivt areal er odels- eller odlingsjord, skal avgjerast etter same kriterier som eigedomar med frå 10 til 20 dekar jordbruksareal, jfr. framanfor.

3. Odelskrinsen og odelsrekkefølga.

a. Odelskrinsen.

Odelsrett etter någjeldande odelslov har alle etterkomarar etter den som opphaveleg hevda odel til ein eigedom. Det er såleis ikkje noko grense nedover i slektsleda. Om spørsmålet om avgrensing av odelskrinsen har Sivillovbokutvalet i dei allmenne merknader (s. 38) m. a. uttala:

«Slik reglane er i dag har alle som ættar frå han som opphaveleg hevda odel til ein eigedom odelsrett til den, med mindre retten er gått tapt ved preskripsjon eller på annan måte. Har

ein gard gått frå far til eldste son i mange ættleder, slik det ofte er tilfelle, vil det kunne vere eit utal personar som har odelsrett. I ein situasjon der garden går over til framande vil alle desse kunne gjere gjeldande odelsrett mot den nye eigaren og løyse garden til seg. Dette er i seg sjølv ingen naturleg skipnad. Det kan vere at løysingsmannen er ein heller fjern slektning av den førre eigaren og ikkje har noko tilknytning korkje til garden eller til bondeyrket, medan han som må gje frå seg garden har langt betre føresetnader for å eige og drive den. Gjeld det eit mindre bruk, kan det vere at ein bymann med odelsrett ser seg tent med å løyse eigedomen for å kunne bruke den til feriestad. I slike høve kan odelsretten lett kome til å verke i strid med sitt eigentlege føremål: å vere til vern for dei som er yrkesmessig knytte til jordbruksnæringa. No er det vel ikkje så ofte ein ser døme på at ein eigedom vert løyst på odel av ein fjern slektning som ein helst burde sjå som ein «uvedkomande». Men prinsipielt sett er dette eit viktig spørsmål. — Spørsmålet om å skjere vekk dei ytste linene var reist i proposisjonen frå 1907 og har sidan fleire gonger vore framme i diskusjonen.»

Sivillovbokutvalet har gjort framlegg om at utenom odlaren skal etterkomarane hans få odelsrett

«når nokon av hans foreldre, besteforeldre eller sysken av foreldra har ått eigedomen med odel».

I merknadene til dette framlegg har Utvalet m. a. sagt:

«Det er ingen naturleg skipnad at odelsretten skal stå ved lag gjennom tallause ættledar i sidelinene, når berre garden gjennom tida har gått frå far til eldste son. Men det kan diskuteras korleis avgrensinga skal gjerast. Det har vore nemnt at odelsretten prinsipielt kunne stå uavgrensa, men at ein odelsløyser måtte ha konsesjon når han stod noko langt ute i odelsrekkeja (sjå t. d. høgsterettsadvokat H a n e b o r g i «Ny Jord» 1966 side 124). Dette ville vere ei meir elastisk ordning enn ei absolutt avskjering. Tanken måtte vel då vere at konsesjonsorgana skulle ta særleg omsyn til odelsretten ved avgjerd av ein konsesjonssøknad, slik at odelsretten her skulle vere eit særleg kvalifikasjonsmoment. Men utvalet finn ikkje å burde tilrå ein slik skipnad. Konsesjon frå administrative styremaktar er i seg sjølv lite skikka til å stette dei interessene av m. a. tradisjonsmessig og kjenslevoren art som odelsretten skal tene. Avgrensinga av odelsretten bør likeins som avgrensinga av arveretten knyttast til absolutte og faste kriterier, utan konkret vurdering av omstenda i det einstilte tilfelle. Tilhøvet mellom konsesjon og odel kjem ein elles tilbake til i ein annan samanheng.

Når ein etter dette skal gjere ei avgrensing, er det sjølvsegde utgangspunktet at ein må byggje på kor langt slektskjensla og personleg tilknytning til eigedomen normalt er til stades. Så langt som dette i det praktiske liv kan reknast å vere tilfelle, bør odelsretten gå, men ikkje lenger. Utvalet er vorte ståande ved same vurderinga av dette spørsmålet som pro-

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

posisjonen frå 1907, der det i § 4 heiter at ein etterkomar etter odlaren

«kun (er) odelsberettiget, saafremt nogen af hans bedsteforældre, forældre eller forældres søskende har eiet jorden med odelsrett».

Proposisjonen seier (s. 16) at med denne avgrensinga vil

«Kredsen af de berettigede . . . i almindelighed komme til at omfatte slegtningene til og med søskendebørn, og saaledes omfatte dem, for hvem slegtskabsbaandene i det daglige liv mest gjør sig gjældende. Personerne inden denne kreds vil i almindelighed, om de ikke selv er opvoksede paa eiendommen, saa dog have kjendskab til denne og føle sig mere eller mindre nær knyttede til den.»

Utvalet er samd i at ein trygt kan rekne med at pietetskjensla andsynes ættegarden og den personlege tilknytninga normalt rekk så langt som proposisjonen frå 1907 meiner.

«Sysken av foreldra» kan synast uturvande å ta med, når ein har teke med besteforeldra. Slik er det i vanlege tilfelle når eigedomen går beint nedetter frå foreldre til barn utan noko sprang. Men der det ikkje er tilfelle, kan det bli avgjerande for odels spørsmålet om «sysken av foreldra» er med.

Ein skal nemne eit døme:

A odlar ein eigedom som han avhender til eit barnebarn B. B får sjølv ikkje barn, men C, ein yngre bror (eventuelt ei yngre syster) av B har barnet D, som i si tid får overta eigedomen.

Om ein no sløyfer tillegget «sysken av foreldra» i § 14 tredje stykket, vil D ikkje ha odelsrett. Han må altså då hevde ny odel for seg og si line, og kan i denne hevdstida ikkje rekne med B si eigartid. Vert eigedomen tvangsseld t. d. 19 år etter at D overtok den, vil korkje D eller hans barn ha løysingsrett andsynes auksjonskjøparen. D bør nok ha odelsrett i eit slikt tilfelle, og tek ein tillegget «sysken av foreldra» med, vil han få det.»

Utvalet har også drøfta alternative avgrensingar til den odelskrinsen det vert gjort framlegg om. Når det først gjeld spørsmålet om eventuell utviding av krinsen ved å gå ein slektsleil lenger tilbake, altså ta med odedeforeldre, har Utvalet peika på at det nok kan tenkjast situasjonar der det ville vere naturleg at barnebarns barn fekk odelsrett. Utvalet har likevel kome til at det ikkje av omsyn til meir spesielle og «sikkert ytterst sjeldne tilfelle skulle vere grunn til generelt å setje grensa ved oldeforeldra». Ein viser til rådsegna side 57.

Eit anna alternativ som Utvalet har drøfta, er å avgrense odelskrinsen på same måte som slektskapsregelen i jordlova § 11. Ein slik avgrensingsregel hadde Norges Bondelag tidlegare gjort framlegg om, dvs. at odelskrinsen skulle avgrensast «i første sidelinje til og med barn av odelsbesitters søsken». Utvalet har kome til at avgrensinga av odelskrinsen ikkje bør byggje på dette grunnlaget. Etter at Ut-

valet har peika på at regelen er uklår, og at den vil føre til at ein både kan vinne og tape odelsrett som ein refleksverknad av eit eigarskifte, heiter det vidare om dette framlegget:

«Gjeldande rett byggjer på prinsippet om at når nokon først har odelsrett, går retten ikkje tapt for vedkomande utan at han har hatt høve til å gjere den gjeldande. Knyter ein odelskrinsen til slektskapen med den aktuelle eigaren — i staden for slektskapen med odlaren —, vil eigedomsovergang bli ein heilt vanleg måte både å vinne og å tape odelsrett på. Eit einfelt døme vil vise dette:

Odlaren A har to barn, B (eldst) og C. Så lenge A og B sit som eigarar, har C odelsrett. Men når eigedomen går over frå B til eitt av hans barn, fell odelsretten for C bort, og det utan at han på noko tidspunkt har hatt høve til å bruke den. Vert eigedomen t. d. fråseld B sitt barn på tvangsauksjon, vil C ikkje kunne løyse den inn att på odel, endå om det skulle liggje slik til at han var den einaste som var att av etterkomarane til A (odlaren).

Også på annan måte kan ein regel som den nemnde føre til tolkingsvanskar, det kan t. d. reisas spørsmål om ein med «sysken» også skal meine halvsysken.

Regelen ville i dei fleste høve føre til ein noko snevrare odelskrins enn framlegget i utkastet. Eigarens syskenbarn og deira foreldre (dvs. eigarens farbror, farsyster, morbror og morsyster) ville falle utanom. På den andre sida ville regelen — om ein med «sysken» og skulle meine halvsysken — kunne føre til ein skilnad den andre vegen, slik at personar som fell utanom slik utkastet er forma no, då ville få odelsrett.

Utvalet ser ikkje bort frå at ein ved å byggje ut framlegget frå Norges Bondelag med ein del tilleggs- og unntaksreglar ville kunne kome fram til ei avgrensing av odelskrinsen som ga godtakande resultat i dei fleste praktiske situasjonane. Men reglane ville i så fall måtte bli nokså omstendelege og infløkte, og utvalet ser det som overlag viktig at nettopp reglane om kven som har (best) odelsrett er så enkle og oversiktlege som mogeleg. Skulle ein gå bort frå det avgrensingsprinsippet gjeldande odelslov byggjer på — slektskapen med o d l a r e n —, måtte vilkåret i alle høve vere at ein dermed fekk betre og meir tenlege reglar enn ein ville kunne få ved å byggje på det gjeldande prinsippet, slik § 14 i utkastet no gjer. Utvalet kan ikkje sjå at det er tilfelle, og meiner ulempene ved å knyte avgrensingsreglane til slektskapen med den aktuelle odels-eigaren i staden for til slektskapen med odlaren i all fall vil vere større enn føremonane.»

Eit mindretal i Utvalet (*Nygaard*) meiner at slik regelen om odelskrinsen er forma, er det lagt for einsidig vekt på den formelle eigedomsretten. Dette medlem gjer difor framlegg om at ein bør jamstille det å ha budd og livnært seg på garden med det å ha vore eigar av eigedomen, sjå nærare rådsegna side 58.

Då departementet sende rådsegna frå Sivillovbokutvalet ut til organisasjonar, institusjonar og andre til uttale, vart det m. a. peika på fylgjande om odelskrinsen:

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

«Odelsrett etter någjeldende odelslov har alle etterkommere etter den som opprinnelig hevdet odel, med mindre odelsretten skulle være tapt ved foreldelse eller på annen måte. Det er såleis ingen grense nedover i slektledene.

Sivillovbokutvalet foreslår at en etterkommer av den opprinnelige odelsarverver bare skal ha odelsrett når noen av hans foreldre, besteforeldre eller søsken av foreldre har eid eiendommen med odel, jfr. § 14. For så vidt angår begrunnelsen for forslaget vises til s. 38—39 og s. 56—58 i Rådsegna.

Forslaget innebærer en sterk begrensning av odelskretsen. Det kan spørres om kretsen bør utvides eller begrenses ytterligere i forhold til Utvalgets forslag.

Dersom det fremmes forslag om en annen odelskrets, vil man være takknemlig for et konkret utformet forslag.»

Av dei høyringsinstansar som har uttala seg om odelskrinsen, har følgjande gått inn for framlegget frå Utvalet: *Landbruksdepartementet, fylkesmennene i Telemark, Aust-Agder, Rogaland, Hordaland, Nord-Trøndelag, Nordland, Norges Bygdeungdomslag, Norske Kommuners Sentralforbund, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norges Skogeierforbund, Skogbruksforeningen av 1950, Den Norske Advokatforening, fylkeslandbruksstyra i Akershus, Hedmark, Oppland, Buskerud, Vestfold, Telemark, Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag, Troms og Finnmark, fylkesskogråda i Buskerud, Vestfold, Telemark, Vest-Agder, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Sør-Trøndelag og Norges Bondekvinneleg.*

Av dei høyringsinstansar som har gått mot framlegget frå Utvalet, har *Norges Bondelag, fylkeslandbruksstyra i Hordaland og Nordland og fylkesskogrådet i Nordland* gått inn for å avgrense odelskrinsen i samsvar med slektskapsregelen i jordlova § 11, dvs. eit noko anna prinsipp for avgrensinga enn etter framlegget frå Utvalet (meninga må truleg vere at berre odelseigarens — ikkje ektemakens — slektningar skal reknast med, slik det går fram av det framlegget frå Norges Bondelag som Utvalet har gjort greie for). På den andre sida har fylkesmennene i Aust-Agder, Rogaland og Sør-Trøndelag sagt seg samd i framlegget frå eit mindretal i Utvalet (Nygard), sjå framanfor s. 12. Endeleg har *fylkesskogrådet i Oslo og Akershus* gjort framlegg om at «odelsberettigede bør gå ett ledd lenger tilbake enn flertallsforslaget fra utvalget», altså ei utviding av odelskrinsen i høve til Utvalet sitt framlegg. Same synet har *byfogden i Bergen*.

Når det gjeld innhaldet i fråsegnene, gjev ein att følgjande som stør framlegget frå Utvalet (fleirtalet):

Landbruksdepartementet uttalar:

«Departementet slutter seg til utvalgets forslag om avgrensning av odelskretsen (idet odelsretten med den foreslåtte begrensning av de odelsberettigede i de fleste alminnelig forekommende tilfelle antas å ville være tilstrekkelig omfattende.»

Norges Skogeierforbund har denne merknad:

«Det er et klart behov for avgrensning av kretsen av odelsberettigede. Denne avgrensning bør bli skjønsmessig. Så langt som en personlig tilknytning til en eiendom går, så langt bør også kretsen av odelsrettshavere gå. Vi er enige i Utvalets avgrensning.»

Norges Bondekvinneleg uttalar:

«En finner det rimelig at kretsen av odelsberettigede blir avgrenset, og Norges Bondekvinneleg slutter seg til Sivillovbokutvalets forslag i § 14.»

Den Norske Advokatforening kjem med denne merknad:

«Dette utvalg er uten videre enig i at man under de nåværende og de fremtidige påregnelige forhold må kunne gå til en avgrensning av kretsen for odelsberettigede i minst slik utstrekning som Utvalet foreslår uten å gå den bærende tanke for odelsrettsinstituttet for nær, og uten å komme i konflikt med grunnlovens § 107.»

Fylkeslandbruksstyret i Oppland uttalar at det

«mener det vil være av vesentlig betydning at kretsen av odelsberettigede blir endret og sier seg enig i lovutkastet (§ 14) og begrunnelsen for bestemmelsen. I alle tilfelle mener fylkeslandbruksstyret at en eventuell utvidelse av odelskretsen ikke bør være betinget av konsekvensjon.

Odelsretten bør ikke være gjenstand for kjøp og salg.»

Av dei som går inn for at odelskrinsen vert avgrensa slik at den kjem i samsvar med slektskrinsen i jordlova § 11, gjev ein att følgjande merknader frå *Norges Bondelag*:

«Norges Bondelag er enig i Sivillovbokutvalets forslag om at kretsen av odelsberettigede fortsatt skal bygge på prinsippet om at odelsrettshavere skal stå i et visst slektskapsforhold til odleren, og at odelsretten ikke skal gå tapt uten at vedkommende har hatt adgang til å gjøre denne retten gjeldende. Norges Bondelag er også enig i at kretsen innsnevres i forhold til gjeldende bestemmelser. Vi mener imidlertid at innsnevringen bør gå noe lenger enn utvalgets forslag.

Kretsen av odelsrettshavere bør etter vår mening begrenses i første sidelinje til og med barn av odelsrettshavers (aktuell eiers) søsken. Dette ut fra at det bør være en så nær sammenheng mellom aktuell eier og kretsen av odelsrettshavere.»

Av dei som går inn for framlegget frå mindretalet Nygard, gjev ein att denne merknaden frå *fylkesmannen i Aust-Agder*:

«I prinsippet må det være klart at kretsen av odelsberettigede bør begrenses. Men ikke under noen omstendighet bør kretsen begrenses ytterligere i forhold til utvalgets forslag.

Utvalget har anført gode argument for sitt forslag til avgrensning. Det kan kanskje være spørsmål om utvalget i forhold til gjeldende rett har gått noe radikalt til verks. Men fylkesmannen er blitt stående ved å gi sin tilslutning til den foreslåtte avgrensning (i den form den har fått i § 14).

Det tillegg mindretallet Nygard foreslår til tredje ledd vil få liten betydning i praksis. På den annen side kan det tenkes tilfelle hvor nevnte tillegg vil gi den eneste forsvarlige løsning. Regelen synes også så klart formulert at det ikke skulle by på betenkeligheter å ta den inn i lovteksten. Bestemmelsen bør derfor formuleres i samsvar med mindretallets forslag.»

Det går fram av det som er sagt foranfor, at Utvalet (fleirtalet) sitt framlegg til odelskrins har fått sterk støtte frå høyringsinstansane.

Departementet har likevel vurdert om ein burde tilrå ein annan odelskrins. Dei aktuelle alternativ til framlegget frå Utvalet er etter departementet si meining dei som er nemnde foranfor. Ein har dessutan også voge på om ein burde sløyfe ordet «besteforeldra», «sysken av foreldra» eller både «besteforeldra» og «sysken av foreldra», jfr. nedanfor.

Når det gjeld framlegget frå Bondelaget og nokre av fylkeslandbruksstyra om å avgrense odelskrinsen i samsvar med slektskapsregelen i jordlova § 11 (og framlegget til ny konsekusjonslov § 6 nr. 1), reiser det spørsmålet om ein skal byggje odelskrinsen på slektskapen med odlaren, slik gjeldande odelsrett og utvalsutkastet gjer, eller med slektskapen med den aktuelle eigaren, som jordlova og konsekusjonslovframlegget gjer. I og med at Bondelaget no seier seg samd i ei avgrensing bygd på slektskapen med odlaren, må ein truleg forstå framlegget slik at laget dessutan vil ha med ei tilleggsavgrensing samanlikna med utvalsutkastet. Bondelaget har så vidt ein kan sjå, ikkje sagt korleis denne avgrensinga kan byggjast inn i utvalsframlegget, jfr. oppmødinga frå Justisdepartementet om å få «konkret utformet forslag» om avgrensing.

Departementet er kome til at ein bør halde på Utvalet sin regel. Ein vil i denne samanhengen særskilt streke under at ein bør ha enkle og oversiktlege reglar om kven som har odelsrett. Ein legg også vekt på at ein bør halde på det gamle prinsippet om at ein som ein gong har fått odelsrett, ikkje bør misse retten som ein refleksverknad av eigarskifte, jfr. her til samanlikning situasjonen i arveretten.

Når det elles gjeld avgrensinga av odels-

krinsen, er det sjølvstøtt eit skjønsspørsmål korleis ein skal trekkje grensa. Etter utvalsutkastet vil eigarens syskenbarn og deira foreldre (under føresetnad av at eigedomen har vore i slekta tilstrekkeleg lenge — dvs. at nokon av besteforeldra har ått eigedomen med odel) — ha odelsrett til eigedomen, medan desse ikkje ville ha odelsrett dersom avgrensinga skulle byggje på reglane i jordlova § 11. Reint bortsett frå dei tolkingsvanskane ein regel om avgrensing av odelskrinsen ut frå slektskapen med den aktuelle eigaren ville føre til (jfr. Rådsegna s. 57—58), kan ein og spørje om ikkje desse personane normalt står i eit så nært tilhøve til eigedomen at dei bør ha odelsrett.

Når det gjeld foreldra til syskenbarna (dvs. eigarens farbror, farsyster, morbror, morsyster), vil dei normalt ha vakse opp på odelsgarden og på den måten blitt knytt til eigedomen. Det synest då ikkje urimeleg å gje dei odelsrett. Ein bør også hugse på at normalt kan ikkje meir enn ein i ein barneflokk ta over ein gard. Yngre sysken av odelseigaren vil difor ha måtte funne seg i at den eldste tok over garden. Det er då rimeleg at dei har løysingsrett dersom t. d. ein brorson sel eigedomen til framande.

Når det særskilt gjeld spørsmålet om syskenbarn til eigaren bør ha odelsrett, må ein vel rekne med at det er meir sjeldsynt at dei har vore bufaste på garden, fordi ein vel må rekne med at sysken av eigarens foreldre har flytt frå garden seinast i samband med stifting av eigen familie. Likevel vil nok også syskenbarn normalt ha nær tilknytning til eigedomen, jfr. at det er ein onkel eller ei tante som sit med eigedomen, og at det normalt er der faren eller mora har budd tidlegare. I allfall når den som vil ta over odelseigedomen må busette seg på eigedomen og drive den, synest det rimeleg at syskenbarn får odelsrett etter den nye lova. Særleg vil det kunne vere mindre rimeleg om ikkje syskenbarnet har odelsrett i tilfelle der også hans far eller mor har ynskt å få ta over eigedomen tidlegare i konkurranse med ein annan odelsrettshavar med betre prioritet.

Om ein sløyfa «sysken av foreldra», ville det ikkje ha noko særleg å seie for odelskrinsen, sjå Rådsegna s. 57, sitert foranfor s. 12. Dersom ein sløyfa ordet «besteforeldra», ville heller ikkje det få noko særleg å seie for talet på odelsrettshavarar i normaltillfella. Eigarens slektningar i andre sidelina (syskenbarn) vil t. d. framleis få odelsrett. Tar ein på den andre sida ut både «besteforeldra» og «sysken av foreldra», fører det til ein altfor snever odelskrins. Då vil berre barna til odelseigaren få odelsrett. Skal ein først ha odelsrett

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

for slekta, må det vere klårt at ein ikkje kan byggje på ein så snever odelskrins.

Når det gjeld framlegget frå mindretalet Nygard, er departementet i og for seg samd i at det vil vere lite rimeleg om nokon med odelsretten i hand fortrengjer frå eige- domen den greina av etterkomarane til odlaren som har vore bufaste der, jfr. Nygards dømme s. 58 i Rådsegna. Departementet har vore inne på tanken om å ta inn ein tilleggsregel til fleirtalsframlegget her. Ein trong ikkje gå så langt som Nygard gjer i sitt framlegg, — departementet meiner at ein i alle høve ville oppnå det naudsynlege vern med ein regel om at vedkomande skulle reknast å ha odelsrett dersom anten han sjølv eller foreldra i myndig alder har budd på eige- domen og hatt si næring der. At det same skulle gjelde også når nokon av besteforeldra eller sysken av foreldra til vedkomande oppfylte dette vilkåret, synes korkje turvande eller heilt rimeleg. Når ein likevel ikkje tar opp noko slikt framlegg som nemnt, er det av di slike tilfelle som Nygard nemner, må reknast å vere så sjeldsynte at det knapt kan vere grunn til å innføre ein særregel i lova for dei. Det er i seg sjølv uheldig at spørsmålet om ein person har odelsrett eller ikkje skal avhenge av ei så vidt skjønsmessig vurdering som om vedkomande eller foreldra hans må seiast å ha budd på eige- domen og hatt si næring der. Ein kan neppe sjå heilt bort frå at ein slik regel i sume tilfelle kunne føre til odels søksmål som det ikkje var rimeleg grunnlag for. Dette fekk likevel ikkje vere avgjerande dersom det elles var sterk trong for ver i slike situasjonar. Men når vedkomande er verna i alle dei tilfelle der anten nokon av foreldra eller besteforeldra har ått eige- domen med odal, har departementet kome til at dette er tilstrekkeleg for dei situasjonar ein i praksis treng rekne med.

Det reiser seg elles to særspørsmål når det gjeld odelskrinsen, nemleg spørsmålet om odelsrett for barn fødte utanom ekteskap og for adoptivbarn. Om desse spørsmåla viser ein til bokstav c og d nedafor.

b. Odelsrekkefølga.

Etter gjeldande rett er det alltid ein av odelsrettshavarane som har best odelsrett. Kven som har den beste retten, er no fastsett i odelslova § 3, jamført med § 11. Prioritetsrekkefølga går ut på at av etterkomarane til odlaren, som alle får odelsrett, går mannlege rettshavarar i ein syskenflokk framom kvinnelege og eldre føre yngre av same kjønn.

Sivillovbokutvalet, som gjer framlegg om at menn og kvinner vert jamstelte, grunnjev dette framlegget slik:

«Når det gjeld det første spørsmålet, (dvs. om kvinner bør stå tilbake for menn) har utvalet kome til at ei prioritetsordning som ikkje gjer skilnad mellom kjønna vil vere i best samsvar med dei synsmåtar som er dei rådande i dag. Sjølv om det har vore halde fram at også reelle omsyn kunne tale for å halde på ein førerett for mannlege rettshavarar i høve til kvinnelege, så synest ikkje desse grunnane sterke nok til å gjere brot på prinsippet om størst mogeleg rettsleg jamstilling mellom kjønna, — eit prinsipp som det i våre dagar reint allment vert lagt stor vekt på å gjennomføre, m. a. i lovgjevinga.»

Om dette spørsmålet skal ein gje att følgjande synsmåtar frå dei innkomne fråsegnene:

Norges Bondelag uttalar:

«Når det gjelder odelsrekkefølgen, er Norges Bondelag enig i at eldre går foran yngre i odelsrekkefølgen, og Norges Bondelag vil råde til at någjeldende bestemmelser om forholdet mellom mann og kvinne beholdes slik at menn går foran kvinner.

Generelt er Norges Bondelag enig i likestilling mellom kjønnene, men mener at det til overtakelse av en jordeiendom knytter seg særskilte praktiske og oppøvmessige forhold, som gjør det overveiende sannsynlig med en mannlig overtaker. En opphevelse av prioritering etter kjønn ville medføre en usikkerhet omkring yrkesvalg innen mange bondefamilier, en usikkerhet som gjerne først ville bli avklart ved giftermål.»

Norges Skogeierforbund kjem med denne merknaden:

«Når det gjelder prioritetsrekkefølgen, finner vi at forslaget om å stille menn og kvinner likt er et så sterkt brudd med tradisjon og praksis at vi ikke kan tilrå det. Vi vil på ingen måte undervurdere bondekvinnes innsats, og ser ikke bort fra at det kan oppstå situasjoner der det ville være mest naturlig å la eldre gå foran yngre uansett kjønn. Slike tilfelle kan imidlertid ivaretas ved interpellasjonsregelen etter § 20. Vi foreslår derfor at § 16 endres dithen at menn går foran kvinner med seg og sin linje, og for hvert kjønn eldre foran yngre med seg og sin linje. Dersom prioriteten skulle bli endret i samsvar med Utvalets forslag, vil det bli behov for en lang overgangsperiode. En må også vente at følgen blir en omfattende bruk av interpellasjonsregelen, fordi loven da neppe blir i samsvar med vanlig rettsoppfatning i bygdene.»

Forbruker- og administrasjonsdepartementet held fram:

«En vil uttrykke sin tilfredshet med den likestilling mellom kjønnene som dette forslag innebærer. En finner dette i overensstemmelse med gjeldende prinsipper og syn i lovgivning og administrasjon og med den offentlig anerkjente likestillingsideologi.»

Norges Bondekvinnelag, som har foretatt ei røysting mellom medlemene m. a. om dette spørsmålet, uttalar:

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

«Når det gjelder spørsmålet om likestilling mellom mann og kvinne i odels- og åsetesrettslig henseende, viste avstemningen at 4 163 stemte for likestilling mellom kjønnene, mens 5 482 stemte for å opprettholde den nuværende ordning. I 4 fylkeslag var det flertall for likestilling mellom kjønnene. I de øvrige 13 fylkeslag var det flertall for å opprettholde den nuværende ordning.»

Den Norske Advokatforening går inn for prinsippet om jamstilling mellom mann og kvinne, og har ingen merknader til § 16 første stykket i utvalgsutkastet.

Norske Kommuners Sentralforbund uttalar:

Når det gjelder prioriteten mellom de odelsberettigede, er det særlig utvalgets forslag om likestilling mellom kvinne og mann som er omtvistet.

Et flertall på 9 av styrets medlemmer mener at det må påvises meget sterke grunner for at lovgiveren skal fravike likestilling mellom kjønnene — en likestilling som søkes gjennomført i såvel lovgivning som administrasjon. Riktig nok kan det — som fremhevet av utvalget — anføres en del reelle argumenter for å opprettholde mannens fortrinnsstilling, men disse er ikke av en slik styrke at likestillingstanken bør fravikes. Flertallet er derfor blitt stående ved å anbefale utvalgets enstemmige forslag om likestilling mellom kvinne og mann.

Mindretallet på 3 ønsker å beholde mannens fortrinnsstilling når det gjelder prioriteten mellom de odelsberettigede. Det nåværende system med mann foran kvinne er innarbeidet i den norske bondes innstilling og levesett. Det vil bryte for sterkt med denne årelange slekstradisjon å gjennomføre likestilling. Videre kan det anføres reelle argumenter for mannens fortrinnsstilling. Fortsatt vil det således være mange arbeidsoppgaver på en gård som passer best for menn.»

Fylkeslandbruksstyret i Akershus er samdt prinsippet om jamstilling mellom kjønna. *Fylkeslandbruksstyret i Østfold* uttalar:

«Når det gjelder spørsmål om likestillingen mellom kjønnene vil fylkeslandbruksstyret gi uttrykk for noen tvil om en likestilling ikke vil kunne medføre uheldige virkninger for rekrutteringen til jordbruksyrket. Tradisjonelt har den eldste sønn i oppveksten innstillet seg på å skulle overta gården og derfor blitt gående hjemme og arbeidet på gården sammen med sin far. Med eldre søstre som bedre odelsberettiget må det antas at sønnene tidlig flytter hjemmefra og går over til andre yrker.

Hvorvidt døtre vil komme til å overta gården er vel ofte avhengig av hvem de kommer til å gifte seg med.»

Fylkeslandbruksstyret i Oppland har gjeve uttrykk for dei same synsmåtene.

Norske Kvinners Nasjonalråd uttalar:

«Norske Kvinners Nasjonalråd ser det som en stor fordel at Sivilløvbokutvalet nå har fremmet forslag og regler som likestiller menn og kvinner. Noe annet ville være et eklatant brudd med det prinsipielle syn som i vår tid

gjør seg gjeldende på kvinnenens likestilling i samfunnet.

Nasjonalrådet har gjennom flere år fått en rekke henvendelser fra kvinner som har bedt rådet ta opp spørsmålet om en revisjon av den gjeldende odels- og åseteslovgivning. Dette er ikke gjort idet man har forventet Sivilløvbokutvalets innstilling. Skulle Sivilløvbokutvalets forslag ikke bli opprettholdt under det videre arbeide med saken, slik at kvinner ikke blir likestillet med menn i reglene om odels- og åsetesrekkefølgen, er det neppe grunn til å opprettholde odelsretten som institutt.»

Norsk Kvinnesaksforening har denne merknaden:

«Det er intet som taler for at kvinner skulle være mindre skikket enn menn til å drive jordbruk, og med odelsrett på linje med guttene vil jentene bli helt annerledes motivert enn før når det gjelder å skaffe seg den landbruksutdanning som er ønskelig for å overta en gård. Hittil har jentene stort sett holdt seg borte fra slik utdanning — ikke på grunn av manglende interesse, men på grunn av manglende muligheter til å få praktisert utdannelsen.»

Fylkeslandbruksstyret i Nord-Trøndelag går imot framlegget om kjønnsjamstilling. Sameleis gjer *fylkeslandbruksstyra i Sogn og Fjordane, Vest-Agder, Aust-Agder og Møre og Romsdal* (fleirtalet på 4), *fylkeskogråda i Aust-Agder* (4—1), *Telemark* (3—1), *Sogn og Fjordane, Vestfold* (fleirtalet) og *Oslo og Akershus* (fleirtalet), *Skogbruksforeningen av 1950, fylkesmennene i Hordaland og Aust-Agder og byfogden i Bergen*.

Desse stør framlegget om kjønnsjamstilling:

Fylkeslandbruksstyret i Rogaland, fylkeskogrådet i Sør-Trøndelag (3—2), *fylkesmennene i Nordland, Sør-Trøndelag og Buskerud*.

Fylkeslandbruksstyret i Buskerud reknar det for tvilsamt om tida er inne til å gjennomføre kjønnsjamstilling i odelsretten.

Fylkeslandbruksstyret i Hedmark har (med 3 mot 2 røyster) slutta seg til framlegget frå Sivilløvbokutvalet om jamstilling mellom kjønna. Det same gjeld *fylkeslandbruksstyret i Sør-Trøndelag* (4—1).

Fylkeslandbruksstyret i Vestfold uttalar:

«Skal odelsloven ha noen hensikt, må det først og fremst være for å skape stabilitet i bondeyrket. Vil en skape denne stabilitet, må det unge menneske som satser på å bli bonde ha noenlunde sikkerhet for at det vedkommende satser på slår til. Da landbruket som nevnt er og fremdeles i lange tider vil bli et typisk maskulint yrke, må det inntil dette forandrer seg radikalt være riktig å beholde den ordning som hittil har vært gjeldende på dette område. Å være radikal eller fremskrittvennlig betyr ikke at en på død og liv skal kaste vrak på all den erfaring våre fedre har gjort, men å gjennomføre endringene når de virkelig blir et fremskritt. Det er temmelig sannsynlig at en endring i odelsrekkefølgen på dette punkt vil gjøre avfolkningen i våre

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

fjord-, fjell- og kystbygder større fordi det vil innføre en enda større usikkerhet enn idag. Jeg legger i denne forbindelse ikke liten vekt på at den jevne bondekvinne, hun som i første rekke har skoen på, stort sett går inn for den nåværende ordning.

Det som her er sagt, må imidlertid ikke føre til at en kvinne som har vært hjemme og drevet bruket skal kunne fratras bruket av en bror som ikke har hatt noen arbeidsmessig tilknytning til bruket i voksen alder. Her bør reglene i §§ 20 og 21 komme inn.»

Av fråsegrner om andre spørsmål som gjeld prioriteten, skal ein nemme:

Fylkeslandbruksstyret i Vest-Agder meiner mindretalsframlegget til § 18 (Stray Ryssdal) bør leggjast til grunn, og likeeins mindretalsframlegget til § 17 (Nygard og Nærstad). Også *fylkesmannen i Nordland* stør mindretalsframlegget til § 18 (Stray Ryssdal). *Fylkeslandbruksstyret i Rogaland* stør mindretalsframlegget til § 17 (Nygard og Nærstad) og § 18 (Stray Ryssdal). *Skogbruksforeningen av 1950* er «ytterst betenkt» over fleirtalsframlegget til § 18 og seier:

«Som fremholdt av mindretallet (s. 68) vil det medføre nye innskrenkninger i omsetningen av landbrukseiendom som det ikke hviler odel på og det vil kunne alvorlig hindre en rasjonalisering av eiendomsstrukturen.

Vi har ovenfor i pkt. 1 fremholdt det betenkkelige ved at odelsretten bidrar til å konservere en uheldig eiendomsstruktur. Sivillovbokutvalgets forslag når det gjelder eiendomsfordeling vil forsterke dette forhold. Vi må derfor bestemt advare mot forslaget og be det revurdert og omarbeidet. Det må under enhver omstendighet åpnes adgang til å fravike lovens regel hvor forholdene tilsier det.

Subsidiært slutter vi oss til mindretallet, hvis bemerkninger vi fullt ut kan underkrive.»

Det går fram av dei innkomne merknader at det er ulikt syn på om ein no bør gjennomføre rettsleg jamstilling mellom menn og kvinner i odelsretten.

Eit argument mot jamstilling som det har vore peika på i nokre av fråsegnene, er at det kan skapast tvil om kven av syskena som kjem til å ta over egedomen. Ein kan tenkje seg ein syskenflokk der det finst yngre søner, men dei kan ikkje vite om dei får ta over egedomen så lenge ei eldre syster ikkje har sagt frå om ho ynskjer å ta over. Her vil det truleg og få sitt å seie om den skikken held seg at kvinner i stor mon følgjer mannen når dei gifter seg. I så fall vil det kanskje kunne seiast å skape meir tvil enn no om kven av barna som vil ta over egedomen dersom det er ei dotter som har best odelsrett, og ein slik tvil vil vere til skade for odelsretten si oppgave; å ta vare på jorda for slekta.

Her kan ein likevel ikkje seie noko visst om verknaden av ein jamstillingsregel. Det kan

godt vere at når døtre får odelsrett på like line med søner, kan det føre til at dei i større mon enn no ynskjer å ta over odelsegedomen. Departementet finn iallfall ikkje dette argumentet så tungtvegande at det bør føre til at ein held oppe den regelen at søner får prioritet framom døtrene.

Argumentet om at jord- og skogbruk er eit mannfolkkyrke fordi det krev tunge løft og stor fysisk styrke, kan ein heller ikkje sjå er så tungtvegande i våre dagar at det gjer det rett å fråvike ein jamstillingsregel. Ein er her samd med Utvalet i at nye driftsformer i jord- og skogbruket har letta jamstillinga mellom menn og kvinner i så stor mon at det ikkje kan vere rett med ein lovregel som gjev døtre dårlegare odelsprioritet enn søner. Ein viser her til at det vil stå ei kvinne fritt om ho vil gje avkall på odelsretten til bate for ein yngre bror.

Departementet har etter dette kome til same resultat som Sivillovbokutvalet; at det bør innførast full jamstilling i odelsretten mellom menn og kvinner.

Ein er også samd med Utvalet i at eldste barnet bør ha best odelsrett, eit standpunkt som det ikkje har vore noko usemje om mellom høyringsinstansane når ein først skal bygge på kjønnsjamstilling.

Fylkeslandbruksstyra i Østfold og Oppland har gjort framlegg om at orda «med seg og si line» går ut i utkastet til § 16. I fråsegna frå *fylkeslandbruksstyret i Østfold* heiter det om dette:

«Odelsrekkefølgen bør som hovedregel følge de personer som antas å ha sterkest tilknytning til gården. Det må antas at odlerens egne barn som regel har en sterkere tilknytning til gården enn barnebarna. En kan tenke seg at eldste datter eller sønn til eieren flytter hjemmefra og får barn. Disse har kanskje aldri bodd på gården, men skal etter forslaget til § 16 ha bedre odelsrett enn eierens egne barn.

Etter någjeldende lov har jo i hvertfall yngre sønn bedre odelsrett enn eldre sønns døtre så lenge den eldre sønn ikke har tatt gården i besittelse (§ 3). Etter lovforslaget vil nå også eldre døtres barn gå foran yngre sønner. Fylkeslandbruksstyret vil derfor foreslå at setningen «Med seg og si line» utgår av § 16.

Det bør i så fall innarbeides et nytt ledd tilsvarende nåværende lovs § 3 om at dersom det er noen tilbake av den nærmeste odelsberettigedes linje som har tatt gården i besittelse, går ikke odel til noen fjernere linje.»

Fylkeslandbruksstyret i Oppland uttalar om spørsmålet:

«Fylkeslandbruksstyret er i tvil om § 16 første ledd bør gjennomføres slik utvalget foreslår. Om lovintensjonen går ut på ikke bare å bevare kontinuiteten, men også å medvirke til at gården overtas av den som antas best skikket til å drive den, er det trolig at odle-

rens egne barn har en sterkere tilknytning til gården enn barnebarna, som kanskje aldri har bodd der. Etter lovforslaget vil eldre døtres barn gå foran yngre sønner, mens etter nåværende lov har yngre sønn bedre odelsrett enn eldre sønns døtre så lenge den eldre sønn ikke har tatt gården i besittelse. Fylkeslandbruksstyret er derfor av den oppfatning at — «med seg og sin line» — bør gå ut av lovtæksten og at det innarbeides et nytt ledd tilsvarende nåværende lov § 3, a.)

Til disse fråsegnene skal departementet seie:

Utvalsutkastet byggjer på eit reint lineprinsipp. Ikkje berre det eldre barnet sjølv, men heile den eldre banelina har betre odelsrett enn barn nr. 2, og dette barnet si line osv. Denne prioritetsrekkefølgja vert fastlagt alt ved fødselen. Denne regelen, som byggjer på opprykkprinsippet, er lovteknisk klår og grei, og det vil normalt ikkje by på problem å avgjere kven som har best prioritet.

Også etter gjeldande rett går eldre føre yngre med seg og si line dersom det berre er mannlege etterkomarar. Ein yngre søn av odelseigaren har altså dårlegare rett enn ein søn søn etter ein eldre søn av odelseigaren. Utvalsframlegget fører dermed til same prioritetsrekkefølgje som i dag i eit slikt tilfelle. Det nye i Utvalet sitt framlegg samalikna med gjeldande rett er at døtre får same odelsprioritet som søner. Men det er ein konsekvens av kjønnsjamstellinga.

Det er for å bøte på urimelege resultat av di menn etter gjeldande rett har betre odelsprioritet enn kvinner, at odelslova i § 3 a har ein regel som supplerer prioritetsreglane i odelslova § 11. Regelen i § 3 a går ut på at når nokon har tatt over odelseigedom, går lina til overtakaren, anten det er mann eller kvinne, framom fjernare odelsrettshavarar. Dette fører til at eigaren si dotter (eller døtre) har betre prioritet enn mannlege etterkomarar i ei fjernare line (t. d. farbroren). Den historiske bakgrunnen for denne regelen var å bøte på urimelege fylgjer av den såkalla «farbrorregelen». Denne gjekk ut på at ein yngre bror til eigaren kunne krevje eigedomen utlagt til seg når eigaren døyde dersom eigaren ikkje hadde nokon søn. Sagt på ein annan måte må regelen i § 3 a kunne seiast å avbøte urimelege løysingar som kjønnskilnadsregelen skapte.

Etter departementet si meining vil den regelen som fylkeslandbruksstyra i Østfold og Oppland går inn for, føre med seg uvisse om kven som har best prioritet av etterkomarane. Så lenge faren (eigaren) sit med eigedomen, vil syskena ha prioritet etter alder. Dersom eldste barnet (A) døyr, ville ein slik regel føre til at nest eldste barnet (B) (og

eventuelle andre barn av eigaren) får betre odelsrett enn barna til A (barnebarna til eigaren). Dette sjølv om A (og hans (eldste) barn) har budd seg på å ta over eigedomen. B på si side kan ikkje — så lenge A lever — rekne med å få ta over eigedomen. Ei «horisontal» prioritetsrekkefølgje vil t. d. kunne skape uvisse for ektemake og barn til den eldste av syskena, som har budd seg på å ta over eigedomen, men enno ikkje blitt eigar. I fråsegnene framanfor er det peika på at eit yngre barn av eigaren regelmessig vil ha sterkare tilknytning til eigedomen enn eit barnebarn av eigaren (sjølv om barnebarnet er barn av eigarens eldre barn). Men sjølv om ein legg dette til grunn, er det i så fall ikkje noko nytt i høve til situasjonen i dag der det berre er mannlege etterkomarar.

Etter dette er departementet samd med Utvalet i at ein bør byggje odelsprioriteten på eit reint lineprinsipp. I dei tilfelle der prioritetsreglane fører til urimelege resultat, får ein bruke reglane som gjev høve til å gjere avvik frå prioritetsrekkefølgja (§ 21).

c. Særleg om odelsrett for barn utanom ekteskap.

Når det gjeld barn utanom ekteskap, så har dei etter reglane i dag ikkje odelsrett til eigedom i farsslekta, med mindre faren har lyst barnet i «Kuld og Kjøn» (odelslova § 2 andre stykket). Dette gjeld og med omsyn til odelseigedom som faren sjølv eig. Derimot har eit utanekteskapeleg barn odelsrett med vanleg prioritet til mora sin odelseigedom og til odelseigedom elles i morsslekta.

Fleirtalet i Utvalet (5 av 7) gjer framlegg om å gje utanekteskapelege barn odelsrett også etter faren og farsslekta i følgjande 2 tilfelle:

a) Når faren ved skriftleg fråsegn har fastsett at barnet skal ha odelsrett (svarar i prinsippet til regelen om lysing i kull og kjøn i odelslova § 2).

b) Når barnet har vakse opp på odelsgarden eller hjå faren (sjølv om faren ikkje har fastsett noko om det).

I praksis må ein vel stort sett rekne med at det nettopp er i dei tilfelle som nemnt under pkt. b) at faren vil gje barnet odelsrett. Fleirtalsframlegget vil difor truleg ikkje betre stillinga for dei utanekteskapelege barna i særleg mon. Det fangar opp dei tilfelle der faren har forsømt å la sin vilje kome til uttrykk, samstundes som den formelle framgangsmåten vert enklare. Dette kan vere viktig nok, men noko prinsipiell omlegging fører som nemnt ikkje fleirtalsframlegget til.

Mindretalet i Utvalet (2 av 7) gjer fram-

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

legg om at barn utanom ekteskap skal få odelsrett etter foreldra på same måte som barn i ekteskap.

Ikkje alle høyringsinstansane har kome inn på spørsmålet om den odelsrettslege stillinga for barn fødde utanom ekteskap. Av dei fråsegnene som har kome inn på spørsmålet, gjev ein att fylgjande merknader:

Forbruker- og administrasjonsdepartementet uttalar:

«Departementet slutter seg prinsipielt til mindretallet, idet den mener at barn født i og utenfor ekteskap bør stilles likt.

Urimelige eller uforutsette situasjoner vil også kunne inntreffe i relasjon til andre odelsberettigede, og bør løses ved generelle lempningsregler slik som utkastets §§ 21 og 46 femte ledd. Ytterligere pekes på at konflikter også vil forekomme i dødsbo hvor en arving er født utenfor ekteskap. I arveretten ellers har en likevel latt hensynet til lik behandling av barn født i og utenfor ekteskap veie tyngst. På denne bakgrunn er det dette departements oppfatning at det neppe er grunn til å stille barn utenfor ekteskap i en særstilling når det gjelder odelsretten.»

Norges Bondelag har denne merknaden:

«Norges Bondelag slutter seg til flertallets forslag når det gjelder odelsrett for barn født utenom ekteskap.... En er her inne på et område hvor sterke følelsesmessige faktorer gjør seg gjeldende, og en tror at alle forhold tatt i betraktning, er flertallets forslag i alternativ I det beste.»

Norges Bondekvinnelag, som har hatt røysing mellom medlemene mellom anna om dette spørsmålet, uttalar:

«Når det gjelder spørsmålet om den odelsrettslige og åsetesrettslige stilling for barn utenfor ekteskap, har den alt overveiende del av de av Norges Bondekvinnelags medlemmer som deltok i avstemningen sluttet seg til det syn som flertallet i Sivillovbokutvalet gir uttrykk for.»

Den Norske Advokatforening går inn for framlegget frå mindretallet i Sivillovbokutvalet.

Det same gjer *Norske Kommuners Sentralforbund, fylkeslandbruksstyra i Troms, Vest-Agder og Rogaland, fylkesmannen i Sør-Trøndelag, Norges Bygdeungdomslag og byfogden i Bergen*.

Desse stør fleirtalsframlegget: *Fylkeslandbruksstyra i Oppland, Nord-Trøndelag, Finnmark, Hedmark, Vestfold, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag, Skogbruksforeningen av 1950 og fylkesmennene i Nordland og i Aust-Agder*.

Departementet meiner ein no bør gje barn fødde utanom ekteskap odelsrett også etter faren og farsslekta utan vidare. Det som det kan vere tvil om er prioriteten for sær-

kullsbarn i det heile, altså også barn som odelsrettshavaren har i eit tidlegare ekteskap.

På same måte som fleirtalet i Utvalet, gjer departementet framlegg om at fellesbarn får betre prioritet enn særkullsbarn til samodla jord, jfr. § 13. Eit eldre særkullsbarn vil altså her måtte stå tilbake for sine yngre halvsysken.

Når det så gjeld eige-dom som berre ein av ektemakane har odelsrett til (som er det vanlege), og det er spørsmål om prioriteten mellom vedkomande ektefelle sine barn (fellesbarn i ekteskapet, særkullsbarn frå tidlegare ekteskap og eventuelle barn fødde utanom ekteskap), er departementet kome til at barna bør ha prioritet etter alder — utan omsyn til barna sin fødselsmessige status elles. Men i og med at odelsretten byggjer på tilknytning til slekts-garden, vil det vere lite rimeleg om eit barn som har vakse opp der skulle bli trengt til side av eit eldre barn som heilt eller hovudsakleg manglar tilknytning til eige-dommen.

Gjeld det spørsmål om førerrett til faren sin odelsgard, bør difor særkullsbarn som ikkje har vakse opp på garden stå tilbake for barn som har vakse opp på garden. I praksis vil ein slik regel føre til at t.d. barn fødde i ekteskap får førerrett til faren sin odelsgard i og med at eit barn født utanom ekteskap i regelen er hos mora.

Departementet har voge på om ein burde gje ein særskilt heimel i sjølvve lova om at når det gjeld jord som vedkomande far/mor er eigar av skal barn som har vakse opp på eige-dommen ha førerrett andsynes barn som saknar slik tilknytning til eige-dommen. Men mot ein slik lovregel kan det truleg gjerast den motsegn at det i visse høve kan vere uklårt om eit barn har «vakse opp» på eige-dommen. Av den grunn synes det mindre heldig å knyte ein skarp lovregel til eit slikt kriterium.

Departementet er etter dette kome til at det må vere tilstrekkeleg å byggje på den føresetnad at den generelle heimelen i § 21 vert nytta til å nekte odelsløy-sing når eit eldre barn utan tilknytning til garden krev odelsløy-sing mot ein yngre bror eller syster (eller halvsysken) som har slik tilknytning. På same måte reknar ein med at eit slikt barn normalt ikkje får utlagt odelseige-dom etter faren eller mora på skifte i ein tilsvarande situasjon.

Det som her er sagt om avvik frå prioritetsrekkefølga for særkullsbarn, tar berre sikte på prioritetsavvik mellom sysken eller halvsysken og deira liner (adoptivbarn medrekna). Er det derimot spørsmål om å gjere avvik frå prioritetsrekkefølga elles til skade for eit særkullsbarn som saknar tilknytning til garden (dvs. i konkurranse med andre odelsrettshavarar enn sysken/halvsysken), bør spørsmålet

om å nekte løysing stå i same stilling som andre tilfelle der det kan vere spørsmål om å bruke § 21, sjå nærare avsnitt II punkt 4.

Når det gjeld utanekteskapelege barn fødde før 1 januar 1917, viser ein til § 58 og særmerknader til den paragrafen.

d. Særleg om odelsrett for adoptivbarn.

Når det gjeld odelsrett for adoptivbarn er situasjonen etter gjeldande rett at adoptivbarnet ikkje har odelsrett etter adoptivforeldra eller adoptivforeldra si slekt. Derimot står odelsretten for adoptivbarnet i barnet si biologiske slekt ved lag også etter ein adopsjon. I odelsrettsleg samanheng får altså adopsjonen som utgangspunkt ikkje verknad for barn som vert adoptert. Adopsjonen fører likevel til at eit adoptivbarn ikkje kan drivast bort frå ein eigedom det har teke over frå adoptivforeldra dersom adoptivbarnet har budd på garden i minst 10 år etter adopsjonen. Sameleis kan ikkje ein odelsrettshavar hindre adoptivbarnet i å ta over adoptivforeldra sin eigen odelseigedom på arveskifte etter adoptanten. Om adoptivbarnet si odelsrettslege stode viser ein elles til adopsjonslova § 17 og Rådsegna s. 21 og s. 60—62.

Fleirtalet i Utvalet (5 av 7) gjer framlegg om at adoptivbarnet får odelsrett til adoptivforeldra sin eigen eigedom når det har budd 10 år på garden, utan at det krevst at barnet har budd der 10 år etter adopsjonen. Men barnet får etter utvalsframlegget ikkje odelsrett til annan eigedom i adoptivslekta. Når det gjeld prioriteten til adoptivforeldra sin eigedom, får adoptivbarnet prioritet etter adoptivforeldra sine egne barn og deira livsarvingar. Ved testament eller skriftleg fråsegn kan adoptivforeldra gje adoptivbarnet plass i den vanlege odelsrekkefølgja, men med prioritet etter adopsjonstidspunktet.

Fleirtalet gjer ikkje framlegg om endring når det gjeld odelsrett som barnet har i si eiga biologiske slekt.

Mindretalet i Utvalet (2 av 7) gjer framlegg om at adoptivbarn får same odelsrett som andre barn etter sine foreldre. Barnet vil då få odelsrett på line med andre etterkomarar og med prioritet etter barnas alder.

Av dei fråsegner som er kome inn om dette spørsmålet, skal departementet gje att følgjande:

Forbruker- og administrasjonsdepartementet uttalar:

«Departementet vil også her slutte seg til mindretallets syn, idet en finner at dette syn mest er i overensstemmelse med tanken bak adopsjonsinstituttet og den viljeshandling en adopsjon er uttrykk for.»

Norges Bondelag har denne merknaden:

«Norges Bondelag slutter seg til flertallets forslag når det gjelder odelsrett for adoptivbarn. En er her inne på et område hvor sterke følelsesmessige faktorer gjør seg gjeldende, og en tror at alle forhold tatt i betraktning, er flertallets forslag i alternativ I det beste.»

Norges Bondekvinnelag, som har hatt røysing mellom medlemene mellom anna om dette spørsmålet, uttalar:

«Når det gjelder adoptivbarn ble også resultatet av avstemningen at et flertall sluttet seg til flertallet i Sivillovbokutvalets forslag, men det er adskillige som deler mindretallets syn på dette punkt.»

Den Norske Advokatforening uttalar:

«En kan forstå flertallet når det vil ha en sikkerhetsventil. Det kan jo tenkes at adopsjonen viser seg forfeilet. Allikevel er nærværende utvalg tilbøyelig til å følge mindretallet også her. Gjennom adopsjonen er det ment skapt et varig og fullverdig forhold mellom barnet og adopsjonsforeldrene, og intet bør foreligge som skal kunne gjøre dette forhold mindreverdige sammenliknet med det som foreligger mellom barn og rette foreldre. Er der i familien også barn født av adoptantene, ville det oppstå en lite ønskelig situasjon om materiellrettslige regler skulle kunne skape disharmoni i familien.»

Norske Kommuners Sentralforbund stør framlegget frå mindretalet i Sivillovbokutvalet.

Det same gjer *fylkeslandbruksstyra i Akershus og Troms*, likevel slik at prioriteten bør reknast etter adopsjonstidspunktet.

Desse stør fleirtalsframlegget: *Fylkeslandbruksstyra i Hedmark, Vestfold, Møre og Romsdal, Nord-Trøndelag og Finnmark, og fylkesmennene i Aust-Agder og Nordland.*

Desse stør mindretalet i utvalet: *Fylkeslandbruksstyra i Vest-Agder og Rogaland, fylkesmannen i Sor-Trøndelag, Norges Bygdeungdomslag og byfogden i Bergen.*

Skogbruksforeningen av 1950 uttalar:

«Forslaget fra Utvalgets flertall reiser imidlertid et spørsmål som ikke kan sees å være vurdert. Det melder seg forøvrig med enda langt større styrke i forbindelse med de regler Utvalget foreslår om bo- og driveplikt (§§ 21, 22, 45). Ved rene skogeiendommer har det i regelen ingen hensikt at eieren bosetter seg på selve eiendommen. Ofte er det helt upraktisk, undertiden ikke engang mulig. I disse tilfeller vil det derfor være urimelig å forlange at adoptivbarnet har «budd på garden i 10 år». Det må være tilstrekkelig at det har bodd hos sine adoptivforeldre så lenge.

Med denne reservasjon tiltrer vi flertallets forslag og begrunnelsen for det.»

Fylkesmannen i Aust-Agder har denne merknaden:

«Det er heller ikke drøftet eller tatt standpunkt til adoptivbarnets odelsrettslige stilling

i forhold til sin biologiske ætt. — Etter at «sterk adopsjon» er gjennomført som eneste adopsjonsform, synes det å være liten grunn til å la den adopterte beholde sin odelsrett. Adopsjon medfører oftest et totalt brudd med slekten. I alle fall må det være klart at odelshevd som fullføres i den adoptertes slekt etter adopsjonen, ikke kan få noen konsekvens for den adopterte.»

Foreningen Adopsjonsopplysning uttalar:

«Over hele verden pågår idag et arbeid for å oppnå almindelig tilslutning til prinsippet om like rettigheter for alle uansett rase, religion, fødested og familiebakgrunn. Prinsippet kommer bl. a. klart til uttrykk i FN's Menneskerettighetserklæring. Norge har i forskjellige sammenheng støttet dette prinsipp, også i internasjonale fora.

I et slikt perspektiv må det virke uheldig og inkonsekvent om Norge opprettholder en lovgivning som uttrykker et diskriminerende syn på adopterte i forhold til egne fødte barn. Ikke minst vil slik diskriminering virke uheldig på tillitsforholdet overfor de land hvorfra foreldreløse barn adopteres til Norge.

En konsekvent holdning til de grunnleggende menneskerettigheter er etter vår oppfatning viktigere enn de praktiske detaljinnvendinger som kan gjøres, og som kan motvirkes ved en grundig behandling av de enkelte adopsjonssaker.

Det er vår overbevisning at bare en fullstendig likestilling mellom adopterte og egne fødte vil være et korrekt uttrykk for Norges offisielle syn på likhet og menneskerett.

På denne bakgrunn tillater vi oss å støtte mindretallets forslag: alt. II til § 15, alt. II til § 16 og alt. II til § 46.»

Departementet har kome til at ein no bør gjennomføre full jamstilling for adoptivbarn i høve til andre barn når det gjeld odels- og åsetesrett, og ein er difor samd med mindretallet i Utvalet på dette punktet. Adoptivbarnet får altså etter framlegget frå departementet odelsrett etter adoptivforeldra og deira slekt på same måte som andre barn etter sine foreldre, likevel slik at prioriteten bør reknast frå adopsjonstidspunktet. Ein kan ikkje sjå at det er grunnlag for ein unataksregel her når det gjeld den normale verknaden av familieskifte for barnet som vert adoptert. Den eller dei som adopterer eit barn, ynskjer vel også at barnet skal få same rettsstoda som om dei også biologisk hadde vore foreldre til barnet. Dette tykkjest vere heilt klart i den normale situasjon at foreldra ikkje har egne fødte barn. Då må ein kunne gå ut frå som sjølvsagt at dei vil at barnet skal ha odels- og åsetesrett til eige-dom dei sjølv eig. Men det er lite grunn til at noko anna skal gjelde om adoptivforeldra seinare skulle få barn sjølv: Det er i seg sjølv uheldig at eit barn som frå fyrst har best rett skal bli sett tilbake av di eit anna barn vert fødd seinare, — det kan m.a. skape grunnlag for uvilje mot det yngre barnet. Når ein ikkje

har nokon slik regel elles i odelsretten, ville det samsvare lite med dei synsmåtane som i dag rår på rettsverknaden av adopsjon å ha ein særregel her for adoptivbarn.

Adoptivbarn vil etter framlegget få same odelsrettslege stilling som andre barn også i høve til eigedom som andre i adoptivslekta enn adoptivforeldra eig. Også her meiner departementet ein får trekkje konsekvensen av jamstillingssynspunktet, sjølv om det rett nok er så at dette ikkje kan grunnjevast med kva siktemål adoptivforeldrene sjølv normalt har med adopsjonen.

Tilknyttinga til ein eigedom som andre slektingar eig, vil normalt vere den same anten barnet er adoptert eller ikkje. Adopsjon skjer også til vanleg medan barnet er lite. Det vil difor normalt ha fått same tilknytting til slekta som andre barn, bortsett frå at tilknyttinga her blir etablert først ved adopsjonen. Dette siste tek ein omsyn til ved å gje adoptivbarn prioritet etter adopsjonstidspunktet.

At dei andre i adoptivslekta kan tenkjast å ville halde eit adoptivbarn utanfor i tevlinga om ein eigedom som ikkje tilhøyrer eller har tilhøyrte adoptivforeldra, kan ein nok ikkje sjå bort frå. Men etter det departementet meiner, kan slike omsyn ikkje vere avgjerande. Slikt kan førekome også i høve til ektefødde barn med odelsrett. Situasjonen kan og tenkjast å vere den at nokon i slekta nettopp ynskjer å overføre ein eigedom til adoptivbarnet. I så fall ville ein regel om førerett for ektefødde barn kunne stille seg hindrande i vegen for dette.

Samstundes som adoptivbarnet får full odelsrettsleg jamstilling med egne fødte barn i høve til adoptanten og hans slekt, bør adoptivbarnet sin odelsrett i barnet si biologiske slekt falle bort. Departementet meiner dette er ein naturleg konsekvens av at adoptivbarnet no får odelsrett etter adoptivforeldra og deira slekt. Ein regel om dette er teke inn i lovutkastet (§ 9).

Ein viser elles til dei særskilde merknader til §§ 9, 12 og 58.

4. Avgrensingar i løysingsretten.

Sivillovbokutvalet har i Rådsegna gjort framlegg om to nye reglar som grip inn i den vanlege prioritetsrekkefølgja mellom odelsrettshavarane. Den første regelen (§ 20) gjev ein eigar av odelsjord høve til å gripe inn i den vanlege prioritetsrekkefølgja i barneflokk. Etter utkastet vil foreldra få høve til å tvinge fram ei avklåring om eit eldre barn (og i tilfelle barn av det eldre barnet) vil gjere bruk av odelsretten i eit tilfelle der foreldra ynskjer å skøyte eigedomen over til

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

eit yngre barn. Føresegna gjev berre høve til å påverke prioritetsrekkefølgja mellom eigaren sine barn og deira barn. Skal prioritetsrekkefølgja elles fråvikast, må det i tilfelle skje ved fråskrivning etter § 25 eller ved at odelsløyising vert nekta med heimel i § 21, sjå nedanfor.

Etter framlegget frå Utvalet til § 20 vil ein eigar av odelsjord som vil avhende eigedomen til eit yngre barn, få høve til å setje ein frist for dei eldre barna til å seie frå om dei ynskjer å ta over eigedomen på same vilkåra. Tilbodet til og svaret frå dei eldre barna skal vere skriftleg, og dei skal få ei omrømingstid på minst 6 månader. Dersom dei ikkje har noko å merke og avhendinga vert gjennomført, vert dei i odelsrekkefølgja ståande etter den som overtar eigedomen på dei fastsette vilkåra.

Dersom nokon av dei eldre barna ynskjer å gå inn i kjøpetilbodet, er eigaren etter framlegget ikkje bunden til å gjennomføre sal til nokon av dei. Han kan altså la vere å gjennomføre sal i det heile, han kan selje til den eller dei eldre som ynskjer å gå inn i tilbodet, eller han kan gjennomføre salet til det yngre barnet sjølv om han no har fått vite at nokon av dei eldre barna også ynskjer å ta over eigedomen. Den eller dei eldre får då i tilfelle gå til løysingssak. Om løysing fører fram, vil avhenge av om retten vil nekte løysing etter utkastet til § 21, sjå nedanfor.

Om bakgrunnen for framlegget til § 20 har Utvalet m.a. halde fram (Rådsegna s. 69):

«Bakgrunnen for regelen er den usikre stoda partane er i når foreldre står i ferd med å gje frå seg ein odelseigedom til eitt av dei yngre barna. Det vil ikkje alltid vere klårt om disposisjonen vil bli respektert av dei eldre syskena, slik at dei ikkje etterpå går til løysingssak og løyser eigedomen frå overtakaren. Det er ein naturleg tanke at foreldre så langt råd er freistar å ordne det slik at det ikkje skal bli tvist mellom barna om retten til eigedomen. Også omsynet til overtakaren synest å tale for at han bør kunne rekne med å få bli sitjande med eigedomen etter at han først har fått overta den. Må han likevel gje den frå seg til nokon av dei eldre syskena, vil han vere best tent med at overføringa skjer beinveges frå foreldra til den eldre.»

Utvalet har elles peika på at grunngevinga for ein slik «interpellasjonsregel» er at foreldra på denne måten får eit middel til å få klårlagt på førehand om eit eldre barn ynskjer å ta over eigedomen. Dermed får dei også klårlagt om det kan bli tvist mellom barna, og dei kan eventuelt få høve til å ordne det slik at ein unngår tvist. Dei får også høve til ei nærare vurdering av om det eldre barnet vil vinne ei eventuell løysingssak.

Om dei innvendingar som kan reisast mot

regelen, seier Utvalet m.a. (Rådsegna s. 69 sp. 2):

«Den grip inn i dei eldre syskena si rettsstode ved at desse får ei kortare omrømingstid enn odelsrettshavarar elles har krav på. Dessutan kan ein seie at regelen gjev eit visst høve til misbruk i tilfelle då eigaren og eit yngre barn går saman om å ville setje eit eldre barn utanfor: eigaren kan då setje fram kjøpetilbod på eit tidspunkt då han veit at den eldre ikkje vil kunne akseptere det innan ein så kort frist som paragrafen set.

Den andre nye regelen som Utvalet gjer framlegg om, og som skal bøte på uheldige og urimelege resultat av odelsrettshavarane sin løysingsrett, er § 21 i Utvalet sitt lovutkast. Denne føresegna gjer unntak frå den absolutte løysingsretten som ein betre odels-havar har etter gjeldande rett. Etter utkastet vil det verte høve for retten til å nekte odelsløyising etter ei skjønsmessig vurdering. Om dette heiter det i Rådsegna (s. 41):

«At retten til odelsløyising vert gjort avhengig av ei skjønsmessig vurdering er eit nytt prinsipp i odelsretten, og dei motsegnene som kan reisast mot ein slik regel ligg nok så klårt i dagen. Men i dei situasjonane der § 21 kjem inn, er det allmenn semje om at gjeldande lov er heilt utilfredsstillande, og det er som nemnt nettopp mishøve som følgje av den absolutte løysingsretten dei hardaste åta-ka mot odelsretten har vore grunnjevne med. Ei odelslovreform som ikkje prøvde å finne ei betre løysing på dei konfliktsituasjonane ein her har med å gjere ville vere av liten verdi. Problemet kan ikkje løysast ved ei endring av prioritetsreglane, så lenge ein vil halde på ei fast prioritetsrekkefølgje mellom dei som har odelsrett. Heller ikkje kan ein få ei fullnøyande løysing ved å knytte allmenne vilkår om t.d. buplikt til løysingsretten — det kan vere urimeleg å la ein eldre få drive ein yngre bort endå om den eldre er viljug til å busetje seg på eigedomen.»

Som grunngeving for regelen er det elles peika på at det i våre dagar kan vere naturleg at foreldra skøyter garden til eit yngre barn som har vorte verande heime når det eldste barnet er flytta frå heimen og har etablert seg i eit anna yrke. Det vil då kunne verke urimeleg om den eldste i kraft av odelsrett kunne løyse eigedomen frå den yngre eller få førerrett til eigedomen på skifte. Det er slike urimelege utslag av odelsretten utkastet til § 21 tek sikte på å bøte på.

Om utkastet til § 20 og § 21 gjev ein att fylgjande av dei merknader som er komne inn:

Forbruker- og administrasjonsdepartementet uttalar om § 20:

«Her foreslås en ny regel som gir foreldre adgang til å tvinge fram et bindende svar fra de eldre barna dersom foreldrene ønsker å overdra odelsjord til et yngre barn. En gir sin

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

tilslutning til begrunnelsen for denne interpellasjonsregel, som vil hindre senere løsnings sak mellom barna.»

Norges Bondelag har denne merknaden:

«Norges Bondelag mener at den «interpellasjonsadgang» som Sivillovbokutvalet foreslår i § 20, i stor grad vil kunne ivareta rimelige avvik fra prioritetslinjen der hvor forholdene tilsier det. Norges Bondelag er enig i at en slik ordning innføres, men vil likevel understreke at det må tilføyes bestemmelser som sikrer mot urimelig behandling mellom søsken.

.....
I tillegg til det som er nevnt foran, finner Norges Bondelag at svarfristen minst 6 måneder er for kort.

Norges Bondelag vil ikke ta noe bestemt standpunkt til på hvilken måte man bør søke å sikre mot en forfordeling mellom barn, men vil antyde at man kan gi domstolene, eventuelt overformynderiene, en kontrollierende myndighet.

Norges Bondelag vil ellers understreke at bruk av preferansebestemmelsene i § 21 er såvidt alvorlige at man må være ytterst varsom hvor det gjelder mindreårige og unge interessenter.»

Norges Skogeierforbund uttaler:

«Vi er tilfreds med at en odelsløsning kan prøves for retten, slik Utvalet har foreslått i § 21. En kan imidlertid spørre om det ikke like gjerne kunne innføres en generell adgang for retten til å nekte odelsløsning fordi den er klart urimelig. De tilfelle som er nevnt i § 21 første og annet ledd er de som er mest vanlige, og det er neppe grunn til å utelate andre.

.....
Utvalet har lagt større vekt på foreldrenes muligheter for å avgjøre hvilken av de odelsberettigede som skal overta, § 20. Vi er helt enige i at foreldrene på denne måte får innflytelse over dette. En kan imidlertid reise spørsmål om ikke denne rett for eieren burde gjøres mer generell enn foreslått, slik at den gjelder når det er aktuelt med overdragelse til enhver odelsrettshaver.»

Norges Bondekvinnelag, som har hatt røysting mellom medlemene mellom anna om dette spørsmålet, har slike merknader:

«Det spørsmål som ble stillet om begrensning i retten til odelsløsning tar sikte på den nye regel som foreslås i lovutkastets § 20. Dette ble gjort klart i den orientering som fulgte med avstemningsspørsmålene. Avstemningen viste et overveldende flertall for å innføre en bestemmelse som den som er foreslått i § 20. Norges Bondekvinnelag er også enig i forslaget, men styret vil peke på at bestemmelsen må utbygges med regler som sikrer mot misbruk.

Særlig for mindreårige barn kan det være nesten umulig å ta et selvstendig standpunkt. Barnet har sjelden den nødvendige økonomiske uavhengighet, og ofte har ikke barnet den modenhet som er nødvendig for en slik avgjørelse.»

Den Norske Advokatforening uttaler om § 20:

«Utvalets forslag til § 20 kan nærværende utvalg ikke tiltre.

Først og fremst er det uheldig at en eier skal kunne bli enig med et yngre barn om salgsvilkår, som deretter den eldre må si ja eller nei til.

De eldre barn stilles her i en langt ugunstiger stilling, enn der hvor det skjer ordinær løsning etter takst. Det kan ikke være avgjørende at lovforslaget bygger på at salgsvilkårene skal regnes for «reelle og sakleg velgrunna». Muligheten for proforma-avtaler og proforma-tilbud foreligger, og det vil i praksis være særdeles problematisk å avgjøre om de avtalte vilkår skal regnes for reelle og saklig begrunnet.

Skulle regelen bli lovfestet, vil den kunne føre til en rekke opprivende prosesser mellom foreldre og barn, og søsken innbyrdes, når avtalte kjøpsvilkår skal vurderes på bakgrunn av Utvalets forslag.

Nærværende utvalg kan heller ikke se at det er noen reell grunn til å innføre denne interpellasjonsordning. Skal man først beholde odelsinstituttet, er det utvalgets oppfatning at man også får holde fast ved grunntanken, nemlig at det skal være en person som til enhver tid har den beste rett. Det vises for så vidt til Utvalets bemerkning på s. 64, 2. spalte hvor nettopp verdien av en slik fast regel understrekes.»

Om framlegget til § 21 seier *Den Norske Advokatforening* m.a.:

«Risikoen ved den foreslåtte bestemmelse ligger i at den i praksis utvides på et skjønnsmessig, kanskje følelsesbetont grunnlag. For å hindre dette, bør 2. setning «Omsyn kan mellom anna takast til . . . » endres til «Til dømes gjeld dette dersom den eldre har vore fråverande . . . osv». Det bør også overveies innført i bestemmelsen en regel om at tvil skal gå i odelsløserens favør. — H o v e d r e g e l e n må ikke tapes av syne. Dette kan uttrykkes f.eks. ved at ordet «tvillaust» settes inn foran «klårt urimeleg» i 1. ledd, 1. setning.

Nærværende utvalg har drøftet spørsmålet om begrensningen i 2. ledd bør opprettholdes. I praksis kan det være et legitimt behov for å nekte løsning også hvor eieren har overtatt eiendommen f.eks. etter en barnløs onkel som han har bodd hos og hjulpet i mange år. Det kan spørres om det overhodet er nødvendig å oppstille begrensning i vernet mot odelsløsning som vil virke «tvillaust klart urimeleg». En vil etter dette foreslå at § 21, 2. ledd formes slik:

«Odelsløsning kan også i andre tilfelle nekast mot ein eigar med nedervd odelsrett som har teke over egedomen, når det ville vere tvillaust klart urimeleg om løysingsmannen fekk drive eigaren bort.»

Norske Kommuners Sentralforbund og *fylkeslandbruksstyret i Akershus* støt Utvalet sine framlegg til §§ 20 og 21.

Fylkeslandbruksstyret i Østfold uttaler at det er samtd i «interpellasjonsregelen» i § 20, men nemner ikkje § 21.

Fylkeslandbruksstyret i Vestfold har gjeve slik fråsegn:

«Man er her inne på et helt nytt prinsipp, nemlig at det skal overlates til en skjønsmessig rettslig avgjørelse hvem som skal ha den beste odelsrett — eller m.a.o. hvordan prioritetsrekkefølgen skal vere. Etter någjeldende rett følger det umiddelbart av selve loven hvem som har beste rett, og dette skaper beregnelige og stabile forhold, slik at de det gjelder kan innrette seg etter forholdene og med større grad av sikkerhet forutse utviklingen. På grunn av vanskelighetene ved generasjonsskifte, endringene i befolkningsstrukturen og yrkesfordelingen, er det likevel slik at de någjeldende regler ofte virker til at eiendomsretten til gårdsbruk føres over til personer som ikke lenger har noen tilknytning til jordbruket. Det spørs likevel om ikke dette langt på veg kan motvirkes av «interpellasjonsregelen» og den foreslåtte ordning med bo- og bruksplikt for den som vil nyttiggjøre seg den særrett som odels- og åsetesretten innebærer.

Disse plikter bør gjelde for lengere tid og adgangen til dispensasjon bør vere trang.

En går ut fra at «interpellasjonsregelen» etterhvert vil bli den primære, men særleg i en overgangstid og for å unngå uheldige tildragelser på grunn av at eieren ikke nytter «interpellasjonsregelen» (brå dødsfall, gruer seg for å bruke den o.l.), mener en at en skjønsmessig rettslig avgjørelse om beste odelsrett kan vere nødvendig selv om regelen også kan ha sine betenkeligheter og ved en skjønsmessig avgjørelse vil det kunne tas hensyn til spesielle forhold som kan gjøre seg gjeldende i hvert enkelt tilfelle, og fornuftig praktisert kan den foreslåtte regel gi en fleksibel ordning, som gir mulighet for å finne fram til den beste løsning i hvert enkelt tilfelle.

Når det gjelder svarfristen for de eldre barn etter «interpellasjonsregelen», bør den vere minst 1 år.»

Fleirtalet (4—1) i *fylkeslandbrukslandbruksstyret i Sogn og Fjordane* går mot framlegget i § 21, men har ikkje sagt noko om § 20.

Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal har delt seg i Synet på dei føreslegne reglane i §§ 20 om «interpellasjonsrett» og 21 om høve til å nekte odelsløysing. Fleirtalet går inn for begge reglane, men eit mindretal på 1 går mot § 20 og eit mindretal på 2 går mot § 21.

Hordaland fylkesskogråd er samd i framlegget til § 20, men er i tvil om ikkje fristen på 6 månader gjev ei for kort omrømingstid. § 21 er ikkje nemnd i fråsegna.

Fylkesmannen i Aust-Agder meiner at opprekninga av einiskilde vurderingsmoment i § 21 bør gå ut, men har ikkje knytta nokon merknader til § 20.

Som det går fram av dei fråsegnene som er gjevne att framanfor, har Utvalet sine framlegg til §§ 20 og 21 jamnt over fått støtte frå dei institusjonar, organisasjonar m.m. som fekk Rådsegna til uttale.

Departementet er også samd med

Utvalet i at ein no bør få reglar som freistar å motverke urimelege resultat av ei fast prioritetsrekkefølge mellom odelsrettshavarane. Sjølv om ein held fast på ei prioritetsrekkefølge, slik at det skal vere ein person som til kvar tid skal ha beste odelsretten, treng ein ikkje gå så langt at det aldri kan gjerast unntak frå denne prioritetsrekkefølga.

Det er ein nokså nær samanheng mellom reglane i utkastet §§ 20 og 21. Føremålet med «interpellasjonsregelen» i § 20 er som alt nemnt å gje foreldra eit middel til å ordne eigedomsovergangen slik at det ikkje vert tvist mellom barna om retten til eigedomen. Dei eldre barna (og i tilfelle deira barn) kan tvingast til å seie frå, innan ein frist på 6 månader) om dei vil ta over eigedomen på visse vilkår eller bli ståande bak eit yngre barn som foreldra vil overføre eigedomen til. Etter § 21 kan retten nekte odelsløysing i visse tilfelle der løysing ville vere klårt urimeleg. Den sistnemnde regelen har ei vidare rekkjevidde enn «interpellasjonsregelen» i § 20, men kan og brukast i tilfelle der interpellasjon ikkje har ført fram, — ein kan t.d. tenkje seg at foreldra skøyter eigedomen til det yngre barnet trass i at eit eldre har sagt seg viljug til å ta over, eller at interpellasjonen fører til at foreldra vert sitjande med eigedomen til dei døyr og at tvisten så kjem opp på arveskiftet etter dei.

Departementet har teke opp begge desse framlegga frå Utvalet, og utan å gjere nemnande brigde i den utforming dei har i utvalsutkastet.

a) Særskilt mot interpellasjonsregelen i § 20 er det, som det går fram av dei innkomne fråsegnene, m.a. sagt at den kan gje foreldre høve til å lage vanskar for eit eldre barn som ynskjer å ta over eigedomen. Foreldra kan t.d. ta saka opp på eit uhøveleg tidspunkt for dei eldre barna. Ein kan også — som Advokatforeningen har peika på — tenkje seg proforma-avtaler og proforma-tilbod.

Til dette er å seie at foreldre også elles vil ha stor innverknad på om det eldre (eldste) barnet vil få høve til å ta over eigedomen dersom ein fyrst gjev høve til å fråvike aldersprioriteten. Det er nok her å vise til dei moment som er nemnde i § 21 når det er spørsmål om å nekte den eldre å løyse eigedomen av di resultatet vil verte «klårt urimeleg». Iallfall andsynes vaksne barn vil det vere opp til foreldra å avgjere kven av barna som får høve til å vere heime i det heile, jfr. at eit barn ikkje har noko rettskrav på evigvarande fostring. Også elles vil foreldra ha innverknad på barna si tilknytning til eigedomen og til drifta på eigedomen. Ein kan heller ikkje hindre at foreldra økonomisk vil hjelpe det

eine barnet, men ikkje andre som også yn-sker å ta over eigedomen.

Når det gjeld vilkåra i kjøpetilbodet, så vil altså det eldre barnet kunne få rettsleg prøvd om vilkåra er «reelle og sakleg velgrunna».

Dette må ein tru vil vere tilstrekkeleg til å hindre at foreldra og det yngre barnet når fram, om dei skulle prøve å setje dei eldre utanfor ved reine pro forma-transaksjonar. Meininga er at dei eldre ikkje skal vere bundne av overtakingsvilkår som er strengare enn dei ein må rekne med ville bli fastsett ved odelsstakst.

b) Retten til å nekte odelsløysing er i utvalsutkastet avgrensa til søksmål mot ein eigar med nedervd odelsrett som har teke over eigedomen frå slektningar i rett oppstigande line eller frå ein bror eller ei syster. Denne avgrensinga har departementet funne å burde ta bort. Dersom t.d. ein barnlaus farbror vil overføre ein eigedom til eit yngre brorbarn, vil etter utvalsframlegget retten ikkje kunne nekte løysing dersom eit anna brorbarn eller systerbarn med betre odelsrett enn overtakaren går til odels søksmål. Tenkjer ein seg at overføringa er meint som ei påskjøning frå farbroren til det yngre brorbarnet (t.d. for hjelp og tilsyn i alderdomen), synest det urimeleg at odelsløysing i eit slikt tilfelle ikkje skal kunne nektast. Departementet ser ingen fære ved å ta bort den avgrensinga som ligg i at overføring frå sysken av foreldra er halde utanom når det gjeld høve til å nekte odelsløysing.

At løysing berre skal kunne nektast når saksøkte har nedervd odelsrett, har etter det ein kan forstå ikkje nokon realitet. Det er visst berre odlaren sjølv som har odelsrett utan at den er nedervd, og mot han kan ingen gå til løysingssak i noko fall. Då den nemnde uttrykksmåten såleis ikkje tener til anna enn å skape tvil om det er høve til å nekte odelsløysing mot eit *adoptivbarn*, har departementet kome til at ordet «nedervd» i denne samanhengen med fordel kan takast bort.

Departementet har ikkje funne grunn til å gjere dei endringar som elles er nemnt i fråsegna frå Advokatforeningen.

Når det gjeld avvik frå odelsrekkefølga for særkullsbarn (særleg barn fødte utanom ekteskap) i medhald av § 21, viser ein til avsnitt II punkt 3 bokstav c.

Om §§ 20 og 21 viser ein elles til særmerk-nadene.

5. Om bu- og driveplikt.

Eit sentralt punkt i rådsegna frå Sivillov-bokutvalet er framlegget om at den som tar

over fast eigedom i medhald av odelsrett, skal ha plikt til for eit visst tidsrom å busetje seg på og drive eigedomen. Fleirtalet (5 av 7) gjer framlegg om at denne plikta skal gjelde i minst 5 år medan mindretalet (2 av 7) går inn for ein 10-års frist. Om denne nye regelen har Utvalet m.a. uttala (s. 41):

«Også dette er ein ny regel i odelsretten. Men den er etter utvalet sitt syn i godt sam-svar med grunntanken i odelsinstituttet: å verne om bøndene sin eigedomsrett til den jor-da dei dyrkar og driv og som både heim og yrke er knytt til. Ein kan prinsipielt sjå det slik at buplikt må vere eit minstevilkår for å kunne nytte odelsretten til skade for ein an-nan som har overteke eigedomen for å ha den som heim og leveveg. Tanken om å krevje at ein odelsløysar må binde seg til å bu på eige-domen ei viss tid er ikkje ny. Etter det utvalet kjenner til har den fått sterk tilslutning frå mange hald, endå om ein vel må rekne med at det er visse nyansar i synet på kva rekkje-vidde ein slik regel bør få. Ein kan nemne at m.a. Norges Bondelag har gått inn for å lov-feste ein allmenn regel om buplikt som vilkår for rett til odelsløysing.

Av naturlege grunnar kan eit krav om bu-plikt ikkje vere absolutt. For å nå føremålet med regelen ville det i og for seg vere til-strekkeleg at buplikt kunne krevjast i dei tilfelle retten fann grunn til det. Utvalet meiner likevel hovudregelen i lova bør vere at kravet om buplikt gjeld, men at retten kan gjere unntak etter å ha innhenta fråsegn frå fylkeslandbruksstyret.»

Utvalet har elles peika på at grunnlova § 107 ikkje kan vere til hinder for ein regel om at det reint allment skal gjelde krav om bu- og driveplikt som vilkår for all eigedoms-tileigning i kraft av odelsrett. Utvalet ser det prinsipielt slik at eit krav om bu- og drive-plikt har særleg gode grunnar for seg ved odelsløysing, der det normalt er spørsmål om å fordrive nokon som har tatt over eigedomen for å bu der og drive den. Eit krav om bu- og driveplikt vil då kunne hindre mis-bruk av løysingsretten. Kravet har etter Ut-valet si mening ikkje så sterke grunnar for seg når det gjeld bruk av odels- og åsetesrett på arveskifte. Det gjer likevel framlegg om tilsvarande reglar når ein eigedom på offent-leg arveskifte vert utlagd i kraft av odels- eller åsetesrett, og viser her til at bu- og dri-veplikt etter framlegget til konsesjonslov skal gjelde som eit allment vilkår for konse-sjonsfritak ved eigedomsovergang. Men Ut-valet meiner reglar om bu- og driveplikt ved odelsløysing og overtaking av eigedom på of-fentleg arveskifte høyrer heime i odelslova og ikkje i konsesjonslova. Dette mellom anna fordi retten bør avgjere om den som tar over eigedom i kraft av odelsrett, skal påleg-gjast bu- og driveplikt, jfr. her at det skal vere høve til å få dispensasjon frå bu- og dri-veplikta.

Eit mindretal i Utvalet (Stray Ryssdal) meiner barn bør få ta over den eigedom dei har vakse opp på utan krav om buplikt. Det heiter elles i særmerknadene frå dette medlem at når eit yngre barn har tatt over ein eigedom frå foreldra for å busetje seg der, er det rimeleg at det vert stilt krav om bu- og driveplikt til ein eldre bror eller syster som vil løyse eigedomen på odell frå den yngre. Når barn elles vil ta over odelseigedom som foreldra har ått, vil det derimot ikkje vere rimeleg å stille krav om buplikt. Det er her m.a. vist til at svært få bruk kan livnære meir enn ein huslyd, og at ingen odelsretts-havar kan sitje og vente på at ein odelseigedom skal bli ledig. Det er vidare vist til at det i stor mon er naudsynleg med attåtinntekt for at ein eigedom skal gje næringsgrunnlag for ein huslyd.

Når fjernare odelsrettshavarar enn barn etter siste eigaren vil gjere odelsrett gjeldande, gjer dette medlem framlegg om at det bør stillast krav om buplikt i fylgjande tilfelle:

«a) når odelsretten vert gjort gjeldande på eit skifte, og ein annan med dårlegare odelsrett ønskjer å ta over eigedomen for å busetje seg der,

b) når ein odelsrettshavar ved odels søksmål vil ta over eigedom frå ein ny eigar som har busett seg der.»

Då rådsegna vart send ut til uttale, vart det peika på m.a. framlegget om bu- og driveplikt som vilkår for bruk av odels- og åsetesrett.

Eit stort fleirtal av høyringsinstansane har gått inn for framlegget om at det skal innførast bu- og driveplikt som vilkår for å ta over fast eigedom i medhald av odelsrett. Dette gjeld m.a. *Norges Bondelag, Norsk Bondelag og Smaabrukarlag, Norges Skogeierforbund, Norske Kommuners Sentralforbund, Norges Bondekvinnelag, alle fylkeslandbruksstyra og alle fylkesskogråd* som har kome med uttale om dette spørsmålet.

Frå dei innkomne fråsegnene som har gått inn for bu- og driveplikt, gjev ein att fylgjande:

Landbruksdepartementet uttalar:

«Departementet er enig i at bu- og driveplikt settes som vilkår for odelsløsning. Minstekravet for driveplikten bør etter departementets mening helst settes til 10 år. I denne forbindelse vil departementet uttale at det bør etableres en samfunnsmessig kontroll med at bu- og driveplikten etterkommes og vil anta at denne kontroll mest hensiktsmessig bør legges til jordstyrene.»

Landbruksdepartementet har elles sagt seg samd i at det «i visse høve åpnes adgang til dispensasjon fra boplikt- og drivepliktkravet», men meiner at retten til å gje fritak ikkje

bør leggjast til domstolane. Som grunngeving for dette heiter det i fråsegna:

«Etter departementets mening er bo- og drivepliktens primære målsetting å oppnå at eier- og bruksforhold når det gjelder jord- og skogbrukseiendommer i størst mulig grad baseres på en selveiende bondestand som selv aktivt driver sine eiendommer. Det er den aktuelle erververs eget forhold, objektivt bedømt i relasjon til den aktuelle eiendom som først og fremst bør være avgjørende. Landbruksdepartementet kan for sin del ikke anse det tvilsomt at vurderinger av denne karakter har landbruksmyndighetene de beste forutsetninger for å foreta, både faglig og med hensyn til en objektiv og enhetlig praksis. En deler således ikke Sivillovbokutvalets bekymring overfor muligheten av å overlate disse avgjørelser til forvaltningen. En kan heller ikke innse at det er prinsipielt betenkelig at gjennomføring av avgjørelser truffet av en domstol i en tvist mellom private parter i visse tilfelle er betinget av en eller annen form for tillatelse, dispensasjon eller lignende gitt av administrasjonen.»

Forbruker- og administrasjonsdepartementet uttalar:

«Dette departement er enig i at det blir innført regler om bo- og driveplikt som et generelt vilkår for bruk av odels- og åsetesrett (med adgang til dispensasjon). Derved sikrer en seg at den berettigede må foreta et valg og avgjøre om han/hun ønsker å overta driften av gården.

I merknadene til § 21 sier utvalget bl.a. at påbudet må tolkes slik at driften må skje «for løysingsmannen si rekning: realitetsinnholdet i drivepliktkravet vert då eit forbod mot forpaktning i 5 (10) år, (jfr. den någjeldande reglen i § 76 i skjønsløva).

En finner denne forutsetning vesentlig for at bestemmelsene skal oppfylle sin hensikt.

Når det gjelder tidsfristen for bo- og driveplikt, slutter en seg til mindretallets forslag om minst 10 år.»

Norges Bondelag uttalar:

«Norges Bondelag er enig med mindretallet i at bo- og driveplikt pålegges for minst 10 år, men vil påpeke at det av teksten i § 21 — 3. avsnitt — ikke går klart fram om plikten gjelder både å bo på og drive garden i det foreslåtte tidsrom.

Norges Bondelag er enig med Sivillovbokutvalet i at bo- og driftsplikt er i godt samsvar med grunntanken i odelsinstituttet:

«å verne om bøndene sin eigedomsrett til den jorda dei dyrkar og driv og som både heim og yrke er knytt til.»

Det synes naturlig og riktig at spørsmål i tilknytning til bestemmelsen om bo- og driftsplikt avgjøres av domstolene i hvert enkelt tilfelle når det gjelder odelsløsning og eiendomsovertakelse på offentlig skifte.

Etter Norges Bondelags oppfatning bør unntaksbestemmelsene for bo- og driftsplikten hovedsakelig knyttes til forhold av personlig karakter, hvor vesentlige grunner taler for at eieren inntil videre ikke kan bosette seg på eiendommen og drive den.

Det synes uklart hvordan odelsrettshavarens stilling blir i de tilfeller da bo- og driftsplikten ikke overholdes av den best odelsberettigede. Etter Norges Bondelags oppfatning må det tas inn bestemmelser som sikrer de øvrige odelsrettshavere i nevnte tilfeller, uten at saken går om konsesjonsmyndighetene, eller at odelsfrigjøring må gjøres gjeldende.»

Norges Bondekvinnelag har gjeve denne fråsegnen:

«Norges Bondekvinnelag finner det rimelig at den som gjør bruk av sin odelsrett til odelsløsning må være forpliktet til å bo på og å drive odelseiendommen. Når det gjelder spørsmålet om hvor lang tidsperiode man her skal gjøre bruk av, er det noen forskjell i oppfatningen, men de aller fleste av Norges Bondekvinnelags medlemmer som har deltatt i avstemningen, ønsker bo- og bruksplikten satt til 10 år. Norges Bondekvinnelag vil ellers bemerke at Rådsegn 10 er noe uklar når det gjelder spørsmålet om både bo- og driftsplikt skal begrenses til 10 år.»

Norsk Bonde- og Smaabrukarlag uttalar:

«Om den foreslåtte bo- og driveplikt må det likevel spesielt understrekes at kravene ikke bør settes strengere enn 1 år for tilflytting av eiendommen og at vedkommende har plikt til å drive i 5 år. Det er også særlig viktig at det blir lagt tilstrekkelig vekt på bruksstørrelse, avkastningsevne og husforhold i praktiseringen av bo- og bruksplikten. Vi tenker her spesielt på de forhold vi har omtalt tidligere om deltidjordbruk, og må sterkt presisere at bo- og driveplikten til enhver tid må praktiseres slik at naturlige og nødvendige yrkeskombinasjoner ikke er til hinder for odelsløsning.»

Norges Skogeierforbund uttalar:

«Vi er også enige i at bo- og driftsplikt kan settes som vilkår for odelsløsning. Bo- og driftsplikten bør settes til minst 10 år, i samsvarende med mindretallets forslag.

Vi har ellers merket oss at bestemmelsene om bo- og driftsplikt etter forslaget gjelder i to tilfelle — ved odelsløsning og ved offentlig skifte. For flertallet av overtagerer — hvor den best odelsberettigede overtar etter foreldrene — gjelder den ikke, mens konsesjonsfrihet etter forslaget til ny konsesjonslov bortfaller hvis ikke erververen bosetter seg på eiendommen og driver den i minst 5 år. At denne plikt i visse tilfelle kreves både av domstoler og landbruksmyndigheter, i andre tilfelle av landbruksmyndighetene alene, er av de spørsmål vi mener burde vurderes under ett av lovgivende myndigheter, ut fra en prinsipiell avklaring av forhold mellom odelsinstitutt og konsesjonsinstitutt.»

Norske Kommuners Sentralforbund uttalar:

«Forbundet slutter seg her til mindretallets forslag om bo- og driveplikt på 10 år. Det må imidlertid være adgang til å gi dispensasjon fra bo- og driveplikten slik som foreslått av utvalget.»

I same lei går utsegner frå fylkeslandbruksstyra i Akershus, Østfold, Hedmark, Oppland, Buskerud, Telemark, Vest-Agder, Rogaland (sjølv med 5 års frist i konsesjonslova), Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Troms og Finnmark, fylkesskogråda i Oslo og Akershus, Vestfold, Telemark (3—1), Aust-Agder og Hordaland, fylkesmennene i Rogaland, Hordaland og Sør-Trøndelag og Sør-Varanger kommune.

Fylkeslandbruksstyret i Nord-Trøndelag seier:

«Når det gjelder § 21, 3. ledd om bo- og driveplikt viser fylkeslandbruksstyret til hva som er sagt . . . om at dispensasjon bare må gis rent unntagelsesvis og at fylkeslandbruksstyrets samtykke må innhentes av retten. Det er ikke tilstrekkelig med å innhente «fråsegn». Fylkeslandbruksstyret har ingen merknader til § 22, alt. 1.»

Fylkeslandbruksstyret i Vestfold meiner tidsfristen for bu- og driveplikt bør setjast til 10 år, og at dispensasjon ikkje bør vere noko kurant sak. Det heiter vidare i fråsegna:

«Nettopp i den tid vi nå lever i skjer det en tiltagende overgang av gårdsbruk til åsetesarvinger som har og vil ha sitt yrke i andre næringer. Med den «flukt» fra bygdene og primærnæringene som vi har hatt i den senere tid, vil eldste sønn i mange tilfelle ha funnet seg et yrke andre steder, men når han uten forpliktelser og til billig takst kan overta farsgården er det forståelig at han slår til — ikke minst i en inflasjonstid. På denne måten er odels- og åsetesretten kommet til å virke mot det som må betegnes som en av dens egentlige formål, nemlig å holde jorden på hendene til dem som vil ha den som arbeidsplass og viktigste levebrød.»

Fylkeslandbrukssjefen i Telemark har — med tilslutning frå fylkeslandbruksstyret — kome nokså utførleg inn på dei føreslegne reglane om bu- og driveplikt:

«Den generelle regel er altså at bu- og driveplikt skal gjelde for alle som tar over eiegedom ved odelsløsning eller ved skifte i kraft av odelsrett eller åsetesrett, men at skiftedomaren og Landbruksdepartementet skal kunne gje dispensasjon frå desse plikter.

Eg finn det heilt rimeleg at vil ein odelsløysar drive vekk ein eigar som har busett seg på eiendomen og som vil drive denne, bør det krevjast at den som løyser ut eiendomen i kraft av sin odelsrett også bind seg til å bu på eiendomen og å drive den. Likeins meiner eg det er rett at i fall ein med svakare åsetesrett, (mann eller kvinne), ønskjer å ta over eiegedom for å bu der og drive den, bør det krevjast det same av den med betre åsetesrett. Dette bør vere ein regel. Men generelt sett føler eg for at skiftedomarens personlege skjønn vil få for mykje å segja i spørsmålet om kven som skal få høve til å ta over eiegedomar. I praksis lyt ein vel rekne med at det blir ein ung jurist med lite røynsle

og med lite kjennskap til dei lokale forhold som tar avgjerd i spørsmål om born skal få ta over åttegarden eller ikkje.

Eg er klar over verdien ved at juristar fær med avgjerda å gjere. Det er grunn til å tru at den då blir i best mogleg samsvar med dei lovføresegner som gjeld. Likeins kan det vere ei vinning at eit politisk uavhengig organ tek avgjerd. Men her segjer føresegnene lite om korleis avgjerda skal vere. Det skal nok ligge føre uttale frå fylkeslandbruksstyret, men skiftedomaren kan setja sitt personlege skjønn over denne uttale. Når retten skal ta avgjerd vil elles partane ofte kjenne seg noko usikre i høve til dei juridiske former slik at dei finn det nødvendig å engasjere advokatar til hjelp. Dette kan gje dei ekstra kostnader som dei burde sparast for.

Skal bu- og driveplikta gjerast ålmenn, men med høve til dispensasjon, meiner eg at det lyt dragast opp nærare dispensasjonsreglar slik at mindre blir overlate til personleg skjønn. Elles synes eg mykje talar for at avgjerda blir lagt i hendene på jordlovorgana. Dette organ har lokalkjennskap og dessutan landbruksfagleg og juridisk kompetanse.

Sjøl om innføring av plikt til å bu og å drive er overlag viktig for mange bygder, er det samtidig eit mykje innfløkt spørsmål og eit spørsmål som kan kome til å gripe sterkt i personlege forhold og familieforhold.

Generelt sett ser eg dette med sikring av skikkeleg drift som det viktigaste under alle forhold. Ressursene i våre bygder er ikkje større enn at alt bør nyttast ut på skikkeleg vis, og denne oppgåve lyt liggje til jordlovorgana. Eventuelt bør jordlova gje heimel for å gripe raskare og sterkare inn der vanhevd gjer seg gjeldande. Blir ressursene nytta blir også aktiviteten i bygdene halden oppe og dermed busetnaden. For mange unge aktive bønder kan det også vere mykje om å gjere å få leigt tilleggsjord og å kunne ta på seg drifter i andre sine skogar. Dermed kan dei nytte ut sin maskin og arbeidskapasitet. Utvalet har side 72 uttala:

«Realitetsinnhaldet i drivepliktkravet vert då eit forbod mot forpaktning i 5 (10) år».

Blir det sett etter at jord og skog blir skikkeleg nytta og hjelper jordlovorgana til med å få til langsiktige leigeavtaler, vil dette etterkvart også føre til salg og ein betre eigedomsstruktur i bygdene. Krav om at alle skal drive for eiga rekning kan bli til ulempe for for den som vil leige jord.

I avsides grender og bygder med avfolgingsproblem er det sjølsagt mykje viktig å halde oppe busetnaden på mange nok bruk, men å presse eigarane til å bu på og sjølve drive alle dei mange driftseiningar som ikkje har vilkår for å gje ein familie trygge økonomiske kår, vil snaut føre til målet. Dette kan føre til lite ønskjelege former for busetnad eller bustad på to stader. Kanskje vil det også føre til gardsdrift som bygda er lite tent med.

Det er generelt sett av verdi for bygda at eigarane av gardsbruk investerar i gardsbruka sine og at åtta kjenner ansvar for garden. Skal ressursene nyttast trengs det investeringar på gardsbruk for meir enn ein generasjon, men er eigarane usikre på om nokon av borna kan få ta over garden, stimulerar ikkje

dette til langsiktige investeringar. Elles er ein mannsalder stutt i ein gards historie og om eitt ledd i åtta ikkje har høve til sjøl å bu på bruket, kan dei ledd som kjem etter kome til å gjere det.

Vidare er det klart at både buplikta og driveplikta krev kontroll. Til så lenge er det ikkje gjeve nærare greie for korleis denne kontrollen skal ordnast.

Når Landbruksdepartementet nå gjev konsesjon ut ifrå dei konsesjonslovar som nå gjeld, blir kjøparen ofte pålagt plikt til å bu på eigedomen og å drive denne på forsvarleg måte. Nå er det lensmennene som skal føre kontroll, men hittil har visstnok desse ikkje fått melding om kven som har slike plikter og kontrollen må jamt over segjast å vere slapp. Lensmennene vil gjerne bli kvitt kontrollen.

Når det gjeld kontrollen med at drifta er forsvarleg, har jordlovorgana dei faglege føresetnader, men eg finn det ikkje ønskjeleg om jordlovorgana skal sjå til at pålegg frå ein rett utan landbruksfaglege føresetnader blir etterlevd. Dette blir i tilfelle å leggje ein rein politifunksjon til jordlovorgana.

Ein generell regel om at born som tar over åsete etter sine foreldre sjøle er plikta til å bu på eigedomen og å drive den for eiga rekning, er etter mi mening eit hardt innhogg i arveretten. Regelen set gardsbruk i ei anna stilling enn eigedom elles som har næringsverksemd som føremål. I så måte er eg mykje samd i dei synsmåtar som mindretallet (Stray Ryssdal) har gjeve uttrykk for. Sterke grunnar talar nok likevel for å innføre generell bu- og driveplikt med høve til dispensasjon, og mitt ankemål mot fleirtalets framlegg er først og fremst at den som skal gje dispensasjon vil få for lite å halde seg til i lov og føresegner. Retten vil i stort mon få fullmakt til å avgjerde om born skal få ta over eigedom etter sine foreldre eller ikkje, og kven av borna som i tilfelle skal få overta. Og retten vil vel i praksis som regel segja ein ung urøynd jurist som er lite kjend på staden. Avgjerdsleane vil truleg blir noko tilfeligge og ulike slik at dei det gjeld har lite å halde seg til føreåt. Generelt sett meiner eg at jordlovorgana har betre faglege føresetnader for å ta avgjerd i dei saker det her gjeld enn skiftedomarane.»

Fylkeslandbruksstyret i Aust-Agder uttalar:

«En er enig i de foreslåtte regler om bo- og driveplikt, og er blitt stående ved at plikten bør vare i minst 5 år.

Rettsvirkningene av ikke å overholde kravet om bo- og driveplikt er tenkt tatt opp i prosessreglene.

En av virkningene bør være at Staten må kunne benytte sin forkjøpsrett etter jordloven. Hvis en odelsløser ikke tar sikte på noen tilknytning til jordbruksnæring, men bruker eiendommen til fritidssted, bør den kunne erverves i rasjonaliseringsøyemed.»

Fylkeslandbruksstyret i Nordland har gjeve denne fråsegna:

«Fylkeslandbruksstyret er enig i § 21 alternativ 2. Fylkeslandbruksstyret mener prinsipielt at skal vår rettsordning beskytte og akseptere at en kan ta et bruk på odell, må

konsekvensen være at det stilles betingelser om bo- og driveplikt. Er ikke hensikten med odelsøksmålet å drive jordbruk er det ingen mening i å stille et rettsapparat til disposisjon for å sikre noen et eventuelt spekulasjonsobjekt.

Fylkeslandbruksstyret mener derfor at boplikten bør settes til 10 år fra hjemmelsoverdragelsen, og med 1 års frist for å tilflytte bruket. Behandling av dispensasjon fra bo- og driftsplikt bør tilligge samme administrasjon som behandler konsesjonssaker.»

Fylkeslandbruksstyret i Sør-Trøndelag uttaler:

«Fylkeslandbruksstyret vil så sterkt en kan rå til at det innføres bo- og driveplikt som vilkår for å nytte sin odelsrett. Tidsfristen bør være av samme lengde som i jordlovens kap. XII, nemlig 20 år.

Denne bo- og driveplikt må være reell. Odelsrett må bare nyttes i de tilfelle der odelsløseren har interesse av eiendommen som gårdsbruk. At han skal kunne bo et annet sted i grenda og forpakte bort jorda, synes å være en lite tilfredsstillende løsning og lite i samsvar med jordlovens intensjoner. Siden odelsloven først skal revideres, bør den vel i størst mulig grad samordnes med andre lover for jordbruksnæringen.

Dersom bo- og driveplikten ikke blir oppfylt, synes det lite tilfredsstillende at de andre odelsberettigede skal kunne løse eiendommen. Det vil jo da være opp til dem å avgjøre om misbruket skal fortsette.

Det bør vurderes om ikke jordlovmyndighetene i dette tilfelle burde ha adgang til å overta bruket til rasjonaliseringsformål....»

Sør-Trøndelag fylkesskogråd meiner 5 år kan vere ein høveleg tidsfrist for bu- og driveplikta. *Fylkesmennene i Aust-Agder, Nord-Trøndelag og Nordland og byfogden i Bergen* er av same meinig.

Vestfold fylkesskogråd peikar på at det bør vere samsvar mellom føresegnene i konsesjonslova og odelslova om bu- og driveplikt.

Fylkesmannen i Nordland seier seg samd med *Sivillovbokutvalet* i at ved odelsløsning og bruk av odels- og åsetesrett på offentlig skifte bør avgjerda m.o.t. dispensasjon frå kravet om bu- og driveplikt liggje til retten.

Norges Bygdeungdomslag meiner bu- og driveplikta bør gjelde «uten tidsbegrensning».

Byfogden i Bergen stør mindretalet i *Sivillovbokutvalet* (Stray Ryssdal):

«Det bør alltid vere bo og driveplikt når en odelsrettshaver går til løsnings sak mot en eier som alt har bosatt seg på eiendommen. For den åsetesberettigede som ønsker å overta en eiendom på skifte, bør det kun være bo og driveplikt når det er flere åsetesberettigede som vil overta eiendommen.

Ovenfor nevnte regler synes jeg er rimelige betingelser i de aktuelle situasjoner. En ytterligere utvidelse av bo og driveplikt ville vel for det vesentligste være i det offentlige interesse og slike interesser er det vel ikke odels- og åsetelovgivningen skal tilgodese.»

Skogbruksforeningen av 1950 og Den Norske Advokatforening har gått imot dei reglane om bu- og driveplikt som Utvalet har gjort framlegg om.

I fråsegna frå *Skogbruksforeningen av 1950* heiter det:

«Vi er ikke enig i de foreslåtte regler om bo- og driveplikt. Vi mener at slike regler heller ikke hører hjemme i en lov om odels- og åsetesretten.

Krav om bosettelse på eiendommen kan overhodet ikke stilles når det gjelder rene skogeiendommer. Det har rett og slett ingen hensikt. Utvalget innrømmer da også at boplikt her ikke er aktuelt (s. 71/1), men lovforslaget har intet unntak for slike tilfeller. Man er henviset til dispensasjon.

Utvalget nevner også andre eksempler på odels- og åseteseiendommer som er av slik art at det ikke kan knyttes vilkår om boplikt til overtagelsen av dem. Det gjelder eiendommer hvor produksjonsgrunnlaget er så svakt at driften alene ikke kan gi inntekt nok for en familie. Og det gjelder tilfeller hvor odelsløseren (overtageren) er mindreårig eller av andre grunner ikke selv kan bosette seg på eiendommen og drive den straks den er overtatt. Utvalget konkluderer om dette:

«Slike situasjoner som dei her nemnde — og fleire kan nok tenkjast — reiser spørsmål om unntaksreglar frå det almenne vilkåret om bu- og driveplikt.» (s. 71/2).

Men såvidt vi kan se er det blitt med spørsmålet. Til tross for at det åpenbart vil være en rekke tilfeller der boplikt ikke kan eller bør kreves, oppstiller §§ 21 og 22 jfr. 45,3 boplikt som et alment vilkår.

Lovforslaget knytter videre vilkåret om boplikt ikke bare til tilfeller av odelsløsning, hvor det kan ha visse grunner for seg, men også til overtagelse på offentlig skifte. Utvalget innrømmer at kravet ikke her er fullt så velgrunnet, men — sier Utvalget —

«i og med at eit slikt krav etter det framlegget til konsesjonsreglar som no ligg føre, skal gjelde allment som vilkår for konsesjonsfritak ved eigedomsovergang mellom nærskylde personar, må konsekvensen bli at i utkastet her vert teke inn tilsvarende reglar som for odelsløsning om bu- og driveplikt også når ein eigedom på offentlig arveskifte vert utlagt i kraft av odels- eller åsetesrett. Elles ville ein her få ulike reglar ettersom eit arveskifte går føre seg offentlig eller privat. Ved privat arveskifte er det utvalet sin føresetnad at reglane i konsesjonslovproposisjonen vil kome inn i høve til bruk av åsetesrett.» (s. 71/1 nederst).

Til det er å si at vi idag ikke vet hvilken konsesjonslov vi får. Det foreligger en proposisjon. Den er fremsatt av den forrige regjering og stortingskomitéen har ennå ikke begynt behandlingen av den. Vi vil be den enten trukket tilbake eller behandling av den stillet i bero for at den kan sees i sammenheng med Rådsegn 10 fra *Sivillovbokutvalget*.

Det punkt i proposisjonen som det her gjelder er § 6 nr. 1 (jfr. nr. 2) i utkastet til ny

konsesjonslov. Etter denne bestemmelse er konsesjonsfrihet for erverv av jord- og skog-eiendommer mellom nære slektninger gjort betinget av at erververen bosetter seg på eiendommen innen et år og selv driver den minst fem år.

Bestemmelsen er helt ny. Innstillingen fra konsesjonslovkomiteén, som ligger til grunn for proposisjonen, hadde ikke noe tilsvarende. Bestemmelsen bryter fullstendig med all hittil gjeldende konsesjonslovgivning. Den vil sikkert vekke voldom reaksjon. Blir utkastet lov vil f.eks. en sønn trenge konsesjon på erverv av sine foreldres jord- eller skogbruk medmindre han bosetter seg på eiendommen, noe han kan ha mange og gode grunner for ikke å gjøre. Noe unntak for rene skogeiendommer gjør lovutkastet ikke.

Når det gjelder driveplikten er vi selvsagt enig i at jord og skog må drives og det best mulig. Hva skog angår er det like så selvsagt ingen betingelse for rasjonell drift at eieren bør på eiendommen. Til vern og drift av jord og skog har vi bl.a. jordloven og loven om skogproduksjon og skogvern. Bestemmelser om dette hører ikke hjemme i en lov om odels- og åsetesretten. Odelseiendom står ikke i noen særstilling.

Vår konklusjon er at de foreslåtte regler om bo- og driveplikt i §§ 22 og 45, 3 bør tas ut av odelsloven og at spørsmålet eventuelt bør reguleres gjennom jord- og skogbrukslovgivningen og konsesjonsloven, for såvidt man finner at det er behov for slike regler.

Bestemmelsen i § 21, 3 står for såvidt i en annen stilling som den tar sikte på en enkelt gruppe tilfeller av odelsløsning, nemlig mellom bl.a. søsken, og hvor bo- og driveplikten forutsettes oppstillet som vilkår for å tillate en odelsløsning som ellers ville virke urimelig. Bestemmelsen bør imidlertid omformes slik at bl.a. rene skogeiendommer unntas fra boplikten.

Når det gjelder fristen for bo- og driveplikten kan vi ikke se noen rimelig grunn til å strekke den ut over 5 år som er den gjengse i konsesjonsloven.»

Den Norske Advokatforening seier:

«Nærværende utvalg har sterke betenkeligheter ved Utvalgets forslag til bo- og driveplikt.

Ikke minst med den nedlegging av bruk som stadig finner sted, sier det seg selv at en lang rekke eiendommer ikke vil kunne løses på odels, dersom § 22 skulle bli lov. På den annen side kan det heller ikke være riktig å hindre slektens overtagelse av nedlagte bruk. Tidene kan jo snu seg, og følelsen av samhörighet med eiendom som har vært i slektens besittelse, kan formodentlig være like stor om det for tiden ikke er økonomisk regningsvarende å drive den. Det vises i denne sammenheng til mindretallet Stray Ryssdals uttalelse på s. 73 hvor det bl.a. opplyses at etter jordbrukstallingen i 1969 var mer enn halvparten av brukene på under 50 dekar, når en regner etter jordbruksareal i drift. Bare 54 pst. av alle personlige brukere hadde bruket som eneste eller viktigste leveveg.

Dertil kommer at for skogeiendommers vedkommende vil i hvert fall boplikten være illusorisk. Det kan da ikke være noen grunn til å sette en odelsløser i dårligere stilling,

fordi om det tilfeldigvis følger noe dyrket jord med skogen.

Utvalgets forslag om boplikt kan en derfor ikke tiltre. Når det gjelder driveplikten, er det nærværende utvalgs oppfatning at odelseiendommer ikke bør stå i noen annen stilling enn enhver annen skog- eller jordbrukseiendom, og at man heller bør ta vare på dette hensyn gjennom regler i jord- og skoglovgivningen som gjelder generelt.

Nærværende utvalg vil derfor foreslå at det generelle spørsmålet om bo- og driveplikt etter §§ 22 og 45 tas ut av odelslovgivningen, og reguleres dels gjennom jord- og skogbrukslovgivningen, og dels gjennom konsesjonslovgivningen — i den utstrekning det anses å være generelt behov for slike regler.»

Departementet er samtd med Sivillovbokutvalet i at den som tar over fast eiendom i medhald av odelsrett, som allmenn regel bør ha plikt til å busette seg på eiendommen og sjølv drive den. Ein er også samtd med Utvalet i at eit krav om at det skal gjelde bu- og driveplikt som vilkår for eiendomstilleingning i kraft av odelsrett har særleg sterke grunnar for seg ved odelsløyasing.

Men departementet meiner at kravet om bu- og driveplikt må gjelde også når nokon gjer bruk av odels- og åsetesrett på offentlig arveskifte. Ein går ikkje her nærare inn på lovgrunnen for dette. Det må vere nok her å vise til at den nye konsesjonslova, dersom den vert vedteken i samsvar med framlegget i Ot. prp. nr. 6 (1972—73), vil føre inn som eit allment vilkår for konsesjonsfritak for slektningar av avhendaren at den som tar over eiendommen, vil busette seg på eiendommen og sjølv drive den. Regelen i konsesjonslova vil gjelde t.d. når nokon tar over odelseiendom på privat arveskifte. Ein bør då ikkje ha så ulike reglar at ein krev bu- og driveplikt for ein odelsrettshavar som tar over ein eiendom ved privat skifte, men ikkje dersom skiftet er offentlig. At skifte skjer offentlig, kan t.d. ha si årsak i at ein annan arvingane er umyndig eller at ein annan arving er fråverende frå riket (sjå skiftelova § 83), men slike omstende bør prinsipielt ikkje få noko å seie for bu- og driveplikta. Skulle det bli gjort endringar i konsesjonslovsproposisjonen på dette punktet, kan det tenkjast at dette bør få verknad også for dei føreslegne reglane om bu- og driveplikt ved bruk av odels- og åsetesrett på offentlig skifte.

Departementet er også samtd med Utvalet i at reglane om bu- og driveplikt for den som tar over eiendom ved aktiv bruk av odelsretten, bør takast inn i odelslova. Som Utvalet har streka under, vil vilkår om bu- og driveplikt vere sentrale reglar i odelsretten. Det vil då høve best at dei blir tatt inn i odelslova, slik at ein i lova, så langt råd er, får samla

dei materielle reglane om odels- og åsetesretten.

Når det gjeld innhaldet i kravet om bu- og driveplikt, viser ein til Rådsegna frå Utvalet s. 71—72, der det heiter:

«Kravet om buplikt tek i første rekkje sikte på å halde ute ein odelsløyser som ikkje har noko aktuell tilknytning til jordbruksnæringa og som heller ikkje ved løysinga tek sikte på å få det. Kravet er meint å skulle hindre slikt som at ein aktiv næringsdrivande bonde skal måtte vike for ein som vil bruke eigedomen til feriestad og som har betre odelsrett. Men ein kan ikkje i alle høve krevje at løysingsmannen buset seg på sjølve eigedomen. Det kan til dømes vere et husa der er gamle og dårlege, og at løysingsmannen har bygd seg eit nytt og tidhøveleg hus på ein annan stad i grannelaget. Etter tilhøva må då bukravet kunne reknast for oppfylt utan at odelsløyseren flytter frå det huset han har.

I kravet til driveplikt har ikkje utvalet meint å leggje noko ufråvikeleg påbod om at odelsløyseren personleg og eigenhendig skal stå for gardsdrifta. Eit slikt krav ville i mange høve stengje for odelsløysering i tilfelle då føremålet med denne måtte seiast å vere både lojalt og heilt rettmessig, jfr. det som er sagt framanfor i merknadane til denne paragrafen. Heller ikkje kan ein i alle høve krevje at ektemaken og/eller barna til løysingsmannen tek personleg del i drifta alt frå første stund. Derimot lyt påbodet tolkast slik at drifta må skje for løysingsmannen si rekning: realitetsinnhaldet i drivepliktkravet vert då eit forbod mot forpaktning i 5 (10) år, jfr. den någjeldande regelen i § 76 i skjønnslova.

Når det er sagt at retten — etter å ha innhenta fråsegn frå fylkeslandbruksstyret — kan samtykkje i å gjere unntak, så ligg det i dette at retten etter tilhøva også kan lempa på krava (såleis gje utsetjing med å busetje seg på eigedomen, setje ein kortare frist for driveplikta enn lova krev, eller trefte avgjerd om at det skal gjelde driveplikt, men ikkje buplikt). Utvalet vil tru at det helst er på den måten unntaksskipnaden bør brukast — ved ei konkret tilpassing av krava etter tilhøva — og at det heller sjeldan bør bli spørsmål om full fritaking både for buplikt og driveplikt.»

Når det gjeld «samfunnsmessig kontroll» med at vilkår om bu- og driveplikt vert oppfylt, jfr. særleg Landbruksdepartementet si fråsegn, vert dette ikkje noko særproblem for odelseigedomar, etter som bu- og driveplikt etter konsesjonslovframlegget vil bli eit allment vilkår for erverv av landbrukseigedomar.

Då departementet sende utvalstilrådinga ut til uttale, vart det peika på framlegget om høve til fritaking for bu- og driveplikt. Det heiter om dette i departementet sitt brev:

«Sivillovbokutvalet foreslår at det skal kunne dispenseres både fra boplikt- og drivepliktkravet (se §§ 21, 22 og 45 siste ledd). Myndigheten til å avgjøre slike dispensasjoner

ved odelsløsning og ved bruk av odels- og åsetesrett på offentlig skifte foreslås lagt til retten (som også ellers har saken til behandling). I andre tilfelle vil dispensasjonsspørsmålet etter utkastet — på tilsvarende måte som når det gjelder slektskap — høre under administrasjonen etter de alminnelige regler om bo- og driveplikt som ventes innført i den nye konsesjonslov.»

Om høyringsinstansane sitt syn på dette spørsmålet viser ein til dei merknader som er gjevne att framanfor.

Departementet er samd med Utvalet i at det må vere høve til å gjere unntak både frå buplikta og frå driveplikta, til dømes vil det bli naudsynt med fritaking i kortare eller lengre tid når barn skal ta over odelseigedom. Fritaking for anten bu- eller driveplikta eller for begge plikter vil det også elles kunne bli spørsmål om, anten frå først av eller seinare. Det bør difor og vere heimel til å gjere unntak frå kravet om bu- og driveplikt i slike tilfelle.

Departementet har voge på om ein burde gje lovreglar om fritaking, t. d. for ein odelsrettshavar som er umyndig. Ein har likevel kome til at fritaking berre bør skje etter konkret vurdering i det einskilde tilfelle. Ein legg då vekt på at det også kan tenkjast at det ikkje vil vere rimeleg alltid å gje fritaking for t. d. umyndige personar. Dette fordi det kan vere fleire med odelsrett som er interesserte i å ta over eigedomen. Det kan då tenkjast tilfelle der den eine (i lengre tid) ikkje kan oppfylle krava om bu- og driveplikt, noko som kan tenkjast å få ei viss vekt når det skal avgjerast kven som bør få ta over eigedomen. Ein viser her særleg til dei nye reglane i § 21 om høve til å fråvike prioritetsrekkefølga.

Når det gjeld spørsmålet om kven som skal ha avgjerda m. o. t. unntak/lemping frå kravet om bu- og driveplikt ved odelsløysering og på offentleg skifte, er det kome fram ulike syn hjå dei instansane som har uttala seg særskilt om dette. Såleis tar Landbruksdepartementet «absolutt avstand fra at denne myndighet blir tillagt retten», medan Norges Bondelag stør framlegget frå Utvalet om å legge avgjerda til domstolen som har saka. Det går fram av det som er sagt i Rådsegna om spørsmålet at Sivillovbokutvalet er sterkt imot ei anna løysing enn den det er gjort framlegg om. Grunngevinga er dels prinsipielle synsmåtar på tilhøvet mellom administrative organ og domstolane, dels at avgjerda når det gjeld slike spørsmål må treffast ut frå ei samla vurdering av ulike omsyn — ikkje berre dei landbrukspolitiske.

Justisdepartementet har for sitt vedkomande vore i tvil om spørsmålet. Dei omsyna Utvalet har halde fram kan ein ikkje

utan vidare sjå bort frå. Ein har difor voge på om ikkje avgjerda formelt burde høyre under retten når spørsmål om unntak frå bu- og/eller driveplikta blir reist i samband med sjølve odelsløysingssaka eller i samband med overtaking av eigedom ved bruk av odelsrett på offentlig skifte. Før retten tok avgjerd om unntak måtte i så fall spørsmålet leggjast fram for landbruksstyremaktene. Som allmenn regel burde fritak heller ikkje bli gjeve dersom landbruksstyremaktene rådde i frå å gjere unntak. Seinare søknader om fritak burde også då kunne avgjerast av landbruksstyremaktene (Landbruksdepartementet).

Mot å leggje avgjerda om lemping av bu- og driveplikta til retten kan ein nok seie at det ikkje vil vere unaturleg å la slike spørsmål som dette avgjerast av dei landbruksfaglege organa, utan noko rettsleg overprøving av den skjønsmessige vurderinga.

Når Justisdepartementet tar opp framlegg om at departementet, det vil her seie Landbruksdepartementet, skal avgjere søknader om fritak for bu- og driveplikt, er det særleg av di Landbruksdepartementet har gått så sterkt imot utvalskastet på dette punktet. Ein reknar dessutan med at med dei føresegner paragrafen har om faktorar det skal takast omsyn til, skulle det ikkje vere nokon fåre for at departementet ikkje vil ta omsyn til andre tilhøve enn dei reint landbrukspolitiske.

Eit fleirtal i Utvalet (4) vil ha ein regel om at samtykkje til løysing som regel ikkje skal nektast når nokon av foreldra eller syskena til løysingsmannen har ått eigedomen med odel. Mindretalet (3) vil ikkje ha dette med.

Departementet sluttar seg her til mindretalet. Ein viser til at det elles er sagt i paragrafen at det skal takast særskilt omsyn til kor nær tilknytning løysingsmannen har til eigedomen. Departementet meiner dette må vere tilstrekkeleg til vern om dei interessene det her er spørsmål om, og at ein slik tilleggsregel som fleirtalet i Utvalet går inn for ville kome til å binde avgjerda for sterkt.

Spørsmålet om kva rettsverknad det skal ha at odelsrettshavaren ikkje oppfyller vilkår om bu- og driveplikt, har Utvalet ikkje utgreidd i Rådsegna om odelsretten. Ei utgreiing om det vil kome i ei tilleggsrådsegn om odelsprosessen. I det høyringsbrevet som vart sendt ut om denne lovsaka, vart det peika på at det kunne vere trong for reglar om dette for odelsprosessrevisjonen vart slutført. Det heiter om dette i brevet m. a.:

«Dersom odelsprosessrevisjonen ikkje slutføres før eller samtidig med at den nye odels-

lov blir satt i kraft, må det overveies å ta inn en midlertidig..... bestemmelse om sanksjoner mot den som overtar eiendom ved odelsløsning, eventuelt også ved overtakelse på offentlig arveskifte i kraft av odelsrett, men ikke oppfyller vilkår om bo- og driveplikt.»

I brevet var også forma ein reint førebels regel om dette. Regelen var forma slik:

«Dersom en odelsberettiget ikke oppfyller vilkår om bo- og/eller driveplikt (innen de frister som er satt), kan andre odelsberettigete søke eiendommen løst på odel uten hinder av besitterens bedre odelsrett. Tilsvarende gjelder når en (bedre) odelsberettiget har overtatt eiendommen på skifte. I slike tilfelle kan også den forrige eier søke eiendommen tilbake og kreve erstatning for det tap han måtte ha lidt ved å være blitt tvunget til å flytte fra eiendommen. (Prioriteten avgjøres etter reglene i (odelslovens) § 16.)

Dersom ingen odelsberettiget eller tidligere eier krever å overta eiendommen i de tilfelle som nevnt i første ledd, kan departementet sette en frist for erververen til å søke konsesjon.»

Høyringsinstansane har jamt over gått inn for at det vert gjeve reglar til vern mot misbruk av odelsretten, men dei har ikkje kome nærare inn på korleis reglane bør vere.

Departementet er kome til at ein alt no bør få reglar om rettsverknaden av at vilkår om bu- og driveplikt ikkje vert oppfylte. På same måten som når det gjeld reglane om odelstakst, får ein kome attende med ei endelig vurdering av desse spørsmåla i samband med handsaminga av Utvalet si tilleggsutgreiing om odelsprosessen.

Departementet har elles kome til at også reglane om rettsverknaden av at bu- og driveplikta ikkje vert oppfylt, bør takast inn i odelslova. Ein får då reglane samla på ein stad i lovverket. Om innhaldet og den nærare utforming viser ein til merknadene til kap. VII.

6. Om verdsetjing ved odelstakst og om hefte som kviler på odelsjord.

a. Om verdsetjinga ved odelstakst.

Etter gjeldande rett skal eigedomen ved odelstakst setjast til «fuld værdi efter gangbar pris i egnen». Etter praksis må ein likevel seie at odelstakstane jamt over har vore noko lågare enn prisen ved vanleg sal av landbruks-eigedomar, sjå Rådsegna s. 29 sp. 1. Reglane om verdsetjinga ved odelstakst står no i skjønsløva § 62 tredje stykket (odelsløysing) og odelslova § 19 (bruk av odelsrett på skifte). Tidlegare sto også reglane om verdsetjingsprinsippet ved odelsløysing i odelslova frå 1821, jfr. tilvisinga i den tidlegare § 22 til § 19.

Fordi odelsrettsrevisjonen hastar, ga Sivillovbokutvalet etter avtale med departementet utgreiing om dei materielle odelsreglane i ei

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

særskild rådsegn. I denne rådsegna, som er grunnlaget for proposisjonen, har Utvalet berre vurdert reglane om åsetestakst (utval-utk. § 50, jfr. merknader s. 93—94). Når det gjeld dei tilsvarande spørsmåla i høve til odelstakst, vil dei bli drøfta i den tilleggsrådsegna om odelsprosessen som Utvalet vil kome med seinare.

Den Norske Advokatforening og Skogbruksforeningen av 1950 har kome inn på verdsetjingsspørsmålet i sine merknader om lovframlegget frå Sivillovbokutvalet. Det heiter i fråsegna frå *Advokatforeningen*:

«Det er etter nærværende utvalgs oppfatning en svakhet ved lovforslaget, at det ikke tar opp de någjeldende regler om taksering av odelsgods «til fuld værdi efter gangbar pris i egnen» (odslovens § 19 og skj.l. § 62) til drøftelse og innarbeidelse i loven.

Etter den någjeldende ordning gjelder § 19 i odsløven når odelsrett gjøres gjeldende på skifte, mens det ved odelsløsning er skjønnslovens § 62 som kommer til anvendelse.

Som kjent er det heller ikke i det foreliggende forslag til endringer i skjønnsloven tatt opp noe forslag om dette, idet Ot. prp. nr. 18 (1971—72) og Innst. O. XVIII 1971/72 forutsetter at takseringsregelen i § 62, 3. ledd skal bli stående, mens det er foreslått endringer i den rent prosessuelle fremgangsmåte, gjennom endring av § 60, 2. ledd og § 64, mens § 61, § 62 2. ledd og § 63 er foreslått opphevet.

Takseringsreglene henger så nøye sammen med utøvelsen av hele odelsretten, at det ikke kan være riktig å la dette spørsmål stå uløst, dersom odelslovgivningen skal undergis revisjon. Dette så meget mere som de någjeldende regler om verdsettelse fremdeles står i den någjeldende odelslov § 19, slik at det kun er en gjentakelse av prinsippet fra denne bestemmelse som er inntatt i skjønnslovens § 62, 3. ledd.

Utvalet er på s. 93 også inne på at reglene om verdsettelse ved odel- og åsetestakster, bør ta hensyn til det som måtte bli lovfestet om utmåling av erstatning ved ekspropriasjon. I den forbindelse viser Utvalet til § 4 i Ot. prp. nr. 56 (1970—71), hvoretter verdsettelse ved ekspropriasjon vanligvis skal skje på grunnlag av den bruk som gjøres av eiendommen på det tidspunkt da søknad om ekspropriasjon er lagt frem for den myndighet som kan gi samtykke til inngrepet. Nærværende utvalg vil påpeke at de regler som var foreslått i Ot. prp. nr. 56 er gitt en enda strammere utforming i den flertallsinnstilling som foreligger fra Justiskomiteén i Innst. O. XXI (1971—72) om lov om erstatning ved ekspropriasjon av fast eiendom, idet flere av de modifikasjoner og unntak som proposisjonen inneholdt er foreslått sløyfet. Bli flertallsforslaget vedtatt som lov, vil det innebære at verdsettelse ved ekspropriasjon skal skje på grunnlag av den bruk som gjøres av eiendommen, idet unntaket for påregnelige endringer i utnyttelsen, kun vil omfatte endringer i driftsmåter innenfor jordbruket. Unntak vil ifølge forslaget ellers bare komme på tale i helt spesielle tilfelle, hvor verdsettelsen ellers ville virke urimelig, og bare når endret bruk av eiendommen — f. eks. til utnyttelse som tomter — ville ha

vært i samsvar med godkjente planer for arealdisponeringen av vedkommende eiendom.

Skulle den någjeldende takseringsregel ved odelsløsning etter omsetningsverdien bli stående, og det samtidig innføres lovregler om verdsettelse ved ekspropriasjon etter Justiskomiteéns forslag, vil en odelsløser kunne risikere å måtte innløse eiendommen etter omsetningsverdien, mens han ved en etterfølgende ekspropriasjon bare vil få utbetalt bruksverdien som jordbruk. Differansen vil her kunne bli betydelig.

Nærværende utvalg — som tidligere har frarådet at det gis lovregler om verdsettelse ved ekspropriasjon — finner ikke grunn til å gå nærmere inn på forholdet mellom ekspropriasjonserstatning og fastsettelsen av løsningssum ved odelstakster, men vil sterkt anbefale at dette spørsmål blir tatt opp til vurdering i full bredde under det videre arbeide med revisjonen av odelslovgivningen, og da på bakgrunn av den skjebne det foreliggende lovforslag vedrørende ekspropriasjonserstatning måtte få under behandlingen i Stortinget.

Dersom det i ekspropriasjonslovgivningen innføres detaljerte regler og administrative bestemmelser om erstatningsfastsettelsen, bør det i alle tilfelle under arbeidet med revisjon av odelsloven tas klart standpunkt til om noen av de takseringsprinsipper som her måtte bli knesatt, skal gjelde også ved odels- og åsetestakster.

Nærværende utvalg vil ellers påpeke at gjeldende takseringsregler etter «gangbar pris i egnen», under enhver omstendighet synes modne for revisjon, ikke minst på bakgrunn av de problemer anvendelsen av bestemmelsen har vist seg å volde ved odelstakster i pressområder de senere år. Det vises for så vidt blant annet til Høyesteretts dommer i Rt. 1966 s. 252, 1968 s. 656 og 1972 s. 598.»

Skogbruksforeningen av 1950 har kome med denne merknaden om verdsetjinga ved odels- og åsetestakst:

«Lovutkastet har regler for åsetestakst (§ 50). Vi savner derimot bestemmelser om takst ved odelsløsning. Slike bestemmelser er av materiellrettslig art og hører naturlig hjemme i odsløven, jfr. § 19 i den nåværende lov.

Bestemmelser om verdsettelse ved odels- takst må sees i sammenheng med de nye regler vi i disse dager har fått om erstatning ved ekspropriasjon av fast eiendom. Etter disse regler skal verdsettelse av grunnarealer heretter i prinsippet skje etter bruksverdien. Dette må naturlig få konsekvenser også for verdsettelsen ved odelstakster. Vi innskrenker oss til å peke på problemet som vi går ut fra gjøres til gjenstand for nærmere vurdering.»

Departementet er samd med Advokatforeningen og Skogbruksforeningen av 1950 i at reglane om verdsetjinga ved odels- takst er så viktige at ein alt no bør ta stilling til hovudprinsippet om verdsetjinga, jamvel om Utvalet enno ikkje har gjeve tilråding særskilt om dette spørsmålet. Ein får i tilfelle kome attende med ei ny vurdering av verdsetjingsreglane i samband med revisjonen av

reglane om odelsprosessen, jfr. framanfor. Endå det kanskje kan diskuteras om føresegner om verdsetjing naturleg høyrer heime i dei materielle eller prosessuelle delane av odelsretten (eller begge stader, slik som no), meiner departementet at reglane er så sentrale at dei i alle høve bør takast med i odelslova.

Når departementet held på at ein alt no — førebels — bør fastsetje verdsetjingsreglane ved odelstakst, heng det og saman med den lovfestinga av reglane om verdsetjing ved oreigning som no er gjennomført, sjå lov 26 januar 1973 nr. 4 om erstatning ved ekspropriasjon av fast eiendom. Denne lova har i §§ 4 og 5 reglar om «grunnlaget for verdsetting av grunnarealer» og i § 6 reglar om «verdsetting av bygning, anlegg eller annen innretning». Hovudføremålet med desse lovreglane er, innan dei grenser som grunnlova § 105 set om at det skal gjevast full skadebot ved oreigning, å motverke uheldig prisauke på fast eiendom og å hindre at verdauke skapt av samfunnet i urimeleg grad skal gå til grunneigaren. På denne bakgrunn meiner departementet at ein alt no bør ta med nye reglar om verdsetjingsgrunnlaget ved odelstakst.

Departementet har etter dette vendt seg til Utvalet og fått opplyst at det truleg kjem til å tilrå at verdsetjinga ved odelstakst — på same måten som ved oreigning — bør ta utgangspunkt i bruksverdien av eiendommen. Dette er eit anna utgangspunkt enn gjeldande reglar i dag, som altså i prinsippet bygger på omsetnadsverdien av eiendommen ved fri handel, jfr. likevel det som er sagt framanfor om at takstane jamt over nok har vorte sette ein del lågare. Men Utvalet vil venteleg ikkje byggje heilt ut på dei no vedtatte reglane om erstatning ved oreigning når det gjeld odelstakstar, men vil — iallfall etter den formulering som førebels er vedtatt — gjere framlegg om at det skal takast omsyn til påreknelege endringar i driftsmåte og utnytting («anvendelse») av eiendommen. Synsmåten i Utvalet er at situasjonen ved odelsløyning — særleg med omsyn til partsstillinga, — er ulik den ein har ved oreigning, og at prinsippa for erstatningsutmålinga difor ikkje heilt ut kan eller bør vere dei same.

Når det t. d. gjeld tilleggsverdiar som skriv seg frå offentlege investeringar og andre offentlege tiltak, som ein etter oreigningserstatningslova prinsipielt skal sjå bort frå, meiner Utvalet at regelen ved odelstakst må bli ein annan. Det er ingen grunn til at ein odelsløyas skal sleppe å betale for slike tilleggsverdiar. Det ligg ikkje føre nokon «dobbelbetalingssituasjon» i høve til han, slik tilfelle kan vere når det offentlege oreignar

grunn til utbyggings- eller andre føremål. Jfr. Innst. O. XXI 1971—72 s. 12 sp. 1, der det er sagt om dette:

«Det kan etter disse medlemmers mening ikke være riktig å trekke den konsekvens av Grunnlovens bestemmelse om full erstatning ved ekspropriasjon, at det offentlige — etter først å ha dekket utgiftene ved nødvendige samfunnsmessige investeringer og tiltak — skal betale for dette en gang til ved å måtte yte erstatning ved senere ekspropriasjoner for de muligheter til utnytting av eiendommen som det offentliges egne investeringer har gitt grunnlag for.»

Utvalet meiner det må vere klårt at slike omsyn som nemnt her, ikkje har nokon plass når det er spørsmål om kva som bør gjelde for verdsetjing ved odelstakst.

I oreigningserstatningslova § 4 nr. 2 er vidare fastsett at det ved verdsetjinga skal takast omsyn til slike påreknelege endringar av eiendomens driftsmåte som det er naturleg grunnlag for etter tilhøva på staden «innen rammen av den næring eller det alminnelige formål som eiendommen brukes til.» Dette siste kom inn i lova under førehavinga i Justisnemnda i Stortinget, og i Innst. O. XXI 1971—72 er det på side 12 sp. 2 sagt om dette:

«Det tas her særskilt sikte på tilfelle hvor f. eks. hensynet til rasjonelle dyrkingsmetoder tilsier at deler av en jordbrukseiendom perio-
devis ikke blir utnyttet fullt ut, eller tilfelle hvor det foreligger planer om omlegging av driften av eiendommen fra én drifts- eller dyrkningsmetode til en annen. Slike tilfelle skal det kunne tas hensyn til ved verdsettingen. Regelen er begrenset til endringer i selve eiendommens drift innenfor rammen av tradisjonell bruk. Det ligger i dette en klar avgrensning mot en bruksendring som går ut på f. eks. utparsellering av tomter til boliger, industri eller feriesteder. Bestemmelsen vil ikke gi grunnlag for erstatning for en slik omlegging.»

Med eit slikt innhald som nemnt her, meiner Utvalet at heller ikkje den avgrensinga som ligg i setninga «innen rammen av ... brukes til» vil høve for odelstakst, og den vil ikkje kome med i utvalsframlegget til nytt kap. 3 i skjønsløva. Ein odelsløyas bør betale for slike tilleggsverdiar som ligg i at deler av eiendommen eignar seg for utparsellering til tomter og kan påreknast brukt på ein slik måte. Dette er òg i fullt samsvar med dei prinsipp rettspraksis til no har bygt på når det gjeld odelstakst, jfr. t. d. høgsterettsorkurd i Rt. 1951 s. 180. Dei synsmåtane som har vore avgjerande for innføring av andre reglar ved oreigning, fører ikkje fram her, etter Utvalet si mening.

Departementet er samd med Utvalet i at prinsippet ved odelstakst bør vere at ein

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

som utgangspunkt byggjer på bruksverdien av eigedomen til landbruksdrift, men slik at ein etter tilhøva tar omsyn til visse påreknelege verdiar ut over denne. Såleis bør det kunne takast eit visst omsyn til tilleggsverdiar ved pårekneleg endra utnytting på sida av det landbruksmessige, ja til og med utanom dette dersom det er grunnlag for å disponere særskilt over somme deler av eigedomen, t. d. sal av tomt til bustadhus. Verdsetjinga ved odelstakst bør likevel gjerast ut frå det syn at eigedomen i det store og heile skal nyttast til landbruksføremål. Dersom utnyttinga (seinare) vert endra så radikalt at det ikkje kan sameinast med landbruksføremål, får ein nytte reglane om etteroppgjjer, sjå avsnitt 7 nedanfor. Ein nemner i denne samanhengen at etter lovframlegget skal det ikkje lenger kunne hevdast odel til grunn som ved stadfest reguleringsplan er lagt ut til byggjeområde, trafikkområde eller friområde (§ 5). Heller ikkje skal t.d. fråskild tomt til bustadhus, forretnings- og industriføretak eller liknande føremål kunne løysast på odel (§ 22). Det same gjeld eigedom som etter skifte av tilhøva ikkje lenger fyller vilkåra for å vere odlingsjord (§ 23). Desse nye reglane tar sikte på å motverke at ein eigedom skal kunne bli løyst på odel dersom den i framtida ikkje skal nyttast til landbruksdrift.

Ved lovfesting av at odelstakst skal ta utgangspunkt i bruksverdien av eigedomen til landbruksføremål, vil ein truleg få betre samsvar mellom lovteksten og det takstnivået som vanlegvis vert lagt til grunn ved slike takstar i dag.

Når ein ikkje her vil binde skjønnen til å byggje heilt ut på verdsetjingsreglane i oreigningserstatningslova, er det serleg av di det ville bryte sterkt med dei reglar som har festna seg gjennom rettsbruken til no, jfr. t. d. domen i Rt. 1948 s. 1157 og fleire seinare domar (Rt. 1951 s. 180, Rt. 1966 s. 252). Departementet kan elles ikkje sjå at avgjerande omsyn er til hinder for at ein byggjer på noko ulike prinsipp for verdsetjinga ved odelstakstar og ved oreigning. Føresetnaden er at tilleggsverdiar som nemnt berre skal telje med ved taksten så langt ein finn det truleg at odelsløyarsaren reint faktisk vil kunne utnytte dei økonomisk. Gjeld det såleis eit område som ein må rekne med vil bli oreigna, vil «tilleggsverdien» ikkje kunne setjast høgare enn den påreknelege oreigningstaksten. Men ligg det slik til at ein på tidspunktet for odelstaksten må rekne med høve til partiell avhending for høgare pris enn det ein oreigningstakst ville føre til, må det vere rett og rimeleg å la denne høgare verdien telje med ved odelsstaksten.

Med tilvising til dette og med atterhald om å kome attende til realiteten i dei synsmåtane som er nemnde i ein seinare proposisjon om odelsprosessen, har departementet tatt inn som § 48 i sitt utkast ein førebels regel om prinsippa for verdsetjing ved odelstakst. Framlegget har denne utforminga:

«Verdsetjinga ved odelstakst skal gjerast på grunnlag av den bruk av eigedomen som er naturleg og pårekneleg etter tilhøva på staden, og som kan sameinast med at eigedomen hovudsakleg vert nytta til landbruksføremål.»

b. Om hefte som kviler på odelsjord.

Etter odelslova § 31 kan odelsløyarsaren krevje fjerna alle slag bygslings- og forpaktningsskontrakter. Vidare skal det same gjelde m. o. t. kår og «deslige Contracter» som er påhefta i preskripsjonstida. Spørsmålet er kva som går inn under omgrepet «deslige Contracter». Skeie s. 288—289 tolkar § 31 sær svidt, og meiner at odelsløyarsaren kan krevje fjerna alle bruksrettar som er påhefta etter at eigedomen vart odelsjord, og at same regelen bør gjelde analogisk m. o. t. råderettsinnskrenkingar (negative servituttar). Skeie byggjer dette på ei utvidande tolking av tredje punktum i § 31.

Det er på det reine at hefte som ikkje er bindande for odelsløyarsaren etter § 31 fell bort utan vederlag til rettshavaren, dersom dei ikkje vert dekkja av odelstaksten, jfr. Skeie s. 290, Voss s. 101 og adv. Valentin Voss i Rt. 1917 s. 354. Dette gjeld då fyrst og fremst rettar som er påhefta i preskripsjonstida (truleg alle slike rettar), og dernest alle bygslings- og forpaktingsavtaler. Etter Skeie si tolking av § 31 skulle det også gjelde bruksrettar og bruksforbod som er påhefta av ein nærare odelsmann etter at eigedomen vart odelsjord.

Når det særskilt gjeld p a n t e h e f t e, fastsette odelslova opphavelog (i § 24) at odelsløyarsaren måtte tilby å overta heilt ut pantehefte som kvilde på eigedomen, dersom dei var påhefta før eigedomen vart odelsjord eller av næraste odelsmann. Då skjønnslova kom i 1917, vart same regelen overført dit (§ 67), berre med den endringa at uttrykket «een, som selv er nærmest odelsberettiget» vart avløyast av «en nærmere odelsberettiget end saksøkeren». Skjønnslova § 67 var altså noko strengare mot odelsløyarsaren enn odelslova § 24.

Ved lov 26 juni 1929 nr. 1 vart skjønnslova § 67 oppheva. Hovudargumentet for opphevinga var at § 67 var ein sær urimeleg regel mot odelsløyarsaren, som i mange tilfelle gjorde odelsretten «illusorisk». Å oppheve den ville vere å gje odelsretten tilbake det innhaldet den hadde etter dei gamle norske lovane, fram til 1821.

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

I samband med opphevinga av skjønnslova § 67, vart også tilhøvet til grunnlova §§ 97 og 105 vurdert. Når det gjaldt § 105, hadde ein meint at Grunnlova ikkje skulle vere til hinder (det vil m. a. o. seie at odelstakst måtte reknast som «full erstatning» i høve til grunnlova § 105).

Ved plenumsdom avgjorde så Høgsterett 18 september 1931 (Rt. 1931 s. 865) at opphevinga av skjønnslova § 67 ikkje kunne gjelde i høve til panterett som var stifta før opphevinga (og som var påhefta anten før eigedomen vart odelsjord eller av ein med betre odelsrett enn løysingsmannen). Domen var av sagt under dissens (19 mot 2). Spørsmålet om tilhøvet til grunnlova § 105 vart ikkje avgjort i domen, men fleire av domarane var inne på det, og det går fram at det var eit noko ulikt syn. M. a. uttalte andrevoterande (som tilhørde fleirtalet) at han meinte det var ein «vesensforskjell mellom odelsløsning og ekspropriasjon». Han uttala også at odelstaksten «tilsikter ikke at gi eiendommens besidder full erstatning, men at fastsette en rimelig kjøpesum efter gangbar pris i egnen». Han la til at han gjekk ut frå «at det ved lov kan gis adgang til ekspropriasjon av eldre panterett, hvorunder da panthaveren faar full erstatning efter ekspropriasjonsskjønn».

Andrevoterande viste også til følgjande frå Ot. prp. nr. 46 for 1929, dvs. den proposisjonen som låg til grunn for lovendringa 26. juni 1929 om oppheving av skjønnslova § 67:

«Odelsretten skaper nemlig en ikke ubetydelig risiko for panthaveren; for det første fordi odelstakstene tildels er lavere enn eiendommens virkelige verdi, og for det annet fordi odelsløsning ofte skjer paa et for panthaveren særlig ugunstig tidspunkt, nemlig naar eiendomsprisene er uforholdsmessig lave.»

Også femtevoterande (som tilhørde fleirtalet) slo fast at panthavarane berre var pliktige til å finne seg i

«at berøves denne deres gunstigere rettsstilling mot full erstatning efter grunnlovens § 105. At de kan innløses efter en lovhjemlet ekspropriasjonstakst finner jeg ikke tvilsomt. Spørsmålet blir da om odelstaksten er at se som en ekspropriasjonstakst, hvorved disse panthavere faar full erstatning.»

Det var ingen av fleirtalet som reserverte seg mot det syn som desse fråsegner gjev uttrykk for; at vilkåret for at panterettar ved odelsløsning fell bort dersom dei ikkje vert dekt av takstsummen er at odelstaksten tilsvare full erstatning etter grunnlova § 105.

Resultatet av plenumsdomen vart så lova av 6 juli 1933 (nr. 33). Den ga odelsløysaren høve til å få den udekka delen av pantegjelda avløyst ved oreigning retta mot panthavaren

i samband med sjølve odelstaksten. Lova er ikkje formelt oppheva, men etter som den berre gjeld panterett som er påhefta før lova frå 26 juni 1929, har den ikkje lenger noko å seie i praksis.

Ein kjenner ikkje til at det ligg føre nokon dom som avgjer spørsmålet om ein panthavar med panterett stifta etter 26 juni 1929 må finne seg i å godta at slik panterett fell bort så langt den overstig odelstaksten (m.a.o. at grunnlova § 105 ikkje er til hinder for dette). Men at panthavaren må finne seg i dette kan ein seie må ha vore ein føresetnad for lova frå 1933: Hadde ein meint at yngre pantrettar ut over odelstaksten ikkje fall bort utan vidare, måtte ein vel ha utforma oreigningsheimelen slik at den omfatta også desse. Etter det som vart sagt om dette spørsmålet i høgsterettsdomen av 1931, kunne ein kanskje ha venta at det hadde blitt vurdert nærare i samband med lova frå 1933, men det synest ikkje å ha vore tilfelle. Stortinget gjekk den gongen til det sjeldsynte steget å be om fråsegn frå Høgsterett når det gjaldt tilhøvet til grunnlova. Men det ein spurde om, var berre om lovframlegget i proposisjonen (Ot.prp. nr. 31 for 1933) ville kome i strid med grunnlova § 97, og dette framlegget tok som nemnt framanfor berre sikte på panterett stifta før 26 juni 1929.

Om eitt spørsmål var det dissens i Høgsterett i den fråsegna som vart gjeven til Stortinget. Det gjaldt spørsmålet om den då oppheva føresegna i skjønnslova § 67 berre tok sikte på å verne panthavaren åleine, eller om også eigaren (saksøkte i løysingssaka) var verna av den. Fleirtalet (13) meinte at også grunneigaren her var tillagt grunnlovmessig vern, så framt han hadde teke over eigedomen før 26 juni 1929. (3 av dei 13 fann «ikke å burde uttale noget om hvorvidt det er en betingelse for eierens rettsbeskyttede stilling at han har erhvervet odelsgodset før utferdigelsen av loven av 26 juni 1929».) Mindretallet på 8 meinte at skjønnslova § 67 berre ga panthavaren — ikkje grunneigaren — noko grunnlovsværn. Dette førde då til at lova — i tillegg til reglar om oreigning av overskytande panterett, som proposisjonen avgrensa seg til — fekk ein ny § 2, som ga løysingsmannen høve til å krevje eigedomen verdsett alternativt «enten efter de almindelige regler eller til det beløp som eieren i tilfelle av ekspropriasjon av eiendommen tilkommer efter Grunnlovens § 105 som erstatning for det tap han lider ved at eiendommen tas fra ham.» Løysingsmannen skulle så kunne velje om han ville overta eigedomen «efter det første alternativ, men under iakttagelse av den ophevede bestemmelse i lov av 1 juni 1917 nr.

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

1 § 67, eller etter det siste alternativ uten hinder av denne bestemmelse,» (jfr. andre stykket i § 2). Lovteksten til lova frå 1933 var, etter det som vart opplyst under lagtingsordskiftet, utforma av o.r. sakfører Sterri og h.r. domar Herman Lie (Lie tilhøyrdet det mindretalet i Høgsterett som i plenumsdomen av 1931 hadde meint at opphevinga av skjønsløva § 67 var grunnlovsmessig også i høve til panthavarar med eldre pantrett, og at odelstakst var «full erstatning» i høve til grunnlova § 105). Lova gjev altså løysingsmannen heimel for oreigning i 2 relasjonar: Andsynes panthavarar med rett stifta før 26 juni 1929 for så vidt den overstig odelstaksten (erstatning for tapt pantetrygd, som regelmessig vart sett til null), og andsynes ein eigar som hadde erverva eigeodomen før 26 juni 1929, når det gjaldt tap denne ville få ved at han måtte gje frå seg eigeodomen utan samstundes å bli fri det personlege ansvaret for pantkravet.

Departementet er kome til at ein no må kunne leggje til grunn at etter gjeldande rett fell panterett som overstig odelstaksten bort når eigeodomen vert løyst på odal, og at dette ikkje er i strid med påbodet i grunnlova § 105. Dette standpunkt er også i samsvar med Skeie (s. 279), som seier at «panterett som ikkje dekkes av taksten faller bort.» Han nemner i det heile ikkje spørsmålet om tilhøvet til grunnlova § 105.

Når det gjeld andre hefte enn dei som er nemnde framanfor, må odelsløysaren etter gjeldande rett overta desse, sjølv om dei ikkje vert dekt av odelstaksten. Dette gjeld då for det fyrste alle rettar påhefta før eigeodomen vart odelsjord — bortsett frå bygsling/forpakting. Etter ordlyden i § 31 skulle det også gjelde rettar påhefta seinare, av ein nærare odelsmann, men her vil altså Skeie, som nemnt framanfor, gjere untaq for bruksrettar og bruksforbod. Grunntyngsler (t.d. kår) vert likevel att, — slike rettar må m.a.o. odelsløysaren overta endå om dei etter sin prioritet ikkje vert dekkja av taksten, dersom dei er påhefta av ein nærare odelsmann, jfr. Voss s. 110.

Etter departementet si meining bør ein ha eins reglar for både panterettar og andre slag hefte når det gjeld bortfall av rettar som ikkje vert dekt av takstsummen. Ein kan ikkje sjå at det er tilstrekkjeleg grunn til å ha ulike reglar om bortfall alt etter kva for hefte det gjeld. I den mon påhefta rettar skal falle bort når dei overstig taksten, bør dette — slik som ved tvangsauksjon — skje etter den prioritet hefta har, og ikkje etter kva slag hefte det er spørsmål om. I særlege tilfelle kunne nok ideelle omsyn tale for at et-

terprioriterte hefte (særleg kår o.l.) ikkje burde falle bort (og heller ikkje kunne krevjast avskipa). Slike hefte står likevel i røynda nok så sterkt, både p.g.a. regelen i tinglysingslova § 21 tredje stykket, og av di odelsløysaren representerer att til rettshavaren og difor normalt vil respektere slike hefte som kår, jamvel om lova ikkje tvingar han til det. I sume høve vil også skjønsmennene kunne ta omsyn til dette ved taksten, slik at kår o.l. hefte vert sikra.

Departementet er kome til at ein ikkje bør ha nokon særregel om at odelsløysaren må overta visse hefte jamvel om dei etter sin prioritet ikkje vert dekt av taksten. Ein nemner her at også etter tvangslova fell hefte bort ved tvangsauksjon dersom dei ikkje etter sin prioritet vert dekt av kjøpesumen eller vert overtatt utanom kjøpesumen, jfr. tvangslova § 168. Heller ikkje er kår o.l. rettar sikra mot å falle bort ved oreigning av eigeodomen. Regelen ved odelsløysing som ved tvangsauksjon og oreigning bør vere at hefte vert dekt (eller vert overtatt) etter den prioritet dei har.

Når det særskilt gjeld panterettar som fell bort av di dei ikkje vert dekt av taksten, og tilhøvet til grunnlova § 105, kan det no ikkje vere noko til hinder for å lovfeste at (også) panterett som ikkje vert dekt av odelstaksten, fell bort. Ein nemner i denne samanhengen at dei nye reglane om utmåling av erstatning ved oreigning, og dei føreslåtte nye reglane om verdsetjinga ved odelstakst, iallfall ikkje stiller rettshavarane dårlegare (usikrare) i høve til oreigningserstatningslova enn skjønsløva § 62 om «fuld verdi etter gangbar pris i egnen» gjer i høve til dei reglar om oreigningserstatning som gjaldt før den nye lova. I og med at departementet legg til grunn at panthavaren etter gjeldande rett må finne seg i at panterett som ikkje vert dekt av taksten, fell bort utan at odelsløysaren kan gjerast ansvarleg for det overskytande, jfr. framanfor, må ein slik regel også no kunne sameinast med grunnlova § 105.

Lova frå 1933 har som nemnt ikkje lenger noko å seie, og departementet gjer difor framlegg om at lova vert oppheva. Ein finn etter det som er nemnt framanfor, ikkje grunn til å innføre tilsvarande reglar for pant påhefta før eigeodomen vart odelsjord eller av ein nærare odelsrettshavar, men som fell utanom lova frå 1929.

Departementet har etter dette sløyfa regelen i utvalsutkastet § 44 første punktum, idet også rettar påhefta før eigeodomen vart odelsjord vil falle bort så langt dei ikkje vert dekt av odelstaksten.

Ein viser elles til dei særskilde merknadene til § 49.

7. Misbruk av odels- og åsetesrett.

Som det er gjort nærare greie for i rådsegna (s. 40), har det til ymse tider vore klagar over misbruk av odelsretten. Utvalet har m.a. nemnt at misbruk kan gjerast på den måten at ein odelsrettshavar krev betaling for å la vere å bruke løysingsretten. Ein annan tenkjeleg måte som er nemnt, er det som kallast «odelssvik», dvs. at odelsmannen let seg bruke som stråmann for ein annan. Ei tredje form for misbruk kan det vere når ein seljar angrar seg og går til løysing i namnet til eit av sine mindreårige barn.

Då utvalsrådsegna vart send ut til uttale, peika departementet særskilt på spørsmålet om misbruk av odels- og åsetesrett. Det heiter om dette i departementet sitt brev:

«Etter forslaget skal som nevnt under pkt. 2 også jordbrukseieendommer i byer og tettsteder omfattes av reglene om odels- og åsetesrett. Særleg på slike stader antas faren for misbruk av odelsretten å vere stor. De regler som vil kunne motvirke misbruk av odelsretten, antas først og fremst å vere de foreslåtte regler om bo- og driveplikt, jfr. pkt. 5 foran. Videre pekes på reglene i §§ 3, 5 og 24, jfr. også § 51 om etteroppgjør mellom åsetesarvinger.»

Spørsmålet er om de foreslåtte regler kan anses tilstrekkelig til å hindre misbruk av odels- og åsetesretten. Man nevner i denne forbindelse spørsmålet om eiendom som erverves ved bruk av odelsrett, bør vere undergitt et tidsbegrenset utparselleringsforbud. Videre reiser det seg spørsmål om det kan vere mulig å hindre misbruk av odelsretten ved å utvide forbudet i skjønnslovens § 76 mot å overdra eiendom ervervet ved odelsløsning. En tredje mulighet er kanskje å åpne adgang til å kreve etteroppgjør når noen med vesentlig fortjeneste avhender eiendom som har vært ervervet ved odelsløsning (eventuelt også ved annet erverv i kraft av odelsrett), jfr. § 51 om etteroppgjør når jord har vært overtatt i medhold av åsetesrett.»

Høyingsinstansane har jamt over sagt seg samd i at det bør innførast reglar til vern mot misbruk av odels- og åsetesretten, men fleire har gjeve uttrykk for tvil om dei misbruksreglane som Utvalet har gjort framlegg om, er fullgode. Ein gjev att fylgjande merknader om spørsmålet:

Landbruksdepartementet har kome med denne merknaden:

«Departementet antar at bestemmelsene i foreliggende lovutkast med bl.a. sterk avgrensning av odelskretsen og regler om bo- og driveplikt i det vesentlige anses tilstrekkelig til å hindre misbruk av odels- og åsetesretten.»

Norske Kommuners Sentralforbund uttalar:

«Forbundet mener at de foreslåtte regler er tilstrekkelige til å hindre misbruk av odels- og åsetesretten. Bo- og driveplikten og bestemmelsen i § 51 om etteroppgjør når jord har vært overtatt i medhold av åsetesrett, burde gi tilstrekkelige garantier mot misbruk. Fristen på 6 år i § 51 første ledd endres til 10 år i samsvar med mindretallets forslag.»

Den Norske Advokatforening har merknader til den føreslegne regelen i utvalskastet § 51 om etteroppgjør mellom åsetesarvingar, og held så fram:

«Skal regelen først lovfestes for åsetesarvinger, bør den også gjelde ved odelsløsning — og da antagelig slik at limiteringen til «full pris» for eiendommen da åsetestaksten ble holdt, må utgå. Det er jo ingen hemmelighet at også odelstakster svært ofte settes langt under de reelle verdier, og differansen mellom en odelstakst og det eiendommen senere utbringes til, må stå i nøyaktig samme stilling som åsetesfradraget — dersom regelen først skal inn i loven.»

Nærværende utvalg vil under henvisning til dette foreslå at forslaget i § 51 også gjøres gjeldende ved odelsløsning, og da slik at etteroppgjøret skjer med den tidligere eier — eventuelt med medarvinger hvor løsning skjer på skifte.»

Fylkeslandbruksstyret i Østfold seier seg samd i fleirtalsframlegget til § 51, og meiner det «bør overveies om ikke regelen også bør gjelde ved odelsløsning».

Fylkeslandbruksstyret i Nord-Trøndelag går inn for ein tilleggsregel om «tidsbegrenset utparselleringsforbud» for eigedomar som vert løyste på odel.

Fylkeslandbruksstyret i Oppland meiner at prinsippet om høve til etteroppgjør i § 51 bør gjelde også ved odelsløsning. Også eit tidsavgrensa forbod mot utparsellering «antas å vere sentlig grad å ville motvirke spekulasjonsmomentet.»

Også *fylkeslandbruksstyret i Finnmark* vil ha høve til etteroppgjør ved odelsløsning.

Hedmark fylkeslandbruksstyre uttalar:

«Fylkeslandbruksstyret betviler at de foreslåtte bestemmelser er tilstrekkelige til å hindre misbruk. Både tidsbegrenset utparselleringsforbud og forbud mot å overdra eiendom ervervet ved odelsløsning, antas å vere for stivbeinte suppleringsbestemmelser.»

Det mest effektive antas å vere at det innføres bestemmelser om etteroppgjør ved erverv i kraft av odelsloven. Men bestemmelsene som er foreslått i § 51 i forbindelse med åsetesretten synes også noe for automatiske i sin virkning. I mange tilfeller er det jo — kanskje spesielt i utmark — riktig at odelsarvingen gis anledning til å frigjøre noe av brukets ressurser for omplassering i en utbygging av driftsapparatet. Det bør derfor legges til grunn en sterk grad av driftsøkonomisk/faglig vurdering hvis tilsvarende bestemmelser som i § 51 innføres ved erverv i kraft av odelsloven.»

Fylkeslandbruksstyret i Nordland vil ha reglar både om forbod mot utparsellering ei viss tid og om etteroppgjør ved odelsløyning.

Vestfold fylkeslandbruksstyre uttalar:

«Regelen i § 51 henger nokså nøye sammen med bestemmelsen i § 50 hvoretter det prinsipp at det ved åsetestakster i hovedsaken skal bygges på bruksverdiregninger. Det er gode grunner for at samme beregningsmåte bør gjelde ved odelsstakster. Som før nevnt må et av odelsrettsinstituttets fremste og viktigste mål være å holde jorden på bøndernes hender, men hvis en gård blir så dyr at kjøpesummen ikke kan forrentes ved vanlig god drift passer den ikke for en bonde. Dersom det ved revisjon av skjønnsloven bestemmes at bruksverdiregninger også skal gjelde ved odelsstakster bør adgangen til etteroppgjør komme inn også her. Også ellers — dvs. selv om den nåværende regel om takst etter gangbar pris beholdes — bør det muligens gis adgang til etteroppgjør hvor en odelsløst eiendom innen en bestemt tid etter løsningen selges for en markert overpris som skyldes at eiendommen skal anvendes til andre formål enn landbruk.»

Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal meiner det kan vere like urimeleg at odelsløyaren skaffar seg stor forteneeste ved å sitje med egedomen nokre år som at åsetesarvingen gjer det same. «Rimeleg ville det vera at han deler vinsten med sine dårlegare odelsberrettigede syskjen.»

Hordaland fylkesskogråd peikar på at ein sams tidsfrist for alle dei misbrukssanksjonar det kan bli spørsmål om å innføre, vil vere ein stor føremon.

Også *fylkesskogråda i Vestfold og Sogn og Fjordane* går inn for reglar om etteroppgjør ved odelsløyning. Fylkesskogrådet i Vestfold vil likevel skilje mellom fritt sal og oreigning.

Skogbruksforeningen av 1950 uttalar:

«Vi antar Sivillovbokutvalget har foreslått de regler til vern mot misbruk av odels- og åsetesretten som med rimelighet kan treffes. Iallfall bør man vente med videre tiltak til man ser hvorledes forslagene virker.

Ved å trekke snevrere grenser for hva som kan odles og for dem som har odelsrett og ved å innføre adgang til å nekte klart urimeleg odelsløyning i visse tilfeller, antar vi man har rettet på de skjevheter som særlig har vært gjenstand for kritikk.

Departementet nevner spørsmålet om eiendom som erverves ved bruk av odelsrett bør være undergitt et tidsbegrenset utparselleringsforbud. Det ville etter vår mening være både unødvendig og uheldig. Med de senere års omfattende reguleringslovgivning vil utparsellering og bebyggelse av jord og skog bare bli tillatt hvor det er virkelig behov og press for tomter til hus og anlegg. Her bør på den annen side ikke utbudet begrenses ytterligere gjennom forbud i odelslovgivningen.

Departementet reiser videre spørsmålet om misbruk av odelsretten kan hindres ved å ut-

vide forbudet i skjønnslovens § 76 mot å overdra eiendom ervervet ved odelsløyning.

I de tilfeller hvor det etter Utvalgets forslag pålegges bo- og driveplikt i 5 år som vilkår for odelsløyning, vil vel dette bety at også avhendelse er avskåret like lenge. Her vil da, 3-årsfristen faktisk bli forlenget til 5 år. Forøvrig kan vi ikke se det er behov for noen generell forlengelse av fristen i skjønnslovens § 76 med de ytterligere restriksjoner på eiendomsomsetningen som det ville innebære.

Departementet nevner en tredje mulighet, nemlig å åpne adgang til å kreve etteroppgjør når noen med vesentlig fortjeneste avhender eiendom som har vært ervervet ved odelsløyning (eventuelt også ved annet erverv i kraft av odelsrett), jfr. § 51 om etteroppgjør når jord har vært overtatt i medhold av åsetesrett.

En slik ordning kan rent umiddelbart virke sympatisk. Når vi allikevel ikke kan gå inn for den er det dels på grunn av den usikkerhet eieren vil leve i så lenge kravet om etteroppgjør står (ifølge § 51: 6 resp. 10 år) og den klamme hånd som da legges på eiendommen, dels på grunn av vanskelighetene med å utforme bestemmelser om vilkåret for og gjennomføringen av et slikt etteroppgjør.»

Fylkesmannen i Nord-Trøndelag meiner at dei føreslegne reglane mot misbruk i utvalsutkastet «bør overveies supplert som antydning av departementet».

Fylkesmannen i Buskerud uttalar:

«Fylkesmannen viser til lovavdelingens notat og kan være enig i at reglene muligens bør utformes slik at de gir et noe sterkere vern mot misbruk. En antar at den i notatet nevnte tredje mulighet, adgangen til å kreve etteroppgjør når noen med vesentlig fortjeneste avhender eiendom som har vært ervervet ved odelsløyning, trolig kan være hensiktsmessig i denne forbindelse. En slik bestemmelse vil medføre at en odelsløser ikke vil få den samme økonomiske interesse i å erverve odelsgodset på grunnlag av mulighetene for utparsellering. En slik adgang til å kreve etteroppgjør bør av praktiske grunner tidsbegrenses, og tidsbegrensingen bør da gjøres noe lengre enn når det gjelder bo- og driveplikten. Dersom bo- og driveplikten blir satt til 10 år, antar en at adgangen til å kreve etteroppgjør bør settes til minst 15 år.»

Norges Bondelag seier seg samd i «at det i åseteslovgivningen gis bestemmelser om etteroppgjør», men seier ikkje noko om etteroppgjør ved odelsløyning.

Innføring av reglar som skal hindre misbruk av odels- og åsetesrett er eit viktig spørsmål, men det er vanskeleg å løyse. Når det gjeld misbruk av odelsretten vil truleg føresegnene om bu- og driveplikt som allment vilkår for bruk av odels- og åsetesrett motverke det ein kan kalle «legalt misbruk» av retten (som t.d. at ein betre odelskavar, som ikkje sjølv vil bu på egedomen og drive den, går til løyning mot ein eigar som vil oppfylle desse vilkåra). Kva verknad bu- og dri-

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

vepliktreglane i så måte kan kome til å få, vil m.a. avhenge av kor effektivt dei kan gjenomførast, og kva for sanksjonar som skal gjelde ved ikkje-oppfylling, jfr. avsnitt II punkt 5 framanfor om bu- og driveplikta.

Når det særskilt gjeld bruk av åsetesrett, har Utvalet dessutan gjort framlegg om ein regel (utk. § 51) som gjev medarvingane høve til å krevje etteroppgjering under visse føresetnader. Dette heng då saman med at åsetesarvingen etter Utvalsutkastet § 50 har krav på å få ta over eigedomen for ein pris som er «rimeleg etter tilhøva» — og som altså vil kunne vere lågare enn både omsetnads- og bruksverdien av eigedomen på overtakingstidspunktet. Utvalet har som nemnt framanfor ikkje gjort framlegg om nokon etteroppgjersregel ved odelsløyising.

Av fråsegnene som er gjevne att framanfor, går det fram at høyringsinstansane jamt over har slutta seg til tanken om etteroppgjering når nokon som har tatt over jord i medhald av åsetesrett, avhender den med monaleg vinst. Det vert rådd til at fristen for etteroppgjering vert sett til 10 år, jfr. merknadene til §§ 55 og 56.

Nokre høyringsinstansar, jfr. framanfor, har gått inn for at det blir høve til etteroppgjering også når nokon med monaleg vinst avhender eigedom tatt over ved odelsløyising, men ikkje om odelseigedom er tatt over i medhald av odelsrett på offentlig arveskifte. Nokre instansar har uttala seg reservert om spørsmålet om etteroppgjering eller late vere å ta noko klårt standpunkt til spørsmålet. Vidare har tanken om innføring av tidsavgrensa utparselleringsforbod ikkje fått nemnande støtte.

Departementet meiner det bør vere høve til etteroppgjering både når nokon har fått monaleg vinst gjennom avhending av eigedom tatt over i medhald av åsetesrett og ved odelsløyising. Når det gjeld etteroppgjering ved åsetesrett, viser ein til den grunngeving Utvalet har gjeve for ein slik regel.

Når det gjeld spørsmålet om høve til etteroppgjering ved odelsløyising, viser departementet til at verdsetjinga ved odelstakst for framtida som utgangspunkt skal gjerast på grunnlag av bruksverdien av eigedomen til landbruksføremål, sjå nærare avsnitt II punkt 6 framanfor. Sjølv om også verdsetjing ved oreigning no skal ta utgangspunkt i bruksverdien, vil det likevel kunne tenkjast at ei eventuell seinare avhending av odelseigedom eller deler av den vil føre til ein salsvinst. Ein regel om etteroppgjering vil motverke at nokon løyser ein odelseigedom når motivet for løysinga er utsiktene til å tene pengar ved avhending av eigedomen eller deler av den. Sjølv

om kanskje også dei nye takstreglane ved oreigning vil redusere vonene om salvinst i tilfelle nokon løyser ein eigedom på odel med tanke på seinare sal, må det vere rett å ha ein regel som gjev høve til å krevje etteroppgjering i slike tilfelle. Det kan iallfall ikkje vere nokon skade om ein slik regel vert tatt inn i lova.

Når det gjeld trongen for ein etteroppgjersregel ved odelsløyising, vil ein her også peike på at det no vert odelsrett til bygrunn. Ved sida av at jordbrukseigedomar kan liggje utafør ein by, men i område som kan bli eit utbyggingsområde for byen, vil det også kunne hevdast odel til jordbruksområde som ligg i sjølve byen. Dette gjer det etter departementet si meining endå meir naudsynt med ein regel om høve til etteroppgjering for å hindre misbruk og misleg spekulasjon med odelsretten.

No kan ein kanskje seie mot ein regel om høve til etteroppgjering at den som ervervar odelsjord, må alltid — så lenge preskripsjonsfristen ikkje er ute — rekne med at det kan bli reist odels søksmål, og at han då må gje den frå seg for odelstakst. Gjeld det erverv ved fritt kjøp, vil han difor ikkje kunne by meir enn det ein kan vente odels takst vil bli sett til, utan å risikere tap. Om eigedomen så vert løyst på odel og seinare aukar i verdi, vil det kunne seiast å vere heilt tilfeldig om dette kjem saksøkte i løysingssaka til gode eller ikkje, idet vilkåret i alle tilfelle må vere at verdiauken materialiserer seg i ein avhendingsvinst for odelsløyisaren. Ein kan her stille spørsmålet om det er større grunn til å la ein slik tilfeldig vinst tilfalle saksøkte i løysingssaka enn å la den tilfalle eigaren (odelsløyisaren). Ein har i alle høve her ikkje same parts-situasjonen som ved eit åsetesoppgjering, der det er spørsmål om skifte av ei arvemasse mellom arvingar som i prinsippet skal vere jamstelte.

Ein regel om etteroppgjering ved odelsløyising vil også kunne seiast å gje odelsløyisaren ein noko ufullstendig eigedomsrett i ei overgangstid. Han får same vågnad for nedgang i eigedomsverdien som om den var erverva på annan måte, men skjer det verdiauke (i form av avhendingsvinst), må han leggje denne frå seg til saksøkte i løysingssaka. Sjølv om ein vil godta dette i dei tilfelle då det er spørsmål om friviljug avhending av heile eigedomen, kan det stille seg noko annleis i høve til oreigning (jfr. merknadene til § 55) og i høve til fråskiljing av deler av eigedomen. Når oreigning er teke med i framlegget frå Utvalet til etteroppgjering mellom åsetesarvingane (utvalsutk. § 51 tredje stykket), er dette utrykkjeleg grunngeving med omsynet til størst mogeleg likskap og rett-

ferd dei imellom, jfr. rådsegna s. 95 sp. 2. Slike omsyn gjer seg ikkje gjeldande i tilhøvet mellom ein odelsløysar og saksøkte i løysings-saka, — iallfall ikkje på langt nær med same styrke. Når det gjeld fråskiljing av deler av egedomen, kan det seiast at ein regel om etteroppgjer her kanskje vil hindre disposisjonar som i og for seg er rasjonelle, og endå beint fram naudsynlege og ynskjelege. Jfr. i denne samanhengen at *byfogden i Bergen* har uttala at utvalsutk. § 51 bør «begrenses til ikke å omfatte salg ved utparselering av tomter når eieren må selge for å skaffe seg kapital til nyinvesteringer o.l.»

Etter gjeldande rett vert slike tilhøve regulert av skjønnslova § 76. Denne føresegna set forbod mot avhending av egedomen «til eie eller bruk til en fremmed eller til en fjernere odelsberettiget, som ikke er nærmest i rekken efter ham selv» for eit tidsrom av 3 år etter løysinga. Sanksjonen etter § 76 er ikkje etteroppgjer, men rett for saksøkte i løysings-saka til å «søke eiendommen tilbake og inn-tale erstatning for det tap, han måtte ha lidt ved å være blitt tvunget til å flytte fra eiendommen». Det vert såleis, i høve til § 76, ikkje spørsmål om avhendinga har medført nokon vinst for løysingsmannen eller ikkje, — forbodet er absolutt, og det gjeld etter ordlyden også pakting o.l. total bruksrett. Derimot rettar det seg ikkje mot oreigning eller andre former for tvangsmessig avståing. Om avhending av deler av egedomen kan rå-kast av § 76, er uklårt, jfr. Voss s. 178—179.

Departementet har som nemnt kome til at ein bør gje høve til etteroppgjer også ved odelsløysing. Derimot har ein ikkje funne grunn til å ha reglar om etteroppgjer når nokon har tatt over ein egedom i kraft av odelsrett på offentlig skifte. Her vil det i praksis så godt som alltid også vere åsetesrett, slik at reglane om etteroppgjer mellom åsetesarvingar kjem inn. Det ville elles og vere lite naturleg med høve til etteroppgjer ved offentlig skifte når ein — utanom åsetestilfella — ikkje har slike reglar ved private arveskifte.

Skal ein regel om etteroppgjer kunne rek-nast å ha nemnande preventiv effekt i retning av å hindre «spekulative» odelsløysingar og å motverke at ein åsetesarving tar over fast egedom med tanke på vidare sal, er det klårt at tidsfristen må setjast vesentleg lenger enn 3 års-fristen etter skjønnslova § 76 som gjeld no. Vert fristen for bu- og driveplikta sett til 10 år, slik departementet gjer framlegg om, synest det rimeleg med ein 10 års-frist også for retten til å krevje etteroppgjer. Tok ein berre omsyn til misbrukssyn-punktet, ville det nok ha vore ynskjeleg med

ein endå lenger tidsfrist enn 10 år her. Men før eller seinare må også den som har tatt over jord i medhald av åsetesrett, og ein odelsløysar, få fullt rådvelde over egedomen, både fysisk og rettsleg. Departementet har difor kome til at fristen bør setjast til 10 år. Dette er også i samsvar med tilråding frå storparten av høyringsinstansane.

Departementet gjer ikkje framlegg om nokon regel om forbod mot utpasellering i ei viss tid for egedom som er erverva i kraft av odelsrett, jfr. det som er gjeve att frå departementet sitt brev om dette. Tanken har heller ikkje fått nemnande støtte av høyringsinstansane. Ein har kome til at reglar om høve til etteroppgjer må vere ein betre og meir adekvat måte å hindre misbruk på.

Ein viser elles til dei særskilde merknadene til §§ 55 og 56.

8. Om fritak for konsesjonsplikt, og om forkjøpsrett bør kunne nyttast mot odelsrettshavar.

Etter oppmoding frå Justisdepartementet drøfta Sivilløvbokutvalet også tilhøvet mellom odelsrett og konsesjon. Spørsmålet vart også tatt opp i to brev frå Utvalet til Justisdepartementet som er prenta som vedlegg til rådsegna (s. 107—110).

Sivilløvbokutvalet har gjeve uttrykk for at ein som vil få odelsrett etter den nye lova, bør vere fritatt for konsesjonsplikt. Dette må ein forstå slik at Utvalet også meiner at det ikkje skal kunne gjerast forkjøpsrett gjeldande mot ein ervervar i eit slikt tilfelle.

Som det går fram av rådsegna (s. 73) meiner Utvalet at

«det er heilt utilrådeleg generelt å innføre konsesjonsplikt ved all egedomsovergang med basis i odelsrett, også til ein med betre odelsrett enn overdragaren»

Utvalet har her vist til grunnlova § 107 om at odels- og åsetesretten ikkje må opphevast. Etter Utvalet si mening kan det då

«ikkje gå at eit administrativt organ etter eige skjøn i kvart tilfelle skal avgjere om «rettshavaren» skal få nytte «retten» eller ikkje. Det er langt på veg det same som å «ophæve» retten. Nokon subjektiv odelsrett ville etter ein slik skipnad ikkje lenger eksistere».

Utvalet har elles som nemnt i avsnitt 5 meint at eit påbod om bu- og driveplikt kan sameinast med grunnlova, men at ein må ha reglar som gjev høve til dispensasjon. Både påbodet om bu- og driveplikt og dispensasjonsreglane høyrer etter Utvalet si mening heime i odelslova og ikkje i konsesjonslova når det gjeld odelsløysing og overtaking av egedom av ein odelsrettshavar på offentlig arveskifte. Utvalet er klår over at spørsmålet

om bu- og driveplikt og om dispensasjon frå dette kravet også kjem opp ved friviljug odelserverv, og at det då naturleg må avgjerast av landbruksstyremaktene. Utvalet held så fram (s. 74):

«Men utvalet kan ikkje sjå det skulle vere naudsynleg å treffe avgjerda i form av konsesjon. Det må vere nok at spørsmålet om bu- og driveplikt vert avgjort. Dersom krinsen av odelsrettshavarar vert avgrensa som utvalet gjer framlegg om, bør ein odelsrettshavar ikkje trenge konsesjon — og det som skal avgjerast, blir då berre — eventuelt — dispensasjon frå kravet om bu- og driveplikt.»

På bakgrunn av den avgrensing av krinsen av odelsrettshavarane som Utvalet hadde kome fram til, sa Justisdepartementet seg då samd med Utvalet i at det å ha odelsrett til ein eigedom burde jamstellast med dei tilfelle der konsesjonsfridom følgjer av «slektskapsregelen» (i jordlova § 11). Justisdepartementet rådde difor til at ein godtok konsesjonsfridom i alle tilfelle der ervervaren får odelsrett etter den nye odelslova.

Spørsmålet om tilhøvet mellom odelsrett og konsesjon vart seinare drøfta med Landbruksdepartementet.

Etter at rådsegna om odelsretten vart lagt fram, har Landbruksdepartementet i Ot. prp. nr. 6 for 1972—73 lagt fram utkast til «lov om konsesjon og om forkjøpsrett for det offentlige ved erverv av fast eiendom (konsesjonsloven)». Lovutkastet har i § 6 reglar om konsesjonsfridom for visse ervervarar. Paragraf 6 nr. 1 er i samsvar med reglane om unntak frå statleg forkjøpsrett p.g.a. slektskap i jordlova § 11. Etter § 6 nr. 2 er konsesjon ikkje naudsynt når ervervaren er «nærmere odelsberettiget til eiendommen enn den eiendommen erverves fra, og noen av erververens foreldre, besteforeldre eller søsken av foreldre har eid eiendommen med odelsrett».

Både etter § 6 nr. 1 og 2 er det eit vilkår for konsesjonsfridom at ervervaren buset seg på eigedomen innan eitt år og sjølv driv den i minst fem år.

I proposisjonen er det om regelen i nr. 2 m.a. sagt (s. 36—37):

«Nr. 2 i utkastet omhandler de unntak som foreslås for erververe som har odelsrett til eiendommen (nr. 1 i komitéens forslag). I gjeldende konsesjonslover er odelsløsning og overdragelse til noen som er nærmere odelsberettiget enn overdrageren nevnt som sideordnede tilfelle i denne sammenheng. I og med at odelsløsning bare kan gjennomføres overfor noen som er fjernere odelsberettiget enn løsningsmannen, er det tilstrekkelig å knytte unntaket til erverver som har nærmere odelsrett enn den eiendommen erverves fra. Dette er forøvrig i samsvar med jordlovens system (§ 11).

Forøvrig vil de fleste tilfelle av overdragelse til erververe som har odelsrett til eiendommen være tilgodesett ved det unntak fra konsesjonsplikten som i henhold til nr. 1 gjelder for nære slektninger, slik ordningen også er etter de eldre konsesjonslovene. Landbruksdepartementet har vært i tvil om hvorvidt det er grunn til å strekke konsesjonsfriheten for odelsberettigede erververe lenger enn det som følger av slektskapsforholdet til overdrageren i nr. 1. En er imidlertid kommet til at en særregel for nærmere odelsberettigede erververe er på sin plass. Det er også tatt hensyn til det pågående arbeid med en omfattende revisjon av odelslovgivningen som forestås av Sivillovbokutvalget.

Departementet mener imidlertid at det såvel av hensyn til jordlovens og konsesjonslovens prinsipper som til odelsrettsinstitusjonens egne intensjoner er nødvendig at den nye konsesjonslov i noen grad begrenser konsesjonsfriheten for odelsberettigede erververe og åpner adgang til en viss vurdering også av odelsberettigede erververes skikkethet og motivering for selv å overta og drive en odelseiendom på forsvarlig måte som en enhet.

Departementet understreker at det ikke i denne sammenheng er tale om å foreta noen innskrenkning i kretsen av odelsberettigede personer. Spørsmålet gjelder hvor grensen skal trekkes mellom konsesjonsfri og konsesjonspliktige erverv av odelseiendom. At et eiendomserverv er betinget av konsesjon, betyr ikke at konsesjon ikke vil bli gitt. Konsesjonsplikten åpner imidlertid adgang til en prøvelse av det enkelte tilfelle og eventuelt til å sette vilkår for ervervet. Etter Landbruksdepartementets oppfatning skulle dette være i god harmoni med grunnlovens uttalte forutsetning om at det ved lov kan fastlegges nærmere betingelser hvorunder odelsretten til størst nytte «for Staten og gagn for Landalmuen, skal vedblive» (grunnlovens § 107). Fra senere år har en mange eksempler på at personer uten tilknytning av betydning til landbruket, i kraft av odelsrett har ervervet jordbrukseiendommer fra aktive jordbrukere uten hensyn til om også disse har hatt odelsrett til eiendommen og uten at erververen har tilflyttet eiendommen og uten selv å drive den. Ved bruk av odelsretten blir ikke sjelden gode og rasjonelle driftsenheter splittet opp eller tiltrengte rasjonaliseringstiltak i samsvar med jordloven hindret.

Departementet har begrenset unntaket fra konsesjonsplikten for nærmere odelsberettigede i utkastets § 6 nr. 2 til bare å gjelde dersom noen av den odelsberettigede erververs foreldre, besteforeldre eller søsken av foreldre har eid eiendommen med odelsrett. Justisdepartementet har gitt uttrykk for at det med en slik begrensning ikke skulle være grunn til å begrense konsesjonsfriheten til erververe som er nærmere odelsberettiget enn den eiendommen erverves fra. Av hensyn til statens forkjøpsrett til fremme av jordlovens formål, finner imidlertid Landbruksdepartementet å måtte fastholde begrensningen for ikke å innskrenke området for forkjøpsretten i forhold til det som gjelder i dag i følge jordloven. Også etter de gjeldende konsesjonslover er den særskilte konsesjonsfrihet for odelsberettigede begren-

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

set til erververe med nærmere odelsrett enn den eiendommen erverves fra.»

Som det går fram av det som er gjeve att frå konsesjonslovproposisjonen, er det berre når odelshavaren har betre odelsrett enn overdragaren at han er fritatt for konsesjon i kraft av odelsretten. I praksis vil det seie konsesjonsfridom ved eigedomsomvegang ved odelsløyning, men regelen dekkjer også friviljug eigedomsomvegang til nokon med betre odelsrett (t.d. kan det verte friviljug eigedomsomvegang etter trugsmål om odelsløyning). Etter konsesjonslovproposisjonen vil det altså ikkje bli eit allment fritak for konsesjon for dei som får odelsrett etter den nye odelslova. Men som nemnt av Landbruksdepartementet i proposisjonen, vil overføring til ervervar som har odelsrett, i dei fleste tilfelle «være tilgodesett ved det unntak fra konsesjonsplikten som i henhold til nr. 1 gjelder for nære slektninger».

Då Justisdepartementet sende rådsegna om odelsretten til uttale til organisasjonar, institusjonar m.m., peika departementet særskilt på tilhøvet odelsrett-konsesjon slik at ein kunne få fråsegn frå høyringsinstansane om dei som får odelsrett etter den nye lova, bør vere fritatt for konsesjon, og om forkjøpsrett bør kunne gjerast gjeldande mot ervervar med odelsrett. Det vart i brevet også peika på at Justisdepartementet hadde gjort framlegg om at ein i den nye konsesjonslova (§ 6 nr. 2) burde ta inn ein regel om konsesjonsfridom når ervarvaren hadde odelsrett til eigedomen.

Frå dei fråsegner som går inn for konsesjonsfridom, og for at forkjøpsretten ikkje skal kunne nyttast mot ervervar med odelsrett, gjev ein att følgjande frå dei innkomne merknader om desse spørsmåla:

Kommunaldepartementet uttalar:

«Under henvisning til pkt. 7 og 8 i Justisdepartementets notat av juli 1972, opplyses at Kommunaldepartementet for sitt vedkommende ikke vil ha noe å bemerke til at alt odelserverv gjøres konsesjonsfritt. Dette under forutsetning av at kretsen av odelsberettigede blir avgrenset som foreslått av Sivilløvbokutvalget. En antar at en eventuell endring i samsvar med dette i utkastet til ny konsesjonslov § 6 nr. 2 ikke skulle gjøre det nødvendig å fravike prinsippet om at forkjøpsretten knyttes til konsesjonsplikten.

Under forutsetning av at det, som foreslått i Justisdepartementets notat side 3, blir innarbeidet en midlertidig bestemmelse i skjønnsloven om sanksjoner mot odelserverver som ikke oppfyller vilkårene om bo- og driveplikt, antar en videre at ytterligere særbestemmelser om forkjøpsrett i slike tilfelle ikke vil være påkrevet.»

Skogbruksforeningen av 1950 finn det sjølvsagt at det ikkje bør gjelde konsesjons-

plikt eller forkjøpsrett når overtakaren har odelsrett etter dei nye reglane.

Norske Kommuners Sentralforbund har denne merknaden:

«Spørsmålet om konsesjonsfrihet for erverver med odelsrett:

Når odelskretsen blir så begrenset som foreslått, bør disse være fritatt for konsesjonsplikt.

Spørsmål om forkjøpsrett bør kunne gjøres gjeldende mot erverver med odelsrett:

Det riktige må være at forkjøpsretten knyttes til konsesjonsplikten, slik at forkjøpsrett ikke kan gjøres gjeldende mot erverver som ikke trenger konsesjon. Forkjøpsrett må imidlertid kunne gjøres gjeldende dersom erververen ikke oppfyller bo- og driveplikten.»

Fylkeslandbruksstyret i Nord-Trøndelag meiner at det ikkje bør gjelde konsesjonsplikt når overtakaren har odelsrett. Men ved mishald av bu- og driveplikta bør det offentlege har forkjøpsrett.

Fylkeslandbruksstyret i Troms meiner «at den odelsberettigede skal være fritatt for konsesjonsplikt og dermed forkjøpsrett». Men ved mishald av bu- og driveplikta bør det vere høve til å bruke forkjøpsrett.

Det same har *fylkesskogrådet i Sogn og Fjordane* og *fylkesmennene i Buskerud og Sør-Trøndelag* gjeve uttrykk for. *Fylkeslandbruksstyret i Vestfold* uttalar:

«Jordstyrene har alle gått inn for at de som erverver eiendom i kraft av odelsrett bør være fritatt for konsesjonsplikt.

Fylkeslandbrukssjefen vil erklære seg enig med Sivilløvbokutvalget — og med fylkets jordstyre på dette punkt, men vil henvise til de reservasjoner som tas under neste punkt angående forkjøpsrett for staten.

De fleste jordstyrene mener at statens forkjøpsrett ikke bør kunne gjøres gjeldende mot en erverver med odelsrett, men et av jordstyrene finner likevel at forkjøpsretten må gjelde også overfor odelsberettiget søskenbarn. Flere av jordstyrene understreker sterkt at forkjøpsrett bør inntre dersom odelserverver ikke overholder vilkårene som odelsloven bestemmer om bo- og driveplikt.

Fylkeslandbrukssjefen kan erklære seg enig i at forkjøpsrett ikke gjøres gjeldende mot odelsberettiget som erverver eiendommen og påtar seg de plikter som dette innebærer. Selv om et odelsberettiget søskenbarn således får en forrett fremfor ikke odelsberettigede søskenbarn av selgeren kan dette ikke bety så svært mye. Som regel vil vedkommende da også ha en sterkere tilknytning til eiendommen. Regelen må videre forstås slik at dersom et odelsberettiget søskenbarn i kraft av sin løsningsrett vil gripe inn i et rasjonaliseringskjøp som har funnet sted, vil odelsfrigjøring kunne brukes overfor ham.

Fylkeslandbrukssjefen vil i likhet med flere av jordstyrene sterkt understreke at der-

som erverver med odelsrett ikke oppfyller de vilkår loven setter om bosteds- og bruksplikt så må konsesjonsplikten og dermed også statens forkjøpsrett inntre også overfor ham. At vilkårene overholdes må overvåkes meget nøye. Den nåværende ordning når det gjelder kontrollen med at bosettingsplikt og konsesjonsvilkår overholdes er helt utilfredsstillende.»

Fylkeslandbruksstyret i Oppland meiner at odelskrinsen «ikke bør være betinget av konsesjon».

Fylkesskogrådet i Hordaland seier seg samd i at det ikkje bør gjelde konsesjonsplikt eller forkjøpsrett «for eigedomsoverføring etter odelslova».

Det same gjer *fylkesskogråda i Vestfold og Sør-Trøndelag, fylkesmennene i Aust-Agder, Hordaland og Nordland* (uttalar seg berre om konsesjon, ikkje om forkjøpsrett) og *byfogden i Bergen*.

Lagdommer Arnt Haarberg, Bergen, har kome med denne merknaden:

«Efter min erfaring som tidligere høyesterettsadvokat, synes en odels sak å være en betydelig tidkrevende og ganske komplisert rettergang. Hvis odelspretendentens løsningsadgang også skal gjøres avhengig av konsesjon og av at vedk. offentlige organ frafaller eventuell forkjøpsrett, synes det vanskelig å undgå at gjennomføringen av en odelsløsning blir vesentlig mere komplisert og under enhver omstendighet mere tidkrevende.

Jeg antar at det må være såvel i eierens (saksøktens) som i odelspretendentens interesse at dette ikke skjer. Forutsetter man så at odelsinstituttet fortsatt bør opprettholdes, må det også være i offentlig interesse at man ikke ytterligere kompliserer gjennomføringen av odelsløsning.

Det forekommer mig at denne innvending har relevans uansett om spørsmålene om konsesjon og forkjøpsrett søkes løst før, under eller etter rettssaken.»

Norges Bondelag har ikkje sagt klårt at det går inn for konsesjonsfridom for ervervar med odelsrett, men har som nemnt frammanfor (i avsnitt II punkt 5) gått inn for at vilkår om bu- og driveplikt vert avgjort av domstolane i kvart einskilt tilfelle når det gjeld odelsløyning og overtaking av eigedom på offentlig skifte. Ein må truleg tolke dette slik at Bondelaget meiner at det ikkje bør krevjast konsesjon når ervervaren høyrer til odelskrinsen. Ein nemner i denne samanhangen også at Bondelaget særskilt har sagt seg samd med *Sivillovbokutvalet* i at tilhøvet mellom konsesjon og odelsrett vert «vurdert samlet av de lovgivende myndigheter etter presumtivt betryggende utredninger både fra odelsrettslig og konsesjonsrettslig hold» (sjå *Utvalet* sitt brev 17 mars 1972 til Justisdepartementet, tatt inn i rådsegna s. 109—110).

Nokre av høyringsinstansane har gått inn

for at konsesjonsfridomen og dermed forkjøpsretten vert avgrensa på same måte som etter jordlova § 11 (som altså er i samsvar med framlegget til ny konsesjonslov § 6 nr. 1). Dette gjeld fylkeslandbruksstyra i Hordaland, Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nordland. Fråsegnene går ut på følgjande:

Fylkeslandbruksstyret i Hordaland viser til konsesjonslovproposisjonen (nr. 6 for 1972—73) og rår til «slik konsesjonsplikt for odelsrettshavarane som der er gjort framlegg om», og at regelen der også vert følgd når det gjeld forkjøpsretten.

Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal uttalar:

«Fylkeslandbruksstyret finn at Justisdepartementet sitt framlegg til § 6 nr. 2 i Konsesjonslova og som *Utvalet* har sagt seg samd i, ikkje går langt nok. Skal alle ervervarar med odelsrett vera fritaken for konsesjon vil Staten sin forkjøpsrett etter jordlova ikkje kunne nyttast ved sal mellom syskjebarn, og fylkeslandbruksstyret må difor tilrå at lovframlegget vert endra slik at regelen i jordlova § 11 framleis kan oppretthaldast.»

Fylkeslandbruksstyret i Sør-Trøndelag uttalar:

«Fylkeslandbruksstyret er ikke enig i at odelsberettigede skal være fritatt for konsesjonsplikt eller at forkjøpsrett ikke skal kunne gjøres gjeldende dersom eiendom går over til en odelsberettiget ved frivillig salg eller forkjøp. Ifølge jordlovens § 11 kan forkjøpsrett gjøres gjeldende dersom eiendommen ikke går over til slekt i rett opp- eller nedstigende linje eller sidelinje så nær som barn av søsken.

Ifølge forslaget til ny konsesjonslov skal odelserververen også måtte søke konsesjon for sitt erverv. Det er ingen grunn til å ha andre bestemmelser i lov om odels- og åsetesrett, og det er vel denne loven som bør samordnes slik at den ikke kommer i utakt med jordloven og konsesjonsloven, som er to ytterst viktige lover for jordbruksnæringen.

Fylkeslandbruksstyret mener at det bør være adgang til å nytte statens forkjøpsrett etter de bestemmelser som gjelder i jordloven. En mener denne bestemmelse bør opprettholdes i den nye konsesjonslov.

Noe unntak for odelserververe bør det ikke være med de begrensninger som er inntatt i jordloven. En annen sak er det at en odelsberettiget som akter å nytte sin odelsrett, i de tilfelle bør slippe å gjennomføre en langvarig og kostbar odelsprosess. Han må kunne forelegge spørsmålet for de myndigheter som kan nytte forkjøpsrett på forhånd for å få klarlagt om forkjøpsrett vil bli nyttet.»

Fylkeslandbruksstyret i Nordland finn ikkje å kunne gje nokon «bestemt uttalelse» når det gjeld konsesjonsfridom «før en blir mer kjent med konsesjonslovens målsetting og praksis, men det synes rimelig at grensen... blir gitt samme begrensning som jordlovens fritak for forkjøp, altså gjeldende

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

til barn av søsken.» Om forkjøpsrett heiter det i fråsegnen at fylkeslandbruksstyret

«er av den oppfatning at odelsretten bør falle sammen med § 11 i jordloven og at både forkjøpsfriheten og konsesjonsfrihet begrenses til denne slektsskapsgrad.»

Elles har fylkeslandbruksstyret i Nord-Trøndelag uttala at det ikkje bør vere konsesjonsplikt for ervervar med odelsrett, men har gått inn for at forkjøpsretten bør vere den same som «i jordlovens regler, dvs. at til og med barn av søsken er unntatt fra forkjøpsretten».

Endeleg har fylkeslandbruksstyra i Oppland og Telemark gått inn for at avgrensinga av forkjøpsretten blir som i jordlova § 11, men har ikkje sagt noko særskilt om konsesjonsplikta.

Etter at fråsegnene frå høyringsinstansane låg føre, har Justisdepartementet voge på om det var mogleg og rett å avgrense odelskrinsen slik at den heilt ville samsvare med den slektskapskrinsen som følgjer av jordlova § 11 (og framlegget til ny konsesjonslov § 6 nr. 1). Men departementet har kome til at ein framleis bør byggje odelskrinsen på slektskapen med odlaren og halde på framlegget frå Utvalet. Om grunngjevinga for dette viser ein til avsnitt II punkt 3 framanfor.

Etter dette tok Justisdepartementet påny opp med Landbruksdepartementet spørsmålet om den personkrins som får odelsrett etter den nye odelslova bør bli fritatt for konsesjonsplikt, og slik at forkjøpsrett ikkje bør kunne gjerast gjeldande mot ervervar med odelsrett. Justisdepartementet peika i denne samanhengen på at det spørsmålet eigentlig gjeld, er om syskenbarn av eigaren som har odelsrett (etter framlegget), bør vere fritatt for konsesjon, og om det bør kunne nyttast forkjøpsrett mot ervervaren i eit slikt tilfelle.

For ein slik regel om konsesjonsfridom og unntak for forkjøpsretten kunne ein for det første seie at trongen for forkjøpsrett for det offentlege vil vere mindre når vedkomande søskenbarn (som andre) må oppfylle dei allmenne vilkår om bu- og driveplikt. I same lei skulle det verke at småbruk under 10 dekar dyrka jord no vil falle heilt utanom odelsretten, samstundes som det vert utvida høve til odelsfrigjering av eigedomar som vert erverva til rasjonaliseringsføremål. Ein kan vidare reise spørsmålet om ein ervervar som etter lovframlegget vil høyre til odelskrinsen, bør stå i ei dårlegare stilling enn dei slektningar til ektemaken til den aktuelle eigaren som kan erverve eigedomen konsesjonsfritt og utan at forkjøpsrett skal kunne gjerast gjeldande. Dette gjeld etter framlegget til konsesjons-

lov § 6 nr. 1 dei som «er i slekt med eierens ektefelle i rett oppstigende eller nedstigende linje eller i.... ektefellens første sidelinje til og med barn av søsken». M.a.o. vil altså barn som bror eller syster av ektemaken til eigaren har, kunne erverve eigedomen konsesjonsfritt i medhald av slektskapsregelen. Dette må ein rekne med er personar som normalt aldri har hatt noko tilknytning til eigedomen. Det kan vel og reistas tvil om det bør vere konsesjonsplikt i dei tilfelle der eigedomen går direkte over frå ein nærare til ein fjernare odelskhar (søskenbarn), når det ikkje skal vere konsesjonsplikt dersom eigedomsovergangen skjer i to steg: frå næraste odelskhar til tredjemann, og så frå denne til den fjernare odelskhararen. Reint lovteknisk vil det dessutan vere ein føremon med ein regel om konsesjonsfridom (og dermed unntak frå forkjøpsreglane) når ervervaren har odelsrett, i staden for eit skilje innan den nokså snevre slektskrinsen som etter odelslovframlegget vil ha odelsrett til ein eigedom.

Landbruksdepartementet har no etter ei nærare vurdering av konsesjonsreglane funne å kunne slutta seg til

«det syn at et eiendomserverv ikke blir gjort betinget av konsesjon når erververen har den kvalifiserte tilknytning til eiendommen som betinger odelsrett, dvs. at enten erververens foreldre, besteforeldre eller søsken av foreldre har eid den med odel. Det er imidlertid underforstått at konsesjonsfrihet som nevnt må gjøres betinget av at reglene om bo- og driveplikt blir oppfylt.»

Om forkjøpsretten heiter det no i fråsegnen frå Landbruksdepartementet:

«Departementet er kommet til at forkjøpsrett ikke bør kunne gjøres gjeldende ved overdragelse til erverver som tilhører den foreslåtte odelskrets, men forutsetningen er som under foregående punkt at de generelle vilkår om bo- og driveplikt blir overholdt.»

Justisdepartementet gjer etter dette framlegg om at ein ervervar med odelsrett skal vere fritatt for konsesjonsplikt. Dermed vil, forutan dei nære slektningane som går inn under § 6 nr. 1 i utkastet til ny konsesjonslov, også eigarens syskenbarn og deira foreldre (dvs. eigarens farbror, farsyster, morbror og morsyster) kunne erverve eigedomen utan konsesjon, når dei har odelsrett etter dei nye reglane. På same måten vil forkjøpsrett ikkje kunne gjerast gjeldande ved overdraging som nemnt. Men vilkåret er i begge tilfelle at ervervaren oppfyller dei allmenne vilkåra om bu- og driveplikt.

Dette fører då til visse endringar i utkastet til ny konsesjonslov § 6 nr. 2. Vilkåret om at

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

ervertaren må vere «nærmere odelsberettiget til eiendommen enn den eiendommen ervertes fra» fell bort. Orda «og noen av ervertens foreldre, besteforeldre eller søsken av foreldre har eid eiendommen med odelsrett» vert utan innhald, og bør likeins gå ut. Dessutan meiner ein at § 6 nr. 2 bør vise til reglane i odelslova om bu- og driveplikt når det gjeld overtaking ved odelsløyning eller ved bruk av odelsrett på offentleg skifte.

Då ein her byggjer på den føresetnaden at konsesjonslova blir vedtatt før denne lova, vert det gjort framlegg om at konsesjonslova § 6 nr. 2 får denne ordlyden:

«odelsberettiget til eiendommen. Konsesjonsfriheten er betinget av at ervertaren bosetter seg på eiendommen innen ett år og selv driver den i minst fem år. For så vidt angår odelsløyning og overtakelse av eiendom på offentlig skifte i kraft av odelsrett, gjelder reglene i odelsloven om bo- og driveplikt.»

Når det gjeld tilhøvet mellom odelskrinsen etter framlegget og grensa for forkjøpsrett etter konsesjonslovproposisjonen, viser ein elles til den illustrasjon (i to faser) som er tatt inn heilt til slutt i proposisjonen.

Om spørsmålet om forkjøpsrett for staten ved mishald av bu- og driveplikt, jfr. fråsegnene frå nokre av høyringsinstansane, viser ein til at staten etter konsesjonslovutkastet § 10 nr. 4 ikkje har forkjøpsrett «når konsesjonsplikt inntreir som følge av at ervertaren som nevnt i § 6 nr. 1 eller 2 ikke overholder bo- og driveplikten». Ein har på denne bakgrunn ikkje funne grunn til å gå inn på dette spørsmålet. For så vidt gjeld andre sanksjonar mot mishald av bu- og driveplikt, viser ein elles til avsnitt II punkt 5 framanfor.

9. Særskilt om odelsretten i Finnmark.

Det er eit uklårt og delvis omstridd spørsmål kva som i dag er rettsstillinga m.o.t. odelsrett i Finnmark. Det ein i alle høve kan slå fast er at odelsretten hittil ikkje har hatt noko å seie i dette fylket, og at stillinga såleis iallfall reint faktisk er annleis enn i landet elles. Dette viser seg kanskje tydelegast ved at det pr. idag, etter det ein veit, ikkje har vore gjennomført ei einaste odels sak for domstolane i Finnmark fylke. Sjelve hovudspørsmålet om odelsretten i det heile gjeld i Finnmark står dermed uløyst.

Fylkesmannen i Finnmark nemner at det har vore vanleg oppfatning i Finnmark at odelsretten ikkje gjeld her, og at denne oppfatninga visst nok er vanleg framleis. Det er både naturleg og ynskjeleg å få klårlagt i proposisjonen kva som er det offisielle synet på desse spørsmåla.

Sør-Varanger kommune har sendt over ei

fråsegn frå heradsagronomen i kommunen, der det om dette spørsmålet er opplyst at odelslova «antas å vere aktuell og gjeldende også for denne del av landet». Det vert vidare sagt at det er mange tilfelle i Sør-Varanger der folk har odelsrett og bruk av odelslova kan bli aktuell. Ved eigedomsovergang vert det ofte gått fram i samsvar med intensjonane i åsetesretten, og det same har for ein del vore tilfelle når det gjeld odelsretten. På grunnlag av fråsegnane frå heradsagronomen har jordstyret i Sør-Varanger gjort slikt vedtak:

«Jordstyret er av den oppfatning at odels- og åsetesretten har aktualitet også i Sør-Varanger.»

Formannskapet i Sør-Varanger har slutta seg til dette.

I rettsteorien har det vore halde fram ulike synsmåtar om odelsretten i Finnmark. Spørsmålet har særleg vore drøfta av *Knut Spilling*: «Om odelsrett og jordforhold i Finnmark» (Horten 1937) og *Sverre Tønnesen*: «Jorden i Finnmark» (Bergen 1972) s. 292—296. Begge desse meiner at odelsretten i prinsippet gjeld også i Finnmark (Tønnesen likevel «under en viss tvil»). *Erik Solem* nemner berre ganske kort i «Lappiske rettsstudier» (Oslo 1933) s. 254 «at odels- og åsetesretten ikke antas å gjelde i Finnmark». I «Innstilling om lov og forskrifter om statens umatrikulerte grunn i Finnmark fylke» (29 september 1962) er nemnt nedst på s. 10 at «odels- og åseteslovene har vært ukjent i praksis i Finnmark». I rådsegna frå Utvalet er den odelsrettslege særstillinga for Finnmark ikkje særskilt omtala.

Når det heilt opp til nyare tid har vore hevda at jorda i Finnmark fell utanom reglane om odels- og åsetesrett, så heng dette nøyse saman med den særlege historiske utvikling ein har hatt når det gjeld dei jordrettslege tilhøva her. Dette ville det føre for langt å ta opp i denne samanhengen, men nokre hovudpunkt skal likevel nemnast:

I gamal tid var Finnmark rekna som «skattland» for lensherrar i Nord-Norge (Nordland og Troms) og seinare for Kongen. Frå byrjinga av 1300-talet tok den norske busetjinga i Finnmark til, og dette ga då opptaket til ei utvikling som med tida førde til ei «integrering» av desse områda med resten av landet. Denne utviklinga reknar ein var slutført iallfall på slutten av 1600-talet. Det har vore hevda ulike meiningar om kva det rådande synet m.o.t. eigedomsretten gjekk ut på i denne tidbolken. *Brandt*: Tingsretten 2. utg. seier (s. 181) at «Det egentlige Finnmarken har lige fra den ældste Tid været betragtet som den norske Stats Ejendom.» Same synet

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

vert hevda av *Spilling*: «Av Finnmarkens skogret» (1919) s. 2:

«Finnmarken, det gamle skatteland uten fastboende jordbrukende indvaanere, er som bekjent tat i uindskrænket besiddelse og kolonisert av selve kronen. — Staten underla sig det og benyttet denne eiendom ganske som en privatmand, der ikke er bundet av andres rettigheter. Det blev betragtet som kronens eiendom og behandlet som en statsdomæne.»

Sameleis òg tilrådinga frå Finnmarkutvalet av 29 september 1962 s. 5.

Tønnesen (s. 100) hevdar her eit anna syn: Bygdefolket — iallfall i dei samiske områda i indre Finnmark — utøvde i eldre tid eit rådvælde som må kunne kallast eigedomsrett til jorda i vedkomande bygd. Men ut gjennom 1700-talet svekkjast desse førestellingane. Tanken om Kongens eigedomsrett kjem då meir i framgrunnen, — likevel utan å gje seg utslag i nemnande konkrete eigardisposisjonar:

«Sannsynligheten taler for at det ikke forelå noen eierpretensjon eller noen animus possidendi (besittelsesvilje) fra statsmaktens side overfor Finnmarksalmenningen før på slutten av 1600-tallet.» (*Tønnesen* s. 10).

Privat eigedomsrett for einskildmann til jord var i alle tilfelle ukjent i Finnmark fram til år 1775. Då kom det ein kongeleg resolusjon om utvising av buplassar o.l. til eigedom for dei som då budde der. Men resolusjonen fastsette samstundes at vilkåret for slik utvising skulle vere «at den i Norge gjældende Odelsret ei her maa finde Sted». I samsvar med dette vart det då nokre 10-år frametter teke inn i heimelsdokumenta til dei som fekk utvist jord at

«Dersom Pladsen fra sin Eier bortskjødes, eller paa nogen Maade borthjemles, skal dette ske uden nogen vedhængende Odels- eller Familie Prætention.»

Utvisingsresolusjonen av 1775 står svært sentralt i utviklinga av jordretten i Finnmark. Den innførde som nemnt privat eigedomsrett til jord for einskildmann. Utvisinga var gratis. Det vart gjort unntak for barskogen (som framleis skulle tilhøyre Kongen) samt m.a. «Fiskeri i Havet og de store Elve» (som framleis skulle vere til felles bruk for bygdefolket og/eller allmenta). *Tønnesen* (s. 146) ser utvisingsresolusjonen som «en gigantisk utskiftning mellom Kongen, den enkelte bygdemann og bygdelagene».

Slik var den kanskje òg tenkt opphaveleg, men i praksis vart ikkje utvising gjennomført på langt nær i det omfang ein hadde tenkt seg (vesentleg berre i Vest-Finnmark). «I store deler av Finnmark var fortsatt jord-

eierstanden ukjent i mannsaldre etter res. 1775 var satt i kraft» (*Tønnesen* s. 149).

I 1816 vart det ved ein særskild departementsresolusjon for Finnmark gjeve påbod om at odelsfridoms-klausulen ikkje lenger skulle takast med når det vart utvist jord i medhald av resolusjonen frå 1775, «saasom den ikke harmonerer med Grundlovens § 107 og Loven af 14 Juni 1816 om Odelsretten». (Lova av 14 juni 1816 oppheva den kongelege forordninga frå 1811, som i røynda gjekk ut på å ta bort odelsretten i Norge).

I 1821 kom så odelslova, som ikkje hadde noko beinveges særføresegn om jorda i Finnmark, men som i § 4 andre stykket fastsette:

«Det Gods, som Staten har solgt paa Vilkaar, at Odelsret ei maa hvile derpaa, skal fremdeles være undtaget fra Odelshævd, indtil vedkommende Eiere, ved en, til Thinge læst Declaration erklærer, at han vil Jorden skal være Odelshævd undergiven, og skal Hævdstiden i saa Fald regnes fra den Dag, saadan Declaration thinglæses.»

Det går fram av førearbeida til odelslova at denne føresegna nettopp tok sikte på jord i Finnmark som var utvist i tida etter 1775, jfr. Ot. prp. nr. 14 1906—07 s. 10. Etter det som vert opplyst av *Spilling* s. 45 og *Tønnesen* s. 296 har det visst ikkje vore tinglyst nokon slik «Declaration» som nemnt i odelslova § 4 andre stykket ved sorenskriveria i Finnmark. Av dette må ein kunne trekkje den slutninga at det i dag iallfall ikkje kviler odel på dei eigedomane som i tida før 1816 vart utviste med klausul om at odelsrett ikkje skulle gjelde. *Tønnesen* meiner — i motsetnad til *Spilling* — at det same må gjelde eigedomar som vart utviste i tida mellom 1816 og 1821, då odelslova tok til å gjelde. Når det derimot gjeld eigedomar som er utviste i tida etter 1821, meiner som nemnt både *Spilling* og *Tønnesen* at dei odelsrettsleg står i same stilling som eigedomar elles i landet. Dette skulle fylgje beint fram av odelslova § 32, som uttrykkjeleg fastslår at «Alle ældre Bestemmelser om Odels- og Aasædesretten skulde uden Undtagelse ved denne Lov ansees ophævede og ugyldige ...». Det einaste som kan skape tvil på dette punktet er om ein kan seie at det i Finnmark gjeld ein sedvanerettsregel i motsett lei, som slår gjennom andsynes dei positive lovreglane.

Om utviklinga av jordretten i Finnmark i tida etter 1821 skal berre kort nemnast at utvisingsresolusjonen frå 1775 delvis vart oppheva ved den fyrste jordsalslova for Finnmark i 1863, som elles innførde den endringa at det skulle betalast ein (nominell) kjøpesum ved utvising som nemnt. Denne lova vart så seinare avløyst av jordsalslova frå 22 mai

1902, som innførde skipnaden med ein særskilt jordsalskommisjon og som elles ga tilvising på fritt skjøn m.o.t. dei nærare vilkår for utvising. Om praksis etter lova frå 1902, sjå nærare tilrådinga frå Finnmarkutvalet av 29 september 1962 s. 11—21. Lova gjaldt til den vart avløyst av den no gjeldande Lov om statens umatrikulerte grunn i Finnmark fylke av 12 mars 1965 m/forskrifter.

Som det går fram av oversynet frammanfor, skil den jordrettslege utviklinga i Finnmark seg nokså sterkt frå den ein kjenner for landet elles. At det berre er dei siste to hundre åra ein der har hatt privat eigedomsrett til jord, verkar sjølvsagt til ein langt veikare odelstradisjon her enn i område der jorda har vore rekna for slekta sin eigedom heilt frå eldgamal tid: Den kjenslemessige tilknytninga mellom ått og gard treng lang tid for å feste seg, og for mykje av jorda i Finnmark er dette tidsrommet enno for kort. Eit anna moment kan vere den allmenne nærings- og busetnadsstrukturen i fylket: Odelsretten har sitt opphav og sin funksjon i jordbrukssamfunnet, og intensiv jordbruksdrift har av naturlege årsaker dårlegare vilkår i Finnmark enn i storparten av landet elles. Dertil kjem at sjølv i dag er det berre nokre få prosent av jordarealet i Finnmark som er utvist til privat eigedom, og at dei som ynskjer det kan få utvist dyrkingsjord på svært rimelege vilkår og med offentleg stønad til oppdyrking og bureising. Det er klart at under slike tilhøve vert det lite trong for odelsrettsleg vern og dårlege vilkår for utvikling av nokon odelsrettsleg tankegang og tradisjon.

I røynda er det nok ikkje så lite misvisande å omtale den jordrettslege utviklinga i Finnmark som ein einskap. Både historisk, og også om ein ser på tilhøva i dag, er det store ulikskapar i tilhøva innan dei ulike deler av fylket. Særleg går det eit grunnleggande skilje mellom dei typisk samiske områda i indre Finnmark og område lenger ut mot kysten der «norsk» busetnad har vore dominerande. Dette skiljet har ein og m.o.t. synet på odelsretten. Når det gjeld dei typisk samiske distrikta, kan ein nok utan vidare slå fast at odelsrettsleg tradisjon og tenkjemåte ikkje har eller har hatt nokon realitet (jfr. i denne samanheng likevel *Solem* l.c. s. 169—170, som nemner at så seint som i 1920-åra var det i Tana, Karasjok og Kautokeino i bruk ein gamal samisk tradisjon som gjekk ut på at *ynge son* hadde førerrett til å overta fast eiendom etter foreldra). I andre distrikt, der samisk påverknad er veikare eller kanskje i dag er heilt borte, er nok dette til dels annleis, slik som t.d. opplyst i fråsegna frå Sør-

Varanger kommune. Men jamt over må ein nok seie at odelsrettsleg tradisjon og tenkjemåte står svakt her òg, samanlikna med landet elles.

Det er ikkje berre m.o.t. odelsrett at Finnmark fylke p.g.a. dei nemnde tilhøva står i ei særstilling i høve til landet elles. Det er i denne samanhengen naturleg å peike på at jordbruksjorda i Finnmark ikkje er rekna med i matrikkelen (lov 17 august 1818 § 1) og at skylddelingslova 20 august 1909 såleis heller ikkje gjeld her.

Ut frå det som er sagt frammanfor, kunne det reisast spørsmål om heilt å unnta Finnmark fylke frå reglane om odels- og åsetesrett i den nye lova. Dette ville tvillaust vere i best samsvar med dei faktiske tilhøva i dag, og ser ein berre på kva føremål reglane konkret skal tene, kunne det knapt vere noko avgjerande å innvende mot ei slik løysing. Departementet vil likevel peike på at ein av prinsipielle grunnar ikkje i noko tilfelle kunne gå lenger enn til å avskjere odelshevd som (i tilfelle) er i gang på den tid lova tar til å gjelde. Det kan vel kanskje endå reisast tvil om ikkje også det ville vere å gå grunnlova § 107 for nær. Iallfall kan ein ikkje, utan å kome i strid med grunnlova, ved ny lov oppheve odelsretten som rettsinstitut når det gjeld odel som alt måtte vere hevda til jord innan eit heilt fylke. Ein ville såleis heller ikkje ved eit slikt positivt unntak som nemnt få løyst spørsmålet om odelsrett i Finnmark ein gong for alle i lova, — spørsmålet vil kunne tenkjast å kome opp for domstolane seinare. Skulle det då bli fastslått at det er odelsrett til jord i Finnmark i dag, ville det vere liten grunn til å lovfeste no at det ikkje skal kunne hevdast odel der i framtida.

Departementet legg til grunn at det kan vere odel på jordeigedomar i Finnmark i dag, og meiner og at det prinsipielt må vere rett at odels- og åsetesreglane gjeld likt over heile landet. Ein gjer derfor ikkje framlegg om å lovfeste noko unntak for Finnmark. Dette synest òg å vere i samsvar med synsmåtar som har kome fram i fråsegner om rådsegna, m.a. frå Sør-Varanger kommune. Det einaste punktet der ein særregel må vere på sin plass, gjeld eigedomar der odelsfridomsklausul vart påhefta av staten i tida frå 1775 til 1816 (ev. 1821). Når det gjeld desse eigedomane, synest dei rettast å burde jamstellast med eigedomar som ikkje har kunne odelshevdast av di området gjekk over til by-kommune før endringslova 14 juni 1963 (jfr. utvalstkastet § 53 fjerde stykket og merknader frå utvalet s. 97—98). Departementet tar opp framlegg om at den særføre-

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

segna utvalet her har gjort framlegg om, også skal gjelde for jord i Finnmark som i dag ikkje er odelsjord p.g.a. odelsfridoms-klausul påhefta av staten i samband med utvising/avhending. Dette fører då til at også desse eigedomane vert odelsjord 5 år etter at lova har tatt til å gjelde — med mindre eigaren innan den tid lar tinglyse slik fråsegn som nemnt i § 11 i lovutkastet frå departementet.

10. Spørsmål om utsetjing med ikraftsetjinga av visse endringar.

Då rådsegna om odelsretten vart send ut til uttale til institusjonar, organisasjonar m.m. peika departementet også på spørsmålet om ein burde dele ikraftsetjinga av lova slik at einskilde reglar først tar til å gjelde etter ei overgangstid. Det heiter om dette i brevet:

«Sivillovbokutvalet har (s. 96 i merknadene til § 52) reist spørsmålet om enkelte bestemmelser i lovutkastet — forutsatt at de blir vedtatt — bør settes i kraft fra et senere tidspunkt enn loven ellers. Tankegangen er at folk utover i bygdene i så fall vil få bedre tid til å innrette seg etter de nye regler før de blir satt i kraft. Utvalet har ikke satt fram noe konkret forslag om dette. Bakgrunnen for at spørsmålet er reist, synes særlig å være de nye regler om likestilling av kvinner og menn med hensyn til odels- og åsetesprioritet. Disse nye regler vil føre til at en eldre søster får bedre odelsrett enn en yngre bror.

En utsetjing med ikraftsettingen kan i tilfelle skje enten ved at loven i sin helhet blir satt i kraft med en rommelig frist etter at den er vedtatt (f.eks. 1 år) eller ved at enkelte bestemmelser (f.eks. særlig § 16 første ledd og § 46 første ledd) først blir satt i kraft fra et noe senere tidspunkt enn loven for øvrig.»

Av dei høyringsinstansane som har uttala seg om dette spørsmålet, har eit fleirtal rådd til at lova eller somme reglar i lova vert sett i kraft etter ei rommeleg overgangstid. Desse har stort sett grunnitt trongen for ei overgangstid med at folk bør få høve til å innrette seg etter den nye prioritetsrekkefølgja. Høyringsinstansane som går inn for delt ikraftsetjing, har serleg grunnitt dette med jamstillinga mellom menn og kvinner. Fleire har også peika på at det vil vere endå større grunn til å utskyte ikraftsetjinga om adoptivbarn og barn fødde utanom ekteskap får odelsrett.

Frå dei fråsegner som går inn for å utskyte ikraftsetjinga av lova eller somme reglar i lova, gjev ein att fylgjande:

Landbruksdepartementet uttalar:

«I bygdene er det en sikker oppfatning av hva odelsretten er og betyr. Når det nå foreslås radikale forandringer som bryter med

nedarvet rettsoppfatning, kreves det tid for nødvendig omstilling og en foreslår at det settes en rommelig frist for lovens ikrafttreden.»

Norges Skogeierforbund uttalar:

«Utvalet har ikke satt fram konkret forslag om overgangsordninger. Vi understreker at visse endringer krever meget lang overgangstid, hvis de blir vedtatt. Dette gjelder særlig forslaget om endret prioritet blant odelsrettshavere. Det synes mest hensiktsmessig at slike bestemmelser, om de blir vedtatt, blir gjort gjeldende fra et senere tidspunkt enn loven forøvrig.»

Skogbruksforeningen av 1950 meiner det bør setjast «en rommelig frist for ikrafttredelse av loven. Dette gjelder særlig de deler av den som avviker sterkest fra den tidligere ordning.»

Norges Bondekvinnelag har denne merkningen:

«Spørsmålet om en overgangstid gjelder særlig forslaget om likestilling av kvinner og menn med hensyn til odels- og åsetesretten. Skulle mindretallsforslaget om odels- og åsetesrett for utenomekteskapelige barn og adoptivbarn bli lov, er en overgangstid like viktig. Da det er spørsmål om gjennomgripende reformer av tilvendte forhold, vil Norges Bondekvinnelag peke på nødvendigheten av en meget lang overgangstid.»

Den Norske Advokatforening uttalar:

«Det kan vel i tilfelle bli spørsmål om enten å sette loven i sin helhet i kraft med rommelig frist etter at den er vedtatt, eller det kan bli spørsmål om å sette slike bestemmelser som etter § 16 første ledd og § 46 første ledd i kraft fra et senere tidspunkt enn loven for øvrig.

En mener at lovutkastets hovedtanker nå har vært kjent så lenge og at de er så godt underbygget at det skulle være unødvendig med noen spesiell innføringsperiode for noen spesiell del. På den annen side er der neppe meget tapt om der settes en rommelig frist for lovens ikrafttreden, f.eks. 3 år.»

Norske Kommuners Sentralforbund meiner lova ikkje bør ta til å gjelde før «tidligst 2 år etter at den er vedtatt».

Fylkeslandbruksstyret i Østfold uttalar:

«Etter fylkeslandbruksstyrets oppfatning vil det være behov for en rommelig frist før loven settes i kraft. Da det forutsettes at lovutkastet og lovproposisjonen vil bli inngående drøftet og diskutert i de forskjellige massemidia og i landbrukskretser forøvrig, skal en overgangsordning på ett år antas å være tilfredsstillende.»

Fylkeslandbruksstyret i Oppland uttalar:

«Dersom likestilling mellom kjønnene etter § 16 blir gjennomført, bør fristen for ikraftsetting av bestemmelsen settes til 10 år.»

Fylkeslandbruksstyret i Vestfold meiner det bør innførast ei overgangstid på minst 5, kanskje helst 10 år.

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal rår til ei utsetjing med ikraftsetjinga av lova, — iallfall for visse paragrafar.

Fylkeslandbruksstyret i Sør-Trøndelag meiner det bør gå ei god tid frå lova er vedteken til den vert sett i verk, og at denne tida bør brukast til å gjere lova «forsvarlig kjent», men meiner elles at lova bør kunne setjast i verk under eitt.

Fylkesskogrådet i Sogn og Fjordane «ser det mest praktisk at lova i si heilhet vert sett i kraft med ein høveleg frist etter at ho er vedtatt».

Fylkesmannen i Nordland meiner det bør gjelde ei viss overgangstid for dei nye prioritetsreglane.

Fylkesmannen i Telemark uttalar:

«En vesentlig endring i reglene om odelsrekkefølgen er bestemmelsen i § 16 som innebærer at eldre søster får bedre odelsrett enn yngre bror. Jeg tror at det her vil være nødvendig med en romslig overgangstid — f.eks. på 10 år — for at ikke nyordningen skal føre til økonomiske vanskeligheter for personer som har innrettet seg på at den nåværende ordning fortsetter. Sønnen som har innstillet seg på å overta gården vil kunne få sitt grunnlag for framtidig utkomme rykket opp i en alder da det kan være vanskelig å bygge opp et nytt inntektsgrunnlag. I vanskeligstilte distrikter vil dette kunne aksentuere distriktsproblemenene.»

Byfogden i Bergen seier:

«Loven bør etter min mening settes ikraft snarest. Dersom det blir vedtatt å likestille kvinner og menn bør det på dette pkt. bli en meget lang overgangstid. Mangfoldige familier rundt om i landet har basert sin fremtid på nugjeldende logivning og det vil kunne oppstå mange uheldige situasjonar hvor en eldre søster kommer hjem og «hiver ut» en yngre bror.

På dette punkt bør derfor ikke loven tre ikraft før tidligst etter 10 år.»

Fråsegner om at lova må kunne setjast i kraft på vanleg måte (og med vanleg frist) er gjeve av fylgjande:

Forbruker- og administrasjonsdepartementet uttalar:

«Departementet finner ikke tilstrekkelig grunn til at enkelte paragrafer trer i kraft senere enn loven for øvrig. Det må antas at en normal (rommelig) tid før loven settes i kraft, vil gi tilstrekkelig tid til informasjon.»

Fylkeslandbruksstyret i Telemark meiner at lova bør ta til å gjelde så snart som mogeleg.

Fylkeslandbruksstyret i Nord-Trøndelag meiner det ikkje skulle vere trong for særlege overgangsreglar.

Fylkeslandbruksstyret i Nordland meiner at «vanlig frist for ikrafttreden skulle være tilstrekkelig».

Fylkeslandbruksstyret i Troms meiner heile lova bør setjast i verk under eitt, og utan noko særskild utsetjing. Men det må då systast for grundig informasjon i tida medan lova er under førebuing.

Fylkesmannen i Sør-Trøndelag «er ikke enig i at enkelte bestemmelser i lovutkastet settes i kraft fra et senere tidspunkt enn loven ellers».

Norsk Kvinnesaksforening uttalar:

«En slik likestilling mellom menn og kvinner kan for enkelte virke som en gjennomgripende reform. Norsk Kvinnesaksforening mener at det i tiden fram til den endelige lov trer i kraft ved aktiv informasjon vil være rik anledning til å gi grundig opplysning om endringen og gjøre befolkningen fortrolig med den. Norsk Kvinnesaksforening vil derfor på det sterkeste fraråde en utsettelse av ikrafttredelses-tidspunktet for § 16 første ledd, jfr. § 46 første ledd som likestiller kvinner med menn.»

Norske Kvinners Nasjonalråd har denne merknaden:

«De lovregler som gis om kvinners odels- og åsetesrett må tre i kraft etter det forslag som er fremsatt av Sivillovbokutvalet.»

Departementet meiner at dei nye reglane om odels- og åsetesrett til barn fødde utanom ekteskap og adoptivbarn (§ 9) og dei nye reglane om odelsrekkefølga (§ 12 jfr. § 51) bør få ein noko rommeleg ikraftsetjingsfrist, slik at folk utover i bygdene får tid til å ta omsyn til dei nye reglane før dei tar til å gjelde. Men etter departementet si meining bør lova elles setjast i kraft på vanleg måte. Ein viser i denne samanhengen til at det hastar med lovreglane, sjå om dette s. 140. Då synest det ikkje rett å vente lang tid med å setje lova elles i kraft.

Ein har vore noko i tvil om overgangstida bør vere like lang når det gjeld dei nye reglane om odelsrett for adoptivbarn som når det gjeld reglane om kjønnsjamstilling og om odelsrett for barn utanom ekteskap. Ein har kome til at det truleg ikkje er tilstrekkeleg grunn til å ha ulike ikraftsetjingstidspunkt i desse tre tilfella. Desse paragrafane bør difor etter departementet si meining setjast i kraft frå eitt og same tidspunkt.

Departementet er vidare kome til at overgangstida bør vere 5 år, dvs. at desse paragrafane først bør setjast i kraft 5 år etter at lova elles har teke til å gjelde. Ein har voge på om dette burde gå fram av sjølv lovteksten, men har kome til at det må vere nok at denne føresetnaden går fram av proposisjonen. Dette m.a. av di ein reknar med at spørsmålet om delt ikraftsetjing vil bli peika på både under handsaminga av lovfram-

legget og seinare, slik at dei det gjeld får kunnskap om lengda på overgangstida.

Ein gjer etter dette framlegg om ein ikraftsetjingsregel som gjer det mogleg å la dei nemnde føresegnene i lova ta til å gjelde frå eit seinare tidspunkt enn lova elles, sjå §§ 57 og 58.

11. Om revisjon av odelsprosessen.

Som nemnt i avsnitt I punkt 1 har Utvalet i samråd med departementet delt arbeidet med revisjonen av odelsretten og åsetesretten, slik at det seinare vil kome ei ny rådsegn eller tilleggsrådsegn om odelsprosessen. Departementet kom etter samråd med Utvalet fram til denne framgangsmåten etter at det frå fleire hald var kome oppmodingar om å få nye lovregler på dette området så snart

som mogleg. Oppdelinga har ført til at nokre spørsmål som Utvalet arbeider med, men enno ikkje har gjeve tilråding om, alt no er tatt med og gjeve ei førebels løysing i lovframlegget. Dette er gjort dels av di departementet har meint at reglane høyrer heime i odelslova, dels av di ein har funne det naudsynt alt no å få nye reglar. I samband med arbeidet med den nye tilrådinga frå Utvalet, vil departementet kome attende til desse spørsmåla. Dette gjeld særleg reglane om sanksjonar mot mishald av bu- og driveplikt (§§ 28 og 29) og reglane om verdsetjing ved odelstakst (§ 48). Tilleggsrådsegna frå Utvalet som m.a. vil greie ut desse spørsmåla vil venteleg bli lagt fram i første halvår 1973. Ein reknar difor med at ein innan 1—2 år vil få høve til å kome attende med ei endeleg vurdering av desse spørsmåla.

III. Merknader til dei einskilde paragrafane i departementet sitt lovutkast.

Til § 1.

Paragrafen svarar til § 1 og § 14 første stykket i utvalstkastet.

Fast eigedom som det skal kunne hevdist odelsrett til må oppfylle to vilkår: den må kunne nyttast til landbruksdrift, og den må dessutan ha ein viss storleik. Kravet til storleik er nærare regulert i § 2.

Når det gjeld kravet om at eigedomen må kunne nyttast til landbruksdrift, så ligg det for det fyrste i dette at det er dei naturlege vilkår for landbruksdrift på eigedomen — og ikkje den aktuelle bruken — som i prinsippet er avgjerande. Landbruksdrift treng ikkje plent vere den einaste tenkjelege utnyttingsmåten, men det ligg i det som er sagt at landbruksdrift må vere ein pårekeleg bruksmåte. Det vil kunne tenkjast både at ein eigedom som det f.t. ikkje vert drive jordbruk på er odlingsjord, og at ein eigedom som f.t. vert brukt til slikt føremål ikkje er det. Men som Utvalet har peika på (s. 43 sp. 2) vil sjølv sagt den aktuelle bruken ha mykje å seie for vurderinga i grensetilfelle.

Nemninga «landbruksdrift» er meint som eit sams omgrep for bruk av areal til jordbruksproduksjon og/eller skogsdrift. Som jordbruksproduksjon i denne samanhengen skal og reknast grønsakdyrking og anna gartneridrift.

Ved vurderinga av om ein eigedom etter dette kan nyttast til landbruksdrift, må ein sjå på heile produksjonsgrunnlaget til eigedomen. Dei viktigaste vurderingsmomenta her er dei som er nemnde i § 2 fyrste og an-

dre stykket i fleirtalsframlegget frå Utvalet.

I utvalstkastet er omgrepet «odlar» definert i § 14 fyrste stykket. I utkastet frå departementet er denne definisjonen flytta til § 1, og har her fått plass som tredje punktum i fyrste stykket. Definisjonen av «odelsjord» er skilt ut som eit eige andre stykke i § 1.

Ein viser elles til merknadene til utvalstkastet § 1.

Til § 2.

Ein viser til dei allmenne merknadene s. 7—11 framanfor om krav til minstestorleik for odels- og odlingsjord.

Paragrafen byggjer på mindretalsframlegget i utvalstkastet når det gjeld arealkrav til jordbruksjord, men på fleirtalsframlegget når det gjeld spørsmålet om ein rein skogegedom skal reknast som odels- eller odlingsjord.

Den nedre grensa for ein jordbrukseigedom er — i samsvar med framlegget frå mindretalet i Utvalet — sett til 10 dekar. Eigedomar med mindre areal vil etter framlegget frå departementet ikkje i noko tilfelle bli å rekne som odelsjord heretter. Vidare fylgjer det av § 1 at eigedomen må vere skikka til landbruksdrift. Det treng sjølv sagt ikkje vere tilfelle om eigedomen har 10 dekar eller meir areal i alt, — det må dessutan vere visse krav til produksjonsevne. I utvalstframlegget var dette forma som eit krav om eit minsteareal dyrka jord. Departementet har — særleg på bakgrunn av tilrådinga frå Land-

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

bruksdepartementet sitert på s. 9 — kome til at ein heller bør byggje på eit kriterium som er mindre avhengig av den aktuelle tilstand m.o.t. dyrking og bruk. Om ein eigedom er odels- eller odlingsjord bør helst løysast på same måten anten spørsmålet kjem opp på det eine eller det andre tidspunktet. Det avgjerande bør m.a.o. vere eigedomens naturlege føresetnader for landbruksdrift, og ikkje slike skiftande tilhøve som dyrkingsgrad og aktuell bruk. I framlegget frå departementet har dette kome til uttrykk ved at arealkravet er knytt til omgrepet jordbruksareal, slik at ein eigedom som ikkje har minst 10 dekar jordbruksareal ikkje skal reknast som odels- eller odlingsjord. Forutan fulldyrka og overflatedyrka jord er det meininga at også anna jord, som utan vidare kultivering er skikka til slåtteng eller kulturbeite, skal bli å rekne som jordbruksareal. Derimot ikkje jord som må drenerast eller ryddast før den kan takast i bruk til landbruksproduksjon (men slike areal vil kome inn ved vurderinga etter første stykket i paragrafen). Departementet meiner at omgrepet «jordbruksareal» både gjev ei klårare avgrensing enn «dyrka jord», og at eit absolutt krav om 10 dekar dyrka jord ville kunne ta bort odelsretten for eigedomar som er skikka til landbruksdrift og som vil fylle vilkåra med den utforming departementet har lagt til grunn.

Mindretalet i Utvalet gjorde framlegg om at eigedom med over 20 dekar dyrka jord alltid skal reknast som odlingsjord, og at eigedom med frå 10 til 20 dekar dyrka jord skal reknast som odlingsjord når den produksjonsmessige verdien av eigedomen — medrekna anna areal, rettar og lunnende — tilsvarar minst 20 dekar dyrka jord. Det er det same som er sagt i framlegget frå departementet, bortsett frå det som før er nemnt at arealgrensa er knytt til «jordbruksareal» i staden for til «dyrka jord». Men første stykket i utkastet frå departementet gjev ein sams regel både for jord- og skogeigedomar; — vilkåret for odelsrett er i begge tilfelle at eigedomen har ein produksjonsmessig verdi som svarar til minst 20 dekar jordbruksareal.

På same måten som eigedom med jordbruksareal under 10 dekar skal heller ikkje ein rein skogeigedom under 200 dekar reknast som odels- eller odlingsjord. Etter framlegget frå departementet er denne regelen absolutt, medan fleirtalet i Utvalet her hadde reservasjonen om at ein rein skogeigedom under 200 dekar i regelen ikkje er odlingsjord. På same måten som når det gjeld jordbruksjord meiner departementet at pro-

duksjonsevna bør vere eit avgjerande kriterium også for spørsmålet om ein rein skogeigedom skal reknast som odels- eller odlingsjord, og at dette bør kome til uttrykk ved sida av krav om eit visst minste areal. Ein har difor her forma vilkåret slik at ein rein skogeigedom med under 200 dekar produktivt areal ikkje er odlingsjord. Dermed vil ein truleg ikkje så lett få mishøve mellom skogeigedomar av ulik bonitet og produksjonsverdi som ein ville kunne få om arealet var einaste avgjerdsgrunnlaget. Uttrykket «produktivt areal» meiner ein og skulle gje ei klårare avgrensing enn «skogeigedom under 200 dekar». Omgrepet «produktiv skog» er brukt m.a. i produksjonstabellar innan skogbruket (— som nedre grense for skog av femte bonitet, produksjonsevne minst 100 liter pr. dekar). Ein meiner omgrepet skulle kunne brukast i om lag same tyding her.

Ein har ikkje funne grunn til å lovfeste nokon regel om at skogeigedom over eit visst areal alltid skal reknast å fylle vilkåra, slik ein gjer framlegg om for vanlege gardsbruk. Synsmåten er at ei slik øvre arealgrense for skog lett ville kunne skape mishøve andsynes ein mindre skogeigedom med betre bonitet og høgare nettoavkastning. Det tykkjest vere ei tilstrekkeleg klår avgrensing når det i paragrafen er sagt at ein rein skogeigedom er odlingsjord dersom det produktive arealet er minst 200 dekar og har ein produksjonsverdi som tilsvarar minst 20 dekar jordbruksareal.

Til § 3.

Paragrafen er i samsvar med utvaltskastet § 3.

Til § 4.

Norges Bondelag, Skogbruksforeningen av 1950 og Fylkesmannen i Aust-Agder står alle alternativ II i utvaltskastet (Nygard), som går ut på at det framleis skal kunne hevdast odel til partar i odlingsjord som ligg i personleg sameige.

Det kan vere mykje rett i dei synsmåtane Nygård framfører (Rådsegna s. 47), og departementet har vore noko i tvil om spørsmålet. Reint praktisk har det truleg ikkje så svært mykje å seie om ein vel den eine eller den andre løysinga, — iallfall ikkje i den første tida etter som det berre er ny odelshevd paragrafen set forbod mot. Personleg sameige i jordbrukseigedom er nok også mindre vanleg no enn tidlegare, og det er knapt nokon grunn til å oppmuntre til å velje denne eigeforma. Annleis stiller det seg med ulike for-

mer for sambruk eller samdrift innan jord- og skogbruk, men det vil normalt ikkje vere noko vilkår for slike ordningar at ein går til skiping av sameige. Mot at det skal kunne hevdast odelsrett til sameigepart kan kanskje seiast at odelsretten vil kunne motverke ein naturleg overgang frå sameige til eineeige, jfr. at odelsrett til sameigepart går føre innløysingsrett for dei andre sameigarane etter sameigelova § 11.

Departementet har kome til at ein bør leggje til grunn den løysinga fleirtalet i Utvalet har gjort framlegg om.

Til §§ 5 og 6.

Paragrafane er i samsvar med dei tilsvarende paragrafane i utvalstkastet.

Til § 7.

Paragrafen svarar til utvalstkastet § 7, men ein har forma regelen i første stykket noko annleis enn utvalstkastet.

Til § 8.

Om odelskrinsen viser ein til avsnitt II punkt 3 bokstav a. Med mindre språklege endringar svarar paragrafen til utvalstkastet § 14 andre og tredje stykket, likevel slik at ein har funne det naturleg å byte om på rekkefølga mellom reglane.

Ein skal i denne samanheng nemne ein merknad frå advokat *Johan Th. Torgersen*, Oslo, som eigentleg er knytt til utvalstkastet § 8, jfr. lovutkastet § 10, men som etter departementet si meining høyrer heime her. Advokaten har gjort framlegg om ein slik regel:

«Odelshevd fullføres med virkning for søsken og deres linjer, for så vidt eiendommen har vært eiet av felles ascendent.»

Bakgrunnen for dette framlegget er eit praktisk tilfelle frå Telemark, som advokaten gjer nærare greie for i brevet. Eit arveskifte i 1904, der 12 eigedomar (av desse berre 3 odelseigedomar) vart delt mellom 8 sysken, førde 60 år seinare til ei sluttfordeling mellom syskenlinene som advokaten finn sær s urimeleg, og som han meiner «ville ha vært unngått med en regel som den foreslåtte.»

Departementet reknar det for klart at det ikkje i noko fall kan bli aktuelt å løyse slike spørsmål som dei nemnde ved å lovfeste ein regel om at odelshevd også skal ha verknad for odlarens sysken og deira liner. Ein slik regel ville kome til å bryte alt for sterkt med tilvande og grunnleggjande odelsrettslege prinsipp. Ein ville på den måten føre inn under odelskrinsen personar og ætteliner som ofte ikkje ville ha anna personleg til-

knytning til eigedomen enn at ein bror eller syster til mor eller far har ått den i 20 år. Dette er eit for veikkt grunnlag for å gje odelsrettsleg vern. Når dette ikkje ein gong var skipnaden i eldre tid, då samkjensla i ætta på ein heilt annan måte enn i dag var knytt til ein fast eigedom, kan det enn mindre bli spørsmål om å innføre ein slik regel no.

Dei spørsmåla advokat Torgersen vil ha løyst på ein annan måte enn etter gjeldande rett, synest å ha nærare samanheng med reglane i §§ 14 og 52, og ein viser til merknader frå departementet til desse paragrafane. Framlegget frå advokaten går vidare enn det som er turvande for å sikre ei rimeleg fordeling mellom syskenlinene når det er odels- eller åsetesrett til fleire eigedomar.

Til § 9.

Ein viser til dei allmenne merknader i avsnitt II punkt 3 bokstavane c og d, jfr. også §§ 12 og 58.

Til § 10.

Paragrafen svarar med eit par språklege endringar til utvalstkastet § 8, likevel slik at ein har flytta regelen i mindretalstkastet § 15 siste punktum over denne paragrafen (tatt inn som nytt andre punktum).

Til § 11.

Paragrafen svarar med eit par språklege endringar til utvalstkastet § 9.

Til § 12.

Ein viser til dei allmenne merknader i avsnitt II punkt 3.

Når det gjeld prioriteten for adoptivbarn, er departementet som nemnt i dei allmenne merknader kome til at adoptivbarn bør ha prioritet etter adopsjonstidspunktet.

Eit nokså vanleg tilfelle ved adopsjon er at den eine ektemaken adopterer den andre ektemaken sitt særkullsbarn. Ein slik adopsjon bør ikkje føre til at barnet får dårlegare odelsprioritet enn det hadde før adopsjonen. Ein har på denne bakgrunn vurdert om det kan vere trong for ein lovregel om dette.

Gjeld det prioriteten til jord som (adoptiv)foreldra har odla i fellesskap, jfr. § 15, vil særkullsbarnet før adopsjonen ha prioritet etter ektemakane sine fellesbarn. Etter adopsjonen får det derimot etter regelen i andre stykket første punktum prioritet rekna frå adopsjonstidspunktet. Alt etter adopsjonstidspunktet vil det då kunne få betre prioritet enn fellesbarna eller nokre av dei, men aldri

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

dårlegare prioritet enn det ville ha utan adopsjon.

Når det så gjeld eigedom som berre ein av ektemakane har odelsrett til (som er det vanlege), er det også klart at særkullsbarnet, dersom det er den odelslause ektemaken sitt særkullsbarn, nettopp gjennom adopsjonen får odelsrett. Her er difor heller ikkje trong for nokon særregel. Det som då står att er det tilfelle at det er den ektemaken som har odelsrett som har særkullsbarnet. Før adopsjonen vil dette barnet (når ein ser bort frå barn som ikkje har tilknytning til eigedomen, jfr. avsnitt II punkt 3 bokstav c) vanleg prioritet etter alder til faren/mora sin eigedom. Vert dette særkullsbarnet (stykkbarnet) adoptert etter at ektemakane har fått (andre) fellesbarn, bør dette ikkje få verknad for prioritetstilhøva. Men her reiser det seg det problem at eit særkullsbarn som vert adoptert, odelsrettsleg sett vert rekna som fellesbarn i høve til reglane om prioriteten til samodla jord, jfr. framanfor. Det vil då vere nærliggjande å sjå barnet som fellesbarn også her, i og med at skilnaden berre er at det her er spørsmål om barnet sin prioritet til jord som ein av ektemakane har odelsrett til.

Då det etter dette iallfall kan tenkjast reist tvil om barnet, dersom ein ikkje seier noko i lova, framleis skal ha prioritet etter alder, har ein for å avskjere slik tvil funne å burde ta med ein lovregel om dette. Regelen går ut på at adopsjonen ikkje kan føre til at barnet får dårlegare prioritet enn det hadde før adopsjonen.

Til § 13.

Paragrafen svarar til utvalsutkastet § 17.

Departementet er her samd med fleirtalet i Utvalet i at barn som har odell frå begge foreldra bør gå framom barn som berre har odell frå den eine. Ein er også samd med fleirtalet i at prioriteten mellom to kull særkullsbarn bør gå etter alder. Departementet har etter dette lagt fleirtalsframlegget til grunn i utkastet.

Til § 14.

Paragrafen svarar til fleirtalsframlegget til § 18 i utvalsutkastet.

Norges Bondelag og Sør-Varanger kommune har peika på at det kan vere uklårt kva som skal reknast som «ein eigedom» i høve til denne paragrafen, når det er fleire bruksnummer som vert drivne meir eller mindre under eitt som ei samla driftseining.

Departementet viser til Rådsegna s. 68 sp. 1, der Utvalet har meint at dette spørsmålet lyt løysast på same måten som når det gjeld eigedomsdeling etter jordlova § 55. Ein er samd i det, og meiner at den meir

eksakte grensedraginga i slike tilfelle får løysast av domstolane.

Skogbruksforeningen av 1950 er «ytterst betenkt» over dei føreslegne reglane på dette punktet (jfr. og § 52), og meiner slike reglar vil medverke til å halde oppe ein utenleg eigedomsstruktur. Foreininga ber om at desse spørsmåla vert vurderte på nytt, og sluttar seg subsidiært til mindretalet i Utvalet (Stray Ryssdal).

Også eit par andre instansar har halde fram liknande synsmåtar.

Departementet viser til Rådsegna s. 68 sp. 1, der Utvalet har meint at dette spørsmålet lyt løysast på same måten som når det gjeld eigedomsdeling etter jordlova § 55. Ein er samd i det, og meiner at den meir eksakte grensedraginga i slike tilfelle får løysast av domstolane.

Skogbruksforeningen av 1950 er «ytterst betenkt» over dei føreslegne reglane på dette punktet (jfr. og § 52), og meiner slike reglar vil medverke til å halde oppe ein utenleg eigedomsstruktur. Foreininga ber om at desse spørsmåla vert vurderte på nytt, og sluttar seg subsidiært til mindretalet i Utvalet (Stray Ryssdal).

Også eit par andre instansar har halde fram liknande synsmåtar.

Departementet meiner det er ein naturleg og rimeleg skipnad mellom sysken at kvar syskenline berre skal ha førerrett til ein eigedom (ei driftseining). Det kan ikkje vere noko føremål å legge opp til odelsreglar som gjev ei syskenline førerrett til fleire eigedomar, når desse ikkje kan drivast saman som ei høveleg driftseining. Departementet meiner dette prinsippet bør få ei så allmenn rekkevidde som ein kan gje det i odelslova, og har difor lagt fleirtalsframlegget til grunn.

I ein nyleg avsagt dom (Rt. 1972 s. 208) har Høgsterett tolka § 12 i odelslova slik at når det er «flere Gaarde» enn arvingar, er retten for dei yngre syskenlinene uttømt når dei har fått ein eigedom kvar. Beste odelshavaren kan m.a.o. då krevje utlagt til seg alle dei overskytande. Departementet meiner det må vere ei rimelegare løysing at delingsprinsippet skal gjelde også for dei overskytande eigedomane, og har tatt inn eit nytt siste stykke i § 14 som løyser spørsmålet i den lei som nemnt. Meininga er at dette prinsippet skal gjelde utan omsyn til kor mange eigedomar kvar line på den måten kan få, — det skal delast så lenge det er noko å dele. Det er nok heller sjeldsynt at slike spørsmål kjem opp i praksis. Men tilfellet i den nemnde saka som Høgsterett avgjorde i mars 1972 viser at det kan førekome, og då bør lova ha ein klar regel om det.

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

Til § 15.

Paragrafen samsvarar med fleirtalsframlegget til § 10 i utvalstkastet.

Norges Bondelag og *Norges Bondekvinnelag* går inn for mindretalsframlegget, som i hovudsak svarar til dei nojeldande reglane i odelslova § 5. Grunngevinga er at det ikkje er påvist avgjerande manglar ved den skipnaden som har vore gjeldande hittil m.o.t. samodling, og at det difor ikkje er grunn til å innføre heilt nye reglar her. Det vert elles peika på at grunngevinga frå fleirtalet er for formell, og at dei nye reglane vil kunne føre til urimelege resultat.

Fylkesmannen i Aust-Agder meiner at både fleirtalet og mindretalet sitt syn kan ha gode grunnar for seg, men legg vekt på at mindretalsframlegget er det som samsvarar best med gjeldande rett.

Departementet har på si side lagt avgjerande vekt på at fleirtalsframlegget svarar best til dei reglane ein elles har om råddel for ektemakar i felleseige (lov 20 mai 1927).

Til § 16.

Paragrafen er i samsvar med utkastet frå fleirtalet i Utvalet til § 11.

Når det gjeld mindretalsframlegget om eit særskilt siste stykke i paragrafen, meiner departementet at framlegget vil bryte for sterkt med dei allmenne reglar om at det krevst og bør krevjast tilknytning til eigedomen før den nye eigaren får odelsrett til den. Framlegget ville, dersom det vart vedtatt, føre til at ein ny eigar av ein eigedom, når han berre er odelsrettshavar til ein eller annan eigedom, ville få odelsrett til den nye eigedomen utan vidare (under føresetnad av at det heile vart ordna gjennom fylkeslandbruksstyret). Dette ville gjelde endå om han heilt vantar tilknytning til den nye eigedomen.

Ein nemner elles at *Norges Bondelag* har slutta seg til fleirtalsutkastet, men har også rådd til at tillegget i alternativ II blir tatt med.

Til § 17.

Paragrafen svarar til fleirtalsframlegget til § 12 i utvalstkastet, og er ubrigda.

Ein viser til merknadene til § 4 s. 52—53 framfor, der det er gjort greie for spørsmålet om det for ettertida bør kunne hevdast odel til odlingsjord i personleg sameige. Dissensen i § 17 (utvalstkastet § 12) gjeld berre dette spørsmålet, i det heile Utvalet står bak dei føreslegne reglane om bruk av odelsrett i samband med oppløysing av sameiga.

Til § 18.

Paragrafen samsvarar med § 13 i utvalstkastet.

Som Utvalet sjølv har gjeve uttrykk for (Rådsegna s. 55 sp. 2 og s. 56), kan det reist visse prinsipielle motsegner mot denne regelen. I nokre av fråsegnene er det også peika på dette.

Departementet meiner, som Utvalet, at dei retts tekniske føremonane regelen har bør vere avgjerande. Sjølv om den løysinga regelen fører til vel ikkje i alle høve kan seist å vere så heilt naturleg, så vil den i all fall neppe kunne føre til resultat som er samfunnsmessig uheldige.

Til § 19.

Paragrafen svarar til utvalstkastet § 19, og er ubrigda.

Eidsivating lagmannsrett har i ein dom 10 mars 1972, i tilslutning til ein tidlegare heradsrettsdom i RG 1958 s. 503, avgjort at delingsforbodet i jordlova § 55 står tilbake for løysingsrett som fylgjer av odelslova. Same standpunktet har lovavdelinga i Justisdepartementet gjeve uttrykk for i fleire tidlegare fråsegner om spørsmålet. Med mindre Høgsterett skulle kome til eit anna resultat i den saka Eidsivating lagmannsrett nyleg avgjorde, må dette spørsmålet dermed rekast for løyst etter gjeldande rett.¹⁾

Aust-Agder fylkeslandbruksstyre uttalar:

«Dette fører til at næringsgrunnlaget på bruket kan bli så redusert at det ikke lenger blir drivverdig som gårdsbruk. Dette er i strid med intensjonene i jordloven og det bør medtas bestemmelse i den nye odelsloven som hindrer dette. Det bør være slik sammenheng i lovverket at reglene for et lovområde ikke fører til nedrivning av det en i kraft av andre lover prøver å bygge opp.»

Departementet finn ikkje å kunne gå inn for ei slik løysing som nemnt i denne fråsegna. Som lagmannsretten har peika på i domen av 10 mars 1972, ville ein slik regel føre til automatisk odelsfrigjering ved 5 års samdrift av «ethvert tilkjøp av tilleggsjord som var rasjonelt ut fra jordlovens intensjoner . . .». Ein viser til at samtykkje etter § 55 ikkje er turvande når særskilt matrikulert del av ei driftseining blir kjøpt ved tvangsauksjon, og meiner at det same bør gjelde når den vert løyst på odel.

Til § 20.

Ein viser til dei allmenne merknader i avsnitt II punkt 4.

¹⁾ Høgsterett har i dom 28 april 1973 samrøystes stadfest lagmannsrettsdommen.

Til § 21.

Paragrafen svarar, med eit par endringar, til utvalstkastet § 21 fyrste og andre stykket. Dei spørsmåla paragrafen regulerer, er utførleg omtala i dei allmenne merknadene under avsnitt II pkt. 4 framanfor, og ein viser til dette.

Som nemnt der har departementet utvida heimelen for å nekte odelsløysing til å gjelde alle søksmål mot ein eigar som sjølv har odelsrett. Skilnaden i høve til komitéutkastet er at løysing etter departementet sitt utkast vil kunne nektast også når eigedomen er overtatt frå slektningar i første sideline (i praksis frå sysken av foreldra). Dette er rare grunngeve i dei allmenne merknadene framanfor. At eigedomen er overført til eit yngre brorbarn ved testament (jfr. dømet framanfor) må reknast likt med overføring i levande live, dvs. at løysing kan nektast når det ville vere klårt urimeleg om t.d. ein eldre bror av overtakaren fekk bruke odelsrett. Gjeld det overtaking elles på arveskifte, fylgjer det av § 51 siste stykket at retten kan fråvike prioriteten ut frå dei synsmåtane som er nemnde i § 21 dersom arvingane har åsetesrett. Men det har dei ikkje dersom det som i det nemnde dømet er spørsmål om skifte etter slektningar i sidelina. Utkastet gjev ikkje retten heimel for å fråvike aldersprioriteten i slike høve. Og slik bør det vel og vere: Når det ikkje ligg føre nokon disposisjon frå arvelataren til føremon for ein av arvingane, får ein fylgje dei vanlege reglane, jfr. skiftelova § 61 o.u.

Til §§ 22—26.

Paragrafane er, bortsett frå ei språkleg endring i § 26, i samsvar med utvalstkastet §§ 23—27.

Til kap. VII.

Reglane i dette kapittel er, bortsett frå § 27, nye i høve til utvalstkastet. Dette av di reglar om gjennomføring av bu- og driveplikt kjem i tilleggsrådsegna frå Utvalet, jfr. det som er nemnt i avsnitt II punkt 11. Men departementet har meint at ein alt no bør få reglar som sikrar ei reell gjennomføring av vilkåra om bu- og driveplikt. Ein har også meint at reglane bør takast inn i odelslova. Når tilleggsrådsegna frå Utvalet ligg føre, vil ein sjølsagt få ei ny vurdering av reglane. Departementet nemner likevel at ein ved utarbeidinga av desse førebels reglane har hatt særst stor nytte av synsmåtar som ein har vorte kjent med frå Utvalet. I det store og heile meiner ein også å ha tatt omsyn til dei standpunkt som Utvalet førebels har kome til når det gjeld desse spørsmåla.

Når det gjeld reglane om bu- og driveplikt, viser ein til avsnitt II punkt 5 framanfor. I tillegg til det som der er nemnt, skal ein om de einskilte paragrafane i dette kapittel nemne følgjande:

Til § 27.

Regelen i første stykket fastset at den som tar over fast eigedom i medhald av odelsrett, har bu- og driveplikt i 10 år. Bu- og driveplikt er eit allment vilkår for at nokon skal kunne nytte odelsretten sin. Regelen svarar til utvalstkastet § 22 første og tredje stykket og § 21 tredje stykket, og gjeld når odelsrettshavaren gjer aktivt bruk av sin odelsrett, dvs. ved odelsløysing og ved bruk av odelsrett på offentleg skifte. Vidare gjeld reglane også når nokon tar over eigedom i medhald av åsetesrett, jfr. tilvisinga i § 51 til kapittel VII. Framlegget om bu- og driveplikt i denne lova byggjer på den føresetnad at liknande reglar vert gjeve for landbrukseigedomar i den nye konsesjonslova. Reglane der om bu- og driveplikt vil då gjelde ved overtaking av fast eigedom elles av ein odelsrettshavar (dvs. ved friviljug overføring og ved overtaking på privat skifte).

Andre stykket svarar til utvalstkastet § 22 andre stykket og § 21 tredje stykket, men er endra på nokre vesentlege punkt. M.a. skal spørsmålet om fritak for bu- og driveplikt etter utkastet avgjerast av departementet medan spørsmålet etter utvalstkastet skulle avgjerast av retten. Spørsmålet om avgjerdsmakta m.o.t. unntak/lempling i bu- og drivplikta bør leggest til retten eller til dei landbruksfaglege organa er drøfta i dei allmenne merknadene s. 31—32 framanfor, og ein viser til det som der er sagt. I første punktum er det elles gjort den endring i høve til framlegget frå Utvalet at det er sagt uttrykksleg at fritakinga kan gjelde for eit avgrensa tidsrom. Samanlikna med utvalstkastet frå fleirtalet er dessutan gjort den endring at regelen i utvalstkastet § 22 andre stykket tredje punktum er sløyfa. Også når det gjeld denne endringa viser ein til det som er halde fram i dei allmenne merknadene.

Til §§ 28 og 29.

Paragrafane inneheld reglar om sanksjonar mot ein odelsrettshavar som ikkje oppfyller vilkår om bu- og driveplikt.

Etter § 28 får då andre odelsrettshavarar enn eigaren si line løysingsrett. Når eigaren si line etter framlegget ikkje får løysingsrett i eit slikt tilfelle, heng det dels saman med at ein må rekna med at eigaren og hans line (dvs. hans etterkomarar) har hatt det i si hand å oppfylle vilkåra, dels vil ei overfø-

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

ring t.d. til eigarens eige barn (som kanskje til og med er mindreårig og difor vil trenge fritak) vere eit lite effektivt trugsmål.

Ved sida av andre odelsrettshavarar har ein gjort framlegg om at også saksøkte i løysingssaka får tilbakesøkjingsrett dersom eigedomen er erverva ved odelsløysing og ervervaren ikkje oppfyller vilkår om bu- og driveplikt. Saksøkte kan dessutan krevje skadebot for tap han måtte ha blitt påført ved at han har vorte tvungen til å fråvike eigedomen, jfr. noverande regel i skjønsløva § 76 a.

Etter regelen i tredje stykket kan rett til odelsløysing eller tilbakesøkjing etter denne paragrafen gjerast gjeldande i heile det tidsrom som eigaren er pålagt bu- og driveplikt. Regelen seier derimot ikkje noko om kor lang tid mishaldet må vare ved før det utløyser rett for andre odelsrettshavarar eller saksøkte til å gå til løysing/tilbakesøkjing. Det bør vere nok at det ligg føre eit vesentleg mishald. Departementet finn det ikkje naudsynt no å gå nærare inn på spørsmålet. Retten får i tilfelle ta standpunkt til spørsmålet når løysing/tilbakesøkjing blir kravd. Det vesentlege for departementet er at ein får reglar som verkar til å sikre gjennomføringa av vilkår om bu- og driveplikt.

No kan det hende at ikkje nokon av odelsrettshavarane grip inn mot mishaldet endå om dei etter § 28 kan gjere det. Ein har då funne at departementet, dvs. Landbruksdepartementet, må få høve til å gripe inn. Ein reknar med at landbruksstyremaktene vert kjent med mishald av bu- og driveplikt også når det gjeld eigedomar overtatt i medhald av odelsrett. Reglane i denne paragrafen skulle gjere det mogleg for departementet å gripe inn når det viser seg at andre odelsrettshavarar, eller saksøkte i løysingssaka, ikkje grip inn. Også desse reglane er berre mellombels. Dei vil bli vurderte på ny i samband med handsaminga av tilleggsrådsegna frå Utvalet.

Til § 30.

Paragrafen svarar til § 28 i utvalstkastet.

Norges Bondelag har gjort merknad om at uttrykket «særlege grunnar» som skal kunne gje grunnlag for odelsfrigjering, bør klårleggjast nærare i lova.

Om dette spørsmålet har Utvalet i rådsegna (s. 77 sp. 2) sagt at vilkåra er dei same som etter gjeldande rett (§ 7 i lov 16 juli 1907), og at ein ikkje har meint å gjere noko endring med omsyn til kva som skal reknast som «særlege grunnar» etter den gamle lova. I tilslutning til *Skeie* s. 159 meiner Utvalet at det ikkje bør reknast som «særlege grunnar» om t.d. ein kommune kjøper ein eigedom med det føremålet å tene pengar på den

ved utparsellering og sal til byggjetomter eller industrianlegg.

Departementet viser til at § 7 i 1907-lova fekk sin noverande ordlyd ved endringslov 14 juni 1963 nr. 2 («lex Gruset»), og at dette var ei kompromissløysing ein kom fram til etter nokså mykje politisk strid, jfr. rådsegna s. 13—14. Det kan nok seiast at uttrykket «særlege grunnar» er lite eigna til å trekkje opp dei eksakte vilkåra for at odelsfrigjering skal kunne skje. Men meininga hjå stortingsfleirtalet i 1963 synest nettopp å ha vore at ein ikkje bør binde seg til heilt eksakte vilkår når det gjeld dette spørsmålet. Såleis sa dåværande justisminister, statsråd Haugland, under ordskiftet om saka i Odelstinget at uttrykket «bare sikter på den interesseavveining som administrasjonen skal foreta ved odelsfrigjøring.»

Departementet finn etter dette ikkje grunn til no å ta opp att spørsmålet om å regulere nærare i lovteksten kva vilkår som må liggje føre for odelsfrigjering etter denne paragrafen.

Til § 31.

Paragrafen svarar til § 29 i utvalstkastet, og avløyser den tilsvarande føresegna om odelsfrigjering som no står i § 30 i jordlova. Etter dei gjeldande reglane kan odelsfrigjering ikkje skje andsynes dei som etter § 11 i jordlova kunne kjøpe eigedomen utan at staten har forkjøpsrett, med mindre vilkåra for oreigning etter § 20 i jordlova ligg føre. Denne regelen vil fleirtalet i Utvalet avgrense til berre å gjelde eigedom på minst 30 dekar, medan mindretalet vil ta heilt bort denne avgrensinga av høvet til odelsfrigjering andsynes dei næraste slektningane til eigaren og ektemaken. Jfr. rådsegna s. 78 sp. 1.

Norges Bondelag uttalar:

«Såvidt skjønnes svarer den foreslåtte § 29 i det vesentlige til den nåværende § 30 i jordloven. Norges Bondelag er prinsipielt enig i forslaget, men slutter seg til mindretallets syn, at annet punkt i første avsnitt — arealgrense — bør utgå.»

Det er ikkje klårt om Bondelaget meiner at heile andre punktum bør gå ut (slik at odelsfrigjering kan skje også andsynes slektningane, utan omsyn til arealet på eigedomen), eller at regelen bør bli ståande, men utan unnataket for eigedomar under 30 dekar (dette er i så fall noko anna enn det mindretalet i Utvalet går inn for).

Fylkeslandbruksstyra i Østfold, Vestfold, Hedmark, Sør-Trøndelag, Sogn og Fjordane, Rogaland og Vest-Agder stor framlegget frå mindretalet i Utvalet. Det same gjer *Sør-Varanger kommune*.

Aust-Agder fylkeslandbruksstyre meiner

arealgrensa på 30 dekar er sett så vidt lågt at framlegget frå fleirtalet truleg vil få lite å seie for arbeidet med strukturrasjonalisering i jordbruket. Mindretalsframlegget går på den andre sida for langt, og vil kunne skape utrygge vilkår innan næringa.

Departementet har vore i tvil om nokon av framlegga frå Utvalet gjev den beste løysinga på dette spørsmålet. Mindretalsframlegget går svært langt. Det vil gje administrasjonen høve til å avskjere løysing frå t.d. eigarens barn når ein eigedom er komen på sal — utan omsyn til storleiken på eigedomen og tilhøva elles. På same måten vil løysing kunne avskjerast også mot eigaren sjølv, om ein tenkjer seg at eigedomen vert fråseld han ved tvangsauksjon og han så skulle få midlar til å løyse den inn att innan fristen går ut. Om fleirtalsframlegget kan på den andre sida seiast at ei arealgrense på 30 dekar både er for låg til at ordninga får noko større å seie for arbeidet med å skipe større brukseiningar (jfr. fråsegna frå Aust-Agder fylkeslandbruksstyre), og at ei slik arealgrense kan kome til å verke noko vilkårleg i sume høve.

Departementet har vore inne på tanken om å avgrense verknaden av odelsfrigjeringa etter eit anna prinsipp enn fleirtalet i Utvalet, — nemleg slik at eigarens barn, men ingen andre (bortsett frå eigaren sjølv, dersom det gjeld tvangssal) skulle kunne løyse eigedomen. Ein slik regel kunne anten gjelde for alle eigedomar som fyller vilkåra for å vere odlingsjord, eller den kunne tenkjast kombinert med fleirtalsframlegget om ei særskilt arealgrense.

Ein tek likevel i proposisjonen opp framlegget frå fleirtalet i Utvalet, men har ville peike på alternative måtar å forme ein avgrensingsregel på, i fall det skulle bli spørsmål om å vurdere dette nærare.

Paragrafen er forma under føresetnad av at proposisjonen om ny konsesjonslov vil bli handsama før dette lovframlegget. Det er difor i lovteksten vist til § 6 nr. 1 i konsesjonslova, i staden for til § 11 i jordlova, som utvalstkastet § 29 viser til, og som er den føresegna som gjeld pr. i dag.

Til § 32.

Paragrafen svarar til § 30 i utvalstkastet. *Østfold fylkeslandbruksstyre* meiner at det ikkje skulle vere turvande å innhente fråsegn frå kommunestyret, ved sida av dei jordbruksfaglege organa.

Sør-Varanger kommune meiner uttalefristen på 3 månader bør lengjast til 6 månader.

Til §§ 33—38.

Om rettsstillinga for ein attlevande ektemake som ikkje har (best) odelsrett, viser ein til Rådsegna s. 79—82. Føresegnene i departementet sitt utkast §§ 33—38 svarar til §§ 31—34 i utvalstkastet, i det utvalstkastet § 31, som regulerer tilhøvet både til eigne livsarvingar, stykbarn og andre odelsrettshavarar, er delt opp i 3 paragrafar i departementet sitt utkast. Det er elles ikkje gjort nemnande endringar i høve til framlegga frå Utvalet når det gjeld dette kapitlet, men ein finn likevel grunn til å kome med einiskilde merknader.

Det går fram av merknadene frå Utvalet at det er ein bruksrett for den attlevande ektemaken føresegnene tek sikte på når det gjeld tilhøvet til eigne barn, barnebarn og stykbarn. Dette samsvarar med dei noverande reglane i odelslova § 16. Når det gjeld tilhøvet til «andre odelsberettigede» viser ein til dom i Rt. 1956 s. 1141, som gjaldt odelssoeksmål mot ein attlevande ektemake i uskifte, og ein dom av Frostating lagmannsrett 9 januar 1973, som gjaldt ein skiftetvist om det tilsvarende spørsmålet. I begge tilfelle vart odelslova § 16 femte stykket tolka slik at den attlevande ikkje berre hadde krav på å halde fram med bruken av eigedomen, men at vernet også gjaldt eigedomsretten. Etter gjeldande rett går altså vernet for den attlevande lenger i høve til «andre odelsberettigede» enn i høve til barn og stykbarn. Slik utkastet er forma, vil løysinga bli den same også etter dei nye reglane.

Jamvel om eit barn, barnebarn eller stykbarn etter §§ 33 og 34 vil kunne krevje eigedomen utlagt til seg på skifte (med påhefte av bruksrett for den attlevande), vil dette ofte ikkje vere noko tenleg løysing for vedkomande. Etter rettspraksis kan dei nemleg ikkje krevje at bruksretten kjem til frådrag i den summen dei må betale, jfr. det som er sagt om dette i den framanfor nemnde høgsterettsdomen (Rt. 1956 s. 1141) på s. 1146, og ein dom i RG 1954 s. 467, referert hjå Voss s. 97. For å gjere det klårt at det ikkje går nokon preskripsjonsfrist for odelsretten om den attlevande — i staden for berre å halde fram med å bruke eigedomen — får den utlagt til seg på skifte etter den avlidne, har ein gjort ei lita endring i § 47 andre stykket, der orda «på skifte» er sette inn i staden for «etter § 63 i skiftelova». Dette samsvarar med gjeldande rett, Rt. 1962 s. 1145.

Eit anna spørsmål som er noko tvilsamt etter gjeldande rett, er om føresegnene i odelslova § 16 vernar den attlevande når eigedomen var særlege for den avlidne ektemaken. Spørsmålet har fleire gonger vore oppe for

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

domstolane (Rt. 1937 s. 7, 1940 s. 100, 1946 s. 956, 1958 s. 702, 1961 s. 288 og RG 1967 s. 195 m.fl.). Etter utvalsutkastet er det klart kor langt vernet går i høve til felles barn og barnebarn, og likeins i høve til «andre odelsberettigede». Meininga frå Utvalet si side har nok vore at det same skal gjelde også i høve til stykbarn. Departementet har gjort eit par tilføyningar i § 34 (utvalsutk. § 31 tredje stykket) for at dette skal gå heilt klart fram.

Når det gjeld uttrykket «høveleg gratis husrom» i § 38, som avløyser dei tidlegare reglane i odelslova § 16 om føderåd, vil departementet peike på at ein i nokon mon må ta omsyn til tilhøva i det einstilte tilfelle. Meininga er at den attlevande skal ha slik rett så sant det finst høveleg husrom på eigedomen, slik at ein her og tar rimeleg omsyn til overtakarens situasjon.

Tilsvarande må gjelde m.o.t. den plikta til oppfostring og utdanning som stykforeldre skal ha etter § 37. Også denne må i nokon mon rette seg etter dei økonomiske og andre tilhøve som ligg føre.

Utvalet har på s. 79 sp. 2 i Rådsegna vore inne på tanken om å oppheve § 63 tredje stykket i skiftelova, men har ikkje tatt opp framlegg om det. Det er nemnt (s. 80 sp. 1) at spørsmålet i tilfelle bør vurderast nærare av departementet.

Departementet er samd i at regelen i skiftelova § 63 tredje stykket vil få svært lite å seie etter at ein no får nye reglar m.a. om minsteareal for odelseigedomar. Ein ser likevel ikkje at det kan vere til nokon skade om regelen vert ståande, og tar ikkje opp framlegg om endring på dette punktet.

Til kap. X.

Dette kapittel svarar til kapittel IX i utvalsutkastet. Om preskripsjonsreglane har *Norges Bondelag* generelt kome med desse merknader:

«Norges Bondelag er enig med Sivillovbokutvalet i en oppmykning av den absolutte preskripsjon, slik at odelsrettshavere med høy prioritet ikke mister sin odelsrett dersom den ikke blir nyttet, men at de i stedet får en lavere prioritet. Norges Bondelag slutter seg også i prinsippet til forslaget om at retten kan nekte innløsning både når det synes klart urimelig at en eldre får drive en yngre bort, og når det synes klart urimelig at den som reiser innløsningssak, får drive bort eier med nedarvet odelsrett. Norges Bondelag finner det rimelig at de best odelsberettigede heller ikke i slike tilfeller mister odelsretten, men blir satt lenger ut i prioritetsrekkefølgen.»

Også departementet er samd i den oppmjuking av preskripsjonsreglane som Utvalet har gjort framlegg om. Om dei ein-

skilde paragrafar viser ein elles til merkningane nedanfor.

Til § 39.

Første og andre stykket i denne paragrafen svarar til utvalsutk. § 35. Tredje stykket er ein ny regel som gjev andre odelsrettshavarar enn eigaren si line høve til å krevje odelsløyving heilt til tidsromet for eigarens bu- og driveplikt er ute.

Når det gjeld lengda på preskripsjonsfristen i første stykket, har *Norges Bondelag* gått inn for at fristen vert sett til 3 år. *Fylkeslandbruksstyra i Østfold, Vest-Agder og Rogaland, fylkesskogråda i Østfold, Vestfold, Vest-Agder, Rogaland, Sogn og Fjordane, Det Norske Skogselskap, Norges Skog-eierforbund, Skogbruksforeningen av 1950 og Norges Jordskiftedommer- og Landmålersamband* har gått inn for at fristen blir sett til 2 år. Endeleg har *fylkeslandbruksstyra i Troms og Finnmark og Norges Bygdeungdomslag* rådd til at fristen blir sett til 1 år.

Av dei som har gått inn for at fristen vert sett til 2 år, gjev ein att følgjande merknader frå *fylkeslandbruksstyret i Østfold*:

«Fylkeslandbruksstyret slutter seg til mindretallet om at retten til odelsløsning må gjerest gjeldende innen 2 år (utkastets § 35).

Det kan her bl.a. pekes på det meget uheldige ved at kjøperen av en gård faktisk må vente i tre år før han for fullt kan foreta investeringer på gården. De odelsberettigedes interesser skulle være tilstrekkelig ivaretatt ved en løsningsfrist på 2 år.

Det kan også pekes på at i forbindelse med fylkeslandbruksstyrenes arbeid med strukturrasjonalisering etter jordloven, vil en løsningsfrist på 2 år i vesentlig grad lette dette arbeidet.»

Departementet er samd med mindretallet i Utvalet i at preskripsjonstida vert korta ned til 2 år. Både det forhold at det no blir ein meir avgrensa krins som får odelsrett (noko som vil føre til at dei lettare blir klår over sin løysingsrett), og at det er uheldig for drifta av eigedomen at løysingsfristen er for lang, talar for at det må vere forsvarleg å korte fristen ned til 2 år. Ein viser elles til den grunngeving som mindretallet i Utvalet har gjeve i rådsegna s. 83.

Regelen i tredje stykket gjer unntak frå preskripsjonsverknaden for tilfelle då eigaren ikkje oppfyller vilkår om bu- og driveplikt. Med «andre odelsrettshavarar» meinst her også dei som står etter eigaren og hans line i prioritetsrekke etter reglane i kap. III. Løysing i medhald av denne regelen kan likevel berre krevjast fordi eigaren misheld vilkår om bu- og driveplikt. Regelen gjeld elles berre i tilfelle der nokon har tatt over eigedom i medhald av odelsrett,

jfr. kap. VII. Det er desse tilfella odelslova regulerer. Kva verknad mishald av bu- og driveplikt vil ha for odelsrettshavarar (og andre) som har tatt over jord- og skogbruks-eigedom på anna grunnlag, fell utanom odelslova.

For at mishald skal gje løysingsrett, er det i og for seg nok med mishald anten av buplikta eller driveplikta. Ein reknar likevel med at det er mishald av buplikta som vil vera aktuelt, t.d. at odelshavaren etter eit kortare opphald på garden fråflytter den, men likevel driv den på forsvarleg vis.

For å gjere regelen mest mogleg effektiv har ein meint at eigarens line må haldast utanfor. Ein har då lagt vekt på at om t.d. odelsrettshavaren sine barn skulle ha beste retten til å ta over eigedomen dersom faren eller mora hadde gjort seg skyldig i mishald av bu- og driveplikt, ville det truleg ikkje ha nemnande verknad for å hindre mishaldet.

Løysingsretten for dei andre odelsrettshavarane på grunn av mishald av bu- og driveplikta står ved lag så lenge eigaren er pålagt bu- og driveplikt. I praksis får altså andre odelsrettshavarar enn eigaren si line ein løysingsfrist på 10 år i dei tilfelle der eigaren misheld bu- eller driveplikta.

Til §§ 40, 41 og 42.

Paragrafane er i samsvar med §§ 36, 37 og 38 i fleirtalsframlegget frå Utvalet. Departementet er, som nemnt i dei innleiande merknader til dette kapittel, samd i at det no bør gjerast modifikasjonar i prinsippet om preskripsjon av odelsretten, men ein har vore noko i tvil om kor vidt ein bør gå.

Når det gjeld framlegget frå mindretalet (Nygard) om at i odelslekta bør ikkje odelsretten, men berre den innbyrdes løysingsretten foreldast, er ein samd i at med den avgrensing av odelskrinsen som det er gjort framlegg om, kunne mykje tale for at ein tok bort løysingsplikta for heile odelsætta. Ein er likevel blitt ståande ved å burde halde på fleirtalsframlegget. Det er, som fleirtalet har peika på, først og fremst i desse tilfelle ei løysingssak kan ha uheldige verknader.

Til §§ 43—47.

Paragrafane svarar til utvalsutkastet §§ 39—43. Om endringa av § 47 viser ein til merknad framanfor s. 58 sp. 2.

Til §§ 48 og 49.

Paragraf 49 kjem i staden for utvalsutkastet § 46.

Om innhaldet i §§ 48 og 49 viser ein til dei allmenne merknader i avsnitt II punkt 6.

Til § 50.

Paragrafen svarar til fleirtalsutkastet frå utvalet til § 45.

Når det gjeld merknaden frå mindretalet i Utvalet, Stray Ryssdal, m.a. om fåren for ulik dispensasjonspraksis, viser ein til at avgjerdsmakta når det gjeld fritaksspørsmål etter utkastet er lagt til departementet, jfr. § 27. Landbruksdepartementet vil då anten sjølv kunne ta avgjerd, eller, dersom avgjerda blir delegert til fylkeslandbruksstyra, gje retningsliner til desse om praktiseringa. På den måten skulle det ikkje vere nokon fåre for at praksis vert alt for ulik.

Til § 51.

Paragrafen svarar til framlegget frå mindretalet i Utvalet til § 46, likevel slik at adoptivbarn får prioritet etter adopsjonstidspunktet (jfr. § 12) og at fleirtalsframlegget i tredje stykket vert lagt til grunn.

Til §§ 52—54.

Paragrafane svarar til utvalsutkastet §§ 47—49.

Til § 55.

Denne paragrafen, som svarar til utvalsutkastet § 50, innheld reglar om at åsetesarvingen har rett til å få overta eigedomen til ein pris som er rimeleg etter tilhøva. Som nemnt av Utvalet avløyser regelen den gamle føresegna frå 1863-lova som gjev åsetesarvingen rett til å overta eigedomen til «billig Taxt».

Om utvalsutkastet har Norges Bondelag uttala:

«De viktigste bestemmelser i åsetesretten er reglene om overtakelse av eiendommene udelt og til «billig takst». Sivillovbokutvalet har foretatt en noe nærmere presisering av hva som ligger i begrepet «billig takst» (§ 50) — at den åsetesberettigede ved skjønn skal kunne få fastsatt en overtakelsespris som er rimelig etter forholdene på stedet, med særlig tanke på at overtakeren kan makte å beholde eiendommen. Som det fremgår av vedlagte dokument om prisutviklingen på landbrukseiendommer (NB. nr. 456/72) er forskjellen i pris når det gjelder eiendommer som omsettes innen familien og i fri omsetning blitt meget stor. Det går videre fram av nevnte dokument at prisnivået ved familieoverdragelser stort sett er i godt samsvar med bruksverdi, mens pris for eiendommer i fri omsetning ligger meget høyt. Generelt vil prisnivået ved eiendomsoverdragelser innen familien være sterkt påvirket av familiens syn på at den som overtar, skal kunne oppnå en brukbar levestandard for seg og sin familie. Det er etter Norges Bondelags oppfatning av stor viktighet å føre prinsippet med den «subjektive bruksverdi» videre i åsetesretten. Det kan i denne forbindelse nevnes at Norges Bondelag tidligere har foreslått at

ved odelstakst skal bruksverdien legges til grunn i stedet for gangbar pris i egnen (jfr. vedlagte NB nr. 502/71).

Samtidig med åsetestaksten skal skjønet også fastsette verdien av eiendommen ved fritt salg. Sivillovbokutvalet begrunner dette forslaget ut fra rene retts tekniske forhold i forbindelse med eventuelle etteroppgjør. Dette forslaget har etter vår oppfatning betenkelige sider av prismessig karakter, først og fremst ved at åsetestaksten uvilkårlig vil bli påvirket av vurderingen av omsetningsverdien i fri handel. Dette vil være i strid med hovedprinsippet i § 50, og Norges Bondelag vil derfor fraråde at bestemmelsen om fastsetting av eiendommens verdi ved fritt salg blir tatt inn i loven.»

Norges Skogeierforbund har kome med denne merknaden:

«Sivillovbokutvalet har i § 50 presisert nærmere hva som bør legges til grunn ved fastsetting av eiendomspris til en åsetesarving. Utvalet har i sine merknader pekt på at det vanligvis er bruksverdi som skal legges til grunn, men også åsetesarvingens økonomiske situasjon, med særlig vekt på at overtakeren skal kunne sitte med eiendommen. En konsekvens er en bruksverdi beregnet med utgangspunkt i arvingens økonomiske situasjon. Vi ber Departementet vurdere om ikke dette bruksverdi prinsippet bør inn i selve loven.»

Den Norske Advokatforening, som har kome inn på trongen for nye lovreglar om verdsetjing av odelseigedom jfr. avsnitt 6, har i denne samanhengen også kome inn på utvalsutkastet § 50. Det heiter om denne paragrafen i fråsegna:

«I denne forbindelse vil nærstående utvalg også påpeke at Utvalet har tatt opp regler om åsetestakst i § 50. Her er det direkte henvist til at åsetestakst ikke må settes høyere enn verdien av eiendommen ved odelstakst, og at skjønet samtidig skal fastsette verdien av eiendommen «ved fritt sal».

Om den siste bestemmelse sier Utvalet på s. 94 at det er en rent retts teknisk regel, som henger sammen med de regler om etteroppgjør mellom arvingene som Utvalet fremsetter forslag om i § 51. Det er imidlertid i Utvalets innstilling ikke nærmere utviklet om man med «fritt sal» sikter til de nåværende bestemmelser om full verdi etter gangbar pris i egnen etter odelslovens § 19 og skjønnenslovens § 62. På dette punkt synes det nødvendig med en avklaring, idet man ellers må forutse betydelige fortolkningsvanskeligheter ved anvendelsen av bestemmelsene i § 50.»

Til fråsegnene frå Advokatforeningen og Bondelaget har departementet denne merknaden:

Regelen i utvalsutkastet om at skjønet samstundes med fastsetjinga av åsetesprisen også skal fastsetje «verdien av eigedomen ved fritt sal» byggjer på den føresetnad at det ikkje skal vere etteroppgjør i tilfelle nokon med monaleg vinst avhender eigedom tatt over ved odelsløyving. Etter ut-

valsutkastet § 51 (fleirtalet) var det dessutan berre skilnaden mellom åsetestaksten og det ein må rekne som full pris då åsetestaksten vart halden, som avhendaren skal greie ut etter reglane om etteroppgjør. Dersom åsetesarvingen betalte full pris, ville det altså ikkje bli spørsmål om noko etteroppgjør. Etter dette opplegg meinte Utvalet at det var greit å få klårlagt om og i tilfelle kor stor skilnad mellom åsetestakst og verdien ved fritt sal som skjønet hadde lagt til grunn, idet det var denne skilnaden (bortsett frå endringar i pengeverdien) som avhendaren skulle greie ut ved etteroppgjøret.

Som det er gjort nærare greie for i avsnitt 6 frammanfor, har departementet gjort den endring at etteroppgjør også kan krevjast når nokon har tatt over eigedom ved odelsløyving. Etteroppgjøret ved odelsløyving er ikkje avgrensa til å gjelde prisskilnaden mellom odelsløyvingsprisen og verdien etter full pris då odelsløyvinga vart gjennomført. På bakgrunn av dette er departementet kome til at heller ikkje etteroppgjøret i åsetestilfella bør vere avgrensa til prisskilnaden mellom åsetestaksten og det ein må rekne som full pris for eigedomen då åsetestaksten vart halden, «omsyn teke til mogelege endringar i pengeverdien», sjå utvalsutkastet § 51 første stykket tredje punktum. Når medarvingane skal få del i verdauken ut over det som var full pris på taksttida, er det ikkje grunn til å tvinge skjønet til å fastsetje storleiken av åsetesfrådraget. Departementet har difor sløyfa regelen i siste punktum (og regelen i utvalsutkastet § 51 tredje punktum).

Ein nemner at *Norges Bondelag*, som har sagt seg samd i at det i «åseteslovgivningen gis bestemmelser om etteroppgjør», har gjort framlegg om at regelen i utvalsutkastet § 51 tredje punktum vert sløyfa.

Til merknaden frå Skogeierforbundet om at bruksverdi prinsippet bør takast inn i lova, viser ein til avsnitt II punkt 6 om verdsetjinga ved odelstakst.

Til § 56.

Denne paragrafen tilsvarar utvalsutkastet § 51. Som nemnt i avsnitt II punkt 7 frammanfor (s. 40) er paragrafen utvida slik at etteroppgjør skal kunne krevjast også når nokon med monaleg vinst avhender ein eigedom overtatt ved odelsløyving. Elles er første stykket siste punktum sløyfa, jfr. merknadene til § 55.

Når det gjeld tidsfristen for etteroppgjør har som nemnt i avsnitt 7, storparten av høyringsinstansane gått inn for ein 10 års frist. Dette gjeld *Norges Bondelag*, *Forbruker- og administrasjonsdepartementet*, *Norske Kommuners Sentralforbund*, *fylkesland-*

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

bruksstyra i Vestfold (10—15 års frist), Vest-Agder, Rogaland, Møre og Romsdal, Troms og Finnmark, fylkesskogråda i Hordaland og Sogn og Fjordane, fylkesmennene i Bergen og Hordaland og Rogaland og Sør-Varanger kommune.

Fylkesmannen i Aust-Agder, Skogbruksforeningen av 1950 og fylkesskogrådet i Telemark sluttar seg til fleirtalsframlegget frå Utvalet om ein 6 års frist.

Som nemnt i avsnitt 6 framanfor gjer departementet framlegg om at fristen vert sett til 10 år.

Om utvaltskastet § 51 gjev ein att følgjande merknader:

Forbruker- og administrasjonsdepartementet uttalar:

«En finner det rimelig å åpne adgang til å kreve etteroppgjør når noen med vesentlig fortjeneste avhender eiendom som har vært ervervet ved odelsløsning evtl. i kraft av odelsrett. Denne regel må antas å få særlig aktualitet i og med at også jordbrukseieendommer i byer og tettsteder etter forslaget omfattes av reglene om odels- og åsetesrett.

En slutter seg til mindretallets forslag om 10 år som tidsfrist for å kunne kreve etteroppgjør.»

Norges Bondelag nemner m.a.:

«Bestemmelse om etteroppgjør må ikke føre til at én som blir utsatt for ekspropriasjon, i realiteten blir avskåret fra å skaffe seg ny, tilsvarende eiendom i det frie marked.»

Norges Skogeierforbund uttalar:

«Vi finner det naturlig og riktig med et etteroppgjør mellom arvinger når en eier som har overtatt jord i medhold av åsetesrett, selger hele eiendommen eller en betydelig del av den med vesentlig gevinst. Fristen bør ikke gjøres lengre enn nødvendig ut fra de hensyn som ligger til grunn for bestemmelsen om etteroppgjør — å hindre rettsmisbruk. Vi finner 6 år tilstrekkelig. Vi finner det imidlertid rimelig at medarvingene i denne periode får en del også i verdiøkninger ut over det som var full pris ved tidspunkt for overtakelse.

Ved ekspropriasjon kan regelen om etteroppgjør lett virke urimelig. En eier som skal skaffe seg ny jord etter at han er fratatt sin eiendom ved ekspropriasjon, må ut på det åpne marked og han må betale full markedspris. Vi er derfor sterkt i tvil om det er riktig når Utvalet foreslår å sidestille ekspropriasjon og fritt salg i relasjon til regler om etteroppgjør (§ 51). Det bør gå fram av loven at reglene om etteroppgjør ikke må føre til at en eier som mister en eiendom ved ekspropriasjon får sin økonomiske stilling svekket når han skal kjøpe ny eiendom på det åpne marked.»

Den Norske Advokatforening har denne merknaden:

«Utvalts forslag i § 51 om etteroppgjør mellom åsetesarvinger, virker sympatisk, men vanskelig praktikabel.

Spesielt er det grunn til å gjøre oppmerksom på at bestemmelsen om etteroppgjør bare er forutsatt gjort gjeldende når eiendommen — eller deler av eiendommen — blir avhendet.

Det er uklart om utkastet vil ramme f.eks. bortfeste. Regelen kan derfor bli enkel å omgå, idet feste og bygsel jo er en meget vanlig måte å innkassere grunnverdiene på — såvel når det gjelder bolig og forretningsbyggelse, som ved utnyttelse til hyttebygging.

Man vil vel i praksis også kunne komme opp i vanskelige spørsmål, dersom regelen i § 51 skal ses på bakgrunn av bestemmelsene om utbyggingsrettigheter i strandplanloven, som nå også er foreslått utvidet til å bli en fjellplanlov.»

Departementet viser til det som er sagt i dei allmenne merknadene (avsnitt II punkt 7 s. 39—41 framanfor). I samsvar med dette er § 56 utvida til også å gjelde erverv ved odelsløsning, og fristen til å krevje etteroppgjør er sett til 10 år.

Oreigning skal etter framlegget reknast likt med friviljug avhending, dvs. at etteroppgjør kan krevjast dersom egedomen eller deler av den vert oreigna og dette fører til ein monaleg vinst for åsetesarvingen/odelsløyseren. Denne regelen har Utvalet — når det gjeld åsetestilfella — grunngeve med omsynet til størst mogeleg rettferd mellom arvingane. Når det gjeld odelsløysestilfella, er grunngevinga for regelen særleg at ein ikkje bør legge opp til oreigning i dei tilfelle der overføring elles ville kunne ordnast ved friviljug avtale. Hadde ein reglar om etteroppgjør ved friviljug avhending, men ikkje ved oreigning, ville dette kunne verke nettopp slik. Unntaksvis kan det vel og tenkjast å ligge slik til at det alt på løysingstida må reknast med oreigning til prisar som ligg høgare enn bruksverdien ved landbruksdrift. I så fall skal det takast omsyn til dette ved taksten, jfr. § 48. Men dersom dette ikkje vert gjort, eller oreigningserstatninga vert monaleg høgare enn taksten har lagt til grunn, bør etteroppgjør kunne krevjast.

Utvalet har på s. 95 sp. 2 knytta nokre merknader til forståinga av omgrepet «monaleg vinst». Departementet er samd i dei synsmåtane som der er haldne fram, men vil legge til at ved suksessiv avhending av t.d. byggjetomter bør etteroppgjør kunne krevjast, sjølv om det einskilde salet, isolert sett, ikkje kan seiast å gje avhendaren nokon monaleg vinst. Dersom eigarens sal og eventuelle andre disposisjonar i 10 års-bolken til saman har medført monaleg vinst for han, bør det ikkje ha noko å seie at det kanskje gjeld ulike transaksjonar og at dei har skjedd til ulik tid.

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

I tilknytning til merknaden frå Norges Bondelag, skal departementet nemne at dette i fyrste rekkje er eit spørsmål om utmåling av oreigningserstatninga, noko det ikkje er grunn til å gå nærare inn på her. I høve til reglane om etteroppgjer vil det vanskeleg kunne bli spørsmål om monaleg vinst i tilfelle då ein eigar misser eigedomen ved oreigning, og heile erstatninga går med til å skaffe seg ein ny eigedom av tilsvarande art og bruksverdi.

M.a. på bakgrunn av fråsegna frå Den Norske Advokatforening har departementet føya til ein regel om at også feste for lenger tid enn 20 år skal reknast likt med avhending i høve til reglane om etteroppgjer. I relasjon til spørsmålet om monaleg vinst i desse situasjonane, må ein då sjå både på kor store areal som er festa bort og kor høg avgift som skal betalast. Tidsgrensa er sett til 20 år for å gjere det klart at reint førebels avtaler om bortleige av eit område til opplagsplass e.l. ikkje skal gje grunnlag for krav om etteroppgjer, sjølv om den årlege leiga er høg.

Føresegnene i denne paragrafen må i det heile tolkast og brukast ut frå sitt føremål, som er å hindre at ein åsetesarving eller ein odelsløysar ved avhending (evt. oreigning) kort tid etterpå får ein urimeleg pengevinst som ikkje har grunnlag i føresetnadene for arveoppgjeret eller odelsløysinga. Dei tar derimot ikkje sikte på å gje medarvingane eller saksøkte i løysingssaka del i vinst ved disposisjonar som må reknast som driftsmessig naturlege og rasjonelle ut frå den totale bruk eigedomen er skikka til, når slike disposisjonar ikkje kjem i strid med det som var føresetnaden ved overtakinga. Føresegnene tar primært sikte på å hindre misbruk av odels- og åsetesrett, og bør ikkje sjølve kunne misbrukast til utidig innblanding i eigarens vanlege normale drift av eigedomen.

Når det gjeld forelding av krav om etteroppgjer har ein meint at reglane i foreldingslovgjevinga bør gjelde for slike krav.

Til § 57.

Paragrafen svarar til utvalstkastet § 52. Som nemnt i dei allmenne merknader (s. 50) er departementet av den meining at nokre av dei mest gjennomgripande endringane bør setjast i kraft frå eit seinare tidspunkt enn lova elles. Dette gjer det naudsynt å få fram at ikkje alle dei eldre lovreglane held opp å gjelde frå den tid Kongen set odelslova i kraft. Av denne grunn har ein endra innleiinga i § 57 samanlikna med utvalstkastet § 52.

Om endringane elles i høve til utvalstkastet skal ein nemne følgjande:

Regelen under n r. 7 er ein konsekvens av at mindretalsframlegget er lagt til grunn i lova. Den nye formuleringa i § 14 første punktum i adopsjonslova er i samsvar med det framlegg Utvalet har kome med under føresetnad av at mindretalsframlegget vert lagt til grunn i lova, sjå Rådsegna s. 96. Ein har dessutan gjort framlegg om at det i § 17 blir tatt inn ei tilvising om at med omsyn til adoptivbarns odels- og åsetesrett gjeld reglane i odelslova.

Når det gjeld regelen i n r. 8, viser ein til dei allmenne merknader s. 37 sp. 2.

Reglane i utvalstkastet nr. 8 og 9 vert n r. 9 og 10.

Regelen i n r. 11 byggjer på den føresetnad at konsesjonslova blir vedtatt før odelslova.

Til § 58.

Denne paragrafen gjev i første stykket særskilt heimel for at §§ 9, 12 og 51 kan setjast i kraft frå eit seinare tidspunkt enn lova elles. Når det gjeld spørsmålet om særskilt lovheimel for delt ikraftsetjing, viser ein til Justisdepartementets vegledning om utforming av lovtekster (1971) s. 25.

Paragrafane 9, 12 og 51 har reglar om kjønnsjamstelling og om odelsrett for barn utanom ekteskap og adoptivbarn. Som nemnt i avsnitt II punkt 10 er det departementet sin føresetnad at desse gjennomgripande endringane samanlikna med gjeldande rett først bør setjast i kraft 5 år etter at lova elles har teke til å gjelde. Som der nemnt har ein ikkje funne det naudsynt å seie i sjølve lovteksten at ikraftsetjinga av desse reglane skal skytast ut i 5 år.

I andre stykket har departementet for det første tatt inn ein regel om at barn som er fødte utanom ekteskap før 1 januar 1917, berre får odelsrett etter faren og farslekta når faren har lyst barnet i kull og kjønn. Ein har meint at det ikkje vil vere rimeleg å gje vanleg odelsrett til desse barna, jfr. også særregelen i arvelova § 78 om at dei ikkje tar arv etter faren og farslekta.

I tredje stykket har ein tatt inn ein overgangsregel for å klårgjere den odelsrettslege stoda for adoptivbarn der adoptivtilhøvet skriv seg frå såkalla «svak» adopsjon. Denne adopsjonsforma ga m.a. ikkje adoptivbarnet full arverett etter adoptanten og slekta til adoptanten, og ein har meint at desse adoptivbarna av den grunn heller ikkje bør ha odelsrett etter adoptanten og slekta hans. Når det er sagt at dei tidlegare reglane skal gjelde, vil det m.a. bety at regelen i adopsjonslova § 17 fjerde stykket framleis vil gjelde for desse adoptivbarna.

Etter ei lovendring 24 mai 1935 (nr. 2)

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

vart det (som alternativ til den «svake» adopsjon) høve til såkalla «sterk» adopsjon med full arverett mellom barnet og adoptanten og hans slekt. Ved lov 21 desember 1956 vart «svak» adopsjon heilt avskaffa. Nyordninga av 1956 (sett i kraft frå 1 juli 1957) fekk ikkje verknad for eldre «svake» adopsjonar når det gjeld adoptivbarnet si familie- og arverettslege stilling, men i ei overgangstid fram til 1 juli 1962 kunne ein «svak» adopsjon gjerast om til ein «sterk» adopsjon. Det er dette som er bakgrunnen for regelen i tredje stykket, og som går ut på at adoptivbarn adoptert før 1 juli 1957 ikkje får odelsrett med mindre det er gjort vedtak om «sterk» adopsjon etter lova frå 24 mai 1935 nr. 2 eller om «om-

daning» av ein tidlegare «svak» adopsjon etter dei nemnde overgangsreglane.

Til § 59.

Paragrafen svarar med mindre endringar av omsyn til delt ikraftsetjing, jfr. § 58, til utvalstkastet § 53. Om den nye regelen i siste punktum viser ein til avsnitt 9 i dei allmenne merknadene.

Justisdepartementet

tilrå r

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt utkast til proposisjon til Stortinget om lov om odelsretten og åsetesretten.

Statsrådene *Eika* og *Moxnes* finner ikke å kunne slutte seg til proposisjonens § 12 om eldste barns fortrinnsrett i odelsrekkefølgen uansett kjønn.

Dette er et så særegent spørsmål at det ikke uten videre kan trekkes paralleller fra den generelle problemstilling om likestilling mellom kjønnene.

Det er i dag et meget lite antall kvinner som utdanner seg for det praktiske landbruksyrke og det er lite som taler for at dette vil endre seg med en ny odelslov. Med de mange tilbud en i dag har når det gjeld ut-

dannelse og yrkesvalg vil spørsmål som motivering, utdanning, anlegg og styrke fortsatt være avgjørende faktorer for rekruttering og eierskifte i landbruket.

Ved den endring som ligger i proposisjonens § 12 vil det for mange godt motiverte bli skapt en usikkerhet som gjør at de i tidlig alder forlater yrket til stor skade for næringen som helhet.

Disse medlemmer vil derfor tilrå at den nåværende ordning med fortrinnsrett for eldste sønn opprettholdes.

Vi **OLAV**, Noregs Konge,

gjer kunnig:

Stortinget blir oppmoda til å gjere vedtak til lov om odelsretten og åsetesretten i samsvar med eit framlagt utkast.

Tilrådinga frå Justis- og politidepartementet ligg ved i avtrykk.

Gjeve på Oslo slott 13 april 1973.

Under Vår hand og riksseglet

OLAV
(L. S.)

Lars Korvald

Finn Midtskaug

U t k a s t

til lov om odelsretten og åsetesretten

Kap. I. Kva som kan odlast (odlingsjord).

§ 1.

Odelsrett kan hevdast til fast eigedom som kan nyttast til landbruksdrift og har ein viss storleik. Slik eigedom vert kalla odlingsjord. Den som eig odlingsjord når odelshevdstida går ut, vert kalla odlar.

Eigedom som det kviler odel på, vert kalla odelsjord.

§ 2.

Ein eigedom vert rekna som odlingsjord når anten jordbruksarealet er minst 20 dekar, eller det høyrer til så mykje anna areal, rettar og lunnende at den produksjonsmessige verdi tilsvarar minst 20 dekar jordbruksareal.

Ein eigedom der jordbruksarealet er under 10 dekar er likevel aldri odlingsjord. Det same gjeld ein rein skogeigedom der det produktive arealet er under 200 dekar.

§ 3.

Odel kan ikkje hevdast på grunn til bergverk, fabrikk og andre industrielle føretak, når grunnen er etla til å tene det industrielle føremålet. Her tek ein og omsyn til slik framtidig utviding som det er rimeleg å rekne med.

Må eit industrielt føretak etter sitt slag og sin storleik reknast som tilhøyrer til ein jordbrukseigedom, følgjer det same reglar som eigedomen elles.

§ 4.

Særskilt odelsrett kan ikkje hevdast til eit vatn, ein foss eller ei elv. Det same gjeld bruksrett over framand eigedom.

Odelsrett kan heller ikkje hevdast til sameigepart, med mindre parten ligg til særskilt skyldsett bruk.

§ 5.

Når eit område ved stadfest reguleringsplan er lagt ut til byggjeområde, trafikkområde eller friområde, kan grunn i området ikkje odlast.

Kongen kan ta avgjerd om at dette òg skal gjelde område som ved stadfest reguleringsplan er lagt ut til andre føremål enn dei her nemnde, bortsett frå landbruksområde.

§ 6.

Når det kan vere tvil om ein eigedom er odlingsjord, kan den som har rettsleg inter-

esse i det, få avgjort spørsmålet etter reglane om odels skjøn.

Kap. II. Vilkår for odelsrett.

§ 7.

Odelsrett får odlaren når han har vore eigar med full eigedomsrett i 20 år.

Hevdstida vert rekna frå den dagen hevdaren vart eigar med full eigedomsrett. Når ikkje anna er opplyst, reknar ein at han vart eigar då heimelen hans vart tinglyst.

Har eigaren ikkje annan heimel enn eigedomshevd, vinn han odel samstundes med at eigedomshevda er fullført.

§ 8.

Utanom odlaren får også etterkomarane hans odelsrett dersom nokon av foreldra, besteforeldra eller sysken av foreldra har ått eigedomen med odel.

For at ein etterkomar av odlaren skal ha odelsrett, må han vere fødd før jorda gjekk over til nokon som ikkje har odelsrett. Vert eigedomen løyst på odel, får både barn av løysingsmannen og barn av odelsrettshavarar lenger ute i rekkja odelsrett, endå om dei er fødte etter at jorda gjekk ut av slekta. Kjem eigedomen attende til seljaren før foreldingsfristen er ute, vert det rekna som om den ikkje har vore ute av eiga hans.

§ 9.

Barn utanom ekteskap får odelsrett også etter faren og farslekta når farskapen er fastsett eller vedgått i samsvar med § 4 første stykket i arvelova.

Adoptivbarn har same odelsrett etter adoptivforeldra som andre barn etter sine foreldre, jfr. likevel § 12. Odelsrett som eit barn som vert adoptert har i si eiga slekt, fell bort ved adopsjonen.

§ 10.

Går eigedomen før odelshevdstida er ute over til ein ny eigar som i rett nedstigande line ættar frå den førre eigaren, kan eigartidene reknast saman. Tilsvarande gjeld når eit adoptivbarn tar over odlingsjord etter adoptivforeldra.

Odelshevd stoggar ikkje om ein eigar fører eigedomen attende til ein tidlegare eigar som han ættar frå. Det same gjeld ved avhending mellom sysken eller til barn av sysken, når avhendaren har overtatt eigedomen frå nokon som han ættar frå. Det som her er sagt gjeld og overgang ved tvangssal eller arv.

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

§ 11.

Eigar av odlingsjord kan tinglyse fråsegn om at eigedomen skal vere fri for odel. Gjeld det eigedom under samodling av ektemakar (jfr. § 15), lyt dei begge skrive under fråsegna. Kvar av dei kan når som helst kalle fråsegna attende, med den verknad at ny odelshevd tar til frå den tid atterkallinga vert tinglyst.

Kap. III. Om odelsrekkefølga.

§ 12.

Av etterkomarane til odlaren går eldre sysken føre yngre med seg og si line, om ikkje anna går fram av eller vert fastsett med heimel i denne lova.

Adoptivbarn går inn i den vanlege odelsrekkefølga, men med prioritet etter adopsjonstidspunktet. Ved adopsjon av stykbarn, kan barnet likevel ikkje få dårlegare prioritet enn det hadde før adopsjonen.

§ 13.

Når jord er odla av ektemakar etter § 15 siste stykket, får dei lik odelsprioritet. Har dei barn saman, får desse betre odelsrett enn særkullsbarn som den eine eller begge ektemakane måtte ha. Mellom særkullsbarna går odelen etter § 12.

Ved skifte av felleseige mellom ektemakar får den av dei som samodla jord vert utlagt til prioritet framfor den andre. Har dei ikkje fellesbarn, men kvar av dei har særkullsbarn, får barna til den av ektemakane som får jorda utlagt, betre odelsrett enn barna til den andre. Har denne ektemaken og etterkomarane hans ått jorda i 20 år, fell odelen i den andre lina bort.

§ 14.

Mellom sysken og deira liner gjeld føreretten til odelsjord berre ein eigedom.

Den som frå nokon av foreldra eller frå slektningar elles i rett oppstigande line har tatt over ein eigedom som fyller krava til odlingsjord, har ikkje førerett til fleire odels-eigedomar, så lenge yngre sysken eller deira liner ikkje har fått kvar sin. Det same gjeld når nokon frå eigne sysken eller sysken av foreldra har tatt over ein eigedom som han har odelsrett til. Likt med overtaking som nemnt vert rekna at ein slik eigedom er løyst på odel eller kjøpt på auksjon.

Odelsrett kan likevel gjerast gjeldande etter dei vanlege reglane, dersom rettshavaren tilbyr dei yngre syskenlinene å overta den første eigedomen for ein pris som vert fastsett ved skjøn. Han har rett til å gå frå

tilbodet etter at prisen for begge eigedomane er endeleg fastsett.

Dersom det er fleire eigedomar etter at kvar line har fått sin, går føreretten etter prioritetsrekkefølga i § 12, jfr. § 13.

Kap. IV. Samodling ved ektemakar.

§ 15.

Ein ektemake vann ikkje odelsrett til eigedom som den andre ektemaken har odelsrett til før ekteskapet eller får nedverd odelsrett til under ekteskapet, og heller ikkje til eigedom som den eine av ektemakane eig før ekteskapet utan at han har odelsrett til den.

Det same gjeld eigedom som ein ektemake får under ekteskapet som arv eller gåve, og eigedom som vert hans særeige. Likeins gjeld det odlingsjord som går inn i fellesbuet etter at nokon av foreldra til den eine ektemaken har påbyrja, men ikkje fullført odelshevd. Likt med foreldre reknar ein andre som etter § 10 kan rekne saman eigartidene.

Jord som ein ektemake i felleseige elles vert eigar av under ekteskapet, skal i høve til denne lova reknast å vere ført inn i buet av begge ektemakane saman. Slik jord odlar dei for seg sjølve og for fellesbarn og særkullsbarn, jfr. § 13, endå om berre den eine og kven som helst av dei opplever fullføring av odelshevda.

Kap. V. Særskilt om makeskifte og om odelsrett i sameighøve.

§ 16.

Når eigedomar seg i mellom byter jordstykkje eller teigar utan mellomlag, går kvar teig inn under odel eller odling på den eigedomen teigen vert høyrande til. Det same gjeld om det vert gjeve eit mellomlag som etter måten er så lite at teigane i røynda må reknast for å vere jamgode.

Det som her er sagt gjeld tilsvarande om ein teig vert bytt med ein råderett over ein annan eigedom.

Når jord ved jordskifte vert overført frå ein eigedom til ein annan, eller bruksrett vert avløyst med eit grunnstykkje, gjeld det som er sagt i første stykket tilsvarande.

Jord som vert lagt til ein eigedom som tilleggsjord etter reglane i lov om tilskipping av jordbruk (jordlova) 18 mars 1955, går inn under odel eller odling på den eigedomen jorda vert tillagt. Dette gjeld òg om jorda er gått over ved friviljug handel, når fylkeslandbruksstyret har godkjent kjøpet av di kjøparen bør få tilleggsjord, og jorda — dersom det er odelsjord — er gjort odelsfri i samsvaret med reglane om odelsfrigjering.

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

§ 17.

Vert sameige i odelsjord oppløyst med deling mellom sameigarane, får kvar av dei odelsretten til det stykket han får utlagt. Dette gjeld endå om stykket er større enn det som skulle falle på han etter høvestalet i sameiga, og anten odelen hans før galdt ein part eller heile egedomen.

Vert sameiga oppløyst ved auksjon, kan dei tidlegare sameigarane ikkje løyse egedomen frå auksjonskjøparen eller rettsetterfølgjarane hans. Er kjøparen ein sameigar som tidlegare hadde odelsrett berre til ein part, får han odelsrett til heile egedomen. Ein utanforståande med betre odelsrett til egedomen har same løysingsrett som før.

§ 18.

Vert sameigepart overført til ein annan sameigar som har odelsrett til sin part, får overtakaren odelsrett til den parten han tar over, når den overførte parten tidlegare var odelsfri eller det ikkje er gjort steg til løysing innan foreldingsfristen.

Kap. VI. Allmenne avgrensingar i løysingsretten.

§ 19.

Odelsrett kan gjerast gjeldande både mot framande og mot odelsrettshavarar lenger ute i odelsrekka.

Den som har avhendt odelsjord, har ikkje løysingsrett mot kjøparen eller rettsetterfølgjarane hans.

§ 20.

Vil ein eigar avhende odelsjord til eit yngre barn, og dei er samde om vilkåra, kan han setje ein frist for dei eldre og i tilfelle dei barn — ikkje stuttare enn 6 månader — til å seie frå om dei vil gå inn i kjøpetilbodet. Tilbod og svar skal vere skriftleg. Dei som svarar nei eller som ikkje svarar innan fristen, vert i odelsrekka ståande etter den som opphøveleg fekk tilbodet og hans line, når han kjøper jorda på dei vilkår som var fastsett i tilbodet og desse vilkåra lyt reknast for reelle og sakleg velgrunna.

Eigaren er ikkje bunden til å selje til nokon som har sagt seg viljug til å gå inn i kjøpetilbodet.

§ 21.

Vil ein odelsrettshavar løyse ein egedom på odel frå ein yngre bror eller syster som har overtatt den av foreldra, kan retten nekte løysing, når det etter det som ligg føre ville vere klårt urimeleg om den eldre fekk drive den yngre bort. Omsyn kan mellom anna ta-

kast til om den eldre har vore fråverande i lenger tid og driv eit anna yrke som han gjennom skulegang eller praksis har utdana seg for, medan den yngre har vore heime og hjelpt til på garden og må reknast for skikka til å drive den.

Odelsløysing kan også i andre tilfelle nekast mot ein eigar med odelsrett, når det ville vere klårt urimeleg om løysingsmannen fekk drive eigaren bort.

§ 22.

Fråskild tomt til bustadhus, forretningsbygg, industriforetak, lager, naust, garasje eller liknande kan ikkje løysast på odel. Det same gjeld grunn som går inn under § 5, med mindre den på løysingstida er brukt til jordbruksføremål og ein må rekne med at dette vil halde fram dei næraste 15 åra.

Grunn som går inn under § 4 kan berre løysast på odel i samband med løysing av ein egedom grunnen er utskild frå.

§ 23.

Egedom som etter skifte av tilhøva ikkje lenger fyller vilkåra for odlingsjord etter § 2 i denne lova, kan ikkje løysast på odel.

§ 24.

Eit særskilt skyldsett småbruk, som med samtykkje frå fylkeslandbruksstyret er skilt ut frå eit større bruk og som det er bygt hus på, kan ikkje løysast med heimel i odelsrett til hovudbruket. Ny odel til småbruket kan vinnast når vilkåra for odling ligg føre. Vert småbruket fråskilt til nokon som frå før har odelsrett til hovudbruket, vert odelsretten for overtakaren og hans line ståande ved lag.

§ 25.

Ein odelsrettshavar kan ikkje overføre retten sin til ein annan. Men han kan binde seg, anten andsynes einskilde eller i det heile, til ikkje å gjere den gjeldande.

§ 26.

Den som har avhendt ein egedom, og difor etter reglane i § 19 andre stykket ikkje har løysingsrett, eller som har skriva frå seg løysingsretten etter § 25, overfører ikkje større rett enn han sjølv har til barn fødde etter avhendinga eller fråskrivninga.

Kap. VII. Om bu- og driveplikt.

§ 27.

Den som tar over fast egedom i medhald av odelsrett, har plikt til å busetje seg på egedomen innan 1 år og å drive den i 10 år.

Departementet kan etter søknad samtykkje i å gjere unntak, anten heilt ut eller for ei viss tid. Ved avgjerda skal departementet ta omsyn til bruksstorleiken, avkastingssevna og hustilhøva på eigedomen. Det skal takast særskilt omsyn til kor nær tilknytning vedkomande søkjar har til eigedomen.

Når det i samband med odelsløyising eller offentleg skifte vert søkt om unntak frå kravet om bu- og driveplikt, skal retten utsetje den endelege avgjerda i saka til unntaks-spørsmålet er avgjort.

§ 28.

Dersom ein odelsrettshavar ikkje oppfyller vilkår om bu- og driveplikt etter § 27, kan andre odelsrettshavarar enn eigaren si line søkje eigedomen løyst på odell utan hinder av om eigaren og hans line måtte ha betre odelsrett.

Har eigaren skaffa seg eigedomen ved odelsløyising, kan også saksøkte i løysingssaka søkje eigedomen tilbake og krevje skadebot for det tap han måtte ha lide ved å ha vorte tvungen til å fråvike eigedomen. Krav om tilbakesøking etter dette stykket står tilbake for odelsrettshavarane sin løysingsrett etter første stykket.

Rett til odelsløyising eller tilbakesøking etter denne paragrafen må i tilfelle gjerast gjeldande før tidsfristen for eigarens bu- og driveplikt er ute, jfr. § 27.

Når odelsløyisinga eller tilbakesøkinga er fullført, fell odelsretten for eigaren og hans line bort.

§ 29.

Dersom ikkje nokon av odelsrettshavarane eller saksøkte i løysingssaka krev å få ta over eigedomen, jfr. § 28, kan departementet setje ein frist for eigaren til å søkje konsesjon. Vert konsesjon nekta, fell odelsretten for eigaren og hans line bort.

Departementet skal så langt det let seg gjere varsle odelsrettshavarane og saksøkte i løysingssaka om dette, og gje dei høve til å krevje odelsløyising eller tilbakesøking innan den frist som er nemnt i § 39 første stykket, eller, om denne fristen er ute, innan 3 månader. Dersom ingen av odelsrettshavarane krev odelsløyising, kan departementet krevje at eigedomen innan ein frist vert overført til nokon som kan få konsesjon eller som ikkje treng konsesjon.

Har departementet ikkje sett slik frist som nemnt i første stykket første punktum innan fristen etter § 28 tredje stykket gjekk ut, kan konsesjon ikkje lenger krevjast.

Kap. VIII. Odelsfrigjering.

§ 30.

Dersom staten eller ein kommune vil ta over odelsjord, og særlege grunnar talar for at odelsrett ikkje bør vere til hinder, kan Kongen ta avgjerd om odelsfrigjering.

Det kan setjast som vilkår at jorda innan ein nærare fastsett frist tatt i bruk til det påtenkte føremålet, eller at førebuaende arbeid med sikte på dette vert sett i verk innan ei viss tid. Går den fastsette fristen ut utan at vilkåra er oppfylte, kan jorda løysast på odell, og vanleg foreldingsfrist, jfr. § 39, går frå dette tidspunktet. I dette tilfelle vert også dei som er fødde etter at jorda gjekk ut av slekta rekna for å ha odelsrett, så framt dei etter reglane i §§ 8 og 9 elles ville hatt det.

§ 31.

I den mon odelsrett vil kunne skiple ei eigedomstilleigning som staten har gjort ved kjøp eller forkjøp etter reglane i lov 18 mars 1955 om tilskipping av jordbruk (jordlova), kan Kongen etter søknad frå fylkeslandbruksstyret fri slik jord for eldre odelsrett. Odelsfrigjering kan likevel ikkje skje andsynes dei som etter konsesjonslova § 6 nr. 1 kunne kjøpe eigedomen utan at staten har forkjøpsrett, med mindre det gjeld eigedom der arealet er under 30 dekar, eller vilkåra for oreigning etter § 20 i jordlova ligg føre.

Det som er sagt i første stykket gjeld tilsvarende for jord som er gått over til ny eigar ved friviljug handel, når fylkeslandbruksstyret har godkjent kjøpet av di kjøparen bør få tilleggsjord.

§ 32.

Før det vert tatt avgjerd om odelsfrigjering etter §§ 30 og 31 skal spørsmålet leggjast fram for kommunestyret til fråsegn. Så langt det let seg gjere skal også odelsrettshavarane gjevast høve til å uttale seg om spørsmålet innan ein frist på 3 månader. Gjeld det odelsfrigjering etter § 30 skal det innhentast fråsegn frå fylkeslandbruksstyret.

Når det er tatt steg til odelsfrigjering etter §§ 30 og 31 skal odelsløyisingssak som er eller vert reist stogkast til spørsmålet om odelsfrigjering er avgjort.

Kap. IX. Attlevande ektemake.

§ 33.

Er ein ektemake avliden og let etter seg odelsjord i felleseige med den attlevande som ikkje har best odelsrett, kan felles barn eller barnebarn ikkje ta bruken av jorda frå den attlevande før denne har fått rett til alderspensjon eller full uførepensjon etter lov om

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

folketrygd 17 juni 1966 og barnet har fylt 20 år. Når barnet (barnebarnet) har fylt 25 år, kan det også elles få rett til å overta bruken, når det under omsyn til begge partane ville vere klårt urimeleg om den attlevande skulle halde fram med å bruke eigedomen.

Desse reglane gjeld og om jorda var særlege for den avlidne, dersom det mellom ekte-makane galdt slik eigeskipnad som nemnt i lov 20 mai 1927 nr. 1 § 26 andre stykket, eller dersom den avlidne har fastsett ved testament at den attlevande skal ha rett til å halde fram med å bruke jorda.

§ 34.

Attlevande stykfar eller stykmor har rett til å halde fram med å bu på eigedom som var felleseige og bruke den, men likevel slik at barnet kan krevje å ta over når det har fylt 20 år. Bu- og bruksretten kan lengjast utover dette tidspunktet når noko anna ville vere klårt urimeleg, omsyn tatt til begge partar. Bruksretten fell bort om den attlevande friviljug og varig flytter frå eigedomen, og likeins om eigedomen vert vesentleg vanhevda.

Paragraf 33 andre stykket gjeld tilsvarande.

§ 35.

Andre odelsrettshavarar enn dei som er nemnde i §§ 33 og 34 kan ikkje gjere gjeldande odelsrett mot den attlevande ektemaken, så fram denne har ått eigedomen i felleseige med den avlidne i minst 5 år. Dette gjeld så lenge den attlevande ikkje har rett til pensjon som nemnt i første stykket, og vilkåret er elles at odelsrettshavaren ikkje kunne ha løyst eigedomen frå den avlidne ektemaken. Også før denne tid kan ein odelsrettshavar gjere odelsrett gjeldande til eigedomen når det ville vere klårt urimeleg om den attlevande skulle halde fram med å sitje med den. Paragraf 33 andre stykket og § 34 første stykket siste punktum gjeld tilsvarande.

§ 36.

Er det fleire eigedomar i eit bu, kan den attlevande ektemaken ikkje i medhald av §§ 33—35 krevje meir enn ein av dei etter sitt eige val.

§ 37.

Når stykforeldre held fram med å bruke ein eigedom etter § 34, pliktar dei utan særskilt godtgjersle å syte for oppfostring og utdanning av barna til den avlidne ektemaken til dei fyller 18 år. Ved vesentleg mis-hald av denne plikta kan bruken takast frå vedkomande.

§ 38.

Når ein attlevande ektemake må gje frå seg eigedomen etter §§ 33—35, har han rett til høveleg gratis husrom. Dette gjeld ikkje når vedkomande har flytt frå eigedomen for godt utan atterhald om husrom der.

Kap. X. Forelding av odelsrett og løysingsrett (preskripsjon).

§ 39.

Retten til odelsløysing må gjerast gjeldande innan 2 år frå den dagen då dokument som gjev den nye eigaren full heimel vert tinglyst. Dette gjeld òg overgang ved arv. Ved tvangsauksjonssal vert foreldingsfristen rekna frå tinglysinga av auksjonsskøytet.

Ved friviljug overdraging skal fristen likevel først reknast frå bruksovertakinga, dersom denne skjer seinare enn tinglysinga av heimelsdokumentet.

Reglane i første og andre stykket gjeld likevel ikkje når ein eigar med odelsrett ikkje oppfyller vilkår om bu- og driveplikt etter § 27. Andre odelsrettshavarar enn eigaren si line som hadde odelsrett då eigaren fekk tinglyst heimel, kan i eit slikt tilfelle krevje å løyse eigedomen, dersom kravet vert sett fram før det tidsromet er ute som eigaren er pålagt bu- og driveplikt for.

§ 40.

Har odelsjord i slik tid som nemnt i § 39 med tinglyst heimel tilhøyrt nokon som ikkje har odelsrett, utan at nokon av odelsrettshavarane har tatt steg til odelsløysing og deretter innløyser eigedomen, taper slekta sin odelsrett.

Med dei unntak som er nemnde i § 41 og § 42 taper også dei nærare i slekta sin odelsrett når dei har late ein eigar lenger ute i odelsrekkja sitje med tinglyst heimel til odelsjord i slik tid som nemnt.

§ 41.

Dersom ein eigar skøyter eigedomen attende til ein tidlegare eigar som han ættar frå, eller eigedomen fell tilbake til den tidlegare eigaren ved arv, vert den tidlegare eigars odelsrett ikkje rekna for å vere tapt, endå om han hadde best odelsrett og det er gått meir enn 2 år sidan den andre fekk tinglyst heimel. Stoda vert i dette tilfelle den same som om den opphavelge avhendaren hadde ått eigedomen heile tida.

Det same gjeld om ein son eller ei dotter som har tatt over odelsjord skøyter den vidare til nokon av dei eldre syskena eller dei- ra liner.

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

§ 42.

Ved friviljug avhending av odelsjord frå ein eigar med nedervd odelsrett, kan også dei eldre syskena og deira liner gjere odelsrett gjeldande, endå om seljaren har ått jorda med full heimel i meir enn 2 år. Men dei har prioritet etter seljaren si line.

Vert odelsjord ved tvangsauksjon fråseld ein eigar som nemnt, gjeld dette også dei andre som har odelsrett etter §§ 8 og 9, men slikt at dei vert ståande etter eigaren og hans line.

§ 43.

Når odelsjord har vore ute av odelssetta i 20 år, fell odelsretten for denne ætta bort, endå om den nye eigaren ikkje har tinglyst heimel, og utan omsyn til om ny odelshevd då er fullført.

§ 44.

Når fleire som har odelsrett til ein eigedom overtar den saman, går det ingen foreldingsfrist mellom dei så lenge dei sit med eigedom i sameige.

§ 45.

Så lenge eit dødsbu er under offentlig eller privat skifte, går det ingen foreldingsfrist mellom bueigarane til odelseigedom i buet.

§ 46.

Har ein ektemake heimel til ein eigedom som den andre ektemaken har betre odelsrett til, går det ingen foreldingsfrist mellom dei.

§ 47.

Så lenge ein attlevande ektemake sit med ein eigedom i medhald av §§ 33—35, går det ingen foreldingsfrist for odelsrett til eigedom. Dette gjeld òg om odelsrettshavarane let den attlevande ektemaken sitje med eigedom ut over den tid som er fastsett i §§ 33—35.

Det som her er sagt gjeld tilsvarende for odelseigedom som ein attlevande ektemake har fått utlagt på skifte, eller som han sit med i uskifte.

Kap. XI. Om verdsetjinga ved odelstakst og om hefte som kviler på odelsjord.

§ 48.

Verdsetjinga ved odelstakst skal gjerast på grunnlag av den bruk av eigedom som er naturleg og påreknleg etter tilhøva på staden, og som kan sameinast med at eigedommen hovudsakleg vert nytta til landbruksføremål.

§ 49.

Hefte på eigedom som vert dekte av takstverdien kan løysingsmannen krevje avløyste, når dei er påhefta etter at foreldingsfristen tok til, jfr. § 39. Det same gjeld råderettar som er påhefta tidlegare, dersom dei er særleg tyngjande. Avtale om forpaking for lengre tid enn 5 år, og avtale om leige av husrom, kan løysingsmannen seie opp etter reglane i forpaktingslova § 8 og husleigelova § 8, endå om avtala ikkje gjev høve til slik oppseiing.

Hefte på eigedom som etter sin prioritet ikkje vert dekte av takstverdien, fell bort når odelsløysing er gjennomført. Innehavarar av rettar som det må reknast med kan kome til å falle bort, skal varslast om taksten og har under denne same partsstilling som eigaren.

For rettar som ikkje fell bort eller vert avløyste eller oppsagde etter reglane i første og andre stykket, har odelsløysing ikkje nokon verknad.

Kap. XII. Åsetesretten.

§ 50.

Når eigaren av odelsjord eller odlingsjord døyr, og jorda går i arv til etterkomarane hans, har ein av desse rett til på skifte å få denne utlagt til seg, på vilkår som går fram av dei etterfølgjande paragrafane. Denne retten vert kalla åsetesrett.

Jord som ikkje fyller vilkåra som odlingsjord på den tida arvelataren døyr, går ikkje inn under åsetesrett.

Reglane om bu- og driveplikt i kap. VII gjeld tilsvarende når ein åsetesarving får utlagt jord på offentlig skifte.

§ 51.

Kven av etterkomarane som har best åsetesrett, vert avgjort etter reglane i § 12.

Adoptivbarn og etterkomarar av adoptivbarn får åsetesrett med prioritet etter adopsjonstidspunktet.

Særkullsbarn til ein ektemake har ikkje åsetesrett til jord som etter § 15 vert rekna ført inn i buet av den andre ektemaken åleine. Gjeld det jord som etter § 15 siste stykket skal reknast å vere ført inn i buet av begge ektemakane saman, har fellesbarn betre åsetesrett enn særkullsbarn.

Dersom den med best åsetesrett ikkje har best odelsrett av etterkomarane, går den av dei som har best odelsrett framom, med dei rettar som åsetesretten gjev.

Vil det i særlege tilfelle føre til klart urimelege resultat å følgje reglane i første, andre og tredje stykket, kan retten ta anna avgjerd ut frå dei synsmåtar som er nemnde i

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

§ 21. Saka skal i så fall førehavast i søksmåls former og med domsmenn.

§ 52.

Reglane i § 14 gjeld tilsvarande for åsetesrett, og då utan omsyn til om eigedomar i buet er odelsjord eller ikkje.

Er begge foreldra avlidne og har late etter seg kvar sine eigedomar, vert dei to buoppgjera i høve til desse reglane å sjå under eitt, endå om dei ikkje går føre seg til same tid.

§ 53.

Dersom ein eigar finn at eigedomen hans har slik storleik og avkastingssevne at ein huslyd ikkje treng det heile, kan han med samtykkje frå fylkeslandbruksstyret dele eigedomen mellom to eller fleire av åsetesarvingane.

Eigedomsdeling som nemnt i første stykket kan gjerast medan eigaren lever eller etter at han er avliden. I siste fall må eigaren ha sett opp eit skriftleg dokument om korleis delinga skal skje.

§ 54.

Er eigedom som er overtatt etter §§ 52 eller 53 odelsjord, vert odelen verande i lina til den arvingen eigedomen er utlagt til, slik at dei andre åsetesarvingane ikkje kan gjere odelsrett gjeldande mot overtakaren eller nokon av etterkomarane hans.

Er lina til overtakaren utdøydd, går odelen først til den næraste av dei linene som ikkje fekk noko jord ved delinga. Finst inga slik line, går odelen til den med best rett i dei linene som først fekk jord.

§ 55.

Åsetesarvingen har krav på at det ved skjøn vert fastsett ein overtakingspris som er rimeleg etter dei tilhøva som ligg føre. Verdsetjinga skal gjerast med særleg tanke på at overtakaren kan makte å bli sitjande med eigedomen. Åsetestakst må ikkje setjast høgare enn verdien av eigedomen ved odels-takst.

Det som er sagt i første stykket gjeld og om det er ein attlevande ektemake mellom buengarane.

Kap. XIII. Etteroppgjær ved odelsløysing og ved bruk av åsetesrett.

§ 56.

Dersom nokon som har overtatt jord i medhald av åsetesrett eller ved odelsløysing innan 10 år avhender den med ein monaleg vinst, skal det skje eit etteroppgjær, dersom

dette vert kravt av nokon medarving eller av saksøkte i løysingssaka innan 6 månader etter tinglysinga av heimelsdokumentet. Summen som avhendaren skal greie ut, vert i mangel av semje å fastsetje ved skjøn.

Desse reglane gjeld òg når deler av eigedomen vert avhenda til prisar som ligg monaleg over det ein må gå ut frå at dei vart rekna til ved åsetestaksten eller ved odelsløysinga.

Oreigning av ein eigedom eller deler av den vert i høve til reglane i denne paragrafen rekna likt med avhending. Det same gjeld feste når festetida er minst 20 år eller festaren, når festetida er ute, har rett til fornying slik at festetida samanlagt vert minst 20 år.

Kap. XIV. Ikraftsetjing og overgangsreglar.

§ 57.

Med unntak for det som måtte bli fastsett etter § 58, skal denne lova tre i kraft frå den tid Kongen fastset, og etternemnde lover vert frå same tid endra eller oppheva slik:

1. Lov 26 juni 1821 angaaende Odelsretten og Aasædesretten:

Lova held opp å gjelde.

2. Lov 28 september 1857 inneholdende nogle Forandringer i Lovgivningen angaaende Odelsretten:

Lova held opp å gjelde.

3. Lov 16 mai 1860 indeholdende Forandringer i Lovgivningen om Odels- og Aasædesretten:

Lova held opp å gjelde.

4. Lov 9 mai 1863 angaaende Forandringer i Lovgivningen om Aasædesretten:

Lova held opp å gjelde.

5. Lov 5 juni 1869 om visse Ladestedsgrundes Udslettelse af Landets Matrikul:

§ 3 held opp å gjelde.

6. Lov 16 juli 1907 nr. 1 angaaende forandringer i og tillæg til lovgivningen om odelsretten og aasædesretten:

Lova held opp å gjelde.

7. Lov 2 april 1917 nr. 1 om adoption:
§ 14 første punktum skal lyde:

Adoptivbarnet, eller i dettes sted dets livsarvinger, tar arv som om det hadde vært adoptantens eget barn.

§ 17 skal lyde:

Om adoptivbarns odels- og åsetesrett gjelder reglene i lov om odelsretten og åsetesretten.

Om lov om odelsretten og åsetesretten.

8. Lov 6 juli 1933 nr. 13 om tillegg til lov av 1 juni 1917 nr. 1 om skjønn, ekspropriasjon og odelsløsning:

Lova held opp å gjelde.

9. Lov 18 mars 1955 nr. 2 om tilskipping av jordbruk (jordlova):

§ 30 held opp å gjelde.

10. Midlertidig lov av 25 juni 1965 nr. 4 om forkjøpsrett for kommunene til utbyggingsformål og til friluftformål:

§ 4 andre stykket skal lyde:

Forkjøpsretten kan ikke nyttes når erververen har odelsrett til eiendommen eller er den tidligere eiers ektefelle eller beslektet eller besvogret med tidligere eier i opp- eller nedstigende linje (herunder adoptivbarn) eller i første eller annen sidelinje.

11. Lov om konsesjon og om forkjøpsrett for det offentlige ved erverv av fast eiendom (konsesjonsloven):

§ 6 nr. 2 skal lyde:

2. odelsberettiget til eiendommen. Konsesjonsfriheten er betinget av at erververen bosetter seg på eiendommen innen ett år og selv driver den i minst fem år. For så vidt angår odelsløsning og overtakelse av eiendom på offentlig skifte i kraft av odelsrett, gjelder reglene i odelsloven om bo- og driveplikt.

§ 58.

Kongen kan fastsette at §§ 9, 12 og 51 skal tre i kraft fra eit seinare tidspunkt enn lova elles. Så langt dette vert fastsett, skal føresegnene i den eldre lovgjevinga om den odels- og åsetesrettslege stillinga for barn utanom ekteskap og adoptivbarn og om odels- og åsetesrekkefølgja, gjelde inntil §§ 9, 12 og 51 trer i kraft.

Barn som er født utanom ekteskap før 1 januar 1917 får odelsrett etter faren og

farsslekta berre når faren har lyst barnet i kull og kjønn.

Om den odels- og åsetesrettslege stillinga for adoptivbarn skal dei tidlegare reglane gjelde dersom adoptivforholdet er stifta før 1 juli 1957. Reglane i § 12 andre stykket i lova her skal likevel gjelde jamvel om adopsjonen er skjedd før denne tid, såframt det er gjort vedtak etter adopsjonslova § 15 b slik denne paragrafen har lydt etter endringslov 24 mai 1935 nr. 2, eller det er fastsett at reglane i lov 21 desember 1956 nr. 7 skal gjelde for adoptivforholdet.

§ 59.


Denne lova får ingen verknad for tilhøve der det etter dei tidlegare gjeldande reglane er blitt høve til å bruke odelsrett før dei tilsvarende nye reglane har tatt til å gjelde.

Odelsjord som er gått over til ein odelsrettshavar før dei nye reglane i denne lova tok til å gjelde, kan ikkje løysast av nokon som har betre odelsrett enn eigaren etter dei nye reglane, men som stod tilbake for eigaren etter dei reglane som galdt før.

Ved avgjerd etter §§ 14 og 52 i denne lova skal det takast omsyn også til eigedoms-overtaking frå før lova tok til å gjelde.

For odlingsjord som etter dei hittil gjeldande reglane ikkje har kunne odlast av di grunnen ligg i område som er ført over til bykommune før lov 14 juli 1963 nr. 5 tok til å gjelde (jfr. lov 21 desember 1956 nr. 3 om endring i kommunal inndeling § 9), skal i odelshevdstida etter § 7 i lova her reknast med inntil 15 år, slik at dersom vilkåra for odelshevd elles har lege føre i 15 år eller meir når lova tar til å gjelde, skal odelshevd reknast for å vere fullført 5 år deretter. Same reglane skal gjelde for jord i Finnmark som staten har utvist eller selt med atterhald om at odel ikkje skal kunne hevdast.

Om lov om odelsretten og åsetesretten.





NOREGS OFFENTLEGE UTGREIINGAR

NOU 1972: 22

Om odelsretten og åsetesretten

Rådsegn 10 frå Sivillovbokutvalet

Utvalet oppnemnt ved kongeleg resolusjon 10. april 1953.
Rådsegna avgitt i april 1972.

UNIVERSITETSFORLAGET

OSLO - BERGEN - TROMSØ

ISBN 82 00 70023 2

Naper Boktrykkeri, Kragerø 1972

Til Justisdepartementet.

Sivillovbokutvalet legg med dette fram tilråding om lov om odelsretten og åsetesretten (Rådsegn 10). Etter avtale med departementet er arbeidet delt slik at denne rådsegna gjeld dei materielle reglane. Sivillovbokutvalet vil seinare leggje fram ei ny rådsegn (tilleggsrådsegn) om odelsprosessen (dvs. dei emne som er omhandla i skjønsløva frå 1. juni 1917).

Arbeidet med odels- og åsetesretten kunne først ta til for alvor etter at utvalet i januar 1971 la fram tilråding om lov om tomtefeste (Rådsegn 9).

Dei faste medlemene har vore:

Høgsterettsdomar **Karsten Gaarder**, formann,
forskningsstipendiat **Mons Nygard**,
professor **Olav Lid** og
sorenskrivar **Halvor Husaas**.

I tillegg til det faste utvalet, har desse vore med i arbeidet med odels- og åsetesretten etter særskilt oppnemning:

Ekspedisjonssjef **Henry Nærstad**,
høgsterettsadvokat **Signe Marie Stray Ryssdal** og
fylkeslandbrukssjef **Oskar Øksnes**.

Fram til 1. jan. 1971 hadde Sivillovbokutvalet sitt eige sekretariat. Dette vart lagt ned frå nemnde dato, og arbeidsoppgåvene vart frå same tidspunkt teke over av Justisdepartementet (Lovavdelinga). I hovudsaka har konsulent i Justisdepartementet, **Ola Rygg**, utført sekretariatsarbeidet for utvalet.

Om nokre spørsmål er det dissens i utvalet. Det gjeld m.a. kva for eigedomar som kan odlast (§ 2), samodling ved ektemakar (§ 10), odelsrett for barn fødde utanom ekteskap og for adoptivbarn (§ 15), fristen for odelsløysing (§ 35) og reglar om etteroppgjer dersom jord overteken i medhald av åsetesrett vert avhendt med monaleg vinst innan ei viss tid (§ 51).

Oslo, i april 1972.

Karsten Gaarder
formann

Mons Nygard

Olav Lid

Halvor Husaas

Henry Nærstad

Signe Marie Stray Ryssdal

Oskar Øksnes

Ola Rygg

INNHALDSLISLE

	Side		Side
I. Oversyn over saga til odels- og åsetesretten.	7	IV. Allmenne merknader	27
A. Odelsretten	7	1. Bør odelsretten haldast oppe?	27
1. Innleiing	7	2. Utvalet sitt syn på ein del hovudspørsmål i odelsretten	29
2. Om odelsretten etter lagtingslovene	7	a. Kva for eigedomar bør odelsretten femne om?	30
3. Om odelsretten etter landslova	7	b. Kven bør ha (best) odelsrett?	38
4. Endringar i odelsretten i tida mellom landslova og Norske Lov frå 1687	8	c. Ymse andre spørsmål	39
5. Om odelsretten etter Norske Lov frå 1687	8	d. Misbruksreglar	40
6. Seinare endringar i odelsretten	8	e. Særskilt om bu- og driveplikt	41
7. Eldre åtak på odelsretten	9	f. Odelsfrigjering	41
8. Forordninga frå 5. april 1811	9	3. Åsetesretten	42
9. Føresegna i Grunnlova § 107	10	V. Merknader til dei einskilde paragrafane	43
10. Seinare strid om odelsretten	10	Kap. I. Kva som kan odlast (odlingsjord):	
11. Odelslova frå 1821	10	Til §§ 1 og 2	43
12. Åtak på odelsretten etter 1821	11	Til § 3	46
13. Om endringar i odelsretten etter 1821	11	Til § 4	46
14. Proposisjonen frå 1907	12	Til § 5	47
15. Lovbrigde frå 1915 i odelslova § 16	12	Til § 6	48
16. Rettargangsreglane om odelsløysing	12	Kap. II. Vilkåra for odelshevd:	
17. Ymse lovendringar frå dei seinare åra	12	Til § 7	48
18. Problem med odelsretten ved byutvidingar	13	Til § 8	49
19. Odelsfrigjering	13	Til § 9	50
B. Åsetesretten	14	Kap. III. Samodling ved ektemakar:	
20. Om innhaldet i åsetesretten	14	Til § 10	50
21. Resess frå 1539 om stillinga når det var fleire arvingar	14	Kap. IV. Særskilt om makeskifte og om odelsrett i sameigehøve:	
22. Forordning frå 1752 om åsetesrekkja	14	Til § 11	53
23. Forordning frå 1769 om høve til deling av gardar	14	Til § 12	54
24. Åsetesreglane i odelslova og i lova frå 1863 om «billig takst»	14	Til § 13	55
II. Stutt oversyn over gjeldande rett	15	Kap. V. Om kven som har odelsrett og om odelsrekkefølga:	
1. Innleiing	15	Til § 14	56
2. Om kva slags grunneigedomar odels- og åsetesreglane gjeld for, og nokre tilgrensande spørsmål	15	Til § 15	58
3. Om innhaldet i odelsretten og åsetesretten	17	Til § 16	62
4. Om kven som har odelsrett og åsetesrett og om prioriteten	18	Til § 17	65
5. Makeskifte, odelslova § 7	19	Til § 18	66
6. Delingsreglane, odelslova §§ 12 og 14	20	Kap. VI. Allmenne avgrensingar i løysingsretten:	
7. Særskilde innskrenkingar i odelsretten og åsetesretten av omsyn til foreldre, stykforeldre og adoptivbarn. (Odelslova § 16, lov 28 september 1857 § 4, adopsjonslova § 17 fjerde stykket og skifte-lova § 63)	20	Til § 19	68
8. Preskripsjonsreglane	21	Til § 20	69
9. Stoda til adoptivbarn	21	Til § 21	70
10. Odelsprosessen	22	Til § 22	72
III. Oversyn over framand rett	22	Til § 23	74
1. Danmark og Færøyane	22	Til § 24	75
2. Island	23	Til § 25	75
3. Sverige	25	Til §§ 26 og 27	76
4. Austerrike	25	Kap. VII. Odelsfrigjering:	
5. Tyskland	26	Til kap. VII	76
6. Sveits	26	Til § 28	77
7. Canada	26	Til § 29	77
8. England — Skottland	27	Til § 30	78
		Kap. VIII. Attlevande ektemake:	
		Til kap. VIII	79
		Til § 31	79
		Til § 32	81
		Til § 33	81
		Til § 34	81
		Kap. IX. Forelding av odelsrett og løysingsrett (preskripsjon):	
		Til kap. IX	82
		Til § 35	82
		Til §§ 36, 37 og 38	83
		Til § 39	85
		Til § 40	86

Til § 41	86
Til § 42	86
Til § 43	87
Kap. X. Særskilt om hefte som kviler på odelsjord:	
Til § 44	87
Kap. XI. Åsetesretten:	
Til kap. XI	88
Til § 45	88
Til § 46	89
Til § 47	91
Til § 48	92
Til § 49	92
Til § 50	93
Til § 51	94
Kap. XII. Ikraftsetjing og overgangsreglar:	
Til § 52	96
Til § 53	96
VI. Utkast til lov om odelsretten og åsetesretten	98

Vedlegg 1 og 2:

2 brev frå Sivillovbokutvalet til Justisdepartementet om odelsrett/konsesjon.

Kjeldetilvisingar:

Proposisjonen frå 1907: Ot. prp. nr. 14 for 1906—1907.

Robberstad: Professor Knut Robberstad: «Odelsrett og åsetesrett», Tidsskrift for Rettsvitenskap 1948 s. 241—262.

Skeie: Jon Skeie: «Odelsretten og åseteretten», Oslo 1950.

Sterri: H.r.adv. Martin Sterri: «Bondens rett til jorda. Odels- og åsetesrettslige problemer», Oslo 1948.

Voss: H.r.adv. Valentin Voss: «Lovgivningen om odelsretten og åsetesretten» 8. utg., Oslo 1966.

I. Oversyn over saga til odels- og åsetesretten.¹

A. ODELSRETTE

1. Innleiing.

Som utgangspunkt for utgreiinga kan ein kanskje seie at odelsretten er ein særskild rett til å eige ein fast eigedom fordi ein sjølv eller forfedrane har ått den ei viss tid. Åsetesretten er ein særskild rett til å arve jordeigedom udelt på skifte mellom livsarvingar.

Odelsetten er eldgamal hjå oss. Dei skrevne lagtingslovene hadde detaljerte reglar, men odelsretten er nok mykje eldre.

2. Om odelsretten etter lagtingslovene.

Om stiftingsmåten seier Gulatingslova (G) at ein gard vart odelsjord når den hadde gått frå far til son 5 gonger og var komen til 6. ættledan (G. 266). Etter Frostatingslova (F) var det nok med 3 ættledar — i 4. ættledan vart garden odelsjord (F. XII. 4). Etter G. 270 kunne elles ein eigar stundom få odelsrett med ein gong, m.a. når han hadde fått garden i mannebot, i gåve frå Kongen eller i makeskifte mot si eiga odelsjord. I Frostatingslova er nemnt at jord som nokon mottok frå Kongen vart odel med det same. Det er grunn til å tru at vilkåra for odelshevd ikkje var så strenge etter dei bortkomne austlandske lovene, her hadde alle vanlege bønder odelsrett.

Ein odelsbonde vart kalla «haudd». Ein haudd hadde m.a. krav på høgare bot ved rettskrenking enn ein annan bonde.

Innhaldet i odelsretten etter lagtingslovene var at odelsmennene hadde forkjøpsrett dersom eigaren ville selje til ein framand (G 276 og 278, F XII 4). Eigaren skulle gje odelsmennene varsel ved kunngjering på tinget i det fylket der garden låg (lovbyding). Ein odelsmann som ville gjere retten sin gjeldande måtte då kome med tilbod om å kjøpe for same pris som ein framand ville betale. Når ein odelsmann, som hadde fått garden ved forkjøpsrett, ville selje att, skulle han etter F først by garden til den tidlegare eigaren.

Dersom ingen odelsmann melde seg til fastsett tid, kunne eigaren selje til kven han ville.

Selde eigaren odelsgarden til ein framand utan lovbyding, hadde odelsmennene løysingsrett mot kjøparen. Også om kjøparen

høyrdte til odelsætta, kunne nærare odelsmenn løyse garden frå han for den same prisen som kjøparen sjølv hadde gjeve. Løysingsretten galdt 1 år etter at dei fekk vite om salet. Var odelsmannen umyndig eller fråverande, vart det rekna for lovleg forfall, og løysingsretten galdt då i 1 år etter at forfallet var over (G 278, 289, 273, 290, 291, F XII 7).

Odelsgarden gjekk i arv som annan eigedom. Men i nokon mon var kvinner dårlegare stelt enn i arvegangen elles.

3. Om odelsretten etter landslova.

Føresegner om odelsretten som galdt for heile landet kom først i Magnus Lagabøtes landslov frå 1274. Etter denne lova kan ein seie at det vart lettare å få odelsrett og vanskelegare å tape den. Det er mogeleg dette er gjort fordi lovgjevaren har ville bremse på overgangen av jord frå bondeei (Robberstad s. 117).

Magnus Lagabøte sette saman gamalt og nytt ved at han tok regelen om 4 ættledar i Frostatingslova som vilkår for odelshevd inn i lovboka frå 1274, dessutan ga han den alternative regelen at odelshevdstida kunne knytast til eit visst tal år, 60 år, i same ættelina. Denne skipnaden med eit visst tal år har halde seg ved lag heile tida seinare, endå om lengda av tidsromet har skifta.

Landslova tok og med ein tredje måte å vinne odel på, nemleg når nokon fekk ein gard av Kongen utan at han hadde fastsett noko anna. Frå Frostatingslova vart teke med regelen om odelsmakeskifte.

Landslova innførde den viktige regelen om takst. Når eigaren ville selje garden til ein av odelsmennene og kunngjorde dette (lovbyding), skulle prisen fastsetjast etter takst av 6 menn (L VI 4). På same måten skulle det gjerast når odelsmannen løyste garden frå ein framand som hadde kjøpt den (L VI 5). Løysingsfristen var på 6 månader.

Skipnaden med takst var betre for odelsmennene enn ein rein forkjøpsrett. Dei risikerte ikkje lenger å måtte kjøpe for den sum ein rik jordegods-samlar ville gje.

Det som kanskje likevel var viktigast ved den nye lova, var forfallsgrunnane. Sjølv om odelsmannen sat over løysingsfristen, sto likevel retten hans ved lag i 4 tilfelle (L VI 4). Desse var: 1) når han lyste pengemangel (denne lysinga hadde verknad i 10 år og kunne gjerast 6 gonger), 2) når han var utanlands eller i Kon-

¹) Utgreiinga i dette avsnittet byggjer i hovudsaka — særleg for den eldste tida — på *Robberstad: Rettssoge II* (4. utg.) og *Skeie: Odels- og åsetesretten*. Eit stutt historisk oversyn har ein i *Indst. O.X* — 1906/1907.

gens ærend utanfor fylket innanlands, 3) når han var sjuk, 4) når han ikkje hadde fått kunnskap om at garden var boden ut til sal (Skeie side 15).

I dei tilfella som er nemnde under 2—4, sto løysingsretten ved lag eitt år etter at forfallet var over. Vart ein gard seld utan lovbyding, galdt løysingsretten utan nokon frist heilt til den nye eigaren eller hans ætt, eventuelt ei anna ætt, hadde hevda odelsrett til garden (ått den i 60 år eller meir), utan noko lysing (L VI 7). I eit slikt høve galdt løysingsretten jamvel for den som var fødd etter at garden var seld ut or ætta.

Det var truleg økonomisk vanmakt hjå bøndene som låg til grunn for regelen om at ein odelsmann kunne halde sin odelsrett ved lag i 60 år ved å lyse pengemangel. Og det vart denne retten til løysing frå ein framand kjøpar og ofte etter lang utsetjing som fekk mest å seie i praksis. Regelen om å lyse pengemangel sto i prinsippet ved lag like til lova frå 1821 (men med stuttare frist, — 30 år frå 1604, 20 år frå 1687).

Kvinnene fekk ei noko betre arverettsleg stilling etter landslova enn dei hadde før. Når dotter, sonedotter, syster, farsyster eller brordotter fekk ein odelsgard, kunne ikkje odelsarvingar som sto lenger ute i rekkja løyse garden frå henne. Når son og dotter arva saman, skulle sonen ha odelsjorda — dottera skulle få arven i annan medel — men i andre tilfelle der mann og kvinne sto i same arveklasse, hadde dei like rett til jorda (Skeie s. 16).

4. Endringar i odelsretten i tida mellom

Landslova og Norske Lov frå 1687.

I tida mellom Landslova og Chr. V. Norske Lov (1687) kom det fleire brigade i odelsskipnaden. Håkon V ga i 1313 ei rettarbot som skulle hindre at odelsjord vart overført frå ei ætt til ei anna. Arva til dømes faren eit barn som hadde fått ein odelsgard i arv frå morssida, fekk faren berre bruksrett til jorda på livstid (jfr. § 5 i odelslova frå 1821). I lovutgåva frå 1604 (Chr. IV's lov) vart hevdstida nedsett frå 4 til 3 ættledar og frå 60 til 30 år. I ei forordning frå 2. mai 1629 vart det fastsett at dersom ein odelsmann ikkje førde til endes ei løysings sak, skulle han tape retten sin. Føremålet var å minke talet på odels saker, jfr. etter gjeldande rett skjønnslova § 74.

5. Om odelsretten etter Norske Lov frå 1687.

Etter Christian V's Norske Lov frå 1687 (NL) var hevdstida 20 år. Likeins var løysingsfristen for den som lyste pengemangel eller var unym-

dig 20 år (NL 5—5—1 og 5—3—2). Odel kunne vidare vinnast ved makeskifte av odelsjord (NL 5—5—1). Derimot er korkje eige i fleire ættledar eller gåve frå Kongen nemnt.

Når ein mann ville selje garden, laut han kunngjere dette to stader; på tinget og ved kyrkja (NL 5—3—1). Den som ville kjøpe, måtte kome med pengane «inden Aar og Dag», det vil seie innan 1 år og seks veker etter kunngjeringa. Dei same forfallsgrunnane galdt etter denne lova som etter landslova frå 1274 (og etter lovbookutgåva frå 1604), altså pengemangel, sjukdom, fråver og at han ikkje visste at garden var på sal, jfr. framanfor). Pengemangel måtte ein kjøpar lyse innan «Aar og Dag», og han kunne gjere lysinga om att innan 10 år deretter. Pengemangel-lysing lengde kjøpefristen inntil 20 år (NL 5—3—2). Kjøpesumen skulle fastsettast ved skjøn (NL 5—3—5, 1. punktum). «Men mældes i brevene, hvad kapital den er sat eller solgt for, da indløses den for lige summa» (NL 5—3—5, 2. punktum). Odelsløysaren skulle altså betale den sumen garden var seld ut av ætta for, når denne var på det reine.

Dersom ein framand kjøpar hadde hatt garden i 20 år (odelshevdstid), fall løysingsretten bort, sjølv om seljaren ikkje ga salstilbod då han selde garden eller ein odelsmann hadde halde retten sin ved lag ved å lyse pengemangel eller anna forfall. I eitt tilfelle vart odelshevdstida lengd, og det var dersom garden vart seld medan odelsbarnet var unmyndig. Då kunne barnet løyse garden innan 10 år etter at det hadde vorte myndig (NL 5—3—14). Myndig vart barnet når det fylte 25 år.

Lova hadde ikkje føresegnar om preskripsjon av løysingsretten. Det var såleis ingen regel om tap av løysingsretten når garden hadde vore ute av ætta i 20 år (eventuelt lenger tid), men hadde skift eigar i denne tida, slik at ny odel ikkje var hevda.

Når garden vart løyst på odel, skulle løysingssumen som nemnt fastsettast ved skjøn (NL 5—3—10). I praksis vart det likevel slik at dersom kjøpesumen gjekk fram av skøytet, vart denne lagd til grunn. Når eigaren hadde hatt påkostnad på eigedom, skulle løysingsmannen svare vederlag. Og på den andre sida: dersom eigaren hadde forringa eigedom, skulle løysingsmannen ha vederlag (NL 5—3—16). 16).

6. Seinare endringar i odelsretten.

I tida etter Christian V kom det fleire endringar i odelsretten.

Etter ordlyden i NL 5—2—63 hadde yngre son førerretten til jord på skifte med son etter ein eldre bror. Ei forordning frå 31. mai

1737 slo fast den såkalla representasjonsretten, slik at brorsonen fekk føreretten.

Ved ei forordning frå 26. mai 1752 vart det gjeve utførlege reglar om prioriteten i åsetesretten. Den som hadde best odelsrett kunne krevje å få hovudbølet udelt, og var det berre ein gard, kunne han setje seg imot deling. Bøndene tykte at denne regelen var urimeleg, og det kom mange søknader til kongen om løyve til å dele garden mellom barna. Slikt løyve vart då også ofte gjeve.

Ei forordning frå 14. april 1769 ga reglar om deling av odelsgodset. Eigaren fekk høve til å påby deling av hovudgarden når han fann garden stor nok til at to eller fleire huslydar kunne livnære seg på den. Men eldste son eller dotter, som hadde rett til åsetet, måtte ikkje få mindre enn halvparten av den gard eller gardpart som var hovudbølet. Faren kunne sjølv utføre delinga, men hadde også høve til å fastsetje i eit dokument korleis delinga skulle gå føre seg etter at han var død. Ved ei slik deling fekk dei andre barna sin part i same rekkefølge som dei hadde rett til hovudbølet, og dei fekk åsetesrett til kvar sin gard.

7. Eldre åtak på odelsretten.

Til ymse tider er det kome sterke åtak på odelsretten.

Det første store åtaket kom alt på herredagen i Oslo i 1548, der adelsmenn, lensherrar, lagmenn og målsmenn for bøndene var til stades. Her kravde adelsmennene at odelsretten skulle avskipast, av di den valda stor trette og mykje usemje. Den røynelege grunnen var nok at adelsmennene, som for ein stor del var danske, ønskte å slå til seg norsk jord. Dette kom også beinveges fram, med di det heiter i framlegget at de (adelsmennene) «maatte købe under dennem alt bondegods; oc hvor som adelen oc bønderne aatte godz tilhobes, skulle bønderne vere plictige at selie adelen det». Men Kongen gjekk ikkje med på framlegget frå adelsmennene, etter at både riksrådane og lagmennene hadde sett seg i mot.

Seinare på 1700-talet vart odelsretten utsett for åtak frå mange hald. Sjølv sagt var det slik at odelsretten var ei torn i auga på adelsmennene og andre rikmenn som var interesserte i å samle seg mange gardar. Men det var ikkje berre desse som ville ha bort dette rettsinstituttet. Odelsretten høvde ikkje inn i tankegangen i tida. Det var naturrettstanken som rådde grunnen. Fridomen vart sett i høgsetet. Grunnsynet var at eigedomsretten til all eigedom skulle vere fri. Det skulle vere handelsfridom og likskap. Dei band odelsretten la på fast eigedom, høvde ikkje saman med dette synet.

Frå den danske rettsvitenskapen kom det difor

til å stå motvind mot odelsretten. Den kjende juristen Hurligkarl seier såleis i 1799 at «næsten alle opplyste statsmænd have anseet odelsretten for at være en politisk skadelig indretning» (Robberstad s. 123). Dette synet vart òg delt av mange embetsmenn i Norge. Eit anonymt brev til styremaktene i 1758 førde til at det vart samla inn utsegner frå amtmenene og frå futar og sorenskrivarar. Av amtmenene var det like mange for som mot odelsretten (9 mot 9). Dei fleste utsegner som kom inn var — seier den kjende juristen, generalprokurør Stampe — ein-sidede og drog berre fram ulempene ved odelsretten, ikkje dei positive sidene. Stampe fekk i oppdrag å gå gjennom utsegnene og kome med tilråding om avskipping eller omskiping av odelsretten. Han meinte odelsretten burde stå ved lag — m.a. av di den var ei hindring for oppkjøp av jord. Han fann likevel det var naudsynleg med sume brigde. Dei viktigaste innvendingane mot odelsretten var at det følgde mange prosessar med den, og at jorddyrkinga vart hindra. Det siste av di ein kjøpar av odelsjord ikkje våga å investere større i garden så lenge han ikkje var trygg for odelsssøksmål.

Stampe la i 1770 fram utkast til nye reglar om odelsretten. Dette førde til forordninga av 14. januar 1771. I denne vart hevdstida korta ned til 10 år. Når ein gard hadde vore ute av ætta i 15 år, skulle odelsretten vere tapt for denne ætta. Dette var altså ein preskripsjonsregel som det vart bruk for når garden hadde gått frå hand til hand, slik at ny odel ikkje var vunne. Det vart beint fram sagt at nyhevida odel skulle sløkkje ut all eldre odelsrett. Slik hadde det nok vore i praksis før og.

Den stutte hevdstida førde med seg at ein kjøpar som ikkje hadde odel, snarare vart trygg på å få ha eigedomen.

I praksis var det slik at dersom kjøparen hadde fullført hevdstida (10 år), var han trygg. 15-års fristen fekk berre noko å seie i tilfelle odelshevdstida ikkje var fullført.

Føreseigna i Norsk Lov frå 1687 om at odelsløysaren skulle betale den sum som garden vart seld ut or ætta for, vart ikkje bridga i 1771. Dette viste seg å verte skadeleg fordi gardane steig i pris på slutten av 1700-talet. Det var inflasjon, og likevel kunne gardane løysast inn for same sum som var betalt 10—15 år før, endå pengane berre hadde 1/4 av den tidlegare verdien.

8. Forordninga frå 5. april 1811.

Den 5. april 1811 kom det ei forordning som hadde til føremål å gjere ende på odelsretten. Forordninga var skriven av justitiarius i den norske og danske høgsteretten i København,

nordmannen Christian Colbjørnsen, som var oppglødd for den naturrettslege tankegangen i tida. Han meinte at odelsretten var eit unaturleg og uheldig inngrep i eigedomsretten.

I samsvar med denne tankegangen fastsette forordninga at når beste odelsmann selde garden, skulle ikkje nokon kunne gjere gjeldande odelsrett med mindre seljaren hadde gjort atterhald om det. Løysingsretten gjekk dermed over frå å vere ein legal løysingsrett til å verte ein avtala løysingsrett til gagn for tredjemann. Til vanleg vart det heller ikkje gjort noko slikt atterhald, for då fekk seljaren dårlegare pris. Av omsyn til fallet i pengeverdien fastsette forordninga at løysing alltid skulle skje etter takst, og løysings- og preskripsjonsfristen vart sett til 5 år.

Regelen om takst, som galdt før Norske Lov frå 1687, vart såleis innført att med forordninga av 1811.

Når ein mann hadde hevda odel, kunne han fastsetje at det likevel ikkje skulle kvile odel på garden. Odelsretten fall bort ved overgang til livsarvingar dersom eigaren ikkje hadde fastsett at det skulle vere odel på eigedomen. Arvingane hadde same retten til å frigjere garden for odel ved sal og ved arv. Offentleg eller benefisert gods som hadde vorte selt, skulle ikkje kunne verte påhefta odel.

Om mange var imot odelsretten, var det og mange som forsvara den og hevda at denne retten nok likevel var til bate for land og folk. Dei fleste stader var bøndene imot at odelsretten skulle takast bort, og fleire kjende menn i tida var av same meining. Før er nemnt Stampe. Ein kjend forkjempar var også Johan Nordahl Brun, biskop i Bergen. Ludvig Holberg sa i sitt verk frå 1729: Danmarks og Norges Beskrivelse, at dei norske bøndene «anser deres odels rettighed, som deres største klenodie», og vidare at dei danske kongane har «aldrig villet forordne noget som kunne svække odelsretten. Thi den samme hærlighet giver de norske bønder en ambition som er nyttig for landet udi krigstider».

9. Føresegna i Grunnlova § 107.

I sume av dei konstitusjonsutkasta som vart lagde fram i riksforsamlinga på Eidsvoll, var der føresegner som gjekk ut på at odelsretten laut stå ved lag. I det store og heile sto odelsretten høgt i kurs hjå Eidsvollmennene. Dei ville hindre at gardane gjekk over frå bondeeiige til rikmannseige, og dei ville at i all fall ein av arvingane skulle få garden. Forordninga av 1811 ga spekulantane høve til å få tak i gardane. Dette ville mennene på Eidsvoll få slutt på.

I samsvar med dette grunnsynet hjå grunnlovsfedrene fekk grunnlova frå 1814 føresegna

i § 107 som lyder slik: «Odels- og Aasædesretten maa ikke ophæves. De nærmere Betingelser, hvorunder den, til største Nytte for Staten og Gavn for Landalmuen, skal vedblive, fastsættes af det første eller andet følgende Storting.»

Jacob Aall seier i sine Erindringer: «Om Odelsrettens vedligeholdelse, befæstet ved en Grundlovsbestemmelse, ytredes ingen Meningsforskjel».

10. Seinare strid om odelsretten.

Striden om odelsretten var ikkje slutt med grunnlovsvedtaket. Det kom seinare innlegg i begge leier.

Eidsvollmannen, den seinare statsråd J. H. Vogt, skreiv ei avhandling i Juridisk Repertorium for 1818 (s. 27—44) der han klårt synte at fleire av føresegnene i forordninga frå 1811 kom i strid med forbodet i § 107 i Grunnlova, og at dei difor måtte takast bort.

Den ruvande danske juristen Ørsted, som var mykje lesen av norske juristar og, kom i 1819 (i Nytt juridisk Arkiv) med eit åtak på avhandlinga til Vogt, og på odelsretten.

Ørsted meinte at odelsretten hadde overlevd seg sjølv. Den førde med seg at ein eigar, som ikkje var næraste odelsmann, var mindre trygg på eigedomsretten sin. Vidare hindra odelsretten jorddyrkinga. Det vart ulikskap og mykje usemje og dermed mange prosessar, odelsretten «gav egennytt, rænker og usamdrægtighed rig næring». Odelsrettens egentlege føremål, nemleg å hindre at garden gjekk ut av ætta av di eigaren i ei pengeknipe måtte selje den, kunne erstattast av føremålstenlege panterettsreglar. Ørsted var heller ikkje redd for at det ville føre til at gardane vart samla på få rikmannshender med leiglendingsvesen som resultat om odelsretten vart avskipa. Etter hans meining var det snarare for mykje oppdeling av gardane.

Mesteparten av det Ørsted heldt fram om ulempene ved odelsretten og om føremonane ved at den vart teken bort, viste at han kjende dårleg til den norske bondestand, og at han i alle høve ikkje hadde sans for dei immaterielle verdiane ved odelsretten. Litt hårsår var han nok og på vegner av dansk rettsvitenskap og danske styremakter. Han seier nemleg: «Heller ikke vil man fortænke mig i, at jeg har taget hensyn til, at der handles om hvorvidt den sidste lov af omfattende vigtighed, (frd. fra 1811), som for Norge særdeles blev givet af den konge, det havde fælles med Danmark, har været retfærdig og vel overveiet eller ikke.»

11. Odelslova frå 1821.

I Riksforsamlinga på Eidsvoll i 1814 vart det valt ein lovkomité som mellom anna skulle

kome med framlegg til ny lovbok (ny straffelov og ny sivil-lovbok). Komitéen laga framlegg til ei ny odelslov, og framlegget vart gjennomgått av ein stortingskomité med Christian Magnus Falsen som formann. Framlegget frå lovkomitéen er teke inn i Stortingsforhandlingane for mai 1821 (s. 535—565).

Resultatet av arbeidet vart lov om odels- og åsetesretten av 26. juni 1821 som ennå i hovudsaka står ved lag. Alle eldre føresegnar om odels- og åsetesrett vart oppheva.

Etter odelslova skulle hevdstida vere 10 år (§ 1), slik det hadde vore sidan 1771. Innløysingsfristen (preskripsjonsfristen) vart sett til 5 år (§ 9), slik det hadde vore sidan forordninga av 1811. Løysingssummen skulle fastsetjast ved takst, slik som etter forordninga av 1811. Det kunne ikkje vinnast odel på bergverk og fabrikkar (§ 4). Derimot hadde ikkje lova noko forbod mot at den jord som høyrde til bergverk og fabrikkar og som der frå før kvilde odel på, vart innløyst.

Lova hadde ialt 32 paragrafar. I paragrafane 1—16, 19, 24 og 28—31 fann ein dei materielle føresegnene, medan rettgangsreglane sto i paragrafane 17, 18, 20—23 og 25—27. Mange av føresegnene i odelslova er no oppheva ved nyare lover. Om dette seinare.

12. Åtak på odelsretten etter 1821.

Motstandarane av odelsretten hadde enno ikkje gjeve opp, og frå tid til anna kom det åtak på den frå framstående folk. Ørsted kom i Haandbog over den danske og norske Lovkyndighed, bind 4 frå 1831 (s. 117118) med stort sett dei same innvendingane mot retten som han hadde gjort før. Han seier såleis «at det princip, der ligger til grund for odelsretten, er erkearistokratisk.»

Etter 1814 hadde tanken om handels- og næringsfridom vind i segla, og grunnsetninga om at eigedomsretten burde vere fri, sto høgare i kurs enn nokon gong. Både høgsterettsassessor U. A. Motzfeldt og professor A. M. Schweigaard var motstandarar av odelsretten. I si bok om odels- og åsetesretten frå 1846 skriv Motzfeldt mellom anna at det tykkjast vere lita meinig i at ein eigedom, som har høyrte til ein huslyd i ikkje lenger tid enn 10 år, skal verte sett på som ein familieeigedom. Likeins peikar han på regelen om at makeskifte fører med seg odelsrett til jord, «hvorhen intet nedarvet minde eller spor af ættemænd vinker familien».

Det vart gjort nokre freistnader på å ta bort det vern odelsretten hadde fått i Grunnlova. På Stortinget i 1845 gjorde ein av Akershus-representantane, sorenskrivar Sørensen, framlegg om at Grunnlova § 107 skulle strykast, subsidiært

at paragrafen skulle lyde slik: «Aasædesretten må ikke opphæves». Etter tilråding frå konstitusjonskomitéen fall båe framlegga i Stortinget i 1848. Eit nytt framlegg om å stryke § 107 fall i 1851. I ein proposisjon av 29. mars 1854 gjorde regjeringa framlegg om ny § 107: «Aasædesretten maa ikke opphæves.» På Stortinget i 1857 ga konstitusjonskomitéen — mot 2 røyster — si tilråding til framlegget. I stortingsmøtet i mars same året var det 64 representantar som røysta for framlegget og 46 imot. Det oppnådde såleis ikkje å få 2/3 fleirtal. I 1857 sette regjeringa fram ein ny proposisjon av same innhald som i 1854. Saka kom opp i Stortinget i 1860, men denne gongen fekk proposisjonen berre 47 røyster.

I denne perioden var det Motzfeldt og Schweigaard som var dei fremste motstandarane av odelsretten, medan bondeføraren Ueland var den som sto i brodden i forsvaret.

Det har seinare ikkje vorte gjort fleire freistnader på å ta bort odelsretten.

13. Om endringar i odelsretten etter 1821.

Om endringar i odelsretten etter 1821 kan merkast:

I 1857 vart det gjeve ei ny lov som sette odelshevdstida til 20 år og preskripsjonsfristen til 3 år. Ved tinglyst fråsegn kunne eigaren fastsetje at hans eigedomstid ikkje skulle stifte odelsrett. Denne føresegna var av ein heilt annan karakter enn forordninga frå 1811, som fastsette at odelsretten skulle falle bort ved sal og arvefall dersom ikkje odelseigaren hadde fastsett at den skulle stå ved lag.

Den stuttare løysingsfristen (preskripsjonsfristen) gjorde at kjøparen snøggare vart trygg på å få ha garden, men kunne føre til at odelsløysaren ikkje greidde å skaffe seg løysepengar i tide.

Av seinare endringar og endringsframlegg kan ein nemne lov av 16. mai 1860 som ga nye føresegnar om skifte når det var fleire gardar etter arvelataren (§ 12 i odelslova frå 1821). Vidare lov av 9. mai 1863 med føresegnar om «billig» åsetesretten. Begge desse lovene, som vedkjem åsetesretten, er nærare omtala nedanfor i avsnittet om åsetesretten.

I 1891 la riksstyret fram for Stortinget proposisjon til ei lov som skulle verne om skogen når ein gard vart løyst på odel. Framlegget gjekk ut på at odelsmannen, i dei første 3 åra etter at han hadde løyst eigedomen, ikkje måtte hogge friske tre i skogen anna enn det som var naudsynleg til garden.

Framlegget vart skarpt kritisert i Odelstinget (jfr. Odelstidende for 1891 s. 115—116), men det vart likevel vedteke med den endringa at hogstforbodet berre vart sett til 1 år etter løysinga.

Dersom odelsløyseren handla mot dette forbodet, fekk saksøkte rett til å ta att garden.

Endå hogstforbodet galdt berre 1 år, vart denne lova i mange høve ei avgjerande hindring for odelsmannen til å løyse eigedomen. Forbodet kom inn i skjønnslova av 1917, men vart oppheva ved lov nr. 2 av 29. juni 1934.

14. Proposisjonen frå 1907.

Omkring hundreårsskiftet vart det — etter opptak i Stortinget — sett i gang arbeid med sikte på ei heilt ny odelslov. Som resultat av arbeidet la regjeringa i 1907 fram for Stortinget det mest omfattande reform- og kodifikasjonsframlegg om odels- og åsetesretten som hadde vorte lagt fram til då. Dette var Ot. prp. nr. 14 for 1906/07. Når ein ser bort ifrå lovene frå 1857, 1860, 1863 og 1891, som berre galdt einskilde mindre endringar og tillegg, hadde odelslova stått uendra sidan 1821.

Proposisjonen avviste tanken om at odelsretten skulle takast bort, og likeins tanken om at instituttet skulle omskipast til ein forkjøpsrett etter historisk mønster. Derimot vart det gjort framlegg om fleire radikale brigde i gjeldande rett. Soleis skulle odelshevdstida setjast til 30 og preskripsjonstida til 2 år. Krinsen av dei som hadde odelsrett, skulle avgrensast til å gjelde barn, barnebarn og barn av sysken til ein som hadde ått garden med odelsrett. Vidare inneheldt framlegget endringar i prosessmåten. For å motverke misbruk, skulle lova ha føresegner om ansvar for den som reiste løysingssak, men seinare let saka falle. Eit avsnitt i proposisjonen handlar om eigedomar som skulle vere unnatekne frå odel. Dette galdt i første rekkje bergverk, fabrikkar og andre industrielle anlegg med tilhøyrande jord. Dinest særskilt matrikulerte hustomter, og endeleg var det eigedomar som kongen hadde fastsett skulle kjøpast til offentlege føremål, til dømes sjukehus. Alle desse eigedomane skulle, etter lovframlegget, ikkje kunne løysast på odel. Rett nok fastsette odelslova av 1821 at det ikkje kunne vinnast odel på bergverk, fabrikkar og manufakturar, jfr. § 4, men dette hindra ikkje at ein slik eigedom som det kvilde odel på frå før, vart løyst på odel. Føresegnene skulle hindre slik løysing. Lovframlegget hadde og eit eige avsnitt om åsetesretten.

Proposisjonen vart gjennomgått av justiskomiteén og landbrukskomitéén i fellesskap, og her var det sterk stemning mot fleire av føresegnene, som vart forkasta ved voteringa. Det som kom til å stå att, var føresegnene om eigedomar som ikkje kunne løysast på odel. Resultatet var at det vart gjeve ei lov berre om dette emnet (lov av 16. juli 1907), som ofte er kalla odelsfrigjeringslova. Motiva for lova var å få

vedteke avgrensingar i dei eigedomar som kunne løysast på odel. Det var omsynet til industrien, trongen til bustadtomter og tomter til almennyttige anlegg, til dømes sjukehus, som her spela inn. Ikkje minst omsynet til industrien, som heldt på å vekse fram, var sterkt framme under ordsiftet om lova. Dei eigedomane som soleis ikkje skulle kunne løysast på odel, står oppreknna i § 1 i lova, jfr. § 35 i lovframlegget. Lova har 8 paragrafar og skulle setjast i verk straks.

15. Lovbrigde frå 1915 i odelslova § 16.

Paragraf 16 i odelslova frå 1821 avgrensa løysingsretten i høve til attlevande ektemake. Paragrafen hadde 4 avsnitt og inneheldt avgrensingar i løysingsretten for barn og stykbarn i høve til ein odelslaus attlevande ektemake. Men paragrafen hindra ikkje odelsmenn som sto lenger ute i rekkja i å drive den attlevande ektemaken frå garden. Med bakgrunn i ei løysingssak frå ein gard i Hoff i Vestfold gjorde stortingsmann Peder Rinde framlegg om lovendingring som skulle sikre den attlevande i alle høve. Resultatet var lov av 11. juni 1915 nr. 1, den såkalla «lex Rinde». Reglane blir drøfta på sin plass i dette utkastet.

16. Rettargangsreglane om odelsløysing.

Medan odelslova frå 1821 framleis er hovudkjelda når det gjeld dei materielle føresegnene om odelsretten, må ein gå til andre lover for å finne rettargangsreglane. I samband med sivilprosessreformen vart det også gjeve føresegner om odelsløysing, og desse står no i 3dje kapittel i lov av 1. juni 1917 nr. 1. Spørsmålet om endring i desse reglane vert teke opp i ei særskilt rådsegn.

17. Ymse lovendingringar frå dei seinare åra.

Ymse spreidde lovendingringar frå dei seinare åra skal nemnast.

Lov om skifte av 21. februar 1930 inneheld føresegner om odels- eller åsetesarvingens og attlevande ektemakes stilling på skifte, jfr. §§ 62 og 63. Ved ei endringslov av 16. juli 1936 (stundom kalla «lex Hornsrud» etter stortingsmann Hornsrud, som gjorde framlegget) fekk lova frå 1907 det tillegget at også grunn som vart skilt ut til småbruk eller til utviding av småbruk, skulle vere unnateke frå odelsløysing, jfr. § 1, pkt. 2 b og c, men ny odel kunne vinnast i småbrukaren si ætt. Både når det galdt hustomter og småbruk var det eit vilkår for odelsfrigjeringslova at grunnen var skild ut og seld av næraste odelsmann.

Jordlova frå 22. juni 1928 ga kommunane høve til å oreigne grunn til bureisingsføremål, og på ein slik måte at odelsrett som kvilde på grunnen, vart sletta ut. Dette var ei stor reform som ga høve til store inngrep i odelsretten. Lova frå 1928 vart oppheva ved lov nr. 2 om tilskipping av jordbruk (jordlova) av 18. mars 1955, som i § 30 ga Kongen høve til å frigjere ein eigedom frå odell, likevel ikkje i høve til nære slektningar.

Odelslova av 1821 fastsette i § 24 at ein løysingsmann laut betale pantegjeld som oversteig takstsummen når den var påhefta eigedomen anten før den vart odelsjord eller av næraste odelsmann. Denne føresegna skulle tryggje panthavaren, men kunne på den andre sida verke som eit hinder for odelsløysing. Dette galdt så mykje meir ettersom lova vart praktisert utan omsyn til kroneoppskrivinga i 1920-åra. Ved lov av 26. juni 1929 vart § 67 i skjønnslova (som 1. juli 1927 avløyste odelslova § 24) oppheva. Men ein høgsterettsdom av 18. september 1931 slo fast at skjønnslova § 67 framleis galdt pantobligasjonar som var eldre enn lova av 26. juni 1929. I høve til slike obligasjonar var nemleg lova av 1929 i strid med Grunnlova (§ 97). For å rette på dette fekk løysingsmannen ved ei lov av 6. juli 1933 rett til å oreigne den delen av obligasjonen som ikkje vart dekkja av takstsummen. Verdet av denne delen skulle fastsetjast av dei same skjønsmenn som hadde taksert eigedomen. Det viste seg at som regel vart den udekkja delen av obligasjonen sett til null ved oreigningstakstane.

Eit anna krisetiltak i odelsretten var lov av 30. juni 1932, som lengde løysingsfristen til 5 år. Denne lova var mellombels og har falle bort frå 1942.

18. Problem med odelsretten ved byutvidingar.

Tilrådinga frå den såkalla Scheikomitéen og den omfattande samanslåing av by- og heradskommunar som følgde, førde til spesielle problem med odelsretten. Etter § 1 i odelslova frå 1821 kan odell vinnast berre til «Jord paa Landet». Odelsretten gjeld ikkje i byar. Ved byutvidingar har ordninga stundom vore den at odelsrett til gardar som gjekk inn i byen, skulle stå ved lag for dei som hadde odelsrett på utvidingstida, men at dei som var fødte etter utvidinga, ikkje fekk odelsrett («Tunsberg-regelen» etter lov 22. juli 1833 om grensene for Tønsberg). Seinare gjekk ein over til ei anna ordning, slik at jord som var odelsjord då byutvidinga skjedde, skulle halde fram å vere odelsjord (for dålevande og komande ættledar), men at ny odelshevd ikkje kunne vinnast. Vart garden seld ut or slekta, kunne kjøparen og hans ætt altså ikkje få odell. Det var denne

regelen («Mosseregelen», lov 9. august 1839 om utviding av Moss) som allment vart følgd.

Kommuneinndelingslova 21. desember 1956 følgde òg denne regelen. Men ved samanslutning av by og land etter lova frå 1956 vart ofte sjølve byen berre ein liten del av arealet innan bykommunen. Då dette i røynda førde med seg at odelsretten vart oppheva for store landdistrikt, gjorde departementet framlegg om endring i lova. Etter framlegget skulle Kongen kunne ta avgjerd om at samanslutninga ikkje skulle ha nokon verknad på odels- og åsetesretten.

Etter endringsframlegget hadde administrasjonen i røynda fått det i si hand å oppheve eller la vere å oppheve odelsretten for store landområde, og framlegget vart ikkje vedteke i denne form i lovbrigdet av 14. juni 1963. Ved denne lovendringa fekk § 9 i lova frå 1956 det innhald at samanslutningar av by og land ikkje skulle ha nokon odelsrettsleg verknad. Ny odell kan altså vinnast i byområde òg. Unnateke vart mindre byutvidingar. Då kan Kongen fastsetje noko anna.

Utvalet kjem seinare tilbake til desse problema i samband med drøfting av tilhøva for dei tidlegare landkommunane, der «Mosseregelen» framleis gjeld. Det er her særleg spørsmål om dei tidlegare kommunane Aker, Jeløy og Skårer.

19. Odelsfrigjering.

Det er ein sikker regel at odelsjord som blir oreigna, vert fri for odell. Oreigningslova frå 23. oktober 1959 har ei føresegn (§ 9) som seier at odelsjord som er avstått friviljug, av Kongen kan lysast odelsfri, når det vert søkt om det og ein må rekne med at vedtak om eller samtykkje til eit tilsvarende eigedomsinngrep hadde vorte gjort eller gjeve i fall partane ikkje hadde vorte samde. Til slik jord kan det så vinnast ny odell.

Etter § 7 i odelsfrigjeringslova frå 1907 kunne ein eigedom som det kvilde odell på, lysast odelsfri dersom ervervet var av «særegen interesse for det offentlige». Ved Ot. prp. nr. 52 for 1962—63 gjorde regjeringa framlegg om at vilkåret om «særegen interesse for det offentlige» skulle gå ut. Bakgrunnen for framlegget var at det gjekk føre seg tingingar mellom staten og ein større skogeigar om sal av 45 000 mål skog. Men eit par slektningar av skogeigaren truga med å gjere odelsrett gjeldande, og ein kom difor på å endre § 7, som ikkje ga heimel for odelsfrigjering etter den dåverande ordlyden.

Framlegget om å la vilkåret om «særegen interesse for det offentlige» gå ut, møtte sterk motstand. Det vart hevda at framlegget, om det vart vedteke, ville gje regjeringa blankofullmakt

til etter eige skjøn å avgjere om ein eigedom, som det offentlege av ein eller annan grunn ville ha tak i, skulle gjerast odelsfri. Det vart etter dette gjort ei endring i framlegget. Vilkårret for odelsfrigjering skulle vere at «særlige grunner taler for at ervervet skjer uten hinder av odelsretten». I denne form vart framlegget vedteke som lov av 14. juni 1963 nr. 2 (Lex Gruset).

B. ÅSETESRETTE

20. Om innhaldet i åsetesretten.

Føresegnene om åsetesretten finn ein i §§ 10—14 i odelslova frå 1821. Paragraf 10 inneheld ein legaldefinisjon av åsetesretten. Det er «den Ret, som tilkommer den Nærmeste blandt sidste Besidders Afkom til at tiltræde udeelt Besiddelsen af det af Arveladeren efterladte Jordegods, eller, saafremt han skulde have efterladt sig flere Gaarde, da Hovedbøllet, imod at give Medarvingerne Fyldest for hvad dem derudi ved Skiftet er udlagt».

Denne retten gjeld både for odelsjord og anna jord. Det er såleis ikkje nokon fast samanheng mellom åsetesretten og odelsretten. Åsetesretten er ein arverett av noko særeigen karakter, for det første fordi den berre gjeld jordegods, dinest av di den berre gjeld på skifte mellom livsarvingar, og endeleg av di den set arvingane i prioritetsklasse.

Den gamle regelen var at fleire arvingar fekk kvar sin ideelle part i odelsjord. Magnus Lagabøtes landslov fastsette at eldste son kunne krevje «hofud-bolet» udelt dersom det i buet var så mange gardar at kvar fekk sin (L V 7). Etter ordlyden i føresegna laut også dei andre gardane vere odelsjord og jamgode med hovudbølet. Dette var ei tillemping i den delingsregelen ein frå før hadde hatt: i staden for å dele kvar gard, vart alle gardane delte slik at kvar arving fekk ein heil gard.

Det seier seg sjølv at det var sjeldan tilfelle at det var like mange og like gode odelsgardar i buet som det var arvingar. Føresegna i landslova var nok heller ikkje først og fremst mynta på det jordeigande aristokrati som då voks fram. Likevel lyt ein tru at det vart vanleg at eldste son fekk hovudbølet udelt sjølv om dei andre arvingane berre fekk kaupland. Ulikskap i verdet vart då gjerne jamna ut med pengar, lausøyre eller anna. Truleg fekk han også hovudbølet udelt sjølv om heller ikkje dette hadde vorte odelsjord.

Ein lyt også tenkje seg at garden ikkje alltid vart delt sjølv om det berre var ein gard og to eller fleire arvingar i buet. I slike tilfelle hadde ein odelsmann førsteretten til å få leige dei ideelle partane av dei medarvingane som ikkje sjølve tok sine partar i bruk.

21. Resess frå 1539 om stillinga når det var fleire arvingar.

I ei resess frå 1539 — den første allmenne føresegna om åsetesretten — vart det fastsett at når det var meir enn ein arving, skulle eldste bror «have og nyde aasædet» mot at dei andre arvingane fekk sin arv i anna jord eller i andre ting. Kunne ikkje dette skje, skulle eldste bror likevel sitje med garden og gje dei andre arvingane landskyld av deira partar. Denne regelen galdt utan omsyn til om det var odelsjord eller anna jord, og ein eller fleire gardar, i buet.

22. Forordning frå 1752 om åsetesrekkja.

I ei forordning frå 26. mai 1752 vart det gjeve heilt nye føresegner om åsetesrekkja, oppsett etter prinsippet om den agnatisk—kognatiske rekkefølgja. Både menn og kvinner, agnatar og kognatar, har åsetesrett, men dei mannlege agnatane har føreretten framom alle andre.

På 1600- og 1700-talet var den vanlege framgangsmåten ved arveskifte at alle arvingane fekk seg utlagt like stor part i garden. Dette vart gjort utan omsyn til om det sto i lovene at det skulle leggjast ut andre ting til dei som ikkje hadde åsetesrett. Åsetesarvingen tok så garden i bruk og svara årleg landskyld til medarvingane til dess han løyste inn deira partar i garden. (Robberstad s. 130).

23. Forordning frå 1769 om høve til deling av gardar.

Åsetesretten var til hinder for at garden vart delt mellom to eller fleire arvingar. I og for seg var dette vel og bra. Åsetesretten verka såleis som ei brems på utluting av gardane. Men dette vart også til ulempe i mange høve. Ei forordning frå 14. april 1769 rådde bot på dette ved å gje høve til å dele garden. Bonden laut berre akte på at den næraste odelsmannen fekk minst halve eigedomen. Motivet bak forordninga var å gje rom til meir folk i landet. Den svara i innhald til § 14 i odelslova frå 1821.

24. Åsetesreglane i odelslova og i lova frå 1863 om «billig takst».

Reglane om åsetesretten vart tekne inn i odelslova frå 1821. Medarvingane fekk no sin arv i form av eit pengekrav på åsetesarvingen, med panterrett i eigedomen. Før var det slik at dei fekk ein ideell part i garden, ein slag medeigdomsrett, men utan rett til å ta parten i bruk eller få den utskift. Ein panterrett var difor ein meir tidhøveleg skipnad.

Av seinare endringar kan nemnast ei lov frå 16. mai 1860, om det tilfelle at det er fleire

gardar etter arvelataren. Paragraf 12 i odelslova fekk med dette i hovudsaka same innhaldet som no. Eit viktig tillegg til åsetesretten har ein i lova av 9. mai 1863 om «billig Taxt». Det var nok vanleg at åsetesprisen vart sett lågt. Men dette samsvara ikkje med teksten i lova frå 1821, der det var påbode at åsetesmannen skulle svare full pris. Paragraf 19 om skiftetakstar lydde slik: «Taxationsmændene skulle sætte alt Jordegods for fuldt Værdie, efter gangbar Priis i Egnen, uden at det tilkommer dem, deri at bestemme nogen Nedsættelse, til Bedste for den nærmeste Odels- eller Aasædesberettigede». I § 22 om løysingstakstar vart det vist til denne føresegna.

Regelen om at åsetesarvingen skulle svare full pris førde med seg at det fall tungt for han å løyse ut medarvingane. Særleg var dette tilfel-

le då arvelova frå 1854 fastsette at syster skulle arve likt med bror. Arveparten til åsetesmannen vart såleis mindre. Rett nok hende det likevel at garden vart seld til åsetesmannen for låg pris, og det hende nok også at takstmennene sette taksten lågt. Men regelen om full pris gjorde nok sitt til å søkkje bøndene djupare ned i skuld og armod for kvar ættled.

Ole Richter tok opp spørsmålet på Stortinget om ei lovending til bate for åsetesmannen. Framlegget hans vart ikkje vedteke, men i staden fekk ein regelen om «billig takst» ved ei lov av 9. mai 1863 som fastsette: «Den Aasædesberettigede kan fordre sig Aasædet udlagt til den Priis, som af Arveladeren ved Testament er bestemt. Har Arveladeren ikke paa denne Maade tilkjendegivet sin Villie, bliver Værdien at ansætte ved en billig Taxt».

II. Stutt oversyn over gjeldande rett.

1. Innleiing.

Grunnlova § 107 seier: «Odels- og Aasædesretten maa ikke ophæves. De nærmere Betingelser, hvorunder den, til største Nytte for Staten og Gavn for Landalmuen, skal vedblive, fastsættes af det første eller andet følgende Storting.»

«Lov angaaende Odelsretten og Aasædesretten» kom 26. juni 1821. Den er framleis den viktigaste rettskjelda for dette rettsområdet. Dei prosessuelle reglane om odelsløysing er avløyste av reglane i skjønnslova frå 1. juni 1917, sjå særleg §§ 59—76. Elles har det vore endringar og tillegg til odelslova til ymse tider. Den viktigaste tilleggslova som er gjeldande i dag, er odelsfrigjeringslova frå 16. juli 1907, dessutan er det ei lang rekkje lover som har føresegner om odelsrett. Ein kan av desse nemne jordlova frå 18. mars 1955 (særleg §§ 11 og 30), kommuneinndelingslova 21. desember 1956 § 9, oreigningslova 23. oktober 1959 og konsesjonslovene. Adopsjonslova 2. april 1917 med seinare brigde regulerer stoda til adoptivbarn.

Rettspraksis spelar ei stor rolle i odelsretten. Dei fleste lovreglane er gamle, — nye spørsmål som ikkje har funne noko klår løysing i lova, har etter kvart dukka opp og vorte avgjorde i rettspraksis. Så seint som etter den andre verdskrigen har domstolane fått førelagt mange prinsipielle tolkningsspørsmål frå lova av 1821.

Det kan ikkje her vere tale om å gje noko meir inngåande framstilling av heile dette innfløkte stoffet. Nedanfor skal difor berre bli dregne fram punkt som utvalet ser som vesentlege for reformarbeidet.

Nærare utgreiingar vert gjevne om ymse emne i dei spesielle motiva.

2. Om kva slags grunneigedomar odels- og åsetesreglane gjeld for, og nokre tilgrensande spørsmål.

Odelsretten gjeld berre «Jord paa Landet», § 1 i odelslova av 1821. Motsetnaden er bygrunn, herunder går grunn innan kjøpstader og «Ladesteder, der have særskilt Kommunebestyrelse», jfr. lov av 5. juni 1869 §§ 1 og 3. Til slik grunn kan odel ikkje hevdast.

I ein høgsterettsdom frå 1939 (Rt. 1939 side 361) er § 10 i odelslova tolka såleis at åsetesretten berre gjeld «jord på landet som etter sin art ifølge loven kan være odel undergitt». I dette ligg at grunn som fell utanom omgrepet «jord på landet» i høve til reglane om odelshevd også fell utanom dei reglar som gjeld om åsetesrett. Det er ikkje noko vilkår at jorda her er odelsjord, men lova må ikkje vere til hinder for at den kan vere det, i så fall kan heller ikkje åsetesrett gjerast gjeldande. Om det på den andre sida kviler nedervd odelsrett på ein fråskild eigedom, treng den ikkje av den grunn gå inn under reglane om åsetesrett (Rt. 1967 s. 1009).

Som nemnt i den historiske utgreiinga, førde kommunesamanslåingane i 1950- og 1960-åra med seg visse problem i høve til omgrepet «jord på landet». Det vart spørsmål om kva verknader det eventuelt skulle få for odelsretten og åsetesretten når ein tidlegare landkommune (eller ein del av den) vart slått saman med ein by og den nye kommunen fekk status som bykommune. Det vart her for det første spørsmål om

kva som skulle gjelde med omsyn til grunn som det alt før samanslåinga kvilde odels- og/eller åsetesrett på, og dernest om det skulle vere høve til å hevde ny odel på grunn som før samanslåinga hørde til landkommunen. Desse spørsmåla er no løyste generelt i lov nr. 3 frå 21. desember 1956, som i § 9 andre stykket har denne regelen:

«Inndelingsendringen har ingen virkning for odels- og åsetesrett til jord i området. Ved mindre byutvidingar kan Kongen likevel ved endringens ikrafttreden bestemme at dette bare skal gjelde for odel som da hviler på jord i området.»

Ved kommunesamanslåingar og byutvidingar etter lova frå 21. desember 1956 er regelen altså no at det kan hevdast ny odel til grunn som er gått over til å verte del av ein bykommune, så sant grunnen var «jord på landet» før samanslåinga. På same måte gjeld reglane om åsetesrett framleis for slik jord. Men slik var ikkje stoda før lova frå 1963. Før denne endringa hadde lova denne ordlyden:

«Dette har dog ingen innvirkning på den odel som ved inndelingsendringens ikrafttreden hviler på jord i området.»

Dette var i samsvar med den formuleringa som til vanleg var nytta ved byutvidingar etter særskilde lover før 1956. Etter denne regelen kunne det ikkje hevdast ny odel til slik jord. Om hevda odelsrett kunne gå over ved arv etter samanslåinga var noko ulikt etter dei ulike lovene. Etter stoda før 1963 fall åsetesrett bort i og med at området vart del av ein bykommune, sjå høgsterettsdom i Rt. 1967 side 1162.

Det gjeld såleis noko ulike reglar for odelsretten og åsetesretten ettersom eit område er lagt til ein bykommune før eller etter endringslova 14. juni 1963. Utvalet vil seinare drøfte dette spørsmålet nærare, særleg i samband med dei tidlegare herad Aker, Jeløy og Skåre, av di det er hevda at dei odelsrettsleg er komne i ei særstode ved utvidingane av Oslo, Moss og Hauge-sund. Ein viser til § 53 i utkastet med tilhøyrande merknader.

Når det elles gjeld objektet for odelsrett og åsetesrett, har rettspraksis sett visse minstekrav til storleiken og karakteren av ein jordeigedom for at den skal kunne reknast som «jord på landet». Men krava kan ikkje seiast å vere særleg strenge, i alle høve ikkje når det gjeld storleiken. Eigedomar på ned til 3 dekar er blitt godkjende som objekt for odelsrett. (Rt. 1950 s. 77, sjå elles tilvisingar i Rt. 1967 side 1012.) Domstolane vurderer elles konkret og ganske fritt den eigedomen det gjeld og tek omsyn til m.a. kva jorda er skikka til og vert nytta til, storleiken på jordbrukseigedomar i bygda og kva driftsmåtar som der er vanlege, kva slag hus som står på eigedomen m.v. Regelen

er at jordbrukseigedomar vert rekna som «jord på landet», sjølv om dei er små, men det krevst at dei må reknast som jordbruk (herunder hagebruk, Rt. 1948 side 1008). Hustomter er derimot ikkje «jord på landet», sjølv om dei er noko store. I ein høgsterettsdom i Rt. 1967 side 1009 vart det avgjort at ein eigedom i Asker på 9,2 dekar, som vart nytta til hagebruk og frukt dyrking, ikkje var «jord på landet». Det vart her m.a. lagt vekt på karakteren av området der eigedomen låg. Det hadde etter kvart vorte eit utparselleringsområde.

Odelsfrigjeringslova 16. juli 1907 gjer ein del inngrep i prinsippet om at det kan hevdast odel til all «jord på landet». Lova gjer m.a. unnatak for grunn som vert nytta til industrielle anlegg «av enhver art» som ikkje «maa ansees som et tilbehør til den jordeiendom, hvor anlæget er beliggende». Vidare gjer lova unnatak for særskilt skyldsette hustomter som det vert bygt bustadhus på, når grunnen er utskild og seld av næraste odelsmann. Viktig er dessutan regelen i § 7 om at Kongen kan oppheve odelsretten på ein odelseigedom som staten eller ein kommune vil kjøpe når «særlige grunner taler for at ervervet skjer uten hinder av odelsretten», slik lova lyder nå.

Føresegner om odelsfrigjering har ein og i jordlova 18. mars 1955 § 30 og oreigningslova 23. oktober 1959 § 9. Odelsfrigjering etter desse føresegnene er mindre omfattande enn etter § 7 i lova frå 1907. Det er berre under visse føresetnader odelsfrigjering kan skje, og det kan vinnast ny odel til slik jord. Odelsfrigjering etter jordlova kan ikke skje andsynes visse nære slektningar til eigaren og ektemaken til eigaren, og heller ikkje andsynes nokon som har betre odelsrett enn eigaren, med mindre vilkåra for oreigning i jordlova § 20 ligg føre. Regelen i jordlova § 30 gjeld ikkje tilleggsjord som vert kjøpt ved vanleg avtale.

Lov 28. september 1857 har i § 2 ein regel om at eigaren, så lenge odelshevdstida ikkje er ute, kan tinglyse fråsegn om at eigedomen skal vere fri for odel.

Alle typer av grunneigedomar går inn under omgrepet «jord på landet», både jord, skog, fjell og vassdrag. At skog, fjell og vassdrag kan odlast saman med eit gardsbruk som dei ligg til er nokså sjølv sagt. Men slik grunn kan etter rettspraksis også odlast særskilt. Reine bruksrettar kan derimot visstnok ikkje odlast åleine, sjølv om dei måtte vere særskilt skyldsette.

Jord som ligg i sameige kan etter gjeldande rett odelshevdast. For jord som ligg i sameige mellom bruk er regelen grei, slik jord følger med omsyn til odelshevd reglane for den eigedomen den ligg til. Men også jord i sameige mellom personar kan det etter rettspraksis vinnast odelsrett til. *Skeie*: side 86 o. u. har

ei anna lære på dette punktet. Skeie meiner at ein sameigar ikkje har full eigedomrett, og difor ikkje vann odel, korkje til den ideelle sameigeparten eller til heile sameiga. Rettspraksis har ikkje følgt Skeie si lære når det gjeld dette spørsmålet. Sjå t.d. Rt. 1964 s. 1355 (Flaaseth). Ein sameigar vann likevel ikkje odelsrett til heile eigedomen, berre til den ideelle sameigeparten. Vert sameiga oppløyst, går odelsretten over på den fysiske eigedomsdelen som kvar sameigar får utlagt til seg. Dette gjeld i alle høve når sameiga vert delt i samsvar med det tidlegare høvestalet mellom sameigarane, slik at kvar av sameigarane får eit grunnstykkje som svarar til den ideelle delen han hadde (Rt. 1962 side 1138). Dersom nokon får utlagt ein større fysisk part av sameiga enn det som svarar til den ideelle delen han hadde, er det noko uklårt korleis den odelsrettslege stillinga er. Om preskripsjon av odelsrett til sameigepartar: sjå merknader side 21.

Etter § 5 i odelslova kan den eine ektemaken, endå om ektefolka lever «i Fællig», ikkje få odelsrett til jord som den andre ektemaken før ekteskapet hadde odelsrett til. Men dersom ektemakane overtek jord saman under ekteskapet eller den eine ektemaken eig jord før ekteskapet som det ikkje er fullført odelshevd til, «da odle de den fælleds og for fælleds Afkom». Odelslova § 5 talar om «Ægtefolk, som leve i Fællig». Dette omgrepet går på den eigeskipnaden mellom ektemakar som galdt før ektefellelova frå 1927, og som var temmeleg mykje annleis enn den noverande. Det har vore reist tvil om § 5 gjeld ved ekteskapeleg felleseige etter den nye skipnaden, men vanleg lære er at den gjer det. I motsetnad til regelen for personleg sameige elles, vann begge ektemakane i slike høve odelsrett til heile eigedomen.

Etter vanleg lære vil ein eigedom som det først er hevda odel til halde fram å vere odelsjord, sjølv om utviklinga seinare fører med seg at den ikkje lenger er å rekne som «jord på landet» og dermed ikkje då ville kunne odelshevdast. Men dette er ikkje sikkert. Spørsmålet er drøfta i Berglidommen, Rt. 1967 s. 1009, og ligg føre i ei sak som nå er innanka for Høgsterett (Haugerud Gård i Aker).

3. Om innhaldet i odelsretten og åsetesretten.

Odelsretten er ein løysingsrett for odelsætta, og gjev dessutan førerrett på skifte.

Etter § 8 i odelslova kan odelsløysingsrett gjerast gjeldande såvel mot «Fremmede» (dvs. eigarar som ikkje har odelsrett) som mot «fjernere Odelsbaarne» (dvs. eigarar med dårlegare odelsrett enn løysingsmannen).

Odelslova har ingen nærare reglar om kva for ytre vilkår som må vere oppfylte for at løysings-

retten skal verte aktuell. Paragraf 6 handlar om utgangspunktet for odelshevd, § 9 om utgangspunktet for preskripsjon, og reglane her er innbyrdes ulike. Det er sikkert nok at løysingsrett kan gjerast gjeldande når preskripsjonsfristen har teke til, det vil normalt seie når den nye eigaren har fått tinglyst heimel. Men så mykje kan ikkje krevjast i alle høve. Har den nye eigaren teke over bruken av eigedomen i medhald av utinglyst avtale eller anna rettsgrunnlag må dette truleg vere nok. Det rettaste er kanskje å leggje vekt på det tidspunktet då avhendaren er bunden andsynes den nye eigaren. Her oppstår elles vanskelege spørsmål når ein odels-eigedom ikkje vert avhendt, men festa bort for kortare eller lenger tid. Det kan vere noko tvilsamt kva som skal til for at odelsløysingsrett i slike tilfelle skal kunne gjerast gjeldande. Synspunktet må vere at dersom bortfestinga i røynda er ei kamuflert eigedomsavhending, kan eigedomen løysast på odel (jfr. Rt. 1971 s. 238).

Når ein odelseigedom vert avhendt friviljug, kan seljaren sjølv ikkje løyse eigedomen på odel frå kjøparen og rettsetterfølgjarane hans etter arv eller avtale. Dette kan ein sjå som eit heilt naturleg utslag av det allmenne prinsippet om heimelsansvar. Det er løysingsretten som her fell bort, sjølve den materielle odelsretten står truleg ved lag — også for seljaren sjølv, slik at han ikkje vert rekna som ein «framand» dersom han på ny skulle verte eigar innan preskripsjonsfristen er ute. Han held m.a.o. i dette tilfelle odelsretten til ætta ved lag. Og det er berre seljaren personleg som ikkje kan gjere løysingsrett gjeldande. Dersom han t.d. har barn, vil desse kunne ha løysingsrett.

Parsellar og rettar som vert fråskilde ein odelseigedom kan løysast av ein som har betre odelsrett enn kjøparen. Odelsretten fell altså ikkje bort i og med fråskiljinga, med mindre reglane om odelsfrigjering kjem inn (jfr. Rt. 1949 s. 967). Det er ikkje noko vilkår for å nytte løysingsretten i slike høve at parsellen eller retten er av eit slikt slag at den kan odelshevdast særskilt (reine bruksrettar kan det som nemnt ikkje), og det er heller ikkje noko vilkår at løysinga skjer for å få lagt det fråskilde til hovudeigedomen på ny. Løysingsmannen står likevel ikkje fritt med omsyn til kva omfang odelsløysinga skal ha. Han kan t.d. ikkje velje å løyse berre ein del av den fråskilde parsellen.

Odelslova § 31 har ein regel om at løysingsmannen ikkje er bunden av visse kontrakter («Forpagnings-, Føderaads- eller deslige Contracter») som ein framand eller ein fjernare odelsmann måtte ha gjort i preskripsjonstida. Når det gjeld forpagningskontrakter har § 31

i.f. ein meir vidtfermande regel: Desse må vike for løysingsmannen sin rett sjølv om dei er stifta av ein eigar med betre odelsrett enn løysingsmannen, og det er her ikkje noko vilkår at forpaktningkontrakta er gjort i preskripsjonstida. Reglane i § 31 tek sikte på å gjere løysingsretten effektiv, løysingsmannen skal ikkje berre få eigedomsretten, men og bruken av eigedomen. Reglane i § 31 gjeld likevel berre hefte som er stifta etter at eigedomen vart odelsjord. Odelsløysaren må etter rettspraksis betale vederlag for hefte som fell bort etter § 31, det er såleis i røynda ein innløysingsrett ein her for seg.

Åsetesretten er ikkje som odelsretten nokon løysingsrett, men må nærast kallast ein kvalifisert arverett. Den gjeld berre livsarvingar etter siste eigaren, og gjev desse — etter prioritet — rett til «at tiltræde udeelt Besiddelsen af det af Arveladeren efterlædte Jordegods», odelslova § 10. Åsetesrett kan berre gjerast gjeldande på arveskifte, odelslova § 11, jfr. skiftelova § 62.

Det gjeld ulike reglar for odelstakst og åsetestakst. Etter § 19 i odelslova skal odelstakst setjast til full verdi «efter gangbar Priis i Egnen, uden at det tilkommer dem (dvs. takstmennene) deri at bestemme nogen Nedsættelse, til Bedste for den nærmeste Odelsberettigede». Ved odelsløysing gjeld regelen i skjønsløva § 62 tredje stykket, som likeins fastset at verdien av odels-eigedomen skal setjast til «gangbar pris i egnen».

Om åsetestakst heiter det i lov av 9. mai 1863 at verdien skal fastsetjast ved «billig Taxt», dersom ikkje arvelataren har fastsett nokon pris i testament. Meininga med denne regelen var å lovfeste at åsetestaksten skulle rette seg etter det som var «billig» (rimeleg) i det einskilde tilfelle, men i praksis har det vorte vanleg å setje åsetestaksten til ca. 70—80 pst. av full verdi i dei fleste høve, når ikkje særlege omstende ligg føre. I Rt. 1967 s. 812 vart «billig Taxt» sett til full verdi, av di kommunen hadde fått løyve til å oreigne eigedomen og det var lite truleg at det ville bli drive gardsbruk der i framtida.

Det har vore noko tvilsamt korleis stillinga er med omsyn til «billig Taxt» når ein åsetesarving i kraft av odelsrett krev garden utlagt til seg på eit skifte der attlevande ektemake er medeigar. Domspraksis går i retning av at åsetesarvingen må betale full pris i slike høve, sjå t.d. høgsterettsdom i Rt. 1948 side 1151 (dissens 4—1).

4. Om kven som har odelsrett og åsetesrett og om prioriteten.

Lova stiller ikkje opp særtilkår for utlendingar andsynes norske statsborgarar. Også utlen-

dingar kan såleis ha odelsrett og/eller åsetesrett til jord her i landet.

Odelsrett har alle som er etterkomarar etter han som hevda odel på eigedomen og som ikkje har tapt retten sin ved preskripsjon eller på annan måte, t.d. ved fråskrivning. Noko grense nedover i ættledane, slik som t.d. i slektsarvetten, har ein ikkje i odelsretten. Når difor ein odelseigedom har høyrte til same ætta i lang tid, vil det gjerne vere eit utal personar som har odelsrett til den.

Åsetesrett har berre livsarvingar etter siste eigaren, odelslova § 10. Det er eit vilkår for åsetesrett at vedkomande har vanleg arverett.

Til vanleg vil det vere mange fleire som har odelsrett enn åsetesrett til ein eigedom. Ein person kan og ha åsetesrett utan å ha odelsrett. Er det då andre som har odelsrett, går deira rett føre retten til den odelslause åsetesarvingen. Det same gjeld dersom nokon som ikkje har best åsetesrett har betre odelsrett enn åsetesarvingen (sjå t.d. Rt. 1955 side 317).

Når det gjeld prioriteten mellom fleire retts-havarar, har ein både i odelsretten og åsetesretten det prinsippet at mann går føre kvinne og eldre framfor yngre. Prioritetsordninga mellom åsetesarvingane i odelslova § 11 gjeld tilsvarande for odelsarvingar innan same line. Men her kjem dessutan regelen i odelslova § 3 første stykket a) inn: Så lenge det er att nokon i den lina som har best odelsrett og som har «taget Godset i Besiddelse», går deira rett framom fjernare liner, utan omsyn til kjønn eller alder.

Prioritetsreglane i odelslova er uoversiklege og til dels uklære. Når det gjeld odelsrett, må ein ofte søkje attende til odelshevdaren og røkje etter nedstamming og skyldskap heilt frå hans tid. Dette kan ofte vere både vanskeleg og tidkrevjande.

Den retten attlevande ektemake har etter skiftelova § 63 går føre eventuell åsetesrett. Etter den endring som vart gjort i § 63 i samband med den nye arvelova, går retten for den attlevande også føre odelsrett til eigedomen. Tidlegare stod retten for den attlevande tilbake for odelsretten.

Barn utanom ekteskap har odelsrett til odelsgods etter mor si og morsætta. Odelsrett til faren og farsætta sitt odelsgods kan slike barn få ved at faren lyser dei i «Kuld og Kjønn», odelslova § 2 andre stykket. Dei vert då med omsyn til odel rekna som ektefødde.

Likeins har barn utanom ekteskap åsetesrett etter mor si. Åsetesrett etter faren har slike barn berre om faren ved særskild fråsegn har fastsett at dei skal ha det, jfr. odelslova § 10 a. (Denne føresegna vart teken inn i odelslova i samband med den nye arvelova. Den

samsvarar i hovudsaka med den tidlegare gjeldande regelen i arvelova 31. juli 1854 § 3 andre stykket). Dersom barn utanom ekteskap først har åsetesrett etter faren, har dei same retten som om dei var ektefødde.

Adoptivbarn har ikkje odelsrett etter adoptivforeldra. Dei har likevel eit ganske sterkt vern mot odelsløysing gjennom regelen i adopsjonslova av 2. april 1917 § 17 fjerde stykket, — likevel ikkje andsynes livsarvingar etter adoptanten. Åsetesrett etter adoptivforeldra får derimot adoptivbarn og, men med prioritet etter adoptivforeldra sine egne barn og deira livsarvingar, adopsjonslova § 17 første stykket.

Vilkåra for odelshevd er full eigedomsrett i hevdstid (20 år). Det ligg føre ein del rettsavgjerder om forståinga av omgrepet «fuld Eienomsret» i odelslova § 1. Det er for det første klårt at slike hefte som panterett, forkjøpsrett og servituttar ikkje hindrar odelshevd, sjå t.d. RG 1963 side 573 (forkjøpsrett). Derimot stoggar odelshevda straks om ein eigedom vert påhefta ein løysingsrett som det ikkje er knytta vilkår til, og likeins dersom hevdaren på annan måte bind seg til å avhende eigedomen, Rt. 1953 s. 1103.

Bygssel gjev truleg ikkje grunnlag for odelshevd, sjølv om avtala gjeld for nokså lang tid. Eit par domar godkjenner arvefeste utan tidsavgrensing og brukspantebrev på 100 år som full eigedomsrett som kan gje grunnlag for odelshevd (RG 1942 s. 226, Rt. 1950 s. 355). Eit vilkår må sjølv sagt her vere at det ligg føre ei reell eigedomsavhending. Men er dette først på det reine, bør det knapt vere avgjerande for odelshevdsspørsmålet kva for avhendingsform som er nytta. *Skeie* (side 92) stiller det allmenne kravet at «adkomsten må vere privatrettslig urokkelig».

På same måte som ved vanleg eigedomshevd er det høve til å leggje saman eigartida til t.d. foreldre og barn for å oppnå full hevdstid. Det same må gjelde besteforeldre og barnebarn. Derimot er det i andre tilfelle ikkje høve til å rekne saman fleire eigarar si eigartid om dei høyrer til same ætta — såleis t.d. sysken. Domane i Rt. 1914 side 801 og 1948 s. 428 synest ikkje å gje høve til slik samanrekning. Jfr. og RG 1966 side 625, særleg side 637.

Regelen i odelslova § 6 første setninga er ikkje i samsvar med gjeldande rett. Domstolane har følgd den regelen at odelshevdstida vert å rekne frå det tidspunktet då hevdaren har fått full eigedomsrett til garden, sjølv om han først seinare får tinglyst heimel, Rt. 1924 side 747, Rt. 1948 s. 1008.

Vilkåret for å vinne odelsrett ved arv er at odelsarvingen nedstammar i rett line frå odels-

hevdaren, og at odelsgarden er i ætta si egne når arvingen vert fødd, jfr, odelslova § 2:

«Ingen ansees for Odelsbaaren, med mindre han har været født forinden Godset ved Salg eller paa anden Maade er gaaet ud af Familien.»

Når er så eigedomen «gaaet ud af Familien»? Etter rettspraksis må svaret vere at det er tidspunktet då eigedomsretten går over som er avgjerande. Då startar den nye eigaren si odelshevd. Det er såleis ikkje avgjerande om kjøparen har fått tinglyst heimel, jfr. domen i Rt. 1948 side 461, der spørsmålet er drøfta uten at Høgsterett tok stilling til det.

Odelslova § 2 gjeld etter ordlyden berre det tilfelle at eigedomen er «gaaet ud af Familien». Paragrafen seier ikkje direkte noko om korleis stillinga vert ved avhending innan ætta til ein person med sekundær odelsprioritet. Spørsmålet er tvilsamt. *Brandt* (side 275) og *Skeie* (side 47) hevdar at løysinga må bli den same då og: eit barn som kjem til etter et eigedomen gjekk over til den fjernare lina vinn ikkje odelsrett.

Om odelsrett i ekteskap gjeld regelen i odelslova § 5, som før er nemnd. Her hevdar ekte-makane odelsrett saman, både for seg sjølv, for fellesbarn og for eventuelle særkullsbarn, dersom dei har felleseige i ekteskapet. Fellesbarn har prioritet føre særkullsbarn. *Skeie* (side 76) lærer at ektemakane hevdar odelsrett berre for fellesbarn — ikkje for seg sjølv, og heller ikkje for særkullsbarn. Men læra samsvarar med rettspraksis, sjå Rt. 1958 side 926 og Rt. 1963 side 599.

Ved sams odelshevd etter odelslova § 5 vinn begge ektemakane odelsrett til heile eigedomen og med lik prioritet.

Odelshevdstid for den eine ektemaken før ekteskapet og for dei begge under ekteskapet kan reknast saman.

Prioritetsspørsmålet i dei tilfelle der det er fleire kull fellesbarn er i odelslova § 5 andre stykket løyst slik at fellesbarn i det første ekteskapet i odelshevdperioden har betre odelsrett enn fellesbarn i seinare ekteskap. Er det berre særkullsbarn, går ein dom i Rt. 1952 side 378 ut på at ingen av kulla har prioritet framfor dei andre, kjønn og alder vert då avgjerande. Sjå og Rt. 1963 side 599 (Kongstorpdomen).

5. Makesifte, odelslova § 7.

Odelslova § 7 har ein regel om at når odelsjord vert makesifta «lige for lige», går odelsretten over på den nye eigedomsparten. Men vert det gjeve mellomlag, får makesiftet ingen verknad for odelsretten til nokon av eigedomane.

Regelen gjeld etter ordlyden både ved make-

skifte av heile odelseigedomar og av deler av slike, t.d. skogteigar. Vert bruksrettar som ligg til særskilt skyldsette bruk makeskifta, må regelen i § 7 gjelde analogisk.

Tilleggsjord som vert innkjøpt til utviding av produksjonsgrunnlaget åt ein jordbrukseigedom fell utanfor makeskifteregelen i odelslova § 7. Dette kan då føre til at ulike deler av ein og same jordbrukseigedom odelsrettsleg står i ei ulik stode i ei overgangstid, noko som lett kan skape både praktiske og rettslege vanskar i tilfelle av odelsløysing.

Ved offentleg jordskifte etter lov av 22. desember 1950 må løysinga bli den same som ved makeskifte «like for like», dvs. at odelsrett går over på den eigedomsparten vedkomande bruk får utlagt på skiftet.

6. Delingsreglane, odelslova §§ 12 og 14.

Odelslova § 12 har ein regel for det tilfelle at ein arvelatar let etter seg «flere Gaarde», i så fall skal åsetesarvingane (kvar line) etter innbyrdes prioritet få utlagt kvar sin gard. Regelen i § 12 er etter ordlyden ein rein åsetesregel, det gjer ikkje nokon skilnad om ein eller fleire av gardane er odelsjord eller ikkje.

Ved tolkinga av kva som er «flere Gaarde» i høve til odelslova § 12 kan det ikkje vere avgjerande om ein eigedom utgjer eitt eller fleire bruksnummer i matrikkelen, dette kan ofte vere nokså tilfeldig. Det ein derimot må leggje vekt på er om eigedomen utgjer ei økonomisk eining som faktisk og praktisk har vore driven under eitt, jr. Voss side 70 og *Knoph*: Norsk arverett (1959) side 341.

Etter rettspraksis gjeld regelen i § 12 ikkje ved eigedomsavhending i levande live, med mindre avhendinga må sjåast som lekk i eit arveskifte eller ein «skifteliknande transaksjon». Utvalet viser her til høgsterettsdomane i Rt. 1937 side 855, 1938 side 507, 1946 side 627, 1956 side 614 og 1963 side 580.

Likeins har odelslova i § 14 delingsreglar for dei tilfelle då ein eigedom er «af den Størrelse og Beskaffenhed, at flere Familier sig derpaa kunde ernære». I så fall kan eigaren med samtykkje frå fylkeslandbruksstyret dele eigedomen i to eller fleire partar, «uden at enten Odelsretten eller den, ældste Søn eller Datter tilkommende, Aasædesret deri maa være hinderlig».

Delingsreglane er eitt av dei punkt i odelsretten som har vore framme i diskusjonen i dei seinare åra. Både lova og tildels rettspraksis har vore kritisera.

7. Særskilde innskrenkingar i odelsretten og åsetesretten av omsyn til foreldre, stykforeldre og adoptivbarn. (Odelslova § 16, lov 28. september 1857 § 4, adopsjonslova § 17 fjerde stykket og skiftelova § 63.)

Nemnde lovføresegner legg til dels sterke band på retten til odels- og åsetesarvingen i visse tilfelle der pietetsomsyn andsynes nærskylde kjem inn.

Odelslova § 16 har føresegner om tilhøvet mellom odelsarvingen og ein attlevande odelslaus ektemake (far, mor, stykfar eller stykmor). Er den attlevande far eller mor til odelsarvingen, kan denne ikkje nytte odelsretten sin så lenge den attlevande «i eenlig Stand forblive». Gifter den attlevande seg opp att, kan derimot odelsarvingen «tage Gaarden i Besiddelse» ved fylte 25 år, om det er ein son, og når ho gifter seg, om det er ei dotter.

Stykforeldre har i alle høve rett til «at vedblive Gaardens Brug» til odelsarvingen har fylt 18 år, om det er ein stykson, og, om det er ei stykdotter, til ho gifter seg. Stykforeldra har i så fall plikt til å syte for «Underholdning og Opdragelse» til både odelsarvingen og eventuelle sysken til dei har fylt 15 år, utan særskilt godtgjersle for dette. På den andre sida har stykforeldra krav på føderåd når odelsarvingen overtek, også dette utan særskilt godtgjersle, men berre dersom «Fravigelsen skeer i Mindelighed».

Etter gjeldande rett må ein kunne leggje til grunn at preskripsjonsfristen i odelslova § 9 ikkje gjeld når ein odelsarving let vere å nytte retten sin etter § 16 første og andre stykket av omsyn til foreldra eller stykforeldra, jfr. plenumsdomen i Rt. 1962 side 1145. Løysingsrett etter § 16 medfører såleis ikkje løysingsplikt, slik som regelen elles er, t.d. når sameigarar med ulik odelsprioritet sit med ein eigedom i sameige, (jfr. Schee-domene, som er omtala på side 21).

Korleis stillinga er for ein attlevande odelslaus ektemake når garden var særlege for den avlidne, kan vere noko tvilsamt, sjå Voss side 88.

Det er berre ein bruksrett til eigedomen for attlevande ektemake § 16 gjev heimel for. Attlevande er ikkje eigar, og kan difor t.d. ikkje hevde odel for seg.

Dei beste grunnar talar for å tolke § 16 slik at barnebarn har same rett som barn i høve til reglane her, — at barnebarn altså ikkje skal reknast som «Andre odelsberettigede» etter § 16 siste stykket. Men spørsmålet byr på tvil, sjå Voss side 95.

Lov 28. september 1857 har i § 4 ein tilleggsregel om at ingen odelsarving må løyse odelsgods frå sin eigen far eller si eiga mor før han

har fylt 21 år. Lova fekk si noverande form ved ei endringslov 14. november 1947. Det var resultatet i dommen i Rt. 1937 side 7 som lovgjevaren fann urimeleg.

Adopsjonslova 2. april 1917 har i § 17 fjerde stykket ei føresegn som skal verne adoptivbarn mot urimelege følgjer av regelen om at dei ikkje har odelsrett etter adoptivforeldra. Når adoptivbarnet har budd på garden i minst 10 år etter adopsjonen, kan ein odelsrettshavar ikkje hindre det i å overta garden på arveskifte etter adoptanten, med mindre odelsarvingen har betre odelsrett enn adoptanten eller er adoptanten sin livsarving. Det gjeld ingen særtilkår eller spesielle avgrensingar for adoptivbarn sin rett etter denne føresegna. Det har vore hevda at regelen går lenger enn omsynet til adoptivbarnet gjer turvande, såleis har m.a. professor *Robberstad* gått inn for å avgrense regelen noko i høve til det som gjeld no. Utvalet kjem tilbake til dette.

Skiftelova § 63 gjer eit inngrep i odels- og åsetesarvingen sin rett til føremon for attlevande ektemake. Den attlevande har på skiftet rett til å få utlagt på sin lut etter takst visse eigenlutar som har tilhøyrt fellesbuet, mot at arvingane får vederlag i pengar. I samband med den nye arvelova vart det gjort ein del nokskå viktige endringar i § 63. Sjå nærare s. 79 sp. 2.

8. Preskripsjonsreglane.

Odelslova § 9 har to reglar om preskripsjon:

Dersom ein person utan odelsrett vert eigar, taper alle i odelsætta sin «Odels- og Indløsningsret» etter 3 år.

Dersom ein som har odelsrett på sekundær prioritet vert eigar, taper alle som har betre rett enn han sin «Indløsningsret» etter like så lang tid (3 år).

Etter ordlyden i lova kan det sjå ut som om preskripsjonsverknaden skulle vere ulik i dei to nemnde tilfelle, lova nemner berre tap av innløsningsretten for dei i ætta som har betre odelsrett enn den nye eigaren.

Høgsterett har likevel tolka § 9 slik at sjølve den materielle odelsretten går tapt også i dei tilfelle der lova berre nemner tap av innløsningsretten, Rt. 1936 side 70 (jfr. og Rt. 1939 side 238). Dette må då og gjelde i tilhøve mellom sysken og mellom andre nærskyld. Regelen vert då at ved avhending av odelsjord gjeld løysingsplikt for dei som har løysingsrett, — nyttar dei ikkje løysingsretten, taper dei odelsretten.

Utgangspunktet for preskripsjonsfristen er tinglysinga av heimelsdokumentet til den nye eigaren. Det er såleis ulike reglar her for odelshevd og for preskripsjon. Dette kan føre til at

det er høve til odelsløysing sjølv om odelsgarden har vore ute av ætta mykje lenger enn 3 år, jfr. t.d. Rt. 1948 side 461.

I den kjende Schee-dommen (Rt. 1948 s. 69) la Høgsterett til grunn at når fleire sysken (i saka: 3) tek over i lag ein odelseigedom etter foreldra, taper dei eldre odelsretten til dei brøkpertane som dei yngre har, dersom dei ikkje går til løysingssak mot medeigarane innan 3-årsfristen, jfr. § 9 i odelslova. Det var sterk dissens (3 mot 2) i Høgsterett om dette spørsmålet.

Ved eigedomshevd er det fullføringa av hevda som er utgangspunktet for odelspreskripsjonsfristen. Men her kan reglane om odelsmothevd kome til å gripe inn, slik at det ikkje er høve til odelsløysing når 20 år er gått, av di den nye eigaren då har hevda ny odel til eigedomen for seg og si ætt.

Ved testamentarisk disposisjon der eigedomsretten definitivt er gått over til testamentsarvingen, tek preskripsjonsfristen til i og med dødsfallet, og altså ikkje først ved tinglysing av heimelsdokumentet, Rt. 1873 side 645 og Rt. 1911 side 33.

Kjem eigedomen før preskripsjonsfristen er ute i næraste odelsmann si eige, stoggar preskripsjonen for alle i odelsætta. Derimot kan ein ikkje sjå det slik at preskripsjonen stoggar for alle berre ved at næraste odelsmann går til løysingssak mot eigaren. Vert løysing i eit slikt høve ikkje fullført, får søksmålet ingen verknad for andre odelsrettshavarar. Desse må altså gå til sjølvstendig løysingssak innan fristen om dei skal vere sikre på at retten deira ikkje skal verte preskribert. Men for det tilfelle at odelsløysaren døyr under saka, gjev no skjønnslova § 71 a, som kom til ved tilleggslov 24. juni 1949 nr. 3, hans «odelsbårne avkom rett til å tre inn i saken i den orden som er fastsatt i lov om odels- og åsetesretten av 26. juni 1821 § 3, selv om deres rett til å reise løsnings sak da er foreldet».

Er det ein annan enn beste odelsmann som (ved kjøp eller ved å reise løysingssak mot eigaren) har stogga preskripsjonen for seg, gjeld det som er sagt ovanfor tilsvarende for rettshavarar med dårlegare rett enn han. For dei som har betre odelsrett, held preskripsjonen derimot fram.

Åsetesrett kan som før nemnt berre gjerast gjeldande på arveskifte. Preskripsjonsverknaden er her at åsetesrett fell bort dersom den ikkje vert gjort gjeldande innan skiftet er avslutta.

9. Stoda til adoptivbarn.

I samband med reglane om odels- og åsetesrett er det naturleg å omtale stoda til adoptiv-

barn andsynes eigedomar som adoptivforeldre eig eller let etter seg.

Adoptivinstitutet vart hjå oss lovfest og nærare regulert ved lov 2. april 1917, som framleis gjeld. Men lova har fleire gonger vore endra, og endringane har jamt over gått i den lei å gjere stoda til adoptivbarnet sterkare.

Før lova vart endra ved lov 21. desember 1956, hadde vi to slags adopsjon, «sterk adopsjon» som i hovudsaka førde med seg fullt familierettsskifte for barnet, og «svak adopsjon» som i prinsippet heldt oppe arverettstilhøvet mellom barnet og dets biologiske ætt, og berre ga det ein avgrensa arverett etter adoptivforeldra. Ved ei lov frå 21. desember 1956 vart den svake adopsjon avskipa. Men framleis vart den ståande att den gamle regelen frå før lovbrigdet om at eit adoptivbarn (endå med sterk adopsjon) ikkje hadde odelsrett i adoptivætta, medan odelsrett i den biologiske ætta stod ved lag. Dette siste (odelsrett i eiga ætt) vart det ikkje gjort noko endring i ved lovbrigdet — i røynda er det vel heller upraktisk. Derimot fekk adopsjonslova § 17 eit tillegg som skulle verne adoptivbarnet og livsarvingar mot å bli drivne frå garden. Paragraf 17 har nå denne ordlyden:

«Aasætesret tilkommer adoptivbarn og dets livsarvinger etter adoptivforeldrenes egne barn og deres livsarvinger. Er der flere adoptivbarn,

gaar mand foran kvinde og tidligere adoptert barn foran senere adoptert.

Dog er adoptivbarn bundne ved de testamentariske bestemmelser angaaende rækkefølgen, som er truffet av adoptivforeldrene.

Odelsrett erverves ikke ved adopsjon.

Har adoptivbarnet bodd på gården i minst 10 år etter adopsjonen, kan en odelsberettiget dog ikke hindre det i å overta gården på arveskifte etter adoptanten og heller ikke fordrive det fra gården om overtakelse har funnet sted på slikt arveskifte eller ved rettshandel med adoptanten, med mindre den odelsberettigede har bedre odelsrett enn adoptanten eller er adoptantens livsarving. Tilsvarende regel gjelder til fordel for livsarving etter adoptivbarnet som har overtatt eller skal overta gården fra adoptanten, adoptivbarnet eller annen livsarving etter adoptivbarnet, dersom vedkommende livsarving har bodd på gården i minst 10 år etter adopsjonen. Har livsarvingen ikke fylt 10 år, gjelder der det samme når han har bodd på gården siden fødselen, og en av foreldrene fyller eller i tilfelle ved sin død fylte vilkårene for å kunne få vern mot odelsløsning etter reglene i dette ledd.

Adoptanten kan ved testament bestemme at regelen i fjerde ledd ikke skal gjelde.»

10. Odelsprosessen.

Reglane om odelsprosessen vert ikkje medtekne i denne rådsegna, men vert — som før nemnt — tekne opp i ei særskild rådsegn seinare.

III. Oversyn over framand rett¹

Odelsretten er eit særnorsk rettsinstitut. I eldre tider har det nok i andre land vore skipnader som kan liknast med odelsretten. Men dei høyrer no til rettssoga. Eit unntak er Island, der dei i nyare tid har innført reglar om odelsrett. Men dei skil seg mykje frå våre. Derimot er det i fleire land parallellar til åsetesretten.

1. Danmark og Færøyane.

Danmark har tidlegare hatt reglar som i nokon mon kan minne om vår odelsrett. Frå gammalt av galdt visse særreglar om arvejord. Ville nokon selje slik jord måtte han først gjere frendane tilbod 3 gonger på tinget (lovbydelse). Før Christian V Danske lov hadde slekta ingen innløysingsrett om lovbydelse var forsømt, men den som ikkje hadde gjort lovbydelse, kunne få bot. Etter lovboka fekk slektningane derimot rett til å ta bondejord frå kjøparen. Lovbydinga

har seinare falle bort, utan at det er heilt klårt når det formelt skjedde. Reglane gjekk truleg ut av bruk på 1700-talet. Reglar om rangfølga mellom slektningar hadde ein ikkje.

Ved forordningar frå 13. mai 1769 og 22. november 1837 vart det gjeve særlege testasjonsreglar om gardane til sjølveigande bønder. Etter den første forordninga fekk bonden rett til å testamentere garden til ein av livsarvingane og til å fastsetje prisen. Den andre forordninga hadde visse reglar til bate for attlevande ekte-make.

Den nye arvelova frå 1963 held oppe desse forordningane, som nok ikkje har hatt så mykje å seie i praksis. Men er det ikkje skrive testament, har ingen andre arvingar (enn ekte-maken) rett til å krevje utlagt fast eigedom på skifte. Det må på fritt grunnlag avgjerast om eigedom skal seljast til arving, annan slektning eller til framande.

Danmark har såleis ingen odelsrett. Den som eig ein bondegard, stor eller liten, kan fritt selje utan at ætta kan hindre det, eller ta garden ifrå kjøparen.

Ein arvelovkommisjon kom i 1941 med fram-

¹ Dette er eit samandrag av ei noko meir utførleg framstilling frå sekretariatet, som er sendt departementet som uttrykt vedlegg til rådsegna.

legg om særreglar om arv av landbruksjord. Framlegget gjekk m.a. ut på at om det ikkje var utpeika ny eigar i testament, og arvingane ikkje kunne bli samde om kven som skulle få garden, kunne kvar av dei krevje at skifteretten skulle avgjere tvisten, — anten ved å utpeike den nye eigaren, dersom ein av arvingane sto i ei særstode, og elles ved lutdraging. Framlegget fekk motbør og vart ikkje vedteke. — Det vart m.a. sagt at det var så vanleg å avhende gardane i levande live at det ikkje var naudsynleg å gje nye reglar om arveovergang.

På Færøyane var dei gamle norske odelsrettsreglane gjeldande lenge utetter. Dei vart seinart innførde som færøysk rett då Gulatingslova vart gjort gjeldande for Færøyane i 1273, men truleg var odelsretten i kraft alt tidlegare. Magnus Lagabøtes Landlov vart og innført på Færøyane, truleg mellom 1276 og 1280; i det såkalla Saudabrevet 1298 står omtala den lov-boka som kong Magnus ga og Alltinget samtykte i. Odelsføresegnene i Landslova vart då gjeldande til dei vart avløyste av nye odelsføresegner i Christian IV's Norske Lov 1604, og dei eldste tingbøkene for Færøyane viser at reglane var i bruk. Christian V's Norske Lov vart innført på Færøyane i 1688, og odelsreglane der med seinare bridge var gjeldande — også etter unionsoppløysinga i 1814. Utetter på 1800-talet vart det gjort ymse framlegg om å ta odelsretten bort, på same måten som i Norge. Framlegga vart lenge avviste, men i eit lovvedtak 4. mars 1857 vart så fastsett at odelsløysingsrett ikkje lenger skulle kunne gjerast gjeldande. Frå tid til tid har det i dei færøyske sjølvstyreforsamlingane vore oppe spørsmål om å lovfeste odelsretten på nytt, såleis gjekk eit lagtingsvedtak i 1943 ut på at det burde utgreiast å føre inn att odelsrett i moderne form.

2. Island.

Ordet odel finst ikkje i dei eldste islandske lovene, og det har vore lært at odelsrett var ukjent på Island i gamal tid. Men det er no påvist at alt lovene i fristattida (Grågås) hadde føresegner om adalbol o.a. som inneheldt det hovudsaklege i odelsretten, eit vern for ætta sin eigedomssrett til visse gardar. Magnus Lagabøte freista å få innført dei strengare norske odelsføresegnene i Island, men det møtte motstand, særleg frå kyrkjeleg hald. Likevel kom i Jonsbok (1281) inn ymse føresegner om odels-gods. Men det synest ha vore noko uklårt kor langt odelsrett galdt i praksis. I 1922 vart det gjeve kgl. stadfesting på at odelskapitlet i Jonsbok skulle gjelde (jfr. Magnus Már Lárusson i Kulturhistorisk leksikon XII s. 499—502).

Med ei lov av 1936 (lov nr. 8/1936) vart ein

ny odelsrett innført på Island. Odelsinstituttet fekk nå eit heilt anna innhald enn det hadde hatt før. Det vart ein del av arveretten. Grunn-tanken bak lova var at garden skulle verte verande i ætta. Lova frå 1936 vart avløyst av lov nr. 116 frå 30. desember 1943 om ætteodel og arveåsete, som atter vart avløyst av lov nr. 102 frå 21. desember 1962 om ætteodel, slekts-gardar, arveåsete og sal av jord som tilhøyrr staten og kyrkja.

Etter lova kan kvar jordeigar på nærare vilkår gjere garden sin til odelsgard. Garden må vere så stor at minst ein middels huslyd kan leve av avkastinga av drifta. Dessutan må garden ikkje vere større enn at han er og har vore fullt utnytta av ein bonde. Er garden for stor, må ein odelsstiftar kunne dele garden når kvar gardpart oppfyller vilkåra.

Det islandske landbruksselskapet skal godta at vilkåra er oppfylte, og det må liggje føre samtykkje frå barna til gardeigaren dersom dei er 16 år eller eldre. Det er elles eit vilkår at det ikkje kviler større pantelån på garden enn det som er lånt gjennom dei kredittinstitusjonar som er nemnde i lova eller gjennom låneinstitusjonar som er komne i staden for desse kreditinstitusjonane.

Når bonden vil gjere garden til odelsgard, skal han vende seg til sysselmannen, som på si side skal sjå til at det er gått fram i samsvar med føresegnene i lova. Når alle dokument og opplysningar ligg føre, fører sysselmannen garden inn i embetsboka. Ved neste manntalsting vert så dokumenta tinglyste.

Heile garden med tilhøyrande rettar og herlegdomar og alt det som elles finst der, følger odelen. Det same gjeld forsikringar på odelsgodset og eventuelle krav på skadebøter som måtte kome opp, likeins jordbruksstønader, bygningsstønader og andre offentlege stønader som er tildelt til utbetring av jorda.

Verknaden av at garden er vorten odelsgard, er at arvingane i første leden (dvs. barna til gardeigaren) har krav på å få overta garden i buet etter gardeigaren til halvparten av dåverande eigedomstakst. Frå denne summen kan så den som tek over eigedomen, trekkje den pantegjelda som kviler på garden. Denne gjelda går då over på overtakaren. Det barnet som overtek odelsgarden, har forsytingsplikt andsynes foreldra, som har rett til å bu på garden så lenge dei ønskjer.

Bonden har på visse vilkår rett til å dele garden mellom arvingane i to eller fleire gardar. For at slik deling kan skje, må den fråskilde garden eller gardane for det første oppfylle vilkåra for å vere odelsgard. Vilåret er elles at hovudgarden har auka i verdi med minst 15 pst. i høve til takstverdien då odelsbonden i si tid tok over.

Gardeigaren og andre kan testamentere bufe og ymse slags lausøyre til odelen. Desse tinga vert då følgjegods til odelen. Odelseigaren pliktar å halde dei ved lag og nye dei opp att.

Odelsbonden har rett til å ta opp lån i visse låneinstitusjonar med pant i odelen, til utbetring av hus eller jord.

Eigarskifte på odelsgarden skal meldast til kommunale takstmenn, som så skal vurdere garden. I slike tilfelle skal det nemleg skje eit økonomisk oppgjer mellom den fråfarande odelsbonden, eventuelt buet hans, og den som tek over egedomen.

Når det vert sett fram krav om utpanting i ætteodelen på grunnlag av påkvilande pante-gjeld eller offentlege egedomsskattar, skal sysselmannen kalle inn til møte med odelsmannen, odelsarvingane og kreditorane. På møtet skal det då avgjerast kven som skal ta over odelsgarden og betale gjelda. Vil ingen av dei som er til stades ta over, og har vedkomande kommune fråskrive seg gardkjøpet, skal sysselmannen selje garden. Garden må aldri seljast for høgare pris enn det som svarar til påkvilande gjeld og kostnader ved salet. Likevel vert garden kjøparen sin ætteodel, såframt ikkje kjøparen er ein kommune, eller långjevaren har fått garden utlagd til seg fordi det ikkje vart gjeve fullnøyande tilbod. Men kjøper kommunen eller långjevaren garden og sel den att, vert garden ætteodel for den nye kjøparen.

Om arvefølga til ætteodelen er fastsett at lengstlevande ektemake har førsteretten, så lenge han (ho) lever. Nest i rekkja står barna til den ektemaken som stifta eller ervde odelsretten, og då slik at barn i ekteskap går føre barn utanfor ekteskap. Derimot har adoptivbarn same arverett som ektefødde barn, dersom odelsbonden har fastsett det slik. Sist i rekkja kjem syskena til odelsbonden og deira barn etter alderen.

Foreldra har rett til å avgjere kven av barna eller kven av dei fjernare odelsarvingane (når det ikkje er barn til) som skal overta. Foreldra kan peike ut odelsarvingen innanfor den arvegangsklasse som er aktuell. Men dette må dei eventuelt ha gjort innan odelsbonden fyller 60 år. Sysselmannen skal varslast og vere til stades når disposisjonen vert gjord. Vert ikkje foreldra samde om kven av odelsarvingane innanfor den aktuelle arvegangsklasse som skal ha odelen, har den av ektemakane som i si tid ervde odelen, rett til å avgjere kven som skal overta. Har ikkje foreldra peika ut odelsarvingen, skal det takast avgjerd i eit skiftemøte om kven som skal overta. Når det er spørsmål om kven av barna som skal få overta odelen, gjeld det at det barnet som utan avbrot har drive garden saman med foreldra og ser ut til å ville halde fram såleis, har førsteretten. Vert det ikkje

semje om overtakaren i skiftemøtet, har den som står for skiftet det avgjerande ordet.

Var odelsarvingen umyndig på den tida skiftet gjekk føre seg, skal formyndaren hans førebels bygsle garden til ein annan, dersom ikkje arvingen eller formyndaren som ombodsmann for arvingen ønskjer å drive garden. Har ikkje odelsarvingen teke garden til bruk straks han er 26 år gamal, skal sysselmannen overdra odelen til næraste arvingen.

Dersom den ektemaken som ervde odelen døyrr barnlaus, og det heller ikkje er adoptivbarn etter ektemakane, har neste arving rett til å overta odelen — likevel ikkje før 2 år etter at odelseigaren er død.

Bryt ektemakane samlivet, skal den av ektemakane som ervde odelen ha den.

Dersom odelsbonden eller kona hans er dei siste som har arverett til odelen, eller dersom odelsarvingane ikkje vågar å overta garden etter dei, har desse rett til å gje bort odelen til kven dei vil.

Når odelsbonden legg ned gardsdrifta eller døyrr uten å ha disponert odelsretten, skal sysselmannen disponere odelsgodset som ætteodel i samråd med odelseigaren eller ektemaken dersom dei er i live, og elles i samråd med arvingane.

Salsprisen på garden må ikkje overstige eige-domstaksten og skal betalast med jamne avdrag over 10 år.

For det tilfellet at odelsbonden må flytte frå garden på grunn av alderdom, dårleg helse eller av andre grunnar som gjer det umogleg for han å halde fram med gardsdrifta, har lova reglar om odelsfrigjering. Dersom ingen av odelsarvingane i eit slikt tilfelle vil overta garden, kan landbruksministeren ta avgjerd om odelsfrigjering. Føresetnaden er at sysselnemnda og det islandske landbruksselskapet tilrår ei slik avgjerd. Har landbruksministeren såleis frigjort garden frå odelsføresegnene, kan eigaren selje garden til den kjøpar og for den pris han sjølv vil. Men føresetnaden er at dei som har forkjøpsrett til garden etter lova, har sagt ifrå at dei ikkje vil gjere bruk av forkjøpsretten.

Dersom odelsbonden øydelegg lausøyre utan å bøte skaden eller gjer seg skuldig i vanrøkt av garden, kan sysselmannen avgjere at ætteodelen og odelsgodset skal gå til arvingane. Det same gjeld om odelsbonden let vere å betale renter og avdrag slik at garden kan verte seld, gjer krav på heimstad andre stader enn på ættegarden, eller gjev opp gardsdrifta.

Lova har særskilde føresegner om slektsgardar som ikkje er odelsgardar. Dei er innførde i embetsboka som slektsgardar i samsvar med lova av 1943 eller i samsvar med ein spesiell disposisjon. Gardar som har vore i den same slekta som bygsel eller eige i 75 år eller lengre,

er automatisk slektsgardar. Sysselmannen skal varsle vedkomande åsetesmann eller eigar av ein gard som oppfyller vilkåra, og vedkomande kan motsetje seg at garden vert innført som slektsgard.

Lova set forbod mot at slektsgardar vert selde ut av slekta så lenge det finst slektsmenn (eige avkom, sysken eller deira avkom). Vil eigaren eller åsetesmannen selje slektsgarden, skal han først tilby slektningane å kjøpe etter takst. Vil ikkje nokon av dei kjøpe garden, kan eigaren eller åsetesmannen selje til høgstbydande. På tilsvarande måte har slektningane føreretten når ein slektsgard skal paktast bort.

Foreldra har rett til å avgjere kven av barna, eventuelt kven av dei fjernare odelsarvingane som skal arve slektsgarden.

Når ein slektsgard vert seld til andre enn barna til jordeigaren eller til medarvingane hans eller deira avkom, vert jorda kjøparen sin ætteodel. Kjøparen skal kunngjere dette skriftleg når kjøpeavtala vert underskriven.

Etter å ha fått skriftleg samtykkje frå dei myndige arvingane sine og frå kreditorane, kan ein gardeigar som har budd på eiga jord i 10 år eller meir, fastsetje at garden skal gå i arv etter reglane om odelsgardar, og at salsprisen for garden aldri skal overstige takstverdien av jord og bygningar. Denne disposisjonen lyt gjerast i nærvær av vitne og skal først inn i panteboka.

3. Sverige.

I Sverige hadde dei i den gamle bordsretten eit institutt som i mykje svara til vår odelsrett. Bordsretten var ein rett til anten å gå inn i annan manns kjøp (forkjøpsrett) eller ein rett til å løyse han ut, om handelen alt var gjennomført. Den som ville selje jord, hadde skyldnad på seg til å by jorda til bordsmannen — farsjord til farsfrendar og morsjord til morsfrendar. Etter lovboka frå 1734 var barna til seljaren og andre livsarvingar dei som hadde best rett, men dinest hadde også andre slektningar i ein viss nærleik bordsrett.

Bordsmann som ville nytte bordsretten, måtte seie frå innan ein viss frist, etter 1734-lova 12 veker. Han laut betale den prisen som var avtala mellom kjøpar og seljar. Gjorde han retten gjeldande før slik pris var fastsett, laut han betale vanleg marknadspis.

Bordsretten sto ved lag til 1857 (byane) og 1863 (landet). Opphevinga var eit steg i ein historisk prosess mot kommersialisering av bondejorda.

Etter a r v e b o l k e n frå 1734 skulle fast eigedom på landet delast i jamgode luter. Så skulle sønene ta ut dei partane dei helst ville ha, og

så kom turen til døtrene. Ville to ha same luten, vart det lutkasting. I visse høve galdt ein såkalla tagelottsrett i staden for lutkasting.

Arvelova frå 1845 førde inn den endringa at dotter fekk same arverett som son både i by og på land, men sonen fekk rett til å løyse ut dottera, når det galdt arvelut i jord.

Etter «lag om boutredning och skifte» frå 1933 skal alle arvingane ha like stor rett til å få seg utlagt på skifte det arvelataren åtte, men ting som ikkje lett kan delast opp skal gå samla til same arving. Dette var ein viktig regel på skifte etter jordeigar, og den einaste særregel for arv og skifte av jord.

Reglane står ved lag også etter revisjon av arvbolken i 1958.

4. Austerrike.

I Austerrike fekk dei ei ny arvegardslov (Anerbengesetz) i 1958. Den gjeld for heile landet, men slik at nokre område, som Tyrol og Kärnten, er tekne unna og har sine egne lover. Arvegardar er etter lova jordbrukseigedomar som det er bygt hus på, og som ein fysisk person eig åleine. Ein arvegard må ha ein viss minstestørleik: gjennomsnittsinnkoma frå garden må kunna livnære ein huslyd på fem vaksne, men kva som ligg i dette, må avgjerast etter tilhøva i dei ulike landslutane, slik at grensene kan variere. Det er ei grense for storleiken oppover og: gardar som er så store at dei gjev ei innkome på meir enn sju gonger minstegrensa, fell utanfor. — Arvegardar treng ikkje registrerast, slik som etter dei fleste tyske arvegardslovene. Når det finst ein jordbrukseigedom i eit bu, skal det avgjerast i kvart tilfelle om den skal reknast for arvejord.

Lova tek ikkje bort disposisjonsretten til arvelataren. Han kan testamentere bort garden, men er det ikkje gjort testament, går garden udelt til ein av arvingane. Naudsynleg driftslausøyre følgjer då med. Arvingane avgjer seg i mellom kven som skal ta over, men vert dei ikkje samde, skal det gå etter det som er vanleg på staden. Er det tvil, gjeld eldsterett. Mellom personar med lik arverett går menn føre kvinner.

Visse personar er utestengde frå å bli tilvist ein arvegard. Det gjeld ein som er umyndiggjort eller er åndeleg eller kroppsleg ufør. Interessantare er det at tilvising ikkje skal skje til dei som har fått opplæring i eit anna yrke enn jordbruk, og til dei som er sikra leveveg andre stader, t.d. har gifta seg til ein annan gard. Når den som elles har best rett, sit med ein gard frå før, lyt han stå tilbake.

Vert arvingane ikkje samde om overtakingsprisen, vert den fastsett av retten. Den skal setjast slik at arvingen skal kunne greie seg,

men det skal takast høveleg omsyn til medarvingane. Medarvingane får eit pengekrav på gardsarvingen, med pantetrygd i garden. Retten kan fastsetje utsetjing med oppgjeret (opp til 5 år). — Sel gardsarvingen garden innan ein viss frist (6 år), har medarvingane krav på eit etteropp-gjer.

Etter mønster av tysk rett har arvegardslova visse reglar om fostringsskyldnad mot mindreårige og sjukelege medarvingar. Så lenge dei nyt godt av denne retten, kan dei ikkje krevje utløysing.

Likeins har lova reglar til føremon for ein attlevande ektemake (m.a. bruksrett til garden til gardsarvingen er 25 år, dersom han er ein etterkomar etter arvelataren eller den attlevande ektemaken).

5. Tyskland.

I Tyskland har ein frå gamalt hatt særlege arvereglar for jord- og skogbrukseigedomar. Reglane har oftast gått ut på at garden skulle gå udelt til ein av arvingane. Men skipnaden har veksla frå delstat til delstat. Hitlerstyret gjennomførde ei sams gardsarvelov (Reichserbhofgesetz) med ein særskild arverett til gardsbruk (under 1250 ha.) Etter krigen vart desse reglane tekne bort, særleg på grunn av det rasepolitiske siktemålet dei hadde. Reglane frå før 1933 vart innførde på nytt, men sidan er det kome mange nye lover. Reglane varierer framleis noko i dei ulike distrikt.

Jamt over gjeld ein skipnad om friviljug registrering av gardar som ved registreringa vert arvegardar, men sume stader er gardar over ein viss storleik arvegardar utan vidare. Dei som skal kunne registrerast må ha ein viss storleik, t.d. kunne livnære ein huslyd. Arvelataren har fri testasjonsrett (men dei fleste lovene set forbod mot oppdeling). Er det ikkje testament, går garden udelt over til ein av arvingane. Kven denne er, kan variere, på nokre stader gjeld førstefødsrett, andre stader er sedvane avgjerande slik at førstefødsrett gjeld i tvilstilfelle. Yngsterett gjeld i Baden.

Når gardsarvingen overtek, får dei andre arvingane krav på utløysing i pengar, men lovene har særlege reglar om takseringa, for at utløysingskrava ikkje skal bli for store. Dei fleste lovene legg nettoavkastinga til grunn. Stundom kan det bli eit etteropp-gjer med dei andre arvingane, når gardsarvingen sel innan visse frister.

6. Sveits.

I Sveits er hovudregelen at ein gard i eit arvebu skal gå udelt til ein av arvingane som er viljug til å ta imot den. Sveitsisk rett legg

i det heile mykje vekt på at oppdeling ikkje skal skje. Den som får tilvist garden, har krav på heile gardsverksemda, med buskap og driftslausøyre om han vil. Gardar som skal kome inn under desse reglane, må vere fullnøyande til jordbruksdrift, sjølv om dei ikkje er store nok til å gje standsmessig underhald. I fjellstroka reknar ein med at det berre er dei største gardane som fyller vilkåra.

Garden kan berre tilvisast til ein arving som er skikka. Når fleire tevlar om å få ta over, er dugleiken rettesnor for avgjerda. Det er elles mange konkrete omsyn ein kan ta. Når fleire tykkjest like skikka, skjer avgjerda etter det som er vanleg på staden. Det er soleis opplyst at det i Bern er førerett for yngste son, jamvel om ein eldre bror faktisk i fleire år har drive garden. Gjeld det ingen sedvane, skal domstolen ta avgjerd etter ei totalvurdering av dei personlege og andre konkrete omstende. Sønene går under elles like omstende framom døtrene.

Den som tek over garden, skal løyse ut arvingane etter takst. Jordbruksjord skal takserast etter inntektsverdet, anna jord etter salsverdet (art. 617). Føremålet er å hindre at gardane skal verte for mykje skuldtyngde (inntektsverdet er i regelen lågare enn salsverdet). Men den som tek over garden til ein pris under salsverdet, risikerer eit tter oppgjer med medarvingane dersom han innan 15 år sel garden eller deler av den til ein tredjemann (art. 619). For eigedomar i byliknande strok kan kantonane setje fristen til 25 år.

Ei lov frå 1951 gjev reglar om forkjøpsrett for nære skyldfolk — i andre rekkja for ein paktar. Kantonane kan fastsetje at byggjeområde skal haldast utanfor reglane.

7. Canada.

I diskusjonen om odelsretten her i landet ser ein stundom homestead-reglane i USA og Canada dregne inn, endå dei nok har lite med odelsrett å gjere. Reglane gjeld i dei 4 vestprovinsane i Canada: Alberta, Saskatchewan, Manitoba og Britisk Columbia. Dei er komne frå USA, i motsetnad til dei fleste andre reglane om fast eigedom i Canada, som er komne frå engelsk rett.

Homestead-reglane er i røynda reglar av same slag som våre unntaksreglar ved innsøkjing av gjeld. Ein kan definere dei som dei særlege motsegner ein jordeigar kan kome med mot kravshavarane sine. Ligg dei lovsette vilkåra føre, kan kravsmennene ikkje ta utlegg i garden til skyldnaren. Reglane gjeld berre for det dei kallar små gardar, opptil 650 mål, eller ein tilsvarende del (650 mål) av ein større gard.

Føremålet med reglane om homestead er dels

sosialt, dels jordbrukspolitisk: dei skal sikre at jorda vert driven av bønder.

Den som nyttar seg av homestead-reglane, må eige garden og bu der. Reglane skal sikre ein buplass, ikkje ei kapitalplassering. Er eigaren flytta frå garden, gjeld homestead-vernet ikkje. Heller ikkje gjeld det om han nok bur der, men ikkje driv garden.

Har eigaren pantsett garden, kan han ikkje reise motsegn mot pantekravet. Elles er hovudregelen at homestead-rettane ikkje kan oppgjere vast.

8. England — Skottland.

I engelsk rett gjeld i prinsippet at berre kruna kan ha full eigedomsrett til jord. Det er lensskipnaden som har vore utgangspunktet for utviklinga. Reglane er elles så innfløkte og skil seg så mykje frå vår rett at dei ikkje gjev

noko rettleiing for vårt emne. Dei vert difor ikkje tekne med her.

Det same gjeld i hovudsaka skotsk rett. I Skottland ser ein det slik at kruna er øvste lensherre til all jord. Men det gjeld unnatak. På Sjetland og Orknøyane har ein enno restar av gamal norsk sjølveigerett (Udal law).

Eit lovframlegg frå 1951, som visstnok ikkje har vorte lov, hadde særlege arvereglar for jordbrukseigedomar. Ein fann det lite føremålstenleg å dele gardane mellom fleire arvingar, eller tvinge dei ut på marknaden til sal. Dette kunne og vere uheldig for familietradisjonen. Framlegget var i dette punkt i stor mon bygd på tysk rett, slik at ymse arvingar skulle ha førerett til garden når det ikkje var gjort testament. Ein tenkte visst helst på ordninga i den tidlegare britiske sona etter 1947, der arvereglane galdt automatisk for alle gardsbruk over ein viss storleik.

IV. Allmenne merknader.

1. Bør odelsretten haldast oppe?

Når ein skal ta odelsretten og lovgjevinga om den opp til drøfting, er det første spørsmålet som reiser seg om odelsretten i det heile høver inn i vårt moderne samfunn, eller om den har spela ut si rolle og bør takast bort. Dette ville i tilfelle krevje grunnlovsendring.

Som det er gjort greie for i det historiske oversynet, vart det omkring midten av det førre hundreåret sett fram fleire grunnlovsframlegg om å oppheve odelsretten. Slike framlegg var oppe i Stortinget i 1848, 1857 og 1860. I 1857 fekk framlegget om å ta bort odelsretten fleirtal i Stortinget (64 mot 46), men ikkje slikt fleirtal som Grunnlova krev. I 1848 og 1860 var det fleirtal den andre vegen. Etter 1860 har det ikkje vore gjort framlegg om å ta bort odelsretten, men vel om reformer. Og i samband med reformframlegga har også odelsretten som rettsinstitutt vore oppe til prinsipiell drøfting.

Dette gjeld t.d. under førebuinga av lovreforma frå 1907. Før departementet tok fatt på arbeidet med lovproposisjonen (som berre for ein mindre del — odelsfrigjerjing — vart vedteken som lov) bad det om fråsegn frå heradsstyra og sorenskrivarane om kva dei meinte om odelsretten. Etter svara som kom inn fann departementet «føie til at gaa ud fra, at der ikke inden den interesserede almenhed for tiden raader noget ønske om at faa odelsretten ophævet», men at det nok var stemning for revisjon. I stortingskomitéen (justis- og landbrukskomitéen samanslegne) var det ein einskild medlem, forretningsmannen og grunneigaren R ø s h o l m,

som var i mot å halde på odelsretten. Han hadde aldri sett noko godt resultat av odelslova der den hadde vore brukt, men derimot hadde han sett at den valda krangel, tidheft og kostnader, og at den var brukt til pengeutpressing. Men Røsholm sto åleine om dette negative synet på odelsretten. Ein radikal politikar som Johan C a s t b e r g sa under ordskiftet at det for han sto slik «at ethvert forsøk i retning av å avskaffe eller væsentlig begrense odelsretten er reaksjonært». Castberg streka elles under kor mykje odelsretten hadde å seie for dei små bruka, til vern om hus og heim: «Det er nettopp for de smaa bruk at odelsretten skulde beholdes.»

Sidan den gongen har spørsmålet om å oppheve odelsretten ikkje for alvor vore framme i den aktive politikk. Ein kan nemne at i det store prinsippordskiftet i Stortinget i 1963 i samband med brigde av § 7 i odelsfrigjeringslova frå 1907 («lex Gruset») kom det frå alle politiske hald fram sterke lovord om odelsretten som rettsinstitutt. Det same var tilfelle i eit interpellasjonsordskifte i 1968. Alle tyktest meine at odelsretten prinsipielt sett er ein viktig og verdfull skipnad som ein bør ta vare på. Men samstundes vart det og halde fram at lovgjevinga om odelsretten treng reviderast, slik at odelsretten kan verte meir tidhøveleg. Det som her er sagt om stortingsordskifta i 1963 og 1968 høver og på diskusjonen i fagtidskrift dei seinare åra (Lov og Rett, Ny Jord), der både politikarar og juristar med røynsle frå odelspraksis har vore med.

Dei reformene som frå tid til annan har vorte gjennomførde i dette hundreåret har ikkje vore grunnjevne med at odelsretten allment sett er utenleg eller uheldig, men har teke sikte på å motverke einskilde manglar som utviklinga har klårlagt. Dette gjeld såleis odelsfrigjeringslova frå 1907, som kom for at industrien skulle få høvelege vokstervilkår utan at odelsretten skulle kunne brukast til å hindre det. Likeins gjeld det jordlova frå 1955, der ein prøvde å kome i møte ønskemåla i moderne jordbrukspolitikk om å skape større driftseiningar, og der ein fann det naudsynleg å ta inn regelen om odelsfrigjering i § 30, som — så langt den rekk — skulle sikre at odelsretten ikkje skulle kunne brukast i strid med dette føremålet. Eit par av reformene har elles gått i «odelsvenleg» lei. Det gjeld lengjinga av løysingsfristen frå 3 til 5 år under jordbrukskrisa i 1930-åra, og endringane i odelsløyarsaren sitt ansvar for pantegjeld (sjå det historiske oversynet avsnitt I, punkt 17).

Alt dei ærverdige tradisjonane som knyter seg til odelsretten må vere eit varsku, dersom det for alvor skulle bli tale om å ta retten bort. Odelsetten har gjennom heile soga vår hatt ein høg plass i rettskjensla. Tanken på ætta og ættegarden har alltid spela ei viktig rolle. Det har vore rekna for gildt å høyre til ei slekt som enno har ein gamal ættegard i si eige. Ei målande skildring har stortingskomiteén gjeve i Indst. O. X. for 1906—1907 (s. 2—3):

«Det er nu ingen, som vil negte, at odelsretten mægtigt har bidraget til at bevare jordegodset som ættearv fra mand til mand i lange tider. Eieren af en odelsgaard har betragtet gaarden som en ættareidendom, som han pligtede å bevare og forbedre, saa han kunde lade den gaa til sin eftermand paa saadanne vilkaar, at den stadig kunde blive i sætten. Og han har fundet styrke i sit arbejde i den bevidsthed, at om uheldige forhold skulde indtræde, som kunde medføre, at han blev skilt fra gaarden, saa var der adgang for hans barn eller andre slegtninger til at løse gaarden ind igjen. Dette har givet jordeierne en sikkerhed og selvstændighed, som ikke kan værdsettes for høit..... Paa odelsgaarden er ætteminderne bevaret i lange tider, og tanken om, at dette skulde vedvare, har givet odelsmanden en interesse for gaarden og bygden, som har gjort, at der vilde han nedlægge sit arbejde med hele sin livshug. Dette har givet ham kraft til at overvinde vanskeligheder og til at finde sig i savn og haardt stræv.

Det at eie sin gaard og raade sig selv, har i tusinde år staaet for folket som den bedste stilling.»

Dei reint emosjonelle faktorane, som dette sitatet til dels gjev uttrykk for, var nok sterkare så lenge vi i hovudsaka var eit reint bondefolk, der dei fleste var knytte til jorda og gardane. Med den stendig aukande mekanisering og urbanisering av samfunnet er det vel grunn til å tru at den gamle kjensla av romantikk ved bon-

delivet har vorte trengt tilbake, noko som truleg vil auke på endå meir i framtida. Men så seint som under dei stortingsordskifta frå 1960-åra som er nemnde framanfor, syntet seg at det kjenslevorne er til stades i høg grad også i våre dagar. Den aktuelle eigaren er først og fremst forvaltar av slektsgodset, vart det sagt, moralsk tilhøyrrer garden slekta og etterkomarane til eigaren. Ein skal rett nok ikkje ta alt som vert sagt i eit slikt ordskifte heilt på ordet, men at odelsretten framleis vert sett på med varme kjensler kan det ikkje vere tvil om.

Går ein over frå dei «immaterielle verdiane» til ei meir nøktern vurdering, er det klårt at odelsretten historisk sett har vore av stor praktisk verdi for bondefolket og for samfunnsutviklinga i det heile. Den har motverka storgodsoppsamling og gjort sitt til å sikre ein sjøveigande, fri og uavhengig bondestand. Karakteristisk i denne samanhengen er at framlegget frå adelen i 1548 om at odelsretten skulle «plat udplænes af Lovbogen» beint fram vart grunnjevne med eit ønskje om at adelen «maate købe under dennem alt Bondegods». Som nemnt i det historiske oversynet fekk adelen ikkje medhald av Kongen i dette. At odelsretten sikrar jorda for bøndene og for slekta åt eigaren har truleg hatt mykje å seie for glede, trivnad og tiltakshug på gardane, og gjennom det — får ein tru — for framgang i produksjon og levevilkår.

Som ein seinare skal kome nærare tilbake til, har sume av dei samfunnsmessige nyttige funksjonane til odelsretten nå vorte tekne over av andre lovverk, som jordlova, skogproduksjonslova og konsesjonslovene. Men så seint som under den store jordbrukskrisa i 1930-åra var odelsretten — med dei krisetilbygg reglane fekk — utan tvil ein viktig faktor når det galdt å halde jorda på bondehender og hindre oppkjøp av gardar.

Også i dag har odelsretten viktige oppgåver, — praktisk, økonomisk og sosialt. Er konjunkturane dårlege og gjelda stor, gjer odelsretten sitt til å skape tryggleik og ro. Går det gale, og garden vert seld ved tvangsauksjon, har bonden odelsretten å falle tilbake på. Med odelsretten i hand kan han eller barna hans (eller ein annan i ætta) løyse den inn att.

Som ein alt har vore inne på har denne tryggleiken truleg gjort sitt til å fremje innsats og tiltakshug på gardane og dermed verka til å betre driftsresultatet i jordbruket. Bonden tek lettare på seg langsiktige påkostnader når han veit at dei vil kome ætta hans til gode, og på den andre sida vil han ikkje så lett slarve med drift og vedlikehald av jord og hus når han må rekne med at det vil gå ut over etterkomarane hans. Ansvarskjensle for ætt og gard vert styrkt gjennom odelsretten. «Vi har mange bruk i dette land hvor generasjon etter genera-

sjon har satt sin ære i å levere gården fra seg i bedre stand enn den var da den ble overtatt» (stortingsmann Treholt i Ot. forh. 1962—63 s. 430).

Odelretten motverkar at jordbruksjord vert handelsvare og spekulasjonsobjekt. Odelsbonden kan ikkje så godt by jorda fram til fritt sal når både han og kjøparen veit at løysingsretten trugar i bakgrunnen. Det er grunn til å tru at odelsretten og har ein prisdempande verknad. Odelstakstane skal nok setjast til «gangbar Priis i Egnen», men det let seg ikkje nekte at dei jamt over ligg på eit rimeleg nivå (ein kan stundom sjå at det motsette vert hevda, men ofte gjeld det då ei odelsløyising som takstmennene har funne urimeleg). For odelsmannen som tek over garden har det sjølvsagt mykje å seie at han kan få den på slike vilkår at han maktar å verte sitjande med den, og løysingssummen vert vel til vanleg fastsett ut frå dette. Det ligg dermed nokså nær å tru at odelstakstane har ein viss verknad for prisnivået ved omsetnad av fast eigedom også elles i grannelaget, — i alle høve jord som skal nyttast berre til jordbruksproduksjon. Under jordbrukskrisa i 1930-åra var odelsretten ein gjeldssanerande faktor. Odelstakstane vart gjerne sett lågare enn gjelda på eigedomen, og i medhald av lov 6. juli 1933 vart odelsløyisaren i regelen ansvarsfri for det overskytande. Om den samfunnsmessige verknaden av denne skipnaden totalt sett kan nok kanskje meiningane vere delte, men for jordbruket og bøndene får ein tru den var til ikkje lite hjelp og nytte i ei vanskeleg tid (i samsvar med intensjonane bak lova frå 1933).

At jordbruksjorda i landet er på bondehender vil seie at den er i hendene på dei som gjennom tradisjon og opplæring er best skikka til å drive og stelle den. Odelretten er ei bremse mot brå omskifte i eigedomstilhøva, — den jamnar overgangen mellom ættledane og skapar kontinuitet og stabilitet.

Det har vore halde fram at odelsretten har sitt å seie for den tilknytning ungdomen kjenner til jordbruksnæringa. Odelsarvingen kjenner seg gjerne knytt til garden og ætta med sterke band, — han ser ein skyldnad til og ei livsoppgåve i å ta over odelsgarden, og vert verande der. «Flukta frå landsbygda» ville kanskje hatt eit endå større omfang utan odelsretten.

Eit moment som har vore framme i diskusjonen i seinare tid fortener å verte nemnt. Det er spørsmålet om kva verknad det kan kome til å få for eigedomstilhøva her i landet om Norge skulle bli med i Fellesmarknaden, og kva rolle odelsretten kan kome til å spele i den samanhangen. Det følgjer av Romatraktaten at vi i tilfelle ikkje kan ha lovreglar som set strengare vilkår for borgarar frå dei andre medlems-

landa enn for innlendingar når det gjeld å få overta fast eigedom her i landet. Det som krevst er ei formell jamstelling, slik at lovreglane på desse områda ikkje kan knyte ulike vilkår til skilnaden i statsborgarskap. Derimot er det visst ikkje noko til hinder for at det kan setjast vilkår om busetjing i landet. Odelslova gjer formelt ingen skilnad på utlending og innlending, og det er difor ikkje noko til hinder for at vi kan halde på odelsretten i denne form. I praksis er det likevel sjeldsynt at utlendingar har odelsrett til eigedom her i landet, og i regelen vil innlendingar då stå frammanfor dei i odelsrekka. Odelretten kan såleis kome til å verte til føremon for norske interesser i ein medlemskapsituasjon. Den vil faktisk stå som eit vern mot oppkjøp av norske jord- og skogeigedomar på utanlandsk hand. Dette er det verdt å ta noko omsyn til, t.d. når det gjeld spørsmålet om kor langt ein bør gå i å ta unna eigedomar (m.a. småbruk og skog) frå odelsrett.

Utvalet har kome til at ei sterk overvekt av grunnar talar for å halde oppe odelsretten. Hovudinnhaldet i odelsskipnaden — innløyisingretten for slekta — har sterk forankring i norsk tradisjon og allmenn rettskjensle, og retten fyller etter utvalet sitt syn framleis viktige funksjonar som ikkje lett kan stettast på fullnøyande vis gjennom lovgevinga elles. Rett nok kan det visast til verknader av odelsretten som alle vil vere samde om er uheldige. Dette er for det første ikkje noko som gjeld berre odelsretten eller den særskilt, — tilsvarande kan ein finne også i mange andre større lovverk. Dernest må det seiast at dei motsegnene som har vore gjort gjeldande på dette grunnlaget ikkje råkar sjølve grunntanken med odelsinstituttet, men rettar seg mot visse sider ved utforminga av reglane i gjeldande lov: odelsretten let seg alt for lett misbruke, odelsreglane er eit hinder i arbeidet med å skape meir rasjonelle driftseiningar i jordbruket, — for å nemne eit par av dei viktigaste innvendingane mot odelsretten. Utvalet meiner det let seg gjere å forme ut reglar som både gjev betre samsvar mellom odelsretten og dei grunnutnytingslovene vi har, og som kan hindre at retten vert brukt til å fremje føremål som ligg på sida av intensjonane bak odelsskipnaden. Dette kan gjerast samstundes som ein tek vare på det mest verdfulle ved denne særmerkte retten. Å kome fram til løysingar som på beste måte sameinar desse omsyna har utvalet sett som hovudoppgåva si i samband med dette lovarbeidet.

2. Utvalet sitt syn på ein del hovudspørsmål i odelsretten.

Om det ikkje bør kome alvorleg på tale å oppheve odelsretten, så er det allmenn semje

om at det trengst reformer. I det følgjande skal ein gje eit oversyn over dei viktigaste reformtankane som har vore framme, men først nokre allmenne merknader om siktemåla med lovrevijsjonen.

Idealkrava til ei ny odelslov må vere at den kan realisere grunntanken i odelsretten i harmoni med samfunnstilhøva slik dei er i dag og kan ventast å ville verte i tida framover.

Føremålet med odelsretten er å halde odels-garden i ætta. Odelslova er ei vernelov for dei som er knytte til bondeyrket. Dette siktemålet må også ei ny odelslov ha. Men ved revisjonen må ein sjølv sagt ha for auga dei endringane i samfunnsstruktur og næringsliv som ein har fått i dei 150 åra sidan lova frå 1821 kom. Ein må på den eine sida ikkje gløyme at det gjeld eit eldgamalt rettsinstitutt med ein høg plass i rettskjensla til bondefolket. Men på den andre sida må den nye lova vere tilpassa dei samfunnstilhøve vi har nå og den utviklinga vi kan rekne med å få i tida framover og som ein etter det rådande synet bør fremje. Odelslova må ikkje stå i vegen for ei naturleg utvikling.

Som før nemnt vert nokre av dei oppgåvene odelsretten hadde tidlegare, no tekne hand om på andre måtar. Når det t.d. har vore sagt at odelsretten er til vern mot at spekulantar kjøper opp skog og hogg den ut, så er vår moderne skoglovgeving (lov om skogproduksjon og skogvern 21. mai 1965) til hinder for rovhogst så langt den vert nytta effektivt. Når det gjeld vern mot oppkjøp av jordbruksjord i retning av storgodsoppsamling, har vi konsesjonslovene og jordlova. I og for seg kan det ikkje skade at fleire lovverk — med kvar sine reglar — tener same føremålet. Men er det motsetnad mellom tendensane i dei ulike lovene, kan det verte ille. Og det let seg ikkje nekte at det i nokon mon er kome inn slik motsetnad mellom odelsretten på den eine sida og moderne syn på praktisk jordbrukspolitikk på den andre.

Synet på jordbrukspolitikken har endra seg mykje i den siste mannsalderen. Jordlova frå 1928 var sterkt sosialt farga. Lova såg det som eit sosialt rettferdskrav at dei som ville eige og drive jord skulle få høve til det. «Det er vanskelig å vurdere høyt nok den samfunnsmessige betydning av at folk som ønsker seg jord til en heim kan få adgang til jorden», heiter det i førearbeida. Til dette kom at arbeidsløysa gjorde det naturleg å prøve å skaffe folk arbeid ved m.a. bureising. Derimot la lova mindre vekt på utsiktene for ein nybrottsmann til å skape seg ein leveveg av jorda på lenger sikt. Den driftsøkonomiske sida av jordbruket kom sterkt i bakgrunnen jamført med den sociale.

Den någjeldande jordlova frå 18. mars 1955, som avløyste lova frå 1928, byggjer derimot på ei driftsøkonomisk vurdering når det gjeld målsetjinga i jordbrukspolitikken. Etter § 1 kan staten hjelpe til med å skaffe jord, beitemark, skog og annan grunn og rettar «til reising av nye bruk som er store nok til å gi eigaren og huslyden hans trygge økonomiske kår» og «til utviding av eldre bruk så dei kan nå dette målet i eitt eller fleire steg». Eit jordbruk må ha så mykje dyrka jord eller rå over slike rettar at eigaren kan drive eit lønsamt jordbruk som kan skaffe han og huslyden jamnt arbeid og gje grunnlag for ein rimeleg levestandard, heiter det i motiva. I samsvar med dette har Staten etter § 10 i lova forkjopsrett til jord, skog og fjell og alle slags tilhøyrande rettar som går over til ny eigar ved sal, arv, skifte eller tvangsal. Denne vide forkjopsretten skapar visse problem i høve til odelsretten, noko ein seinare kjem nærare attende til.

a. *Kva for eigedomar bør odelsretten femne om?*

Dels som følgje av jordlova, — men truleg vel så mykje på grunn av dei økonomiske tilhøva i det heile, har det i seinare tid skjedd store strukturendringar innan jordbruksnæringa. Utviklinga på dette området i tida etter krigen står i sterk motsetnad til tida før. I førearbeidet til jordlova (Ot.prp. nr. 59 for 1953 s. 19) heiter det m.a.:

«Sammenlignes antall bruk etter jordbruks-tellingen i 1907 og 1939, viser det seg at det i den 30-års perioden som ligger mellom disse årstallene har foregått en betydelig oppdeling av brukene. Mye av denne oppdelingen skyldes tomtesalg, men det er også opprettet mange støttebruk og små selvstendige jordbruk. Størrelsesgruppen 10—20 dekar er økt med 8.210 bruk eller 9,0 %, gruppen 20—50 dekar med 22.687 bruk eller 51,1 %, gruppen 50—100 dekar med 6.192 bruk eller 28,8 %. I størrelsesgruppen 100—200 dekar var antallet omtrent uforandret, mens antallet av bruk over 200 dekar gikk meget sterkt tilbake. Endel av den sterke økningen i gruppen 20—50 dekar skyldtes oppretting av bureisingsbruk med statsstøtte.»

Utviklinga etter den andre verdskrigen har gått i ei anna lei. Frå heftet «Hva jordbrukstelingen 1969 forteller og noen trekk fra utviklingen i norsk jordbruk i de senere år» (særtrykk frå Landbrukets Sentralforbunds Arbok 1971) gjev ein att følgjande oversyn (det er i innleiinga til heftet gjort merksam på at når det gjeld brukstallet i dei ulike storleiksgruppene gjeld tala frå 1959 jordbruksareal i alt, medan 1969-teljinga knyter seg til jordbruksareal i drift).

Merknadene til tabelloversyna er ved byråsjef Norvald Ones, Statistisk Sentralbyrå.

Tabell 1. Bruksenheter etter størrelsen av jordbruksarealet.

	1959	1969	Prosent endring 1959—1969
Bruk med 5— 9,9 dekar	19 414	9 397	÷ 51,6
» » 10— 19,9 »	40 889	23 916	÷ 41,5
» » 20— 34,9 »	43 718	29 102	÷ 33,4
» » 35— 49,9 »	31 809	26 058	÷ 18,1
» » 50— 74,9 »	28 769	28 232	÷ 1,9
» » 75— 99,9 »	13 357	14 001	+ 4,3
» » 100—199,9 »	15 074	17 946	+ 19,1
» » 200—499,9 »	4 870	5 822	+ 19,5
» » 500—999,9 »	372	439	+ 18,0
» » 1 000 dekar og mer	43	57	+ 32,6
Bruk i alt med 5 dekar og mer	198 315	154 970	÷ 21,9
Bruksenheter med mindre enn 5 dekar	235 607	326 965	+ 38,8

Tallet på bruk med 5 dekar jordbruksareal og mer gikk tilbake med over 43 000 i løpet av 10-årsperioden. Nedgangen svarer til 22 prosent. Det vil med andre ord si at vel femteparten av brukene i 1959 hadde blitt borte som særskilte driftsenheter i 1969. Nedgangen falt i sin helhet på brukene med under 75 dekar jordbruksareal. Nedgangstakten viser nøye sammenheng med bruksstørrelsen. Den var sterkst ved de minste brukene og avtok med økende bruksstørrelse.

For bruksklassene med 75 dekar jordbruksareal og mer økte brukstallet.

Til tross for at det er blitt langt færre av de mindre brukene og flere av de større, er det likevel de mindre bruk som dominerer i antall. I 1959 utgjorde brukene mellom 5 og

100 dekar nærmere 90 prosent av samtlige bruk med over 5 dekar. I 1969 utgjorde de fremdeles bortimot 85 prosent.

De aller minste enhetene, de med mindre enn 5 dekar jordbruksareal, økte kraftig i 10-årsperioden. Denne gruppen som vesentlig består av villahager og andre bosteder økte med over 90 000 eller nærmere 40 prosent.

Nedgangen i tallet på bruk med 5 dekar jordbruksareal og mer gjorde seg gjeldende i samtlige fylker. Den var sterk over alt, men med ganske store fylkesvise variasjoner. Tabell 2 viser utviklingen i de enkelte fylker. Samtidig viser den hvilke utslag utviklingen har ført til når det gjelder gjennomsnittlig bruksstørrelse.

Tabell 2. Brukstall og gjennomsnittlig jordbruksareal pr. bruk.
Bruk med 5 dekar jordbruksareal og mer.

	Brukstall			Jordbr. areal pr. bruk. Dekar		
	1959	1969	Pst. endring 1959/69	1959	1969	Pst. endring 1959/69
Østfold	7 057	5 748	÷ 18,5	108,1	126,4	+ 16,9
Akershus og Oslo	8 386	6 284	÷ 25,1	97,9	119,9	+ 22,5
Hedmark	17 174	12 980	÷ 24,4	57,7	74,2	+ 28,6
Oppland	15 038	13 070	÷ 13,1	57,5	67,6	+ 17,6
Buskerud	9 269	7 402	÷ 20,1	55,6	65,0	+ 16,9
Vestfold	5 340	4 114	÷ 23,0	82,0	101,2	+ 23,4
Telemark	7 889	5 922	÷ 24,9	39,9	45,3	+ 13,5
Aust-Agder	5 283	3 478	÷ 34,2	27,9	33,1	+ 18,6
Vest-Agder	7 243	5 076	÷ 29,9	29,2	36,6	+ 25,3
Rogaland	11 616	9 819	÷ 15,5	52,8	69,5	+ 31,6
Hordaland og Bergen	15 082	12 513	÷ 17,0	34,9	41,1	+ 17,8
Sogn og Fjordane	11 321	10 357	÷ 8,5	41,4	46,1	+ 11,4
Møre og Romsdal	15 432	13 051	÷ 15,4	37,3	45,1	+ 21,2
Sør-Trøndelag	12 161	10 111	÷ 16,9	56,4	68,1	+ 20,7
Nord-Trøndelag	10 541	8 997	÷ 14,6	67,1	82,1	+ 22,4
Nordland	21 721	14 153	÷ 34,8	31,8	43,6	+ 37,1
Troms	13 006	8 855	÷ 31,9	30,0	38,9	+ 29,7
Finnmark	4 756	3 040	÷ 36,1	25,5	35,9	+ 40,8
I alt	198 315	154 970	÷ 21,9	49,6	61,6	+ 24,2

Nedgangen i brukstallet var særlig stor i Agder og Nord-Norge. I de fleste fylkene på Østlandet var det også meget stor nedgang, men Oppland skiller seg ut med langt svakere reduksjon enn de andre fylkene i landsdelen. I

Oppland var utviklingen mer på linje med den en finner for fylkene på Vestlandet og i Trøndelag. Sogn og Fjordane står i en særstilling med en nedgang på mindre enn 10 prosent.

Bruksstørrelse

Gjennomsnittlig jordbruksareal pr. bruk økte fra knapt 50 dekar i 1959 til knapt 62 dekar i 1969. Tallene viser at de norske brukene fremdeles er små. Likevel må en si at en øking av gjennomsnittstørrelsen på nærmere 25 prosent ikke er uvesentlig. En stor del av økingen skriver seg rett og slett fra at så mange av de minste brukene er blitt borte og således ikke er med og drar ned gjennomsnittet. En del av økingen er likevel en positiv øking av de enkelte bruk, blant annet ved at areal fra bruk som er blitt borte er tillagt bestående bruk ved leie eller kjøp.

Bare i tre fylker er gjennomsnittstørrelsen over 100 dekar. Det er Østfold med 126 dekar, Akershus med 120 og Vestfold med 101 dekar. Tabell 2 gir ellers et klart bilde av hvor uensartet bruksstrukturen er i vårt land. Til tross for økingen fra 1959 til 1969 er det fremdeles fire fylker, de to Agderfylkene og Troms og Finnmark, hvor det gjennomsnittlige jordbruksarealet er på under 40 dekar.

Bruksstørrelsen og brukenes fordeling etter jordbruksarealet blir gjerne tatt som uttrykk for det en kaller bruksstrukturen. I realiteten er dette bare ett av de kjennemerker en har

for bruksstruktur. De norske brukene er større enn det en får inntrykk av ved bare å nytte jordbruksarealet som måleenhet. En stor del av brukene har skog i tillegg til jordbruksarealet. Enda fler har andre utmarksarealer, arealer som etter hvert har fått større aktualitet og verdi, blant annet gjennom det en gjerne kaller utmarksnæringer. Det gjennomsnittlige totalarealet ved brukene med minst 5 dekar jordbruksareal var ca. 500 dekar i 1969. I 1959 var det ca. 370 dekar.

Forøvrig er det en rekke andre måleenheter for bruksstruktur. En del av disse blir nærmere omtalt seinere i denne oversikten. Det gjelder f.eks. strukturen innen husdyrholdet.

2 EIE- OG LEIEFORHOLD

Det meste av jordbruksarealet i Norge blir drevet av dem som eier jorda. Også på dette området foregikk det en utvikling i 1960-årene, en utvikling som har sammenheng med at så mange bruk ble borte som egne driftenheter. I tabell 3 er gitt et oversyn som viser hvordan forholdet er i de enkelte fylker. Utviklingen fra 1959 til 1969 er vist på riksbasis i samme tabell.

Tabell 3. *Eie- og leieforhold. Bruk med 5 dekar jordbruksareal og over.*

	Bruk der brukeren:				Leid jordbruksareal		
	Eier hele jordbruksarealet I alt	I prosent av alle bruk	Leier hele jordbruksarealet	Leier 50-99,9 % av jordbruksarealet	Leier mindre enn 50 % av jordbruksarealet	I alt dekar	I % av alt jordbruksareal
Østfold	4 047	70,4	903	199	601	176 088	24,2
Akershus og Oslo	4 454	71,0	766	235	819	165 738	22,0
Hedmark	9 683	74,6	840	537	1 923	156 442	16,3
Oppland	10 287	78,7	733	397	1 652	109 217	12,4
Buskerud	5 662	76,5	590	213	937	82 749	17,2
Vestfold	2 851	69,3	392	201	670	86 614	20,8
Telemark	4 627	78,1	510	210	575	49 903	18,6
Aust-Agder	2 612	75,1	241	184	441	23 736	20,6
Vest-Agder	3 681	72,5	214	305	876	36 757	19,8
Rogaland	7 635	77,7	619	234	1 332	87 627	12,8
Hordaland og Bergen ...	10 637	85,0	604	189	1 083	53 540	10,4
Sogn og Fjordane	9 042	87,3	486	152	677	37 028	7,8
Møre og Romsdal	10 650	81,6	617	228	1 556	63 424	10,8
Sør-Trøndelag	8 116	80,3	381	277	1 337	72 681	10,6
Nord-Trøndelag	7 273	80,8	414	203	1 107	68 151	9,2
Nordland	10 993	77,6	623	623	1 923	85 921	13,9
Troms	7 334	82,8	339	252	933	34 574	10,0
Finnmark	2 563	84,3	140	127	210	11 860	10,9
I alt 1969	122 147	78,8	9 412	4 766	18 652	1 402 050	14,7
I alt 1959	171 572	86,5	14 060	2 644	10 039	1 207 130	12,3

I 1959 eide 87 prosent av brukerne *hele* det arealet de drev. I 1969 var prosenttallet redusert til 79. Årsaken til denne nedgangen er ikke at det er blitt relativt færre selveiere. Grunnen er at langt flere leier areal som de driver i tillegg til det arealet de eier selv. Det leide arealet skriver seg i stor utstrekning fra de brukene som ble borte som særskilte driftsenheter. Dette vil igjen si at svært mange av de brukene som ble borte som driftsenheter frem-

deles eksisterer som eiendommer. Eierne har ikke vært interessert i å selge sine eiendommer, men leier bort jorda til sine naboer. I mange tilfelle gjør eierne selv bruk av husene og hagen. Som driftsenhet er da bruket redusert til et boligbruk med mindre enn 5 dekar jordbruksareal. Oftest blir heller ikke skogen leid bort sammen med jordbruksarealet.

Både absolutt og relativt sett var det færre bruk der hele jordbruksarealet var leid i 1969

Om odelsretten og åsetesretten

enn 10 år tidligere. Det var altså færre av det en til vanlig kaller forpaktingsbruk.

I 1959 ble vel 12 prosent av landets jordbruksareal drevet under en eller annen leieform. I 1969 var det knapt 15 prosent som ble drevet av andre enn eierne.

Det er Sogn og Fjordane som har relativt flest bruk der brukeren eier hele det arealet han driver. Relativt mange er det også i Hordaland, Møre og Romsdal, Trøndelag, Troms og Finnmark. Leie av jord er forholdsvis vanligst på Østlandet og i Agder. I Østfold, Akershus, Vestfold og Vest-Agder var det i 1969 mer eller mindre leid areal ved omtrent 30 prosent av brukene. I Østfold ble nærmere fjerdeparten av jordbruksarealet drevet av andre enn eierne.

3 BRUKET SOM LEVEVEG

Ved jordbrukstellingene blir det spurt etter hvilken rolle brukene spiller som leveveg og arbeidsplass for brukerne. I 1969 ble brukerne gruppert etter om bruket var eneste leveveg, viktigste leveveg eller ikke viktigste leveveg. Dersom de hadde annen inntekt ved siden av bruket skulle bruket regnes som viktigste leveveg, hvis det svarte for mer enn 50 prosent av inntektene. Dersom det svarte for en mindre del av inntektene skulle det regnes som ikke viktigste leveveg.

Ved tidligere tellinger har en i større grad lagt bruket som yrke (arbeidsplass) til grunn for grupperingen. I den oversikten som er gitt i tabell 4 er imidlertid grupperingen for 1959 justert for dette forholdet slik at tallene er jevnførbare med resultatene fra 1969-tellingen.

Tabell 4. Personlige brukere etter bruket som leveveg.

	Bruket er			Prosent av brukerne med bruket som eneste eller viktigste leveveg	
	Eneste leveveg	Viktigste leveveg	Ikke viktigste leveveg	1959	1969
Østlandet	19 820	12 001	23 429	64,9	57,6
Agder	1 978	1 706	4 831	57,1	43,3
Vestlandet	15 848	8 966	20 821	64,2	54,4
Trøndelag	8 587	4 006	6 473	71,1	66,0
Nord-Norge	4 953	5 205	15 869	41,1	39,0
I alt 1969	51 186	31 884	71 423		53,8
I alt 1959	70 131	48 787	78 614	60,2	
Bruksstørrelse etter jordbruksareal					
5—19,9 dekar	1 660	2 414	29 127	24,6	12,3
20—49,9 »	11 138	12 541	31 397	62,6	43,0
50—99,9 »	21 184	11 811	9 186	89,2	78,2
100 dekar og mer	17 204	5 118	1 713	96,7	92,9

Vel halvparten (54 prosent) av brukene med 5 dekar jordbruksareal og mer var brukernes eneste eller viktigste leveveg i 1969, mot 60 prosent i 1959.

Det var relativt flest med bruket som eneste eller viktigste leveveg i Trøndelag, færrest i Nord-Norge.

Det er meget sterk sammenheng mellom bruksstørrelse og bruket som leveveg. Forskjellen mellom bruksklassene er blitt større i løpet av tiårsperioden. Bare 12 prosent av brukene mellom 5 og 20 dekar ble drevet som eneste eller viktigste leveveg i 1969, mot 25 prosent i 1959. Av brukene mellom 20 og 50 dekar var

mer enn halvparten ikke viktigste leveveg i 1969. Brukene gav altså mindre enn 50 prosent av brukernes inntekter. Når en kommer opp i en bruksstørrelse på 100 dekar og mer er det få som ikke har bruket som den viktigste inntektskilde, men også i denne størrelsesklassen er det i tiåret blitt relativt flere brukere med bruket som ikke viktigste leveveg.

De brukerne som har bruket som viktigste eller ikke viktigste leveveg har en eller annen form for inntekt ved siden av bruket. Det kan være yrkesinntekt eller pensjon o.l. Følgende oppstilling gir en oversikt over leveveg utenom bruket.

Tabell 5. Mannlige brukere etter viktigste inntektskilde utenom bruket.

Yrke/inntektsform	1959		1969	
	Brukere	Prosent av alle brukere	Brukere	Prosent av alle brukere
Jord- og skogbruk (utenom eget bruk)	23 049	12,4	10 524	7,2
Fiske og fangst	24 933	13,4	9 096	6,2
Industri	12 505	6,7	14 071	9,6
Bygge- og anleggsarbeid	24 727	13,3	18 750	12,8
Samferdsel	10 796	5,8	7 550	5,2
Andre næringer	13 377	7,2	11 410	7,8
Pensjon m.v.	12 613	6,8	22 409	15,3
I alt	122 000	65,6	93 810	64,1

Tallene i tabell 5 gjelder mannlige brukere og kan ikke direkte sammenholdes med tabell 4.

En legger særlig merke til at det var langt flere som hadde pensjon m.v. i 1969 enn i 1959. Denne økningen skriver seg blant annet fra at det var flere eldre brukere (over 70 år) i 1969 og at det dermed var flere som fikk folketrygd (alderstrygd). Ellers merker en seg at det var blitt flere som hadde industriarbeid som yrke ved siden av bruket. Bygge- og anleggsarbeid var fremdeles et av de viktigste yrker ved siden av bruket, mens det var langt færre som arbeidet i jord- og skogbruk utenom eget bruk. Fiske og fangst viser særlig sterk tilbakegang som inntektskilde for brukerne.

4 BRUKEREN OG HANS FAMILIE

Antall brukere og ekteskapelig status

Det er meget få bruk (ca. 500) som ikke blir drevet av personlige brukere. De personlige brukere kan være ektepar, eller enslige (ugifte, før gifte) kvinner eller menn. Ved jordbrukstelingene er det *en* person som føres opp som bruker. Tallet på bruk og tallet på brukere er således det samme. Tabell 6 gir en oversikt for hele landet.

Tabell 6. Brukerne etter kjønn og ekteskapelig status.

	I alt	Menn	Kvinner
1959			
Gifte.....	153 486	151 889	1 597
Ugifte, tidligere gifte	44 046	32 969	11 077
I alt	197 532	184 858	12 674
1969			
Gifte.....	120 408	118 912	1 496
Ugifte, tidligere gifte	34 085	25 622	8 463
I alt	154 493	144 534	9 959

Vel tre fjerdepartar av brukene ble drevet av ektepar både i 1959 og 1969.

Av de mannlige brukerne i 1969 var det vel 14 prosent ugifte og noe over 3 prosent var tidligere gifte (enkemenn, skilte). Forholdet var omtrent det samme i 1959. I bruksgruppen 20—49,9 dekar var 16 prosent av brukerne ugifte. Prosenttallet minker med økende bruksstørrelse. På brukene med 200 dekar jordbruksareal og mer var knapt 9 prosent av de mannlige brukerne ugift og der var dessuten relativt færre enkemenn m.v. enn i de lavere bruksklasser. Det var forholdsvis mange ugifte brukere i alle deler av landet, men likevel med tydelige variasjoner. I Vest-Agder var 19 prosent av de mannlige brukerne

ugifte og i Telemark, Aust-Agder og Sogn og Fjordane omtrent 18 prosent. I fylkene i Nord-Norge derimot var det 9—11 prosent som var ugifte.

Brukernes alder

Med normal rekruttering ville aldersgruppen av brukerne være noenlunde den samme fra telling til telling. Dette var ikke tilfelle i 1960-årene. Det er blitt stadig relativt flere eldre brukere og gjennomsnittsalderen har økt. Denne utvikling gjorde seg ellers gjeldende også i 1950-årene. Gjennomsnittsalderen for mannlige brukere var 50,0 år i 1949. Den økte til 51,6 år i 1959 og til 53,5 år i 1969.

Tabell 7. Gjennomsnittsalder for mannlige brukere. År.

Bruksstørrelse etter jordbruksareal	1949	1959	1969
5—19,9 dekar	50,8	53,3	56,6
20—49,9 »	50,3	52,2	55,2
50—99,9 »	49,2	49,9	52,1
100 dekar og mer	48,3	48,1	48,5
Alle bruk	50,0	51,6	53,5

Av tabell 7 ser en at det bare er ved brukene over 100 dekar det har vært noenlunde normal rekruttering. En ser også at det er sterk sammenheng mellom alder og bruksstørrelse.

I 1969 var bare 3,6 prosent av de mannlige brukerne under 30 år, mens 10,1 prosent var 70 år eller eldre.

I alle fylkene var gjennomsnittsalderen over

50 år i 1969. Den var høyest i Telemark og Agder med ca. 56 år. Gjennomsnittsalderen var lavest i Vestfold, Rogaland og Nord-Trøndelag med vel 51 år.

Til tross for at en ganske stor del av brukerne er ugifte er denne gruppen i liten grad med på å trekke ned gjennomsnittsalderen. De ugifte brukerne er ikke vesentlig yngre enn de gifte.

Om odelsretten og åsetesretten

Gjennomsnittsalderen for samtlige ugifte mannlige brukere var 51,0 år i 1969. Dette var bare 2,4 år mindre enn for de gifte brukerne hvor gjennomsnittet var 53,4 år. Tidligere gifte brukere (vesentlig enkemenn) hadde en gjennomsnittsalder på 66,4 år.

De kvinnelige brukerne har en høyere gjennomsnittsalder enn de mannlige brukere. Den var 59,0 år i 1959 og 60,4 år i 1969. At de kvinnelige brukere gjennomgående er eldre har sammenheng med at de fleste av dem er enker som står som brukere etter at deres ektemaker har falt fra.

Befolkningen på brukene

Ved siden av brukeren og eventuell ektemake er det på de fleste brukene også andre personer, i første rekke hjemmeværende barn og andre familiemedlemmer. På en del bruk er det også fremmede arbeidsfolk. Tilsammen utgjør disse befolkningen på brukene. Dette er ikke det samme som arbeidskraften på bruket. Befolkningen omfatter blant annet både hjemmeværende barn under 15 år og eldre familiemedlemmer som er mer eller mindre arbeidsuføre. Den omfatter også voksne barn som bor på bruket, men som vesentlig har sitt yrke utenom bruket.

Etter jordbrukstellingen i 1969 var det 589 000 personer på brukene med over 5 dekar jordbruksareal. I 1959 var det tilsvarende tall 745 000. I løpet av de 10 årene er befolkningen redusert med 156 000 personer, eller vel 20 prosent. Det var gjennomsnittlig 3,8 personer pr. bruk både i 1959 og 1969.

Ved tellingene i 1959 og 1969 ble det spurt om brukerne eller andre personer på bruket hadde landbruksutdannelse (jordbruks-, hagebruks- eller skogbruksskole) og om de hadde gått husmorskole.

Fagutdannelse

I 1969 var det personer med landbruksfagskole på knapt 19 prosent av brukene, mot vel 14 prosent i 1959. Det var personer med husmorskole på knapt 15 prosent av brukene i 1969, mot 12 prosent 10 år tidligere.

Økingen i prosenttallene skriver seg først og fremst fra at det er blitt borte så mange av de mindre bruk. Det var svært få av disse brukene som hadde personer med slik utdanning. Utdanning av denne art er mest vanlig i de høyeste bruksklasser og er mindre vanlig med synkende bruksstørrelse. Innen de enkelte bruksklasser var det liten endring fra 1959 til 1969.

Landbruks- og husmorutdanning var relativt vanligst ved brukene i østlandsfylkene og i Nord-Trøndelag. Der var det personer med slik utdanning på mellom en fjerdedel og en tredjedel av brukene, i fylkene i Nord-Norge bare på 3—5 prosent av brukene.

5 ARBEIDSSTYRKEN

Det meste av arbeidet i jordbruket blir utført av brukeren og ektemaken. På en del bruk er det hjemmeværende barn eller andre familiemedlemmer som deltar i arbeidet og på noen bruk er det fast fremmed hjelp.

Tellingen i 1969 viste at det sommeren 1968 var vel 18 000 bruk som hadde fast hjelp (familie eller fremmede) utenom brukeren og ektemaken. I 1958 var det 60 000. Det er ellers en rekke bruk som har tilfeldig hjelp enten fra egen familie eller fra fremmede.

Arbeidskraften på brukene er blitt sterkt redusert i løpet av 1960-årene, ikke bare på grunn av at det er blitt færre bruk, men også på grunn av mekanisering, driftsomlegging og rasjonalisering.

Tabell 8.

Arbeidskraften på brukene.

	På bruket, medregnet husarbeid 1958—59		1968—69		I jordbruket	
	1 000 dagsverk	Prosent	1 000 dagsverk	Prosent	1000 dagsv. 1958/59	1968/69
Dagsverk i alt						
Menn	50 014	46,5	33 570	46,2	44 666	31 239
Kvinner	57 638	53,5	39 114	53,8	19 546	15 325
I alt	107 652	100,0	72 684	100,0	64 212	46 564
Brukere og ektemaker						
Menn	32 843	30,5	25 159	34,6	29 798	23 612
Kvinner	44 643	41,5	34 709	47,8	12 671	12 535
I alt	77 486	72,0	59 868	82,4	42 469	36 147
Andre familiemedlemmer						
Menn	10 834	10,1	5 550	7,6	14 868 ¹⁾	7 627 ¹⁾
Kvinner	10 251	9,5	3 328	4,6	6 875 ¹⁾	2 790 ¹⁾
I alt	21 085	19,6	8 878	12,2	21 743 ¹⁾	10 417 ¹⁾
Fremmed arbeidshjelp						
Menn	6 337	5,9	2 861	3,9		
Kvinner	2 744	2,5	1 077	1,5		
I alt	9 081	8,4	3 938	5,4		

¹⁾ Gjelder både andre familiemedlemmer og fremmed arbeidskraft.

Tabell 8 gir en sammenlikning av arbeidskraften etter tellingene i 1959 og 1969. Oppgavene som er gitt gjelder fra og med 14. april året før tellingen til og med 13. april i tellingsåret. Arbeidskraften er gitt i 1 000 dagsverk og gjelder både fast og tilfeldig hjelp av personer som er 15 år og eldre. Tabellen gir tall for samlet arbeidskraft, hvor også husarbeid er medregnet. Den gir også tall for jordbruket, men disse tallene er noe mindre spesifiserte.

Samlet arbeidskraft gikk tilbake fra 108 mill.

dagsverk i 1958—59 til 73 mill. dagsverk i 1968—69. Nedgangen svarer til noe over 30 prosent. Tellingene i 1969 viste at det da falt en større del av arbeidsinnsatsen på brukeren og ektemaken enn 10 år tidligere.

Reduksjonen i arbeidskraften var noe mindre når det gjelder jordbruket enn når en ser hele arbeidskraften på brukene under ett. I løpet av 10-årsperioden var det en reduksjon fra 64 mill. dagsverk til 47 mill. dagsverk. Denne nedgangen svarer til ca. 25 prosent.

Tabell 9. *Arbeidskraft pr. bruk og pr. dekar jordbruksareal (dagsverk).*

	På bruket, medregnet husarbeid		Jordbruket	
	Pr. bruk	Pr. dekar jordbruksareal	Pr. bruk	Pr. dekar jordbruksareal
1958—1959	583	10,9	324	6,5
1968—1969	469	7,6	300	4,9
Pst. endring 1958/59—1968/69	÷ 19,6	÷ 30,3	÷ 7,4	÷ 24,6

En ser at nedgangen i arbeidskraften var sterkere pr. dekar jordbruksareal enn pr. bruk. Dette skriver seg fra at brukenes gjennomsnittsstørrelse har økt.

I tabell 9 er arbeidskraften beregnet pr. bruk og pr. dekar jordbruksareal.

6 JORDBRUKSAREALET OG BRUKEREN AV DET

Jordbruksareal

Det var knapt 9,9 mill. dekar jordbruksareal i drift i 1969, mot 10,1 mill. dekar i 1959. Differansen var 245 000 dekar eller 2,4 prosent. Av jordbruksarealet var 309 000 dekar på brukenheter med under 5 dekar jordbruksareal i 1969, mot 262 000 dekar i 1959. For brukene med 5 dekar jordbruksareal av denne art i 1969. En del jord har mer varig gått ut av produksjon og krever ekstra bearbeiding for å settes inn i jordbruksproduksjonen igjen. Dessuten er det en del jord som er tatt i bruk til andre formål, industri, veier, flyplasser, skogreising m.v. En stor del av dette er for alltid tapt som jordbruksareal.

Det fulldyrkede arealet ved brukene over 5 dekar var vel 8,1 mill. dekar i 1959 og knapt 8,0 mill. dekar i 1969. I samme tidsrom (1959—1963) ble det fulldyrket 637 000 dekar med statstøtte. Dette vil si at i alt ca. 800 000 dekar fulldyrket jord gikk ut av drift ved brukene med minst 5 dekar jordbruksareal i tiårsperioden. En del av dette arealet er fremdeles i produksjon ved brukenheter under 5 dekar. En del ligger unyttet og kan om nødvendig gå direkte inn i produksjon igjen. Det var 140 000 dekar jordbruksareal av denne art i 1969. En del jord har mer varig gått ut av produksjon og krever ekstra bearbeiding for å settes inn i jordbruksproduksjonen igjen. Dessuten er det en del jord som er tatt i bruk til andre formål, industri, veier, flyplasser, skogreising m.v. En stor del av dette er for alltid tapt som jordbruksareal.

At et bruk er blitt borte som særskilt driftsenhet betyr ikke at hele jordbruksarealet er blitt borte fra jordbruket. Analysen av de enhetene som ble borte i 1959—1969 foreligger ikke ennå, men en undersøkelse i 1964 for tidsrommet 1959—1964 viste at halvparten av jordbruksarealet ved disse brukene ble lagt til andre bruk over 5 dekar, vesentlig ved leie. 8 prosent gikk til tomter, veier osv. og 3 prosent til skog, mens 39 prosent lå unyttet.

10 SAMMENDRAG

På grunnlag av resultatene fra de fullstendige jordbrukstellingene i 1959 og 1969 kan en peke på blant annet følgende viktige trekk i utviklingen i 1960-årene:

- Brukstallet ble redusert. Det ble færre bruk med 5—75 dekar jordbruksareal, flere av de større.
- Brukenes gjennomsnittsstørrelse økte fra 50 til 62 dekar.
- Leie av tilleggsjord ble mer vanlig.
- Det ble relativt færre som hadde bruket som eneste eller viktigste leveveg.
- Brukernes gjennomsnittsalder økte.
- Folkemengden på brukene ble redusert med 20 prosent og arbeidsstyrken med 30 prosent.
- Jordbruksarealet i drift gikk tilbake til tross for nydyrking.
- Arealet til korn og oljevekster for modning og arealet til grønnfôr og silovekster økte. Arealet til arbeidskrevende kulturer som poteter og rotvekster gikk tilbake. Tallet på frukttrær og bærbusker gikk tilbake.
- De ymse vekster ble dyrket på færre bruk, men gjennomsnittlig areal pr. dyrker økte.
- Hestetallet ble redusert med to tredjeparter og kutallet med en fjerdepart. Sauetallet økte litt, men geitetallet gikk tilbake. Tallet på svin økte sterkt. Også høne-tallet økte. Tallet på pelsdyr og pelsdyrgårder økte sterkt.
- Husdyrholdet ble konsentrert på færre bruk og gjennomsnittlig buskapsstørrelse økte.
- Ytelsen pr. mjølkeku økte sterkt.
- Bruk av tekniske hjelpemidler økte sterkt og gav seg f. eks. utslag i en fordobling av traktortallet.»

Så langt oversynet frå jordbruksteljinga 1969.

At talet på (mindre) bruk — og likeins talet på folk som er sysselsette i jordbruksnæringa — har gått så sterkt tilbake, bør på ymse måtar spele inn ved utforminga av ei ny odelslov. Som før nemnt bør odelsretten minst mogeleg verke til å skiple ei rasjonell strukturutvikling innan

jordbruksnæringa eller motverke slike endringar i bruksstorleiken som er naturleg og ønskjeleg etter synsmåten nå. Her kan det vere fåre for ein viss motsetnad mellom reint odelsrettslege synsmåtar på den eine sida og ønskjemålet om å skape større og meir rasjonelle driftseiningar på den andre. Dette problemet var nokså sterkt framme i samband med utarbeidinga av jordlova, m.a. under ordskiftet om lova i Odelstinget og Lagtinget i februar/mars 1955. Lova har ei kompromissløy-sing når det gjeld tilhøvet til odelsretten (§§ 11 og 30). Etter § 11 har ikkje staten forkjøpsrett «når eigedom går over til ektemaken til eigaren eller til noen som er skyld med han eller ektemaken i rett oppstigande eller rett nedstigande line (her og adoptivbarn) eller i sidelina til og med barn av sysken. Det er heller ikkje høve til å nytte forkjøpsretten når eigedom går over til noen som har betre odelsrett enn eigaren». Første punktum i § 11 gjeld altså utan omsyn til om jorda er odelsjord eller ikkje. I § 30 har lova reglar om odelsfrigjeri-
ng: «I den mon odelsrett vil kunne skiple ei eigedomstileigning som staten har gjort ved kjøp eller forkjøp etter denne lov, kan Kongen etter krav frå fylkeslandbruksstyret fri eigedomen for odel. Ny odel kan vinnast til slik eigedom. Staten kan likevel ikkje fri eigedomen for odel andsynes dei som etter § 11, første leden, kunne kjøpe eigedomen utan at staten har forkjøpsrett, med mindre vilkåra for oreigning etter § 20 er tilstades.» (I § 20 heiter det: Dersom ein ikkje kan nå dei mål som er nemnde i § 1 ved friviljug kjøp eller forkjøp, kan staten oreigne jord, skog, fjell og alle slags tilhøyrande rettar.)

Det er eit spørsmål som utvalet har måtte vurdere om den samordninga mellom odelsrett og statleg forkjøpsrett som det er gjeve reglar om i jordlova er tilfredsstillande, eller om det på dette området er trong for endring eller supplering i den lei at reglane om odelsfridom for jord som skal nyttast til rasjonaliseringsf-
remål bør utvidast. Det gjeld her ei sær-
sær vanskeleg grensedraging mellom omsynet til gamal rettstradisjon og moderne, meir materialistisk grunnleggjande, rasjonaliseringssynsmåtar. Spørsmålet har særleg adresse til dei mindre bruksei-
ningane som det etter det sistnemnde synet er liten grunn til å prøve å halde oppe. Ein kjem tilbake til dette spørsmålet på s. 42.

Når det gjeld dei heilt små bruk som det etter rettspraksis no kan vinnast odel til (jfr. m.a. Rt. 1950 s. 77, der ein eigedom på vel 3 dekar — av dette 2,6 dekar dyrka — vart godte-
ken som odelsjord), bør desse etter utvalet si mening falle utanfor odelsretten. Når talet på slike bruk går så sterkt attende — sikkert i stort mon utan hjelp av jordlova —, og det

dessutan er allment godteken politikk ikkje å bremse på denne utviklinga, — i alle høve så langt småbruksjord kan nyttast og vert nytta som tilleggsjord —, må det vere mindre grunn til å halde oppe odelsrett til slike småbruk i den grad det skjer nå. Men kvar grensa bør setjast i så måte er eit skjønsspørsmål som det kan vere ulike meiningar om. Det er eit moment at brukaren av ein mindre eigedom gjerne legg ned meir personleg arbeid enn tilfelle ofte vil vere på ein større gard, — odelsretten kan difor vere like verdfull når den er knytt til eit mindre bruk. Det har då og vore halde fram av fleire at odelsretten bør femne vidt nettopp av omsyn til vernet for dei små bruk, jfr. det utsagnet av Johan Castberg som er attgjeve lenger framme («Det er nettopp for de små bruk at odelsretten skulle beholdes.») Jfr. og Skeie s. 59—60: «Man bør ved fortolkningen av lovens § 1 gi så mange hjem som mulig den beskyttelse odelsretten yter.» Til dette er likevel å seie at odelsretten tradisjonelt er meint som eit vern for bonden og hans yrke (etter Grunnlova skal den vere til «Gavn for Landalmuen»), og dei sosiale føremåla av meir allmenn natur som Castberg og Skeie legg stor vekt på får helst løysast på annan måte enn gjennom ei «bondelov». Eit anna moment som og kan nemnast i denne samanhengen er tilhøva med eigedomsretten til jordeigedom her i landet i tilfelle av at Norge kjem med i Fellesmarkna-
den. Legg ein avgjerande vekt på dette omsynet, er det eit moment som talar mot å unnta dei mindre bruk frå odelsretten. Men også her kan det vel vere at det vern som er naudsynleg i så måte kan og bør finne si løysing på annan måte enn gjennom ei sær-
sær vid råme for odelsreglane. Det omsynet som sterkast talar for ei nedre arealgrense for odelsjord er som nemnt ønsket om ei betre samordning mellom odelsretten og den strukturelle målsetjinga i jordbrukspolitikken, og dette må etter utvalet sitt syn tilleggjast den største vekt. Det kan og som eit alternativ vere tale om ei «uttynning» av odelsretten for dei små bruka, slik at den lyt vike der det vert teke steg til bruksrasjonalise-
ring (jfr. § 29 i utkastet).

Utanom dei heilt små gardsbruk er det og visse andre typer grunneigedomar som det etter utvalet sitt syn ikkje bør kunne vinnast odel til. Dette gjeld då først og fremst grunn til bergverk, fabrikk og andre industrielle føretak, jfr. her lov 16. juli 1907 § 1 pkt. 1. Vidare gjeld det grunn som ved stadfest reguleringsplan i medhald av § 25 i bygningslova er lagt ut til byggeområde, trafikkområde eller friområde. Slik grunn bør heller ikkje kunne løysast på odel endå om odelshevd alt er fullført, når det først er klårt at grunnen vil verte teken i bruk til det nye føremålet innan rimeleg tid.

Etter gjeldande rett er det ikkje heilt klårt om det kan hevdast særskilt odel til vassdrag og til bruksrett over framand eigedom (sjå m.a. Rt. 1924 s. 1006, Rt. 1930 s. 492 og RG 1935 s. 357). Utvalet meiner at det ikkje bør vere høve til slik særskilt odelshevd, og har teke inn reglar om dette i utkastet. Når det gjeld spørsmålet om ein rein skogeigedom bør kunne odelshevdast særskilt (etter gjeldande rett er det klårt at den kan det), har det gjort seg gjeldande ulike synsmåtar i utvalet. Fleirtalet (5) meiner at odelsretten kan ha ein tenleg funksjon også i slike høve, og gjer framlegg om at skogeigedomar over ein viss storleik (200 dekar) skal gå inn under dei vanlege reglane om odel, medan mindretalet (2) ikkje vil ha odelsrett i det heile til ein rein skogeigedom. Også med omsyn til odling av jord som ligg i personleg sameige har oppfatningane i utvalet vore noko delte. Etter rettspraksis vinn sameigarane i slike høve no odelsrett til kvar sin part i sameiga, ei løysing som m.a. S ke i e har gått sterkt imot. Det kunne og vere spørsmål om å la kvar av sameigarane vinne odel til heile sameiga, men i så fall oppstår det problem med omsyn til den innbyrdes prioriteten mellom dei. Fleirtalet i utvalet (6) har kome til at det ikkje er større trong for å kunne vinne særskilt odelsrett til sameigejord, og at ein vil få dei enklaste reglane ved heilt å unnta slike eigedomar frå odling. Ein viser til dei særskilde merknadene til §§ 4, 12—13 og 23.

Odelsslova frå 1821 avgrensar i § 1 allment området for odelsrett til å gjelde «Jord paa Landet». Men etter lov 21. desember 1956 § 9 andre stykket fell odelsrett ikkje bort om eit område går over frå å vere «Jord paa Landet» til å verte del av ein bykommune. Utvalet meiner at den nye lova ikkje bør gjere noko skilje mellom by og land når det gjeld spørsmålet om kva for eigedomar det skal kunne vinnast odel til. Det avgjerande i så måte bør vere kva jorda er brukt til eller kva for utnytting den er skikka til. I samsvar med grunntanken i odelsskipnaden er det allmenne kravet i utkastet forma slik at eigedomen må kunne «nyttast til landbruksdrift». Kan den det, går den naturleg inn under området for odelsretten sjølv om den ligg innanfor ei bygrense, og kan den det ikkje, bør den ikkje kunne odlast av di den ligg i ein landkommune. Ein viser til merknadane til § 1 i lovutkastet.

b. Kven bør ha (best) odelsrett?

Med utgangspunkt i tala frå jordbruksteljinga 1969 kan ein og reise eit anna spørsmål: Nedgangen i talet på sysselsette innan jordbruksnæringa må naturleg ha ført til at svært mange odelsrettshavarar i dag ikkje har noko sterk

tilknytning til gardsdrift, av di dei har ein annan leveveg. Ein må då spørje om det er rimeleg at krinsen av dei som har odelsrett til ein eigedom skal vere like uavgrensa som i dag, eller om det ikkje er grunn til å innføre ei eller anna form for avgrensing her, — anten slik at krinsen av odelsrettshavarar vert korta av, eller slik at det vert kravt løyve (konsesjon) til odelsløysing for personar med «tynn» odelsrett. Ein kunne og tenkje seg ein kombinasjon: avskjering av dei fjernaste linene og i tillegg til det konsesjonsplikt for dei fjernare av dei attverande linene.

Slik reglane er i dag har alle som ættar frå han som opphaveleg hevda odel til ein eigedom odelsrett til den, med mindre retten er gått tapt ved preskripsjon eller på annan måte. Har ein gard gått frå far til eldste son i mange ættleder, slik det ofte er tilfelle, vil det kunne vere eit utal personar som har odelsrett. I ein situasjon der garden går over til framande vil alle desse kunne gjere gjeldande odelsrett mot den nye eigaren og løyse garden til seg. Dette er i seg sjølv ingen naturleg skipnad. Det kan vere at løysingsmannen er ein heller fjern slektning av den førre eigaren og ikkje har noko tilknytning korkje til garden eller til bondeyrket, medan han som må gje frå seg garden har langt betre føresetnader for å eige og drive den. Gjeld det eit mindre bruk, kan det vere at ein bymann med odelsrett ser seg tent med å løyse eigedomen for å kunne bruke den til feriestad. I slike høve kan odelsretten lett kome til å verke i strid med sitt eigentlege føremål: å vere til vern for dei som er yrkesmessig knytte til jordbruksnæringa. No er det vel ikkje så ofte ein ser døme på at ein eigedom vert løyst på odel av ein fjern slektning som ein helst burde sjå som ein «uvedkomande». Men prinsipielt sett er dette eit viktig spørsmål. — Spørsmålet om å skjere vekk dei yste linene var reist i proposisjonen frå 1907 og har sidan fleire gonger vore framme i diskusjonen. Utvalet kjem tilbake til spørsmålet på sin stad i dei spesielle motiva.

Eit spørsmål som heng noko saman med det som her er drøfta er prioritetsrekkefølgja mellom dei som har odelsrett. Etter dei reglane som gjeld nå (§§ 3 og 11 i odelslova) er det alltid ein person som har beste retten, og når først dei faktiske omstenda er på det reine, er det sjeldan tvil om kven denne er. Regelen er at mellom sysken har menn førerrett framfor kvinner, og eldre går framom yngre av same kjønn (odelsslova § 3). Om desse reglane kan det seiast at dei retts teknisk er greie og tolleg enkle å praktisere, og dei motverkar rivalisering og tvist mellom sysken og andre nærskylde. Dette er store føremoner. Men det er likevel eit spørsmål om reglane på fullnøyande vis stet-

tar dei krava ein i dag må stille. Det er for det første reist den innvendinga at det ikkje er nokon grunn til å la kvinner stå tilbake for menn, og dernest er det av mange halde fram at det ikkje er grunn til alltid å la den eldste ha beste retten.

Når det gjeld det første spørsmålet, har utvalet kome til at ei prioritetsordning som ikkje gjer skilnad mellom kjønna vil vere i best samsvar med dei synsmåter som er dei rådande i dag. Sjølv om det har vore halde fram at også reelle omsyn kunne tale for å halde på ein førerrett for mannlege rettshavarar i høve til kvinnelege, så synest ikkje desse grunnane sterke nok til å gjere brot på prinsippet om størst mogleg rettsleg jamstilling mellom kjønna, — eit prinsipp som det i våre dagar reint allment vert lagt stor vekt på å gjennomføre, m.a. i lovgjevinga.

At den eldste alltid skal ha betre rett enn ein yngre, kan nok ofte føre til resultat som ikkje er lette å godta. Det hender ikkje sjeldan — og oftare no enn før — at eldste sonen har fått seg eit anna yrke når den tid kjem at det vert aktuelt å overta etter foreldra, medan ein yngre av syskena gjerne har gått heime og hjelpt til på garden og kanskje i røynda har drive den sjølv ei kortare eller lenger tid. Det vil då kunne vere urimeleg å la den eldste drive den yngre bort. Spørsmålet om prioritetsordninga i slike tilfelle har vore kalla det største problemet i odelsretten i dag (Lars Ramndal i Ny Jord 1966 s. 181), og det er gjort ymse framlegg til nye reglar. Utvalet viser til §§ 16, 20 og 21 i lovutkastet med særmerknader.

c. Ymse andre spørsmål.

Når det gjeld preskripsjon av odelsrett, er reglane i lova frå 1821 knappe og ufullstendige. Dei løysingane rettspraksis har kome fram til har til dels vore omstridde, m.a. gjeld dette spørsmålet om preskripsjon mellom fleire sysken som tek over ein odelseigedom saman. Etter det som vart lagt til grunn i Scheedomen (Rt. 1948 s. 69) taper dei eldre etter 3 år sin odelsrett til dei brøkpertana som dei yngre syskena har, slik at det etter 3 år berre er den yngste som har odelsrett til heile egedomen. Det kan tvistast om dette er eit naturleg og rimeleg resultat. Utvalet har kome til at den nye lova bør ha ein annan regel, og ein viser til § 40 i lovutkastet om dette. På same måten kan ein spørje om det bør vere så at ein bror eller ei syster som let ein odelseigedom gå til ein yngre i syskenflokket heilt skal tape odelsretten etter 3 år, eller om ikkje han (ho) bør ha løysingsrett iallfall dersom egedomen vert seld på tvangsauksjon. Det reiser seg elles

også fleire spørsmål i denne samanhengen som ein ikkje finn grunn til å gå nærare inn på i dette allmenne oversynet, men som det er gjort greie for i særmerknadene til §§ 35—43.

Eit spørsmål som fleire gonger har vore framme i diskusjonen er delingsreglane mellom sysken når foreldra eig fleire gardar. Spørsmålet kjem helst opp i samband med eit arveskifte, og har i det heile nærast samanheng med åsetesretten. Lova frå 1821 har reglar i §§ 12 og 13, og om deling av ein større eigedom i § 14. Reglane tek etter ordlyden sikte på situasjonen ved arveskifte, og har altså som føresetnad at eigaren er avliden. Her har det særleg møtt kritikk at transaksjonar som eigaren har føreteke i levande live fell utanom reglane. I rettspraksis har nok prinsippet i § 12 vorte brukt analogisk på eit s.k. «oppgivelsesskifte» som ein gamal mann eller kvinne gjer mellom barna sine, men det har vore halde fram at dette ikkje gjev resultat som er fullnøyande. Har t.d. eldste sonen fått ein av gardane medan faren levde, vil det vel ofte vere grunn til å seie at då har han fått sitt og bør vere nøgd med det, sjølv om overdraginga til han ikkje kan sjåast som del av eit skifte. Han bør m.a.o. ikkje kunne krevje endå ein gard i dødsbuet etter faren før dei andre syskena har fått nokon. Men dette slær ikkje alltid til. Det kan hende faren i nokså ung alder har late eldste sonen få overta ein mindre gard, utan at nokon av dei har tenkt seg at han dermed skulle tape retten til den «eigentlege» farsgarden. I praksis kan denne floken dukke opp i mange ulike variantar, der ei løysing vil vere mest rimeleg i eitt tilfelle og ei anna løysing i eit anna tilfelle. Ein utveg som synest å kunne godtakast er å gje sonen høve til å la den første garden gå tilbake til buet når det kjem så langt at det skal skiftast etter foreldra. Utvalet har gjort framlegg om ein slik regel i §§ 18 og 47 i lovutkastet.

Paragraf 16 i odelslova gjev reglar til vern om ein *attlevande ektemake* som ikkje har odelsrett. Reglane her gjeld tilhøvet mellom den attlevande og hans barn og stykbarn, og dei gjeld vidare det tilfelle at det berre er fjernare slektningar etter den avlidne ektemaken (odelshavaren). Når det gjeld tilhøvet mellom den attlevande og hans barn og stykbarn, må gjeldande reglar seiast å vere stort sett tilfredsstillande, bortsett frå den skilnaden dei gjer mellom mann og kvinne, — den er etter det rådande synet i dag heilt antikvert (endå om ein prinsipielt skulle meine at menn bør ha førerrett fram for kvinner m.o.t. odelsprioritet). Nokre andre brigde bør ein nok og gjere, når lova likevel er oppe til revisjon. Ein viser til drøftinga i dei særlege merknadane. Det som særleg har møtt motbør i den siste tida er det tillegget (femte

stykket) § 16 fekk ved ei lovendring 11. juni 1915, og som etter opphavsmannen er kalla «lex Rinde». Dette tillegget går ut på at andre odelsrettshavarar enn barn og stykbarn ikkje kan drive den attlevande frå garden, så lenge han (ho) ikkje gifter seg opp att, «medmindre de kunde ha gjort odelsret gjældende, om den først-avdøde egtfælle hadde levet». I dette at andre odelsrettshavarar ikkje kan «drive denne (dvs. den attlevande) fra gaarden» ligg at dei ikkje kan krevje å få overta bruken av eigedommen (så lenge den attlevande ikkje gifter seg opp att). Her er det gjort den motsegna at det ikkje er teke omsyn til kor lenge den attlevande har ått garden i felleseige med den avlidne. Han (ho) har same retten anten ekteskapet og opphaldet på garden har vara i eitt år eller i 30 år, og ein har meint at det her bør krevjast ei viss minstetid. Vidare har det vore sagt at det bør gjerast klårt at den attlevande berre har rett til *ein* gard (etter sitt eige val) om det er fleire gardar i buet. Dessutan er det eit spørsmål om det ikkje kan vere grunn til å omvurdere desse reglane på bakgrunn av det sosiale trygdeverket som vi nå har fått (m.a. folketrygdlova 17. juni 1966). Dei reglane utvalet har kome fram til og som ein har meint skulle avløyse § 16 i lova frå 1821 (§§ 31—34 i utkastet) er utforma under omsyn til dei motsegne som har vore reist mot gjeldande føresegner og likeins under omsyn til dei endra sosiale tilhøva.

Viktige spørsmål som stoda til utanekteska-pelege barn og adoptivbarn vert drøfta på sin stad i dei særskilde merknadane.

d. Misbruksreglar.

Det har til ymse tider vore klaga over at odelsretten vert misbrukt. Den kan t.d. tenkjast bruk til pengeutpressing ved at ein odelsrettshavar krev ein større eller mindre pengesum for å la vere å bruke løysingsretten i ein gjeven situasjon. Kjem kravet frå ein som aldri har hatt noko reelt ønskje om å verte eigar av odelseigedommen, bør dette sjølv sagt ikkje godtakast. Men som Skeie peikar på med eit døme (s. 43) treng ikkje alltid eit vederlag for å gje avkall på løysingsretten vere eit misbruk. Skeie tenkjer seg eit tilfelle der den eldre broren sel odelsgarden til ein framand, og den yngre broren til seljaren tingar med kjøparen og seier: «Jeg har selv bruk for en gård. Jeg ville helst kjøpe eiendommen y (som ligger i nabo-bygda), men y er dyr, og eieren krever en større kontantsum enn jeg kan skaffe. Jeg er villig til å oppgi min odelsrett i x dersom De betaler meg 10 000 kr. Ellers får jeg beholde retten i håp om at jeg innen tre år kan skaffe løsepen-ger.» Eit slikt tilbod meiner Skeie det ikkje

kan vere noko å seie på. Men ofte er det nok meir reindyrka profittinteresser som ligg bak. Desse tilfella er det vanskeleg å råke med lovreglar. Sterri s. 102 gjer framlegg om at det vert sett straff for å fråfalle odelsrett mot betaling. Dette er knapt nokon brukande utveg. For det første måtte eit slikt lovbod avgrensast til dei tilfelle der det ligg føre eit verkeleg misbruk av retten. Ei slik avgrensing vil falle særst vanskeleg. Derrest må ein og rekne med at ein slik regel ville verte vanskeleg å handheve og difor truleg ville vere lite effektiv.

Noko som særleg før i tida vart nemnt som døme på misbruk av odelsretten var at den ga høve til løysing ut frå reine spekulasjonsinteresser. Odelsmannen kunne løyse ein eigedom, drive ut av den det han kunne ved rein rovdrift og deretter selje den att med ein stor vinst. Når krinsen av odelsrettshavarar vert avgrensa slik utvalet har gjort framlegg om, vil truleg dette i seg sjølv minke fâren for ei slik kynisk utnytting. Men særleg vil ein freistnad på slikt rettsmisbruk nå støyte på reglane i skogproduksjonslova frå 21. mai 1965 (sjå §§ 21 o.u.).

Eit tilfelle av misbruk er det som kallast «odelssvik» og som ligg føre når odelsmannen i røynda let seg bruke som stråmann for ein annan. Vi har nok ymse reglar til å motverke dette, jfr. m.a. § 76 i skjønsløva. Men det kan vere former for odelsssvik som ikkje gjev seg til kjenne i dei ytre tilhøva og som kravet til prov gjer det vanskeleg å råke. Det er mogeleg at ein regel om buplikt som vilkår for odelsløysing, jfr. nedanfor, kan ha ein nyttig funksjon i denne samanhengen.

Eit slag misbruk av odelsretten som det heller ikkje er lett å få gjort noko med, er at ein seljar angrar seg og går til løysingssak mot kjøparen i namnet til eitt av sine mindreårige barn. Er det verkeleg barnet sine interesser som ligg bak, må vel handlemåten godtakast også moralsk, men det let seg ikkje nekte at den ofte verkar lite tiltalande. Etter verjemålslova 22. april 1927 § 58 må ein umyndig ha samtykkje frå overformynderiet til å gjere odelsrett gjeldande (og er dei to overformynderane ikkje einige, skal spørsmålet leggjast fram for skifte-domaren, jfr. § 25). Det er vel ikkje så lett for overformynderane å seie nei dersom foreldra til den mindreårige odelsarvingen går hardt på — og dessutan kan skaffe løysingssumen. I ein dom i Rt. 1969 s. 232 vart foreldra — som hadde skrive frå seg sin odelsrett — rekna som ugilde til å gå til løysingssak på vegner av eit mindreårig barn. Domen gjeld ikkje beinveges det spørsmålet som er drøfta ovanfor (foreldra var ikkje seljarar og hadde såleis ikkje noko heimelsansvar andsynes kjøparen. Dessutan hadde dei i samband med fråskrivninga av sin eigen odelsrett underteikna ei fråsegn der dei

tok på seg å «gjøre hva vi kan for å hindre at odelsretten vil bli brukt av våre etterkomere»). Det er mogeleg ein bør gå så langt som til å lovfeste at ein seljar av odelsjord skal reknast som ugild til å gå til løysingssak i eigenskap av verje for eit umyndig barn. Reglar om dette vil i tilfelle høyre mest naturleg heime i odelsprosessen.

Når det gjeld reglar til vern mot misbruk av odelsrett i det lovutkastet som her vert lagt fram, vil utvalet først peike på at dei avgrensingane ein gjer framlegg om m.o.t. kva for eigedomar som kan odlast og løysast på odel og likeins avgrensinga i krinsen av odelsrettshavarar truleg i seg sjølv vil verke til å minke faren for misbruk. Men utkastet har og reglar som meir beinveges tek sikte på å hindre eller motverke odelsmisbruk.

Det er naturleg her å nemne § 21, som gjev retten høve til å nekte odelsløysing under visse føresetnader. At retten til odelsløysing vert gjort avhengig av ei skjønsmessig vurdering er eit nytt prinsipp i odelsretten, og dei motsegnene som kan reissast mot ein slik regel ligg nokså klårt i dagen. Men i dei situasjonane der § 21 kjem inn, er det allmenn semje om at gjeldande lov er heilt utilfredsstillande, og det er som nemnt nettopp mishøve som følgje av den absolutte løysingsretten dei hardaste åta-ka mot odelsretten har vore grunnjevne med. Ei odelslovreform som ikkje prøvde å finne ei betre løysing på dei konfliktsituasjonane ein her har med å gjere ville vere av liten verdi. Problemet kan ikkje løysast ved ei endring av prioritetsreglane, så lenge ein vil halde på ei fast prioritetsrekkefølgje mellom dei som har odelsrett. Heller ikkje kan ein få ei fullnøyande løysing ved å knytte allmenne vilkår om t.d. buplikt til løysingsretten — det kan vere urimeleg å la ein eldre få drive ein yngre bort endå om den eldre er viljug til å busetje seg på eigedomen.

e. Særskilt om bu- og driveplikt.

I §§ 21 og 22 gjer utvalet framlegg om at ein odelsløysar til vanleg må binde seg til å busetje seg på eigedomen innan 1 år og drive den minst i 5 år — eit mindretal på 2 medlemmer held på 10 år. Også dette er ein ny regel i odelsretten. Men den er etter utvalet sitt syn i godt samsvar med grunntanken i odelsinstituttet: å verne om bøndene sin eigedomsrett til den jorda dei dyrkar og driv og som både heim og yrke er knytt til. Ein kan prinsipielt sjå det slik at buplikt må vere eit minstevilkår for å kunne nytte odelsretten til skade for ein annan som har overteke eigedomen for å ha den som heim og leveveg. Tanken om å krevje at ein odelsløysar må binde seg til å bu på eigedomen ei

viss tid er ikkje ny. Etter det utvalet kjenner til har den fått sterk tilslutning frå mange hald, endå om ein vel må rekne med at det er visse nyansar i synet på kva rekkjevidde ein slik regel bør få. Ein kan nemne at m.a. Norges Bondelag har gått inn for å lovfeste ein allmenn regel om buplikt som vilkår for rett til odelsløysing.

Av naturlege grunnar kan eit krav om buplikt ikkje vere absolutt. For å nå føremålet med regelen ville det i og for seg vere tilstrekkeleg at buplikt kunne krevjast i dei tilfelle retten fann grunn til det. Utvalet meiner likevel hovudregelen i lova bør vere at kravet om buplikt gjeld, men at retten kan gjere unntak etter å ha innhenta fråsegn frå fylkeslandbruksstyret.

Eit tenkjeleg alternativ til ein regel om buplikt kunne vere å innføre ei konsesjonsordning, slik at retten til odelsløysing vart gjort avhengig av løyve frå departementet etter nærare reglar. Men dette ville etter utvalet sitt syn både prinsipielt og praktisk vere ein mindre heldig skipnad. Eit slikt framlegg ville truleg og møte langt sterkare motstand frå ulike hald enn eit krav om buplikt. Held ein seg til dei føremåla som det er naturleg å søkje fremja gjennom lovgjevinga om odelsretten, er det etter utvalet si meining ikkje turvande — og heller ikkje tilrådeleg — å gå lenger enn til å lovfeste eit allment krav om buplikt med høve til dispensasjon.

f. Odelsfrigjering.

Av § 107 i Grunnlova går det fram at odelsretten skal vere «til største Nytte for Staten og Gavn for Landalmuen». Det ville den ikkje vere om retten vilkårslaust skulle kunne nyttast til å hindre gjennomføring av samfunnsmessig viktige og til dels heilt naudsynlege tiltak som t.d. staten er pålagt å løyse. Det er for lengst allment godteke av alle at odelsretten i visse høve må vike når den kjem i strid med andre viktige samfunnsinteresser. Men kvar grensa her skal trekkjast er eit spørsmål som det alltid har vore og framleis er sterkt delte meiningar om. Den allmenne tendens i vår tid i retning av å tillegge samfunnsinteressene større vekt har i høve til odelsretten kome til uttrykk ved at området for odelsfrigjering fleire gonger har vorte utvida. Men det har ikkje skjedd utan nokså sterk politisk strid.

Vi har i dag reglar om odelsfrigjering i lov 16. juli 1907 § 7, i jordlova 18. mars 1955 § 30 og i oreigningslova 23. oktober 1959 § 9, jfr. s.l. § 14. Det er naturleg at spørsmålet om å samle lovreglane om odelsfrigjering vert teke opp i samband med den allmenne revisjon av odelslovgjevinga, og at spørsmålet om området for odelsfrigjeringsreglane — slik det er fastlagt

i gjeldande rett — også vert vurdert i denne samanhengen.

Utvalet har funne det mest tenleg å innarbeide i lovutkastet § 7 i lova frå 1907 og § 30 i jordlova. Frå ein prinsipiell synsstad er det naturleg å sjå desse reglane som ein integrert del av odelsretten, noko som også reint praktiske omsyn kan tale for. Derimot har ein ikkje funne tilstrekkjeleg grunn til å overføre reglane i oreigningslova hit.

Når det gjeld området for odelsfrigjering, meiner utvalet at gjeldande reglar stort sett fører til ei rimeleg avgrensing, og at utkastet difor i hovudsaka kan byggje på desse. Dei mest tvilsame avgrensingsspørsmåla kjem opp i samband med § 30 i jordlova. Denne regelen fekk si endelege form først under ordskiftet i Odelstinget om jordlova, og var ei kompromissløyving av eit spørsmål som det hadde vore mykje strid om tidlegare under lovførebuingarbeidet. Etter utvalet sitt syn set § 30 for strenge krav til odelsfrigjering av småbruk som vert kjøpt av staten for å nyttast i strukturrasjonaliseringa (odelsfrigjering andsynes dei personar som er nemnde i § 11 første punktum kan berre skje så framtil vilkåra for oreigning etter § 20 ligg føre). Utvalet gjer framlegg om å ta bort dette vilkåret når det gjeld eigedomar der det dyrka arealet ikkje er større enn 30 dekar. Eit mindretal (2) vil gå lenger enn fleirtalet når det gjeld odelsfrigjering av rasjonaliseringsom-syn, og vil gje Kongen fullt herredøme over odelsfrigjering i desse tilfella.

3. Åsetesretten.

Dei åtak mot odelsretten som vart gjorde for vel 100 år sidan, og som tidlegare er omtala, tok ikkje sikte på å råke åsetesretten (i alle høve ikkje i same grad). Eit framlegg frå sorenskriver Sørensen i 1845 om å stryke § 107 i Grunnlova hadde ei subsidiær formulering om å halde oppe åsetesretten. Framlegget frå riksstyret i 1854 gjekk ut på at § 107 skulle endrast til å lyde slik: «Aasædesretten maa ikke ophæves». Ein kan i denne samanhengen og nemne at endå Norge er det einaste landet (bortsett frå den islandske ordninga) som har odelsrett, har åsetesretten på sett og vis parallellar i fleire andre land. Ein viser om dette til oversynet over framand rett.

Medan odelsretten har verka til å hindre oppsamling av jordeigedomar i større gods under same eigaren, har åsetesretten på si side verka som eit hinder mot eigedomsoppdeling. Ved sida av å tene som vern for overtakaren mot at garden vert seld frå han (prinsippet om billeg takst) er det dette som har vore åsetesretten sin viktigaste funksjon. I dag har ein reglar i jordlova som krev samtykkje frå

fylkeslandbruksstyret til deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk (§ 55). Åsetesretten har difor ikkje så stor sjølvstendig vekt på dette området som tidlegare. Men ein ville nok kanskje få fleire søknader om samtykkje til eigedomsdeling i samband med arveskifte utan åsetesretten, — no vert samtykkje berre aktuelt i dei tilfelle der det er semje mellom arvingane om å dele eigedomen. Som hjelp for overtakaren til å kunne verte sitjande med garden er åsetesretten like viktig i dag som tidlegare.

Fleire av dei spørsmåla i odelsretten som er omtala framanfor ligg føre om lag på same måten når det gjeld åsetesretten. Dette er m.a. tilfelle med omsyn til prioritetsreglane, — dei same tvilsmåla om eldste barn alltid bør ha beste retten gjer seg gjeldande også her.

Eit viktig spørsmål som reiser seg i åsetesretten heng saman med regelen om «billig Takst»: For åsetesrett har lova ikkje noko salsforbod som svarar til § 76 i skjønnslova ved odelsløyving. Åsetesarvingen kan såleis overta eigedomen til billeg takst og deretter avhende den med ein større eller mindre vinst. Ein slik framgangsmåte ligg klårt utanom føremålet for åsetesretten og burde ikkje godtakast, men gjeldande lov har ingen reglar som beinveges kan råke eit slikt rettsmisbruk. I ein nyleg avsagt høgsterettsdom (Rt. 1970 s. 646) er det sagt at føremålet med regelen om «billig Takst» ikkje er «å begunstige den best åsetesberettigede på de andres bekostning, — når dette faktisk skjer, er det for bedre å oppnå at han kan overta og sitte med familieeiendommen. Derfor er det i strid med åsetesrettens formål dersom en åsetesberettiget overtar familieeiendommen etter billig takst og så selger den til en fremmed. . . den åsetesberettigede (har) ikke krav på billig takst når det er på det rene at han ikke kommer til å bli sittende med åsetet, enten det er fordi han har solgt eller vil selge det, eller fordi det vil bli ekspropriert.»

Men endå om reglane, tolka på denne måten, kan vere gode nok i seg sjølve, gjev dei ikkje noko fullnøyande vern mot misbruk. Å setje åsetestaksten til full verdi kan det berre verte spørsmål om når det alt på taksttida er på det rene at føresetnadane for åsetesfrådrag ikkje er til stades. Den fåren for misbruk som ligg i at det kan verte gjeve åsetesfrådrag under føresetnader som ikkje held, kan ikkje råkast utan nye lovreglar. Eit spørsmål er det dessutan om frådraget bør gjevast dersom åsetesarvingen elles er slik situera at han ikkje treng frådraget for å kunne sitje med garden (sjå særmerknadane til § 50 s. 93).

I ymse andre land har dei påbod om etteropp-gjer når ein av arvingane har teke over arvegarden til låg pris, og så avhender den att innan

ein viss frist. Proposisjonen frå 1907 hadde framlegg til reglar i same lei, og seinare har det kome fleire framlegg om det same. Vanskanne ligg i å finne fram til ei ordning som er teknisk grei og ikkje for innfløkt å praktisere. Dei ordningane ein har kjennskap til frå andre land synest ikkje heilt fullnøyande i så måte. Utvalet har funne det naudsynleg å ta inn i utkastet ein regel om høve til etteroppgjjer. Ein viser til § 51 og særmerknadane til denne paragrafen. Dessutan har ein i § 46 siste stykket gjort framlegg om ein regel som gjev retten høve til — i særskilde tilfelle — å setje til side hovudregelen om at næraste åsetesarving har krav på å få egedomen utlagt til seg på skiftet. Denne regelen tek først og fremst sikte på tilhøva der det ikkje ligg føre noko eigentleg rettsmisbruk, men der dei vanlege reglane likevel fører til resultat som er klårt urimelege.

Når det gjeld delingsprinsippet ved eit arveskifte der det er (eller har vore) fleire egedomar i buet, eller der det vert gjeve samtykkje til åsetesdeling, viser ein til det som er sagt framanfor s. 39.

I desse allmenne merknadane har utvalet teke opp visse hovudspørsmål i samband med lovforma og gjeve uttrykk for sitt syn på ein del viktige prinsippspørsmål. I dei særskilde merknadane vil ein kome nærare inn på detaljane i lovframlegget og i den samanhengen og ta opp til drøfting mange einskildspørsmål som kan vere viktige nok. Sume av desse kunne det kanskje vere naturleg å ta med i dei allmenne motiva, så som stoda til utanekteskapelege barn og adoptivbarn, men ein har likevel funne det mest praktisk å drøfte dei i særmerknadane.

V. Merknader til dei einskilde paragrafane.

Kap. I. Kva som kan odlast (odlingsjord).

Til §§ 1 og 2.

Den grunn som det kan vinnast odelsrett til, er i odelslova frå 1821 § 1 kalla «Jord paa Landet». Som det går fram av utgreiinga frammanfor, er dette uttrykket ubrukeleg etter den nye kommuneinndelinga. Det er nå fleire byar som har store jordbruksområde innanfor grensene. Utvalet har valt uttrykket «fast eige-dom som kan nyttast til landbruksdrift» som avløysar til «Jord paa Landet». Eige-dom som går inn under denne karakteristikken, kan altså odlast anten den ligg i ein by- eller ein landkommune. Slik eige-dom som det kan vinnast odelpå, er i utkastet kalla «odlingsjord», og eige-dom som det kviler odelsrett på, heiter der «odelsjord», jfr. § 1. Det første namnet er — etter det ein veit — nytt i dette utkastet, medan «odelsjord» er eit gammalt velkjent omgrep, jfr. t.d. odelslova § 4. Det kan likevel vere praktisk å ha ein stutt definisjon i lovteksten.

Ein eige-dom som skal vere odlingsjord, må som sagt kunne «nyttast til landbruksdrift». Dette samsvarar i prinsippet med gjeldande rett. Domstolane har alltid kravt at det skal kunne drivast verkeleg jordbruk på ein odelseige-dom, i motsetnad til «tomtebruk» ved ein villa eller eit anna bustadhus, der jord som måtte liggje til, er rein tilhøyrsløse til bustadhuset. Som landbruksdrift vert etter gjeldande rett òg rekna grønsakdyrking eller gartnar-drift (Rt. 1948 side 1008). Det er tanken at dette også skal gjelde etter utkastet. Det går vidare fram av § 2 i utkastet at skogbruk etter det

fleirtalet meiner, skal gå inn under «landbruksdrift» i denne samanhengen. Ein kjem tilbake til dette lenger ute.

Når det står «kan nyttast til landbruksdrift», ligg det ikkje utan vidare i dette at det vert drive aktuelt jordbruk på egedomen. Men at så vert gjort, vil sjølvsagt kunne ha mykje å seie for vurderinga i grensetilfelle. Ligg bruken nede, lyt ein sjå på årsaka til dette. Vanbruk tek ikkje bort odelsretten. Mot vanbruk kan det gripast inn etter jordlova. Men har egedomen misst karakteren av jordbruk, slik at det praktisk—økonomisk ikkje kan kome på tale å drive jordbruk der meir, kan den ikkje odlast, og for tidlegare odelpå § 24 kome inn.

Tilhøva kan vere slik at «landbruksdrift» ikkje knyter seg berre til den dyrka jorda, men kjem fram ved ei totalvurdering. For eit bruk som driv med husdyrhald, har såleis beiteområdet mykje å seie. Dette er det peika på i § 2 første stykket. Skort på dyrka jord kan i nokon mon hjelpast på ved beite og anna mark som høyrer til.

Ved sida av at egedomen skal vere tenleg til landbruksdrift, krev § 1 at den skal ha ein viss minste storleik, og dette er det gjeve nærare reglar om i § 2. I kravet om at det skal kunne drivast verkeleg jordbruk på egedomen, ligg det alt eit visst krav til jordvidda. Men som det går fram av dei allmenne motiva, meiner utvalet at rettspraksis — endå om den har halde fast på kravet til jordbruksdrift — har tøygt odelsretten ut til for små egedomar, og at ein her treng ei reform, som snevrar inn området for odelsretten. Synet bør vere at berre

eigedomar som verkeleg har noko å seie for bondenæringa, bør gå inn under odelsretten. Men ein bør på den andre sida ikkje krevje at ein huslyd skal kunne livnære seg på eigedomen. Det har alltid vore slik at ein bonde ofte har teke den attåtfortenesta han kunne få, i kyststroka med fiske, i innlandsbygdene med skogsarbeid og anna. Mange bønder har drive eit handverk som attåttnæring. I nåtida driv bønder ikkje sjeldan på anlegg o.l. når dei ikkje treng vere heime for gardsbruket. Etter som kravet til levestandard stig, samstundes med at gardsarbeidet på grunn av mekanisering og nye driftsmåtar krev mindre tid, vert det meir og meir vanleg å skaffe seg innkome ved sida av gardsbruket. Gardsbruk som før ga fullt årsarbeid og var einaste næringsgrunnlaget for ein huslyd, er difor i nåtida ikkje sjeldan vorte «støttebruk». Men det kan ikkje av den grunn vere tale om at dei skal tape sin karakter av odelsgardar (odlingsjord). Ein må likevel halde fast på at eigedom som det skal kunne vinnast odelsrett til, må gje «et betydelig tilskudd til ein families underhold», som det m.a. heiter i ein dom sitera av høgsterettsadvokat Hegje i TfR 1947 side 278.

Når ein etter dette skal avgjere kva for eigedomar som skal vere odlingsjord, bør ein ta utgangspunkt i den dyrka jorda. Det er den som er viktigaste faktoren for spørsmålet om ein har for seg eit verkeleg jordbruk, endå om ein — som det er sagt framanfor — bør bygge på ei samla vurdering.

Den retsteknisk greiaste regelen ville vere å leggje til grunn at ein eigedom som skal kunne odlast, må ha eit visst — absolutt — minimum av dyrka jord. Men det er, etter det fleirtalet meiner, vanskeleg å finne eit minstemål som verkar rettferdig i landsmålestokk. Det er stor skilnad på bruksstorleik, bruksmåte og avkastning pr. dekar i dei ymse landsdelane. Ei absolutt minstegrense som kunne godtakast i dei store jordbruksbygdene på Austlandet, kunne vere for høg og høve dårleg i andre landslutar, der ein frå gamalt har vore nøgd med mindre bruk. Ein må etter utvalet si meining gå varsamt fram og ikkje avskjere frå odelsinstituttet eigedomar som etter tradisjon og tenkjemåte der dei ligg, klårt er odelseigedomar.

Mot å setje eit visst areal dyrka jord som eit absolutt minstekrav, talar det og at den dyrka jordvidda kan veksle. 8 mål i år kan verte utvida til 12 mål neste år. Men spørsmålet om ein eigedom er odlingsjord, bør med visse atterhald løysast på same måten utan omsyn til når det kjem opp. Når det gjeld tilskott frå det offentlege til visse føremål, som kraftfôr m.v., lyt ein av praktiske grunnar operere med eksakte tal, som knyter seg til eit

visst fast tidspunkt, men dette står annleis når ein spør om ein eigedom er odlingsjord.

Fleirtalet slår i § 2 første stykket fast, at ein eigedom som skal kunne odlast, klårt må ha karakter av eit jordbruk. Dei andre vilkåra paragrafen set, er underordna dette omsynet, og er meint å skulle vere vegleiande for spørsmålet om eigedomen er eit jordbruk. Men hovudregelen er at ein eigedom under 15 dekar dyrka jord ikkje er odlingsjord. 15 mål ligg ein god del høgare enn den storleiken rettspraksis har nøgd seg med hittil, og det kan nok vere at mange vil finne talet høgt. Men 15 mål er ikkje etter utkastet noko absolutt vilkår, endå om det skal særskilde omstende til for å fråvike det. Slike omstende er etter første stykket «anna mark, rettar og lunnende». Dette kan til dømes vere beitemark eller skog eller sameigepartar i utmark som ligg til fleire bruk.

I andre stykket er ei opprekning som supplerer første stykket. Opprekninga er ikkje meint å vere uttømande. Innhaldet svarar stort sett til det som rettspraksis har lagt vekt på etter gjeldande rett. Om det er hus på eigedomen er ikkje i seg sjølv avgjerande, — eigaren kan til dømes bu på ein granneeigedom, og likevel bruke den eigedomen det gjeld som ei sjølvstendig brukseining. Men er det våningshus og uthus som vanleg på eit bondebruk, er det klårt det har vekt. Tidlegare og noverande bruk skal ein ta omsyn til, likeins vilkåra for landbruksdrift i framtida. Ein kan i denne samanhengen vise til Berglidomen, Rt. 1967 side 1009, som er omtala i avsnittet om gjeldande rett. Særleg omsyn skal takast til om eigedomen gjennom det grunnen kastar av seg, kan gje eit tilskot å rekne med til levemåten for ein huslyd. Orda «gjennom det grunnen kastar av seg» siktar til avkasting gjennom landbruksdrift, — ikkje til dømes ved utleige til «campingplass». Ein skal vidare sjå på kva stad i landet og i kva strok eigedomen ligg. Ein lyt rekne med at levevilkåra og krava til livet vekslar frå stad til stad i landet, slik ein alt har vore inne på.

Slik § 2 er skriven, gjev den plass for avgjerd om at ein eigedom med over 15 dekar dyrka jord ikkje utan vidare treng vere odlingsjord. Men det seier seg sjølv at det skal særskilde omstende til for at ei slik avgjerd kan takast. Likevel kan det nok tenkjast. Er ein gard i eit tettbygd strok utparsellera til tomter slik at det berre er att eit lite areal ved dei gamle husa med noko hage og litt anna jord, kanskje delt opp i stykkje som ikkje heng saman, kan det vere at eigedomen ikkje lenger har karakter av jordbruk, endå om jorda samanrekna nok er meir enn 15 mål.

Som siste stykke i § 2 er sagt at ein skogeigedom under 200 dekar i regelen ikkje er odlings-

Om odelsretten og åsetesretten

jord. Omvendt kan ein skog på over 200 dekar normalt odlast.

Det kan diskuteras om ein rein skogeigedom i det heile burde reknast som odlingsjord. Legg ein avgjerande vekt på den kjenslevorne samanhengen mellom ætt og odel som ein av grunnane for odelsretten, lyt ein nok seie at tilknyttinga til ein rein skogeigedom er annleis enn til ein gard som ein blir knytt til ved å bu på og å arbeide med jorda. Skogareal har ofte vore oppkjøpt som råstoffkjelde til industrien, og eigedomsretten til slike skogar treng ikkje ha nokon samanheng med bondeyrket. Det same kan seiast om skog som er kjøpt til å setje pengar i (som «kapitalanbringelse») eller av spekulasjonsomsyn. Ein rein skogeigedom er i regelen heller ikkje bustad og heim for ein huslyd. Den har oftast ikkje hus og gjev ikkje eigaren og hans huslyd arbeid på same måten som ein vanleg bondegard. Når fleirtalet er vorte ståande ved ikkje å gjere framlegg om å unnta reine skogeigedomar frå odelsretten, er det m.a. av di det i regelen er nær samanheng mellom eigentleg jordbruk og skog. Dei fleste gardsbruka her i landet har skog. Skog og jord høyrer saman. Skal ein avgjere om ein eigedom med lite dyrka mark er odlingsjord, er det viktig om det høyrer skog til. Verdtilhøvet mellom dyrka mark og skog skifter i dei mest ulike variasjonar. Dette fører vel ikkje i og for seg til å godta som odlingsjord ein eigedom der skogen er 100 pst. av verdien. Men fleirtalet meiner det er så fast rettovertyding om at skog i privat eige er odlingsjord, at det ville vere eit for sterkt brot med tradisjonen å innføre ein annan regel, og at det ikkje vil vere noko vunne ved det. Eit slikt unnatak ville i større mon enn no leggje tilhøva til rette for at kapitalinteresser — også utanlandske — kunne kjøpe opp skogane i landet. Ein nemner at etter utkastet § 4 andre stykket kan odelsrett ikkje hevdast til ein personleg sameigepart. Kjøper to eller fleire ein skog saman, noko som ofte har hendt, kan skogen etter utkastet ikkje odlast.

Fleirtalet har fastsett ei minstegrense på 200 dekar for skog som kan odlast særskilt. Dette skulle vere i harmoni med den tilsvarande regelen for dyrka jord. Kor stort areal ein skal setje, er eit reint skjønspsørsmål. Men regelen om 200 dekar er ikkje absolutt, den er ei hovudretningsline, og det kan tenkjast unnatak. Tenkjer ein seg 180 dekar med svært god bonitet, og at eigaren bur på eigedomen og arbeider i skogen, kan tilhøva liggje vel til rette for å godta eigedomen som odlingsjord.

Paragraf 2 gjeld erved av odelsrett etter reglane i utkastet. Den seier ikkje noko om korleis det går med odelsrett som er vunnen etter dei hittil gjeldande reglane. Dette vert

omhandla andre stader i utkastet. Eit viktig tilfelle har ein i § 24.

Mindretalet (Nærstad, Øksnes) ser det slik at det så langt råd er bør gå fram av sjølve lova kva for eigedomar som er odlingsjord. Heilt ut let dette seg ikkje gjere, idet ein — som nemnt også av fleirtalet — må ta omsyn til utmarksareal, rettar og lunnende ved sida av den dyrka jorda. Men mindretalet meiner vilkåra kan og bør presiserast noko nærare enn det er gjort i fleirtalsframlegget. Desse medlemene gjer difor framlegg om at eigedomar med mindre enn 10 dekar dyrka jord aldri skal reknast som odlingsjord, medan på den andre sida eigedomar med meir enn 20 dekar dyrka jord alltid skal reknast som odlingsjord. Dermed har ein fått avgrensa tvilstilfella til eigedomar med frå 10 til 20 dekar dyrka jord. Når det gjeld denne mellomgruppa, gjer mindretalet framlegg om at slike eigedomar ikkje skal reknast som odlingsjord med mindre det høyrer til så mykje anna areal, rettar og lunnende at eigedomen sin produksjonsmessige verdi tilsvarar minst 20 dekar dyrka jord. Med dette meiner ein at eigedomen — totalt sett — skal kunne gje ei arbeidsinntekt for huslyden som i det minste svarar til arbeidsinntekta på eit bruk med 20 dekar dyrka jord. Det er klårt at vurderinga av kva som skal til for at ein eigedom skal vere odlingsjord etter andre stykket i mindretalsframlegget vil vere skjønsmessig, og at grensetilfelle kan tenkjast. Men det vil truleg i berre meir sjeldne tilfelle reise seg tvil med omsyn til om ein eigedom etter mindretalet sitt framlegg er odlingsjord eller ikkje.

Mindretalsframlegget fører til at ein rein skogeigedom aldri vil bli å rekne som odlingsjord. Etter mindretalet sitt syn bør det heller ikkje kunne hevdast odel til ein rein skogeigedom, anten den så er stor eller liten. Dei omsyna som ligg til grunn for odelsinstituttet gjer seg ikkje gjeldande på same måten her, medan på den andre sida nokre av dei negative sidene ved odelsretten nettopp gjer seg sterkast gjeldande ved kjøp og sal av skogeigedomar. Ein legg og noko vekt på at utkastet går inn for å lovfeste krav om bu- og driveplikt som vilkår for odelsløysing. Reglane om kva for eigedomar som skal kunne odlast må då utformast slik at bu- og driveplikta kan gjennomførast. Buplikt på ein rein skogeigedom vil til vanleg ikkje kunne gjennomførast.

Nygard vil for sin del leggje til at han legg stor vekt på den hovudsynsmåten at minstekrava til odlingsjord må kome til å skifte mykje etter levekår og driftsmåtar dei ymse stader i landet. Dei same grunnar som gjer at faste areal-grenser og liknande automatisk

verkande avgrensingar kunne kome til å verke sterkt urimeleg ymse stader, gjer at han er sterkt i tvil om ikkje det areal-mål på 15 dekar dyrka jord som etter framlegget står sentralt i vurderingsgrunnlaget, er sett så høgt at det kan høve dårleg mange stader. Det gjeld særleg i landsdeler der utnyttinga av heimemark og fjellvidder har vore ein viktig del av grunnlaget for jordbruksdrifta. Det gjeld likeins der attåtningar som heimefiske (og kystfiske) og ymse slag heimeindustri har gjeve viktige tilskot til levemåten på jamt over heller små bruk. Slike bruk har vore og er like fullt rekna for jordbruk i vanleg omdøme. Etter vår gjeldande lov og praksis har dei og vore rekna for odlingsjord med ned til 3—5 dekar dyrka mark. Ei areal-norm på 15 dekar dyrka jord ville vere jamgodt med ei 3-dobling eller meir. Eg er samd i at det er grunn til å setje krava noko opp, men 15 dekar vil mange stader måtte praktiserast med så store lempingar at regelen kanskje heller burde setjast noko lågare. Eg minner her om at Norges Bondelag har gått inn for 10 dekar, og eit slikt areal-mål vil truleg i mange tilfelle verke rimelegare. Etter dei reglar som det er gjort framlegg om elles i utkastet, er det heller ingen grunn til å setje areal-grensa høgare av omsyn til bruksrasjonaliseringa; odelsretten vil ikkje som tidlegare kunne vere ei hindring for samanslåing av bruk o.likn. rasjonaliseringstiltak (jfr. utkastet §§ 11, 25 og 29). Ein bør etter mi meining vere noko varsam med heilt å ta bort det odelsrettslege vernet for dei som har si tilknytning til dei små bruka, det kan veikje grunnlaget for busetjing der. Det er ikkje nett no grunn til å leggje slike bruk meir opne for oppkjøp av framande enn dei har vore tidlegare, jfr. det som er sagt om spørsmålet under allmenne synsmåtar s. 29 framanfor.

Til § 3.

Etter § 4 i odelslova frå 1821 kan odel ikkje vinnast til «Bjergværker, Fabrikker og Manufacturer, med samt den Jord, som til sammes Drift er henlagt». Reglane i §§ 1 og 2 i utkastet ville vel føre til same resultatet, men utvalet har funne det tryggast å ta opp att regelen frå 1821 i ei noko endra form. Ved formuleringa har ein hatt for auga odelsfrigjeringslova frå 1907 § 1 nr. 1. Det er meininga at regelen i utkastet skulle ha same slagvidda.

Odelsova § 4, andre passus seier: «andre Anlæg derimod, som Kornmøller, Saugbrug, Teglværker o.d.l. ere ikke til Hinder i, at jo den Jord, til hvilken de ligge, kan vorde Odelsjord». Då lova frå 1821 vart gjeven, var dei fleste sagbruk, teglverk og bygdemøller knytte til eit gardsbruk, jfr. Skeie side 72. Regelen

er nok, slik den lyder, lite praktisk i notida. På den andre sida meiner ein at den i sitt innhald er rett, og den kan kanskje framleis vere til nytte når det gjeld føretak som steinbrot, sandtak o.l. Utvalet har teke regelen med, i ei litt omarbeidd form, men tanken skulle vere den same som i lova frå 1821.

Odelsova § 4 andre stykket nemner eigedom som staten har selt på vilkår at den skal vere unnateken frå odelshevd. Tinglyser eigaren i eit slikt tilfelle fråsegn om at eigedomen skal vere odlingsjord, kan eigedomen odlast. Det har vore noko tvist om kva for eigedomar dette lovbodet tek sikte på. Det kan visast til proposisjonen frå 1907 side 10. Men etter det som der er sagt, er tilfellet no heilt upraktisk. Det var i 1907 «hengaet omkring 100 år, siden hine Klausuler indtoges i Skjøderne». Utvalet har ikkje teke med nokon regel som svarar til § 4 andre stykket i lova frå 1821.

Til § 4.

Det er nemnt i avsnittet om gjeldande rett at vassdrag sjølvstakt kan odlast saman med eit gardsbruk som det høyrer til, men at det etter rettspraksis også kan odlast særskilt. I Rt. 1930 side 492 kom Høgsterett med 4 mot 3 røyster til at eit fiskevatn åleine kunne odlast. I Rt. 1924 side 116 vart det avgjort at ei elvestrekning, som var utskild frå hovudbruket, kunne løysast (særskilt) på odel, men odelsretten var her altså vunnen saman med odel til hovudbruket. Når eit fiskevatn kan odlast særskilt, må nok same regelen gjelde også for ei elvestrekning eller ein foss (jfr. Hegje i TfR 1947 side 276). Det kan nok diskuteras om eit vatn, ei elv eller ein foss er «Jord på Landet», men ein må gå ut frå at spørsmålet er avgjort i praksis.

Utvalet finn at det ikkje bør vere høve til særskilt odelshevd på eit vatn, ein foss eller ei elv. At dei kan odlast saman med garden dei høyrer til, er ei anna sak, men når dei er lausrivne eigedomsobjekt, er dei ikkje lenger knytte til bondeyrket på ein slik måte at dei bør reknast som «odlingsjord».

Om det høyrer noko jord til fossen eller elva, slik det ofte vil vere tilfelle, fører ikkje dette eigedomen inn under odelsrett, når jorda klart er eit slag «tilhøyrslø».

Det som her er sagt, er i røynda berre ein konsekvens av regelen i § 1, at odlingsjord må kunne nyttast til landbruksdrift. Ein annan konsekvens av dette synet er at eit fjellområde som ikkje kan nyttast til jordbruksføremål, men er uproduktivt snaufjell, ikkje kan odelshevdast særskilt. (Skeie side 71 meiner noko anna etter gjeldande rett).

Ein rein bruksrett over framand eigedom må ein gå ut frå ikkje kan odelshevdast åleine etter gjeldande rett. Nokon høgsterettsdom som slår dette fast har ein ikkje etter det ein veit, men ein heradsrettsdom i RG 1935 side 357 kom til dette resultatet for ein jaktrett. Utvalet er einig i domen, og har teke med i utkastet at særskilt odelsrett ikkje kan vinnast til bruksrett over framand eigedom. Skeie side 72 er usamd i den nemnde heradsrettsdomen.

Utkastet § 4 seier ikkje noko om løysingsretten for dei som har odelsrett til hovudbruket når eit eigedomsobjekt som nemnt i paragrafen blir skilt ifrå. Dette er omhandla i § 23 andre stykket.

Andre stykket i § 4 gjeld odelshevd av sameigepart. Som det er gjort greie for i bolken om gjeldande rett, vinn ein sameigar odelsrett til ein ideell part av sameiga når vilkåra elles for odelshevd er til stades. Skeie (side 86 o.u.) har som før nemnt ei anna meining om gjeldande rett, og har sterke ankemål mot odelsrett til ideelle partar. Endå om det kanskje er ei overdriving at slik odelsrett vil føre til «uløselige rettskonflikter» (Skeie side 87) må ein nok vere samd i at det skapar vanskar når to eller fleire ættar har odelsrett til kvar sine ideelle partar av same eigedomen. Som Skeie seier (side 87): «Har to personer, A og B, og deres ættlegg odelsrett med samme prioritet til hver sin ideelle part av en gård, kan den aldri bli énnmannseie, medmindre alle i både A's og B's ætt fraskriver seg odelsretten overfor en fremmed kjøper, eller alle i det ene ættlegg oppgir sin odelsrett til gunst for det annet.» Det kan vel og seiast at eigedomsrett til ein sameigepart ikkje gjev den psykologiske tilknytning mellom ætt og eigedom som er eit hovudgrunnlag for odelsretten. Utvalet (fleirtalet) har difor kome til at odelsrett heretter ikkje bør kunne hevdast til ein «personleg» sameigepart. Men dette kan ikkje gjelde ved part som ligg til særskilt skyldsett bruk, jfr. sameigelova § 2 andre stykket. Ein slik part høyrer til garden og følgjer den også når det gjeld odel. Om sameigepartar har utkastet elles reglar i §§ 12—13.

Eit mindretal, Nygard, meiner det ikkje er grunn til å gå bort ifrå den regelen vi har og har hatt, at odel kan hevdast til sameigepartar. Dei vanskane som Skeie har nemnt og som fleirtalet viser til, kan løysast på fullt tenleg måte om ein avgrensar retten til å gjere gjeldande odelsrett når det vert gjennomført ei oppløysing av sameiga. Slike reglar er tekne inn seinare i utkastet, der det er gjort framlegg om at ein sameigars odelsrett skal gå over til det stykket han får ved ei oppløysing, og ikkje skal kunne gjerast gjeldande mot den som kjøper eigedomen på ein oppløysingsauksjon (utk. § 12). Vanskar som er løyste på annan kant,

er ikkje noko å leggje vekt på i denne samanhengen.

Vanleg sameige i landbrukseigedom er særleg praktisk når to eller fleire av ein syskenflokk tek over eigedom saman etter foreldra. Slikt vert ikkje så sjeldan gjort med jordbrukseigedomar, og det hender vel tolleg ofte med skog. Den odelshevd som er i gang på foreldra si hand, må etter fleirtalsframlegget stogge når eigedomen vert sameige mellom barna. Om eitt av barna seinare vert eigar åleine, må det vel ta til med odelshevd heilt frå nytt av. Eg synest det her er ein meir tenleg skipnad at barna held fram og fullfører odelshevd kvar til sin part i sameiga, slik ein må gå ut ifrå at det har vore regelen til no. Om eitt av barna seinare vert eigar av heile eigedomen, fører reglane seinare i utkastet til at han eller ho også får odelsretten til heile eigedomen. Dette synest for meg å vere ei grei løysing. Eg vil leggje til at etter mitt skjøn vil tilknyttinga mellom sameigarane og eigedomen i eit tilfelle som dette — og som eg reknar for typisk — vere i samsvar med det som ein elles har som grunnlag for odelshevd.

Sameige i landbrukseigedom mellom andre enn nære skyldfolk er vel ikkje på langt nær så mykje i bruk etter tilhøva no. Det har vore annleis tidlegare, og det kan også kanskje kome til å ta seg opp. Ordningar bygd på sameige i jordbruk, skogbruk osv. kan syne seg å by på føremoner. Eg trur ikkje at det i nemnande mon vil halde folk ifrå slike ordningar om ein nektar deltakarane odelsrettsleg vern, eller at det i nemnande grad vil gje folk ein tilskuv til å ordne seg slik om det framleis vert verande høve til odelshevd på vanlege vilkår. Odelsreglane får her knyte seg til den eigeform folk sjølve finn praktisk for seg.

Etter det som er halde fram vil eg gjere framlegg om at andre stykket i § 4 går ut, og i staden ta opp framlegg om at det i § 12, der dei andre odelsrettslege sameigereglane står, vert sett til eit nytt første stykke om at sameigarar hevdar odelsrett kvar til sin part i sameiga.

Til § 5.

Etter § 25 i bygningslova frå 18. juni 1965 kan det i reguleringsplan setjast av i «nødvendig utstrekning:

- 1) Byggeområder: Herunder områder for boliger med tilhørende anlegg, for forretninger, for kontorer, for industri, for sportshytter, sommerhus og kolonihagehus, samt tomter for offentlige (statens, fylkets og kommunens) bygninger, for andre bygninger med særskilt angitt allmenntilrettelig formål, for herberger og bevertningssteder og for garasjeanlegg og bensinstasjoner.

- 2) Landbruksområder: Herunder områder for jord- eller skogbruk og gartnerier.
- 3) Trafikkområder: Veger — herved forstås i denne loven også gater med fortau — plasser, bruer, kanaler, jernbaner, sporveger, rutebilstasjoner, parkeringsplasser, havner, flyplasser og andre trafikkinnetninger.
- 4) Friområder: Parker, leirplasser, turveger og anlegg for lek, idrett og sport.
- 5) Fareområder: Områder for høyspenningsanlegg, skytebaner, ildsfarlige opplag og andre innretninger som kan være farlige for allmennheten, og områder som på grunn av ras- og flomfare eller annen særlig fare ikke tillates bebygd.
- 6) Spesialområder: Herunder fiskebruk, friluftsområder som ikke går inn under nr. 4, områder for anlegg og drift av kommunalteknisk virksomhet, grav- og urnelunder, vann- og kloakkrenseanlegg, områder for opplag og destruksjon av avfall, steinbrudd, grustak, anlegg for forsvaret og sivilforsvaret og anlegg som på grunn av historisk, antikvarisk eller annen kulturell verdi bør søkes bevart.»

I jordlova frå 18. mars 1955 § 2 er det sagt at lova gjeld «for heile landet med unntak av område som i reguleringsplan stadfest av vedkomande departement, er regulert til byggeområde, trafikkområde, friområde og spesialområde». Men Kongen kan gjere vedtak om at lova eller visse føresegner i lova skal gjelde for slike område eller nærare avgrensa deler av dei.

Utvalet finn at område som etter stadfest reguleringsplan går ut som jordbruksareal, ikkje lenger bør kunne odlast. Det gjeld område som er utlagt til byggjeområde, trafikkområde eller friområde etter definisjonane i bygningslova § 25. Det kan nok tenkjast at ei reguleringsplan ikkje vert gjennomført i praksis før det er gått ei noko lang tid. Men lovbodet her gjeld hevd av ny odel. Ei reguleringsplan gjer ikkje utan vidare ende på eldre odel i området. Dette har ein reglar om i § 23 første stykket.

Det kan vere at eit område som vert utlagt til anna enn landbruksområde ikkje bør kunne odlast, — også utan at det er byggjeområde, trafikkområde eller friområde. Det kan til dømes gjelde visse slag spesialområde, jfr. bygningslova § 25 nr. 6. For slike tilfelle har andre stykket i utkastet § 5 ein regel om at Kongen kan ta avgjerd om at reglane i første stykket også skal gjelde område som er lagt ut til andre føremål enn dei der nemnde, bortsett frå landbruksområde.

Utvalet har ikkje funne grunn til nokon særregel om at odelshevd som er påbyrja før ei reguleringsplan vert stadfest, skal kunne fullførast etter dei gamle reglane. Det ville komplisere lovverket utan vesentleg grunn.

Til § 6.

Det kan stundom vere tvil om ein eigedom kan odlast. Reglane om kva som er odlingsjord

har fleire skjønsmessige moment. Dette gjeld først og fremst § 2 og § 24, men spørsmålet kan og kome opp i samanheng med andre paragrafar, såleis §§ 3 og 23. Utvalet finn at det kan vere gagnleg å få høve til å få avgjort ved skjøn, utan at nokon tvist ligg føre, om ein eigedom er odlingsjord. Det kan ha interesse for eigaren, og likeins for ein kjøpar eller ein potensiell odelsrettshavar. Retten til å krevje slikt skjøn må avgjerast etter dei vanlege reglane om «rettsleg interesse», tvistemålsl. § 54. Sjølve framgangsmåten høyrer heime i reglane om odelskjøn. Avgjerda har sjølv sagt verknad berre så lenge som tilhøva i hovudsaka er uendra. Paragrafen tek ikkje sikte på å gje høve til å få avgjort om det hefter aktuell odel på ein eigedom (eller om retten t.d. er preskribert).

Kap. II. Vilråra for odelshevd.

Til § 7.

Som det går fram av historikken (jfr. Skeie side 90), har synet på kor lang hevdstida bør vere, skift mykje gjennom tida. Dei gamle landskapslovene rekna etter ættledar (Gulatingslova: 6, Frostatingslova: 4), medan Magnus Lagabøte hadde 4 ættledar alternativt med 60 år. Christian IV's lov 1604 hadde 3 ættledar eller 30 år, NL 1687 20 år, ved frd. 1771 sett ned til 10 år. Dette galdt og opphaveleg etter lova frå 1821, men ved lov 28. september 1857 vart tida 20 år, som den framleis er.

Proposisjonen frå 1907 hadde 30 år. I grunngevinga heiter det (side 13—14):

«Med odelsrettens væsen synes det at stemme bedst overens, at hævdstiden er saa lang, at den regelmæssig ikke udløber i en enkelt eiers besiddelsestid. Da rettens øiemed er at søge bevaret jorden for slægten, bør det være en forudsætning, at slægten som saadan er knyttet til eiendommen gennem sit arbejde og gennem sit liv. Denne betragtning kunne synes at føre til, at odelserhvervelse først burde finde sted, efterat jorden havde tilhørt slægten gennem flere generationer, saaledes som forholdet ogsaa var efter de ældste norske love, eller gennem et regelmæssig til flere generationers besiddelse svarende tidsrum. En gennemførelse af denne tanke, der har været fremme under den offentlige diskussion, vilde imidlertid betegne et altfor stort sprang fra det bestaaende, ligesom det ogsaa af de indhentede erklæringer fremgaar, at der ikke hos herredstyrene raader noget ønske om en forlængelse af hævdstiden. Den nys nævnte indvending vilde vistnok ikke ramme en ordning, som lod odelserhvervet umiddelbart bero paa et generationsskifte; men en saadan ordning vilde paa den anden side være forbundet med betydelige praktiske vanskeligheder, og derhos fremkalde en stor ulighed med hensyn til hævdstidens længde for de forskellige eiendomme.

Den nuværende hævdperiode maa efter den

oven fremholdte grundopfatning af odelsrettens natur ansees at være noget knap, og departementet har derfor troet, at den passende kan forlænges til 30 aar. Denne forlængelse antages iøvrigt neppe at ville øve nogen særlig indflydelse paa selve antallet af de eiendomme, som bliver odel undergivne.»

Utvalet meiner at dei tvilsmål som proposisjonen gjev uttrykk for, har same vekt i dag, men er vorte ståande ved ikkje å gjere framlegg om endring i den någjeldande regelen. Ei hevdstid på 20 år er vel stutt til at ei ætt kan verte særleg knytt til egedomen. På den andre sida har 20-årsfristen nå ein meir enn 100-årig tradisjon, og ein kjenner ikkje til at det har vore noko ønskje om å lengje den. Endå det ikkje er avgjerande, vil ein nemne at hevdslova 9. 12. 1966 har same fristen ved egedomshevd av fast egedom. Er det rett slik det er sagt i proposisjonen frå 1907, at ei lengjing frå 20 til 30 år ikkje vil ha større å seie for talet på egedomar som vert undergjevne odel, synest det å vere eit moment som talar mot å gjere noko endring.

Utgangspunktet for odelshevda er etter andre stykket «den dagen hevdaren vart eigar med full egedomsrett», med det tillegget at fristen vert rekna frå tinglysinga av heimelen, når anna ikkje er opplyst. Dette er i røynda same regelen som etter gjeldande rett, jfr. odelslova § 6.

På same måten som odelslova § 1, krev utkastet § 7 at odelshevdaren i hevdstida har hatt «full egedomsrett». Tolkinga av dette påbodet vil vere den same som etter gjeldande rett, og den gamle teori og rettspraksis vil ha same vekt som etter lova frå 1821. Ein kan difor vise til merknadane framanfor i bolken om gjeldande rett.

For egedomsverv som er konsesjonspliktige kan det kome opp tvil om utgangspunktet for odelshevdstida.

Vert det gjeve konsesjon etter at kjøparen har teke over egedomen og site med den ei tid, vert spørsmålet om odelshevdstida skal rekast frå overtakinga eller frå det tidspunktet då han fekk konsesjon. Voss side 35 meiner at når kjøparen seinare får konsesjon, er det rimeleg å rekne odelshevdstida frå det tidspunktet då han vart eigar. Utvalet er samd i dette synet.

Tvil kan reisast i tilfelle der ein kjøpar ikkje får konsesjon, men utan at departementet brukar dei sanksjonsføresegnene vedkomande lov gjev høve til å bruke, slik at kjøparen likevel vert sitjande med egedomen. Konsesjonslova for dyrka mark 10. des. 1920 har i § 18 siste stykket første punktum denne regelen:

«Er det gått over 5 år etter den i første avsnitt omhandlede innsettelse i besiddelsen, uten at der er satt erververen frist etter første eller

annet ledd, kan ervervelsens rettsgyldighet ikke rokkes etter denne lov.»

Skeie side 97 meiner ein her må rekne at odelshevda tek til først når 5 års-fristen er ute.

Skogkonsesjonslova 18. sept. 1909 har ikkje nokon regel som svarar til § 18 tredje stykket i jordkonsesjonslova, og det har heller ikkje framlegget frå Landbruksdepartementet til nye konsesjonsreglar for fast egedom (som skal avløyse begge dei nemnde lovene og fleire andre). Fell regelen i jordkonsesjonslova § 18 tredje stykket bort, må løysinga bli at odelshevdstida vert rekna frå det tidspunktet då kjøparen vart eigar, jfr. ovanfor, og det same bør etter utvalet sitt syn gjelde om regelen (eller ein liknande regel) skulle verte ståande, endå om Skeie som nemnt har hevda eit anna syn etter gjeldande rett. Dette fører då til at når ein kjøpar av odlingsjord vert sitjande med egedomen som eigar i 20 år, har han hevda odel, sjølv om egedomsvervet var konsesjonspliktig og konsesjon ikkje er gjeve.

Tredje stykket i § 7 samsvarar med § 6 andre punktum i odelslova frå 1821.

Til § 8.

Odelslova § 1, første passus, seier at jord som skal odlast, må ha tilhøyrt «en Person eller hans Ætlæg» i 20 år. Dette har vore tolka slik at jorda i tilfelle av suksesjon må ha gått frå foreldre til barn (frå ascendent til descendent), ikkje den andre vegen, jfr. Skeie side 91 — 93, Rt. 1914 side 801 og Rt. 1948 side 428. Det er altså berre eigartidene nedover i ættledane som kan leggjast saman etter gjeldande rett.

Første stykket i utkastet slår fast at eigartid i rett nedstigande line kan leggjast saman (som nå). Men i tillegg til dette seier andre stykket at det same skal gjelde dersom garden har gått frå far (mor) til son (dotter) og tilbake til faren (mora). Derimot ikkje om sonen var den fyrste eigaren (han kjøpte garden frå framande) og sel den til faren. Samanleggjing skal etter siste punktum også gjerast når ein som har teke over egedomen frå nokon han ættar frå, t.d. faren eller bestefaren, overdreg den vidare til ein av syskena sine eller deira barn, men ikkje om ein som kjøper ein gard frå framande seinare sel den til ein bror eller ei syster. Det same skal gjelde om overgang ved tvangssal eller arv.

Utkastet utvider altså i nokon mon høvet til å leggje saman eigartida åt fleire eigarar. Men ein meiner at framlegget er i samsvar med føremålet åt odelsretten og med ei naturleg rettskjensle. I dei tilfelle utvalet tek med, har garden heile tida vore i næraste ætta. Ein viser elles til Voss side 16—17, som seier at den ordninga

som nå gjeld «kan flere tilfelle virke urime-
lig».

Skulle framlegget til nye konsesjonsreglar for fast eigedom, slik det no (mars 1972) ligg føre bli lov, vil det kunne bli konsesjonsplikt også ved overføring av odlingsjord mellom personar som etter § 8 kan rekne saman eigartidene i odelshevdstida. Dette vil vere tilfelle når vilkåret om bu- og driveplikt (§ 6 nr. 1 i konsesjonslovutkastet) ikkje kan oppfyllest. Det er tenkjeleg at det her kan kome opp spørsmål om konsesjon for overtakaren kan nektast etter at han har fullført odelshevd som var påbyrja av overdragaren. Utvalet meiner det må vere klårt at ein odlar (jfr. § 14 første stykket og merkna-dane til § 7) ikkje kan eller bør kunne fråtakast eigedomen ved konsesjonsnekting, og det utan omsyn til kor stor eller liten del av odelshevdstida han sjølv har vore eigar.

Til § 9.

Etter lov 28. september 1857 kan ein eigar, så lenge odelshevdstida ikkje er ute, gje skriftleg fråsegn om at eigedomen skal vere fri for odel. Men han kan ikkje frigjere eigedomen for odelsrett som alt eksisterer. Han kan kva tid som helst kalle fråsegna tilbake, med den verk-nad at ny odelshevdstid vert rekna frå tilbake-kallinga.

Proposisjonen frå 1907 hadde ein regel som i hovudsaka svara til lova frå 1857. Det er sagt i motiva side 15 at regelen ikkje har hatt noko større å seie praktisk. Fråsegn om odels-fridom har vore sjeldne. Departementet var difor i tvil om det var rett å halde på regelen:

«Der kan ogsaa opkastes spørsmåal om, hvorvidt det er fuldtud stemmende med odelsrettens væsen, saaledes som vor lovgivning i øvrigt oppfatter den, at opstille regler, hvorved det helt og holdent prisgives en enkelt besidders vilkaarlighed, hvorvidt de af loven i slegtens og i samfundets interesse fastsatte regelmæssige retsvirkninger af hans besiddelse skal indtræde eller ikke, ja endog hvorvidt hans slegts forud-gaaende besiddelse af jorden i et tidsrum, der maaske nærmer sig hævdstiden, overhovedet skal faa nogen virkning til at begrunde odels-hævd.»

Departementet vart likevel ståande ved å halde på regelen, men med den endringa at den berre skulle gjelde for ein eigar som sjølv hadde byrja odelshevda, men ikkje fullført den. Grunn-gjevinga var at ved dette

«vil det opnaaes at afskjære de misbrug, hvortil regelen ellers lettelig kan give anledning, nemlig derigjennem, at en aasædesarving, som ved kjøb eller på skifte har overtaget en eiendom, som har været saa længe i slegten, at odel snart er vunden, lader tinglyse erklæring om odelsfrihed og derefter benytter sig af adgangen til, naar han finder tidspunktet beleiligt, at sælge eiendommen ud af slegten, uden at nogen siden kan gjøre odelsrett gjeldende».

Departementet ville og ha ei anna avgrensing i regelen frå 1857. Fråsegna skulle berre ha verknad for den tid som fråsegngjevaren (og ekte-make i felleseige) sat med eigedomen.

Utvalet er samdi at det er grunn til å halde på regelen, trass i at det kan vere tvilsmål, slik det går fram av det som er sitera framan-for. Ein finn ikkje grunn til å gjere den avgren-singa at fråsegngjevaren må ha byrja odelshev-da sjølv. Snur ein litt på det dømet departemen-tet nemnde i 1907, vil ein sjå at det har lita vekt, dersom ein først i prinsippet vil ha regelen. Ein kan tenkje seg at faren har byrja hevda og har hatt garden eitt år, så overtek sonen. Det kan ikkje vere rimeleg at sonen skal vere avskoren frå odelsfritaking fordi faren ei kort tid har ått eigedomen. Derimot har utvalet gjort slike endringar som lov om eigedomstillhøve mellom ektemakar frå 20. mai 1927 gjer naud-synlege eller naturlege.

Kap. III. Samodling ved ektemakar.

Til § 10.

«Af Ægtefolk, som leve i Fællig, kan den ene ikke faae Odelshævd paa den Andens med Odel nedarvede, ikke heller paa dennes, før Ægteska-bet odlede Jord», heiter det i odelslova § 5. Men — heiter det vidare, «erhverve de Odel i Fællig, eller den Ene eier Jord uden Odel, idet de komme sammen, da odle de den fælleds og for fælleds Afkom, og det endog, om kun den Ene, og hvilken som helst af dem, oplever Odelshævdstiden».

Som det er nemnt i det historiske oversynet, ga alt Håkon V ei rettarbot (2. mai 1313) som skulle hindre at odelsjord vart overført frå ei ætt til ei anna. Denne regelen har vi hatt sidan, og det har etter det ein veit, ikkje vore spørsmål om å endre den. Regelen er teken opp i første stykket i utkastet § 10. Ein som gifter seg med eigaren av odelsjord, får altså ikkje odels-rett til eigedomen, sjølv om ektemakane har fel-leseige. Det same gjeld om ein ektemake under ekteskapet vert eigar av jord han (ho) har odels-rett til, anten det skjer ved kjøp eller på annan måte (t.d. arv) og utan omsyn til om han (ho) hadde (nedervd) odelsrett før ekteskapet eller om odelshevda vart fullført under ekteskapet av foreldra eller elles ein som ektemaken utlei-ar odelsretten sin frå. Dette gjeld sjølv om jorda blir felleseige mellom ektemakane. Ja, er det fel-leseige, blir resultatet det same om det er den odelslause ektemaken som får den formelle heimelen. Vert farsgarden til kona skøytt til mannen hennar, er det berre ho og ikkje han som blir verande ved odelsretten. Men utkastet går eit steg vidare. Det seier (i andre passus

i første stykket) at om ein av ektemakane før ekteskapet eig odlingsjord, men utan å ha odelsrett ennå — hevdstida er ikkje ute — er det berre han (ho) som fullfører odelshevida, endå om dei har felleseige. Dette meiner utvalet er ein ny regel. Det har nok vore reist tvil om dette. Lova frå 1821 seier at ektemakar som lever i «Fællig» hevdar odel saman, og ein har grunna på om ordet «Fællig» femner om felleseige etter den no gjeldande ektefellelova frå 1927, eller om ein skal stille det likt med særeige, sjå t.d. Voss side 28 o.u. og eit referat av ein heradsrettsdom hjå Skeie side 78. Men utvalet ser det slik at ektemakar som eig ein fast eigedom i felleseige etter lova frå 1927, etter no gjeldande rett odlar eigedomen saman, slik dei gjorde etter den tidlegare eigeskipnaden mellom ektefolk (før 1927). Men dermed er ikkje sagt at det i den nye odelslova bør bli samodling i same mon som nå. Etter lova frå 1927, der ektemakar i felleseige rår for kvar sin del av buet inter vivos, vil det vere naturleg at fast eigedom som den eine ektemaken eig før ekteskapet og fører inn i buet, utan at han (ennå) har odelsrett til den, odlast berre av han (henne), utan at den andre ektemaken får odelsrett. Dette er best i samsvar med det sjølvstendige rådvelde som kvar av ektemakane har over sin (rådvelde-) del av buet etter lova frå 1927. Regelen vil og vere lett å praktisere. Det valdar i regelen ingen vanskar å halde greie på eigedom som den eine ektemaken åtte før ekteskapet kom i stand.

Same regelen (særodling) som etter dette skal gjelde for eigedom som den eine av ektemakane eig frå før ekteskapet, skal etter utkastet og gjelde for eigedom som ein av dei får under ekteskapet som arv eller gåve. Når det gjeld arv, må ein seie at regelen står i godt samsvar med dei reglane som står frammanfor i paragrafen, og som det her er gjort greie for. Tvil kan ein derimot ha ved gåve, men tvilen er vel meir av faktisk art. Det kan nemleg vere at gåva i røynda er gjeven til begge ektemakane saman. Det må følgje av vanlege provreglar at den ektemaken som meiner at det berre er han som er gåvemottakaren, må godtgjere dette. Det tilsvarende må gjelde om ein testamentarisk disposisjon.

Fast eigedom som vert særeige for ein ektemake, bør bli særodel, og det utan omsyn til ervervs måten.

Utkastet har og reglar om odlingsjord som ein ektemake blir eigar av under ekteskapet og der foreldra har påbyrja, men ikkje fullført odelshevid. Er eigedomen ei gåve, kjem den inn under det som alt er nemnt. Men endå om det gjeld kjøp, meiner ein det naturlegaste er at det blir særodel for den ektemaken som har teke over eigedomen etter foreldra sine, utan

omsyn til kven av ektemakane som får heime-len, og sjølv om det er felleseige i ekteskapet. Likt med foreldra ser ein dei som eigaren etter § 8 kan rekne saman eigartida si med, t.d. om ein bror eller ei syster har overdrege eigedomen under slike tilhøve som nemnt i § 8.

Når det gjeld eigedom som ektemakar i felleseige vert eigarar av under ekteskapet i andre tilfelle enn dei som her er nemnde, meiner utvalet det bør bli samodling. Dette vil då særleg gjelde eigedom som dei kjøper frå «framande». Her vil det ofte kunne tvistast om det berre er den eine ektemaken som har ført eigedomen inn i buet, eller begge saman. Er eigedomen kjøpt inn for medel som ektemakane har lagt seg opp under ekteskapet, vil det gjerne vere det rette å sjå det slik at dei begge har vore med på oppsparing av kjøpesumen, endå om kona ikkje har hatt direkte inntektsgjevande arbeid. Ved skifte av skilsmissebu kjem liknande spørsmål stundom opp i rettspraksis. Ei sak referera i Rt. 1963 side 32 galdt ikkje fast eigedom, men særleg gjennom det dissenterande votum frå ein av domarane vert problemet sett klårt på spissen. Når ektemakane hadde makta så dyre innkjøp, «var grunnen også den at hustruen var sparsommelig når det gjaldt utgiftene til husholdningen», og innkjøpa var difor «et resultat av en økonomisk innsats fra begge ektefellers side», heiter det i dissensen.

I slike tilfelle, som ikkje er uvanlege, vil det difor vere både det rettferdigaste og dessutan det enklaste, retts teknisk sett, å sjå det slik at fast eigedom som ektemakane har fått under ekteskapet på annan måte enn ved arv eller gåve, skal reknast for førd inn av begge ektemakane saman, når dei har felleseige. Den odelsrettslege stoda i desse tilfella er omhandla i slutninga av paragrafen.

Det har ikkje vore heil semje om korleis orda i § 5 i lova frå 1821: «da odle de den fælleds og for fælleds Afkom», skal tolkast. Skeie seier om dette (side 77): «Den klareste ordning får man ved den fortolkning at ektefellene bare odler for fellesbarn, ikke for seg selv og heller ikke for barn de har eller får med andre.» Denne tolkinga har som føresetnad at orda «fælleds og» frammanfor «for fælleds Afkom» skal reknast som uskrivne («da odle de den for fælleds Afkom»). Tolkinga til Skeie fører ikkje alltid til rimelege resultat. Sett at ein enkjemann med ein son kjøper ein gard. Etter å ha hatt garden i 18 år gifter mannen seg på ny, men det kjem ingen barn i det nye ekteskapet. Etter Skeie, slik ein skjønar han, får korkje ektemakane eller sonen til mannen i første ekteskap odelsrett i dette tilfelle når hevdstida er gått. Men dette kan ein ikkje sjå som gjeldande rett. «Kongtorpdommen» i Rt. 1963 side 599 gjer det klårt at rettspraksis ikkje følgjer læra åt

Skeie. Ved denne domen vart det avgjort at ektemakar utan fellesbarn begge hevdar odelsrett etter § 5 første stykket når dei har felleseige, og at også særkullsbarna til kvar av dei får odelsrett, (men med dårlegare prioritet enn fellesbarn, dersom slike finst). Men prinsippet som «Kongtorpdomen» byggjer på, kan også kritiserast. Har ein ugift mann ein gard i 19 år og han så gifter seg, får ikkje berre han, men kona òg, odelsrett når eitt år er gått, og har kona barn frå før, får dei også odelsrett til same tid som mora. Dette er langt ifrå ei sjølv-sagd ordning, jfr. m.a. heradsrettsdomen i «Kongtorpsaka».

Reglane i utkastet vil føre til at ektemakar i felleseige som kjøper ein fast eigedom, begge får odelsrett når 20 år er gått. Dei odlar ikkje berre for seg sjølv, men og for fellesbarn og særkullsbarn, og dette gjeld sjølv om berre ein av ektemakane opplever fullføring av hevda. Men har foreldra åt den eine ektemaken (eller ein annan som han kan avleie odelsrett frå) byrja odelshevd då ektemakane vart eigarar av garden, vert garden særodel for denne (etter reglane framanfor i paragrafen), og det tilsvarende gjeld for eigedom som den eine ektemaken åtte før ekteskapet.

Prioriteten er omhandla i § 17.

Eit mindretal, N y g a r d, meiner fleirtalsframlegget avgrensar høvet til samodling alt for sterkt. Ein ektemake som etter reglane no hevdar odelsrett i jambreidd med den andre, vil etter framlegget i ei rekkje tilfelle stå utan odelsrettsleg vern. Han vil kome til å stå utan odelsrett i ein skiftesituasjon, og han vil ikkje kunne løyse eigedomen på odel i ein krisesituasjon. Dette gjeld endå om han har vore knytt til eigedomen like lenge som den andre og kanskje det meste av sitt vaksne liv. Om han får overta eigedomen som sin åleine seinare, lyt han byrje odelshevd heilt frå nytt av. Eg synest ikkje dette er heilt ut rimeleg.

Dei no gjeldande unnataka frå samodlinga har si særlege grunngeving. Er eigedomen frå tidlegare odelen til den eine ektemaken, står det og normalt ei odelsætt på hans side, og eigedomen bør ikkje kunne gli varig over i ætta åt den andre (tilhøvet mellom odelsætta og denne ektemaken er og spesialregulert — odelslova § 16, utk. §§ 31—34). Er eigedomen gjort til særeige, er det likeins etablert eit vern mot at eigedomen skal gli ut av eiga åt vedkomande. Men i andre tilfelle bør ektefolk etter mi meining liksom no odle saman og få odelsrett begge to.

Mot samodling er særleg gjort gjeldande at den kan føre til at det blir to odelsætter, noko som reiser vanskelege prioritetsspørsmål. Etter mi meining er rette boteråda mot dette å lovfeite ein i n n b y r d e s p r i o r i t e t, så langt det

kan ha eit rimeleg grunnlag og vere praktisk trong til det. Dette er gjort i utk. § 17, særleg mindretalsframlegget der. Å halde eine ektemaken heilt utanfor odelshevda synest å vere ei altfor hard og ikkje heilt høveleg boteråd. I dei tilfella som fleirtalet vil ta unna frå samodling, vil eg såleis nøye meg med å gje best odelsprioritet til den av ektemakane som har ført eigedomen inn i buet, og likeins gjennomføre same prioritetsregel for dei andre samodlings-tilfella. Berre der ektemakane har ført inn eigedomen saman, vil dei få sams odelsprioritet. Sjå nærare utk. § 17 med merknader.

I mange av tilfella vil dette vere eit likså klårt avgjeringsgrunnlag som reglane i fleirtalsframlegget. Eigedom som ein av makane eig frå før ekteskapet eller har fått som arv eller gåve seinare, er tvillaust også innført av han. Eigedom som på annan måte er overteken frå foreldra eller besteforeldra til den eine (ev. via ei sideline), kan derimot likså gjerne vere innført i buet av den andre eller av begge saman; det spørst kvar midlane har kome frå. Ein kan her tenkje seg tilfellet så klårt som at kona har fått i forskot på arv dei kr. 100.000 som skulle til for å løyse garden på panteauksjon mot foreldra til mannen. Eg synest ikkje at ho i eit slikt tilfelle bør haldast odelsrettsleg utanfor så mannen får odelsretten åleine. Etter mitt syn bør begge få odelsrett, men kona best prioritet. Har begge skaffa midlane, eller er det uklårt, får dei dele prioriteten. Eg er samd i den synsmåten som er nemnd, at når det gjeld medel som ektemakane har lagt seg opp i ekteskapet, er det grunn til å sjå det slik at dei begge har vore saman om oppsparinga, og det talar etter mitt syn for at dei i så fall også bør vere saman om odelsretten og få same prioritet.

Våre gjeldande reglar om sambu mellom ektefolk og om skifte av slikt busameige er i stor mon nettopp bygde på kven som har ført eigne-lutane inn i buet. Det vil jamnast måtte takast stilling til dette i alle fall. Å knyte odlingsreglane til eit heilt anna avgjeringsgrunnlag kan då gje haltande løysingar og stundom kome til å komplisere avgjerdene. I eit tilfelle som nett nemnt der eigedomen er kjøpt for kona sine midlar, vert det såleis ho som har disposisjonsretten, eigedomen hefter for hennar gjeld og ho vil ha uttaksretten etter skiftelova. Etter fleirtalsframlegget skulle ho likevel — trass i at eigedomen er kjøpt odelsfri — haldast utanfor odlinga og eigedomen verte særodel for mannen. Eg nemner at tilfellet og vil falle utanfor fleirtalsframlegget til § 17.

I samsvar med det som her er halde fram, har eg forma eit eige framlegg til § 10. Det bør sjåast i samanheng med § 17 som inneheld prioritetsreglane etter samodling.

Kap. IV. Særskilt om makeskifte og om odelsrett i sameieghøve.

Til § 11.

Lova frå 1821 fastset i § 7: Mageskiftes Odelsjord lige for lige, bliver hver Jord dens Odel, som bekommer den i Mageskifte, men gives Mellemlag, da søger hver Æt den Odel, som før tillaae den.»

Denne paragrafen gjeld både byte av heile (odels-) eigedomar og byte av teigar eller stykkje. Byte av heile odelsgardar utan mellomlag er lite praktisk. Det er heller ikkje så naturleg å få odelsrett til ein ny gard på dette viset. Utvalet har difor funne at § 7 i lova frå 1821 ikkje bør haldast oppe slik regelen nå lyder. Praktisk er det derimot at to eigedomar byter jordstykkje eller teigar, gjerne for å få ei meir lagleg arrondering. I slike tilfelle bør kvar teig kome inn under «odel eller odling» på den garden teigen vert høyrande til. Er det odel på garden, går teigen inn under odelen, er odelsheva ikkje ferdig, vert teigen odla saman med garden elles.

Lova frå 1821 set som vilkår for odelsbyte at det ikkje vert gjeve mellomlag. For mellomlag i pengar har utkastet prinsipielt same regelen, men regelen er ikkje så absolutt som i odelslova. Eit pengevederlag kan relativt ha så lite å seie at bytetransaksjonen likevel må sjåast som eit makeskifte. Då kan det vere rimeleg å følgje hovudregelen. Det kan vel kanskje oppstå vanskelege skjønsspørsmål, men utvalet vil tru dei vil vere heller sjeldne.

I andre stykket er sagt at desse reglane gjeld tilsvarande om ein teig vert bytt med ein råderett over ein annan eigedom. — Eit anna tilfelle er at den eine garden gjev frå seg ein mindre verdfull teig enn den andre, men skøyter på med ein råderett (servitutt) over sin grunn. Her gjeld hovudregelen, — første stykket siktar ikkje til «mellomlag» i rettar.

Når eigedomsgrensene mellom gardar vert endra ved jordskifte, eller bruksrett vert avløyst med eit grunnstykkje etter kap. 13 i jordskifte-lova eller § 7 i lov om særlege råderettar over framand eigedom, skal reglane i første stykket gjelde tilsvarande. Det same gjeld og om avlysing skjer friviljugt etter avtale mellom partane. Dette er sagt i tredje stykket. Regelen samsvarar med gjeldande rett (Skeie side 105—106) så langt det gjeld grunnstykkje, men bør gjelde tilsvarande om byteobjektet på den eine sida er ein rett.

Som det er gjort greie for før, har staten etter §§ 10—11 i jordlova forkjøpsrett til fast eigedom ved mest alle slag eigarskifte (sal, arv, tvangsauksjon, skifte), men ikkje når eigedomen skal gå over til visse nærskylde personar. Etter § 30 kan Kongen frigjere for odel ein

eigedom som staten har fått ved kjøp eller forkjøp, men ikkje andsynes den personkrinsen som er nemnd i § 11, med mindre vilkåra for oreigning ligg føre. Når staten har kjøpt ein eigedom til rasjonaliseringsføremål (for å leggjast til ein annan eigedom som tilleggsjord), og eigedomen er frigjord for odel etter § 30, går altså all odelsrett til eigedomen tapt. Vert den lagd til ein annan eigedom, som er odelsjord, vil eigaren av den samanslegne eigedomen i dei første 20 åra berre ha odelsrett til den «gamle» luten av ei samla brukseining. Og etter fullført odling av tilleggsjorda, kan det verte ulike odelsrettslege tilhøve for dei ymse deler av ei brukseining. Dette kan ikkje vere heldig, og utvalet meiner tilleggsjorda bør gå inn under odel eller odling på hovudeigedomen.

Det kan vere at ei rasjonalisering med tilleggsjord vert gjennomført utan at staten treng nytte sin forkjøpsrett. Saka kan bli ordna minneleg mellom partane. Odelsrettsleg bør det ikkje gjere frå eller til om rasjonaliseringa skjer på denne måten, og utvalet har forma lovbodet ut frå dette synet. Vilkåret er at fylkeslandbruksstyret har godkjent salet fordi kjøparen bør få tilleggsjord, og at jorda er frigjord for eldre odelsrett. Ein har gjort framlegg om brige i dei no gjeldande reglane om odelsfrigjering i § 30 i jordlova for å gje høve til odelsfrigjering i slike tilfelle. Sjø nærare merknader til § 29 i utkastet.

Eit mindre tal i utvalet (Nygard, Nærstad, Øksnes) gjer framlegg om eit særskilt siste stykke i tillegg til det som elles er sagt i paragrafen.

Det hender at jordeigedomar vert stilte til rådvelde for fylkeslandbruksstyret for å brukast i strukturrasjonaliseringa, mot at eigaren får overta ein annan eigedom frå fylkeslandbruksstyret. Det er altså her spørsmål om makeskifte av heile eigedomar. Slike ordningar som nemnt kan vere eit nyttig middel til å fremje ei utvikling av bruksstrukturen i jordbruksnæringa som samsvarar med føremålet i jordlova, og bør difor oppmuntrast i lovgjevinga. Men det vil kunne skippe avtaler av dette slaget om ein eigar må gje frå seg odelsjord mot å få att ein odelsfri eigedom. Desse medlemene gjer difor framlegg om at odelen i eit slikt tilfelle går over på den nye eigedomen. Men vilkåret må vere at den eigedomen som vert stilt til rådvelde for fylkeslandbruksstyret først vert gjort odelsfri (jfr. § 29), slik at den tidlegare eigaren ikkje får odelsrett til begge eigedomane. Det som her er sagt om odelsovergang skal etter framlegget også gjelde jord som er under odling, og meininga er at odelshevd som er påbyrja på den første eigedomen held fram på den eigedomen vedkomande får overta. I det siste tilfellet vert det sjølvsagt ikkje spørs-

mål om noko odelsfrigjerung, — med mindre andre enn eigaren måtte ha odelsrett til den eigedomen han gjev frå seg.

Reglane er meint å skulle gjelde utan omsyn til om det er likeverdige eigedomar som går i byte, og utan omsyn til om det vert gjeve eit større eller mindre mellomlag. Dette ser ein som naudsynleg om reglane skal kunne tene føremålet sitt.

Odelsretten vert ikkje særleg utvida ved dette. Ein minner om at det etter den regelen vi har hatt i odelsretten frå gammalt har vore høve til overflytting av odelsrett ved makeskifte av heile gardar og gardpartar, og at det etter reglane elles i denne paragrafen skal innførast som nytt at tilleggsjord som vert lagd attåt ein eigedom skal kome inn under odelen der. Tillegget frå mindretalet går ut på at odel eller odling vert overført til ein eigedom som er eller vert gjort odelsfri, samstundes som odel eller odling fell bort på den eigedomen som eigaren flytter ifrå.

Den viktigaste grunnen til at mindretalet gjer framlegg om denne tilleggsregelen, er at eit slikt byte av eigedom har som føremål å skape meir rasjonelle brukstilhøve. Dersom odel eller odling i tilfelle som nemnt ikkje skulle kunne overførast til den nye eigedomen som eigaren går med på å flytte til, kan det tenkjast at dette vil motverke og gjere det vanskeleg å få eigaren til å samtykkje i ei slik strukturrasjonalisering. Med mindretalet sitt framlegg vert denne hindringa fjerna utan at odelsretten vert særleg utvida.

Til § 12.

Når ei sameige vert delt mellom sameigarane etter høvestalet mellom dei, slik at kvar sameigar får ein fysisk part som svarer til den ideelle parten hans, samsvarar det med rettspraksis at odelsretten går over på den fysiske parten. Ein kan her m.a. vise til høgsterettsdomar i Rt. 1946 side 1021 og Rt. 1949 side 702.

Når sameige grunn vert delt på annan måte enn etter høvestalet, er reglane i dag ikkje heilt klåre, jfr. høgsterettsadvokat Hegje i Lov og Rett 1963 side 156 o.u. Hegje gjennomgår her to domar, ein i Rt. 1961 side 129 og ein plenumsdom i Rt. 1962 side 1138, og han finn at det ikkje er godt samsvar mellom dei. I plenumsdommen var sakstilhovet det at sameige grunn vart delt mellom dei to sameigarane, slik at den av dei som hadde best odelsrett, tok over ein part som var noko mindre enn halvparten. Det var altså ikkje «full identitet» mellom den tidlegare ideelle parten og den fysiske delen han overtok. Høgsterett fann likevel at han hadde odelsrett til denne fysiske delen. Hegje meiner dette resultatet er rimeleg, men at det er mange

spørsmål ved slik deling som vert uløyste og som det er vanskeleg å passe inn under domen. Han viser til Rt. 1961 side 129, der odelsrett til fysiske partar som ikkje samsvara med dei ideelle, ikkje vart godteke.

Utvalet er einig i at domen frå 1962 ikkje avgjer korleis stoda vart for den sameigaren som hadde den svakaste odelsretten og som ved delinga fekk den største delen (større fysisk del enn hans tidlegare ideelle del). Dette spørsmålet låg då heller ikkje føre i saka. Utvalet finn ikkje grunn til å gå nærare inn på spørsmålet om kva som må reknast for gjeldande rett i dag, men gjer framlegg om reglar om ei praktisk løysing for framtida.

Første stykket i paragrafen gjeld det tilfellet at sameiga vert oppløyst med fysisk deling mellom sameigarane. Grunnlaget kan vere minneleg avtale, jordskifte eller oppløysing etter § 15 i sameigelova. Om dette heiter det at kvar av sameigarane får odelsretten til det stykket han får utlagt, så sant han før delinga hadde odelsrett (anten til ein ideell part eller til heile sameiga). Dette gjeld sjølv om det stykket han får utlagt er større enn det som skulle falle på han etter høvestalet i sameiga.

Uttrykket «sameige i odelsjord» er meint også å skulle dekkje det tilfellet at nokre av sameigarane har odelsrett, andre ikkje. I så fall får berre dei som før oppløysinga hadde odelsrett (til ein ideell part eller til heile sameiga) odelsrett til den fysiske parten. Dei som før oppløysinga hadde odelsrett til heile sameiga, vil framleis ha odelsrett til dei einskilde partane som sameiga vert delt i, men får ikkje i og med delinga større løysingsrett til nokon fysisk part enn dei før eventuelt hadde.

Meininga med regelen er at delinga ikkje skal føre til andre brigde i dei odelsrettslege tilhøva enn det som følgjer av at dei ideelle eigedoms-partane i sameiga vert avløyste av eigedomsrett til ein fysisk part av den. Dette med det unnataket at ein sameigar (med odelsrett) alltid får odelsrett til sin nye part etter delinga, slik som nemnt ovanfor.

Det kan nok reisast visse prinsipielle motsegner mot den løysinga utvalet her gjer framlegg om. Men rettteknisk har den skipnaden framlegget går ut på klåre føremonar, og utvalet har kome til at dette bør vere avgjerande.

Andre stykket i paragrafen har eit par særreglar for det tilfellet at sameiga vert oppløyst ved auksjonssal, jfr. § 15 andre stykket i sameigelova. Denne oppløysingsmåten fører normalt til at heile sameiga går over til eineigedom — anten til ein av dei tidlegare sameigarane eller til ein utanforståande. Føresetnaden for oppløysing ved auksjon etter § 15 andre stykket i sameigelova er at tingen ikkje kan delast utan skade. Det ville då vere ille om ein som kjøpte

ei sameige på ein oppløysingsauksjon skulle måtte finne seg i at deler av den etterpå vart løyst på odel. Utvalet gjer difor framlegg om at dei tidlegare sameigarane ikkje kan løyse eigedomen frå auksjonskjøparen eller rettsetterfølgjarane hans. «Rettsetterfølgjarane» er meint å skulle omfatte både kjøparar (og gåvemottakarar), arvingar og ein som måtte kjøpe eigedomen ved ein tvangsauksjon, der kjøparen på oppløysingsauksjonen er saksøkt.

Forbodet mot odelsløysing i andre stykket i paragrafen gjeld og ein tidlegare sameigar som måtte ha odelsrett til heile sameiga, og som altså elles ville kunne ha løyst det heile frå auksjonskjøparen. Ein sameigar har etter § 15 andre stykket i sameigelova førerrett til å få sitt bod godteke på oppløysingsauksjonen (under elles like vilkår), og det må vere tilstrekkeleg for han. Han har ikkje noko rimeleg krav på å kunne løyse sameiga på odel frå auksjonskjøparen om han ikkje brukar den retten han har på auksjonen.

Dersom kjøparen på oppløysingsauksjonen er ein sameigar som tidlegare hadde odelsrett til ein part, får han etter utkastet odelsrett til heile eigedomen. Dette er nok ingen sjølvsgd regel. Det er ingen vanleg måte å vinne odelsrett på. Men utvalet har meint at regelen vil vere rasjonell og praktisk, av di odelsretten vil bli samla og ikkje delt opp i partar. Alternativet måtte truleg vere at heile odelsretten gjekk tapt, også om kjøparen var ein tidlegare sameigar med odelsrett, men dette tykkjast vere ei mindre naturleg løysing.

Siste punktum i andre stykket slår fast at ein utanforståande med betre odelsrett til eigedomen (enn sameigarane) har same løysingsrett som før sameiga vart oppløyst. I uttrykksmåten «betre odelsrett til eigedomen» ligg at vedkomande må ha løysingsrett til heile sameiga — ikkje til berre ein del av den. Men har ein utanforståande betre odelsrett til heile sameiga enn nokon av sameigarane, ville han kunne ha løyst heile sameiga på odel før oppløysingsauksjonen, og han bør då ha same løysingsrett andsynes auksjonskjøparen — så lenge løysingsretten ikkje er preskribert. Det kan synast noko underleg at ein utanforståande i denne relasjonen skal stå sterkare andsynes auksjonskjøparen enn ein av sameigarane som måtte ha odelsrett til heile sameiga. Men for det første er som nemnt vilkåret at den utanforståande har betre odelsrett enn nokon av sameigarane. For det andre kjem det til at ein utanforståande lettare enn sameigarane står i fåre for å tape retten sin om han ikkje skulle kunne løyse eigedomen frå ein som kjøpte den på ein oppløysingsauksjon.

I høve til oppløysing med fysisk deling mellom sameigarane (første stykket) er det ikkje

trong for nokon regel med omsyn til kva løysingsrett ein utanforståande odelsrettshavar skal ha: han vil som nemnt framanfor ha same løysingsrett som han hadde før delinga, — anten odelsretten hans galdt heile sameiga eller berre ein ideell part.

Utvalet har vore inne på tanken om å gje ein særskild regel for det tilfelle at fleire odelsbruk vert slegne saman til sameige mellom eigarane. Regelen måtte då bli at kvar av sameigarane får odelsrett til ein så stor brøkpart i sameiga som i verdi svarar til det han har skote inn. Men utvalet er vorte ståande ved ikkje å gjere framlegg om ein slik regel. Det hender nemleg — etter det ein kjenner til — ikkje at gardar vert slegne saman til sameige mellom fleire eigarar. Det hender derimot at fleire granar kan gå saman om sams bruk, og dette kan vere ei rasjonalisering som det i og for seg kan vere grunn til å oppmuntre, men i slike tilfelle vert dei einskilte eigedomane ståande som særskilde eigedomar, med grenser og kvar sine eigarar som før. Det er difor truleg ingen trong for nokon lovregel om dette. Skulle det hende at eigedomar vert slegne saman til sameige, lyt truleg odels spørsmålet løysast slik ket (s. 47 framanfor).

Et mindretal, Nygard, meiner at det i denne paragrafen, som gjeld sameige i odelsjord, bør setjast til eit nytt første stykke:

«Sameigarar hevdar odel kvar til sin part.»

Til grunningjeving viser han til det han har gjort gjeldande i merknadane til § 4 andre stykket (s. 47 framanfor).

Til § 13.

Den regelen som er omhandla i 4 andre stykket vil ikkje føre til at det i framtida ikkje vil vere odelsrett til ideelle partar. For det første vil odelsrett som gjeld i dag, eksistere vidare og bli nedervd i ættene. For det andre kan det hende at fleire som alt har odelsrett til ein eigedom, tek den over saman (jfr. t. d. Scheedomen, Rt. 1948 side 69). Utvalet meiner at endå om odelsretten til ideelle partar i slike tilfelle må stå ved lag, er det ikkje grunn til å oppmuntre ein slik tilstand. Difor har ein i § 13 gjort framlegg om ein regel som vil kunne føre til at odelsretten blir samla på ei hand (eller på færre hender): Når ein sameigepart blir overført til ein annan sameigar som har odelsrett til sin part, får overtakaren odelsrett til den parten han tek over, når den overførte parten tidlegare var odelsfri eller det ikkje er gjort steg til løysing innan foreldingsfristen. Det siste vil altså seie at overtakaren hevdar odel til den nye parten etter berre 3 år.

Regelen er langt i frå sjølvsgd, og det kan nok seiast at den ikkje samsvarar godt med

andre framlegg i utkastet som går ut på å snev-
re inn området for odelsretten. Det kan og gje-
rast den motsegna mot regelen at den ikkje
tek omsyn til den relative storleiken mellom
partane. Om eigaren av ein stor part tek over
ein som er mykje mindre, eller tilhøvet er det
motsette (eigar av liten part tek over ein stor),
får overtakaren etter 3 år odelsrett i begge til-
felle. Men motivet for framlegget er å gjere
eit komplisert rettsshøve enklare, og det ville
ein ikkje nå ved unnatak og atterhald. Regelen
gjeld ved all slags overtaking, sal, gåve osv.
Overtakaren må sjølv ha odelsrett til sin «gam-
le» part. I så fall vert denne odelsretten utvida
til å femne om den overtekne parten, anten
det ved overtakinga var odel på den eller ikkje
(og i tilfelle odel, at det ikkje blir reist løysings-
sak innan preskripsjonsfristen).

Kap. V. Om kven som har odelsrett og om odelsrekkefølga.

Til § 14.

Første stykket inneheld ein heller sjølvsgad
definisjon. I lova frå 1821 svarar «Odels-Erhvær-
ver» til «odlar» i utkastet, sjå lova frå 1821 § 2.

Andre stykket seier at etterkomarane til
odlaren, dvs. dei som i rett nedstigande line
ættar frå han, har odelsrett. Vilkåret er — som
etter lova frå 1821 § 2 — at odelsrettshavaren
er fødd før garden gjekk ut av slekta, og dette
er presisert til «før jorda gjekk over til nokon
som ikkje har odelsrett» (det er hevda ulike
syn på kva som etter gjeldande rett meinst
med uttrykket «ud af Familien» i odelslova §
2). Dette tidspunktet treng ikkje falle saman
med utgangspunktet for preskripsjon av
løysingsretten. Etter § 35 byrjar preskripsjons-
fristen den dagen då den nye eigaren får ting-
lyst sitt heimelsdokument (eventuelt — etter
andre stykket — når han tek over bruken).
Men eigedomsretten kan vere gått over til
kjøparen, og garden dermed gått ut av slekta
til seljaren før kjøparen får tinglyst skøyte.
Som Voss seier side 20, er det «lite naturleg å
gi selgerens senere fødte barn» (dvs. barn fødde
etter at eigedomsretten er gått over til kjøpa-
ren) «odelsrett til ein eiendom som en annen
familie har begynt odelshevd på». Det ville nok
vere retts teknisk greiare å knyte regelen til
det tidspunktet då preskripsjonsfristen byrja
å gå, av di dette tidspunkt som nemnt er meir
eksakt. Proposisjonen frå 1907 § 13 hadde då og
ein slik regel, og av motiva side 15 går det
fram at departementet meinte regelen var i
samsvar med gjeldande rett. Dette siste meiner
utvalet ikkje slær til, endå om førstevoterande
i Rt. 1948 side 461 — med heil tilslutning frå
ein annan domar — med reine ord held spørs-

målet ope, medan saka vart avgjort på anna
grunnlag. Etter regelen i utkastet vil det
mätte avgjerast konkret om eigedomen var gått
ut av ætta då odelspretendenten vart fødd. Vert
seljaren eigar på ny før preskripsjonstida er
ute, vert det rekna som om garden heile tida
har vore ått av han. Dette er taruleg i samsvar
med gjeldande rett, og ein regel av dette innhal-
det var teken med i proposisjonen frå 1907
§ 13.

Tredje stykket vik i eit viktig punkt
sterkt av frå gjeldande rett. Det avgrensar krin-
sen av dei som har odelsrett. Ein viser om
grunnane for dette til merknadane i dei allmen-
ne motiva side 38—39. Det er ingen naturleg
skipnad at odelsretten skal stå ved lag gjennom
tallause ættledar i sidelinene, når berre garden
gjennom tida har gått frå far til eldste son.
Men det kan diskuteras korleis avgrensinga
skal gjerast. Det har vore nemnt at odelsretten
prinsipielt kunne stå uavgrensa, men at ein
odelsløysar måtte ha konsesjon når han stod
noko langt ute i odelsrekke (sjå t.d. høgsteretts-
advokat Haneborg i «Ny Jord» 1966 side
124). Dette ville vere ei meir elastisk ordning
enn ei absolutt avskjering. Tanken måtte vel
då vere at konsesjonsorgana skulle ta særleg
omsyn til odelsretten ved avgjerd av ein conse-
sjonssøknad, slik at odelsretten her skulle vere
eit særleg kvalifikasjonsmoment. Men utvalet
finn ikkje å burde tilrå ein slik skipnad. Conse-
sjon frå administrative styremaktar er i seg
sjølv lite skikka til å stette dei interessene av
m.a. tradisjonsmessig og kjenslevoren art som
odelsretten skal tene. Avgrensinga av odelsret-
ten bør likeins som avgrensinga av arveretten
knytast til absolutte og faste kriterier, utan kon-
kret vurdering av omstenda i det einskilde tilfel-
le. Tilhøvet mellom konsesjon og odel kjem ein
elles tilbake til i ein annan samanheng.

Når ein etter dette skal gjere ei avgrensing,
er det sjølvsgade utgangspunktet at ein må byg-
ge på kor langt slektskjensla og personleg til-
knytning til eigedomen normalt er til stades. Så
langt som dette i det praktiske liv kan reknast
å vere tilfelle, bør odelsretten gå, men ikkje
lenger. Utvalet er vorte ståande ved same vurde-
ringa av dette spørsmålet som proposisjonen
frå 1907, der det i § 4 heiter at ein etterkomar
etter odlaren

«kun (er) odelsberettiget, saafremt nogen af
hans bedsteforældre, forældre eller forældres
søskende har eiet jorden med odelsrett».

Proposisjonen seier (s. 16) at med denne av-
grensinga vil

«Kredsen af de berettigede... i almindelighed
komme til at omfatte slegtningene til og med
søskendebørn, og saaledes omfatte dem, for
hvem slegtsskabsbaandene i det daglige liv mest
gjør sig gjældende. Personerne inden denne
kreds vil i almindelighed, om de ikke selv er

opvoksede paa eiendommen, saa dog have kjendskab til denne og føle sig mere eller mindre nær knyttede til den».

Utvalet er samdt i at ein trygt kan rekne med at pietetskjensla andsynes ættegarden og den personlege tilknytninga normalt rekk så langt som proposisjonen frå 1907 meiner.

«Sysken av foreldra» kan synast uturvande å ta med, når ein har teke med besteforeldra. Slik er det i vanlege tilfelle når eigedomen går beint nedetter frå foreldre til barn utan noko sprang. Men der det ikkje er tilfelle, kan det bli avgjerande for odelssspørsmålet om «sysken av foreldra» er med.

Ein skal nemne eit døme:

A odlar ein eigedom som han avhender til eit barnebarn B. B får sjølv ikkje barn, men C, ein yngre bror (eventuelt ei yngre syster) av B har barnet D, som i si tid får overta eigedomen.

Om ein no sløyfer tillegget «sysken av foreldra» i § 14 tredje stykket, vil D ikkje ha odelsrett. Han må altså då hevde ny odel for seg og si line, og kan i denne hevdstida ikkje rekne med B si eigartid. Vert eigedomen tvangsseld t.d. 19 år etter at D overtok den, vil korkje D eller hans barn ha løysingsrett andsynes auksjonskjøparen. D bør nok ha odelsrett i eit slikt tilfelle, og tek ein tillegget «sysken av foreldra» med, vil han få det.

Då proposisjonen frå 1907 vart førehavd i den samanslegne justis- og landbruksnemnda i Stortinget, vart det sagt (Indst. O. X for 1906—07 side 5) at det var tvilsamt om det burde vere noko avgrensing i det heile, og at ein i alle fall burde gå ein ættled lenger tilbake enn proposisjonen gjorde framlegg om, altså ta oldeforeldra med. Det er sjølv sagt eit skjønsspørsmål kor langt ein skal gå. Går ein ein ættled lenger bakover, vert talet på odelsrettshavarar mykje vidare. Tenkjer ein seg ein normal-situasjon med 2—3 barn i kvar grein heile vegen bakover, vil ein når ein stoggar ved besteforeldra få 7—13 personar som har odelsrett, i sume tilfelle kanskje 20 eller fleire. Med alternativet oldeforeldre vil ein måtte rekne med 15—40 personar under same føresetnaden, stundom kunne det bli endå fleire.

Det kan nok tenkjast situasjonar der det ville vere naturleg at oldebarn fekk odelsrett. Det kan stundom hende at folk vert oldeforeldre medan dei framleis sit med garden. Den stadig lågare giftealderen verkar til å auke talet på oldeforeldre generelt, slik at denne situasjonen kanskje er noko mindre sjeldsynt no enn før. Eit anna moment er den sterke fråflyttinga frå mange bygder — noko som gjer at tilårskomme folk gjerne vert sitjande som eigarar av garden lenger enn det elles ville ha vore naturleg. Men her kan ein på den andre sida seie at odelsret-

ten har mindre praktisk å seie — saka er at etterkomarane til eigaren kan få garden kva tid dei vil utan bruk av nokon odelsrett, men dei er ikkje interesserte i å overta. Når oldeforeldre sit som eigarar av ein gard, vil det ofte vere av di barn og barnebarn er fråflytta eller avlidne. Er dei fråflytta, vil som regel oldebarna si tilknytning til eigedomen ikkje vere særleg sterk (ein skal her merkje seg at heller ikkje besteforeldra til barna bur på garden eller har ått den med odel). Så har ein då det tenkjelege tilfellet at barn bur hjå oldeforeldra sine utan at nokon frå mellomættledane er til (eller dei er ute or biletet av andre grunnar). Her kan ein nok seie at det burde vere odelsrett. Men slike tilfelle er truleg nokså sjeldsynte, og endå sjeldnare vil det vere at eit oldebarn i eit slikt tilfelle må gje avkall på ein eigedom som det ønskjer å overta av di det vantar odelsrett. Utvalet kan ikkje sjå at det av omsyn til slike heilt spesielle og sikkert ytterst sjeldne tilfelle skulle vere grunn til generelt å setje grensa ved oldeforeldre. Ein vil i så fall også få med «på lasset» ei rekkje personar med odelsrett som faktisk ikkje har og aldri har hatt noko personleg tilknytning til eigedomen eller odelsætta (i trongare meining).

Norges Bondelag har i skriv til Landbruksdepartementet 21. oktober 1971 (med kopi til utvalet) gjort framlegg om «at de nåværende regler om odelsrekkefølgen beholdes med den endring at kretsen av odelsberettigede begrenses i første sidelinje til og med barn av odelsbesitters søsken.»

Utvalet har vurdert dette framlegget, og har kome til at avgrensinga av odelskrinsen i utkastet ikkje bør byggje på dette grunnlaget.

Formuleringa er for det første uklår. Når ein odelseigedom går over til nokon som ikkje har odelsrett, må «odelsbesitter» bety den første eigaren, elles ville ingen ha odels- og løysingsrett i eit slikt tilfelle. Går eigedomen derimot over til ein som frå før har odelsrett til den, må odelskrinsen etter framlegget frå Norges Bondelag avgrensast ut frå slektskapen med o v e r t a k a r e n. Men dette kan ikkje gjelde før preskripsjonstida er ute, — dei som før overdraginga hadde betre odelsrett enn overtakaren må sjølv sagt kunne gjere gjeldande odelsrett mot han innan preskripsjonsfristen. Ein må difor tolke omgrepet «odelsbesitter» i framlegget frå Norges Bondelag slik at det ved eigedomsovergang alltid betyr: den som eigedomen vert seld frå. Men når preskripsjonsfristen er ute, må odelskrinsen (eventuelt odlingskrinsen) reknast ut frå slektskapen med den nye eigaren. Dette fører då til at ein både vil kunne vinne og tape odelsrett som ein refleksverknad av eit eigarskifte. Gjeldande rett byggjer på prinsippet om at når

nokon først har odelsrett, går retten ikkje tapt for vedkomande utan at han har hatt høve til å gjere den gjeldande. Knyter ein odelskrinsen til slektskapen med den aktuelle eigaren — i staden for slektskapen med odlaren —, vil eigedomsovergang bli ein heilt vanleg måte både å vinne og å tape odelsrett på. Eit einfelt døme vil vise dette:

Odlaren A har to barn, B (eldst) og C. Så lenge A og B sit som eigarar, har C odelsrett. Men når eigedomen går over frå B til eitt av hans barn, fell odelsretten for C bort, og det utan at han på noko tidspunkt har hatt høve til å bruke den. Vert eigedomen t.d. fråseld B sitt barn på tvangsauksjon, vil C ikkje kunne løyse den inn att på odel, endå om det skulle liggje slik til at han var den einaste som var att av etterkomarane til A (odlaren).

Også på annan måte kan ein regel som den nemnde føre til tolkingsvanskar, det kan t.d. reisast spørsmål om ein med «sysken» og skal meine halvsysken.

Regelen ville i dei fleste høve føre til ein noko snevrare odelskrins enn framlegget i utkastet. Eigarens syskenbarn og deira foreldre (dvs. eigarens farbror, farsyster, morbror og morsyster) ville falle utanom. På den andre sida ville regelen — om ein med «sysken» og skulle meine halvsysken — kunne føre til ein skilnad den andre vegen, slik at personar som fell utanom slik utkastet er forma no, då ville få odelsrett.

Utvalet ser ikkje bort frå at ein ved å byggje ut framlegget frå Norges Bondelag med ein del tilleggs- og unntaksreglar ville kunne kome fram til ei avgrensing av odelskrinsen som ga godtakande resultat i dei fleste praktiske situasjonane. Men reglane ville i så fall måtte bli nokså omstendelige og infløkte, og utvalet ser det som overlag viktig at nettopp reglane om kven som har (best) odelsrett er så enkle og oversiktlege som mogeleg. Skulle ein gå bort frå det avgrensingsprinsippet gjeldande odelslov byggjer på — slektskapen med odlaren —, måtte vilkåret i alle høve vere at ein dermed fekk betre og meir tenlege reglar enn ein ville kunne få ved å byggje på det gjeldande prinsippet, slik § 14 i utkastet no gjer. Utvalet kan ikkje sjå at det er tilfelle, og meiner ulempene ved å knyte avgrensingsreglane til slektskapen med den aktuelle odelseigaren i staden for til slektskapen med odlaren i all fall vil vere større enn føremonane.

Eit mindretal, Nygaard, meiner at slik regelen i siste stykket er forma («ått eigedomen med odel»), er det lagt for einsidig vekt på den formelle eigedomsretten. Om dei gamle, slik det ofte hender, blir sitjande med eigedomsretten til garden opp i sin høge alderdom eller til sin døyande dag, kan regelen kome til å stengje

ute ættledar som normalt skulle ha odelsrett, og på eit noko vilkårleg grunnlag. Dei av etterkomarane som har budd på garden og som vaksne hatt si næring av eigedomsdrifta, bør i denne samanhengen takast omsyn til endå om dei ikkje formelt har hatt eigedomsretten. Ofte set dei unge vilkår om å få garden skøytt på seg, men i denne samanhengen bør det etter mi meining ikkje gjere nokon skilnad om dei har late vere. Odelsretten bør gå like langt ut i begge fall.

Eg nemner eit døme for å vise kva konsekvensar regelen kan få: Odelseigaren A er 75 år. Hans eldste son B er død, men etterlet seg sonen C som er 35 år og siste 10 åra har budd på garden med kone og barn og vore med på drifta. Han hadde rekna med å overta, men misser så livet i ei arbeidsulukke. Etter fleirtalsframlegget har barna hans — den eldste 12 år — ikkje odelsrett, og enkja — mor deira — har heller ingen rett. Andre barn og barnebarn av A vil her med odelsretten i hand kunne trenge ut den greina som har vore bufast på garden. På meg verkar det djupt urimeleg, og eg kan ikkje rekne eit tilfelle som dette for så upraktisk at det ikkje er noko å bry seg om. Jamsteller ein det å ha budd og livnært seg på garden med å ha ått den, tryggjer odelsretten den lina som har vore knytt til garden.

Med tilvising til dette gjer eg framlegg om at det i siste stykket vert sett til: «... eller i myndig alder har budd på eigedomen og hatt si næring der.»

Det er grunn til å streke under at dette ikkje utvidar krinsen av odelsrettshavarar i høve til det som normalt vert verknaden av fleirtalsframlegget. Tillegget er ordlagt slik at det ikkje er nok at vedkomande har vore med som tilfeldig onnehjelp o. likn. når det kunne høve. Han må ha vore bufast på eigedomen og vore sjølvstendig med i drifta så han kan seiast å ha hatt si næring av eigedomen.

Til § 15.

Paragrafen handlar om den odelsrettslege stoda til barn fødte utanom ekteskap og til adoptivbarn. Ein tek først for seg utanekteskapelege barn.

Etter lova frå 1821 § 2 andre stykket har «Slegfred—Barn» odelsrett til odelsgodset åt mora. «Slegfred—Barn» var visstnok barn etter ugifte foreldre, medan barn etter foreldre som var gifte, men ikkje med kvarandre, vart kalla «horebarn» (Voss side 18). Ein må likevel skjønne § 2 andre stykket slik at føresegna gjeld alle utanekteskapelege barn.

Odelsrett til odelsgodset åt farsætta har eit utanekteskapeleg barn ikkje. Men siste punktum i § 2 seier at dersom faren lyser barnet

Om odelsretten og åsetesretten

«i Kuld og Kjøen», vert det rekna som «Ægtefødt». Lyse i «Kuld og Kjøen» vil i praksis seie å tinglyse ei fråsegn om å vere far til barnet, jfr. definisjonen i arvelova 1854 § 5.

Lovgjevinga frå dette hundreåret byggjer på den tanken at barn i og utanom ekteskap skal ha same rettsstode andsynes begge foreldra så langt råd er. Heilt har prinsippet ikkje kunne gjennomførast, sjå t.d. namnelova frå 29. mai 1964 §§ 1 og 2. Arverettsleg vart barn i og utanom ekteskap sette likt i samband med reformane i 1915 (når det utanekteskapelege barnet er fødd etter 1. 1. 1917), og noko endring i dette vart (sjølvst) ikkje gjort i dei no gjeldande lovene om foreldre og barn frå 21. desember 1956. Når det gjeld odels- og åsetesretten, står barna likevel ikkje likt, som det er gjort greie for framanfor. Spørsmåla om stoda andsynes odelsretten vart drøfta i Ot. prp. nr. 5 for 1914, målboren av statsråd Johan Castberg, som vert rekna som opphavsmannen til barnelovene frå 1915. Det heiter i den nemde proposisjonen side 53:

«Hvad odelsretten angaar, er forholdet efter loven av 26de juni 1821 § 2 det, at barn født utenfor ekteskap er odelsberettiget til sin mors odelsgoods. Men til sin fars odelsgoods blir det alene odelsberettiget, naar det er lyst i kuld og kjøen. Om det utenfor ekteskap fødte barns stilling til aasætesretten gir loven av 26de juni 1821 ingen uttrykkelig bestemmelse; men loven maa vistnok forstaaes derhen, at barnet er aasætesberettiget paa skifte efter mor og mødrene frænder, men ikke paa skifte efter far og fædrene frænder, medmindre det er lyst i kuld og kjøen. — Departementet finner det ikke nødvendig nu at foreslaa nogen væsentlig forandring heri. Nærværende lovutkast er vistnok bygget paa den grundtanke, at barn født utenfor ekteskap saavidt mulig bør stilles likt i forhold til begge farældre. Men ved odels- og aasætesretten gjør ganske særegne hensyn sig gjældende. Her er der tale om en fortrinsret og om en fortrinsret til jordegods, d.v.s. en bestemt individualisert formuesgjenstand, hvortil der som regel er knyttet sterke traditioner gjennem samliv og opfostring. Specielt for aasætesrettens vedkommende bemerkes, at adskillig synes at tale for, at den forbeholdes de personer, som kan forutsættes at være vokset op i familien eller paa gaarden og at ha arbeidet med denne, og som derved kan føle sig særlig knyttet til den. De utenfor ekteskap fødte barn vil som regel være opfostret utenfor farens omsorg og utenfor vedkommende jordegods, jfr. bestemmelse om at barnet som regel skal være hos moren og under hendes omsorg. Disse barns arveret overfor faren vil da i ethvert fald medføre, at de faar den samme stilling og ret overfor ham som hans ikke aasætesberettigede egtefødte barn. Men desuten bør det utenfor ekteskap fødte barn være aasætesberettiget efter faren paa samme maate, som om det var egtefødt, hvis faren avgir skriftlig erklæring om, at det skal være aasætesberettiget. Dette sidste vil bare være en videre anvendelse av den nugjældende bestemmelse i arvelovens § 3 om, at faren kan lyse sit utenfor ekteskap fødte barn i kuld og

kjøen og derved efter den almindelig antagne lære skaffe det aasætesret, somom det hadde været egtefødt. Jfr. odelslovens bestemmelse om, at barnet faar odelsret i forhold til faren ved at lyses i kuld og kjøen av denne.»

Åsetesretten kjem utvalet tilbake til i ein annan samanheng. Når det gjeld odelsretten, er utvalet langt på veg samd i merknadane i proposisjonen frå 1914, og vil leggje til: Det let seg ikkje nekte at sterke emosjonelle faktorar gjer seg gjeldande i odelsretten. Desse faktorane er til og med ein viktig del av sjølve grunngevinga for at vi har retten. Når dette er so, bør lova gje reglar som samsvar med den kjenslevorne grunngevinga, der som ein i det heile skal halde på odelsretten, og ikkje øydeleggje den innanfrå. Eit utanekteskapeleg barn kan stundom ha nær tilknytning til faren og farsætta, t.d. når faren ikkje har barn i ekteskap og det ikkje har voro noko tvil om farskapet — faren har vedgått dette utan rettssak. I slike tilfelle er det — både etter gjeldande rett og etter utkastet — høve til å gje barnet odelsrett ved særskild fråsegn. Men ei slik nær tilknytning er nok eit unnatak. Stundom vert farskapet endeleg avgjort med knapt fleirtal i Høgsterett etter ei opprivande rettssak. Det vanlege er at eit utanekteskapeleg barn vert oppfostra hjå mora, som normalt ikkje har noko samband med faren, — iallfall ikkje når han har stifta familie. Barnet vil difor få lite med faren (og eventuelle halvsysken) å gjere, og vil bli framand bære for dei og for garden det gjeld. Utvalet (fleirtalet) meiner ein bør akseptere desse faktiske tilhøva. Har ein odelsgut i unge år skaffa seg eit utanekteskapeleg barn, og han seinare gifter seg, overtek farsgarden og får barn i ekteskapet, vil det skape uro og uhugnad om det utanekteskapelege barnet — som i regelen er det eldste — skulle trengje til side halvbroren som er vaksen opp på garden, og kanskje har arbeidd mykje der. Det har elles vore rekna som ein føremon ved odelsretten at den gjer overgangen mellom ættledane enklare og lettare, medan det motsette ofte ville bli tilfelle med ein regel om odelsrett for eit utanekteskapeleg barn til odelsgoods på farsida. Utvalet meiner difor det ikkje kan vere grunn til å gjere eit så radikalt brigde i gjeldande rett på dette punktet.

Som sagt kan det nok som eit unnatak hende at eit utanekteskapeleg barn har nær tilknytning til faren og farsætta. Det gjeld når barnet er vakse opp på farsgarden eller hjå faren. I slike tilfelle vil det vere rimeleg at barnet får odelsrett etter faren og farslekta. Utkastet har i tredje stykket ein regel som går ut på dette. Føresetnaden er — som etter mindretalsframlegget — at farskapen er fastsett eller vedgått i samsvar med arvelova § 4.

Dersom faren elles vil gje eit utanekteskapeleg barn odelsrett, har han høve til det, og framgangsmåten blir noko enklare enn nå. Faren må gje ei skriftleg fråsegn om det, men tinglysing krevst ikkje etter utkastet. Derimot skal underskrifta på fråsegna vere stadfest av norsk notarius, advokat eller lensmann.

Eit mindretal, Nygard og Nærstad, meiner tida må vere inne til å gjere slutt på ulikskapen mellom barn i og utanfor ekteskap også i odels- og åsetesretten.

Prinsippet om same rett for utanekteskapelege barn som for andre vart innført gjennom barnelovene i 1915 etter hard og langvarig strid, men er no rotfest og allment godteke i samfunnet. Det synest uheldig etter så lang tid framleis å gjere eit markert unnatak frå dette prinsippet i eit så grunnleggjande spørsmål som retten til å få overta og eige fast eigedom. Odels- og åsetesretten kjem inn ved dei fleste eigarskifte til landbrukseigedomar i landet, og det synest prinsipielt urett å halde nokon utanfor på grunnlag av fødsels-status. Generelt er det uheldig at lovreglane gjer skilnad mellom barn på eit slikt grunnlag. Det er med og held liv i den synsmåten at sume barn på grunn av fødselen ikkje skulle vere jamverdige med andre, ein synsmåte som lovgjevinga bør ha til oppgåve å motarbeide. Rettsleg og sosial jamstilling for utanekteskapelege barn er tvillaust eit reelt problem med stor vekt for dei det gjeld. At det gjeld ei anonym og uorganisert gruppe i samfunnet, legg ansvaret dess tyngre på lovgjevaren.

Etter mindretalet si meining skal det i dag svært sterke grunnar til for å stadfeste på nytt den gamle unnataksregelen i lovs form. Dei grunnar som vart nemnde i 1915 for ikkje å gå lenger med jamstillinga den gongen det galdt å få sjølve prinsippet innført som nytt i lovgjevinga, kan ikkje ha same vekt i dag då prinsippet har allmenn tilslutning. Jamvel regjeringa var den gongen kløyvd; Johan Castberg fekk full tilslutning til sitt syn berre frå to statsrådar — fleirtalet gjekk inn for eit amputert arverettsframlegg (statsministeren Gunnar Knudsen hadde sterke reservasjonar jamvel til det). I Stortinget vart likevel det mest vidtgående framlegget vedteke (69 mot 48). I dag synest steget til full jamstilling å vere førebudd på ein heilt annan måte, og det vil vere i tråd med dei allmenne tendensane i nyare lovgjeving.

Det er nok framleis så at barn utanfor ekteskap i storparten av tilfella veks opp hjå mora, og at sambandet med faren kan valde problem. Men vi kan ikkje sjå at tilhøvet er stort annleis enn med mange skilsmålsbarn etter ofte stuttvarige ekteskap. Dei har likevel odels- og åsetesrett på vanleg måte. Den reine fødsels-status

bør etter vår meining ikkje gjere slik skilnad. I den mon det skal leggjast vekt på den faktiske tilknyttinga, bør reglane om det vere dei same for barn i og utanfor ekteskap. I utkastet elles er det i nokon mon innarbeidd slike reglar, jfr. særleg § 21 og § 46 stk. 4. Dei kan tene til å bøte på urimelege verknader av reglane i det heile.

Den rettsstode eit barn utanfor ekteskap skal ha på dette området, bør likeins som for andre barn gå beinveges fram av lova. Det synest prinsipielt uheldig at det nett for dei utanekteskapelege barna skal vere overlata til faren å ta avgjerd om så viktige spørsmål for barnet; det er ikkje berre hans interesser som bør vere avgjerande, og det bør vere ein rett som partane på førehand kan innrette seg etter.

Mindretalet vil etter dette gjere framlegg om at § 15 stk. 1 får denne ordlyd:

Barn utanom ekteskap har odelsrett etter foreldra på same måte som barn i ekteskap. Odelsretten etter faren og farslekta gjeld likevel berre når farskapen er fastsett eller vdgått i samsvar med § 4 første stykket i arvelova.

Om åsetesretten, som er ein arverett på skifte, vert regelen den same med heimel beinveges i arvelova § 4, når den særlege regelen om åsetesrett for utanekteskapelege barn som nyleg vart innsett i odelslova § 10 a, vert teken bort. Mindretalet vil seinare ta opp framlegg om det.

Om stoda til adoptivbarn etter dei no gjeldande reglane viser ein til merknader i oversynet over gjeldande rett s. 9 og 21.

Medan utvalet har arbeidd med førebuing av odelslovutkastet, har det frå to ulike hald kome føreteljing om brigde i § 17 i adopsjonslova. Den eine går ut på å betre stoda åt adoptivbarn med omsyn til odelsretten, den andre har motsett tendens.

Den første er frå «Foreningen Adopsjonsopplysning». Når det gjeld § 17, heiter det der: «Denne regel om åsetes- og odelsrett foreslås endret slik at adoptivbarn i enhver relasjon likestilles med egne fødte barn.»

Den andre føreteljinga som er nemnd, er oversend utvalet frå Justisdepartementet. Opphavet er eit brev frå ein privatmann til ein stortingsrepresentant, og ved oversendinga til Justisdepartementet av dette brevet følgde det med ei utgreiing av professor Knut Røtterstad med eit framlegg. Eit hovudpunkt i dette framlegget går ut på å avgrense retten til adoptivbarn til å gjelde berre ein gard (jfr. i den samanhengen §§ 18 og 47 i utkastet). Videre går framlegget ut på å lengje fristen 10 år i lova til 18 år.

Utvalet tek her berre for seg spørsmålet om odelsretten.

Det let seg knapt nekte at reglane i den nojel-dande § 17 er heller innfløkte. Om realiteten kan ein seie at dei gjev adoptivbarn (med 10 års butid på garden etter adopsjonen) ein rett som i innhald ikkje skil seg så mykje frå odelsrett. Men sjølv sagt er det og viktige skilnader. Sel adoptivbarnet eigedomen etter å ha overteke den, er det slekta åt adoptanten som har løysingsrett, og det same gjeld sjølv sagt etter tvangsauksjon. Livsarving etter adoptivbarnet har same rett til å ta over garden som adoptivbarnet sjølv. Men utan omsyn til kor lenge adoptivbarnet (og i tilfelle livsarvingen åt adoptivbarnet) sit med garden, får dei ikkje odelsrett.

Regelen om 10 års butid vart sett inn i lova av di eit så langt opphald på garden vart rekna for naudsynleg for at adoptivbarnet skulle bli «knyttet til den ved følelsemessige bånd». At tida skal reknast frå adopsjonen, vart i Ot. prp. nr. 26 (1956) om lov om endringer i lov om adopsjon av 2. april 1917 grunngeve slik (s. 16 sp. 1):

«Hvis det samtidig bestemmes at tidsfristen ikke kan regnes fra noe tidligere tidspunkt enn adopsjonen, vil fristen også kunne bety en garanti mot arrangementer som har til hovedformål å sette slekten utenfor, f.eks. om en tenker seg at en aldrende gårdbruker som ser døden nærme seg, vil adoptere sin gårdsgutt eller tjenestepike for å hindre at slektninger som han er uvenner med, får anledning til å overta eiendommen.»

Utvalet meiner at den fåren for misbruk som er nemnd i proposisjonen, ikkje er realistisk etter den varsame måten som adopsjonssøknader nå vert handsama på. Dei motiv og ønskje som ligg bak ein slik søknad, vert i kvart ein-skilt tilfelle røkt etter før avgjerd blir teken. Det ville òg vere ei enkel sak for administrasjonen (Justisdepartementet) å gjere merksam på denne tenkte fåren ved eit rundskriv, og mane fylkesmennene til å vere på vakt. Slik regelen no er, kan den føre til uheldige resultat, noko som utvalet har høyrte nokre døme på. Det hender at ein gardeigar med odelsrett adopterer særkullsbarnet åt sin odelslause ektemake. Barnet kan ha vore så å seie heile livet på garden og alltid vore rekna som tilhøyrande der, men stykfaren har av rein vanvare eller tankeløyse drygt med adopsjon, slik at det ikkje har gått 10 år «etter adopsjonen» når det blir aktuelt å ta over garden. Akkurat denne situasjonen, som truleg ikkje er heilt upraktisk, kunne ein hjelpe på med ein særregel om stykbarn, men utvalet finn det ikkje utilrådeleg å gje ein allmenn regel. Fylkesmennene har ved rundskriv frå utvalet vore spurde om «hvorvidt det er tilrådelig å stryke ordene «etter adopsjonen» under forutsetning av at § 17 ellers i prinsippet opprettholdes», og dei som har svara — det

er ikkje alle — har med eitt unntak rådd til at desse orda vert strokne. Ein fylkesmann har meint det ikkje bør bli noko endring i adopsjonslova, men har ikkje uttala seg særskilt om det reiste spørsmålet.

Utvalet finn ikkje grunn til å foreslå lengjing av tida 10 år. Ti år meiner ein må vere nok til at adoptivbarnet får den kjenslevorne tilknyttinga som er ønskjeleg.

Når det gjeld innhaldet av den retten adoptivbarnet bør ha, meiner utvalet at det er ein haltande skipnad vi har nå, og at eit adoptivbarn som har budd 10 år på eigedomen til adoptivforeldra, bør få odelsrett til denne eigedomen. Men retten bør gjelde berre eigedom som tilhøyrer adoptivforeldra, ikkje annan eigedom som nokon av adoptivforeldra har odelsrett til. Ættekjensla — tilknyttinga til den biologiske ætta — er truleg ennå for sterk til å gje adoptivbarnet odelsrett til andre ættegardar enn den adoptivforeldra eig.

Eit mindretal, Nygard og Nærstad, meiner adoptivbarn no bør få same odels- og åsetesrett som andre barn.

Sidan vi fekk adopsjonslova i 1917 viser både nye lovreformer og administrativ praksis ein tydeleg vokster mot full jamstilling for adoptivbarn. Prinsippet om fullt familieskifte har vorte gjennomført på andre område. Det er bygt på at adoptivbarnet skal kunne kjenne seg godteke fullt på line med andre barn. Det kan lett skape utryggleik hjå barnet om det vert sett i ei særstode. Vi ser det difor som prinsipielt uheldig å halde oppe lovreglar som set adoptivbarn til side i familiesituasjonen. At adoptivforeldre kan få barn sjølve, eller har barn tidlegare, er ikkje ved avgjerd om adopsjonsløyve rekna som nokon ønskjesituasjon. Det kan vere at dei i så fall kanskje kan ha ein tendens til å ville favorisere slike barn framfor adoptivbarnet. Men dette bør ikkje godtakast med ein lovregel i same lei. Det vil nettopp styrkje og underbygge ein slik tendens, i staden for å motverke den. Situasjonen er som kjent den at det no er langt fleire som vil adoptere enn det kan skaffast adoptivbarn. Om sume skulle vike tilbake for å gje adoptivbarnet full jamstilling med eventuelle eigne barn også odelsrettsleg, synest det berre rimeleg at andre som er viljuge til det, går framom dei i køen. Det synest rimeleg at samfunnet helst vil tru adoptivbarn til foreldre som vil gje dei fullt jamverdige rettslege kår.

Vi har vurdert om det burde vere høve for adoptivforeldra til å fastsetje i testament eller tinglyst fråsegn at adoptivbarnet skulle setjast lenger bak i odels- eller åsetesrekkja enn alderen skulle tilseie. Men vi meiner det vil vere uheldig av dei same grunnar som alt er nemnde. Det er nok så at adoptivbarn stundom kan vise

uheldige tendensar når dei veks til. Men som kjent hender det same med andre barn også. Prinsipielt vil det ikkje vere rett på dette grunnlaget å gje ein særregel som set adoptivbarnet i ei veikare stode enn andre. I utkastet er elles gjevne allmenne reglar som gjev dels foreldra dels retten høve til å gripe inn i prioriteten mellom sysken, jfr. §§ 20, 21 og 46. Dei vil gjelde i høve til adoptivbarn også.

Det synest etter vår meining heller ikkje å vere avgjerande grunn til å halde oppe den no gjeldande regelen om 10 års butid på egedomen (jfr. adopsjonslova § 17) som eit særvilkår for odelsrett til adoptivbarn, eller å avgrensa odelsretten deira særskilt til den garden adoptivforeldra eig eller har ått. Når ein først går til å gje adoptivbarn odels- og åsetesrett, er det etter vår meining ein avgjord føremon å ta steget til rettsleg jamstilling fullt ut. Ein regel om personleg butid som vilkår for nedverd odelsrett er elles ukjend og kan kome til å verke vilkårleg. Rettsleg inkorporering i heile slekta gjeld som eit grunnprinsipp for adopsjonsordninga elles, og bør då ikkje fråvikast i denne samanhengen heller.

Eit særskilt spørsmål er om dei nye reglane bør få verknad for eldre adopsjonar. Det kan her vere grunn til å nemne at tidlegare lovbrigde om rettsstoda til adoptivbarn, har vore gjort gjeldande for eldre adopsjonsløyve. Det galdt såleis den nye skipnaden som vart innført ved brigde i adopsjonslova § 17 i 1956. Det vil vere rimeleg om dei nye reglane om odels- og åsetesrett for adoptivbarn vert gjort gjeldande for eldre adopsjonsløyve i same mon. Prinsippet om familieskifte ved adopsjon er alt tidlegare gjennomført så langt at det ikkje kan vere avgjerande innvendingar mot at foreldre, barn og slekt her som elles må finne seg i nye odelsrettslege reglar, når det ikkje gjeld ein odels- eller åsetesrett som alt har vorte aktuell når den nye lova tek til å gjelde.

Vi vil etter dette gjere framlegg om at § 15 stk. 2 får denne ordlyd:

Adoptivbarn har same odelsrett etter adoptivforeldra som andre barn etter sine foreldre. Tek eit adoptivbarn over odlingsjord, gjeld § 8 første stykket tilsvarande.

For åsetesretten vert regelen den same med heimel i adopsjonslova § 14 (særreglane i § 17 fell bort) og i utkastet §§ 45 o.u., jfr. også arvelova § 5. Mindretalet viser her til særlege merknader til utk. § 46.

Når det gjeld reglane om åsetesrett for utanekteskapelege barn og adoptivbarn, viser også fleirtalet til merknadane til § 46.

Til § 16.

Når det gjeld prioritetsrekkefølgja mellom odelsrettshavarane, fastset lova frå 1821 § 3 at mellom sysken går menn framom kvinner, og eldre sysken går framom yngre av same kjønn.

Dette var nok ei heilt naturleg ordning då odelslova vart gjeven. Same synet var sikkert einerådande i lang tid framover. Så seint som under reformarbeidet i 1907 vart det ikkje reist spørsmål om å endre desse gamle reglane. At sonen ikkje skulle ha førerett framfor dottera, endå om ho var den eldre, fall ikkje nokon inn.

I dei seinare åra har det vore noko diskusjon om det er rett å stille kvinnene tilbake når det gjeld odelsrett. For ei jamstilling mellom menn og kvinner talar det klårt at dette er i samsvar med det prinsipielle synet som nå for tida rår i lovgjeving og administrasjon og i folkeleg tenkjemåte. Det skal avgjerande grunnar til for å bryte dette prinsippet og gje det eine kjønn ein legal førerett framfor det andre. På den andre sida gjer det seg ulike argument gjeldande i motsett lei. Her er for det første omsynet til tradisjonen. Folk er vande til å sjå eldste sonen som «odelsguten» og sume vil nok finne at ei radikal endring i den hevdvunne odelsrekkefølgja er eit åtak på sjølve odelsretten. Men særleg blir det sagt at det er mannen som frå naturen si side er best skikka til å drive gard. Jord- og skogbruk er først og fremst eit mannfolkyrke, vert det sagt. Det er mannen og hans innsats som er avgjerande. Slik er det gjerne også der kona er den som har fått garden og var gardjente. Å gje sonen besteretten, har det vore sagt, har ikkje «nødvendigvis noe med likestilling som sådan å gjøre. Den kan og bør gjennomføres likevel og på en annen måte i hvert hjem, også bondehjem, så langt de personlige forutsetninger ellers er til stede». (Haneborg i Ny Jord 1966 s. 125.)

Ser ein på det talmessige tilhøvet mellom menn og kvinner i jordbruket, er det klårt at det store fleirtalet av brukarar er menn. Ein gjev att eit oversyn frå jordbruksstatistikken for 1970 (den siste som er prenta) som viser dette:

«Tabell 62. Personlege brukarar etter bruket som leveveg. Holders by holding as source of livelihood.

År Fylke Bruksstorleik etter jordbruksareal Year County Size of holdings by agricultural area	I alt Total	Brukarar med bruket som With the holding as			Prosent Percentages		
		einaste leveveg sole source of livelihood	viktigaste leveveg main source of livelihood	ikkje vik- tigaste leveveg secondary source of livelihood	Einaste leveveg Sole source of livelihood	Viktigaste leveveg Main source of livelihood	Ikkje vik- tigaste leveveg Secondary source of livelihood
Menn Males							
1939	194 141	69 849	59 969	64 323	36,2	31,0	32,8
1949	197 234	75 881	51 610	69 743	38,6	26,2	35,2
1959	184 858	69 858	42 421	72 579	37,8	22,9	39,3
1962	177 880	66 847	35 894	75 139	37,6	20,2	42,2
1966	161 191	56 209	33 201	71 781	34,9	20,6	44,5
1969	144 562	49 384	29 843	65 335	34,2	20,6	45,2
Kvinner Females							
1939	19 533	13 462	3 873	2 198	69,1	19,6	11,3
1949	15 431	11 119	2 552	1 760	72,1	16,5	11,4
1959	12 674	7 399	2 199	3 076	58,4	17,3	24,3
1962	12 212	4 922	1 718	5 572	40,3	14,1	45,6
1966	9 979	2 706	1 722	5 551	27,1	17,3	55,6
1969	9 910	1 826	2 012	6 072	18,4	20,3	61,3
Menn og kvinner i alt Males and females							
1939	213 674	83 311	63 842	66 521	39,2	30,0	30,8
1949	212 665	87 000	54 162	71 503	40,9	25,5	33,6
1959	197 532	77 257	44 620	75 655	39,1	22,6	38,3
1962	190 092	71 769	37 612	80 711	37,8	19,8	42,4
1966	171 170	58 915	34 923	77 332	34,4	20,4	45,2
1969	154 472	51 210	31 855	71 407	33,2	20,6	46,2
1969 Fylke County							
Østfold	5 715	2 698	1 092	1 925	47,2	19,1	33,7
Akershus og Oslo	6 218	2 410	1 183	2 625	38,8	19,0	42,2
Hedmark	12 916	3 596	2 717	6 603	27,9	21,0	51,1
Oppland	13 035	5 388	2 933	4 714	41,3	22,5	36,2
Buskerud	7 370	2 315	1 740	3 315	31,4	23,6	45,0
Vestfold	4 094	1 806	959	1 329	44,1	23,4	32,5
Telemark	5 895	1 630	1 350	2 915	27,7	22,9	49,4
Aust-Agder	3 458	870	748	1 840	25,2	21,6	53,2
Vest-Agder	5 056	1 108	958	2 990	21,9	19,0	59,1
Rogaland	9 786	5 434	1 739	2 613	55,5	17,8	26,7
Hordaland og							
Bergen	12 478	3 234	2 123	7 121	25,9	17,0	57,1
Sogn og Fjordane	10 338	3 606	2 476	4 256	34,9	23,9	41,2
Møre og Romsdal	13 032	3 575	2 627	6 830	27,4	20,2	52,4
Sør-Trøndelag	10 093	4 499	2 064	3 530	44,6	20,4	35,0
Nord-Trøndelag	8 973	4 088	1 942	2 943	45,6	21,6	32,8
Nordland	14 137	2 944	2 882	8 311	20,8	20,4	58,8
Troms	8 844	1 637	1 762	5 445	18,5	19,9	61,6
Finnmark	3 034	372	560	2 102	12,3	18,4	69,3
Bruksstorleik Size of holdings							
5- 19,9 dekar	33 196	1 662	2 414	29 120	5,0	7,3	87,7
20- 49,9 »	55 064	11 144	12 531	31 389	20,2	22,8	57,0
50- 99,9 »	42 172	21 189	11 805	9 178	50,2	28,0	21,8
100-199,9 »	17 878	12 488	3 957	1 433	69,9	22,1	8,0
200-299,9 »	3 869	2 983	714	172	77,1	18,5	4,4
300-499,9 »	1 843	1 410	350	83	76,5	19,0	4,5
500 dekar og meir	450	334	84	32	74,2	18,7	7,1»

Av tabell 62 går det fram at det i 1969 var 49 384 menn mot 1 826 kvinner som hadde jordbruket som einaste leveveg, og 29 843 menn mot 2012 kvinner som hadde det som viktigaste leveveg. Med jordbruk som «ikkje viktigaste leveveg» var det 65 335 menn mot 6 072 kvinner.

Når det gjeld utført arbeid i jordbruket, er tilhøvet mellom menn og kvinner noko annleis, jfr. tabell 8 i oversynet som er teke inn i dei allmenne merknadane s. 35 framanfor. Her er det berre ein mindre skilnad mellom kjønna når husarbeid vert rekna med (menn 53,8 % mot kvinner 46,2 % av samla arbeidsinnsats).

Etter Statistisk årbok for 1970 (side 298) var det den 1. oktober 1970 2 063 mannlege elevar ved jordbruksskulane mot 128 kvinner. For skogbruksskular var tala 140 og 0. I gartneri- og hagebruksskular var det 181 mannlege og 68 kvinnelege elevar, og i meieriskulane 55 og 45.

Ein kunne tykkje at desse tala var sterke argument for å halde på den lovskipnaden vi har. Men ein bør ikkje overdrive den vekta dei kan ha. I nokon mon får ein tru dei er ei følgje av at sønene har beste odelsretten. Dette gjeld kanskje særleg elevtalet ved landbruksskulane. Men til dette kjem at det her er spørsmål om eit prinsipp, og då bør det talmessige ikkje vere avgjerande.

Dersom det driftsøkonomisk ville vere uheldig å jamstille kvinner med menn, ville det sjølv sagt vere eit sterkt argument. Men sjølv om det tidlegare har vore mykje i eit slikt syn, gjeld det ikkje lenger på same måten. Det tunge manuelle arbeidet på ein gard vert meir og meir avløyst av maskindrift, der mennene ikkje har dei same naturgjevne føremoner. Desse nye driftsformene har utan tvil letta jamstillinga mellom menn og kvinner i jordbruket.

Sjølv sagt vil det i mange tilfelle vere så at det høver betre om ein yngre son får garden framfor ei eldre syster. Det kan til dømes vere at systera gifter seg med ein mann med eit anna yrke og annan bustad. Men om systera har beste odelsretten, så er ho sjølv sagt ikkje nøydd til å bruke den. Her kan ein òg nemne at utkastet i §§ 20 og 21, jfr. § 46, freistar å mjuke opp reglane om aldersprioriteten i ein syskenflokk. Dette kan m.a. bli praktisk i eit tilfelle som det nemnde.

Alt i alt finn utvalet at det ikkje ligg føre grunnar som avgjerande talar mot jamstilling mellom mann og kvinne også på dette området. Å prioritere mannen vil vere å halde på ein skipnad som er i motstrid med den allmenne lovskipnaden elles i landet. Men det kan leggjast til at einskilde medlemmer har vore noko i tvil.

Når det gjeld rekkefølga innan syskenflokk, seier paragrafen at eldre sysken går føre

ynge. Dette er den tradisjonelle skipnaden, og utvalet meiner ein i prinsippet bør halde på den. Det har stor verdi å ha ein fast regel, og at det alltid berre er ein person som har beste retten. Han kan i unge år bu seg på å ta over eigedommen når tida kjem, og det blir ikkje så lett rivalisering mellom sysken når det er den eine av dei som står fremst. Ein viser til det som er sagt om dette i dei allmenne merknadane s. 38—39. Som det der er halde fram, kan ein regel om absolutt prioritet for den eldste stundom verke urettvis. Det er mogleg at dette kan verte endå meir aksentuert dersom rekkefølga — slik utkastet gjer framlegg om — berre skal gå etter alderen, utan omsyn til kjønn. Utkastet har i §§ 20 og 21 reglar som er meint å kunne bøte på uheldige følgjer av ein stram prioritetsregel (og tilsvarende i § 46 m.o.t. åsetesrett).

Det kunne og vere tale om at det yngste barnet skulle ha best prioritet, ut frå den tankegangen at det ofte berre er dette barnet som er heime og som dermed har aktuell tilknytning til garden når det vert aktuelt å overta. Å slå fast som allmenn regel at yngste barnet skal ha beste retten meiner utvalet likevel ikkje kan gjerast, — alt av di ein ofte ikkje vil kunne vere viss på at det ikkje kjem nye barn. Dei problem aldersprioriteten mellom sysken reiser, kjem ein elles attende til i merknadane til § 21.

Utkastet seier at eldre sysken går føre yngre «med seg og si line». Dette er ein noko annan regel enn i lova frå 1821, sjå særleg § 11 (1821) som supplerer § 3. Også lova frå 1821 byggjer på «opprykkingsprinsippet» — dvs. at om ein odelsrettshavar døyr og han har barn, tek dei — i lovfest orden — hans plass. Men lova gjer det unnataket at den yngre sonen går framom døtrene til eldste sonen, og elles framom etterkomarar etter eldste sonen som stammar frå kvinner. Same prioritetsreglar gjeld for mannleg avkom etter den yngre sonen når ættledane er menn — dei går og føre kvinner (eller ættlingar gjennom kvinner) frå den eldre sonen. Desse innfløkte reglane som skriv seg frå ein gamal arvegangsregel (sjå proposisjonen frå 1907 side 16) ville denne proposisjonen gå bort frå, og gjorde framlegg om ein rein opprykkingsregel. Det heiter i § 5:

- «a. Blandt søskende har mænd fortrin for kvinder og blandt søskende af samme kjønn ældre fortrin for yngre.
b. Børn af en odelsberettiget person har plads nærmest efter ham i rækken i saadan indbyrdes orden, som er sagt i bogstav a.»

Det er dette reine opprykkingsprinsipp som utvalet har teke opp, med den skilnad frå proposisjonen at menn og kvinner blir jamstelte. Døyr eldste barnet, men har barn etter seg,

får dei altså best odelsrett etter alderen, utan omsyn til kjønn. Ein meiner regelen i sitt innhald skulle vere klår og grei å bruke.

Utvalet (fleirtalet) meiner vidare at adoptivbarn bør stå tilbake for eignefødde barn som adoptivforeldra måtte ha, og deira livsarvingar. Slik er regelen i fjerde stykket i adopsjonslova § 17 nå, og ein meiner det ikkje er grunn til å endre den. Men adoptivforeldra bør få høve til å fastsetje noko anna. Difor gjer ein framlegg om at dei ved testament kan fastsetje at eit adoptivbarn kan tre inn i den vanlege odelsrekkefølgja mellom eignefødde barn, slik at prioriteten vert rekna frå adopsjonen. Likt med testament bør reknast skriftleg fråsegn der underskrifta er stadfest av norsk notarius, advokat eller lensmann.

Etter adopsjonslova § 17, slik den no er, kan adoptanten ved testament avgjere at den retten adoptivbarnet har til å ta over eigedommen etter fjerde stykket, ikkje skal gjelde. Utvalet er i tvil om det er grunn til å halde på den regelen (eller ein tilsvarande etter den føreslegne skipnaden), men er vorte ståande ved ikkje å ta regelen med.

Som nemnt framanfor har utvalet meint at prioriteten for retten til adoptivbarnet bør reknast frå adopsjonen, utan omsyn til alderen. Spørsmålet kan bli praktisk når det er fleire adoptivbarn. Den någjeldande regelen legg adopsjonstida til grunn, og utvalet meiner dette ikkje bør endrast. Å byggje på alderen ville høve dårleg når det først adopterte barnet har vore lang tid på garden og kanskje har rekna med å få den i si tid, og det så skulle bli adoptert eit eldre barn som trengjer det til sides.

Mindretalet (Nygard og Nærstad) går inn for prioritetsmessig jamstilling for adoptivbarn etter alder, og har grunngjeve dette framlegget i sine særmerknader til paragrafen framanfor.

Til § 17.

Som nemnt i utgreiinga om gjeldande rett, må ein gå ut frå at ektefolk som odlar ein eigedom saman, får lik prioritet etter § 5 i lova frå 1821. Dei odlar både for seg sjølve, for fellesbarn og for særkullsbarn. Særkullsbarn står i prioritet etter fellesbarn. Har begge ektemakar særkullsbarn, men ikkje barn saman, reiser det seg innflokke spørsmål om prioriteten mellom barnekulla. Emnet er drøfta av Robberstad i Festskrift til Frede Castberg (Legal Essays) side 589 o.u. Ein høgsterettsdom i Rt. 1952 side 378 gjekk ut på at dei to særkulla skulle reknast som ein barneflokk andsynes odelsretten, og at prioriteten skulle gå etter alder og kjønn. Robberstad er usamd i dommen. Etter framlegget frå utvalet

vil ikkje eit slikt tilfelle som saka galdt gå inn under samodlingsregelen.

Første stykket i § 17 i utkastet samsvarar med det ein meiner er gjeldande rett. Men det kan merkjast at samodling vert mindre praktisk etter utkastet enn det er no, jfr. § 10 med merknader.

At særkullsbarn ved samodling etter § 10 siste stykket må stå etter fellesbarn, må etter det fleirtalet meiner vere ein heller sjølvsgad regel. Eit fellesbarn har odelsrett frå begge foreldra, eit særkullsbarn berre frå den eine. Fellesbarnet har difor kvantitativt den største retten, og må alt av den grunn gå framom sin halvbror eller halvsysster.

Det som reiser mest tvil i denne samanhangen, er prioritetstilhøvet mellom to kull særkullsbarn. Domen frå 1952 gjev ikkje noko godt resultat. Den fører til at to ætter kvar for seg får odelsrett til eigedommen, og den beste retten kan snart vere i den eine ætta, snart i den andre, alt etter alderen på eldstemannen (eller kvinne) i kvar ætt. Men på den andre sida er det vanskeleg å finne ein regel som klårt er betre. Utvalet er ikkje overtydd om at det ville vere heldigare med ein regel om deling av eigedommen. Slik deling vil nok ikkje bli tillate i dei fleste tilfelle, og vert deling nekta, ville det bli ein vanskeleg situasjon med to eigarar — ein frå kvar av dei to ættene — som ein må rekne med ikkje ville gå godt saman.

Andre stykket handlar om skifte mellom ektemakar av samodla jord som dei har i felles-eige. Ved slikt skifte vert odelsretten for begge ektemakane ståande ved lag, men den av dei som jorda blir utlagd til, får prioritet framfor den andre. Har dei ikkje fellesbarn, men kvar av dei har særkullsbarn, får (barna) etterfølgjarane til den ektemaken som får jorda utlagd, betre odelsrett enn etterfølgjarane til den andre.

Utvalet har framanfor peika på at det kan reisast innvendingar mot ein skipnad som fører til at to ætter kvar for seg får odelsrett til same eigedommen. Men når det gjeld odelsretten for særkullsbarn til samodla jord (første stykket i f.) har ein godteke at det bør vere slik. Annleis synest det å burde vere når samodla jord på skifte mellom ektemakar vert utlagd til den eine ektemaken. Det er greitt nok at skiftet i seg sjølv ikkje bør føre til at odelsretten går tapt for den andre ektemaken og hans særkullsbarn. Men her er det mindre grunn enn elles til at deira odelsrett skal stå ved lag på ein slik måte at den først fell bort når barna til særkullsbarna åt denne ektemaken døyr, jfr. § 14. Utvalet (fleirtalet) gjer difor framlegg om at odelsretten for denne lina fell bort når den ektemaken som får jorda utlagd og etterkomarane hans har ått den i 20 år. Denne regelen

gjer eit unntak frå eit elles vanleg prinsipp i odelsretten: det prinsippet at når nokon først har odelsrett til ein eigedom, fell retten ikkje bort for vedkomande utan at han har hatt høve til å gjere den gjeldande. Med uttrykksmåten «den andre lina» meinest altså her den andre ektemaken og hans særkullsbarn. Er det fellesbarn i ekteskapet, vil dei også etter § 17 andre stykket ha betre odelsrett enn særkullsbarna til den ektemaken som får eigedomen utlagd på skiftet, dette følgjer av andre punktum i første stykket.

Eit mindretal, N y g a r d, vil halde oppe regelen om samodling mellom ektefolk i same mon som vi har samodling i gjeldande lov, men fastsetje ein regel om at den av ektemakane som etter vanlege reglar har ført eigedomen inn i buet, skal ha best odelsprioritet av dei. Når det dessutan vert fastsett ein grei regel om den innbyrdes odelsprioriteten mellom etterkomarane deira, og likeins for det tilfellet at ekteskapet skulle verte oppløyst, meiner han at dei vanskar som etter gjeldande lov kunne reise seg av samodling, har fått ei både rimeleg og tenleg løysing. Til nærare grunngjeving for framlegget viser han til sine særmerknader til § 10.

Barn ektemakane fører med seg på kvar side og barn dei får saman, bør etter mi meining odelsrettsleg reknast for ein syskenflokk. Det er viktig at prinsippet om rettsleg jamstilling mellom barn som veks opp som sysken, gjeld i slike høve som dette og. At barna har sams heim i oppvoksteren, vil vere det vanlege når foreldra er i den alder at dei også får barn saman. Eg meiner det i slike høve er prinsipielt uheldig å ha ein lovregel om favorisering av sambarn framfor særkullsbarn. Eg viser her til det som er gjort gjeldande om rettsleg jamstilling for utanekteskapelege barn og for adoptivbarn i merknadane til § 15.

Det er i våre dagar vanleg at når folk som gifter seg, har barn tidlegare på den eine eller begge sider, syter dei for å adoptere stykbarna sine. Slik stykbarnadopsjon utgjer no om lag 40 pst. av alle adopsjonar (i 1969 : 333 av ialt 790). Etter mindretalsframlegget til § 15 vil resultatet då gje seg sjølv. Men etter mi meining bør særkullsbarn ha rettsleg jamstilling også elles. Det er etter mi meining ikkje meir grunn til å rekne med «to odelsrettar» for sambarna i tilfelle då der er særkullsbarn enn i andre tilfelle.

Vert ekteskapet oppløyst, bør etter mi meining den av ektemakane som får eigedomen utlagd, dermed få best odelsrett både for seg og etterkomarane sine — og det bør gjelde både for særkullsbarn på hans side og for sambarna. Om vedkomande seinare skulle velje å la eigedomen gå til nokon av desse barna, bør ikkje

den andre ektemaken eller særkullsbarn på hans side kunne skippe det. Men eg kan ikkje sjå at det er grunn til å setje opp ein særleg preskripsjonsregel for dei. Vanleg går det preskripsjon berre når vedkomande forsømer å gjere retten gjeldande, eller har avstått frå det. Det er ikkje tilfelle her. Dei det gjeld kan ha hatt eigedomen til heim og til leveveg, og bør etter mi meining ha eit rettkome krav på eigedomen framfor framande når den måtte bli ledig seinare.

Ein kan spørje korleis det går med odelshevd a når ein eigedom under samodling vert utlagd til ein ektemake i eit skilsmissebu. Her må det berre vere denne ektemaken som fullfører hevda. Men dersom dei 20 åra går ut medan buet er under skifte, etter at ekteskapet er oppløyst, må ein gå ut frå at det er buet som fullfører, og at altså begge ektemakar får odelsrett. Dette er fastsett i ein høgsterettsdom i Rt. 1958 side 926, og det har ikkje vore tanken å endre denne heller upraktiske detaljen.

Til § 18.

Odelslova har i § 12 reglar om fordeling mellom arvingane dersom arvelataren har late etter seg fleire gardar. Prinsippet er at kvart av barna til arvelataren skal få ein eigedom for seg og si line etter dei reglar odelslova har i § 11 om åsetesprioriteten. Eldste son og hans line har altså ikkje krav på meir enn ein gard så lenge dei andre syskenlinene ikkje har fått kvar sin.

Det er elles uklårt kva rekkjavidde prinsippet i § 12 i odelslova har, — etter ordlyden gjeld regelen berre for oppgjeret mellom livsarvingar på eit arveskifte. Det har vore hevda, mellom anna av Skeie, (Afhandlingar 1913 side 40 o. u.), at § 12 i odelslova gjev uttrykk for eit allmennt prinsipp om eigedomstildeling frå foreldre til barn, og at regelen difor også må gjelde når til dømes eldste son alt har fått ein gard frå foreldra i levande live, og likeins utanom arveskiftesituasjonane (ein kan til dømes tenkje seg at det vert høve til å løyse fleire gardar på odel, eller at ein far overdreg fleire gardar til eldste son utan at dei andre barnelinene får nokon). Det første som her er nemnt — at prinsippet i § 12 gjeld på eit arveskifte der eldste son alt har fått overta ein eigedom frå arvelataren i levande live — er godteke av Høgsterett når det gjeld s. k. «oppgivelsesskifte», der overdraginga er lekk i ein «skiftelignende transaksjon», jfr. oversynet over gjeldande odels- og åsetesrett side 20 framanfor.

Første setninga i § 18 slår fast hovudprinsippet: Mellom sysken og deira liner gjeld føreret-

ten til odelsjord berre ein eigedom. Det som her er sagt er at ingen skal kunne bruke sin odelsrett til å tiltvinge seg meir enn ein gard framfor yngre sysken som — bortsett frå dette med odels- og åsetesprioriteten — står like nær til å få overta gard nummer to. Det kan vere at foreldre som eig fleire gardar overdreg dei alle i levande live til eitt av barna. Ein slik disposisjon kan vere meir eller mindre rimelig og tiltalende, alt etter dei nærare omstenda. Dette kan ein ikkje hindre når eigedomane er odelsfri, — ei odelslov kan ikkje gje reglar om fordeling av eigedomar som det ikkje kviler odel på. Det ein derimot kan gjere er å hindre at nokon ved å bruke sin odelsrett tvingar fram eit slikt resultat i strid med det som er sagt, til dømes ved å løyse på odel eigedomar som yngre sysken har overteke frå foreldra, eller ved å gjere krav på fleire gardar som er tvangsselde frå foreldra under eitt. I utvalet har det vore noko ulike syn på spørsmålet om delingsprinsippet bør ha ei så sterk gjennomslagskraft at eit yngre barn får løysingsrett dersom foreldra i levande live overdreg fleire eigedomar til til dømes eldste son utan at dei yngre får nokon. På same måten har utvalet vore noko i tvil om delingsprinsippet bør gjelde når den første eigedomen er overteken frå andre slektningar enn foreldra og kvar grensa i så fall skal trekkjast, om det er grunn til å skilje mellom ulike ervervs måtar, og om det bør vere eit vilkår at også den først overtekte eigedomen er odelsjord. Det er i det heile mange spørsmål i denne samanhengen som kan gje god grunn til tvil.

Andre stykket er meint å skulle konkretisere noko nærare innhaldet av prinsippfråsegna i første stykket. Når det er sagt at vedkomande barneline ikkje har førerrett til fleire odelseigedomar, så ligg det i dette for det første at barneline nr. 1, som alt har fått ta over ein slik eigedom som nemnt, odelsrettsleg står tilbake for barneline nr. 2, 3 osv. når det gjeld ein odelseigedom som vert ledig seinare (likevel slik at den eldre lina har rett til å velje, jfr. tredje stykket). Men regelen rekk vidare: Meininga er at ei yngre barneline skal ha løysingsrett andsynes ei eldre, også om den eldre lina har fått fleire eigedomar utan at det er skjedd gjennom aktiv bruk av odelsretten, — ein kan t. d. tenkje seg at foreldra i levande live har overført fleire eigedomar til eldste barnet utan at dei yngre har fått nokon.

Er den første eigedomen overteken frå slektningar i rett oppstigande line, gjeld delingsprinsippet for eigedom nr. 2 anten den først overtekte eigedomen var odelsjord eller ikkje. Synsmåten er her at når eigedomen kjem frå foreldre eller besteforeldre, ville arvingen hatt åsetesrett

om overdraginga var skjedd på skifte. Er den første eigedomen derimot overteken frå egne sysken eller frå sysken av foreldra, er det eit vilkår at det var ein odelseigedom, — her kan det ikkje bli spørsmål om åsetesrett. Eigedom nr. 2 må alltid vere odelsjord, — er den ikkje det, fell tilhøvet utanom det naturlege området for odelsreglane. Men gjeld det arveskifte etter slektningar i rett oppstigande line, vil åsetesreglane kome inn og føre til same resultat sjølv om eigedom nr. 2 ikkje er odelsjord, jfr. § 47 første stykket. (Eigedomen må likevel fylle vilkåra for odlingsjord etter § 2, sjå § 45 andre stykket). At ein eigedom som nemnt har vorte løyst på odel eller kjøpt på auksjon, skal etter framlegget reknast likt med at den er overført beinveges frå den tidlegare eigaren. Dette vil då seie at ein ser bort frå kva for måte eigedom nr. 1 er erverva på, kravet er berre at det gjeld ein eigedom som kjem frå slektningar i rett oppstigande line eller ein odelseigedom som kjem frå eins egne sysken eller frå sysken av foreldra.

Prinsippfråsegna i første stykket gjeld berre i tilhøve mellom sysken og deira liner. Eit einbarn vil altså kunne gjere gjeldande odelsrett til fleire gardar som barnet måtte ha odelsrett til utan hinder av desse reglane. Men det kan her reisast tvil om kva som skal gjelde i tilhøve mellom fellesbarn og særkullsbarn og mellom særkullsbarn etter kvar sin ektemake. Det siste fell klårt utanom ordlyden i § 18 (her er det ikkje slektskap i det heile). Med omsyn til det første spørsmålet vert det avgjerande om uttrykket «sysken» skal tolkast sluk at det og femner om halvsysken.

Den førerretten med omsyn til odelsprioritet som fellesbarn har framfor særkullsbarn etter § 17 første stykket gjeld berre jord som er felles odel for foreldra etter § 10. Er jorda særodel for den eine ektemaken, vil det vere alderen som avgjer prioritetstilhøvet mellom denne ektemaken sine særkullsbarn og fellesbarn han har i ekteskapet. Dette vil til vanleg seie at særkullsbarna har best odelsrett til slik jord, for di dei som regel vil vere dei eldste, jfr. merknadane til § 17.

Tredje stykket i § 18 tek sikte på å sikre beste odelsrettshavaren den valretten han naturleg må ha når han etter prioritetsreglane har best odelsrett til fleire eigedomar og likevel ikkje skal ha førerrett til meir enn ein av dei. Foreldra bør ikkje kunne setje det barnet som har beste retten utanfor i tevlinga om hovudeigedomen ved å overføre ein annan eigedom til dette barnet. Dette vil sjølv sagt barnet i alle tilfelle kunne hindre ved å avslå eit slikt tilbod og i staden vente til hovudeigedomen vert ledig. Men det er liten grunn til å stille eit barn med best odelsrett i ein slik valsituasjon, det

kan mellom anna bety at han (ho) må vente urimeleg lenge for å få overta nokon eigedom i det heile. Utvalet har løyst dette spørsmålet ved å gjere framlegg om ein «tilbakeføringsrett» for beste odelsrettshavaren: Han kan mellombels ta over ein annan eigedom og sitje med den til hovudeigedommen vert ledig. Når det skjer, vil han framleis kunne gjere gjeldande odelsrett til denne mot å la den eigedommen han først tok over gå attende til dei yngre syskenlinene. Han vil framleis ha odelsrett til denne eigedommen og, men med prioritet etter den lina som då tok den over, og også etter eventuelle yngre syskenliner som ikkje får nokon eigedom. Han vil til dømes ha løysingsrett (med nemnde prioritet) dersom eigedommen seinare vert seld ut av slekta.

Det kan vere at beste odelsrettshavaren er i tvil om han skal velje å gjere krav på ein odelseigedom som vert ledig eller om han skal halde på den han alt har teke over, og at det avgjerande for han i så måte er kva eigedomane vert verdsette til ved takst. Han bør då ha høve til å setje fram krav om å få overta den eigedommen som er ledig, utan med det å binde seg til å velje denne. Siste punktum i § 18 gjev den med best odelsrett rett til å gå frå eit slikt krav eller tilbod etter at prisen for begge eigedomane er endeleg fastsett.

Når det gjeld spørsmålet om kva som skal reknast som ein eigedom i tilfelle der fleire bruksnr. vert drivne meir eller mindre under eitt, har utvalet tenkt seg at dette må løysast på same måten som når det gjeld eigedomsdeling etter § 55 i jordlova. Ein har ikkje funne grunn til å seie dette særskilt i lovteksten.

Ved avgjerd etter denne paragrafen er det meininga at det også skal takast omsyn til eigedomsoverføringar frå før lova tek til å gjelde. Dette er sagt særskilt i § 53.

Eit mindretal, *Stray Ryssdal*, legg vekt på at dei reglane det er gjort framlegg om, vil føre med seg nye innskrenkingar i høvet til å omsetje jordbrukseigedomar som det ikkje kviler odel på. Føresegna om at den beste odelsrettshavaren må stå tilbake for syskena sine dersom vedkomande tidlegare har fått ein eigedom frå foreldra eller besteforeldra som er av ein slik storleik at den kan odlast, vil gjelde utan omsyn til storleiken av den første eigedommen, og utan omsyn til om denne er kjøpt til full pris. Høvet for beste odelsrettshavaren til å gjere gjeldande løysingsretten til den eigedommen som seinare vert ledig ved å tilby den første eigedommen til ein av syskena etter takst, vil ikkje alltid vere ei tilfredsstillande løysing. Bruk heilt ned til 15 dekar er odlingsjord, og om den første eigedommen som er overteken er liten, kan det vere sterke omsyn som fører til at eigaren ikkje ønskjer å gje avkall på eit

bruk som det er nedlagt ein personleg arbeidsinnsats i å opparbeide og halde i hevd. Det er no ikkje uvanleg at mindre bruk vert drivne saman med større, og dei nye reglane kan hindre ei rasjonalisering av jordbruksdrifta. Dertil kjem at utkastet i § 45 på same måte som gjeldande lov gjev reglar om fordeling mellom barna når foreldre let etter seg fleire eigedomar utan å ha disponert over dei. Når eit barn som har teke over odelsgarden etter foreldra utan hinder av dette seinare skal kunne ta over ein annan odelsfri foreldreeigedom, bør stillinga ikkje vere annleis om det er den odelsfri eigedommen som vert overteken først. Føresegna i § 18 andre stykket bør difor berre gjelde for eigedomar som det er odelsrett til.

Kap. VI. Allmenne avgrensingar i løysingsretten.

Til § 19.

Odelslova 1821 § 8 seier: «Odel kan løses saavel fra Fremmede som fra fjernere Odelsbaarne». Dette er ein gamal regel. Den var oppteken i § 7 i proposisjonen frå 1907, og står som § 19 første stykket i utkastet.

Regelen er ikkje absolutt. I § 21 gjer utkastet ei viss avgrensing i retten til å løyse på odel frå ein lenger ute i odelsrekka. Etter § 26 kan ein odelsrettshavar binde seg til ikkje å gjere odelsretten gjeldande. «Interpellasjonsretten» i § 20 kan føre til tap av løysingsretten, og §§ 23 o.u. har reglar om grunn som fell utanfor løysingsretten. Dessutan kan odels- og løysingsrett falle bort ved preskripsjon etter reglane i kap. IX i utkastet.

Andre stykket i § 19 har ein sentral regel som høyrer heime her. Den som har avhendt odelsjord, har ikkje løysingsrett mot kjøparen eller rettsetterfølgjarane hans. Regelen gjeld no og, og det er vanleg å grunngje den med at det ville kome i strid med heimelsansvaret hans som seljar, om han skulle gjere gjeldande odelsrett. Vert jorda fråseld kjøparen ved tvangsauksjon, har derimot seljaren løysingsrett så lenge preskripsjonstida ikkje er gått — ved tvangsauksjon gjeld ikkje noko heimelsansvar. Skulle garden bli løyst på odel av ein med dårlegare prioritet enn seljaren, må ein og gå ut frå at løysingsretten for denne står ved lag ut preskripsjonstida.

Kjem jorda innan preskripsjonsfristen er ute, attende til ein tidlegare eigar som hadde odelsrett, får odelsretten til denne sitt gamle innhald. Det er berre løysingsretten og ikkje sjølve odelsretten som er gått tapt for han ved salet. I § 37 er det sagt at om ein eigar skøyter eigedommen tilbake til ein tidlegare eigar som han ættar frå (sonen sel t.d. garden attende til faren), vert retten til den tidlegare eigaren

(her: faren) ståande ved lag, endå om det er gått meir enn 3 år sidan avhendaren (sonen) fekk heimel.

Når det er sagt at seljaren ikkje har løysingsrett mot kjøparen eller rettsetterfølgjarane hans, er dette truleg ei utviding av løysingsforbodet i høve til det som kan reknast å vere gjeldande rett i dag. Vanleg lære har gått ut på at seljaren ikkje kan løyse eigedomen frå ein som kjøparen har overført den vidare til ved avtale eller arv, men at seljaren derimot har løysingsrett andsynes ein som kjøper eigedomen på tvangsauksjon etter kjøparen, eller ein med dårlegare odelsrett som løyser den frå kjøparen på odel. Spørsmålet er ikkje særleg praktisk, — i dei fleste tilfelle vil løysingsretten for seljaren vere preskribert før det vert høve til å bruke den. Etter utkastet vert dette noko annleis, jfr. § 38.

Utvalet har ikkje funne grunn til å halde oppe noko unntak frå regelen om at alle rettsetterfølgjarane til kjøparen er verna mot odelsløyving frå den opphavelege seljaren. Nokre praktisk viktige unntak følgjer likevel av reglane i § 38.

Når det gjeld tidspunktet då odelsrett kan gjerast gjeldande, har utvalet meint at det skal gjelde same reglar som før. Avgjerande vert etter dette det tidspunktet då eigedomen er gått over til den nye eigaren, — det krevst ikkje at han har fått tinglyst heimel. Ein viser til oversynet over gjeldande rett s. 17 framanfor. Ved ein nyleg avsagt dom (Rt. 1971 s. 238) avgjorde Høgsterett ei sak der det var tvil om eigedomen var gått over på ein slik måte at den kunne løysast på odel.

Til § 20.

Reglane i denne paragrafen er nye i utkastet, ein har ikkje tilsvarende føresegner i gjeldande lover om odelsretten. Utvalet har og vore noko i tvil om det er grunn til å innføre denne nyskipnaden i ei ny odelslov, men er blitt ståande ved å gjere framlegg om det.

Bakgrunnen for regelen er den usikre stoda partane er i når foreldre står i ferd med å gje frå seg ein odelseigedom til eitt av dei yngre barna. Det vil ikkje alltid vere klårt om disposisjonen vil bli respektert av dei eldre syskena, slik at dei ikkje etterpå går til løysingssak og løyser eigedomen frå overtakaren. Det er ein naturleg tanke at foreldre så langt råd er freistar å ordne det slik at det ikkje skal bli tvist mellom barna om retten til eigedomen. Også omsynet til overtakaren synest å tale for at han bør kunne rekne med å få bli sitjande med eigedomen etter at han først har fått overta den. Må han likevel gje den frå seg til nokon av dei eldre syskena, vil han vere best tent

med at overføringa skjer beinveges frå foreldra til den eldre.

Etter gjeldande rett har foreldra ikkje noko middel til å tvinge fram eit bindande svar frå dei eldre barna om det er så at dei vil gjere bruk av sin odelsrett eller ikkje. Dei eldre barna kan alltid velje å vente og sjå. Er det eit vanleg godt tilhøve mellom foreldra og barna og mellom barna innbyrdes, vil dette ikkje skape noko problem, her vil reglane i § 26 vere tilstrekkelege. Men i andre høve kan det vere trong for ein lovregel som foreldra kan bruke for å tvinge fram ei avklåring av spørsmålet om dei eldre vil gjere bruk av retten sin, før foreldra eventuelt skøyter eigedomen til det yngre barnet. Grunngevinga for ein slik «interpellasjonsregel» som utvalet her gjer framlegg om ligg i dette at foreldra på den måten får eit middel til å hindre at det seinare kjem til løysingssak mellom barna. På den andre sida kan det reisast visse motsegner mot regelen. Den grip inn i dei eldre syskena si rettsstode ved at desse får ei kortare omrømingstid enn odelsrettshavarar elles har krav på. Dessutan kan ein sei at regelen gjev eit visst høve til misbruk i tilfelle då eigaren og eit yngre barn går saman om å ville setje eit eldre barn utanfor: eigaren kan då setje fram kjøpetilbod på eit tidspunkt då han veit at den eldre ikkje vil kunne akseptere det innan ein så kort frist som paragrafen set. Noko som og kan seiast å høyre med i denne vurderinga er dei reglane utvalet gjer framlegg om i den etterfølgjande paragrafen (om høve for retten til å nekte odelsløyving nettopp i slike høve), og likeins dei reglane utvalet gjer framlegg om når det gjeld preskripsjon mellom sysken (§ 36 andre stykket, § 37 og § 38). Desse framlegga tek alle sikte på å gjere det mindre freistande for eit eldre barn å gå til løysingssak mot eit yngre som har overteke odelsjord frå foreldra. Dette skulle for så vidt gjere trongen for ein særskild interpellasjonsregel noko mindre. Utvalet har likevel kome til at det er ei overvekt av omsyn som talar for å innføre ein interpellasjonsrett for foreldre som er i ein slik situasjon som nemnt.

Første stykket set som vilkår at det er kome så langt at eigaren har bestemt seg for avhending til det yngre barnet, og at dei er samde om vilkåra. Det må med andre ord liggje føre ei konkret kjøpeavtale mellom dei. Eigaren kan då setje ein frist for dei eldre syskena, og i tilfelle deira barn, til å sei frå om dei vil gå inn i kjøpetilbodet. I den uttrykksmåten som er nytta har utvalet meint å trekkje ei reell avgrensing for interpellasjonsretten: den gjeld ikkje andsynes andre som måtte ha betre odelsrett enn det yngre barnet. På same måten er det føresetnaden at den som eigaren vil overføre jorda til er eit yngre barn av han, — ikkje

eit barnebarn, bror, syster eller ein fjernare slektning av eigaren. Fristen må ikkje setjast stuttare enn 6 månader. Siste punktum i første stykket regulerer rettsverknaden av at interpellasjon er sett fram: «Dei som svarar nei eller som ikkje svarar innan fristen, vert i odelsrekka ståande etter den som opphaveleg fekk tilbodet og hans line, når han kjøper jorda på dei vilkår som var fastsett i tilbodet og desse vilkåra lyt reknast for reelle og sakleg velgrunna.» Om det sistnemnde vilkåret er oppfylt vil det kunne vere ulike syn på mellom eigaren og dei interpellasjonen rettar seg mot. I så fall må dei eldre kunne velje å gå inn i kjøpetilbodet med atterhald om rettsleg prøving av spørsmålet. Går eit svar ut på dette, vert det m.a.o. ikkje å rekne som avslag.

Det kan vere at eigaren ikkje vil selje til andre enn det yngre barnet, — siktemålet med interpellasjonen er berre å få klårlagt om nokon av dei eldre i så fall vil gå til løysingssak. Det ville då vere ille om interpellasjonen skulle ha den verknad at eigaren vart bunden av den: instituttet ville då lett kome til å verke i strid med føremålet sitt, eller det ville ikkje kunne brukast i slike særlege situasjonar då det verkeleg kunne vere trong for det. Andre stykket i paragrafen har difor ein regel om at eigaren står fritt andsynes dei som måtte ha sagt seg viljuge til å gå inn i kjøpetilbodet. Vert resultatet at eigaren sjølv framleis vert sitjande med egedomen, får interpellasjonen sjølv sagt ingen verknad for dei som har avslått tilbodet eller som ikkje har svara innan fristen. Dette går elles klårt fram av det som er sagt i siste punktum i første stykket: «... når han kjøper jorda på dei vilkår som var fastsett i tilbodet...». Dette fører då til at t.d. eldste barnet, som har gått med på å stå tilbake for den som fekk tilbodet, vil kunne gjere gjeldande odelsrett mot eit anna av barna som seier seg viljug til å gå inn i kjøpetilbodet og som deretter tek over egedomen. For denne retten gjeld vanleg preksriptionsfrist, jfr. § 35.

Fører interpellasjonen fram, slik at egedomen vert overført til det yngre barnet, får dei eldre barnelinene odelsprioritet nærast etter det yngre barnet si line, og i same innbyrdes orden som før.

Til § 21.

Som nemnt i dei almenne merknadene (side 41) har nokre av dei hardaste åtaka mot odelsretten vore grunnjevne med at den absolutte løysingsretten for beste rettshavaren ofte fører til uheldige og urimelege resultat. Ein typisk situasjon i våre dagar er at eldste son er flytta frå heimen og har etablert seg i eit anna yrke, medan ein yngre av syskena har vorte verande

heime hjå foreldra og hjelpt til med gardsdrifta. Denne situasjonen har ein truleg oftare no enn før, av di ekteskapsalderen er lågare og aldersskilnaden mellom foreldre og eldste barn er mindre. Det er naturleg at foreldra i slike høve skøyter garden til den yngre, eller — om dei ikkje gjer det — at den yngre får overta egedomen på skifte etter foreldra. I slike og liknande tilfelle verkar det urimeleg når den eldste i kraft av odelsrett kan løyse egedomen frå den yngre eller gjere gjeldande førerrett på skifte. Paragraf 21 tek sikte på å motverke slike urimelege utslag av odelsretten.

Første stykket regulerer den mest praktiske situasjonen: at det er ein eldre mellom syskena som prøver å drive bort ein yngre som har overteke egedomen av foreldra. Det kan vere overtaking i medhald av avtale eller på arveskifte, og det kan vere overtaking frå begge foreldra eller berre den eine. Men føresetnaden er at partane i tvisten er sysken, — er saksøkjararen ein utanforståande med betre odelsrett, fell tilhøvet inn under andre stykket i paragrafen. Vidare gjeld reglane berre odelsløyising etter at den yngre har teke over egedomen. Når det gjeld situasjonen ved eit arveskifte, gjer som før nemnt tilsvarande omsyn seg gjeldande i tilhøvet mellom åsetesarvingane. Dette har ein reglar om i § 46 siste stykket, som viser til § 21.

Retten kan, når vilkåra som er nemnde framfor ligg føre, nekte løysing når det ville vere klårt urimeleg av den eldre å drive den yngre bort. Det er ei individuell skjønsmessig vurdering retten her skal føreta. Paragrafen nemner nokre viktige vurderingsmoment, men opprekninga er ikkje uttømande, også andre moment enn dei som er nemnde kan telje med. I nemninga «klårt urimeleg» ligg at det må vere ei monaleg overvekt av omsyn som talar mot å tillate løysing.

Andre stykket gjev retten høve til å nekte odelsløyising i nokon vidare mon enn nemnt i første stykket. Vilkårane er at saksøkte i løysingssaka har nedervd odelsrett og har teke over egedomen anten frå slektningar i rett oppstigande line eller frå ein bror eller ei syster. Det bør ikkje gjere nokon skilnad for løysingssørsmålet om saksøkte har overteke egedomen beinveges frå sine foreldre, eller om han har fått den frå besteforeldra — eventuelt frå foreldra/besteforeldra via ein eldre bror eller syster. I praksis vil det også etter andre stykket vere sysken eller barn av sysken som til vanleg er partar i tvisten. Det kan seiast at slik regelen i andre stykket er forma, tek den opp i seg også dei tilfella som er nemnde særskilt i første stykket, og det er rett nok. Men den konfliktsituasjonen første stykket handlar om er den aller mest praktiske, og står også frå ein prinsipi-

piell synsstad i forgrunnen. Utvalet har difor funne det naturleg å gje reglar særskilt om den i innleiinga til paragrafen.

Når odelsløysing ikkje vert nekta i eit tilfelle som nemnt, er det eit vilkår for løysinga at saksøkjaren buset seg på eigedomen innan eitt år og deretter driv den i minst 5 (10) år. Retten kan likevel samtykkje i å gjere unntak frå dette kravet etter å ha innhenta fråsegn frå fylkeslandbruksstyret. Mellom dei moment det her skal takast omsyn til, nemner paragrafen særskilt bruksstorleiken, avkastingssevna og hustilhøva på eigedomen.

Dette med bu- og driveplikt som vilkår for odelsløysing har vore mykje framme i dei drøftingane utvalet har hatt. Det må då og seiest å høyre til dei heilt sentrale spørsmåla i samband med denne lovrevisjonen.

Fleirtalet i utvalet (6) har samla seg om ei løysing som går ut på at det reint allment skal gjelde krav om bu- og driveplikt som vilkår for all eigedomstilleingning i kraft av odelsrett, og likeins ved overtaking av jord på arveskifte i kraft av åsetesrett, jfr. her §§ 22 og 45 tredje stykket. Grunnlova § 107 kan ikkje vere til hinder for å innføre ein slik skipnad.

Utvalet ser det prinsipielt slik at eit krav om bu- og driveplikt har særleg gode grunnar for seg ved odelsløysing. Det er her til vanleg spørsmål om å fordrive ein annan eigar som har overteke eigedomen med sikte på å ha sin bustad og si næring knytta til den. Det er då ikkje urimeleg å krevje av løysingsmannen at også han buset seg på eigedomen og driv den — først då kan ein seie at det gjeld likeverdige interesser på begge sider, slik at det er sakleg grunnlag for å la (beste) odelshavaren få førerretten. Vilkåret om bu- og driveplikt må ein rekne med vil få ein viktig funksjon når det gjeld å hindre det ein kan kalle «lovleg misbruk» av odels- og løysingsrett. Kravet om bu- og driveplikt har — frå denne sida sett — ikkje fullt så sterke grunnar for seg i relasjon til bruk av odels- og åsetesrett på arveskifte. Men i og med at eit slikt krav, etter det framlegget til konsesjonsreglar som no ligg føre, skal gjelde allment som vilkår for konsesjonsfritak ved eigedomsovergang mellom nærskylde personar, må konsekvensen bli at det i utkastet her vert teke inn tilsvarende reglar som for odelsløysing om bu- og driveplikt også når ein eigedom på offentleg arveskifte vert utlagd i kraft av odels- eller åsetesrett. Elles ville ein her få ulike reglar ettersom eit arveskifte går føre seg offentleg eller privat. Ved privat arveskifte er det utvalet sin føresetnad at reglane i konsesjonslovproposisjonen vil kome inn i høve til bruk av åsetesrett.

Ikkje alle odels- og åseteseigedomar er slike at det kan knytast vilkår om buplikt til overta-

kinga av dei. Dette vil til dømes gjelde ein rein skogeigedom, som etter fleirtalsframlegget skal reknast som odlingsjord når den er større enn 200 dekar, jfr. § 2 siste stykket. Det kan og vere at produksjonsgrunnlaget på ein eigedom som går inn under reglane i utkastet er så svakt at drifta åleine ikkje kan gje stor nok innkome for ein huslyd. Endeleg har ein dei tilfella der odelsløysaren (overtakaren) er eit mindreårig barn eller ein person som av andre grunnar ikkje sjølv kan busetje seg på eigedomen og drive den straks den vert overteken. Slike situasjonar som dei her nemnde — og fleire kan nok tenkjast — reiser spørsmål om unntaksreglar frå det almenne vilkåret om bu- og driveplikt.

Når det gjeld odelsløysing og overtaking av eigedom på offentleg arveskifte i kraft av odels- eller åsetesrett, meiner utvalet at reglar om bu- og driveplikt høyrer heime i den nye odelslova. Avgjerda av spørsmålet om bu- og driveplikt må i slike høve leggjast til retten, ikkje til eit administrativt organ. Det er her spørsmål om odels- eller åsetesrett i det heile skal kunne gjerast gjeldande, og det ville vere i dårleg samsvar med påbodet i § 107 i Grunnlova å leggje den endelege avgjerda av eit slikt spørsmål til eit administrativt konsesjonsorgan. Dette ville og vere lite naturleg av den grunn at det i desse tilfella gjeld ei sak som elles står for domstolane. Det ville høve lite med den sjølvstendige og uavhengige stoda domstolane har hjå oss om avgjerda i ei sak som står for domstolane skulle stå på kva stode eit administrativt organ tek til den same saka.

Utkastet er ut frå dei nemnde omsyna forma slik at det både ved odelsløysing og ved bruk av odels- eller åsetesrett på offentleg skifte skal gjelde eit allment vilkår om bu- og driveplikt. 1-årsfristen i § 21 tredje stykket er meint å skulle reknast frå avslutninga av løysingssaka, og 5-årsfristen frå tidspunktet for bruksovertakinga. Når det gjeld det nærare innhaldet i kravet til bu- og driveplikt, har utvalet meint at dette bør avgjerast av retten i det einskilde tilfellet. Så ulike som tilhøva kan vere i praksis, er det vanskeleg å seie noko nærare kva som konkret bør krevjast. Utvalet vil berre halde fram eit par hovudsynspunkt når det gjeld forståinga av desse omgrepa.

Kravet om buplikt tek i første rekkje sikte på å halde ute ein odelsløysar som ikkje har noko aktuell tilknytning til jordbruksnæringa og som heller ikkje ved løysinga tek sikte på å få det. Kravet er meint å skulle hindre slikt som at ein aktiv næringsdrivande bonde skal måtte vike for ein som vil bruke eigedomen til feriestad og som har betre odelsrett. Men ein kan ikkje i alle høve krevje at løysingsman-

nen buset seg på sjølve egedomen. Det kan til dømes vere at husa der er gamle og dårlege, og at løysingsmannen har bygd seg eit nytt og tidhøveleg hus på ein annan stad i grannelaget. Etter tilhøva må då bukravet kunne reknast for oppfylt utan at odelsløyseren flytter frå det huset han har.

I kravet til driveplikt har ikkje utvalet meint å leggje noko ufråvikeleg påbod om at odelsløyseren personleg og eigenhendig skal stå for gardsdrifta. Eit slikt krav ville i mange høve stengje for odelsløysering i tilfelle då føremålet med denne måtte seiast å vere både lojalt og heilt rettmessig, jfr. det som er sagt framanfor i merknadane til denne paragrafen. Heller ikkje kan ein i alle høve krevje at ektemaken og/eller barna til løysingsmannen tek personleg del i drifta alt frå første stund. Derimot lyt påbodet tolkast slik at drifta må skje for løysingsmannen si rekning: realitetsinnhaldet i drivepliktkravet vert då eit forbod mot forpakting i 5 (10) år, jfr. den någjeldande regelen i § 76 i skjønsløva.

Når det er sagt at retten — etter å ha innhenta fråsegn frå fylkeslandbruksstyret — kan samtykkje i å gjere unntak, så ligg det i dette at retten etter tilhøva også kan lempe på krava (såleis gje utsetjing med å busetje seg på egedomen, setje ein kortare frist for driveplikta enn lova krev, eller treffe avgjerd om at det skal gjelde driveplikt, men ikkje buplikt). Utvalet vil tru at det helst er på den måten unntaksskipnaden bør brukast — ved ei konkret tilpassing av krava etter tilhøva — og at det heller sjeldan bør bli spørsmål om full fritaking både for buplikt og driveplikt.

At driveplikta skal gjelde «i minst 5 år» (mindretalet: «i minst 10 år»), må ikkje tolkast slik at retten står fritt til å fastsetje ei lenger tid. Meininga er at kravet skal følgje beinveges av lova, og at det skal reknast for oppfylt når løysingsmannen har drive egedomen i 5 (10) år eller meir.

Spørsmålet om kva rettsverknad det skal få at kravet om bu- og driveplikt ikkje vert oppfylt, kjem utvalet tilbake til i den seinare rådsegna om prosessreglane.

Når det gjeld lengda av tidsromet for kravet om bu- og driveplikt, er det dissens i utvalet.

Fleirtalet (formannen, Husaas, Lid, Nygard og Stray Ryssdal) meiner fristen bør setjast til 5 år. Dette samsvarar med framlegget til ny konsesjonslov, der bu- og driveplikt i 5 år er gjort til eit vilkår for konsesjonsfritid ved avhending til nære slektningar. Fleirtalet meiner 5 år kan vere høveleg, og at ein for lang frist her vil kunne leggje eit urimeleg sterkt band på den som tek over ein egedom i kraft av odelsrett. Det primære omsynet bak kravet om bu- og driveplikt er å motverke det ein

kan kalle «legalt misbruk» av odels- og løysingsretten, jfr. framanfor. Fleirtalet meiner det ut frå slike omsyn ikkje kan vere naudsynleg å setje fristen lenger enn 5 år.

Mindretalet (Nærstad, Øksnes) meiner kravet om bu- og driveplikt bør gjelde i 10 år. Sjølv om 5 år skulle bli den endelege fristen i den nye konsesjonslova, kan det ikkje vere noko å seie på at odelslova set ein lenger frist ved odelsløysering, der det er spørsmål om å fordrive ein annan eigar. Fristen må vere så vidt lang at berre dei som verkeleg meiner å ta over egedomen for å bli buande der og for å drive den får høve til å gjere gjeldande odelsrett.

Til § 22.

Første stykket viser til det som er sagt i § 21 når det gjeld kravet til bu- og driveplikt. Desse krava skal altså etter utkastet gjeide allment ved all odelsløysering. Dette gjeld då og det som er sagt om høve for retten til å lempe på vilkåra eller etter tilhøva heilt å frita odelsløyseren både for bu- og driveplikt.

Ved avgjerda av spørsmålet om kva vilkår som skal knytast til odelsløysering etter denne paragrafen, skal retten for det første ta omsyn til dei momenta § 21 nemner: bruksstorleiken, avkastingssevna og hustilhøva på egedomen (denne opprekninga er som før nemnt ikkje uttømande). Men dessutan skal retten etter andre stykket i § 22 ta særskilt omsyn til kor nær tilknytning løysingsmannen har til egedomen. Etter dei reglar som no gjeld om kven som har odelsrett, vil denne tilknytninga kunne variere innan særse vide grenser. Men også med dei avgrensingar i odelskrinsen som § 14 i utkastet fører til, vil nok tilknytninga kunne vere meir eller mindre sterk. Den regelen utvalet (fleirtalet) gjer framlegg om er at samtykkje til unntak frå eller lemping i dei allmenne vilkåra i regelen ikkje skal nektast når anten nokon av foreldra eller syskena til løysingsmannen har ått egedomen med odel. Det er helst i desse tilfella ein må rekne med at tilknytninga er særleg sterk, og det ville vere eit sterkt inngrep i odelsretten om løysing i slike tilfelle skulle nektast av di løysingsmannen på den aktuelle tida var ute av stand til å oppfylle dei lovfesta vilkåra om bu- og driveplikt. Føresegna i andre punktum i andre stykket er likevel berre ein hovudregel, den gjev ikkje odelsløyseren noko rettskrav på å få overta egedomen utan slike vilkår. Det kan vere at løysingsmannen sjølv har ått egedomen, den er til dømes fråseld han på tvangsauksjon. Det er klart at dette vil representere ei kanskje endå sterkare personleg tilknytning til den enn om nokon av foreldra eller syskena hans har vore odelseigarar,

og regelen i andre punktum i andre stykket må då sjølv sagt gjelde på same måten.

Tredje stykket fastset at reglane i paragrafen skal gjelde tilsvarande når ein odelsrettshavar på offentleg skifte får utlagt ein odelseigedom, jfr. § 62 i skiftelova. For bruk av åsetesrett på offentleg skifte har utkastet ein tilsvarande regel i § 45 tredje stykket. Skifter arvingane privat, vil med omsyn til bu- og driveplikt reglane i § 6 nr. 1 i framlegget til ny konsesjonslov kome inn. Vilkåret for konsesjonsfritak etter den nemnde føresegna er dei same som krava etter odelslovutkastet (fleirtalsframlegget til § 21). Skilnaden vert berre den at det då vert konsesjonsstyremaktene som avgjer spørsmålet. Det kan reisast spørsmål om åsetesarvingen — dersom konsesjon i samband med privat skifte vert nekta — kan krevje offentleg skifte for dermed å få prøvd spørsmålet om bu- og driveplikt for skifteretten. Utvalet meiner han bør kunne gjere det, og at § 61 i skiftelova gjev heimel for eit slikt krav.

Eit mindretal, Nærstad og Øksnes, meiner at siste punktum i andre stykket i § 22 går for langt i å gjere unntak frå kravet om bu- og driveplikt, og gjer framlegg om at denne regelen går ut. Når det er nemnt i setninga framanfor at det skal takast særskilt omsyn til kor nær tilknytning løysingsmannen har til eigedomen, må dette vere tilstrekkeleg. I praksis vil fleirtalsframlegget på dette punktet venteleg føre til at det ikkje vert sett krav om bu- og driveplikt i noko tilfelle der foreldra eller nokon av syskena til løysingsmannen har ått eigedomen med odel.

Eit anna mindretal, Stray Ryssdal, har desse merknadane til reglane om bu- og driveplikt:

I dei tilfella der eit yngre barn har teke over ein eigedom frå foreldra for å busetje seg der og drive den, er det rimeleg at det vert stilt krav om bu- og driveplikt til ein eldre bror eller syster som vil løyse eigedomen frå den yngre. Det kan likevel stillast spørsmål om fristen på eitt år er for kort. I mange tilfelle har den med best odelsrett flytta bort i ung alder, fått heim og familie som har sitt yrke og skulegang ein annan stad, og mange omsyn kan tale for at det innan så kort tid som eitt år ikkje vil vere mogeleg å flytte tilbake. I slike høve bør dispensasjonsordninga praktiserast liberalt, og slik at det vert teke individuelle omsyn.

I andre tilfelle der barn tek over odelseigedom som foreldra deira har ått, vil det ikkje vere rimeleg å stille krav om buplikt innan eitt år. Den som tek over ein jordbruks- eller skogbrukseigedom, må ha ei vilkårslaus plikt til å drive eigedomen og halde jord og skog i hevd, og dette følgjer alt av reglane i jordlova. Etter jordbruksteljinga 1969 var meir enn halv-

parten av bruka på under 50 dekar, når ein reknar etter jordbruksareal i drift. Berre 54 % av alle personlege brukarar hadde bruket som einaste eller viktigaste leveveg. Det er på det reine at svært få bruk i Norge kan livnære meir enn ein huslyd, og ingen odelsrettshavar kan setje seg ned og vente på at ein odelseigedom skal bli ledig i ei nærare eller fjernare framtid. Mange odelsrettshavarar har difor — når odelsretten vert aktuell — alt skaffa seg eit fast arbeid eller ei utdanning som gjev leveveg ein annan stad.

Den siste jordbruksstatistikken viser at ved drifta av mest halvparten av alle gardsbruk er det naudsynleg med attåtinntekt for å kunne halde bruka i hevd og gje næringsgrunnlag for ein huslyd. Det er no innført ein pensjonsalder på 67 år, og i framtida må ein kunne rekne med reglar om ein meir fleksibel pensjonsalder. Det vil vere av interesse å kunne halde oppe i slekta også bruk som er så små at dei berre delvis vil kunne gje næringsgrunnlag for ein huslyd, og mange kan kome til å ønskje å flytte tilbake så snart dette økonomisk let seg gjere. I framtida vil det kunne bli av stor interesse å halde jordbrukseigedomar — sjølv små drifts-einingar — i slekta si eige, og barn som måtte ønskje det, bør kunne få ta over den eigedomen dei er vaksne opp på utan krav om buplikt.

Når fjernare odelsrettshavarar enn barn etter siste eigaren vil gjere gjeldande odelsrett, bør det stillast krav om buplikt:

- a) når odelsretten vert gjort gjeldande på eit skifte, og ein annan med dårlegare odelsrett ønskjer å ta over eigedomen for å busetje seg der,
- b) når ein odelsrettshavar ved odelssøksmål vil ta over eigedom frå ein ny eigar som har busett seg der.

På bakgrunn av desse merknader har eg gjort framlegg om eit anna innhald av § 22, sjå lovutkastet (alt III).

Når det gjeld tilhøvet mellom odelsrett og konsesjon ligg det som nemnt framanfor føre eit førebels framlegg frå Landbruksdepartementet. På vesentlige punkt er det samsvar mellom dette framlegget og utkastet her, såleis når det gjeld bu- og driveplikt, men det er store avvik i det prinsipielle synet på odelsretten. Utvalet viser til sine to brev til Justisdepartementet, prenta som vedlegg til denne rådsegna, men vil her for samanhengen si skuld kome med nokre stutte merknader.

Som nemnt i brevet av 7. desember 1971 meiner utvalet det er heilt utilrådeleg generelt å innføre konsesjonsplikt ved all eigedoms- overgang med basis i odelsrett, også til ein med betre odelsrett enn overdragaren, slik det var

gjort framlegg om i eit førebels utkast frå Landbruksdepartementet. Grunnlova § 107 fastset: «Odels- og Aasædesretten maa ikke ophæves». Det kan då ikkje gå at eit administrativt organ etter eige skjøn i kvart tilfelle skal avgjere om «rettshavaren» skal få nytte «retten» eller ikkje. Det er langt på veg det same som å «ophæve» retten. Nokon subjektiv odelsrett ville etter ein slik skipnad ikkje lenger eksistere.

Derimot meiner utvalet — som nemnt framanfor — at eit påbod om bu- og driveplikt kan sameinast med Grunnlova. Men ein må ha reglar som gjev høve til dispensasjon frå ei slik plikt, slik det er gjort greie for framanfor. Når det gjeld odelsløyning og overtaking av odelseigedom på offentleg arveskifte bør dispensasjonsspørsmålet avgjerast av retten, av grunnar som ein har gjort greie for. Men spørsmålet femner vidare enn til desse to ervervsmåtane.

Overdraging av fast eigedom med full rettsverknad har etter rettsskipnaden hjå oss i regelen som føresetnad at ervervaren får konsesjon. Dette gjeld og ved overgang til ein odelsrettshavar, med eit viktig unntak: ved overdraging til ein med betre odelsrett enn eigaren (dette vil seie at odelsløyning fell utanfor konsesjonsplikta). At det ikkje vart gjort noko generelt unntak for konsesjonsplikt ved overdraging til ein odelsrettshavar, var naturleg så lenge krinsen av rettshavarane var uavgrensa, slik som etter lova frå 1821. Dette vil bli annleis dersom § 14 siste stykket i odelslovutkastet blir lov. Men sjølv sagt kjem spørsmålet om bu- og driveplikt opp også ved friviljug — «utanrettsleg» — odelserverv, og dermed spørsmålet om eventuell dispensasjon. Dette spørsmålet vil då — utanom odelsløyning og utlegg på offentleg skifte — naturleg måtte avgjerast av landbruksstyremaktene. Men utvalet kan ikkje sjå det skulle vere naudsynleg å treffe avgjerda i form av konsesjon. Det må vere nok at spørsmålet om bu- og driveplikt vert avgjort. Dersom krinsen av odelsrettshavarar vert avgrensa som utvalet gjer framlegg om, bør ein odelsrettshavar ikkje trenge konsesjon — og det som skal avgjerast, blir då berre — eventuelt — dispensasjon frå kravet om bu- og driveplikt.

Til § 23.

Når ei tomt er fråskild ein odelseigedom til bruk for oppføring av bustadhus, forretningsbygg, industriføretak, lager, naust, garasje eller liknande, bør den ikkje kunne løysast på odel. Lova frå 16. juli 1907 har i § 1 punkt 2 a ein slik regel for hustomter «hvor det bygges eller er bygget beboelseshus». Dette siste vilkåret er ikkje teke med i § 23, det er nok at tomta

er fråskild til bruk for eit slikt føremål som nemnt. Likeins er vilkåret om at grunnen må vere fråskild og seld av «nærmeste odelsmann» sløyfa. At lova slik den no lyder kan føre til uheldige resultat er domen i Rt. 1949 side 967 eit døme på (side 972 seier to domsmenn i heradsretten at resultatet er «oppørrende»). Viktigaste endringa i høve til gjeldande lov er sagt om utvida frå å gjelde berre budstادتomter til også å gjelde andre byggverk der tilsvarende omsyn gjer seg gjeldande.

I § 5 er det sagt at når eit område ved stadfest reguleringsplan er lagt ut til byggjeområde, trafikkområde eller friområde, kan det ikkje lenger hevdast odelsrett til grunn innan området. Dette er meint å skulle gjelde endå om odelshevd på stadfestingstidspunktet er i gang, jfr. dei særskilde merknadane til § 5. Det som er sagt om byggjeområde, trafikkområde og friområde kan etter særskilt avgjerd av Kongen utvidast til også å gjelde andre område som odlingsjord ved stadfest reguleringsplan vert utlagd til (når den ikkje er lagd ut til landbruksområde). Dersom odelshevd alt er fullført til grunn som nemnt i § 5, melder det seg spørsmål om den bør kunne løysast på odel. Som utgangspunkt har utvalet meint at den ikkje bør kunne det, då det her gjeld grunn som er teken ut av framtidig produktiv verksemd i tilknytning til landbruket. Men det kan vere at det kjem til å gå nokså lang tid før jorda vert teken i bruk til det nye føremålet, og det kan endå vere meir eller mindre tvilsamt på stadfestingstidspunktet om den omdisponering det er spørsmål om vil verte gjennomført etter planen. Det finst ymse stader reguleringsplaner frå tidlegare som har vorte ståande, utan at utbygging synest aktuelt på lenge eller i det heile. I slike tilfelle har utvalet meint at odelsrett etter tilhøva bør kunne gjerast gjeldande, — ein bør ikkje kunne hindre odelsløyning ved å få stadfest ei reguleringsplan dersom gjennomføringa av denne er heilt på det uvisse eller først er aktuell langt inn i framtida. Utvalet har funne at dersom jorda på den tida løysings-spørsmålet kjem opp er brukt til jordbruksføremål og ein må rekne med at dette vil halde fram dei næraste 15 åra, bør den kunne løysast på odel. Det må altså her skje ei førehandsvurdering med omsyn til gjennomføringa av reguleringsplanen. Regelen tek sikte berre på odelsløyning mellom private. Har det offentlege erverva området ved oreigning, er det ikkje lenger odelsrett til det, og det vert ikkje spørsmål om odelsløyning. Og har det offentlege erverva området ved avtale med eigaren, kjem reglane om odelsfrigjering inn, jfr. § 28 i utkastet og § 9 i oreigningslova 23. oktober 1959.

Paragraf 23 er elles slik å forstå at det vert spørsmål om det tidspunkt då løysingssaka

Om odelsretten og åsetesretten

kjem opp. Ein kan ikkje hindre odelsløysing ved å fråskilje tomta eller få reguleringsplanen stadfest etter at løysingssak er reist. Av retts-tekniske omsyn må reglane her knytast til tids-punkt som er faste og notoriske. Ein kan kanskje meine at odelsløysing bør kunne nektast dersom det når saka skal sluttast ligg føre fråskiljing eller stadfest reguleringsplan. Men ein slik regel ville lett freiste saksøkte til å prøve å trenere løysingssaka mest mogeleg, noko som i seg sjølv er uheldig. Dessutan kjem det til at når tomta er fråskild etter at preskripsjons-fristen har teke til, følgjer det av § 44 andre stykket at disposisjonen ikkje er bindande for odelsløysaren.

I relasjon til grunn som går inn under § 5 andre stykket er det klart at det er det tids-punktet då Kongen tek slik avgjerd som må vere avgjerande, dersom stadfest regulerings-plan då ligg føre. I andre tilfelle vert det stad-festingstidspunktet.

I andre stykket ligg at grunn som går inn under § 4, kan løysast i samband med den eigedomen den er utskild frå. Men særskilt løy-sing går altså ikkje. Utvalet har drøfta om ein for denne slags grunn burde gje ein særleg pres-kripsjonsregel, men har funne at det ikkje bør gjerast. Løysingsretten går altså tapt etter dei vanlege reglane i § 35. Dette vil seie at retten i desse tilfelle kan vere tapt før det har vore høve til å bruke den.

Til § 24.

Denne regelen er ny i utkastet. Kva gjeldande rett på området går ut på er noko tvilsamt. I Bergli-domen (Rt. 1967 side 1009) vart det avgjort at ein eigedom i Asker på ca. 9 dekar ikkje gjekk inn under åsetesrett, og det Høgste-rett her la vekt på var karakteren av området i vidare forstand, — utviklinga i grannelaget gjorde det lite truleg at det i framtida kom til å verte drive landbruksdrift på eigedomen. Domen galdt berre spørsmålet om åsetesrett og er såleis ikkje avgjerande for det tilsvarande spørsmålet i relasjon til odelsrett. Høgsterett reserverte seg då og uttrykkjeleg på dette punk-tet. Men det synest vere liten grunn til å ha ulike reglar her for odelsrett og for åsetesrett. Eldre rettspraksis må seiast å ha bygt nokså konsekvent på synspunktet: ein gong odelsjord — alltid odelsjord. Men denne rettsbruken kny-ter seg då til ei lov som skiljer mellom jord på landet og grunn som høyrer til ein bykom-mune, — berre den første kan i prinsippet vere odelsjord. I og med at utkastet heilt let dette skiljet falle bort — og i staden let det vere avgjerande om eigedomen er skikka til land-bruksdrift — kan ein ikkje kome utanom spørs-målet om korleis stillinga vert når ein eigedom

som i eit visst tidsrom var skikka for land-bruksdrift, og som det då vart hevda odel til, ikkje lenger fyller vilkåra på det tidspunktet då løysingsspørsmålet kjem opp. Paragraf 24 løysar dette spørsmålet i samsvar med dei syns-måtane Høgsterett la til grunn i Bergli-domen for åsetesretten: Eigedomen kan då ikkje løysast på odel.

Forutan at denne regelen synest føre til dei mest rimelege resultat og må seiast å vere i samsvar med grunntankane i odelsretten, har den og visse retts-tekniske føremonar: Det vil som regel vere lettare å avgjere om ein eigedom fyller vilkåra etter § 2 n o enn om den gjorde det for 10—15—20 eller 30 år sidan. Var regelen at tilhøva ved odelshevdfullføringa skulle vere avgjerande, ville ein måtte avgjere spørsmålet på grunnlag av opplysningar som kanskje ville vere nokså usikre og motstridande og som det ikkje alltid ville vere lett å føre prov for.

Om ein eigedom fyller vilkåra for odlingsjord etter § 2 kan den som har rettsleg interesse i det få avgjort ved skjøn med heimel i § 6.

Til § 25.

Lova frå 16. juli 1907 har i § 1 punkt 2 ein regel om at særskilt skyldsette småbruk som vert utskilde frå eit mykje større bruk, ikkje kan løysast på odel. Vilråra er at småbru-ket «er bebygget eller bebygges» som sjølvsten-dig småbruk, og at «grunnen er utskilt og solgt av nærmeste odelsmann». Som det er nemnt i det historiske oversynet, kom § 1 pkt. 2 b og c inn i 1907-lova ved ei tilleggslov frå 1936 («lex Hornsrud»). Paragraf 25 avløysar den nemnde føresegna i 1907-lova, og samsvarar og stort sett med den, likevel slik at det siste av dei to siterte tilleggsvilkåra er sløyfa. Andre og tredje punktum i § 25 svarar til siste stykket i § 1 i lova frå 1907.

Utvalet har ikkje teke med kravet i lova frå 1936 om at småbruket skal vere utskilt frå eit «betydelig» større bruk. Etter den stoda fylkes-landbruksstyret har i saker om eigedomsdeling (§ 55 i jordlova) synest dette kravet uturvande.

Forståinga av uttrykket «småbruk» har ved fleire høve vore framme i rettspraksis. Ved ein dom i Rt. 1953 side 311 vart eit bruk på 42 dekar (15 dekar dyrka) som var utskilt i 1875, ikkje rekna å vere for stort til å kunne kallast «småbruk». Det avgjerande måtte vere tilhøva på den tida då spørsmålet låg føre til avgjerd, og ikkje då bruket vart fråskilt. Ved ein lag-mannsrettsdom i RG 1960 side 627 vart ein eige-dom på 40 dekar innmark med bruksrett i Fro-sta allmenning rekna som småbruk. Utvalet har ikkje meint å endre gjeldande rett med omsyn til det vilkåret for odelsfridom som ligg i at det fråskilde bruket må vere eit småbruk. Når

det gjeld spørsmålet om kva som skal reknast som småbruk etter § 25, er det klårt at dette i nokon mon må avgjerast ut frå lokale tilhøve, mellom anna kva som er vanleg bruksstorleik og driftsmåte i bygda og distriktet. Jfr. i denne samanhengen det som er sagt om det tilsvarande spørsmålet i høve til omgrepet «odlingsjord» i merknadane til §§ 1 og 2 (fleirtalsframlegget).

Det må nemnast at «lex Hornsrud» vart til i ei tid med eit noko anna syn på jordbrukspolitikken enn no. Ein tenkte den gongen ikkje så mykje på at eit bruk ikkje må vere for lite, skal det kunne drivast rasjonelt. Det er kanskje difor ikkje sjølvstendig at «lex Hornsrud» bør stå ved lag. Den kan tenkjast å hjelpe fram bruk av uhøveleg storleik. Likevel har utvalet kome til at dei sosiale omsyna som i si tid var årsak til lova, framleis gjeld i nokon mon, og etter den stoda som fylkeslandbruksstyret har i jorddelingsspørsmål kan lova ikkje lett tenkjast å gjere skade.

Til §§ 26 og 27.

Reglane her samsvarar med gjeldande rett, men har ikkje tidlegare vore lovfesta. Odelsretten er ein strengt personleg rett som vedkomande har av omsyn til seg sjølv og den ætta han høyrer til. Det ville samsvare dårleg med dei omsyna som ligg til grunn for odelsrettsskipnaden om rettshavaren skulle kunne overføre sin odelsstatus til nokon utanfor odelsætta, — gjere odelsretten til handelsvare. At han ikkje kan det har då og alltid vore rekna for utvilsamt.

Noko anna enn overføring av retten til ein annan er at odelsrettshavaren bind seg til ikkje å gjere den gjeldande. Dette siste har vorte kalla odelsfråskrivning, og har vore ikkje så lite brukt i samband med eigedomsovergang. Ein kan i prinsippet skilje mellom fråskrivning av løysingsrett og fråskrivning av sjølve den materielle odelsretten. Fråskrivning berre av løysingsretten kan likevel ikkje gjerast med verknad for preskripsjonsreglane (sjå §§ 36—38).

Paragraf 26 gjev høve både til fråskrivning av løysingsrett («andsynes einskilde») og av den materielle odelsretten («i det heile»). Går ei fråsegn ut på at vedkomande bind seg til å gjere odelsrett gjeldande i det heile, lyt det tolkast slik at det er sjølve den materielle odelsretten vedkomande har skrive frå seg. Men om han bind seg til ikkje å gjere gjeldande odelsrett andsynes einskilde, har han likevel odelsrett, og vil kunne løyse eigedomen om den seinare, før preskripsjonstida er ute, går over til ein som fråskrivninga ikkje omfattar.

Om verknaden av odelsfråskrivning for etterkomarane til fråskrivaren har utkastet ein regel

i § 27: fråskrivaren overfører ikkje til seinare fødte barn større rett enn han sjølv har. Det vil då seie at slike barn får ikkje odelsrett dersom faren eller mora har skrive frå seg odelsretten «i det heile», — er det derimot berre tale om fråskrivning «andsynes einskilde», får seinare fødte barn odelsrett med prioritet etter faren eller mora. For barn som er fødte før fråskrivninga får denne ikkje noko å seie, desse har sin sjølvstendige odelsrett og må i tilfelle fråskrive seg den særskilt. Er barna umyndige, krevst det samtykkje frå overformynderiet dersom det skal skje fråskrivning av deira odelsrett, anten fråskrivninga berre skal gjelde andsynes einskilde eller i det heile, jfr. verjemålslova 22. april 1927 § 58.

Paragraf 27 har og ein tilsvarande regel for avhending av odelseigedom. Etter § 19 andre stykket kan avhendaren sjølv ikkje gjere gjeldande odelsrett mot kjøparen eller mot kjøparens rettsetterfølgjarar. Etter § 27 overfører ikkje seljaren til barn fødte etter avhendinga større rett enn han sjølv har. Uttrykket «avhendinga» knyter seg her til avtaletidspunktet, ikkje til det tidspunktet då kjøparen får tinglyst heimel. Barn som er fødte før avhendinga har også her sin sjølvstendige odelsrett, som dei innan preskripsjonsfristen kan gjere gjeldande mot såvel kjøparen som den som i dette tidsromet overtek eigedomen frå han, dersom dei ikkje særskilt har fråskrive seg odelsretten etter § 26. Er barnet som vil gjere odelsrett gjeldande umyndig, krevst det også til dette samtykkje frå overformynderiet etter § 58 i verjemålslova.

Kap. VII. Odelsfrigjering.

Odelsfrigjering vil seie avgjerd om at odelsrett skal falle bort. Dette er i seg sjølv eit nokså vidtgående inngrep i rettsstoda til odels-havarane, og denne verknaden vert forsterka ved at det i praksis vert lagt til eit administrativt organ å ta avgjerda. Skulle ein ha alt for allmenne og skjønsmessige reglar om høve til odelsfrigjering, ville det ikkje samsvare med den stillinga odelsinstituttet er tillagt i Grunnlova, og det ville dessutan reint faktisk gjere stillinga for ein odelsrettshavar utrygg og kunne verke til å fremje rettstvistar. Dei lovføresegnene som gjev heimel for odelsfrigjering bør difor utformast slik at det går klårt fram kva for føremål som skal gje grunnlag for å ta slik avgjerd, og kva for vilkår elles som må vere oppfylte.

Som nemnt i dei allmenne merknadane, har ein no reglar om odelsfrigjering i lova frå 16. juli 1907 § 7, jordlova 18. mars 1955 § 30 og

oreigningslova 23. oktober 1959 § 9. Det er klårt at i alle høve den førstnemnde av desse må takast inn i ei ny odelslov, om ein ikkje vil la den falle bort. Utvalet meiner dessutan det vil vere naturleg å overføre regelen i § 30 i jordlova til den nye odelslova. Ein har og vore inne på tanken om å overføre §§ 9 og 14 i oreigningslova hit, slik at alle reglane om odelsfrigjering vart samla i ei lov. Det siste har utvalet likevel ikkje funne å ville ta opp framlegg om.

Til § 28.

Denne paragrafen avløyser § 7 i 1907-lova, og tek ikkje sikte på noko realitetsendring i høve til den. Tredje stykket i § 7 gjeld saksførehavina og er førd over til § 30 i utkastet. Dette same gjeld siste stykket, men her er ei nokså viktig realitetsendring, jfr. om dette dei særskilde merknadane til § 30.

Paragraf 7 i lova frå 1907 fekk si noverande form ved ei lovendring 14. 6. 1963 («lex Gruset»), som er omtala i det historiske oversynet. Utvalet har ikkje gjort framlegg om endring i dei reelle vilkåra for odelsfrigjering her, m. a. for di lova vart vedteken etter nøye drøfting og mykje politisk strid så seint som i 1963.

Det er eit vilkår for odelsfrigjering i medhald av denne paragrafen at staten/kommunen ikkje alt har teke over eigedomen på det tidspunktet då det vert søkt om odelsfrigjering. Når staten/kommunen har fått tinglyst skøyte på eigedomen, kan den ikkje lenger gjerast odelsfri etter § 28. Dette er i samsvar med det som gjeld no, slik § 7 i 1907-lova har vore tolka i praksis, mellom anna av Lovavdelinga i Justisdepartementet. Utvalet har vurdert dette spørsmålet, og meiner det er den beste ordninga at det offentlege tek stilling til spørsmålet om odelsfrigjering i samband med planane om å ta over eigedomen. Vil ein gardere seg mot seinare odelsøksmål, får ein ta bryet med å frigjere eigedomen for odel før skøyte vert tinglyst. Det kan vere at ein på den måten får ein del saker om odelsfrigjering der dette kanskje ikkje var turvande, av di at ingen likevel hadde kome til å reise løysingssak. Men i så fall har ein utvegen med odelsfråskrivning etter § 26 som alternativ til odelsfrigjering etter § 28. Det som sterkast talar for å halde på ei slik avgrensing som følgjer av gjeldande ordning, er omsynet til odelsrettshavarane, eller sagt på ein annan måte: omsynet til den status odelsretten bør ha som rettsinstitutt. Det er lite hjelp i å ha odelsrett dersom saksøkte i ein konkret situasjon der det er spørsmål om å bruke den skal kunne møte løysingskravet med vedtak om odelsfrigjering. No kan ein sjølv sagt seie at dette vil vere realiteten også

om det vert teke avgjerd om odelsfrigjering før tinglysing av heimelsdokumentet, og før det vert reist løysingssak. Ein skilnad er det likevel: Etter at staten/kommunen har teke over eigedomen og løysingssak er reist har det offentlege på ein heilt annan måte kome inn som part i ein rettsvist, og det tek seg ikkje godt ut om lova då skulle gje staten som saksøkt avgjerdsrett i denne tvisten. Ein kan dessutan seie at ein skipnad som tvingar fram ei avgjerd med omsyn til spørsmål om odelsfrigjering før overtakinga verkar til å skape klårare liner: odelsrettshavarane veit då kva dei har å halde seg til, dei risikerer ikkje at odelsretten deira fell bort etter at løysingssak er reist.

Kravet om at «særlege grunnar talar for at odelsrett ikkje bør vere til hinder» samsvarar heilt ut med kravet i den no gjeldande § 7, og utvalet har som nemnt framanfor ikkje meint å gjere noko endring med omsyn til kva som skal reknast som «særlege grunner». Skeie side 159 meiner at det ligg «utenfor lovens ramme å frigjøre for odelsrett eiendom som en kommune kjøper i den hensikt å tjene penger på den ved utparsellering og salg til byggetomter eller industrianlegg». Sjølv om Skeies tolking knyter seg til den tidlegare formuleringa av paragrafen («særegen interesse for det offentlige»), meiner utvalet at det same må gjelde i høve til den utforminga lova har no.

Utvalet har vurdert om det bør vere eit allment vilkår for odelsfrigjering etter denne paragrafen at det vert fastsett ein frist for å ta jorda i bruk til det påtenkte føremålet. Fleire omsyn kunne tale for dette. Men det kan vere tilfelle då ein slik absolutt frist kunne kome til å skiple føremålet med eigedomstilleingninga. Ein kan til dømes tenkje seg at arbeidet med reguleringsplan for området tek mykje lenger tid enn påreknna. Utvalet gjer difor framlegg om å overføre den regelen som gjeld no: at det kan setjast ein slik frist som nemnt. Regelen bør praktiserast slik at det alltid vert sett ein tidsfrist, med mindre dette av særlege grunnar er utilrådeleg. Vert det ikkje sett nokon tidsfrist, må jorda likevel kunne løysast på odel, dersom det påtenkte føremålet ikkje vert noko av. Men i desse tilfella kan det lett kome opp tvil om når det vert høve til å reise løysingssak og om utgangspunktet for preskripsjonsfristen, og dette er nettopp ein av dei grunnane som talar for å knyte ein handlefrist til odelsfrigjeringa.

Til § 29.

Denne paragrafen avløyser § 30 i jordlova 18. mars 1955, og første stykket samsvarar i det store og heile med den regelen, likevel slik

at høvet til odelsfrigjering andsynes nære slektningar vert noko utvida etter fleirtalsframlegget, medan det etter mindretalet sitt framlegg i det heile ikkje skal gjelde nokon særreglar for odelsfrigjering andsynes slektningar av den tidlegare eigaren. Regelen i andre stykket i paragrafen er ny i utkastet.

I § 30 i jordlova er det sagt at Kongen kan «fri eigedomen for odel», men at ny odel kan vinnast til slik eigedom. I utkastet er det brukt den uttrykksmåten at Kongen kan fri slik jord for eldre odelsrett, utan at det ligg noko realitetsendring i dette.

Andre punktum i første stykket svarar til siste punktum i første stykket i § 30 i jordlova, men med det tillegget at odelsfrigjering kan skje også andsynes nære skyldfolk, dersom arealet er mindre enn 30 dekar. I dette ligg då ei utviding av høvet til å fri ein eigedom for odelsrett med verknad også for slektningane til den tidlegare eigaren. Fleirtalet i utvalet (formannen, Husaas, Lid, Nygard, Stray Ryssdal) meiner at det framleis bør gjelde særreglar med omsyn til odelsfrigjering andsynes eigarens nære slektningar, men at desse omsyna ikkje gjer seg så sterkt gjeldande for små eigedomar som for dei noko større. Det er og for dei små eigedomane spørsmålet er mest aktuelt, av di det særleg er dei som eignar seg for bruk i samband med strukturrasjonaliseringa i jordbruket. Fleirtalet finn at ei arealgrense på 30 dekar kan vere høveleg. Mindretalet (Nærstad, Øksnes) meiner at reglane om odelsfrigjering etter denne paragrafen bør gjelde likt andsynes alle, og finn ikkje grunn til å halde på det unntaket den no gjeldande regelen i § 30 i jordlova har for slektningar av den tidlegare eigaren. Mindretalet legg vekt på at det her gjeld eigedomar som det offentlege skal bruke i strukturrasjonaliseringa, og då bør odelsrett i det heile ikkje kunne vere til hinder. Også noko større eigedomar vert ikkje sjeldan innkjøpte av staten for å nyttast til slike føremål.

Etter andre stykket i § 29 skal det vere same høve til odelsfrigjering når ein eigedom går over ved friviljug avtale med den førre eigaren som når den vert erverva av det offentlege med heimel i jordlova. Vilkåret er likevel at det skjer ei formell godkjenning av fylkeslandbruksstyret, som må stadfeste at kjøpet er kome i stand av di kjøparen treng tilleggsjord. Desse reglane har same føremålet som mellom anna § 9 i oreigningslova: ein bør ikkje tvinge partane til å velje ein formell framgangsmåte for å oppnå visse rettsverknader, dersom ein kan oppnå det same ved ei minneleg avtale og det ikkje er særlege omsyn som gjer det turvande å velje den meir formelle framgangsmåten. Men det er berre når odelsrett er til hinder for å fremje ein bruksstruktur i samsvar med det reglane

i jordlova tek sikte på at § 29 gjev heimel for odelsfrigjering. Difor må det krevjast godkjenning frå fylkeslandbruksstyret ved friviljug eigedomsovergang, slik at ein har tryggleik for at desse vilkåra ligg føre.

Til § 30.

Denne paragrafen har fellesreglar om førehavgingsmåten ved odelsfrigjering etter §§ 28 og 29. Føresegnene her avløyser tredje og fjerde stykket i § 7 i lova frå 1907 samt andre og tredje stykket i § 30 i jordlova.

I utvalet har vore reist tvil om det er grunn til å halde på ordninga med at saker om odelsfrigjering skal leggjast fram for vedkomande kommunestyre, men ein er blitt ståande ved ikkje å gjere framlegg om noko endring på dette punktet. Likeins skal dei som har odelsrett gjevast høve til å uttale seg om spørsmålet innan ein frist på 3 månader. Dette samsvarar i prinsippet med det som gjeld no, men uttrykksmåten «noen av dei som har best odelsrett» (i lova frå 1907: «nogen af de til eiendommen nærmest odelsberettigede») er endra til «odelsrettshavarane». Dette er betre i samsvar med det prinsipielle synet at alle som har odelsrett har si sjølvstendige interesse og partsstilling i saka. Men paragrafen er forma slik at let det seg ikkje gjere å innhente fråsegn frå alle odelsrettshavarane, vil ikkje dette kunne hindre at saka vert fremja.

Som det går fram av § 29, vert odelsfrigjering etter den paragrafen berre fremja etter søknad frå fylkeslandsbruksstyret. Når det gjeld odelsfrigjering etter § 28 er dette ikkje noko vilkår, — det er difor sagt til slutt i første stykket at det då skal innhentast fråsegn frå fylkeslandbruksstyret før spørsmålet vert avgjort.

Paragraf 7 i 1907-lova har i siste stykket ein regel om at ei odelsløyssingssak som er reist før vedtaket om odelsfrigjering held fram som før. Derimot heiter det i siste stykket i § 30 i jordlova at odelsløyssingssak som er reist skal stoggast til spørsmålet om odelsfrigjering er avgjort. Reglane er såleis ulike her etter gjeldande rett, noko som vel heng saman med dei ulike vilkåra for odelsfrigjering i dei to lovene: § 7 gjeld eigedom som staten eller ein kommune «vil erverve», medan § 30 talar om ei eigedomstileigning som staten «har gjort».

Som nemnt i merknadane til § 28 er det meininga at det må vere søkt om odelsfrigjering etter den paragrafen før staten (kommunen) har fått tinglyst heimel til eigedomen. Det gjeld her eigedomar som staten eller ein kommune kjøper for bruk til egne føremål. Odelsfrigjering etter § 29 gjeld derimot eigedomar som staten har erverva i medhald av reglane i jordlo-

va. Det er her mindre grunn til å stille krav om at det må vere teke steg til odelsfrigjerung før staten har fått tinglyst heimel, då det her alltid vil vere føresetnaden at egedomen skal brukast til å fremje strukturrasjonaliseringa innan jordbruket, og ikkje at staten skal bruke jorda til egne føremål. Det går då og fram av ordlyden i § 29 at odelsfrigjerung etter den paragrafen kan skje også etter at staten har vorte eigar.

Trass i at vilkåra for odelsfrigjerung såleis også etter utkastet vert noko ulike etter som heimelen for inngrepet er § 28 eller § 29, gjer utvalet framlegg om ein sams regel for det tilfelle at det vert reist løysingssak før spørsmålet om odelsfrigjerung er avgjort: løysingssaka skal då stogkast til det ligg føre endeleg avgjerd i frigjerungssaka. Dette gjeld utan omsyn til om løysingssaka er reist før det er teke steg til odelsfrigjerung eller etter dette tidspunktet. Regelen er meint som ei rein prosessføresegn som ikkje seier noko om realiteten i løysingskravet. Tankegangen er denne:

Når det er teke steg til odelsfrigjerung etter §§ 28 og 29, ligg det i dette at vedkomande organ går ut frå at dei vilkåra lova set ligg føre. Fører søknaden fram, er dette ei avgjerd som løysingsmannen kan få prøvd for domstolane, dersom han meiner at dei lovsette vilkåra for odelsfrigjerung ikkje er oppfylte, jfr. tvistemålslova § 435 nr. 1. Det må då vere den beste ordninga at ei odelsløysingssak som er reist vert stogga inntil det ligg føre ei endeleg avgjerd i frigjerungssaka. Ein annan regel ville kunne føre til spilte kostnader for odelsløysaren. Og på den andre sida: dersom søknaden om odelsfrigjerung ikkje fører fram, vil det som regel ikkje vere noko større tap ved at løysingssaka mellombels vart stogga.

Kap. VIII. Attlevande ektemake.

Odelsova har reglar om rettsstoda til ein attlevande ektemake i § 16. Ein viser til oversynet over gjeldande rett side 20 framanfor. Paragrafane 31—34 i utkastet tek ikkje sikte på særleg vidtgåande endringar i gjeldande rett, men er likevel utforma under omsyn til den kritikk som har vore retta mot gjeldande reglar på visse punkt. Samstundes har utvalet freista å tilpasse dei nye reglane til dei endringane i dei sosiale tilhøva som trygdellovgjevinga har ført til, — endringar som må seiast å vere heilt vesentlege, ikkje minst etter at folketrygdlova tok til å gjelde 1. januar 1967. Eit par spørsmål som ikkje er løyste i gjeldande lovgjeving og som har vore rekna for noko tvilsame har utkastet reglar om i § 31 andre stykket og i § 32.

Til § 31.

Føresegnene i denne paragrafen tek sikte på situasjonen når ein ektemake er død og let etter seg odelsjord, og den attlevande ektemaken ikkje har (best) odelsrett.

Hadde ektemakane felleseige, er det vanlege i slike høve at den attlevande vert sitjande med fellesbuet i uskifte. Dei allmenne vilkår for retten til å sitje i uskifte står no i kap. III i den nye arvelova. Det vert her spørsmål om kva for særreglar som i tilfelle bør gjelde med omsyn til odelsjord i uskiftebuet (§ 16 i odelslova frå 1821). Men det kan og vere at dei allmenne vilkåra for uskifte ikkje ligg føre i høve til alle som har betre odelsrett enn den attlevande, at retten til uskifte fell bort etter ei tid, eller at den attlevande ikkje vil nytte seg av retten til å sitje i uskifte. I slike høve skal det altså skje eit skifte mellom den attlevande og (dei andre) arvingane etter den avlidne ektemaken. Det vert her spørsmål om kva vern den attlevande må ha andsynes arvingar med (betre) odelsrett.

Skiftelova § 63 gjev den attlevande ektemaken ein viss førerrett til eignelutar i fellesbuet ved skifte. Reglane om dette vart nokså mykje endra i samband med den nye arvelova. Når det gjeld fast egedom som den attlevande sjølv ikkje «fullt ut eller for det vesentlige» har ført inn i buet, er det eit vilkår for uttaksretten at «eiendommens hovedsakelige formål har vært å tjene som ektefellenes felles bolig». På den andre sida vart reglane og endra slik at uttaksretten for den attlevande ikkje lenger skal stå tilbake for odelsrett til fast egedom i buet. Framlegget i §§ 1 og 2 i utkastet her (om vilkåra for odlingsjord) synest å burde føre til oppheving av § 63 tredje stykket i skiftelova: Går odelsjord inn under regelen i § 63 første stykket, er det lite praktisk at andre skulle ha betre odelsrett til jorda enn den attlevande. Og ein egedom som fyller vilkåra for odlingsjord etter utkastet, vil normalt falle utanom uttaksretten slik § 63 andre stykket lyder no. Regelen i § 63 tredje stykket vert dermed utan nemnande reelt innhald, og utvalet har vore sterkt inne på tanken om å la den falle bort. Dette ville i tilfelle seie at rettsstillinga for den attlevande ektemaken når det gjeld odelsjord på skifte heilt ut ville bli regulert av føresegnene i § 31.

Når ein likevel ikkje gjer framlegg om å oppheve det nye tredje stykket i § 63 i skiftelova, er det av fleire grunnar:

Det ville for det første føre til at også uttaksretten etter første stykket i § 63 (egedom som den attlevande sjølv har ført inn i buet) ville kome til å stå tilbake for odelsretten, når det unntaksvis måtte vere slik at den attlevande

sjølv ikkje hadde best rett (men her ville då føresegnene i § 31 i utkastet kome inn til vern for den attlevande). For det andre kan ein vel ikkje heilt sjå bort frå at også ein eigedom som har hatt til hovudsakeleg føremål «å tjene som ektefellenes felles bolig» kan tenkjast å fylle vilkåra for odlingsjord etter utkastet. I så fall vil det som er sagt ovanfor gjelde på same måten. Det kan då kanskje stillast spørsmål ved om ei oppheving ville kome i strid med det som var føremålet med dei nyleg vedtekne reglane om uttaksrett for den attlevande. På den andre sida synest det klårt at den retts-teknisk beste løysinga måtte vere å ha alle reglane om det odelsrettslege tilhøvet mellom den attlevande og (dei andre) arvingane etter den avlidne samla på ein stad.

Dette spørsmålet har først kome opp heilt på slutten av utvalet sitt arbeid med odelsretten (den nye arvelova vart sanksjonert i mars 1972), og det har ikkje vore utgreia og drøfta så nøye som andre sider ved lovframlegget. Utvalet har difor meint at grunnlaget for å gjere konkrete framlegg om lovbrigde på dette området er noko for svakt, og at spørsmålet i tilfelle bør vurderast nærare av departementet.

Første stykket i § 31 seier at korkje felles barn eller barnebarn kan ta bruken av odelsjord som har vore felleseige frå den attlevande ektemaken før denne har fått rett til alderspensjon eller full uførepensjon etter folketrygdlova, og barnet dessutan har fylt 20 år. Gjeldande føresegner går ut på at barn med odelsrett i det heile ikkje kan «drive fra Gaarden» ein attlevande far eller mor «saalænge de i eenlig Stand forblive». Men dersom faren (mora) gifter seg opp att, kan barnet «tage Gaarden i Besiddelse» ved fylte 25 år dersom det er ein son, og «naar hun giftes» om det er ei dotter. Det er likevel alltid eit vilkår at odelsarvingen har fylt 21 år (lov 28. sept. 1857 § 4 nr. 1, jfr. lov 14. nov. 1947).

Den regelen utvalet gjer framlegg om i første punktum i paragrafen kan i visse tilfelle synast heller hard mot odelsarvingen. Det kan vere at faren (mora) gifter seg opp att og flytter frå eigedomen, eller at vedkomande har yrke og inntekt utanom garden, men likevel ikkje vil gje den frå seg til odelsarvingen. Det er slike omsyn som ligg til grunn for den tilleggsregelen utvalet gjer framlegg om i andre punktum: Når barnet (barnebarnet) har fyllt 25 år, kan det få rett til å overta bruken, når det under omsyn til begge partane vil vere klårt urimeleg om den attlevande skulle halde fram med å bruke eigedomen. Denne tilleggsregelen må sjåast i samanheng med at vilkåret om at den attlevande vert verande «i eenlig Stand» er sløfya. Men regelen er ikkje avgrensa til å

gjelde berre i tilfelle då den attlevande ektemaken gifter seg opp att.

Dersom ektemakane hadde den eigeskipnaden som er omhandla i § 26 andre stykket i ektefellevlova (særeige, men med felleseigeskifte når den eine er død), har utvalet meint at reglane med omsyn til den attlevande ektemaken si rettsstilling i høve til barn og barnebarn med odelsrett bør vere dei same som når ektemakane hadde felleseige i ekteskapet. Dette følgjer nokså naturleg av at det her også elles skal gjelde same reglar ved eit skifteoppgjjer. Også ved fullt særeige mellom ektemakane har utvalet meint at reglane i første stykket bør gjelde, dersom den avlidne ektemaken har fastsett ved testament at den attlevande skal ha rett til å halde fram med å bruke jorda. Dette er då sagt i andre stykket i paragrafen.

Tredje stykket regulerer rettshøvet mellom den attlevande ektemaken og særkullsbarn etter den avlidne ektemaken. Etter gjeldande reglar kan ein stykson krevje å ta over bruken av eigedomen ved fylte 18 år, og ei stykdotter «naar hun giftes», § 16 andre stykket i odelslova. Framlegget frå utvalet set same vilkåret anten det gjeld ein stykson eller ei stykdotter, — nemleg at vedkomande må ha fylt 20 år. Andre vilkår for bruksovertaking har utkastet ikkje i desse situasjonane. Men i særlege tilfelle kan retten lengje bu- og bruksretten for den attlevande, «når noko anna ville vere klårt urimeleg, omsyn teke til begge partar». Utvalet har med dette tillegget særleg tenkt på situasjonen når den attlevande sit att med mindreårige barn. Her bør nok hovudregelen vere at den attlevande får halde fram med å bruke eigedomen så lenge dette må reknast for turvande av omsyn til dei mindreårige barna. Men ein har ikkje ville lovfeste dette som nokon heilt unntaksfri regel. Også andre tungtvegande moment kan kome inn, og avgjerda må byggje på ei heilskapsvurdering, der det vert teke rimeleg omsyn til begge sider. Ein har føya til ein regel om at bruksretten for attlevande stykforeldre fell bort om vedkomande friviljug og varig flytter frå eigedomen, og likeins om eigedomen vert vesentleg vanhevda. Barnet — ved verje — kan i så fall krevje å få ta over eigedomen før det har fylt 20 år. Bruksretten for stykforeldra kan elles og falle bort ved vesentleg mishald av den oppfostrings- og utdanings-skyldnaden dei er pålagde i § 33.

Siste stykket i § 31 har reglar om den attlevande ektemaken sin rett i høve til andre odelsrettshavarar enn barn, barnebarn og stykbarn. Her står den attlevande langt sterkare, — både etter gjeldande rett (§ 16 siste stykket i odelslova) og etter utkastet. Utkastet går likevel ikkje fullt så langt som «lex Rinde», idet vilkåret er at den attlevande må ha ått egedo-

men i ekteskapeleg felleseige med den avlidne ektemaken i minst 5 år Slik regelen (odelsl. § 16) er no, er det inga minstetid, — den attlevande kan tenkjast å ha vore gift med odelsmannen berre ei stutt tid. Også på eit anna punkt har utvalet funne grunn til å modifisere prinsippet i «lex Rinde» noko: Når den attlevande ektemaken har fått rett til alderspensjon eller full uførepensjon etter reglane i folkestrygdlova, bør han (ho) finne seg i at ein odelsrettshavar overtek eigedomen. Men utvalet ser det vidare slik at vilkåret om at den attlevande ektemaken først skal ha fått rett til pensjon ikkje kan gjelde heilt unntaksfritt. Også før dette tidspunktet bør ein odelsrettshavar kunne krevje å få ta over bruken av eigedomen når det vil vere klårt urimeleg om den attlevande skulle halde fram med å sitje med den. Meininga er at retten her skal ta omsyn både til den attlevande ektemaken og til odelsrettshavaren si stode og treffe avgjerd ut frå ei heilskapsvurdering. Det skal her sterkare grunnar til for å drive den attlevande frå garden enn i dei tilfella som er nemnde i første stykket.

Som det går fram av det som framanfor er sagt, er det vernet utkastet gjev den attlevande ektemaken andsynes «andre odelsberettigede» på fleire punkt mindre vidtgåande enn etter «lex Rinde» (§ 16 siste stykket i odelslova). Det har frå fleire hald vore reist sterk kritikk mot gjeldande reglar på dette området, og utvalet har funne at innvendingane langt på veg er rettkomme. Ein kan ikkje sjå at dei nye reglane som utvalet gjer framlegg om kan seiast å vere urimelege andsynes den attlevande ektemaken. På eitt punkt er reglane i § 31 fjerde stykket i utkastet betre for den attlevande enn «lex Rinde»: Den attlevande ektemaken misser ikkje bruksretten til eigedomen ved å gå inn i eit nytt ekteskap.

Til § 32.

Denne paragrafen fastset at dersom det er fleire eigedomar i eit bu, kan den attlevande ektemaken ikkje krevje meir enn ein av dei i medhald av § 31. Men den attlevande står fritt til å velje den eigedomen han (ho) helst vil ha. Føresetnaden er då at vilkåra for at den attlevande kan krevje å halde fram med bruken ligg føre for eigedomane kvar for seg. Har den attlevande (best) odelsrett til ein av eigedomane i buet, bør han (ho) likevel etter utvalet sitt syn ha høve til å velje ein annan eigedom i kraft av § 31. Det same gjeld om den attlevande har ein eigedom som særlege. Siktemålet med § 31 er å verne den attlevande mot dei omstillingsvanskar ei fråflytting frå heimen svært ofte vil føre med seg, — vedkomande skal så langt det er råd få halde fram

med den tilvande levemåten under dei heimlege tilhøva. Skal ein oppnå dette, må valretten gjelde sjølv om vedkomande måtte ha ein annan eigedom å flytte til. Det ville elles og vere lite rimeleg om den attlevande skulle stillast i ein dårlegare situasjon når han (ho) har odelsrett til ein av eigedomane enn om vedkomande ikkje hadde det. Det er føresetnaden at den attlevande bur på den eigedomen han vel etter § 31.

Til § 33.

Denne paragrafen avløyser § 16 tredje stykket i odelslova og er ikkje nemnande brigda i høve til den. Eit par mindre brigde har utvalet likevel funne grunn til å gjere framlegg om.

Paragrafen nemner skyldnad til oppfostring og utdanning, medan § 16 tredje stykket i odelslova talar om «at besørge saavel den nærmest Odelsberettigedes, som hans Sødskendes Underholdning og Opdragelse».

I dette ligg ikkje anna enn ei ajour-føring av skyldnadane til det som i dag må reknast å vere det reelle innhaldet i den forsytingsplikt foreldre har andsynes sine barn. Aldersgrensa på 15 år er flytta til 18 år.

Til § 34.

Paragraf 16 fjerde stykket i odelslova gjev ein attlevande ektemake som må gje frå seg bruken av ein odelseigedom krav på føderåd på eigedomen, men berre «forsaauidt Fravigelsen skeer i Mindelighed». Paragraf 34 i utkastet avløyser denne føresegna, og er endra på to punkt.

For det første er kravet om at den attlevande ektemaken gjev frå seg eigedomen friviljug sløyfa. Det kan vere meir eller mindre tvilsamt om dei vilkåra lova set for bruksovertaking ligg føre, og den attlevande bør ikkje tape sine elles lovfesta rettar ved til dømes å la avgjerda av ein slik tvist gå til domstolane. Ein slik regel vil kunne leggje eit nokså sterkt press på den attlevande i retning av å gje friviljug avkall på den bruksretten han (ho) er sikra i lova. Som eit døme kan ein vise til Rt. 1960 s. 1092, der ein tvist av dette slaget vart avgjerd med 3 mot 2 røyster i Høgsterett.

Derneft er retten til føderåd avløyst av rett til høveleg gratis husrom. Denne endringa har — forutan det at skipnaden med føderåd etter kvart synest å vere i ferd med å gå av bruk — samanheng med reglane i § 31 første og fjerde stykket, der det heiter at vilkåret for bruksovertaking til vanleg skal vere at den attlevande har fått rett til alderspensjon eller full uførepensjon etter reglane i folketrygdlova. Når det er tilfelle, vil det som regel vere liten trong for å sikre den attlevande føderåd på eigedomen

i tillegg. Vert det reist krav om bruksovertaking etter § 31 første stykket siste punktum (det vil seie utan at faren eller mora har fått rett til alderspensjon/full uførepensjon), vil dette vere eit moment som retten pliktar å ta omsyn til ved avgjerda, og i praksis vil vel då odelsarvingen — om det er trong for det — setje fram eit tilbod som kan godtakast, då han elles risikerer at kravet om å få overta bruken ikkje fører fram. Noko vanskelegare kan det vere når stykkforeldre må gje frå seg bruken etter § 31 tredje stykket, etter som utkastet her ikkje set noko vilkår om at den attlevande må ha fått rett til pensjon. I dei fleste tilfelle vil likevel den attlevande heller ikkje i desse tilfella bli så heilt dårleg stelt, sjølv om retten til føderåd fell bort. Rett til gratis husrom betyr ein god del, og er vedkomande arbeidsfør og under pensjonsalderen, vil det vel i dei fleste tilfelle vere eit eller anna slags høveleg arbeid å få. Ein garanti mot urimelege utslag av dei nye reglane ligg elles i det som er sagt i § 31 tredje stykket om at retten i særlege tilfelle kan lengje bu- og bruksretten for den attlevande.

Kap. IX. Forelding av odelsrett og løysingsrett (preskripsjon).

Odelslova har eit par reglar om preskripsjon av odelsrett og løysingsrett i § 9. Men reglane der er langt frå uttømande, og det melder seg fleire spørsmål i denne samanhengen som korrige lova eller den rettspraksis som ligg føre gjev noko sikker løysing på.

Preskripsjonsreglane har først og fremst til føremål å tryggje rettsstoda til den som overtek ein odelseigedom. Etter som retten til løysing er det primære i odelsretten, må overtakaren finne seg i at dei som har betre odelsrett til eigedomen enn han sjølv har, går til løysings sak. Men overtakaren har eit rimeleg krav på at dette vert gjort innan ei viss tid, slik at han deretter kan vere trygg. At odelsretten fell bort om den ikkje vert gjort gjeldande innan ein viss frist kan ha ymse negative verknader, og det som ligg nærast å nemne er at ein betre odelsrettshavar på den måten får ei sterk oppmoding til å bruke odelsretten for ikkje å tape den for godt, — sjølv om han i og for seg elles kunne sjå seg tent med at overtakaren vart sitjande med eigedomen. Ein kan seie det slik at reglar om preskripsjon av odelsretten legg ei løysingsplikt på dei som har løysingsrett. At dette kan verke uheldig viser seg best når ein tenkjer på tilhøvet mellom sysken og mellom andre nærskylde, der ei løysingssak lett vil få varige skadeverknader for det personlege

tilhøvet mellom partane. Dette er omsyn som talar sterkt for å avgrense reglane om preskripsjonsverknadane til det som må reknast naudsynleg for å verne interessene til overtakaren.

Etter dei reglane om avgrensing av odelskrinsen som utvalet gjer framlegg om i § 14, vil preskripsjonsspørsmålet på mange måtar stå i ei anna stilling enn etter gjeldande rett, der odelsretten strekkjer seg uavgrensa nedover i ættledane og utover i sidelinene. I dag kan den konkrete tilknyttinga til eigedomen for ein odelsrettshavar vere meir eller mindre sterk, eller den kan i visse høve mangle heilt. Etter utkastet vil det berre vere ein relativt liten krins av nærskylde personar som til kvar tid har odelsrett til ein eigedom. Det synest klårt at avgrensinga i odelskrinsen må kome sentralt inn i høve til utforminga av preskripsjonsreglane, og utvalet står samla om det synet at dette må føre til visse modifikasjonar av reglane i § 9 i den gjeldande odelslova — slik denne paragrafen har vore tolka av Høgsterett. Men når det gjeld spørsmålet om kor langt ein her skal gå, har det gjort seg gjeldande ulike syn i utvalet.

Alle medlemene er samde om at det ikkje skal gjelde nokon preskripsjon av sjølv den materielle odelsretten i høvet mellom sysken og deira liner. Nygard vil la denne regelen gjelde innan odelssetta i det heile, (med den avgrensinga den får etter utkastet), slik at ingen skal tape sin odelsrett ved å la ein med dårlegare prioritet sitje med eigedomen. Så langt vil ikkje fleirtalet gå. Men også fleirtalet vil gjere nokre fleire avgrensingar i preskripsjonsreglane enn den som er nemnd i tilhøvet mellom sysken.

Både fleirtals- og mindretalsframlegget skil seg som ein ser frå gjeldande rett ved det at preskripsjonsverknaden i visse høve vert ein annan enn elles. Det som då skjer er at retten til å løyse eigedomen frå den nye eigaren og hans line fell bort etter ei viss tid, medan odelsretten i seg sjølv vert ståande ved lag. Kva dette vil seie vil gå fram av dei følgjande merknadane.

Også når det gjeld lengda av preskripsjonstida er det dissens i utvalet. Eit fleirtal vil halde på den 3-års-fristen som gjeld no, medan eit mindretal vil korte denne ned til 2 år. Sjå merknadane til § 35.

Til § 35.

Første stykket har reglar om preskripsjonstida og tidspunktet denne skal reknast frå.

Etter gjeldande lov er preskripsjonstida 3 år (lov 28/9 1857 § 3), og fristen skal etter sikker rettspraksis reknast frå tinglysinga av heimelsdokumentet til den nye eigaren.

Om odelsretten og åsetesretten

Fleirtalet i utvalet (formannen, Lid, Nygard og Stray Ryssdal) vil halde på den 3 års-fristen som gjeld no, og som har vore gjeldande heile tida sidan 1857, bortsett frå den mellombels ordninga som galdt i 10 års-bolken 1932—1942, då fristen var 5 år.

Mindretalet (Husaas, Nærstad, Øksnes) gjer framlegg om at preskripsjonstida vert korta ned til 2 år. Desse medlemene meiner at det er til skade for drifta av eigedomen at eigaren ikkje veit om han kan bli sitjande med den eller ikkje, og at preskripsjonsfristen difor bør setjast ned. Odelshavarane får omrømingstid nok om fristen vert sett ned til 2 år. Særleg når vi samstundes får ein slik regel som i andre stykket i utkastet om bruksovertaking som utgangspunkt for preskripsjon, må ein 2 års frist vere lang nok. I 1907 var det på tale å setje fristen ned til eitt år, men i proposisjonen frå 1907 vart det gjort framlegg om ein to års frist. Til grunngjeving for å setje fristen ned frå 3 til 2 år står det i proposisjonen (s. 19) m.a.:

«De odelsberettigede antages ogsaa med en saadan frist at ville blive levnet tilstrækkelig adgang til, selv om de opholder sig i udlandet, under de nuværende kommunikationsforhold at faa varetaget sine interesser...»

Mindretalet i utvalet meiner at det som her er sagt med mykje større rett kan seiast i dag.

Alle i utvalet er samde om å halde på ordninga med tinglysing av heimelsdokumentet som utgangspunkt for preskripsjonsfristen. Dette er eit tidspunkt som er lett å ettervise og som dessutan odelsløyseren har høve til å gjere seg kjend med. At utgangspunktet for preskripsjonsfristen dermed kan verte eit anna enn utgangspunktet for odelshevdstida etter § 7, er ikkje noko avgjerande innvending, — denne skilnaden har ein og etter gjeldande rett. Når ein eigedom går over ved arv, er det etter gjeldande rett dødsfallet som er utgangspunkt for preskripsjonsfristen (bortsett frå visse særtilfelle, sjå Voss s. 50—51 og særleg Robberstad i Lov og Rett 1963 s. 100 o.u.). Utvalet meiner at fristen også ved arv bør reknast frå det tidspunktet då arvingen får tinglyst heimel, og har teke inn ein særskild regel om det i § 35 første stykket. Siste punktum i § 35 første stykket (om overgang ved tvangsauksjon) kan ein for så vidt seie følgjer av hovudregelen i første punktum. Utvalet har likevel funne grunn til å ta med ein uttrykkjeleg regel om at preskripsjonstida skal reknast frå tinglysinga av auksjonsskøytet, av di det etter dei reglane som gjeld no har vore reist tvil om dette spørsmålet (sjå på den eine sida Rt. 1935 s. 692, og på den andre sida Rt. 1936 s. 239 — plenumsdom).

Andre stykket gjer eit unntak frå hovudregelen i første punktum når det gjeld utgangs-

punktet for preskripsjonsfristen: Ved friviljug overdraging skal fristen først reknast frå bruks-overtakinga, dersom denne skjer seinare enn tinglysinga av heimelsdokumentet. Det kunne elles tenkjast at skøyte til kjøparen vart tinglyst lang tid føre bruksovertakinga for å halde salet løynt for odelsrettshavarane, og dermed hindre odelsløyning. Dette er i samsvar med framlegg i proposisjonen frå 1907 § 8 (sjå s. 41 og s. 19 i prp.).

Til §§ 36, 37, og 38.

Første punktum i § 36 slår fast prinsippet om preskripsjon av odelsretten andsynes ein eigar som ikkje høyrer til krinsen av odelsretts-havarar, jfr. § 14. Når dei vilkåra som her er nemnde er oppfylte, er verknaden at heile den gamle odelsætta har tapt sin odelsrett. Dette gjeld også odelsrettshavarar som er umyndige eller som av andre grunnar sjølve er ute av stand til å gjere retten sin gjeldande. Med «teke steg til odelsløyning» meinest rettslege steg etter dei reglane som til kvar tid gjeld om rettargangsmåten ved odelsløyning. Reglane her samsvarar heilt ut med gjeldande rett. Det er særleg grunn til å vere merksam på kravet til tinglyst heimel som preskripsjonsvilkår, — har den nye eigaren ikkje tinglyst heimel, vil eigedomen kunne løysast på odel heilt til det er gått 20 år frå eigedomsovertakinga, jfr. § 39. På den andre sida er det ikkje noko vilkår for å gå til odelsløyning at den nye eigaren har tinglyst heimel, når eigartilhøvet likevel er klårt.

Når den nye eigaren sjølv har odelsrett, men med sekundær prioritet, er det som nemnt dissens i utvalet med omsyn til kva reglar som skal gjelde.

For fleirtalet (formannen, Husaas, Lid, Nærstad, Stray Ryssdal og Øksnes) er det naturleg å sjå § 36 andre stykket i samband med dei supplerande reglane i §§ 37 og 38.

Andre stykket i § 36 (fleirtalet) slår fast som hovudregel at dei nærare i ætta taper sin odelsrett også når dei har late ein lenger ute i odelsrekkja sitje med eigedomen i preskripsjonstid — altså same regelen som første stykket har for det tilfelle at ein framand sit med eigedomen i eit slikt tidsrom. Dei nærare taper soleis ikkje berre løysingsretten, men sjølve odelsretten. Dette er i samsvar med gjeldande rett, jfr. Rt. 1936 s. 70, Rt. 1939 s. 328 og fleire seinare domar.

Men det kan vere hardt om denne regelen skulle gjelde utan unntak. Difor har fleirtalet i §§ 37 og 38 gjort framlegg om visse modifikasjonar.

Første stykket i § 37 gjeld det tilfelle at ein som har overteke odelsjord seinare skøyter den attende til ein tidlegare eigar som han

ættar frå, eller at den fell tilbake til den tidlegare eigaren ved arv (frå eit barn eller barnebarn). Dersom den tidlegare eigaren hadde betre odelsrett enn overtakaren, slik det mest alltid vil vere ved skøyting frå far til son, skulle hans odelsrett normalt falle bort 3 (2) år etter tinglysinga av heimelsdokumentet. Etter det som er sagt i første stykket gjer den ikkje det. Men det er berre ein såkalla «passiv odelsrett» den tidlegare eigaren har, § 37 første stykket gjev han ikkje løysingsrett om egedomen til dømes vert seld ut av ætta etter meir enn 3 (2) år. Det er berre dersom egedomen vert skøyta tilbake til han eller fell tilbake til han ved arv regelen får noko å seie. Han vert då rekna for å ha odelsrett, slik at han ikkje treng hevde ny odel for seg.

Tilføyinga i andre punktum i første stykket er teken med for å avskjere tvil om prioritetstilhøvet mellom odelsrettshavarane i eit slikt tilfelle som nemnt. Det er her sagt at stoda vert i dette tilfelle den same som om den opphavelige avhendaren har ått egedomen heile tida. Dette fører til at odelsretten heller ikkje er preskribert for andre som måtte ha betre odelsrett enn overtakaren hadde då han overtok egedomen. Reglane i første stykket har sitt hovudsakelege grunnlag i resultatet Høgsterett kom til i ei sak som er referert i Rt. 1948 s. 428. Det tilfellet regelen gjeld, hender sjølvsgagt ikkje ofte, men det hende — og valda vanskar — i den saka som er nemnd.

Andre stykket tek sikte på den situasjonen at eit barn som har teke over odelsjord skøyter den vidare til nokon av dei eldre syskena eller deira etterkommarar etter å ha site med tinglyst heimel til den i meir enn 3 (2) år. Same regelen skal gjelde i desse situasjonane og: overtakeren vert rekna for å ha odelsrett, endå om den etter dei vanlege reglane skulle vere preskribert.

Paragraf 38 gjeld preskripsjon mellom sysken, og vidare preskripsjon andsynes andre odelsrettshavarar når odelsgarden vert seld ved tvangsauksjon.

Når ein yngre i syskenflokket tek over garden, taper no dei eldre all rett når preskripsjonstida er gått. Dette kan ofte setje dei eldre i ei vanskeleg stode. Dei vil i og for seg gjerne at den yngre broren eller systera skal få garden, men samstundes vil dei nødig det skal gå slik at garden etter ei tid kjem på framande hender. Ein kan t. d. tenkje seg at den yngre (overtakaren) er barnlaus, medan den eldre kan ha eit barn som har hug på å bli jordbrukar. Etter første stykket i denne paragrafen står retten til den eldre, som let garden «gå frå seg», ved lag i latent form, slik at retten (løysingsretten) vert aktuell dersom garden av den nye eigaren skulle bli seld ut av slekta. Men den eldre og

hans line har dårlegare prioritet enn eigaren (seljaren) si line. Seljaren sjølv vil ikkje ha løysingsrett andsynes kjøparen ved friviljug avhending, jfr. § 19 andre stykket.

Når det gjeld Nygards dissens, vil fleirtalet halde fram at ein sjølvsgagt ikkje er usamd i dei målsetjingane som Nygard nemner. Men fleirtalet meiner Nygards framlegg går for vidt, og at ein langt på veg kan oppnå det same med ein regel som fritek for løysingsplikt i tilhøve mellom sysken og deira liner. Desse medlemene ser det slik at det først og fremst er i tilhøvet mellom sysken ei odelsløysingssak kan ha uheldige verknader, og det er også i desse tilhøva spørsmålet i det heile er mest praktisk. Nygards framlegg går etter fleirtalet sitt syn lenger i retning av å bryte med gjeldande ordning enn rettkomne omsyn gjer turvande. Det vil i praksis kunne føre til at eit barnebarn av ein tidlegare eigar vil kunne løyse på odel ein egedom som gjennom fleire ættledar har tilhøyrt ei fjernare ætteline og som så vert seld ut av ætta. Den beste ordninga vil etter fleirtalet sitt syn vere at prinsippet om preskripsjon av odelsrett også skal gjelde mellom odelsrettshavarane innbyrdes, men med dei lett oversiktlege unntaka i §§ 37 og 38.

I eitt tilfelle meiner fleirtalet at odelsretten fullt ut bør stå ved lag etter 3 (2) år også for andre odelsrettshavarar enn syskena til eigaren. Det er når garden vert fråseld eigaren ved tvangsauksjon. Dette er sagt i § 38 andre stykket. Noko stor utviding av odelsretten ut over regelen i første stykke er dette i røynda ikkje. Som regel vil det vere eigarens sysken og deira liner som har den største aktuelle interesse i odelsløysing, anten det gjeld tvangssal eller friviljug avhending. Men reglane i andre stykket fører mellom anna til at foreldre som har avhendt odelsjord til eit barn vil ha løysingsrett dersom egedomen vert fråseld barnet ved tvangsauksjon, men derimot ikkje dersom barnet avhender egedomen friviljug.

Ved tvangsauksjonssal — i motsetnad til friviljug avhending — har også eigaren løysingsrett. Det er sagt i slutten av paragrafen at dei som sto frammanfor han i odelsrekkja då han tok over egedomen, i odelsrekkja vart ståande etter «eigaren og hans line».

Føresegnene i denne paragrafen gjeld som særreglar fram for dei meir allmenne reglane i § 19 andre stykket.

Mindretalet, Nygard, meiner at i odelsætta bør berre den innbyrdes løysingsretten foreldast, såleis at betre prioriterte odelsliner som ikkje nyttar sin løysingsrett innan 3 år, deretter får prioritet etter eigaren og hans line. Men dei vil framleis ha sjølve odelsretten.

Preskripsjonsverknaden vil såleis vere at den lina som sit med egedomen, etter 3 år får best

prioritet av alle og er dermed fullkomeleg trygg mot dei andre. Elles er stillinga som før, også i høve mellom dei andre odelslinene. Verknaden skulle såleis verte den same anten dei som slepper ei line lenger ute til har vike prioritet med eit uttrykkjeleg samtykke, om dei har svara nei eller ikkje svara på spørsmål om å overta etter § 20, eller om dei berre har late denne lina sitje med egedomen i preskripsjonstid utan å gå til løysing. Det er ein avgjord føremon å ha slikt samsvar i løysingane. Det gjer det lettare for folk å halde greie på reglane så dei kan innrette seg etter dei. Og regelen høver etter mitt syn godt med det folk vanleg legg i det å la nokon bak seg få overta egedomen.

Etter same tankegangen er det etter mi meining det mest tenlege å la same regelen gjelde for heile odelsætta med den avgrensing den får etter utkastet. Det gjev ei logisk klår avgrensing av området for og omfanget av preskripsjonsverknadane: Tap av odelsrett andsynes framande, tap av odelsprioritet (løysingsrett) andsynes ein odelsrettshavar lenger ute. Odelskrinsen er etter § 14 sterkt avgrensa i høve til den regelen som har vore gjeldande hittil, og det vil vere ei lette å sleppe skilje etter dei ymse slektskapsrelasjonane mellom så nære skyldfolk.

Etter mitt syn må det vere eit hovudføremål å forme reglane på dette området slik at dei så lite som råd fører til at folk synest dei må bruke løysingsretten sin mot nokon som dei står i så nært slektskapsheve til at begge høyrer til odelskrinsen. Synsmåten løysingsrett er løysingsplikt bør ikkje gjelde her som mellom framande. Det er klårt nok at om preskripsjon berre fører til ei ombyting av prioriteten innan ætta, vil ei avhending til ei yngre line lettare bli respektert av dei eldre. Når dei ikkje misser sjølve odelsretten, har dei dermed framleis eit vern mot at egedomen går ut av ætta til reint framande, og kan lettare slå seg til tols. Det bør ikkje vere slik at nokon for å halde odelsretten sin oppe, ser seg nøydd til å løyse ein odelseigedom frå så nære skyldfolk. Føremonene med å frita odelsrettshavarane for innbyrdes løysingsplikt er i denne samanhengen openberre og store.

Dei særreglane som fleirtalet gjer framlegg om i §§ 37 og 38, går i same lei. Men dei løyser problemet berre eit stykke på veg. Desse særreglane kan etter mitt framlegg falle bort, av di dei tilfella dei omtalar kjem til å følgje hovudregelen. Det vert såleis uturvande å freiste å finne ei høveleg avgrensing mellom to ulike løysingar, noko som både redaksjonelt og praktisk må seinast å vere ein lette og ein føremon.

Den særlege løysingsretten etter mindretalsframlegget til § 36 andre stykket, må gjelde framom den avgrensing som følgjer av den all-

menne regelen om heimelsansvar etter § 19 andre stykket.

I praksis og teori har det gjort seg gjeldande noko ulike synsmåtar. Eldre teori heldt på preskripsjon av odelsretten, såleis Motzfeldt (s. 63—64) og vel også Brandt (s. 312—13, jfr. s. 315). Eldre rettspraksis har avgjerder i begge leier — Rt. 1877 s. 249 (odelsbortfall), Rt. 1914 s. 447 (berre løysingsretten). Praksis frå nyare tid går derimot tolleg eintydig ut på preskripsjon av odelsretten (jfr. Rt. 1936 s. 70, 1948 s. 69, 1955 s. 857). Men teorien har vore kritisk og halla til den andre kanten, såleis Skeie (s. 142, 144—45) og Robberstad (Tidsskr. f. Retsv. 1953 s. 330—31, Lov og Rett 1963 s. 109—110), jfr. også Per W. Voss i Rt. 1950 s. 721 o. u. Det trengst ikkje i denne samanhengen å gå nærare inn på tolkinga av gjeldande lov, så mykje meir som det heller ikkje etter fleirtalsframlegget vil bli odelsbortfall i slike tilfelle som dei Høgsterett hittil har hatt til avgjerd.

Til § 39.

Denne paragrafen regulerer preskripsjons-spørsmålet i dei tilfelle då den nye eigaren av odelsjord ikkje får tinglyst heimel.

Dersom den nye eigaren er ein «framand» (ein som ikkje har odelsrett frå før), tek ny odelshevd til for han og hans line når han har fått full egedomsrett, jfr. § 7 andre stykket. Full egedomsrett kan han ha utan å ha tinglyst heimel. Etter gjeldande rett går odelsretten for ætta til avhendaren i slike høve først tapt når ny odelshevd er fullført, det vil seie når den nye eigaren har fått egedomen med full egedomsrett i 20 år. Det er dette som kallast odelsmothevd. Reglane i § 39 gjer ei endring i dette: Odelsretten for ætta til avhendaren fell bort etter 20 år — utan omsyn til om det då er hevda ny odel eller ikkje (det kan t. d. vere at den nye eigaren er eit aksjelag eller eit anna rettssubjekt som ikkje kan vinne odel, eller det kan vere at egedomen i denne 20 årsbolken har tilhøyrt ulike personar som ikkje kan rekne saman eigartidene etter § 8).

Etter utkastet vert såleis 20 år ei absolutt tidsgrense for løysingsretten til den gamle odelsætta. Dei tidlegare reglane om odelsmothevd får etter dette ikkje lenger noko å seie som bortfallsgrunn for odelsretten. Skilnaden vert berre den at dersom vilkåra for odelsmothevd ligg føre, får ein ei ny odelssett i staden for den gamle når 20 år er gått, — ligg vilkåra for odelsmothevd ikkje føre, vil det seie at jorda då er odelsfri (men ny odelshevd kan sjølv-sagt vere påbyrja og i gang).

Meininga er at fristen etter § 39 skal reknast frå det tidspunktet då den nye eigaren har fått full egedomsrett, jfr. § 7 andre stykket første

punktum. Av dei tidspunkta det kunne bli spørsmål om å leggje til grunn i høve til § 39, er dette det mest eksakte. Det avgjerande vert då tidspunktet når kjøparen byrjar ny odelshevd (eller når odelshevd kunne ha byrja, dersom kjøparen er eit rettssubjekt som ikkje kan vinne odel).

Utkastet har ikkje nokon uttrykkjeleg regel for det tilfellet at det er ein odelsrettshavar med sekundær prioritet som tek over egedomen utan å få tinglyst heimel. Heller ikkje her får reglane om odelsmothevd noko å seie som bortfallsgrunn for odelsretten: Når eigaren har odelsrett frå før, kan han ikkje hevde ny odel. Meininga er at odelsretten (eller i tilfelle berre løysingsretten, sjå §§ 37 og 38) for dei betre prioriterte odelsrettshavarane skal falle bort etter 20 år også i slike tilfelle, endå om dette som nemnt ikkje følger beinveges av ordlyden i § 39. Etter Nygards framlegg til § 36 andre stykket er det berre løysingsretten som fell bort når den nye eigaren sjølv har odelsrett, og det same gjeld etter fleirtalsframlegget så langt det aktuelle tilfellet går inn under unntaksreglane i §§ 37 og 38. Her går altså i det heile ingen preskripsjonsfrist for sjølve odelsretten.

Til § 40.

Etter § 4 andre stykket i utkastet (fleirtalsframlegget) kan det ikkje hevdast odel til ein sameigepart, med mindre parten ligg til særskilt skyldsett bruk. Men det kan hende at jord som det alt er hevda odel til vert overteken av to eller fleire som personleg sameige. Dersom sameigarane før hadde odelsrett til jorda, fell denne retten ikkje bort i og med overtakinga: den fell sjølv sagt heller ikkje bort for andre som måtte ha odelsrett, og det ville vere urimeleg om noko anna skulle gjelde for dei som vart eigarar.

Når odelsjord vert overteken på denne måten (som personleg sameige mellom odelsrettshavarar), vil det som regel vere sysken utan livsarvingar som overtek den på arveskifte etter foreldra. Ein høgsterettsdom i Rt. 1948 side 69 (Schee-saka) går ut på at dei eldre syskena misser odelsretten til sameigepartar som tilhøyrrer dei yngre syskena etter dei vanlege preskripsjonsreglane, slik at det etter 3 år berre er den yngste av syskena som framleis har odelsrett til heile egedomen. Dei andre har etter denne tida odelsrett berre til sin eigen part og til eventuelle eldre sysken sine partar. Domen vart avsagd under sterk dissens, og utvalet meiner det resultatet fleirtalet i Høgsterett kom til er lite tilfredsstillande. Framlegget i § 40 går ut på lovfesting av ein regel som prinsipielt samsvarar med det mindretalet i Høgsterett kom til i Schee-saka: at det ikkje skal gå nokon

preskripsjonsfrist mellom sameigarane i slike høve. Framlegget fører til at kvar av sameigara framleis vil ha odelsrett til heile sameiga også etter at preskripsjonstida er ute. Ved seinare oppløysing av sameiga gjeld reglane i § 12.

Føresegna i § 40 gjeld etter ordlyden også om det er andre enn sysken som tek over ein odelseigedom i sameige.

Til § 41.

Første stykket i paragrafen fastset at så lenge eit dødsbu er under offentleg eller privat skifte, går det ingen foreldingsfrist mellom bueigarane til odelseigedom i buet. Regelen samsvarar med det ein må rekne er gjeldande rett i dag.

At det ikkje bør gå nokon preskripsjonsfrist mellom bueigarane så lenge eit dødsbu er under offentleg skifte synest klårt. Utvalet har vore noko meir i tvil når det gjeld private arveskifte. Slike skifte kan til dels drye ut i nokså mange år (jfr. som døme Rt. 1950 s. 285, der det gjekk ca. 20 år), og det hender dei ikkje vert avslutta og oppgjorde i det heile i dei aktuelle arvingane si levetid. Det kan då vere vanskeleg å avgjere om buet framleis må seiast å vere under skifte, — overgangen mot dei tilfelle § 40 regulerer vert flytande. Utvalet har vore inne på tanken om å setje ein tidsfrist i slike høve, slik at vanleg odelspreskripsjon skulle ta til å gå frå dette tidspunktet. Ein slik regel ville då gjere eit unntak frå føresegna i § 35 om at preskripsjonsfristen også ved arveovergang skal reknast frå tinglysinga av heimelsdokumentet til den nye eigaren. Ein har likevel vorte ståande ved å gjere framlegg om sams reglar på dette punktet, anten skiftet går føre seg offentleg eller privat: Det går ingen preskripsjonsfrist så lenge buet må seiast å vere under skifte. Dei avgrensingsprosmåla som her kan tenkjast å ville kome opp når private arveskifte ikkje vert slutførde innan ei rimeleg tid, lyt løysast konkret ut frå omstenda i det einskilde tilfelle.

Til § 42.

Dei situasjonane denne paragrafen gjev reglar om må nok seiast å vere meir sjeldsynte. Men det kan frå tid til annan kome opp tilfelle der ein ektemake åleine får heimelen til ein egedom som den andre ektemaken har betre odelsrett til (eigaren kan anten ikkje ha odelsrett, eller — om han har det — på lågare prioritet enn ektemaken). Har ektemakane felleseige i ekteskapet, synest det heilt klårt at det i eit slikt tilfelle ikkje bør gå nokon preskripsjonsfrist for odelsretten til den andre ektemaken, korkje til heile egedomen (om den høyrer til berre den eine ektemaken sin rådvaldsdel) eller til den ideelle parten (om ektemakane har kjøpt

eller fått egedomen saman). Men utvalet meiner det same bør gjelde endå om ektemakane har særlege i ekteskapet. Odelsløysing mellom ektemakar er i det heile ein uting, reglane bør difor utformast slik at det ikkje fører til retts- tap å la vere å gå til eit slikt steg.

Til § 43.

Etter § 31 i utkastet har ein attlevande odels- laus ektemake under visse føresetnader rett til å halde fram med å bruke egedomen. Denne retten gjeld både andsynes egne barn, stykbarn og andre odelsrettshavarar, men på noko ulike vilkår.

Likeins har ein attlevande ektemake under visse føresetnader rett til å ta over fellesbuet uskift etter reglane i kap. III i den nye arvelo- va. Vert buet skift, kan det hende odelsrettsha- varane friviljug går med på å la den attlevande få egedomen utlagd til seg på skiftet, sjølv om den attlevande ikkje har noko rettskrav på det. På same måten kan det hende at odelsrettsha- varane ikkje vil nytte den retten dei har etter § 31 i utkastet til å krevje å få ta over bruken av egedomen, eller til å krevje fellesbuet skift når vilkåra for å sitje i uskifte fell bort.

Etter § 43 går det i slike høve ingen preskrip- sjonsfrist for odelsrett til egedom i buet. Grunngevinga for regelen er den same som nemnt i merknadane til paragrafane framanfor: Dersom odelsrettshavarene elles ser sine interes- ser tente med å la den attlevande få sitje med egedomen noko lenger enn han har rettskrav på, er det ingen omsyn som tilseier at dette bør hindrast. Men dersom det skulle ta til å gå vanleg preskripsjonsfrist for odelsretten i og med at den attlevande sin rett fall bort, ville dette i mange tilfelle kunne tvinge ein odelsrettshavar til å fordrive den attlevande, endå om han elles ikkje ville ha gjort det. Ein slik skipnad ville det vere lite meining i.

Det viktige i det som er sagt ligg altså i dette at preskripsjonsfristen først tek til å gå når den attlevande ektemaken faktisk gjev frå seg — eller må gje frå seg — egedomen, — det er ikkje nok at sjølve den retten den attlevande ektemaken har fell bort.

Føreseigna i paragrafen samsvarar med dom i Rt. 1958 side 1301.

Kap. X. Særskilt om hefte som kviler på odelsjord.

Til § 44.

Denne paragrafen avløyser § 31 i odelslova.

Første og andre stykket stadfester reglar som alt lenge har vore gjeldande, men reglane har fått ei meir allmenn utforming enn dei har i § 31 i odelslova.

At ein odelsløysar må respektere rettar som er påhefta egedomen før den vart odelsjord er ein nokså sjølvsgd regel, som ikkje treng noko nærare grunngeving.

Det same kan ein langt på veg seie om regelen i andre stykket: at odelsløysaren ikkje treng respektere rettar som er påhefta i preskripsjons- tida. Slike rettar vil alltid vere påhefta av ein som har dårlegare odelsrett enn løysingsman- nen, og det ville sjølvsgt bety eit vesentleg inngrep i retten hans om han skulle vere bun- den av dei. Det er heller ikkje turvande av omsyn til partane i skipingsavtala: Både eigaren og den som får ein slik rett veit (eller bør i alle høve vite) at så lenge preskripsjonstida ikkje er ute kan egedomen bli løyst på odel. Rettar skipa i denne perioden vil nok ofte ha til føremål å hindre odelsløysing eller iallfall å gjere løysing mindre freistande for odelsman- nen. Men sjølv i dei tilfelle der føremålet i og for seg er legalt nok, kan slike påhefta rettar vere til meins for odelsmannen, og han bør då stå fritt med omsyn til om han vil respektere dei eller ikkje.

Med «rettar som er påhefta» meinest slikt som kjøpekontrakt, forpaktning, bortfeste av tom- ter, positive og negative servituttar, grunntyng- sler o.l. Også panterrett er meint å skulle gå inn under same regelen, men gjeld det pant til tryggleik for eit banklån vil dette i praksis bli ordna på den måten at pantegjelda går til frådrag i løysingssumen mot at panterretten vert ståande.

Det er berre rettar som er påhefta av eigaren i preskripsjonstida odelsløysaren ikkje er bunden av. Rettar som er stifta ved tvangsinn- grep (til dømes utleggspant, oreigning) må odelsløysaren respektere, men då sjølvsgt slik at vert teke omsyn til dette ved fastsetjinga av innløysingssumen.

Tredje stykket gjeld rettar som er på- hefta etter at egedomen vart odelsjord, men før preskripsjonsfristen tok til. Slike rettar bør odelsløysaren som hovudregel finne seg i, så framt dei ikkje heilt hindrar han i å få ta over bruken av egedomen. Det vil ei noko langsiktig forpaktingsavtale kunne gjere, og likeins ei av- tale om bortleige av husrom for lang tid. Utva- let gjer difor framlegg om at slike avtaler skal kunne seiast opp av odelsløysaren etter reglane i § 8 i forpaktingslova og § 8 i husleigelova, endå om det ikkje er høve til slik oppseiing etter det som vart avtala då leigerretten vart skipa. Er ei slik avtale som nemnt skipa i preskrip- sjonstida, gjeld reglane i andre stykket.

Reglane om oppseiingsvern for leigaren i § 38 i husleigelova gjeld ikkje andsynes ein odelsløy- sar. Utvalet har meint det ikkje skulle vere turvande å seie dette særskilt i lovteksten.

Vidare er det i andre punktum gjort unntak

for «råderettar som er særleg tyngjande.» Dette tek då i første rekkje sikte på servituttar (både positive og negative), derimot ikkje pantehefte o.l. Servituttar kan under visse føresetnader krevjast avløyste eller omskipa etter reglane i lov 29. november 1968 §§ 5—7, jfr. jordskifte- lova 22. desember 1950 kap. 12 og 13, og det kan kanskje seiast at det difor ikkje skulle vere turvande å ta med dette unntaket i ei ny odelslov. Utvalet ser det likevel slik at det kan kome opp tilfelle der høve til avløysing/omskipping etter dei nemnde lovfø- segnene ikkje vil vere fullnøyande for odelsløy- saren, og der det difor kan vere trong for ein slik særregel som det er gjort framlegg om.

Kap. XI. Åsetesretten.

Odelslova har i § 10 o.u. nokre reglar om åsetesretten. Dessuten har ein i lov 9. mai 1863 regelen om at åsetestakst skal vere «billig».

Utvalet meiner at gjeldande lovreglar om åse- tesretten langt på veg kan takast opp i ei ny odelslov utan store realitetsbrigde. Det er like- vel klårt at prioritetsreglane (§ 11 i odelslova) må endrast, slik at dei vert i samsvar med framlegget til § 16 i utkastet om odelspriorite- ten. Vidare trengst det nye reglar om åsetesrett og om prioriteten når ektemakane har særkullsbarn ved sida av fellesbarn, — det kan her bli spørsmål om åsetesrett til jord som berre den eine ektemaken har ført inn i buet og jord som ektemakane har ført inn i buet saman, jfr. § 10. Reglane om bu- og driveplikt ved odelsløy- sing må og gjelde her. Endeleg kan det og tren- gjast reglar som kan hindre at åsetesretten vert misbrukt.

Til § 45.

Første stykket i paragrafen gjev ein legaldefi- nisjon av åsetesretten, og svarar innhaldsmessig til § 10 i odelslova.

Andre stykket fastset at berre jord som fyller vilkåra for odlingsjord på den tida arvelataren døyrr går inn under åsetes- rett. Om ein slik regel kan stillast opp etter gjeldande rett er noko tvilsamt. «Berglidomen» i Rt. 1967 s. 1009 seier ikkje noko om det av- gjerande tidspunktet. Men det er i alle høve sterke reelle omsyn som talar for å setje ei slik avgrensing. Det kunne endå vere spørsmål om å leggje til grunn tilhøva på den tida då arve- skiftet vert slutta, men dette er for det første ofte eit mindre eksakt tidspunkt (jfr. merkna- dane til § 41 framanfor), og for det andre kunne ein slik regel tenkjast å føre til freistnader på å drye ut skifteoppgjæret. Utvalet har såleis funne det rettast å byggje på tilhøva slik dei er på tidspunktet for arvefallet. Når det gjeld

krava til odlingsjord viser ein til §§ 2—6 og merknadane til desse paragrafane.

Åsetesrett kan berre gjerast gjeldande på arve- skifte. Dersom beste åsetesarvingen (jfr. § 46) ikkje vil bruke retten sin, rykkjer den med nest best rett utan vidare opp i hans stad osv., så lenge det er livsarvinger etter arvelataren. Dette er i sikkert samsvar med den tidlegare rådande oppfatning av åsetesretten, og utvalet har funne det uturvande å seie dette særskilt i lovteksten.

Tredje stykket viser til det som er sagt i §§ 21 og 22 om bu- og driveplikt ved odelsløy- sing og ved overtaking av odelsjord på arveskif- te i kraft av odelsrett. Desse reglane skal gjelde tilsvarande når ein åsetesarving får utlagt jord på offentlig skifte. Skifter arvingane privat, går tilhøvet inn under dei allmenne reglane i konse- sjonslovgevinga. Utvalet legg her til grunn at på eit offentlig skifte vil retten kunne gje dispensasjon frå kravet etter å ha innhenta frå- segn frå fylkeslandbruksstyret, — er skiftet privat, ligg denne avgjerda til Land s b r u k s - d e p a r t e m e n t e t. Nærare grunngjeving for dette synet har ein i merknadane til § 22.

Eit mindretal, Stray Ryssdal, vil ut- tale:

Etter § 45 siste stykket er det eit vilkår for å kunne gjere gjeldande åsetesrett på skifte at åsetesrettshavaren tek på seg å busetje seg på eigedomen innan eitt år og drive den. Dette gjeld utan omsyn til nærleiken av slektskapet mellom åsetesarvingen og den avlidne, og utan omsyn til om det er andre arvingar med åsetes- rett som vil ta over eigedomen eller ikkje. Barn kan altså ikkje ta over eigedomar etter foreldre med mindre dei tek på seg å busetje seg fast på eigedomen innan eitt år. Den dispensasjonsord- ninga utkastet har reglar om, vil avhenge av skjønsmessige vurderingar hjå skiftedomaren som skal treffe avgjerda. Ein kan ikkje vente at reglane vil bli praktisert likt, og dei gjev ikkje åsetesrettshavaren nokon tryggleik for å kunne ta over barndomsheimen.

Når ein tek omsyn til at meir enn femteparten av alle bruk i Norge er under 20 dekar, og over halvparten under 50 dekar, er det ikkje rimeleg at barn skal vere nøydde til å busetje seg fast på eigedomen innan eitt år for å kunne overta den etter foreldra. Dei må ha plikt til å drive eigedomen, og dette følgjer av reglane i jordlo- va. Konsekvensen av at ein arving ikkje tek på seg ei slik buplikt som nemnt, vil vere at skifteretten må selje eigedomen på auksjon, og at den går ut av slekta. Ein slik regel strir mot dei allmenne reglar vi har i arveretten om at barn arvar det foreldra let etter seg, og det er ikkje grunn til at jord- og skogbrukseigedo- mar skal stillast i noko anna stilling enn t.d. industriverksemdar og anna næringsverksemd.

Om odelsretten og åsetesretten

Barn som ønskjer å ta over eigedomar etter foreldra i kraft av åsetesrett, bør ha ein vilkårslaus rett til dette, — likevel slik at dersom nokon av dei yngre barna vil ta over eigedomen for å bu der og drive den, bør det krevjast det same av den som har best åsetesrett.

Til § 46.

Denne paragrafen gjev reglar om åsetesprioriteten, og avløyser § 11 i odelslova, samt særforesegnene i odelslova § 10 a og adopsjonslova § 17.

Første stykket viser til § 16, som har reglar om odelsprioriteten mellom sysken og deira liner. Dermed er to ting sagt: for det første at også når det gjeld åsetesretten innfører utkastet jamstilling mellom kjønna, for det andre at ikkje berre eldste barnet, men heile den eldste barnelina har betre åsetesrett enn det nest eldste barnet og dette barnet si line osv. Men det må leggjast til at etter som § 16 ikkje gjev absolutte reglar om odelsprioriteten, gjeld det same for § 46 med omsyn til åsetesprioriteten: i einstilte tilfelle kan løysinga bli ei anna, jfr. nedanfor.

Om adoptivbarn fastset adopsjonslova frå 1917 at dei har åsetesrett etter eignefødde barn og deira livsarvingar. Er det fleire adoptivbarn, «gaar mand foran kvinde og tidligere adoptert barn foran senere adoptert», men adoptivbarn er bundne av testament om rekkefølga.

Fleirtalet i utvalet (5) meiner desse reglane bør haldast oppe, bortsett frå regelen om at mann skal gå framom kvinne. Det same fleirtalet har i §§ 15 og 16 gjort framlegg om at adoptivbarn skal få odelsrett til eigedom adoptivforeldra eig når barnet har budd på eigedomen i 10 år, men dei får odelsprioritet etter eignefødde barn og deira liner (om ikkje adoptivforeldra har fastsett noko anna). Når ein skipnad som i hovudsaka svarar til dette alt lenge har vore gjeldande m.o.t. åsetesrett, følgjer det av seg sjølv at fleirtalet ikkje finn grunn til å endre den på vesentlege punkt. Det vert likevel eit par skilnader i høve til reglane om odelsrett i §§ 15 og 16: § 46 andre stykket stiller ikkje opp noko krav om butid som vilkår for åsetesrett (det gjer heller ikkje § 17 i adopsjonslova), og ein har ikkje funne grunn til å ta inn nokon regel om at adoptivforeldra ved testament eller skriftleg fråsegn skal kunne endre åsetesrekkefølga i høve til adoptivbarn.

Om mindretalet sitt syn, viser ein til merknadane s. 61—62.

Første setninga i tredje stykket gjev reglar om særkullsbarn som den eine ektemaken måtte ha. Særkullsbarn kan anten vere barn frå eit tidlegare ekteskap, eller utanekteskapeleg barn. Når det gjeld åsetesrett etter faren og

farsætta, fastsette arvelova frå 1854 § 3 at eit utanekteskapeleg barn ikkje hadde slik åsetesrett, med mindre faren ved skriftleg fråsegn hadde fastsett noko anna. Denne regelen vart — med ei modernisera formulering — halden oppe ved den nye arvelova frå mars 1972, men flytt over til odelslova som § 10 a. («Åsetesrett på skifte etter faren eller noen i farslekten har barn utenfor ekteskap bare når faren har bestemt det ved skriftlig erklæring; i så fall har det samme åseterett som barn i ekteskap».)

Av eit brev dagsett 24. september 1970 frå Justisdepartementet til Justiskomiteen i Stortinget går det fram at komiteen tenkte på å ta bort framlegget i arvelovprp. om å innføre ein ny § 10 a i odelslova, men at departementet rådde i frå å gjere dette. Spørsmålet måtte naturleg vurderast i samband med revisjonen av odels- og åsetesretten (sjå Innst. O. nr. XIX for 1970—71 s. 41).

Sivillovbokutvalet gjer ikkje framlegg om nokon særregel for utanekteskapelege barn når det gjeld åsetesrett, men slær dei saman med særkullsbarn elles. Tredje stykket i § 46 lyt lesast i samband med § 10, som gjev reglar om stoda åt ektemaken. Særkullsbarnet deler lagnad med den ektemaken som det er son (dotter) åt — både når det gjeld odelsrett og åsetesrett.

På same måten som når det gjeld odelsrett (§ 17 i utkastet) har fellesbarn betre åsetesrett enn særkullsbarn til jord som foreldra har ført inn i buet saman. Den som har rett etter begge foreldra, lyt gå framom den som berre har rett etter den eine. Dette er sagt i siste punktum i andre stykket.

Utvalet har i det heile sett det som ein føremøn å få samordna prioritetsreglane i utkastet på ein slik måte at det så langt råd er vert samsvar mellom odels- og åsetesprioriteten. Heilt ut let dette seg ikkje gjere: Det kan vere at arvelataren sjølv ikkje hadde best odelsrett, eller det kan vere at beste åsetesrettshavaren har skrive frå seg odelsretten etter § 26. I desse tilfella vil det kunne vere ein som har best odelsrett medan ein annan har best åsetesrett. Det same gjeld — som alt nemnt — når faren har eit utanekteskapeleg barn som ikkje har odelsrett etter § 15, men som likevel kan ha (best) åsetesrett. Men elles er prioritetsreglane i utkastet forma slik at det berre reint unntaksvil vil vere fullt samsvar mellom odels- og åsetesprioriteten. For desse unntakstilfella gjeld regelen i § 46 fjerde stykket, som seier at den arvingen som har best odelsrett går framom, med dei rettar som åsetesretten gjev. Førsetnaden er altså at vedkomande er arving og har åsetesrett, — har han ikkje det, må han løyse eigedomen på odelsrett etter dei vanlege reglane. Han har då ikkje noko krav på dei førerettar

§ 50 gjev åsetesarvingen. Reglane i § 46 fjerde stykket samsvarar med gjeldande rett, jfr. dom i Rt. 1955 side 317.

Siste stykket i § 46 viser til § 21, som gjev retten høve til å nekte odelsløysing mot ein eigar med nedervd odelsrett som har teke over eigedomen frå slektningar i rett oppstigande line (eller frå ein bror eller ei syster). Dette vil då seie at retten på eit arveskifte kan ta avgjerd om at eit yngre barn eller barnebarn av arvelataren skal gå framom den arvingen som har best åsetesrett. Dette er meint å skulle gjelde endå om den som har best åsetesrett også har betre odelsrett enn det yngre barnet (barnebarnet), noko som så godt som alltid vil vere tilfelle. Regelen er vidare meint å skulle gjelde utan omsyn til om skiftet går føre seg offentleg eller privat. Vert det skifta privat og det kjem opp tvist om kven som skal ta over ein fast eigedom i buet, vil vel dette i praksis føre til krav om offentleg skifte frå ein eller fleire av arvingane, jfr. skiftelova § 60 første stykket. Men det må og vere høve til separat domstolsavgjerd berre av denne eine tvisten, medan arveskiftet elles held fram som privat skifte, dersom arvingane måtte bli samde om å gå fram på den måten.

Nokre av medlemene har vore i tvil om ein bør gå så langt som til å innføre åsetesrettsleg jamstilling mellom utanekteskapelege og ektefødde barn i høve til faren og farsslekta. Grunnlaget for den tvil som har vore reist om dette spørsmålet er at eit utanekteskapeleg barn som oftast ikkje vil ha nemnande personleg tilknytning til faren og farsgarden, då det har vakse opp hjå mora. Det vil då lett skape uvilje og verke sakleg urimeleg om eit slikt barn skulle trengje til side eit barn som faren har i ekteskapet og som har vakse opp på garden. Eit utanekteskapeleg barn vil her reint faktisk oftast stå i ei anna stilling enn eit særkullsbarn faren har frå eit tidlegare ekteskap, — dette gjeld endå om ein tenkjer seg ein skilsmisssituasjon der det er mora som har fått foreldremakta over barnet.

Når det likevel ikkje er teke opp framlegg om nokon særregel om utanekteskapelege barn i relasjon til åsetesretten, så er det av di dei medlemene som har vore sterkast i tvil legg vekt på at andre reglar i utkastet vil kome inn og truleg gje det naudsynlege korrektiv, slik at ein situasjon som nemnt ovanfor ikkje lett vil kunne kome opp. Ein viser her særleg til regelen i § 46 fjerde stykket, jfr. § 15 (fleirtalsframlegget) og § 17 første stykket (der fleirtalet går inn for at fellesbarn skal ha betre odelsrett enn særkullsbarn til jord som er felles odel for foreldra). Desse reglane vil føre til at eit utanekteskapeleg barn, sjølv om det har best åsetesrett, vil stå tilbake for eit yngre barn som

faren har i ekteskapet, — med mindre det er farens odelsjord og det utanekteskapelege barnet har vakse opp hjå han eller på eigedomen. Likeins vil regelen i § 46 siste stykket jamført med § 21 gje ein viss tryggleik mot at eit utanekteskapeleg barn med best åsetesrett går framom eit barn som har vakse opp på eigedomen og som har rekna med å få overta den etter faren. Ein reknar med at dei her nemnde reglane — sett i samanheng — vil føre til resultat som kan godtakast i dei fleste tilfelle, utan at ein (som nokre av medlemene har vore inne på) tek inn ein særskild regel om åsetesprioriteten for utanekteskapelege barn.

Eit mindretal, Nygard og Nærstad, meiner tredje stykket bør gå ut.

Særkullsbarn (utanekteskapelege og andre) bør etter vårt syn vere rettsleg jamstelte med andre barn, både i odelsretten og i åsetesretten. Grunnane til dette er det gjort greie for i merknadane til § 15, og om den prinsipielle sida av spørsmålet viser vi til det som der er sagt.

Særkullsbarnet får ikkje åsetesrett i andre tilfelle enn der det er med på skifte som arving. På eit separat skifte etter stykfar eller -mor, vil såleis særkullsbarnet ikkje vere med. Men det kan vere at eigedomen då i første omgang vert utlagd til rette far eller mor åt barnet — og så seinare hamnar hjå det. På eit samla skifte etter begge bør det ikkje vere nokon favoriseringsregel, anna enn den vanlege åsetesrekkefølgja i samsvar med § 16, jfr. § 15. — Odelsrett og odelsprioritet vil her som elles gå føre åsetesrett og åsetesprioritet, jfr. fjerde stykket i paragrafen. Meir unntak trengst ikkje gjerast for den skuld.

Fleirtalsframlegget går ut på at eit særkullsbarn i ei rekkje tilfelle — dei same som då ein ektemake er halden utanfor samodling etter § 10 — skal vere utan åsetesrett i det heile, også når det ikkje er sambarn eller særkullsbarn på andre sida. Etter vårt syn er dette lite rimeleg. Eit døme: Ekteparet A og B har skaffa seg ein odelseigedom ved kjøp frå foreldra til A, men for midlar dei har lagt seg opp saman. Dei har ikkje barn saman, og mannen A har heller ingen særkullsbarn. Då A dør, overtek kona B buet i uskifte med 3 systre av A. B har sjølv 2 særkullsbarn. Når B dør, skulle etter fleirtalsframlegget ingen av barna ha åsetesrett. Liksom etter vår gjeldande rett bør det her etter vår mening vere åsetesrett barna imellom. I eit tilfelle som nemnt skulle det heller ikkje gjere nokon skilnad om førstavidne A hadde hevda odel til eigedomen, for den odelen gjekk i grava med han.

Når det gjeld åsetesprioriteten for adoptivbarn (andre stykket i § 46), viser mindretalet til sine merknader framanfor til § 15 (s. 61), og

har utforma eit framlegg til lovregel i samsvar med dei synsmåtane som der er haldne fram.

Til § 47.

Odelslova har i § 12 reglar om deling mellom åsetesarvingane når det er fleire eigedomar i eit arvebu. Etter ordlyden er dette ein rein åsetesregel, og det kan vere noko tvilsamt kva rekkjevidde denne føresegna har i andre situasjonar. Dette spørsmålet er nærare drøfta på andre stader i rådsegna.

Paragraf 18 i utkastet går inn for å lovfeste ei noko vidare rekkjevidde for det ein kan kalle «delingsprinsippet» i odelsretten. Etter den paragrafen skal delingsprinsippet for det første gjelde allment mellom sysken og deira liner for eigedomar som vert overtekne frå slektningar i rett oppstigande line — her vil nemleg åsetesrett kunne tenkjast å bli aktuell. Men eigedom nr. 2, 3 osv. må vere odelsjord. Den syskenlina som alt har overteke ein eigedom (odelsjord eller odlingsjord) frå slektningar som nemnt, har ikkje i kraft av odelsrett nokon førerrett til ein annan eigedom, så lenge dei yngre syskenlinene ikkje har fått kvar sin. For det andre skal delingsprinsippet etter § 18 også gjelde når den første eigedomen er overteken frå eigne sysken eller frå sysken av foreldra, men då berre dersom overtakaren hadde odelsrett til eigedomen. Den lina som har best odelsrett kan likevel alltid velje kva for ein av eigedomane den vil ha.

Ei allmenn lovfesting av eit delingsprinsipp i odelsretten reiser ein del vanskelege avgrensingsproblem. Desse er nærare drøfta i dei særskilde merknadane til § 18. Paragraf 47 gjeld berre bruken av delingsprinsippet ved arveskifte, og her har ein ikkje på langt nær dei same problema.

Første stykket viser til reglane i § 18, men har med eit tillegg om at delingsprinsippet her skal gjelde utan omsyn til om eigedomar i buet er odelsjord eller ikkje. Dette tillegget er turvande av di § 18 har som føresetnad at eigedom nr. 2 er odelsjord. Når det gjeld bruken av delingsprinsippet i relasjon til åsetesretten, gjeld ikkje dette vilkåret, — åsetesreglane gjeld på same måten for eigedomar som det ikkje kviler odel på, det krevst berre at eigedomen fyller vilkåra for odlingsjord, jfr. § 45 andre stykket. Dette er i samsvar med gjeldande rett, jfr. § 12 i odelslova frå 1821.

Tilvisinga til reglane i § 18 betyr då for det første at delingsprinsippet gjeld dersom det er fleire åseteseigedomar i buet og ingen av åsetesarvingane før har overteke nokon eigedom frå slektningar i rett oppstigande line eller nokon odelseigedom frå eigne sysken eller frå sysken av foreldra. Då vel den med best åsetesrett

først den eigedomen han vil ha, deretter vel line nr. 2 ein eigedom osv. så langt det er eigedomar i buet. På same måten som etter § 18 er det mellom syskenlinene eigedomane skal delast: kvar line skal få velje ein eigedom etter prioritet.

Har den med best åsetesrett eller nokon i hans line før arvefallet teke over ein eigedom frå slektningar i rett oppstigande line eller ein odelseigedom frå eigne sysken eller frå sysken av foreldra, vert det etter § 47 å rekne likt med at han har valt denne eigedomen. Men han har høve til å velje ein av eigedomane i buet i staden for den han alt har overteke, jfr. § 18 tredje stykket. Er det nokon i ei av dei yngre syskenlinene som har overteke ein slik eigedom før arvefallet, betyr det berre at ein må gå forbi den lina når det er denne som står for tur til å velje. Men valretten etter § 18 tredje stykket gjeld sjølvst i dette tilfelle og.

På same måten som etter § 18 vert eigedomserverv ved odelsløyning og auksjonskjøp i høve til delingsreglane rekna likt med overtaking etter avtale med eigaren. At eigedomsovergang ved arv eller gåve går inn under det same er ikkje særskilt sagt, men følgjer av seg sjølv.

Tilvisinga til § 18 fører altså til at det også i relasjon til eigedomsdeling mellom åsetesarvingar på arveskifte i eitt tilfelle vert avgjerande om jorda er odelsjord eller ikkje, — nemleg i det tilfelle at ein av åsetesarvingane alt har teke over ein eigedom frå eigne sysken eller frå sysken av foreldra. Er denne eigedomen ikkje odelsjord, er overtakinga ikkje til hinder for at overtakaren si line i kraft av åsetesrett gjer krav på ein eigedom i buet i tillegg til den som alt er overteken. Dette kan seiast å vere eit brot på prinsippet om at i høve til åsetesreglane gjer det ingen skilnad om jorda er odelsjord eller ikkje. Men reelt sett har den skipnaden framlegget frå utvalet fører til gode grunnar for seg: Det er eigedomar i buet som skal skiftast. Det er då lite naturleg å trekkje inn i dette oppgjeret eigedomar som nokon av arvingane tidlegare har fått andre stader i frå. Men er den eigedomen som først er overteken odelsjord, står dette annleis. Om ein ikkje tok omsyn til eigedomserverv i kraft av odelsrett ved eit etterfølgjande arveskifte, ville det bety at ein såg bort frå den samanhengen som det er mellom odels- og åsetesretten, i og med at den med beste retten ville få ein eigedom i kraft av odelsrett og seinare ein til i kraft av åsetesrett — før den med nest best rett fekk nokon eigedom i det heile. Utvalet meiner at dette vil vere ei lite rimeleg løysing når det gjeld tilhøvet mellom sysken og deira liner.

Når utvalet har sett skilje etter som ein odels- eigedom er overteken frå eigne sysken, frå sys-

ken av foreldra eller frå fjernare slektningar, til dømes frå sysken av besteforeldre eller frå eit syskenbarn, er grunngjevinga for det første at eit skilje må ein ha, endå om det kanskje stundom kan synast noko vilkårleg. Dessutan må ein rekne med at det i praksis heller sjeldan vert spørsmål om overføring av odelsjord frå sysken av besteforeldre og mellom syskenbarn, medan overføring frå sysken av foreldra er langt meir praktisk. Eller for å seie det på ein annan måte: Etter dei reglane utkastet har i § 14 om avgrensing av odelskrinsen, vil ein person sjeldan ha odelsrett til ein eigedom som han tek over frå fjernare slektningar enn sysken av foreldra.

Andre stykket i § 47 har reglar for det tilfelle at begge ektemakane er avlidne og let etter seg kvar sine eigedomar. I så fall vert dei to buoppgjera i relasjon til delingsprinsippet å sjå under eitt, endå om dei ikkje går føre seg til same tid. Resultatet av delinga skal altså bli det same som om dei to skifta hadde gått føre seg under eitt.

Til § 48.

Denne paragrafen avløyser § 14 i odelslova. Den gjer ikkje nokon større skilnad i realiteten frå gjeldande rett, men utforminga er forenkla i høve til § 14 i den gamle lova.

Medan § 47 regulerer delinga mellom åsetesarvingane når det er fleire eigedomar, gjeld § 48 det tilfelle at ein og same eigedom «har slik storleik og avkastingssevne at ein huslyd ikkje treng det heile». I så fall kan eigaren med samtykkje frå fylkeslandbruksstyret (jfr. § 55 i jordlova) dele eigedomen mellom to eller fleire av åsetesarvingane. Paragrafen representerer m. a. o. eit nytt unntak frå det prinsippet som er hovudinnhaldet i åsetesretten, slik denne er definert i § 45.

Paragrafen tek som nemnt ikkje sikte på å innføre andre reglar enn det som alt er gjeldande rett på området. Det er grunn til å tru at det heller sjeldan vert spørsmål om å gje samtykkje til slik deling, då berre ein liten del av jordeigedomane her i landet er så store at ei deling vil vere driftsmessig forsvarleg. Men i dei tilfelle ein eigedom er av ein slik storleik at den ut frå driftsmessige omsyn kan delast, bør ikkje åsetesreglane vere til hinder for det.

Det er fylkeslandbruksstyret si vurdering som vil vere avgjerande for spørsmålet om eigedomsdeling etter denne paragrafen. Meininga er at fylkeslandbruksstyret her skal leggje same synsmåtar til grunn som når det elles er spørsmål om samtykkje til deling av jordeigedomar etter § 55 i jordlova. Samtykkje til deling kan altså nektast sjølv om det er heilt på det reine at eigedomen gjev meir avkastning og innkomme enn det ein huslyd treng. Avgjerande blir ei

samla vurdering av dei driftsøkonomiske tilhøva, slik dei ligg føre og slik ein må rekne med dei kjem til å utvikle seg. Fylkeslandbruksstyret skal ikkje berre ta stilling til om eigedomen har slik storleik og avkastingssevne at den kan delast, — meininga er at fylkeslandbruksstyret skal vurdere og ta stilling til den konkrete delinga det er spørsmål om. Meiner fylkeslandbruksstyret at ei deling vel kan forsvarast, men då på ein annan måte enn eigaren har tenkt seg, skal samtykkje nektast.

Når det er sagt at eigaren kan dele eigedomen «mellom to eller fleire av åsetesarvingane», må dette lesast med ein viss reservasjon. Det er ikkje meininga et eigaren skal kunne fastsetje kven av åsetesarvingane som skal ha dei ulike partane eigedomen vert delt i. Her er det reglane i §§ 46 og 47 som gjeld: beste åsetesarvingen har valretten, og det utan omsyn til kva eigaren måtte ha fastsett i delingsdokumentet. Ein kan seie det slik at § 48 gjev eigaren ein viss rett til å fastsetje den innbyrdes storleiken på arvelutane, men derimot ikkje til å fråvike den lovfesta prioritetsordninga mellom åsetesarvingane.

Til § 49.

Føresegna i § 49 knyter seg til delingsreglane i §§ 47 og 48. Det seier seg sjølv at skal delingsprinsippet ved arveskifte ha nokon realitet, må ikkje den arvingen som har best odelsrett etterpå kunne løyse på odel dei eigedomane som dei yngre syskenlinene har fått utlagt til seg. I så fall kunne han like gjerne fått utlagt på skiftet alle dei eigedomane han ville ha. Det same gjeld når ein eigedom vert delt etter § 48. Skal delinga ha nokon realitet, må ikkje den med best odelsrett etterpå kunne skiple den med eit odelsøksmål.

Paragraf 49 seier at ingen av dei andre åsetesarvingane kan gjere bruk av odelsrett for å skiple eigedomsdeling etter §§ 47 og 48. Er det derimot andre enn åsetesarvingane som har best odelsrett, noko som teoretisk kan tenkjast, står deira løysingsrett sjølv sagt ved lag så lenge preskripsjonstida ikkje er ute.

Når ein odelseigedom vert delt etter § 48, kan retten for den attlevande ektemaken etter § 31, jfr. § 32, ikkje gjelde meir enn ein av partane etter delinga. På same måten som når det gjeld åsetesarvingane, kan eigaren ikkje med bindande verknad fastsetje i delingsdokumentet kva for ein av partane etter delinga den attlevande skal ha (§ 32 gjev den attlevande valrett). I dei fleste tilfelle vil nok dette følgje av seg sjølv: den attlevande vil velje den parten der bustadhusa står, og som til vanleg vil bli å rekne som hovudeigedomen etter delinga. Men skulle dette vere uklårt, eller kjem det opp tvist om den attlevande i det heile skal ha

bruksrett til ein odelseigedom, må åsetesarvingane kunne krevje at dette vert klårlagt før dei vel eigedomar.

Paragraf 49 avløyser § 13 i odelslova, som stort sett går ut på det same, men som berre knyter seg til det tilfelle at det er fleire eigedomar i buet som vert delt slik at åsetesarvingane får kvar sin etter prioritet.

Til § 50.

Denne paragrafen avløyser lov 9. mai 1863, men er noko meir utførleg forma enn den gamle regelen, som ikkje nærare presiserer kva som skal leggjast i omgrepet «billig takst». Utvalet meiner § 50 stadfester gjeldande rett på området, slik denne er fastlagt gjennom rettspraksis (særleg nyare rettspraksis).

Nemninga ein pris «som er rimeleg etter dei tilhøva som ligg føre» er meint å skulle dekkje same realiteten som nemninga «billig Taxt» i 1863-lova, men då i den meining ordet «billig» opphaveleg hadde. Utvalet vil her streke under at paragrafen ikkje må tolkast slik at den gjev åsetesarvingen noko ufråvikeleg krav på å få eigedomen for ein pris som er lågare enn den fulle verdien. Dette skulle elles gå tydeleg fram både ved seiemåten «rimeleg etter dei tilhøva som ligg føre» og ved det som er sagt i andre og tredje punktum i første stykket. Det kan såleis vere i fullt samsvar med § 50 om prisen ved åsetestakst vert sett til full verdi. Dette vart resultatet i ein høgsterettsdom i Rt. 1967 side 812, og § 50 tek sikte på å gje ein klår og beinveges lovheimel for eit slikt resultat i tilfelle då det ikkje synest vere grunn til å gje noko åsetesfrådrag.

Når det vidare er sagt at verdsetjinga skal skje «med særleg tanke på at overtakaren kan makte å bli sitjande med eigedomen», så ligg det for det første i dette at det til vanleg er bruksverdien av eigedomen ved landbruksdrift som skal leggjast til grunn. Kravet om at ein åseteseigedom må fylle vilkåra for odlingsjord (§ 45) fører til at det som regel vil vere landbruksdrift som er den aktuelle utnyttingsmåten for eigedomen, og prisen må då ikkje setjast høgare enn at drifta kan forrente kjøpesumen. Men dernerst ligg det og i det som er sagt i andre punktum at det skal takast omsyn til den økonomiske stode åsetesarvingen er i. Jfr. i denne samanhengen høgsterettsorskurd 2. september 1971 (Rt. 1971 side 920), der det m.a. er sagt:

«Det må vere fullt i samsvar med åsetesinstituttets formål og synes alminnelig akseptert i praksis og teori at også de interesserte parters personlige forhold — åsetesarvingens og medarvingenes formuesforhold, herunder størrelsen av deres lodd i boet — er momenter som kan tas i betraktning ved vurderingen av hvilken takst i det konkrete tilfelle vil være billig.»

Utvalet har ikkje meint å gjere framlegg om å endre gjeldande rett på dette punktet.

Det kan vere tilfelle då ein eigedom fyller krava til odlingsjord på tida for arvefallet utan at det kan reknast med framtidig landbruksdrift på eigedomen. I så fall kan åsetesrett gjerast gjeldande, men spørsmålet om kva for pris åsetesarvingen skal betale kjem då i ei noko anna stilling. Må ein rekne med at eigedomen om ikkje alt for lenge vil bli teken i bruk til eit utnyttingsføremål som fører med seg ein høgare grunnverdi enn ved landbruksdrift, synest det mindre rimeleg å la åsetesarvingen få eigedomen for ein pris som svarar til bruksverdien ved landbruksdrift, — sjølv utan åsetesfrådrag, jfr. Rt. 1967 side 812, som samsvarar med rådande teori, sjå Skeie s. 212 og Voss s. 106. Er heile eigedomen vorte utparselleringsobjekt, ligg det utanfor føremålet med lova å gje prisavslag (Skeie 1. c.).

Tilsvarande spørsmål reiser seg når ein må rekne med at deler av eigedomen vil verte fråskilde til tomteområde o. l., slik at ein for desse delane vil få ein tomteverdi som ligg høgare enn bruksverdien ved landbruksdrift. Ein må her byggje på same prinsippet, når ein lyt rekne med at noko tomtosal vil vere den naturlege og trulege utnyttingsmåten. Men her kjem nok det til at etter framlegget til lovreglar om erstatning ved oreigning av fast eigedom som no ligg føre (Ot. prp. nr. 56 1970/71), skal verdsetjinga til vanleg skje «på grunnlag av den bruk som gjøres av eiendommen på det tidspunkt da søknad om ekspropriasjon er lagt fram for den myndighet som kan gi samtykke til inngrepet» (§ 4 andre stykket i lovutkastet). Vert dette framlegget lov, må det truleg få konsekvensar for verdsetjingsreglane både ved odels- og åsetestakstar. Det synest for det første lite rimeleg i seg sjølv at ein åsetesrettshavar skal måtte betale meir for eigedomen enn den ville ha vorte verdsett til om det galdt oreigning. Og tenkjer ein seg at eigedomen vert oreigna kort tid etter at den er overteken på arveskifte eller løyst på odal, ville ein då kunne få den situasjonen at åsetesarvingen (odelsløyseren) måtte gje frå seg eigedomen for ein lågare pris enn den han sjølv har betalt. Utvalet meiner difor at reglane om verdsetjing ved odels- og åsetestakstar bør ta eit visst omsyn til det som måtte verte lovfesta om utmåling av erstatning ved oreigning, men samstundes og slik at ein åsetestakst fører til eit rettvist og rimeleg resultat arvingane imellom. Då det kan kome til å verte ein viss motstrid mellom desse omsyna, vil det truleg ikkje vere tenleg å ha detaljerte reglar i odelslova om takstgrunnlaget, noko som lett kunne kome til å binde skjønnet på ein uheldig måte.

Utvalet har avgrensa seg til å seie at det

skal setjast ein pris som er rimeleg etter dei tilhøva som ligg føre, og at verdsetjinga skal skje med særleg tanke på at overtakaren kan makte å bli sitjande med eigedomen. I dette ligg at skjønnet skal byggje på ei heilskapsvurdering, der m.a. utsiktene til kva måte jorda i framtida vil bli brukt på kjem inn som eit sentralt moment. På eitt punkt har utvalet likevel funne grunn til å gje bindande reglar for skjønnet: Ein åsetestakst må under ingen omstende setjast høgare enn verdien av eigedomen ved odelstakst. Åsetesarvingen vil som regel også ha (best) odelsrett, og han må sjølvsagt ikkje stellast dårlegare enn ein odelsrettshavar som ikkje har åsetesrett. Og dersom åsetesarvingen ikkje har (best) odelsrett, må han rekne med at eigedomen kan verte løyst frå han for odelstakst, — han må då ha visse for at han får att det han sjølv har betalt.

Når det gjeld påbødet om at skjønnet samstundes med åsetestaksten skal fastsetje verdien av eigedomen ved fritt sal, så er dette ein reint retts teknisk regel som heng saman med dei reglane om etteroppgjjer mellom arvingane som utvalet gjer framlegg om i § 51.

I andre stykket i § 50 foreslår utvalet lovfesta at prinsippet om rimeleg overtakingspris ved åsetestakst også skal gjelde andsynes ein attlevande ektemake. Dette har vore eit noko omstridd spørsmål etter gjeldande rett. Skeie (s. 213) meiner at åsetesarvingen har krav på «billig takst» endå om ein attlevande ektemake er luteigar i buet, og det same seier Robberstad i T.f.R. 1948 s. 258. Ved rettspraksis er det no avgjort at arvingen i slike tilfelle må betale full pris (Rt. 1948 s. 1151, Rt. 1951 s. 617). Spørsmålet må løysast i den nye lova, og utvalet meiner den beste løysinga er den som teorien har valt. At prinsippet om rimeleg overtakingspris også gjeld når det er ein odelsrettshavar som tek over ein eigedom på arveskifte utan å ha best åsetesrett følgjer beinveges av føresegna i § 46 fjerde stykket.

Til § 51.

Som odelsretten kan også åsetesretten misbrukast til å fremje føremål som ligg utanom dei interessene dette rettsinstituttet tek sikte på å verne om. Misbruk av åsetesrett vil til vanleg skje på den måten at ein av arvingane tek over eigedomen for ein pris som er lågare enn omsetnadsverdien, utan at denne arvingen sjølv vil sitje med eigedomen for å drive den. No kan det sjølvsagt seiast at heile skipnaden med åsetesrett i seg sjølv er eit brot på prinsippet om likskap mellom arvingane, og det er rett nok. Men dette må ein sjå som ein i og for seg uønskt refleksverknad av to andre viktige føremål som åsetesretten skal fremje: For

det første å hindre at eit arveskifte fører til oppdeling av jordbrukseigedomar i for små driftseiningar. For det andre å syte for at den av arvingane som skal få overta eigedomen, får den for ein pris som kan forrentast ved den innkome drifta gjev, siik at han skal kunne bli sitjande med den. Når overtakaren ikkje meiner å bli sitjande med eigedomen for å drive den, sviktar den siste føresetnaden og dermed også grunnlaget for overtaking etter åsetespris. Men dette er gjerne ikkje klårt på den tida då skiftet går føre seg og åsetestaksten vert halden.

I utanlandsk rett finn ein døme på reglar om etteroppgjjer mellom arvingane dersom den av dei som overtek fast eigedom på skifte, avhender den innan ei viss tid (Austerrike og Tyskland 6 år, Sveits 15 år). I proposisjonen frå 1907 vart det gjort framlegg om å innføre tilsvarende reglar her i landet (med 5 års frist), men framlegget vann ikkje fram i Stortinget. Seinare har det to gonger vore gjort liknande framlegg på grunnlag av nemnd-tilrådingar frå Landmandsforbundet i 1913 og frå Norges Bondelag i 1937.¹⁾ Heller ikkje dette har ført til at ein har fått lovreglar mot misbruk av åsetesrett. Utvalet meiner at det i samband med den allmenne lovrevisjonen nå bør takast inn slike reglar, og at den beste måten er å gje dei andre arvingane høve til å krevje eit etteroppgjjer når åsetesarvingen avhender eigedomen med ein monaleg vinst innan ei viss tid. Men når det gjeld spørsmål om lengda av tidsfristen og om grunnlaget for etteroppgjjeret, har det gjort seg gjeldande ulike syn i utvalet.

Fleirtalet (formannen, Husaas, Nærstad, Stray Ryssdal) meiner fristen bør vere 6 år, medan mindretalet (Lid, Nygard, Øksnes) held på 10 år. Grunngevinga frå fleirtalet er at råderettsinnskrenkingar av dette slaget kan tenkjast å stengje også for disposisjonar som ikkje har noko med rettsmisbruk å gjere, og som i og for seg kan vere både forsvarlege og naudsynlege. Fristen bør difor ikkje gjerast lenger enn dei omsyna som ligg til grunn gjer heilt turvande. Mindretalet meiner fristen ikkje kan setjast kortare enn 10 år om regelen skal nå føremålet sitt og verte eit effektivt hinder mot rettsmisbruk.

Fleirtalet vil vidare ha den avgrensinga i oppgjersreglane at den sumen avhendaren skal greie ut ikkje må setjast høgare enn skilnaden mellom åsetestaksten og det ein må rekne som full pris for eigedomen då åsetestaksten vart halden, — likevel slik at det skal takast omsyn til mogelege endringar i pengeverdet. Denne avgrensinga hadde og proposisjonen frå 1907.

¹⁾ Opplysningar om dette har ein m. a. i Sterris bok «Bondens rett til jorda», s. 110 o.u.

Grunngjevinga er at det er berre denne prisskillnaden åsetesarvingen har fått av medarvingane på skiftet, — om egedomen stig i verdi etter at skiftet er avslutta, må dette bli åsetesarvingen sin vinst, på same måten som det vert hans tap om utviklinga skulle gå den andre vegen. Fleirtalsframlegget fører til at det aldri vert spørsmål om noko etteroppgjær dersom åsetesarvingen på skiftet betaler egedomen til full verdi, og dette må han ha høve til å gjere — endå om det i taksten er gjeve åsetesfrådrag. Fleirtalet meiner det vil vere både uheldig og urimeleg om medarvingane, etter at skiftet er avslutta, framleis skulle kunne gjere gjeldande krav mot åsetesarvingen som følgje av verdauke for egedomen som har kome til seinare. Her kjem elles det til at dersom framlegget til lovreglar om erstatning ved oreigning (jfr. frammanfor) vert vedteke, vil dette gjere det vanskeleg og usikkert for åsetesarvingen å kunne tileigne seg slik verdauke.

Mindretalet har eit anna syn på spørsmålet om kva grunnlaget for eit etteroppgjær mellom arvingane bør vere. Mindretalet meiner for det første at åsetesarvingen ikkje bør kunne fri seg frå eit etteroppgjær ved å tilby full pris for egedomen på skiftet. Sjølv med full pris har denne arvingen fått ein føremon framfor dei andre, og ein føremon som har grunnlaget sitt i å leggje vilkåra til rette for samla drift på hans hand. Dersom han så sel egedomen med ein monaleg vinst, sviktar grunnlaget for heile overtakinga, slik at det også i desse tilfella bør skje eit etteroppgjær. Endå mindre bør det vere høve til å velje dette alternativet (full pris) seinare — når verdauken har manifestert seg. Mindretalet finn det ikkje urimeleg at medarvingane får del i verdauken ut over det som var full pris på taksttida. Det vil i røynda berre føre til ei oppattretting av dei sviktande føresetnadane som låg til grunn for åsetesoppgjæret. Mindretalet legg vekt på at det under dei aktuelle samfunnstilhøva i dag ofte har skjedd og skjer svære endringar i verditilhøva for fast egedom over nokså kort tid. Om arvingane var fullt jamstelte, ville det i slike tilfelle vere det rimelege å vente og sjå, så alle kunne få sin rettkomne del. Når så pågang frå åsetesarvingen gjer at det likevel blir skifte og han får egedomen utlagd, synest det ikkje urimeleg med eit etteroppgjær som set arvingane likt. Når han sel — eller vert fråekspropriert — egedomen med ein monaleg vinst, er grunnlaget for åsetesoppgjæret gjort om inkje, og det bør skje ei utjamning med eit etteroppgjær. Mindretalet gjer difor framlegg om at siste punktum i første stykket i § 51 går ut.

Nemninga «monaleg vinst» gjev tilvising på ei skjønnsam vurdering av vilkåra for at etteroppgjær skal kunne krevjast. Uttrykket er meint å skulle svare til «vesentlig gevinst» på bokmål. Det må m.a.o. vere tale om ein vinst som er så vidt stor at den må seiast å skiple føresetnadane for arveoppgjæret, noko nærare kan det vanskeleg seiast allment om dette spørsmålet. I fleirtalsformuleringa (første stykket siste punktum) kan det nok seiast å liggje ein føresetnad om at etteroppgjær etter tilhøva kan krevjast endå om vinsten ved salet er mindre enn åsetesfrådraget. Når det gjeld egedomar av vanleg storleik og med eit åsetesfrådrag på omlag 20 %, vil ein vel truleg ikkje så lett kome til at det ligg føre «monaleg vinst» når egedomen vert avhenda for mindre enn det fullverditaksten vart sett til. For sær store egedomar kan det nok kanskje stille seg annleis. Det er klårt at det ved vurderinga av spørsmålet om «monaleg vinst» ligg føre må takast omsyn til slike ting som påkostnader på egedomen og endringar i pengeverdet.

I andre stykket er det sagt at same reglar med omsyn til etteroppgjær skal gjelde når deler av egedomen vert selde til prisar som ligg monaleg over det ein må gå ut frå at dei vart rekna til ved åsetestaksten. Men kravet til «monaleg vinst» gjeld på same måten i desse tilfella og, slik at det i seg sjølv ikkje gjev grunnlag for krav om etteroppgjær om t.d. ei einskild hustomt vert fråskild ein noko stor gard — sjølv om prisen for tomta isolert sett ligg monaleg over det arealet vart rekna til ved åsetestaksten. Det må også her vere tale om ein så vidt stor nettovinst for åsetesarvingen at grunnlaget eller føresetnadane for arveoppgjæret må seiast å vere skipla.

Dei omsyna som ligg til grunn for reglane om etteroppgjær gjer seg gjeldande — om ikkje heilt på same måten — når egedomen eller deler av den vert oreigna. Ein kan ikkje godt dra inn synspunktet misbruk av åsetesrett her, — i alle høve ikkje med mindre det på tidspunktet for arveoppgjæret var grunn til å rekne med oreigning. Men omsynet til størst mogeleg rettferd mellom arvingane kan seiast å ha same vekt anten det gjeld friviljug avhending eller oreigning. Etter det før nemnde framlegget til lovreglar om erstatning ved oreigning vil det i mindre grad enn før bli spørsmål om erstatning for verdier ut over jordbruksverdien. Men det kan like fullt tenkjast at oreigningserstatninga vert sett så vidt mykje høgare enn åsetestaksten at det ligg føre ein monaleg vinst for åsetesarvingen. Regelen i tredje stykket gjev i så fall høve til å krevje etteroppgjær etter same reglar som ved friviljug avhending.

Det er berre medarvingane i buoppgjæret som kan krevje etteroppgjær i medhald av § 51. Med

uttrykket «medarving» er her meint det same som «loddeier» etter reglane i skiftelova. Legatarvingar fell såleis utanom, og det same gjeld sjølvstakt kreditorar i buet. Endå om det ikkje beinveges er sagt, er det klart at eit barn etter ein medarving som er avliden må ha same retten til å krevje etteroppgjer som medarvingen sjølv ville ha hatt om han hadde levd.

I dei framlegga som framanfor er nemnde frå det gamle Landmandsforbundet og seinare frå Bondelaget, var det lagt mykje vekt på å finne reglar til trygd for at etterbetalinga kunne bli effektiv. I framlegget frå 1913 heiter det at åsetesfrådraget skal tinglysast som hefte på eigedommen, og etter framlegget frå 1937 skulle det utferdast ein «åsetesobligasjon» på 25 % av eigedomstaksten. Utvalet har ikkje funne grunn til å ta opp desse reglane. Det ville sjølvstakt i og for seg vere bra å ha trygd, men ordninga, som i tilfelle måtte regulerast med nærare detaljerte reglar, ville lett bli for tungrodd og komplisert til å svare til nytta.

Kap. XII. Ikraftsetjing og overgangsreglar.

Til § 52.

Paragrafen har ei vanleg føresegn om ikraftsetjingstidspunktet og ei opprekning av eldre lovreglar som må falle bort eller endrast frå det tidspunktet då lova tek til å gjelde.

På nokre viktige punkt vik lovframlegget nok så sterkt av frå tidlegare gjeldande reglar om odels- og åsetesrett. Det har i utvalet vore reist spørsmål om å dele ikraftsetjinga av lova, slik at einstilte føresegner først tek til å gjelde etter ei overgangstid (5 år har vore nemnt), medan lova elles kunne setjast i verk med det same. Tanken om ein slik «utskytingsfrist» har særleg vore framme i høve til dei nye reglane om odels- og åsetesprioritet i §§ 16 første stykket og 46 første stykket. Skulle mindretalsframlegga til reglar om odels- og åsetesrett for utanekteskapelege barn og adoptivbarn (alt. II i §§ 15 og 46) bli lov, er det minst like sterke grunnar som kan tale for ein tilsvarande utskytingsfrist i høve til desse reglane. Det har vore halde fram av einstilte utvalsmedlemer at det her er spørsmål om så vidt gjennomgripande reformer i tilvande og festna tilhøve at det kan trengjast ei romsleg overgangstid, slik at folk utover i bygdene kan få høve til å innrette seg etter dei før dei vert gjort gjeldande. Vert heile lova sett i verk under eitt — utan at innhaldet i og rettsfølgjene av dei nye reglane først er gjort nøye kjent og folk har fått tid til å innrette seg etter dei — vil lova i mange tilfelle kunne føre til konsekvensar for eigedomstilhøva som dei det gjeld ikkje har tenkt seg og som lett vil bli oppfatta som urimelege.

Når utvalet ikkje gjer noko konkret framlegg om ein slik utskytingsfrist som nemnt, er det

av di det under drøftingane har gjort seg gjeldande ulike syn på spørsmålet. Nokre av medlemene meiner heile lova kan setjast i verk under eitt, og at den informasjon som trengst kan skje samstundes med lovførebuinga i departementet og Stortinget. Det har elles og vore vist til føresegnene i § 21 om høve for retten til å nekte odelsløyving, jfr. § 46 siste stykket. Utvalet nøyer seg med å peike på spørsmålet, slik at departementet kan vurdere det nærare.

Når det særskilt gjeld § 52 nr. 7, byggjer framlegget til endring av § 14 i adopsjonslova på den utforminga fleirtalet har gjeve § 46 andre stykket i utkastet. Skulle framlegget frå mindretalet om full åsetesrettsleg jamstilling for adoptivbarn bli lov, kan § 14 første punktum i adopsjonslova endrast slik: «Adoptivbarnet, eller i dettes sted dets livsarvinger, tar arv som om det hadde vært adoptantens eget barn.»

Når det gjeld grunngevinga for det lovbriget utvalet gjer framlegg om i § 52 nr. 9, viser ein til dei synsmåtane som er haldne fram i brev til Justisdepartementet 8. des. 1971, trykt som vedlegg til rådsegna (sjå s. 108 sp. 2).

Til § 53:

Første stykket i paragrafen har ein allmenn regel om verkeområdet for den nye lova bakover i tida.

Når det gjeld tilhøvet til § 97 i Grunnlova og dei grenser for tilbakeverknad som følgjer av den, viser utvalet til høgsterettsdomane i Rt. 1918 II side 47 og Rt. 1923 II side 246, jfr. plenumsdomen i Rt. 1948 side 1147. Etter den siste av dei nemnde domane må det vere heilt klart at det frå Grunnlova si side ikkje kan vere noko til hinder for å la den nye lova få verknad for all odelsrett som ikkje er blitt aktuell på det tidspunktet lova tek til å gjelde. Dette fører då til at dei som før har hatt odelsrett, men som ikkje fyller vilkåra etter § 14 tredje stykket i utkastet, vil tape odelsretten, — med unntak for dei som på det tidspunktet lova tek til å gjelde har fått ein aktuell løysingsrett. Det same vil gjelde i relasjon til eigedomar som er «jord på landet» etter dei hittil gjeldande reglane, men som ikkje fyller vilkåra for odlingsjord etter reglane i utkastet: all odelsrett til slike eigedomar fell bort, men er rett til løysing blitt aktuell på det tidspunktet då lova tek til å gjelde, vil eigedommen kunne løysast etter dei hittil gjeldande reglane.

Det er tre tidspunkt som det kunne bli spørsmål om å leggje til grunn i denne relasjonen:

- a Det tidspunktet då det vart høve til å løyse eigedommen,
- b det tidspunktet då preskripsjonsfristen, jfr. § 35, tok til,

c det tidspunktet då det vart teke steg til løysing (det vil etter § 59 i skjønnslova seie inngjeving av forlikksklage).

Av omsyn til § 97 i Grunnlova må ein truleg kunne velje å knyte dei nye reglane til kva for eitt ein vil av dei nemnde tidspunkta. Sjølv alternativ c, som er det mest vidtgåande, vil neppe kunne seiast å føre til nokon grunnlovstridig tilbakeverknad, men etter det alternativet utvalet vel treng ein ikkje ta stode til dette siste spørsmålet.

Utvalet har kome til at det prinsipielt rettaste må vere å knyte rettsverknaden av den nye lova til det tidspunktet då retten til odelsløysing oppstod, og har lagt alternativ a til grunn i lovframlegget. Dette fører då til at dersom eige- domen er gått over til ein ny eigar før den nye lova tek til å gjelde, vil den kunne løysast på odel etter dei tidlegare gjeldande reglane. Det krevst altså ikkje korkje at den nye eigaren har fått tinglyst heimel eller at det er teke konkrete steg til løysing før dette tidspunktet. I høve til bruk av odelsrett og åsetesrett på arveskifte (§ 62 i skriftelova), får den nye lova ingen verknad i dei tilfelle der arvelataren er død før lova tek til å gjelde.

Etter § 16 i utkastet vil ei eldre syster få betre odelsrett enn ein yngre bror som kanskje har teke over eige- domen kort tid før lova tok til å gjelde. Det same vil — i visse tilfelle — eit utanekteskapeleg barn som er eldre enn overtakaren. (Etter mindretalsframlegget til § 15 vil eit eldre utanekteskapeleg barn alltid få betre odelsrett, og det same gjeld eit eldre adoptivbarn.) Også elles vil det kunne bli endringar i odelsrekkefølga i høve til før. Det må vere klårt at lova ikkje bør gje høve til odelsløysing i slike tilfelle, og dette er då fastsett i andre stykket i § 53. Med «odelsrettshavar» meinest ein som hadde odelsrett etter dei tidlegare gjeldande reglane.

I tredje stykket er det sagt at ein ved avgjerd etter § 18 og § 47 i den nye lova (om delingsprinsippet mellom syskenlinene) også skal ta omsyn til eigedoms overtaking frå før lova tek til å gjelde. At dette bør vere så skulle ikkje trengje noko nærare grunngjeving, og det er her ikkje spørsmål om nokon tilbakeverknad som det kan reisast innvendingar mot ut frå prinsippet i § 97 i Grunnlova.

Fjerde stykket har ein regel som berre får verknad for område som har vorte overførde frå ein landkommune til ein bykommune før § 9 i lov om kommunal inndeling 21. desember 1956 vart brigda ved endringslov 14. juni 1963.

Fram til 1963 var det ein noko vekslande praksis med omsyn til kva som skulle gjelde for odelsrett til jordeigedomar som gjekk over i ein bykommune. I seinare tid var det den såkal-

la «Mosseregelen» som til vanleg vart brukt, — denne regelen gjekk ut på at eksisterande odelsrett til slike eigedomar vart ståande ved lag, men ny odel kunne derimot ikkje hevdast. Går ein noko lenger attende, vart det til dels nytta ein annan og strengare regel som har vore kalla «Tunsbergregelen», og som gjekk ut på at odelsretten berre vart ståande ved lag for dei som hadde odelsrett på tidspunktet for byutvidinga, — retten vart ikkje overført til seinare fødde barn. Dette er nærare omtala i det historiske oversynet s. 13 framanfor, jfr. oversynet over gjeldande rett s. 15—17.

Ved nokre byutvidingar i tida etter siste verdskrigen vart til dels ganske store jordbruks- område overførde til bykommunar. Dette gjeld såleis kommunesamanslåingane Moss—Jeløy i 1946 (lov 28. juni 1946 nr. 6), Oslo—Aker i 1947 (lov 11. juli 1947 nr. 8) og Haugesund—Skåre i 1957 (lov 29. mars 1957 nr. 8). Ved alle dei tre nemnde byutvidingane var det «Mosseregelen» som vart brukt. Det kunne dermed ikkje lenger hevdast odel til jord i dei tidlegare kommunane Jeløy, Aker og Skåre. Då Odelstinget i 1963 hadde føre framlegget om brigde i § 9 i kommuneinndelingslova, tok stortingsmann Bjarne Undheim opp dette framlegget:

«Odelstinget oppmodar Regjeringa om å ta opp framlegg om endring i lov 29. mars 1957 om samanslåing av Haugesund og Skåre kommunar, slik at odels- og åsetesretten kan verta gjeldande i den tidlegare Skåre kommune.»

Framlegget vart sendt over til Regjeringa, og derifrå til Justisdepartementet og vidare til Sivillovbokutvalet. Men før det kom så langt at det låg føre noko endeleg tilråding i denne saka, tok Sivillovbokutvalet fatt på arbeidet med den almenne revisjonen av lovgjevinga om odels- og åsetesretten. Det var då liten grunn til å fremje tilråding om ei særlov om innattføring av odelsrett i dei nemnde kommunane på det tidspunktet, då heile dette spørsmålet har nokså nær samanheng med spørsmålet om kva for allmenne reglar om odelshevd som ville kome til å gjelde etter lovrevisjonen.

Slik lovutkastet er forma — med fullstendig oppheving av skiljet mellom «jord på landet» og bygrunn i høve til reglane om odelshevd — har spørsmålet om å «føre inn att» odelsretten i dei nemnde kommunane mist ein stor del av den vekt ein før meinte det hadde. Det følgjer no beinveges av § 1 i utkastet at odel vil kunne hevdast til eigedom som fyller vilkåra for odlingsjord, utan omsyn til om eige- domen måtte høyre til ein by- eller landkommune. Åsetesrett vil kunne gjerast gjeldande til slik eigedom straks den nye lova tek til å gjelde. Det einaste spørsmålet som står att å løyse i denne samanhengen er om det i odelshevdstida for

dei eigedomane dette gjeld bør kunne reknast med eigartid frå før lova tok til å gjelde, eller om odelshevd først skal reknast fullført 20 år etter ikraftsetjingstidspunktet. Utvalet har meint det vil vere rimeleg i ein viss utstrekning å gje dei nye reglane om odelshevd tilbakeverknad andsynes desse eigedomane, og kan ikkje sjå at noko skulle vere til hinder for det. Reglar om dette er tekne inn i fjerde stykket i § 53.

Etter framlegget skal det i odelshevdstida etter § 7 medreknast inntil 15 års tidlegare eigartid, slik at dersom vilkåra for odelshevd etter dei nye reglane har vore oppfylte i 15 år eller meir når lova tek til å gjelde, vil odling vere fullført 5 år deretter. Dersom eigaren ikkje vil at eigedomen skal verte odelsjord, vil han innan denne 5 års fristen ha høve til å tinglyse slik fråsegn som nemnt i § 9.

UTKAST

til lov om odelsretten og åsetesretten

Kap. I. Kva som kan odlast (odlingsjord).

§ 1.

Odelsrett kan hevdast til fast eigedom som kan nyttast til landbruksdrift og har ein viss storleik. Slik eigedom vert kalla odlingsjord. Eigedom som det kviler odell på vert kalla odelsjord.

§ 2.

Alt. I. (Formannen, Husaas, Lid, Nygard, Stray Ryssdal):

Ein eigedom med under 15 dekar dyrka jord er ikkje odlingsjord, med mindre det høyrer til så mykje anna mark, rettar og lunnende at eigedomen klårt får karakter av eit jordbruk.

I avgjerda skal leggjast vekt på jordvidda og korleis grunnen er, på kva stad i landet og i kva strog eigedomen ligg, om der er hus og kva slag, tidlegare og noverande bruk og vilkåra for landbruksdrift i framtida, og særleg om eigedomen gjennom det grunnen kastar av seg kan gje eit tilskot å rekne med til levemåten for ein huslyd.

Ein rein skogeigedom under 200 dekar er i regelen ikkje odlingsjord.

Alt. II. (Nærstad, Øksnes):

Ein eigedom der det dyrka arealet er under 10 dekar er ikkje odlingsjord.

Ein eigedom der det dyrka arealet er over 10 dekar, men under 20 dekar, er ikkje odlingsjord — med mindre det høyrer til så mykje anna areal, rettar og lunnende at eigedomen sin produksjonsmessige verdi tilsvavar minst 20 dekar dyrka jord.

Eigedom med over 20 dekar dyrka jord skal alltid reknast som odlingsjord.

§ 3.

Odel kan ikkje hevdast på grunn til bergverk, fabrikk og andre industrielle føretak, når grunnen er etla til å tene det industrielle føremålet.

Her tek ein og omsyn til slik framtidig utviding som det er rimeleg å rekne med.

Må eit industrielt føretak etter sitt slag og sin storleik reknast som tilhørsle til ein jordbrukseigedom, følgjer det same reglar som eigedomen elles.

§ 4.

Alt. I. (Formannen, Husaas, Lid, Nærstad, Stray Ryssdal, Øksnes):

Særskilt odelsrett kan ikkje hevdast til eit vatn, ein foss eller ei elv. Det same gjeld bruksrett over framand eigedom.

Odelsrett kan heller ikkje hevdast til sameigepart, med mindre parten ligg til særskilt skyldsett bruk.

Alt. II. (Nygard): Første stykket som alt. I. Andre stykket går ut.

§ 5.

Når eit område ved stadfest reguleringsplan er lagt ut til byggjeområde, trafikkområde eller friområde, kan grunn i området ikkje odlast.

Kongen kan ta avgjerd om at dette og skal gjelde område som ved stadfest reguleringsplan er lagt ut til andre føremål enn dei her nemnde, bortsett frå landbruksområde.

§ 6.

Når det kan vere tvil om ein eigedom er odlingsjord, kan den som har rettsleg interesse i det, få avgjort spørsmålet etter reglane om odelskjøn.

Kap. II. Vilåra for odelshevd.

§ 7.

Odelshevdstida er 20 år.

Hevdstida vert rekna frå den dagen hevdaren vart eigar med full eigedomsrett. Når ikkje

anna er opplyst, reknar ein at han vart eigar då heimelen hans vart tinglyst.

Har eigaren ikkje annan heimel enn eigedomshevd, vinn han odel samstundes med at eigedomshevda er fullført.

§ 8.

Går eigedomen før odelshevdstida er ute over til ein ny eigar som i rett nedstigande line ættar frå den førre, kan eigartidene reknast saman.

Odelshævd stoggar ikkje om ein eigar fører eigedomen attende til ein tidlegare eigar som han ættar frå. Det same gjeld ved avhending mellom sysken eller til barn av sysken, når avhendaren har overteke eigedomen frå nokon som han ættar frå. Det som her er sagt gjeld og overgang ved tvangssal eller arv.

§ 9.

Eigar av odlingsjord kan tinglyse fråsegn om at eigedomen skal vere fri for odel. Gjeld det eigedom under samodling av ektemakar (jfr. § 10), lyt dei begge skrive under fråsegna. Kvar av dei kan når som helst kalle fråsegna attende, med den verknad at ny odelshevd tek til frå den tid atterkallinga vert tinglyst.

Kap. III. Samodling ved ektemakar.

§ 10.

Alt. I (Formannen, Lid, Husaas, Nærstad, Stray Ryssdal, Øksnes):

Ein ektemake vinn ikkje odelsrett til eigedom som den andre ektemaken har odelsrett til før ekteskapet eller får nedervd odelsrett til under ekteskapet, og heller ikkje til eigedom som den eine av ektemakane eig før ekteskapet utan at han har odelsrett til den.

Det same gjeld eigedom som ein ektemake får under ekteskapet som arv eller gåve, og eigedom som vert hans særeige. Likeins gjeld det odlingsjord som går inn i fellesbuet etter at nokon av foreldra åt den eine ektemaken har påbyrja, men ikke fullført odelshevd. Likt med foreldre reknar ein andre som etter § 8 kan rekne saman eigartidene.

Jord som ein ektemake i felleseige elles vert eigar av under ekteskapet, skal i høve til denne lova reknast å vere ført inn i buet av begge ektemakane saman. Slik jord odlar dei for seg sjølve og for fellesbarn og særkullsbarn, jfr. § 17, endå om berre den eine og kven som helst av dei opplever fullføring av odelshevda.

Alt. II (Nygard):

Ein ektemake hevdar ikkje odelsrett til den andres odelsjord.

Odlingsjord som er særeige for ein ektemake, hevdar han odelsrett til åleine.

Odlingsjord elles hevdar begge ektemakane odelsrett til for seg og etterkomarane sine, endå om berre den eine er med og fullfører hevda.

Kap. IV. Særskilt om makeskifte og om odelsrett i sameighøve.

§ 11.

Alt. I (Formannen, Husaas, Lid, Stray Ryssdal):

Når eigedomar seg i mellom byter jordstykkje eller teigar utan mellomlag, går kvar teig inn under odel eller odling på den eigedomen teigen vert høyrande til. Det same gjeld om det vert gjeve eit mellomlag som etter måten er så lite at teigane i røynda må reknast for å vere jamgode.

Det som her er sagt gjeld tilsvarande om ein teig vert bytt med ein råderett over ein annan eigedom.

Når jord ved jordskifte vert overført frå ein eigedom til ein annan, eller bruksrett vert avløyst med eit grunnstykkje, gjeld det som er sagt i første stykket tilsvarande.

Jord som vert lagt til ein eigedom som tilleggsjord etter reglane i lov om tilskipping av jordbruk (jordlova) 18. mars 1955, går inn under odel eller odling på den eigedomen jorda vert tillagt. Dette gjeld og om jorda er gått over ved friviljug handel, når fylkeslandbruksstyret har godkjent kjøpet av di kjøparen bør få tilleggsjord, og jorda — dersom det er odelsjord — er gjort odelsfri i samsvar med reglane om odelsfrigjering.

Alt. II (Nygard, Nærstad, Øksnes): Som alternativ I med følgjande tillegg:

Dersom nokon overlet ein odels- eller odlings- eigedom til fylkeslandbruksstyret for å nyttast som tilleggsjord mot å få ein ny odelsfri eigedom stilt til rådvelde av fylkeslandbruksstyret, går odel eller odling over på den nye eigedomen, når den første eigedomen er eller vert gjort odelsfri.

§ 12.

Alt. I (Formannen, Husaas, Lid, Nærstad, Stray Ryssdal, Øksnes):

Vert sameige i odelsjord oppløyst med deling mellom sameigarane, får kvar av dei odelsretten til det stykket han får utlagt. Dette gjeld endå om stykket er større enn det som skulle falle på han etter høvestalet i sameiga, og anten odelens hans før galdt ein part eller heile eigedomen.

Vert sameiga oppløyst ved auksjon, kan dei tidlegare sameigarane ikkje løyse eigedomen frå auksjonskjøparen eller rettsetterfølgjarane hans. Er kjøparen ein sameigar som tidlegare hadde odelsrett berre til ein part, får

han odelsrett til heile eigedomen. Ein utanforståande med betre odelsrett til eigedomen har same løysingsrett som før.

Alt. II (Nygard):

Sameigarar hevdar odel kvar til sin part. Vert sameige i odelsjord oppløyst med deling... osv. (som alt. I).

§ 13.

Vert sameigepart overført til ein annan sameigar som har odelsrett til sin part, får overtakaren odelsrett til den parten han tek over, når den overførde parten tidlegare var odelsfri eller det ikkje er gjort steg til løysing innan foreldingsfristen.

Kap. V. Om kven som har odelsrett og om odelsrekkefølga.

§ 14.

Den som eig odlingsjord når odelshevdstida går ut, vert i denne lova kalla odlar.

Utanom odlaren har også etterkomarane hans odelsrett, når dei er fødde før jorda gjekk over til nokon som ikkje har odelsrett. Vert eigedomen løyst på odel, får både barn åt løysingsmannen og barn av odelsrettshavarar lenger ute i rekkja odelsrett, endå om dei er fødde etter at jorda gjekk ut av slekta. Kjem eigedomen attende til seljaren før foreldingsfristen er ute, vert det rekna som om den ikkje har vore ute av eiga hans.

Ein etterkomar av odlaren har odelsrett berre når nokon av hans foreldre, besteforeldre eller sysken av foreldra har ått eigedomen med odel.

Nygard vil ha med dette tillegget i tredje stykket: «... eller i myndig alder har budd på eigedomen og hatt si næring der.»

§ 15.

Alt. I. (Formannen, Husaas, Lid, Stray Ryssdal, Øksnes):

Barn fødde utanom ekteskap får odelsrett etter mor si og morsslekta på vanleg måte.

Odelsrett etter far sin og farsslekta får barnet når faren ved skriftleg fråsegn har fastsett at barnet skal ha odelsrett. Underskrifta på slik fråsegn må vere stadfest av norsk notarius, advokat eller lensmann.

Også utan fråsegn som nemnt får eit slikt barn odelsrett etter faren og farsslekta når det er vakse opp på odelsgarden eller hjå faren.

Adoptivbarn får odelsrett til eigedom adoptivforeldra eig når barnet har budd på garden i 10 år. Tek eit adoptivbarn over odlingsjord, gjeld § 8 første stykket tilsvarande.

Alt. II. (Nygard, Nærstad):

Barn utanom ekteskap har odelsrett etter foreldra på same måte som barn i ekteskap. Odelsretten etter faren og farsslekta gjeld likevel berre når farskapen er fastsett eller vedgått i samsvar med § 4 første stykket i arvelova.

Adoptivbarn har same odelsrett etter adoptivforeldra som andre barn etter sine foreldre. Tek eit adoptivbarn over odlingsjord, gjeld § 8 første stykket tilsvarande.

§ 16.

Alt. I. (Formannen, Husaas, Lid, Stray Ryssdal, Øksnes):

Av etterkomarane til odlaren går eldre sysken føre yngre med seg og si line, om ikkje anna går fram av eller vert fastsett med heimel i denne lova.

Adoptivbarn har prioritet etter adoptivforeldra sine egne barn og deira livsarvingar. Er det fleire adoptivbarn, vert prioriteten mellom dei rekna etter tidspunktet for adopsjonen. Adoptivforeldre kan ved testament eller ved skriftleg fråsegn, der underskrifta er stadfest av norsk notarius, advokat eller lensmann, fastsetje at eit adoptivbarn skal gå inn i den vanlege odelsrekkefølga mellom barna med prioritet etter adopsjonstidspunktet.

Alt. II. (Nygard, Nærstad):

Andre stykket i fleirtalsframlegget går ut. Elles som alt. I.

§ 17.

Alt. I. (Formannen, Husaas, Lid, Stray Ryssdal, Øksnes):

Når jord er odla av ektemakar etter § 10 siste stykket, får dei lik odelsprioritet. Har dei barn saman, får desse betre odelsrett enn særkullsbarn som den eine eller begge ektemakane måtte ha. Mellom særkullsbarna går odelen etter § 16.

Ved skifte av felleseige mellom ektemakar får den av dei som samodla jord vert utlagt til prioritet framfor den andre. Har dei ikkje fellesbarn, men kvar av dei har særkullsbarn, får barna til den av ektemakane som får jorda utlagt, betre odelsrett enn barna til den andre. Har denne ektemaken og etterkomarane hans ått jorda i 20 år, fell odelen i den andre lina bort.

Alt. II. (Nygard, Nærstad):

Når ektemakar hevdar odelsrett saman etter § 10, får den ektemaken som har ført eigedomen inn i buet best odelsrett av dei. Har ektemakane ført inn eigedomen saman, får dei lik odelsrett. Mellom etterkomarane deira går odelen likt for

fellesbarn og særkullsbarn i samsvar med § 16.

Vert ekteskapet oppløyst, får den av ektemakane som egedomen vert utlagt til, best odelsrett for seg og sine etterkomarar.

§ 18.

Alt. I. (Formannen, Husaas, Lid, Nygard, Nærstad, Øksnes):

Mellom sysken og deira liner gjeld førerretten til odelsjord berre ein egedom.

Den som frå nokon av foreldra eller frå slektningar elles i rett oppstigande line har teke over ein egedom som fyller krava til odlingsjord, har ikkje førerrett til fleire odelseigedomar, så lenge yngre sysken eller deira liner ikkje har fått kvar sin. Det same gjeld når nokon frå eigne sysken eller sysken av foreldra har teke over ein egedom som han har odelsrett til. Likt med overtaking som nemnt vert rekna at ein slik egedom er løyst på odel eller kjøpt på auksjon.

Odelsrett kan likevel gjerast gjeldande etter dei vanlege reglane, dersom rettshavaren tilbyr dei yngre syskenlinene å overta den første egedomen for ein pris som vert fastsett ved skjøn. Han har rett til å gå frå tilbodet etter at prisen for begge egedomane er endeleg fastsett.

Alt. II. (Stray Ryssdal):

Første stykket som alt. I.

Den som frå nokon av foreldra eller frå slektningar elles i rett oppstigande line har teke over ein odelseigedom, har ikkje... osv. (som alt. I).

Tredje stykket som alt. I.

Kap. VI. Allmenne avgrensingar i løysingsretten.

§ 19.

Odelsrett kan gjerast gjeldande både mot framande og mot odelsrettshavarar lenger ute i odelsrekkja.

Den som har avhendt odelsjord, har ikkje løysingsrett mot kjøparen eller rettsetterfølgjarane hans.

20.

Vil ein eigar avhende odelsjord til eit yngre barn, og dei er samde om vilkåra, kan han setje ein frist for dei eldre og i tilfelle deira barn — ikkje stuttare enn 6 månader — til å seie frå om dei vil gå inn i kjøpetilbodet. Tilbod og svar skal vere skriftleg. Dei som svarar nei eller som ikkje svarar innan fristen, vert i odelsrekkja ståande etter den som oppha-

veleg fekk tilbodet og hans line, når han kjøper jorda på dei vilkår som var fastsett i tilbodet og desse vilkåra lyt reknast for reelle og sakleg velgrunna.

Eigaren er ikkje bunden til å selje til nokon som har sagt seg viljug til å gå inn i kjøpetilbodet.

§ 21.

Alt. I. (Formannen, Husaas, Lid, Nygard, Stray Ryssdal):

Vil ein odelsrettshavar løyse ein egedom på odel frå ein yngre bror eller syster som har overteke den av foreldra, kan retten nekte løysing, når det etter det som ligg føre ville vere klårt urimeleg av den eldre å drive den yngre bort. Omsyn kan mellom anna takast til om den eldre har vore fråverande i lenger tid og driv eit anna yrke som han gjennom skulegang eller praksis har utdana seg for, medan den yngre har vore heime og hjelpt til på garden og må reknast for skikka til å drive den.

Odelsløysing kan også i andre tilfelle nektast mot ein eigar med nedervd odelsrett som har teke over egedomen frå slektningar i rett oppstigande line eller frå ein bror eller ei syster, når det ville vere klårt urimeleg om løysingsmannen fekk drive eigaren bort.

Vert odelsløysing ikkje nektast etter reglane i første og andre stykket, er det eit vilkår at løysingsmannen tek på seg å busetje seg på egedomen innan 1 år og å drive den i minst 5 år, dersom ikkje retten etter å ha innhenta fråsegn frå fylkeslandbruksstyret samtykkjer i å gjere unntak. Ved avgjerda av dette spørsmålet skal det mellom anna takast omsyn til bruksstorleiken, avkastingssevna og hustilhøva på egedomen.

Alt. II. (Nærstad, Øksnes):

Tidsfristen for bu- og driveplikt i tredje stykket vert endra til «minst 10 år».

Elles som alt. I.

§ 22.

Alt. I. (Formannen, Husaas, Lid, Nygard):

Også utanom dei tilfelle som går inn under § 21, gjeld det som der er sagt om bu- og driveplikt for ein odelsrettshavar som går til løysingssak.

Ved avgjerda skal retten mellom anna ta omsyn til bruksstorleiken, avkastingssevna og hustilhøva på egedomen. Det skal takast særskilt omsyn til kor nær tilknytning løysingsmannen har til egedomen. Har nokon av foreldra eller syskena ått egedomen med odel, skal samtykkje til løysing som regel ikkje nektast.

Desse reglane gjeld tilsvarande når ein odels-

rettshavar på offentlig skifte får utlagt ein odelseigedom.

Alt. II. (Nærstad, Øksnes):

Siste punktum i andre stykket går ut.
Elles som alt. I.

Alt. III. (Stray Ryssdal):

Også utanom dei tilfelle som går inn under § 21, gjeld det som der er sagt om bu- og driveplikt, når fjernare odelsrettshavarar enn barn til siste odelseigaren går til løysingssak mot ein eigar som har busett seg på eigedomen.

Andre stykket som alt. II.

Desse reglane gjeld og når nokon fjernare enn barn til siste odelseigaren gjer odelsrett gjeldande på eit offentlig skifte, og det er andre arvingar med odelsrett som ønskjer å ta over eigedomen for å bu der og drive den.

§ 23.

Fråskild tomt til bustadhus, forretningsbygg, industriføretak, lager, naust, garasje eller liknande kan ikkje løysast på odel. Det same gjeld grunn som går inn under § 5, med mindre den på løysingstida er brukt til jordbruksføremål og ein må rekne med at dette vil halde fram dei næraste 15 åra.

Grunn som går inn under § 4 kan berre løysast på odel i samband med løysing av ein eigedom grunnen er utskild frå.

§ 24.

Eigedom som etter skifte av tilhøva ikkje lenger fyller vilkåra for odlingsjord etter § 2 i denne lova, kan ikkje løysast på odel.

§ 25.

Eit særskilt skyldsett småbruk, som med samtykkje frå fylkeslandbruksstyret er skilt ut frå eit større bruk og som det er bygt hus på, kan ikkje løysast med heimel i odelsrett til hovudbruket. Ny odel til småbruket kan vinnast når vilkåra for odling ligg føre. Vert småbruket fråskilt til nokon som frå før har odelsrett til hovudbruket, vert odelsretten for overtakaren og hans line ståande ved lag.

§ 26.

Ein odelsrettshavar kan ikkje overføre retten sin til ein annan. Men han kan binde seg, anten andsynes einskilde eller i det heile, til ikkje å gjere den gjeldande.

§ 27.

Den som har avhendt ein eigedom, og difor etter reglane i § 19 andre stykket ikkje har

løysingsrett, eller som har skrive frå seg løysingsretten etter § 26, overfører ikkje til barn fødde etter avhendinga eller fråskrivninga større rett enn han sjølv har.

Kap. VII. Odelsfrigjering.

§ 28.

Dersom staten eller ein kommune vil ta over odelsjord, og særlege grunnar talar for at odelsrett ikkje bør vere til hinder, kan Kongen ta avgjerd om odelsfrigjering.

Det kan setjast som vilkår at jorda innan ein nærare fastsett frist vert teken i bruk til det påtenkte føremålet, eller at førebuande arbeid med sikte på dette vert sett i verk innan ei viss tid. Går den fastsette fristen ut utan at vilkåra er oppfylte, kan jorda løysast på odel, og vanleg foreldingsfrist, jfr. § 35, går frå dette tidspunktet. I dette tilfelle vert også dei som er fødde etter at jorda gjekk ut av slekta rekna for å ha odelsrett, så framti dei etter reglane i §§ 14 og 15 elles ville hatt det.

§ 29.

Alt. I. (Formannen, Husaas, Lid, Nygard, Stray Ryssdal):

I den mon odelsrett vil kunne skippe ei eigedomstileigning som staten har gjort ved kjøp eller forkjøp etter reglane i lov 18. mars 1955 om tilskipping av jordbruk (jordlova), kan Kongen etter søknad frå fylkeslandbruksstyret fri slik jord for eldre odelsrett. Odelsfrigjering kan likevel ikkje skje andsynes dei som etter § 11 første punktum i jordlova kunne kjøpe eigedomen utan at staten har forkjøpsrett, med mindre det gjeld eigedom der arealet er under 30 dekar, eller vilkåra for oreigning etter § 20 i jordlova ligg føre.

Det som er sagt i første stykket gjeld tilsvarende for jord som er gått over til ny eigar ved friviljug handel, når fylkeslandbruksstyret har godkjent kjøpet av di kjøparen bør få tilleggsjord.

Alt. II. (Nærstad, Øksnes): 2. pkt. i første stykket går ut, elles som alt. I.

§ 30.

Før det vert teke avgjerd om odelsfrigjering etter §§ 28 og 29 skal spørsmålet leggjast fram for kommunestyret til fråsegn. Så langt det let seg gjere skal også odelsrettshavarane gjevast høve til å uttale seg om spørsmålet innan ein frist på 3 månader. Gjeld det odelsfrigjering etter § 28, skal det innhentast fråsegn frå fylkeslandbruksstyret.

Når det er teke steg til odelsfrigjering etter

§§ 28 og 29, skal odelsløysingssak som er eller vert reist stogkast til spørsmålet om odelsfrigjering er avgjort.

Kap. VIII. Attlevande ektemake.

§ 31.

Er ein ektemake avliden og let etter seg odelsjord i felleseige med den attlevande som ikkje har best odelsrett, kan felles barn eller barnebarn ikkje ta bruken av jorda frå den attlevande før denne har fått rett til alderspensjon eller full uførepensjon etter lov om folketrygd 17. juni 1966 og barnet har fylt 20 år. Når barnet (barnebarnet) har fylt 25 år, kan det også elles få rett til å overta bruken, når det under omsyn til begge partane ville vere klårt urimeleg om den attlevande skulle halde fram med å bruke eigedomen.

Desse reglane gjeld og om jorda var særlege for den avlidne, dersom det mellom ektemakane galdt slik eigeskipnad som nemnt i lov 20. mai 1927 nr. 1 § 26 andre stykket, eller dersom den avlidne har fastsett ved testament at den attlevande skal ha rett til å halde fram med å bruke jorda.

Attlevande stykfar eller stykmor har rett til å halde fram med å bu på eigedomen og bruke den, men likevel slik at barnet kan krevje å ta over når det har fylt 20 år. Bu- og bruksretten kan lengjast utover dette tidspunktet når noko anna ville vere klårt urimeleg, omsyn teke til begge partar. Bruksretten fell bort om den attlevande friviljug og varig flytter frå eigedomen, og likeins om eigedomen vert vesentleg vanheveda.

Andre odelsrettshavarar kan ikkje gjere gjeldande odelsrett mot den attlevande ektemaken, så framt denne har ått eigedomen i felleseige med den avlidne i minst 5 år. Dette gjeld så lenge den attlevande ikkje har rett til pensjon som nemnt i første stykket, og vilkåret er elles at odelsrettshavaren ikkje kunne ha løyst eigedomen frå den avlidne ektemaken. Også før denne tid kan ein odelsrettshavar gjere odelsrett gjeldande til eigedomen når det ville vere klårt urimeleg om den attlevande skulle halde fram med å sitje med den. Andre stykket og siste punktum i tredje stykket i denne paragrafen gjeld tilsvarande.

§ 32.

Er det fleire eigedomar i eit bu, kan den attlevande ektemaken ikkje i medhald av § 31 krevje meir enn ein av dei etter sitt eige val.

§ 33.

Når stykforeldre held fram med å bruke ein eigedom etter § 31 tredje stykket, pliktar dei

utan særskilt godtgjersle å syte for oppfostring og utdanning av barna til den avlidne ektemaken til dei fyller 18 år. Ved vesentleg mishald av denne plikta kan bruken takast frå vedkomande.

§ 34.

Når ein attlevande ektemake må gje frå seg eigedomen etter § 31, har han rett til høveleg gratis husrom. Dette gjeld ikkje når vedkomande har flytt frå eigedomen for godt utan atterhald om husrom der.

Kap. IX. Forelding av odelsrett og løysingsrett (preskripsjon).

§ 35.

Retten til odelsløysing må gjerast gjeldande innan 3 år (Husaas, Nærstad, Øksnes: 2 år) frå den dagen då dokument som gjev den nye eigaren full heimel vert tinglyst. Dette gjeld og overgang ved arv. Ved tvangsauksjonssal vert foreldingsfristen rekna frå tinglysinga av auksjonsskøytet.

Ved friviljug overdraging skal fristen likevel først reknast frå bruksovertakinga, dersom denne skjer seinare enn tinglysinga av heimelsdokumentet.

§ 36.

Alt. I: (Formannen, Husaas, Lid, Nærstad, Stray Ryssdal, Øksnes):

Har odelsjord i slik tid som nemnt i § 35 med tinglyst heimel tilhøyrte nokon som ikkje har odelsrett, utan at nokon av odelsrettshavarane har teke steg til odelsløysing og deretter innløyser eigedomen, taper slekta sin odelsrett.

Med dei unntak som er nemnde i § 37 og § 38 taper også dei nærare i slekta sin odelsrett når dei har late ein eigar lenger ute i odelsrekka sitje med tinglyst heimel til odelsjord i slik tid som nemnt.

Alt. II (Nygard):

Første stykket som alt. I. Andre stykket skal lyde:

Når nokon har late ein eigar med dårlegare odelsrett sitje med tinglyst heimel i meir enn 3 år, jfr. § 35, får han og hans line odelsprioritet etter eigaren og hans line.

§ 37.

(Formannen, Husaas, Lid, Nærstad, Stray Ryssdal, Øksnes):

Dersom ein eigar skøyter eigedomen attende til ein tidlegare eigar som han ættar frå, eller eigedomen fell tilbake til den tidlegare eigaren

ved arv, vert den tidlegare eigars odelsrett ikkje rekna for å vere tapt, endå om han hadde best odelsrett og det er gått meir enn 3 (2) år sidan den andre fekk tinglyst heimel. Stoda vert i dette tilfelle den same som om den opphavelige avhendaren hadde ått eigedomen heile tida.

Det same gjeld om ein son eller ei dotter som har teke over odelsjord skøyter den vidare til nokon av dei eldre syskena eller deira liner.

§ 38.

(Formannen, Husaas, Lid, Nærstad, Stray Ryssdal, Øksnes):

Ved friviljug avhending av odelsjord frå ein eigar med nedervd odelsrett, kan også dei eldre syskena og deira liner gjere odelsrett gjeldande, endå om seljaren har ått jorda med full heimel i meir enn 3 (2) år. Men dei har prioritet etter seljaren si line.

Vert odelsjord ved tvangsauksjon fråseld ein eigar som nemnt, gjeld dette også dei andre som har odelsrett etter § 14, men slik at dei vert ståande etter eigaren og hans line.

§ 39.

Når odelsjord har vore ute av odelsætta i 20 år, fell odelsretten for denne ætta bort, endå om den nye eigaren ikkje har tinglyst heimel, og utan omsyn til om ny odelshevd då er fullført.

§ 40.

Når fleire som har odelsrett til ein eigedom overtek den saman, går det ingen foreldingsfrist mellom dei så lenge dei sit med eigedomen i sameige.

§ 41.

Så lenge eit dødsbu er under offentleg eller privat skifte, går det ingen foreldingsfrist mellom bueigarane til odelseigedom i buet.

§ 42.

Har ein ektemake heimel til ein eigedom som den andre ektemaken har betre odelsrett til, går det ingen foreldingsfrist mellom dei.

§ 43.

Så lenge ein attlevande ektemake sit med ein eigedom i medhald av § 31, går det ingen foreldingsfrist for odelsrett til eigedomen. Dette gjeld og om odelsrettshavarane let den attlevande ektemaken sitje med eigedomen ut over den tid som er fastsett i § 31.

Det som her er sagt gjeld tilsvarende for odelseigedom som ein attlevande ektemake har fått utlagt etter § 63 i skiftelova, eller som han sit med i uskifte.

Kap. X. Særskilt om hefte som kviler på odelsjord.

§ 44.

Odelsløysing har ingen verknad for rettar som er påhefta ein eigedom før den vart odelsjord.

Rettar påhefta etter at foreldingsfristen, jfr. § 35, har teke til, er ikkje bindande for odelsløysaren.

Rettar som elles er hefta på odelsjord, lyt odelsløysaren finne seg i. Dette gjeld likevel ikkje råderettar som er særleg tyngjande. Avtale om leige av husrom og om forpakting for lenger tid enn 5 år kan odelsløysaren seie opp etter reglane i lov 16. juni 1939 nr. 6 om husleie § 8 og i lov 25. juni 1965 nr. 1 om forpakting § 8, endå om avtala ikkje gjev høve til slik oppseiing.

Kap. XI. Åsetesretten.

§ 45.

Alt. I. (Formannen, Husaas, Lid, Nygard, Nærstad, Øksnes):

Når eigaren av odelsjord eller odlingsjord dør, og jorda går i arv til etterkomarane hans, har ein av desse rett til på skifte å få denne utlagt til seg, på vilkår som går fram av dei etterfølgjande paragrafane. Denne retten vert kalla åsetesrett.

Jord som ikkje fyller vilkåra som odlingsjord på den tida arvelataren dør, går ikkje inn under åsetesrett.

Reglane om bu- og driveplikt i §§ 21 og 22 gjeld tilsvarende når ein åsetesarving får utlagt jord på offentlig skifte.

Alt. II. (Stray Ryssdal):

Første og andre stykket som alt. I. Tredje stykket skal lyde:

Reglane om bu- og driveplikt i §§ 21 og 22 gjeld tilsvarende ved bruk av åsetesrett på eit offentlig skifte, når det er fleire åsetesarvingar og nokon av dei som ikkje har best rett ønskjer å ta over eigedomen for å bu der og drive den.

§ 46.

Alt. I. (Formannen, Husaas, Lid, Stray Ryssdal, Øksnes):

Kven av etterkomarane som har best åsetesrett, vert avgjort etter reglane i § 16.

Adoptivbarn og deira livsarvingar har åsetesrett med prioritet etter adoptivforeldra sine egne barn og deira livsarvingar. Er det fleire adoptivbarn, vert prioriteten mellom dei rekna etter tidspunktet for adopsjonen.

Særkullsbarn til ein ektemake har ikkje åsetesrett til jord som etter § 10 vert rekna ført inn i buet av den andre ektemaken åleine. Gjeld

det jord som etter § 10 siste stykket skal rek-
nast å vere ført inn i buet av begge ektemakane
saman, har fellesbarn betre åsetesrett enn sær-
kulisbarn.

Dersom den med best åsetesrett ikkje har
best odelsrett av etterkomarane, går den av dei
som har best odelsrett framom, med dei rettar
som åsetesretten gjev.

Vil det i særlege tilfelle føre til klårt urimele-
ge resultat å følgje reglane i første, andre og
tredje stykket, kan retten ta anna avgjerd ut
frå dei synsmåtar som er nemnde i § 21. Saka
skal i så fall førehavast i søksmåls former og
med domsmenn.

Alt. II. (Nygard, Nærstad):

Første stykket som alt. I.

Andre stykket skal lyde:

Adoptivbarn og etterkomarar av adoptivbarn
får åsetesrett liksom andre livsarvingar.

Tredje stykket går ut.

Fjerde og femte stykket som alt. I.

§ 47.

Reglane i § 18 gjeld tilsvarande for åsetesrett,
og då utan omsyn til om eigedomar i buet er
odelsjord eller ikkje.

Er begge foreldra avlidne og har late etter
seg kvar sine eigedomar, vert dei to buoppgjera
i høve til desse reglane å sjå under eitt, endå
om dei ikkje går føre seg til same tid.

§ 48.

Dersom ein eigar finn at eigedomen hans har
slik storleik og avkastningsevne at ein huslyd
ikkje treng det heile, kan han med samtykkje
frå fylkeslandbruksstyret dele eigedomen mel-
lom to eller fleire av åsetesarvingane.

Eigedomsdeling som nemnt i første stykket
kan gjerast medan eigaren lever eller etter at
han er avliden. I siste fall må eigaren ha sett
opp eit skriftleg dokument om korleis delinga
skal skje.

§ 49.

Er eigedom som er overteken etter §§ 47 og
48 odelsjord, vert odelen verande i lina åt den
arvingen eigedomen er utlagt til, slik at dei
andre åsetesarvingane ikkje kan gjere odelsrett
gjeldande mot overtakaren eller nokon av etter-
komarane hans.

Er lina åt overtakaren utdøydd, går odelen
først til den næraste av dei linene som ikkje
fekk noko jord ved delinga. Finst inga slik line,
går odelen til den med best rett i dei linene
som først fekk jord.

§ 50.

Åsetesarvingen har krav på at det ved skjøn
vert fastsett ein overtakingspris som er rimeleg
etter dei tilhøva som ligg føre. Verdsetjinga
skal skje med særleg tanke på at overtakaren
kan makte å bli sitjande med eigedomen. Åsetes-
takst må ikkje setjast høgare enn verdien av
eigedomen ved odelstakst. Skjønet skal samstun-
des fastsetje verdien av eigedomen ved fritt
sal.

Det som er sagt i første stykket gjeld og
om det er ein attlevande ektemake mellom buei-
garane.

§ 51.

Alt. I. (Formannen, Husaas, Nærstad, Stray
Ryssdal):

Dersom nokon som har overteke jord i med-
hald av åsetesrett, innan 6 år avhender den
med ein monaleg vinst, skal det skje eit etter-
oppgjer, dersom dette vert kravt av nokon
medarving innan 6 månader etter tinglysinga av
heimelsdokumentet. Sumen som avhendaren
skal greie ut, vert i mangel av semje å fastsetje
ved skjøn. Den kan ikkje setjast høgare enn
skilnaden mellom åsetestaksten og det ein må
rekne som full pris for eigedomen då åsetestak-
sten vart halden, omsyn teke til mogelege
endringar i pengeverdien.

Desse reglane gjeld og når deler av eigedomen
vert avhenda til prisar som ligg monaleg over
det ein må gå ut frå at dei vart rekna til ved
åsetestaksten.

Oreigning av ein eigedom eller deler av den
vert i høve til reglane i denne paragrafen rekna
likt med avhending.

Alt. II (Lid, Nygard, Øksnes):

Fristen på 6 år i første stykket vert endra
til 10 år.

Siste punktum i første stykket går ut.

Elles som alt. I.

Kap. XII. Ikraftsetjing og overgangsreglar.

§ 52.

Denne lova tek til å gjelde...

Frå same tid vert det gjort slike brigde i
andre lover:

1. Lov 26. juni 1821 angaaende Odelsretten og
Aasædesretten:

Lova held opp å gjelde.

2. Lov 28. september 1857 inneholdende nogle
Forandringer i Lovgivningen angaaende Odels-
retten:

Lova held opp å gjelde.

3. Lov 16. mai 1860 indeholdende Forandringer
i Lovgivningen om Odels- og Aasædesretten:

Lova held opp å gjelde.

4. Lov 9. mai 1863 angaaende Forandringer i Lovgivningen om Aasædesretten:

Lova held opp å gjelde.

5. Lov 5. juni 1869 om visse Ladestedsgrundenes Udslettelse af Landets Matrikul:

§ 3 held opp å gjelde.

6. Lov 16. juli 1907 nr. 1 angaaende forandringer i og tillæg til lovgivningen om odelsretten og aasædesretten:

Lova held opp å gjelde.

7. Lov 2. april 1917 nr. 1 om adoption:

§ 14 første punktum skal lyde:

Med de innskrenkninger som følger av *odelslovens § 46 annet ledd*, tar adoptivbarnet eller i dettes sted dets livsarvinger arv som om det hadde vært adoptantens eget barn.

§ 17 held opp å gjelde.

8. Lov 18. mars 1955 nr. 2 om tilskipping av jordbruk (jordlova):

§ 30 held opp å gjelde.

9. Midlertidig lov 25. juni 1965 nr. 4 om forkjøpsrett for kommunene til utbyggingsformål og til friluftformål:

§ 4 andre stykket skal lyde:

Forkjøpsretten kan ikke nyttes når erververen *har odelsrett til eiendommen eller er den tid-*

ligere eiers ektefelle eller beslektet eller besvogret med tidligere eier i opp- eller nedstigende linje (herunder adoptivbarn) eller i første eller annen sidelinje.

§ 53.

Denne lova får ingen verknad for tilhøve der det etter dei tidlegare gjeldande reglane er blitt høve til å bruke odelsrett før lova har teke til å gjelde.

Odelsjord som er gått over til ein odelsrettshavar før lova tok til å gjelde, kan ikkje løysast av nokon som har betre odelsrett enn eigaren etter dei nye reglane, men som stod tilbake for eigaren etter dei reglane som galdt før.

Ved avgjerd etter §§ 18 og 47 i denne lova skal det takast omsyn også til eigedomsovertaking frå før lova tok til å gjelde.

For odlingsjord som etter dei hittil gjeldande reglane ikkje har kunne odlast av di grunnen ligg i område som er ført over til bykommune før lov 14. juli 1963 nr. 5 tok til å gjelde (jfr. lov 21. desember 1956 nr. 3 om endring i kommunal inndeling § 9), skal i odelshevdstida etter § 7 i lova her reknast med inntil 15 år, slik at dersom vilkåra for odelshevd elles har lege føre i 15 år eller meir når lova tek til å gjelde, skal odelsrett reknast for å vere fullført 5 år deretter.

Vedlegg 1.

Oslo, 8 desember 1971.

Justisdepartementet Oslo dep.

Sivillovbokutvalet er underhånden blitt forelagt deler av Landbruksdepartementets utkast til proposisjon til ny konsesjonslov, og vil i den anledning uttale:

Landbruksdepartementet foreslår konsesjonsplikt ved all eiendomsovergang med basis i odelsrett (og åsetesrett), således både ved odelsløsning og ved all frivillig overdragelse til en odelsberettiget; også til den best odelsberettigede. Dette vil betegne en radikal endring i de hittil gjeldende regler, hvoretter en norsk odelsløser aldri trenger konsesjon, og hvoretter overdragelse til en med bedre odelsrett enn overdrageren også er konsesjonsfri. Utvalet finner det prinsipielt uriktig at erverv av en odelsberettiget i alle tilfelle skal være avhengig av konsesjon. I Grunnlovens § 107 er det bestemt at odels- og åsetesretten ikke skal oppheves. Det stemmer dårlig med dette grunnlovsbud at utøvelsen av retten alltid og prinsipielt skal bero på avgjørelse av en administrativ myndighet. Selv om forutsetningen skal være — slik det sies i proposisjonsutkastet s. 78 — at det «ved avgjørelsen av konsesjonssøknad fra odelsberettiget erverver skal tas hensyn til odelsretten og til slektens tilknytning til og interesse i eiendommen», så endrer dette intet i den prinsipielle ordning som foreslås, nemlig at odelsrettens være eller ikke være skal bero på en konkret avgjørelse av administrasjonen. Dette er en uthuling av odelsretten som ikke synes å burde godtas.

Heller ikke bedrer det situasjonen at de fleste odelsberettigede etter den endring av de odelsberettigedes krets som utvalet vil foreslå, jfr. nedenfor, vil være å finne blant de personer som omfattes av Landbruksdepartementets utkast § 6 nr. 1 og således — betingelsesvis — av den grunn ikke vil trenge konsesjon. Det er nemlig ikke tilstrekkelig å tilgodese de odelsberettigede indirekte gjennom en refleksvirkning av bestemmelser som prinsipielt ikke bygger på odelsretten. På grunn av sin grunnlovsmessige stilling må odelsretten vernes i kraft av sin egenverdi, ikke ved refleksvirkninger fra bestemmelser som forfølger andre — om enn tildels beslektede — formål.

Om man skulle vurdere disse spørsmål på helt fritt grunnlag, altså uten å ta hensyn til den særegne posisjon som odels- og åsetesretten er tilsagt i Grunnloven, vil grunnlaget for vurderingen likevel bli et annet enn det er nå hvis utva-

lets reformforslag i odelsretten blir gjennomført. Dette gjelder for det første kretsen av de odelsberettigede. Etter odelsloven av 1821 er denne personkrets ubegrenset, forsåvidt som alle som nedstammer fra den første odelserverver har odelsrett, når retten ikke er opphørt ved preskripsjon. Har en gård i en rekke generasjoner gått fra far til eldste sønn, vil det således ofte være et meget stort antall personer som har odelsrett. Dette er ikke noen rimelig ordning, og utvalet vil foreslå den radikalt endret. I det preliminaire — interne — arbeidsutkast som foreligger, har vedkommende bestemmelse fått følgende form: «Ein etterkomar av odlaren har odelsrett berre når nokon av hans foreldre, besteforeldre eller sysken av foreldra har ått eiegen med odel.» Etter det barne-tall som nå for tiden er vanlig i de fleste familier, vil det i en normalsituasjon antagelig være bare 7—10 personer som har odelsrett, i sjeldnere tilfelle 20 eller flere. De fleste av disse vil falle inn under proposisjonsutkastet § 6 nr. 1, og således være fritatt for konsesjonsplikt, men de to grupper faller ikke sammen. Odelsgruppen er på den ene side snevrere. Til de odelsberettigede hører nemlig ikke ektefellen eller dennes slektninger i rett opp- eller nedstigende linje, eller barn av ektefellens søsken, og heller ikke adoptivbarn (disses stilling vil for øvrig bli nærmere drøftet av utvalet). På den annen side er kretsen av odelsberettigede noe videre enn oppregningen i § 6 nr. 1, idet odelskretsen i sidelinjen går lengre enn til barn av den aktuelle eiers søsken. Men utvalet vil i denne forbindelse uttale at når det å være barn av bror eller søster til eierens ektefelle skal være nok til å fritta for konsesjonsplikt, synes meget å tale for at det å ha odelsrett til eiendommen — etter den foran nevnte begrensing av odelsretten — også burde være det.

En annen reform som utvalet vil foreslå, er bo- og driveplikt for en odelsløser, og likeså for den odelsberettigede som overtar en gård på skifte i kraft av odelsrett. Man har foreløpig festet seg ved et tidsrom av 5 år, og noe kortere tidsrom vil neppe komme på tale. Det synes imidlertid klart at dette bud må være dispensabelt. Det tilsies allerede av den grunn at det ikke er usedvanlig at odelsløseren er mindreårig — stundom et rent barn, (og representeres av verge, jfr. om overformynderiets medvirkning vergemålsl. 22.4. 1927 § 58). Eventuell

dispensasjon i løsningssak vil utvalet foreslå blir utøvet av retten etter innhentet uttalelse fra fylkeslandbruksstyret. Det vil stemme dårlig med domstolenes selvstendige stilling om avgjørelsen i et spørsmål som har direkte betydning for sakens utfall, skulle bli truffet av et administrativt organ etter konkret vurdering når saken står for domstolene. De faglige hensyn vil bli ivaretatt gjennom fylkeslandbruksstyret, hvis uttalelse naturligvis vil måtte virke med stor autoritet. Fylkeslandbruksstyret vil også kunne søke råd hos Landbruksdepartementet, særlig i spørsmål av mer prinsipiell betydning. — Samme ordning som ved odelsløsning bør også gjelde når skifte retten under offentlig skiftebehandling overdrar en eiendom til en odels- eller åsetesberettiget.

Etter utvalets syn blir således bo- og driveplikten og spørsmålet om mulig dispensasjon

eller lemping av sentral betydning. Utvalet er klar over at disse spørsmål melder seg med samme styrke ved frivillig overdragelse utenom rettsapparatet. Utvalet finner ikke grunn til å gå nærmere inn på disse spørsmål enn allerede skjedd. Man vil likevel bemerke at det burde overveies nærmere å innbefatte alle odelsberettigede under proposisjonsutkastets § 6 nr. 1, og at dette vil være det prinsipielt riktigste. Subsidiært vil man uttale at det i allfall ikke synes å være grunn til å endre den någjeldende konsesjonsregel, hvoretter overdragelse til en nærmere odelsberettiget enn overdrageren er fri for konsesjonsplikt. Kan den odelsberettigede gå til løsningssak uten at løsningen er avhengig av konsesjon, noe utvalet meget bestemt vil hevde at han bør, synes det å være liten grunn til å hindre at han oppnår det samme resultat ved minnelig ordning.

Sivillovbokuvalet
Karsten Gaarder

Vedlegg 2.

Oslo den 17. mars 1972.

**Justisdepartementet, Lovavdelingen Oslo Dep.
Ny konsesjonslov - forholdet til odels- og åsetesretten.**

Sivillovbuketvalet har mottatt Lovavdelingens brev av 22. februar 1972 — jnr. 519/72 E og vil bemerke:

Man finner at Landbruksdepartementets utforming av § 6 pkt. 2 er bedre slik den nå foreligger enn i det tidligere utkast. Men utvalet finner at den likevel ikke er tilfredsstillende fra et odelsrettslig synspunkt. Man anser det prinsipielt uheldig at konsesjonsfrihet for odelsberettigede er kombinert med kravet om et visst slektskap med «den siste odelsberettigede eier». Bygger man først på odelsretten, har det lite for seg å trekke «den siste odelsberettigede eier» inn. Denne formulering lider av den samme svakhet som et forslag fra Norges Bondelag til begrensning av kretsen av de odelsberettigede, og som det er redegjort for i bemerkningene til § 14. Man viser til disse merknader.

At odelsretten var lite tjenlig til å begrense kretsen av dem som ikke trenger konsesjon, var ubestridelig så lenge denne krets så å si var ubegrenset, slik som etter odelsl. 1821. Helt annerledes vil dette spørsmål stille seg dersom Sivillovbuketvalets forslag i § 14, siste ledd, blir lov. Etter dette forslag har en «etterkomar av odlaren odelsrett berre når nokon av hans foreldre, besteforeldre eller sysken av foreldra har ått eignedomen med odel». I praksis vil dette i hovedsaken omfatte de samme personer som i Landbruksdepartementets lovutkast § 6 nr. 2 (dog ikke helt).

Landbruksdepartementet knytter også det ytterligere vilkår til konsesjonsfriheten at den siste odelsberettigede eier selv skal ha ervervet eiendommen uten konsesjon. Dette vilkår synes meget betenkelig. Det betyr at en eiendom som en gang er kommet inn under konsesjonsplikten, aldri senere vil kunne erverves uten konsesjon etter § 6 nr. 2 uansett hvem erververen er. Hvis en mann har kjøpt en eiendom med konsesjon og selv har odlet den, vil hans etterkommere for alltid være avhengig av administrasjonens konsesjon. På lengre sikt vil dette bety at alt odelserverv blir konsesjonspliktig. At det vil stemme dårlig med odelsrettens grunnlovsbeskyttede stilling at utøvelsen av retten prinsipielt skal bero på avgjørelse av en administrativ myndighet, er det redegjort for i Sivillovbuketvalets brev til Justisdepartementet av 8. desember 1971, skrevet på grunnlag

av et tidligere lovutkast fra Landbruksdepartementet. Man henviser til dette brev.

Både etter Landbruksdepartementets konsesjonslovsforslag og etter odelslovutkastet er odelsmannens bo- og driveplikt et springende punkt. I odelslovsforslaget er denne plikt fastslått i §§ 21 og 22, som begge gir adgang til dispensasjon og som ellers gir alminnelige regler om retten til odelsløsning. At en dispensasjonsadgang som nevnt er nødvendig i odelsretten, synes innlysende, allerede fordi mange odelserververe er mindreårige uten egen disposisjons-evne. Man går ut fra at det ikke kan være Landbruksdepartementets mening med § 6 nr. 2 generelt og kategorisk å utelukke disse odelsberettigede fra å utøve sin rett. Det må etter omstendighetene bli spørsmål om dispensasjon. Men det kan ikke være nødvendig av hensyn til bo- og driveplikten å la odelservervet være undergitt konsesjonsplikt. Landbruksdepartementet sier imidlertid at «konsesjonsfrihet skal være betinget av at erververen bosetter seg på eiendommen» osv., og det må vel da være meningen at eventuelt unntak fra bo- og driveplikten skal reguleres i konsesjonsvilkårene. All den stund det i disse tilfelle bare dreier seg om bo- og driveplikten, må det være tilstrekkelig å begrense regelen til en dispensasjonsadgang m. h. t. denne plikt. Det synes overflødig å gi en regel som kan gi oppfordring til å ta opp til vurdering de øvrige spørsmål som ellers kan spille inn ved avgjørelsen av en konsesjon. Særlig ille ville det være om Landbruksdepartementet ville nekte konsesjon fordi departementet var uenig i domstolenes avgjørelse av et rent odelsrettslig spørsmål, således om departementet — motsatt domstolene — skulle mene at søkeren ikke har odelsrett, eller departementet har et annet syn på hva som er «klårt urimeleg» etter odelslovsutkastet § 21 enn Høyesterett i den samme sak er kommet til. Men etter paragrafens formulering i Landbruksdepartementets utkast er en slik grotesk situasjon ikke utelukket.

Det viktigste problem i denne sammenhengen er hvem som skal ha myndigheten til å dispensere. Når det gjelder odelserverv formidlet av domstol, altså odelsløsning eller utlegg på skifte, synes det prinsipielt riktige å være å legge dispensasjonsadgangen til domstolen selv. Det

ville stemme lite med den selvstendige og uavhengige stilling som domstolene hos oss inntar, om deres avgjørelse i det enkelte tilfelle skulle være direkte avhengig av hva et administrativt organ bestemmer i den samme sak. Hertil kommer at ved dispensasjon fra bo- og driveplikt ved odelserverv er det ikke bare de landbrukspolitiske hensyn som gjør seg gjeldende, men også hensynet til odelsinstituttets ideelle verdier. En skulle tro det var domstolene som var best skikket til å vareta disse interesser. At de landbrukspolitiske hensyn ikke skulle bli tilstrekkelig varetatt ved en ordning som den antydede, er neppe noen realistisk betenkelighet når domstolen får plikt til å rådspørre fylkeslandbruksstyret. For den saks skyld kunne også Landbruksdepartementet kobles inn. Den reelle avgjørelsesmyndighet vil nok derfor oftest faktisk bero på landbruksmyndighetene, men det er viktig at det er domstolen som har den endelige avgjørelse, både av prinsipielle grunner og fordi avgjørelsen stundom kan bero på flere faktorer enn de strengt landbrukspolitiske.

I den kommentar til konsesjonslovens § 6 som Landbruksdepartementet først sendte over, heter det:

«Departementet tilsikter ikke med sitt framlegg å foregripe den vurdering av spørsmålet om visse endringer i odelslovgivningen som forutsetningsvis vil bli tilrettelagt av Sivillovbokutvalet med det første». Bortsett fra at departementet her gir en helt misvisende — reduserende — beskrivelse av Sivillovbokutvalets mandat og arbeide, har departementet ikke holdt seg sin programuttalelse etterrettelig. Landbruksdepartementets forslag inneholder nettopp en «foregripen» av Sivillovbokutvalets forslag på et vesentlig punkt i sentrum av Sivillovbokutvalets oppgave. De spørsmål som her foreligger bør avgjøres på et bredere grunnlag enn Landbruksdepartementet har tilrettelagt. Det eneste rimelige burde være at forholdet mellom odelsrett og konsesjon ble vurdert samlet av de lovgivende myndigheter etter presumtivt betryggende utredninger både fra konsesjonsrettslig og odelsrettslig hold. Sivillovbokutvalets rådsegn vil — hvis ikke uforutsette uhell skulle inntreffe — foreligge i meget nær fremtid. Utvalet regner med å ha avsluttet sitt arbeid i midten av april d. å. Det skulle ikke by på særlige

betenkeligheter å nøye seg med en mere provisorisk løsning inntil en samlet vurdering kan finne sted i Stortinget.

Ut fra disse betraktninger ville man anse det ønskelig at de någjeldende konsesjonsregler når det gjelder odelsberettigede fortsatt ble gjeldende inntil de herhenhørende problemer kunne bli drøftet i sin sammenheng, d. v. s. også på grunnlag av vårt grunnlovsbeskyttede odelsinstitutt. Som nevnt antar man at dette vil kunne skje innen kort tid. Skulle Landbruksdepartementet likevel ville foregripe løsningen ved å foreslå nye regler uten at den odelsrettslige side er forsvarlig utredet, bør de nye regler også anses for å være av midlertidig karakter. Slik ble det forholdt av Stortingets justiskomiteé da den behandlet åsetesretten i forbindelse med den nye arvelov. De eventuelt nye regler kunne f. eks. gå ut på at konsesjon ikke er nødvendig når erververen har odelsrett til eiendommen og noen av hans foreldre, besteforeldre eller søsken av foreldrene har eiet den med odel. Dette er — som det vil erindres — den samme avgrensning av kretsen av de odelsberettigede som utvalet vil foreslå. Man vil også påny fremheve når det gjelder spørsmålet om bo- og driveplikt at dispensasjonsadgang vil være uomgjengelig nødvendig ved odelserverv, og at ved odelsløsning og overtagelse på offentlig skifte er det retten som treffer bestemmelse herom etter at uttalelse er innhentet fra fylkeslandbruksstyret (Landbruksdepartementet?). Som nevnt anser man det uheldig og lite i pakt med domstolenes konstitusjonelle stilling om administrasjonen skulle kobles direkte inn med avgjørelsesmyndighet i en konkret rettssak. Ved odelserverv utenom de nevnte tilfelle må naturligvis dispensasjonsadgangen ligge hos landbruksmyndighetene, men det er overflødig og kan være uheldig om adgangen skal benyttes i form av konsesjon, jfr. det som foran er sagt om dette.

Det bør tilføyes at man nok i loven bør ha kauteler for det tilfelle at bo- og/eller driveplikten forsømmes. Når det gjelder plikten til forsvarlig drift, har for øvrig jordloven regler i §§ 53 og 54. Når det gjelder mislighold av bosetningsplikten, er det nærliggende ved odelsløsning å la den fordrevne besitter kunne kreve eiendommen tilbake (jfr. skjønnsloven § 76), og ved overtagelse på skifte gi neste mann i odels(åsetes-) rekken en tilsvarende rett.

Sivillovbokutvalet

Karsten Gaarder
formann.